

Gudmund Skjeldal

**«Kjærlighed», «Sportsgribbe» og
«Cirkusartister»: Amatørførestillingar
i norsk idrettsöffentlegheit 1866-1907**


Gudmund Skjeldal

**«Kjærlighed», «Sportsgribbe» og
«Cirkusartister»: Amatørførestillingar
i norsk idrettsoffentlegheit 1866-1907**

DOKTORGRADSAVHANDLING FRA NORGES IDRETTSHØGSKOLE • 2022

ISBN 978-82-502-0604-5

**«Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»:
Amatørførelinger i norsk idrettsoffentlegheit 1866-1907**



Gudmund Skjeldal, 2022

Doktorgradsavhandling, Institutt for idrett og samfunnsvitenskap, Norges idrettshøgskole

«Vi nærer det håb, at amatører vil benytte sig af idrætsbladet spalter til at fremføre og gjensidigen kritisere sine ideer. Intet er gavnligere for sportens heldige udvikling, end den offentlige sagkyndige diskussion».

Norsk idrætsblad, 1881, nr 3, s. 19.

Amateurism was many things: a belief in a new kind of vigorous physical culture based on reforming old games and exercises; an organizing principle based on voluntary association and the creation of representative national structures; a written and unwritten code of conduct to promote the competitive principle; and an aesthetics of sport itself.

Holt, 2006, s. 353.

Samandrag, norsk og engelsk

Seinhausten 1907 blei fire norske kjende skiløparar fråtekne amatørverdigeita si av *Norsk idrætsblad*. Dei hadde takka ja til å bli med i eit revynummer i Hippodromen i London, der dei skulle hoppa på ski, innandørs. Ei lang linje av åtvaring mot akrobatikk og sirkus i norsk idrettssoffentlegheit sidan 1860-åra nådde eit slags klimaks.

I denne avhandlninga gjev eg ei idéhistorisk framstilling av kva amatørforestillingar som fanst i norsk idrettssoffentlegheit, og korleis dei utvikla seg, i åra 1866-1907.

Antagonisten i norsk idrettsamatørisme var ikkje så mykje profesjonisten som nettopp sirkusartisten. Problemet med han, og prinsipielt sett ho, var ikkje primært at denne figuren tente pengar på framsyningane sine, men at han gjorde skihoppinga til noko latterleg og dumdristig, og framfor alt, at sirkus sikta på å gjera publikum til måpande, passive, tilskodarar. Grunntanken i norsk idrettsamatørisme, slik som eg har studert han særleg gjennom vinteridrettane ski og skøyter, var at folk, ungdom og vaksne, skulle ut og *prøva seg*. Konkurransane fekk verdien sin i inspirasjonen og standarden dei sette.

Amatøromgrepet i pionerperioden 1866-1907 kan seiast å ha fleire dimensjonar; det er difor eg har kalla det amatørforestillingar. Den *juridiske* dimensjonen knytt til reglar, definisjonar og dommar, kom for alvor til Norge, og for så vidt Skandinavia, med tildragingane rundt skøyteløparen Axel Paulsen i 1888. Då sette han æra som han hadde vunne tidlegare, i spel. Den *sosiale* dimensjonen ved amatøromgrepet synte seg aller mest ved eit rostemne i Bergen i 1890. Foreningen til Ski-idrættens Fremme (Skiforeningen) i Kristiania hegna meir om den samlande og demokratiske funksjonen som Huseby- og Holmenkollrennet kunne seiast å ha fått. Men også redaktøren i *Norsk idrætsblad*, Sigvart Petersen, som var finansielt støtta av Skiforeningen, kunne røpa klassemessige blindfelt når han, inntil det famøse 1888, forsvarte amatørstatusen til Axel Paulsen. Den *moralske* armeringa i amatøromgrepet var særleg noko som dei to seinare redaktørane Ola Holen og Hagbarth Wergeland bygde inn. Eg har knytt særleg sistnemnde an til dygdetisk tenkning, slik som filosofen Alasdair MacIntyre har tolka denne tradisjonen. Med omforminga av programmet til Centralforeningen (til udbrædelse af idræt) i 1895 kom *estetiske* sider av amatørforestillingane godt mogleg til synes, men på ein ny måte.

Norsk idrætsblad – som eg vil kalla ein berebjelke i den norske idrettssoffentlegheita – heldt fast i eit program om å vera upolitisk. Denne redaktørinja blei broten radikalt i 1905. Då

fall den æra som ein idrettsmann skulle trakta etter, saman med den æra som stod på spel for nasjonen, og dei politiske krava om sjølvstende og unionsoppløysing som dette nasjonsfellesskapet blei mynta ut i. Slik var ikkje (den aller første) idrettsboikotten av Nordiska Spelen i Stockholm vinteren 1905 nødvendigvis eit brot med amatørismen, men eit framhald og ei utvikling av han.

Amatørførestillingane botna i ein danningstanke. Såleis er det ikkje alltid så lett å skilja det moralske draget frå den estetiske dimensjonen. Skiidrett og skøytesport skulle drivast med stil, heitte det. Eg oppfattar at begge idrettane delvis synte hopehavet sitt med, og noko av opphavet sitt i, kunsten. Til sist føreslår eg å betrakta amatørførestillingane som noko som definerte og skapte idrettsfeltet, rett og slett. Ved å bli flytta frå kunsten til idretten fekk amatørromgrepet fornya og utvida tyding. Slik kan førestillingane forståast som eit grunnomgrep i tradisjonen til Begriffsgeschichte: Amatøren var både ein figur som registrerte endringar og som endra historia sjølv.

Idretten i Norge gjorde amatøreren til sin figur. Og omvendt: Idrett var feltet der amatøreren sigra.

English version

Late in 1907, the amateur dignity of four well-known skiers was challenged in *Norsk Idrætsblad*. They had agreed to perform in a show at the Hippodrome in London, where they would jump a few meters on skis, indoors. A longstanding argument in the Norwegian sports public sphere against acrobatics and circus performances by true athletes reached something of a climax.

In this dissertation I present an intellectual history of the amateur concept in the Norwegian sports public sphere in the period 1866-1907.

The antagonist to Norwegian sports-amateurism was not so much the professionalist as it was the circus performer. His sin, and in principle also her's, was not primarily that he earned money on the show, but that he made skiing into something stupid and dangerous, and even more dreadful: that circuses aimed to make the audience into passive, though impressed, spectators. The core of Norwegian amateurism, as I have studied it through the winter sports of skiing and skating, was that people, young men and adults, and even older people, should challenge themselves in the open air. The competitions got their value from the inspiration and the standard that they raised.

The concept of amateurism in the pioneer years from 1866-1907 can be defined by several dimensions. The judicial dimension associated with rules, definitions and verdicts, reached Norway, and Scandinavia, with the drama around Axel Paulsen in 1888. In that year he put the honour he had won previously into great risk. The social aspect of the amateur concept showed itself in a rowing race in Bergen in 1890. Foreningen til ski-idrettens fremme (Skiforeningen) in Kristiania watched more over the gathering and the more democratic function that the Huseby- and Holmenkoll-race was said to have. Sigvart Petersen, the editor of *Norsk Idrætsblad*, which was financially backed by Skiforeningen, had his own blindspot as he, until 1888, supported the amateur status of Axel Paulsen. The moral dimension of the amateur concept was something the later editors Ola Holen and Hagbarth Wergeland made clear. I have connected especially Wergeland to virtue ethics, as this has been interpreted by Alasdair MacIntyre. With the rebranding of Centralforeningen (til udbredelse af idræt) in 1895 it can be said that aesthetic aspects in the amateur conception got their renewal as well.

Norsk Idrætsblad, which I perceive as fundamental to the Norwegian sports-public sphere, defined itself as an unpolitical magazine. This editorial line was broken in 1905. Then, it was argued, the honour of the Norwegian sportsmen corresponded with the honour of the nation itself, and the connected demand for political independence from (the union with) Sweden. Hence, it can be argued that the political dimensions in 1905, and the first Norwegian sports boycott – of Nordiska Spelen in Stockholm that winter, were not a break with the concept of sports amateurism, but a prolonging and widening of it.

Amateurism in sports was an ideology of education (danning, Bildung). The moral dimension was often intertwined with aesthetic aspects, and therefore it might be difficult to distinguish from another. The skier was meant to perform with style, the ideologues said. My interpretation is that both skiing and skating showed their partial inheritance from the arts in this.

In the end I suggest considering amateurism as a concept that defined the field of sport, nothing less. By being led from arts to sports, the concept won new value and new meaning. Thus, amateurism is a concept in the sense and tradition of Begriffsgeschichte: The amateur figure registered changes in history, and it changed history itself. Sports, at least in Norway and in Scandinavia, was the field where the amateur won.

Takkseiingar

Mange kan takkast, familien min, ikkje minst. Mange menneske *skal* takkast, også i profesjonell samanheng. Utan hjelpa til alle dei gode folka på biblioteket på NIH, under leiinga til Turid Midtbø, hadde eg ikkje klart meg. Digitaliseringsarbeidet til Nasjonalbiblioteket har også vore ei uvurderleg støtte; Lars Johnsen skal ha spesiell takk for å ha hjelpt meg med dei søkeverktya som finst hjå dei.

Åslaug Midttun og Marianne Reusch losa meg raskt inn i samlingane til Skimuseet i Oslo. Også personalet på Riksarkivet med Per Kristian Ottersland, samt Lunds universitetsbibliotek, Det Kongelige Bibliotek i København, The Olympic Studies Centre i Lausanne, sekretariatet til ISU i Sveits, The British Library i London, og mannskapen ved Special Collections ved De Montford University i Leicester skal alle ha stor takk.

Norges idrettsforbund, ved Astrid Jouquand og Per-Tore Østnor, og Norges Skiforbund, ved Øistein Lunde og Espen Graff, hjelpte meg med arkiva som finst (og ikkje finst) i institusjonane deira; takk skal dei ha.

Benedicte Marnseg hjelpte meg med fransken i breva som finst frå Pierre de Coubertin til ulike norske idrettsleiarar. Linn Bølstad skal ha takk ang kjennskapen hennar til Stockinger, David Burke med engelsk språkføring.

Kjetil Jakobsen, Håkon Bleken-Flemming, Joel Johansson og Iver Mytting har lese delar av avhandlinga og skal ha stor takk for innspela dei kom med. Takk også til Ellen Krefting, Espen Schaanning, Christine Amadou, Sverker Sörlin, Susanna Hedenborg og Ørnulf Seippel; alle professorar med stor pasjon!

Takk også til Vidar Enebakk, Matthew Taylor, Patrick Clastres, Neil Carter og Dave Day for gjevande faglege diskusjonar. Stipendiatgruppa på idéhistorie ved UiO har vore ein fin stad å drøfta faglege spørsmål. Det same gjeld stipendiatgruppa på Institutt for idrett og samfunnsvitskap på NIH. Allan Grønkjær, Glenn-Eilif Solberg og Morten Renslo Sandvik skal ha særleg takk.

Til sist skal vegleiarane mine, gentlemennene Matti Goksøyr og Sigmund Loland, takkast djupt. Dei har halde ut med meg, og med denne teksten, i snart fire år.

Gudmund Skjeldal, ein vinterdag i Oslo, 28. januar 2022

Innhald

| | |
|----------------------------------------------------------------------|-----|
| Fagleg føreord | 10 |
| Bolk I: Skrivemåtar, omgrep, plan | 11 |
| Bolk II: Teoretiske og metodiske avklaringar. Problemstillinga | 17 |
| Part 1. Førespel | 18 |
| Kapittel 1. Axel Paulsen | 18 |
| Kapittel 2. Den etablerte forskinga | 19 |
| Kapittel 3. Problemstillinga | 20 |
| Part 2. Grunnleggjande teoretiske premiss | 22 |
| Kapittel 1. Innleiande merknader | 23 |
| Kapittel 2. Diskursanalyse | 27 |
| Kapittel 3. Omgrepshistorie | 30 |
| Kapittel 4. Innvendingar (og svar på desse) | 42 |
| Part 3. Amatøromgrepet i etablert forskning | 45 |
| Kapittel 1. Innleiande merknader | 46 |
| Kapittel 2. «Amatør eller professionist?» | 49 |
| Kapittel 3. Britisk-orienterte framstillingar av amatørismen | 52 |
| Kapittel 4. Globale utsyn | 62 |
| Kapittel 5. Kunstamatøren | 66 |
| Kapittel 6. Amatørfiguren i norsk idrettshistorisk forskning | 68 |
| Part 4. Presisering og diskusjon | 75 |
| Part 5. Rørslekulturar i 1860-åra (og avgrensingane mine) | 85 |
| Kapittel 1. Innleiande merknader | 85 |
| Kapittel 2. «Skøiteløberdronninger» | 87 |
| Kapittel 3. «Idræt» | 88 |
| Kapittel 4. Organiseringa | 89 |
| Kapittel 5. Sporting life | 92 |
| Kapittel 6. Travsport | 95 |
| Kapittel 7. Lystseilas | 96 |
| Kapittel 8. Fjellvandrarkulturen i Norge | 97 |
| Kapittel 9. Sportifisering | 98 |
| Kapittel 10. Turn og gymnastikk som separate rørslekulturar | 104 |
| Kapittel 11. Sirkuskunstnarar | 109 |
| Oppsummering | 112 |
| Part 6. Idrettsoffentlegheita som analytisk omgrep | 113 |
| Kapittel 1. Innleiande betrakningar | 114 |

| | |
|---------------------------------------------------------------------------------------|-----|
| Kapittel 2. Resonnerande offentlegheit..... | 115 |
| Kapittel 3. Idrettsoffentlegheita som deloffentlegheit..... | 123 |
| Oppsummering | 129 |
| Part 7. Kjeldene og måten eg les dei på | 131 |
| Generelt om trykkestoda og offentlegheita | 142 |
| Aviser | 145 |
| Part 8. Digitale teknikkar..... | 148 |
| BOLK III: Ad fontes..... | 151 |
| Part 1. Pipervika og Gamle Aker kirke (1866-1879) | 152 |
| Kapittel 1. Elling Bækken kjem til Kristiania..... | 153 |
| Kapittel 2. Centralforeningen på Iversløggen | 168 |
| Kapittel 3. Sondre Norheim | 177 |
| Kapittel 4. Skøytesporten i 1867 – 1869..... | 186 |
| Kapittel 5. Haines vs. Norheim..... | 193 |
| Kapittel 6. Husebybakken | 203 |
| Oppsummering – av heile part 1 | 209 |
| Part 2. Dobbel Axel (1881-1888)..... | 211 |
| Kapittel 1. Introduksjon | 212 |
| Kapittel 2. Eit fagblad for idrett | 213 |
| Kapittel 3. Husebyrennet 1881 | 227 |
| Kapittel 4. Amatørreglar i Norsk Idrætsblad, første årgang | 240 |
| Kapittel 5. Frå amatørhelt til sportsgrubb | 245 |
| Kapittel 6. Alvoret på ski | 286 |
| Lekk a: Skiforeningens kombinerte skirenn | 286 |
| Lekk b: 1885-1888. Huitfeldt slår kontra | 306 |
| Oppsummering, og delvise drøftingar – for heile part 2 (1881-1888)..... | 325 |
| Part 3. Idrettsbladet blir borte, men sportsånda gjer inntog i Norge (1888-1891)..... | 328 |
| Kapittel 1. Sportsånda | 329 |
| Kapittel 2. Amatør-ordet | 334 |
| Kapittel 3. Ørebladet og sirkusannonsar | 339 |
| Kapittel 4. Norske Turnnotitser | 342 |
| Part 4. «Vakker skiløbning, ikke sandt?» (1891-1907)..... | 345 |
| Kapittel 1. Introduksjon | 346 |
| Kapittel 2. Holmenkollen som ny arena og som etablert investeringsobjekt..... | 347 |
| Kapittel 3. Norsk idrætsblad gjenoppstår | 349 |
| Kapittel 4. Mikkel Hemmestvedts metode (1892-1893)..... | 362 |
| Kapittel 5. Tilsynskomite (1894) | 375 |
| Kapittel 6. «Rationel idræt» og rak rygg | 386 |

| | |
|----------------------------------------------------------|-----|
| Kapittel 7. Skiten som sykkel. Rein som snø | 400 |
| Kapittel 8. «[M]edalje- og professionist-uvæsenet» | 415 |
| Kapittel 9. Amatørhestar | 421 |
| Kapittel 10. Idrettsboikott og unionsoppløysing | 430 |
| Kapittel 11. «The flying Norseman» | 440 |
| BOLK IV. Oppsummering og drøftingar | 451 |
| Litt meir generelle og vidløftige diskusjonar | 467 |
| Etterord | 475 |
| Forkortingar, kjelder og litteratur | 476 |
| Utrykte kjelder | 477 |
| Trykte kjelder | 484 |

Fagleg føreord

Få ord har vel gått gjennom så kraftig devaulering som uttrykket «amatør». På 1840-talet var den vanlege tydinga i norsk samanheng «en Kunstelsker». Dette rima med forståinga i fransk og britisk språk på 1700-talet; rota låg i det latinske «amo», som tydde nettopp å elska. Og den som elsker noko, var eit heldig, for ikkje å seia eit privilegert, og lukkeleg menneske.¹

Fleire kulturområde opna seg opp for elsk i siste del av 1800-talet. I idrettssamanheng blei amatøreren ein særleg oppskatta storleik. Ein tala og skreiv her om «amatørverdighet». I dag, derimot, er amatøreren oftast og stort sett middelmådig i det han eller ho driv på med. Eller knapt nok det. «Amatørmessig» er ikkje noko honnørord, akkurat. Slik sett kan det verka som eit paradoks at eg måtte kvalifisera meg som ein profesjonell forskar for å fortelja delar av denne historia.

Utviklinga, eller avviklinga, kan forklarast på fleire måtar, og utifrå fleire samfunnsmessige prosessar. Profesjonalisering er ein mogleg fellesnemnar.² Truleg er den dynamikken som dei internasjonale idrettsamatørdefinisjonane fekk, éin forklaringsfaktor. For samanslutningar som Den internasjonale olympiske komité (IOK) blei det stadig vanskelegare å formulera kva ein ekte amatør var, og korleis ein skulle møta stadig nye utfordringar og problemstillingar i den kronglete og mangfaldige røyndomen. Kontroversielle dommar mot kommersielle tendensar på 1970-talet gjorde ikkje saka enklare: Amatørismen kom i ei slags legitimitetskrise.³

For den som vil forstå kvifor folk dreiv med idrett før, og kva plass amatørforestillingar hadde i aktiviteten deira, er denne forståinga av ordet i samtida uansett eit mogleg hinder. Ein ryggar inn i fortida med fordommen om at amatørskap er noko avleggs, og at amatørskap berre handla om stivbeinte reglar og om tvangsmessige pengeforbod. Som om leiande idrettsfolk den gongen var paragrafryttarar og overklassekynikarar og kanskje idiotar. Amatørskap handla på 1800-talet og langt inn på 1900-talet om så mykje meir enn pengar og kanskje dekning av reiseutgifter. For meg som i fleire år har forska på denne amatør-dimensjonen i norsk idrett, ligg det eit erkjenningsmessig og moralsk poeng i dette: Dei som levde før, var ikkje tåpelege. Dei som levde for idretten før, skulle ikkje *berre* stogga breiare samkvem i samfunnet, og imponerande prestasjonar. Dei kan ha hatt sine gode grunnar, til og med.

Erkjenninga blir til slutt nesten den motsette: Det er sporten *vår* som påfallande. Vanane og tankane våre blir i det heile, om ikkje kritikkverdige, så i alle fall mykje meir vilkårlege. Alt kan endra seg – også no-tida.

Vona mi er at denne idéhistoria skal fenga lesaren til å tenkja på den same måten.

¹ Hansen, 1842, s. 14.

² Sjå Nygaard, 2015 – for profesjonaliseringa av kunstformene.

³ Dette perspektivet er dekkande for framstillinga av den olympiske amatørismen hjå Llewellyn & Gleaves, 2016.

Bolk I: Skrivemåtar, omgrep, plan

Norges idrettshøgskole (NIH) held seg med APA-stilen for sitat, tilvisingar og referanseliste for den nytta litteraturen. Det vanlege her er å setja tilvisingane som parantesar i den framskridande teksten. Eg opplever at slike parantesar øydelegg for sjølve lesinga, og har difor sett tilvisingane som fotnotar, med løpande, arabiske, tal. Eg bruker parantesar som stilistisk verkty i den framoverfarande teksten, dels til detaljar, dels til oppklaring for lesaren. Og for ikkje å snø ned heile teksten med fotnotar etter eit kvart bidige sitat eller ved alle nødvendige eller moglege moment, samlar eg gjerne fleire opplysningar i fotnotar som då kjem ved første beste avsnittshøve, så som her.⁴

Den viktigaste primærkjelda i avhandlinga mi er *Norsk idrætsblad*. Sidan denne publikasjonen vil dukka opp så veldig ofte i teksten min, vel eg å ikkje kursivera denne tittelen etter dette. Dette gjeld også dei dagsavisene som eg nyttar mest, så som *Aftenbladet*, *Morgenbladet*, og *Aftenposten*. Dei andre trykksakene får kursiv i tråd med APA-stilen; alle første gong dei blir nemnde.⁵

Ein del aviser endra tittelen ganske radikalt – og kan likevel seiast å vera den same avisa over tid. Dette gjeld til dømes *Adresseavisen* i Trondheim, som i åra 1819-77 kalla seg *Trondhjems borgerlige Realskoles allene privilegerede Adressecontours Efterretninger*, og *Trondhjems Adresseavis* i åra 1890-1927. Eg har nytta dagens enkle variant (frå 1927-).

Norsk idrætsblad kom ut i Kristiania – som var namnet på byen Oslo før 1924. Eg nyttar konsekvent stavemåten «Kr-» om denne byen, og berre «Chr-» (altså «Christiania») når foreningar eller lag nytta denne endå eldre skrivemåten.⁶ Rettskrivingsmåtane, til dømes om ein skreiv «å» eller «aa» for infinitiven, varierer mellom ulike år og periodar for til dømes Norsk idrætsblad. Eg har ikkje gjort noko forsøk på å overstyra denne variasjonen, eller kommentera dei skiftande normene, og siterer i tråd med dei skiftande ortografiane.

Eg bruker orda «idrett» og «sport» om kvarande. Dette var vanleg praksis i til dømes Norsk idrætsblad. Etymologisk sett har det førstnemnde uttrykket opphav i norrønt språk

⁴NIH, 2021a. Legg merke til at den aller nyaste utgåva av APA (7) ikkje skal ha med «henta frå» når ein viser til nettsider i litteraturlista. Det same gjeld generelt stad eller by, som ein tidlegare opplyste om i tillegg til forlaget. Eg har gjort visse mindre tilpasningar: Sitat som er lenger enn tre linjer i hovudteksten har fått innrykk berre frå venstre marg, og enkel linjeavstand. Hermeteikna er utelatne her. Eg har elles berre notert utgåvnr. ved fotnotetilvisingane for aviser der og på dei datoane der det er tale om fleire utgåver per dag, og generelt ikkje notert artikkeloverskrifter eller sidetal der referansen er lett å finna i tidsskrifta.

⁵Eit visst unntak frå denne regelen gjer eg i bolk II, part 7, der eg presenter måten eg les avisene på. I dei første åtte åra nytta redaktøren konsekvent liten bokstav i ordet «idrætsblad». Eg har likevel valt å forkorta Norsk idrætsblad til «N.Idrbl.» i fotnoteapparatet mitt. Utanlandske tidsskrift blir konsekvent omtala med kursiv i teksten min.

⁶Wetås, 2000. Etter 1877 skreiv ein «Kristiania» i matrikkel og statskalendrar, og etter 1897 også i namnet på etatane i kommunen.

(«idrott»), sport truleg i fransk språk («desport» = «fornøyning», «moro»). I løpet av 1890-talet fekk desse to orda ideologisk tyding i norsk offentlegheit – som motsetningar av kvarandre. Dette må eg gå nærare inn på i bolk II: Alle omgrep har ei historie, det er eit vesentleg prinsipp i denne oppgåva.⁷ Uttrykka «nordisk» og «skandinavisk» flyt også over i kvarandre i denne avhandling, slik det gjorde på 1800-talet også, men i dei samanhengane der Finland er med, og ikkje berre Sverige, Danmark og Norge, nyttar eg konsekvent ordet «nordisk».

Overgangen er flytande også når det gjeld «britisk» og «engelsk». Kjeldene mine nyttar stort sett «engelsk», også om heile den britiske kulturimpulsen, som er knytt til det imperiet som Storbritannia ein gong var. Eg bruker ordet «engelsk» som oftast når eg presiserer at det er tale om språket, eller det som tydeleg nok er knytt til det gamle kongedømmet England, eller spesielt tett på hovudstaden London.⁸ Norsk idrætsblad nyttar nokså konsekvent nemninga «Holland»; der eg ikkje siterer dette bladet eller andre aviser, nyttar eg sjølv ordet Nederland.

Eg må ringa nokre fagomgrep allereie her, om enn laust og førebels. Eg ønskjer ikkje at lesaren skal snubla i dei, verken på den eine (alfor grunne) eller den andre (alfor grundige) måten. Eg skal altså ta for meg amatørforestillingar, slik dei kom til synes, og slik dei utvikla seg, i det eg kallar i den norske idrettsfentlegheita i siste del av 1800-talet.

Offentlegheits-omgrepet, prega av teoriane til Habermas om openheit og diskusjon, handsamar eg inngåande i bolk II, part 6. Prosessen *sportifisering*, som får stor merksemd i bolk II, part 5, dreier seg om at tradisjonelle kroppslege dystar, leikar og utfaldingar har blitt noko meir organisert og moderne, eller meir presist, til «prestasjon målt i konkurranser i en rasjonell ramme», som Matti Goksøyr skriv. Meir grunnleggjande og vidtfemnande er omgrepet *rørslekultur*. Enkelt sagt syner dette ordet til at samfunnet heile tida set eit slags merke på kroppen til menneska, samla sett. Og sidan samfunn heile tida endrar seg, om enn i varierende tempo og ulikt frå region til region, vil ein kvar historisk (konstruerte) epoke ha sin nokså distinkte lekamskultur og sine bestemte rørsler som ein hegnar om og dyrkar. Danske Ove Korsgaard nyttar ordet «legemskultur» om dette fenomenet, eg liker endå betre ordet «rørslekultur».⁹

Idrettsomgrepet er med andre ord ikkje fast definert på førehand i denne historisk orienterte avhandlinga, liksom uavhengig av skiftande rørslekulturar. Like fullt føreset eg ein

⁷ Utviklinga for desse orda har mykje, om ikkje alt, sams med den svenske historia. Sjå Ljunggren, 1999, s.11.

⁸ Nasjonalisme i britisk idrett er eit kapittel for seg. Richard Holt skriv at dei såkalla «British imperiale values» mykje var produkt av *engelske* «public schools». På den andre sida: «Yet within Great Britain and the island of Ireland national difference was the very stuff of sport.» Sjå Holt, 1989, s. 237, og s. 263.

⁹ Korsgaard, 1997, s. 11-13. Boka kom i første utgåve i 1982, men berre lettare revidert i 1997. Goksøyr, 1989, s. 84.

viss eller *relativ autonomi* for idretten; eg ser han ikkje som ein rein refleks eller enkel spegel for økonomiske vilkår og samfunnsutviklinga meir generelt. Idrettslege tradisjonar kan forstørra eller forminska andre fenomen, så som nasjonalisme, eller gje nettopp nasjonalismen ulik utforming og dynamikk i ulike land.¹⁰

Grovt sett kan ein seia det finst to typar teoriar eller perspektiv innanfor premissen om autonomi; dei som ser på idretten som ein særleg arena for *prestasjon*, framsteg og grensesprenging, og dei som oppfattar han som særleg eigna, om ikkje heilt eksklusiv og eineståande i så måte, for å realisera moralske verdiar, såkalla *danningsteoriar*. Mykje av den litteraturen, og den empirien som eg tek for meg i denne avhandlinga, er nettopp prega av eit danningperspektiv på idrett.¹¹

Amatørførestillingar er eit omgrep som eg skal ringa inn tidleg i teksten, naturleg nok, nærmare bestemt i bolk II, part 2, kap 4. Andre tilknytte uttrykk er «amatør-tematikken», «amatør-tanken», «amatør-idealet», «amatør-etoset», «amatørreglar», «amatørbestemmingar». Desse termene lèt seg forstå av samanhengen dei står i. Stundom nyttar eg ordet «amatørisme». Dette er å forstå som eit synonym til uttrykket «amatørideologien», som eg også nyttar, og dette igjen meint utan nødvendige konnotasjonar av klasseinteresser og falskt medvit i marxistisk forstand. Eit litt fattig synonym til ideologi er eit lære- eller tanke-system. Konteksten for amatørisme-omgrepet er i samanhengen min *idrett*, om ikkje nødvendigvis og utelukkande fasttømra idrett eller sport i organisatorisk samheng. Halsbrekkande kort sagt skal amatørismen dreia seg om *haldningsspørsmål* i avhandlinga mi; om moral, og om stil, og om innstilling til og føremål med den presterande, meistrande idretten.

Omgrepet *moral* står sentralt i avhandlinga. Eg følgjer filosofifaget når eg skil mellom orda «moral» og «etikk». «Moral» syner gjerne til bestemte verdiar og normer hjå eit menneske eller ei gruppe menneske, medan «etikk» skal forståast som den systematiske og kritiske refleksjonen over, eventuelt under, desse moralske normene og verdiane.¹²

Strengt teke kunne den same sonderinga vore gjort i høve omgrepet *estetikk*, som fagfilosofisk sett undersøker grunnlaget og kanskje lovene for det skjønne i kunsten, så vel som i naturen. Men eg har valt å ikkje skilja dette frå dei faktiske oppfatningane som ein kan gjera seg om det vakre, og som ein faktisk gjorde seg om det «skjønne», og «stil», og liknande uttrykk i samband med idrett i Norge i andre halvdel av 1800-talet; alt dette blir kalla *estetiske* dommar

¹⁰ Om omgrepet relativ autonomi, sjå Goksøy, 1998, s. 6. Jamfør også fotnoten om britisk sportsnasjonalisme ovanfor. Sjå også Goksøy, 2000, der drøftinga er retta inn på nettopp nasjonalisme.

¹¹ I denne sonderinga, og teorinemninga, følgjer eg Sigmund Loland, slik han har formidla dette i *Journal of the Philosophy of Sport* i 2004, og i *Nytt Norsk Tidsskrift* i 2005.

¹² Sjå Loland, 2015, s. 13-14.

eller vurderingar eller innslag i avhandlinga mi.¹³ Éin grunn til denne forskjellsbehandlinga er at eg prioriterer plass til dygdsetikk, i og med at eg introduserer eit verk av Alasdair MacIntyre (2011) i drøftinga av moralske dimensjonar av amatørromgrepet etter 1880, dette i bolk III, part 4. Ein annan er at å skilja dei estetiske betraktingane frå hygienske eller helsemessige begrunningar i kjeldematerialet mitt til tider er krevjande, til tider til og med er problematisk.

Omgrepet *politisk* nyttar eg i laus forstand, som (relativt tidlause) spørsmål eller meiningar om samfunns- og statsorganiseringa. Eg kjem attende til noko av tematikken og problematikken omkring *nasjonalisme* i samband av rørslekulturane på 1860-talet, og forholdet mellom *politikk og idrett* særleg i samband med året 1905.

Andre viktige omgrep vonar eg eg vil gå fram av samanhengen dei står i. Alle slags feilstavingar og galne forkortingar og andre glippar må eg berre beklaga.

Eg vil avslutningsvis forklara litt om kvifor eg har skrive avhandlinga mi på norsk. Dette er uvanleg på Norges idrettshøgskole. Sidan 2018, det året eg byrja i doktorgradsprogrammet på NIH og fram til november 2021, er minst 42 (Ph.D.-)avhandlingar blitt utforma på engelsk; berre tre arbeid har heilt eller delvis blitt laga på norsk, og eitt arbeid på dansk.¹⁴

For det første kjenner eg meg forplikta på samfunnssoppdraget til institusjonen, og som det heiter i strategisk plan for åra 2021-2035, har, eller i det minste *skal* «NIHs utdanningar og forskningsvirksomhet [ha] stor samfunnsmessig relevans.» For delar av offentlegheita i Norge kan norsk vera lettare tilgjengeleg enn engelsk. Ei ny språklov for Norge blei elles sanksjonert i mai 2021, ei lov som styrka norsk, både bokmål og nynorsk, og for så vidt samisk, «på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnet», som det heiter i lovomtalen.¹⁵

For det andre er det svært krevjande å setja om alle dei viktige sitata som eg har brukt, og vist til, i teksten min. For det tredje, og det er den viktigaste grunnen, har norsk språk kvalitetar som engelsk ikkje har. På norsk, og på svensk og dansk, har vi til dømes ordet «idrett». Dette er noko anna enn «sport», som nemnt. Ordet har andre historiske røter, andre ideologiske ladingar, og dermed andre tydingslag, og moglege føringar for korleis ein forstår kroppslege rørsler, og verkelegheita i det heile. Tenk på «friluftsliv», eit ord vi mykje har arva av Henrik Ibsen. Tenk på svensk gymnastikk.¹⁶

¹³ For definisjonen, sjå Tjønneland, 2018. I boka om Dante bruker Trond Berg Eriksen det beslektede omgrepet 'kunsterfaringen', og uttrykket «kunsterfaringens forvandlinger» om estetikkens historie. Sjå Eriksen, 1993, s. vii.

¹⁴ Dette er i hovudsak basert på oversikta i basen «Brage». Ikkje alle godkjente doktorgradar var komne med per 11. november 2021, så tala kan vera litt upresise, men berre *litt*. Sjå NIH, 2021b.

¹⁵ Sjå NIH, 2020. Sjå Stortinget, 2021, og artikkelen *Lov om språk*.

¹⁶ Her står eg meg til Slagstad, 2008, s. 71, som peikar på at diktet *Paa Vidderne* frå 1860 lanserer ordet «friluftsliv». Sjå meir om dette diktet i samband med Norsk idrætsblad anno 1884.

Slik er det for så vidt med alle språk; dei er ikkje berre hanskar og klede ein kan ta av og på, men dei pregar og delvis bestemmer kva ein kan ser og kva ein kan seia om ting.¹⁷

Avhandlinga har denne planen eller strukturen:

Teksten skrid frå bolkar – som er det øvste nivået av overskrifter, vidare til partar, og til kapittel, og ved eitt tilfelle også lekkar, før mellomavsnitt, som har dei minste overskriftene. Avhandlinga består av fire bolkar, snøgt sagt.

I bolken med romartal I byrjar eg med små introduksjonar, meint som vekkarar eller lystvandringar for lesaren. Hadde eg vore kunstnar og komponist, ville eg har drista meg til å kalla denne parten preludium, men eg har ambisjonar i vitskapleg lei, og difor presenterer eg hovudproblemstillinga her, før eg vender attende til henne i større djupn og breidd, og med drøftingar og avgrensingar (mot slutten av part 4).

I part 2 i denne bolken gjer eg greie for dei teoretiske og metodiske premissa for arbeidet mitt. Eg kjem frå faget idéhistorie, og argumenterer for at omgrephistorie, såkalla Begriffsgeschichte, kan gagna og berika idrettshistoriske arbeid. Den tredje parten (3) presenterer og dels drøftar forskinga på idrettsamatøren i ulike europeiske, og delvis globale, kontekstar. Også etablert forskning på kunstamatøren i skandinavisk samanheng må med her. Ordet amatør måtte ikkje setjast om, og hadde etablert meining og tradisjon i norsk samanheng på heile 1800-talet.

Det som følgjer etter drøftinga av problemstillinga og presiseringane i part 4, er innsirklinga av rørslekulturane og idrettane som det kunne vore tale om i perioden frå 1860 og framover. I denne part 5 grunngeveg eg kva idrettar eg har valt å granska – og kva eg har valt bort i så måte. Eg konsentrerer meg om vintersportane ski og skøyter, fordi desse kastar godt lys over dei norske og mogleg nordiske betoningane ved amatørangrepet. I part 6 forklarar eg omgrepet og teoriar om offentlegheit, som eg har nytta i konstruksjonen av omgrepet mitt, *idrettsoffentlegheit*. Slik får eg ringa inn kva kjelder eg skal ta for meg, og kva eg kan eller må lata ligga. Norsk idrætsblad har eg karakterisert som ein berebjelke i norsk idrettsoffentlegheit, men denne offentlegheita som omgrep og fenomen var ikkje dermed avgrensa til dette fagbladet åleine. Deretter fortel eg om kjeldene mine meir i detaljar (i part 7), og så om digitale teknikkar som eg har benytta meg av i forskinga mi (part 8). Eg nyttar ei tredeling av Per Strømholm (1991) når eg skil omgrepsmessig mellom teori, metode og teknikk.

¹⁷ Ikkje dermed sagt at «sport» ikkje kan få tak i nokre av dei same eller liknande aktivitetane av friluftsliv, til dømes. I boka *Sport and the Home Front* skriv Matthew Taylor om kor produktivt det er for historikaren å ikkje definera dette ordet på førehand, men vera open for det empiriske mangfaldet som kan visa seg i forståinga som folk har av ordet, så som under andre verdskrig (1939-1945). Sjå Taylor, 2020, og kapittelet «Introduction».

Den neste hovudbolken (III) formidlar dei konkrete forskingsfunna mine, og delvis drøftingane av dei. Eg følgjer ei kronologisk framstillingsform. Først tek eg for meg strekket frå 1866-1879, som ein kan kalla ein innleiande fase av amatørtematikk i norsk idrettsoffentlegheit. Part 2 her dreier seg om tidsrommet 1881-1888. Dette fell saman med den første etappen som Norsk idrætsblad kom ut, og dei stadige breiare tangeringsfelta som amatørtematikken fekk då. Part 3 er av avgrensa til den stuttare perioden 1888-1891, då Norsk idrætsblad *ikkje* kom ut. Idrettsoffentlegheita fall sjølvstakt ikkje saman, om dette fagbladet gjorde det. Siste del, part 4, strekkjer seg frå 1891 og heilt til 1907. I desse åra endrar Centralforeningen for udbredelse af Legemesøvelser og Vaabenbrug frå 1861 namn, delvis format, og inntar ei anna rolle. Dette verkar inn på amatørtematikken. Men også den politiske striden i unionen Sverige-Norge set merket sitt på idrettsamatørismen.

Den aller siste bolken i avhandlinga, med romartalet IV, dreier seg om oppsummeringar og drøftingar og fundamentale funn, og med spørsmål om synet for amatørforestillingane kan endra måten ein forstår idretthistoria på. Eg bringar inn utdifferensieringsteser til Max Weber, som var ein grunnleggjande tenkjar for både faget sosiologi, og idéhistorie, og som eit stykke på veg også er premissleverandør for den tidlegare nemnde sonderinga mellom dei ulike dimensjonane av amatørromgrepet. Kort sagt kan amatørromgrepet betraktast som ein måte idretten skilde seg ut frå andre rørslekulturar på, og frå feltet ein gjerne kallar kunst.

Bolk II: Teoretiske og metodiske avklaringar. Problemstillinga

Part 1. Førespel



Denne teikninga, og dette trykket av tre, er henta frå vekebladet *Skilling-Magazin* laudag den 7. mars 1885. Andreas Bloch hadde laga teikninga, H.C. Olsen xylografiet. I tekstmotalen lydde det: «Axel Paulsen, the Champion of the World, som han nu har fuld Ret til at kaldes paa Sportens Modersmaal, har allerede længe været kjendt her i Kristiania blant alle Dilettanter i den ædle Skøiteløberkunst.» Ordet «Dilettanter» er vel verdt å merka seg, alt her. Fotografiet her er teke av Rune Aakvik, tilhører Oslo Museum, lasta ned via <https://digitaltmuseum.no/021048328298/fra-skojtelobet-paa-frognerkilen-efter-tegning-af-a-bloch-xylografi>

Kapittel 1. Axel Paulsen

Axel Paulsen (29) hadde teke i mot utfordringa frå det nederlandske skøyteforbundet: Han skulle tevla mot Renke van der Zee i Frognerkilen, om 200 britiske pund, som begge hadde bidrege til premiepotten med, (£)100 pund kvar. Avisene hadde gjort duellen kjend i god tid, og redaktøren i Norsk idrætsblad, Sigvart Petersen, var endåtil banemeister, og hadde blitt samd med Paulsen om radiusen på svingane. Kanskje så mange som 30 000 var møtt fram for å sjå. Dette hende i 1885; folketalet i Kristiania var då 130 000.¹⁸

Tvekampen, eller dette ein også kan kalla det første store organiserte internasjonale idrettsstemnet i Norge, vart vunnen av «vår» Axel Paulsen – med solid margin til nederlandaren. «Ja, vi elsker dette landet», blei spelt etterpå.

¹⁸ Sjå Folketellingen, 1885. (Folketeljninga for 1885 er digitalisert og søkbar på digitalarkivet.no)

Norsk idrætsblad kalla i neste nummer Paulsen ein sann elsker av idrett. Redaktøren sjølv, må ein tru, skreiv at han hadde gått til gjerninga si med både «alvor» og «kjærlighed».¹⁹

I 1888 var atter mange i Kristiania på føtene. Paulsen skulle no tevla mot den svenske hurtigløparen John E. Avén. Triumfen til nordmannen var berre endå meir overlegen. Men denne gongen rosa ikkje Norsk idrætsblad skøytemeisteren frå Kristiania. Sigvart Petersen skulda Axel Paulsen og kompanjongen hans for å vera *sportsgribbar*.

Kva var det som hadde hendt? Hadde omtalen i første omgang – og hadde endringa av omtale i idrettsbladet tre år seinare å gjera med framveksande *amatørførestillingar*?

Kapittel 2. Den etablerte forskinga

I det faglege føreordet nemnde eg ein motivasjon eg har i høve samtida vår, og korleis vi tenkjer om dei som trødde på jorda eller snøen eller isen før oss. Eg har også visst eit ærend i høve til den etablerte forskinga på idrettsamatørismen, i alle fall viktige delar av han. Eg har eit bestemt inntrykk av han er vindskeiv.

Til dømes har filologiprofessoren David Young (1984) brukt mykje krefter på å visa korleis den amatørfiguren som Coubertin og den internasjonale olympiske komiteen projiserte tilbake på den greske antikken, var malplassert og mykje misforstått for dei klassiske idrettsleikane og dei som tevla der. Han strippar også sjølve amatøridealet ut frå det beinharde klassesamfunnet i England som rådde på 1800-talet.²⁰

Den amerikanske idrettshistorikaren Allen Guttmann har skrive endå meir ramsalt (i det som skulle bli) klassikaren *From Ritual to Record*. Han hevdar der at amatørregelen i moderne olympiske leikar var håplaus anakronistisk, og berre eksisterte for å begrensa sporten for dei meir bemidla åleine. Basert på eit britisk forskingsarbeid skaut han nådelaust og ganske kjøpt frå hofta: «The amateur rule was an instrument of class warfare». Med mi omsetjing: «Amatørregelen var ein reiskap i klassekampen.»²¹

Og i eit nokså ferskt oversiktsverk med den symptomatiske tittelen *Sport in Capitalist Society* stadfestar den britiske forskaren Tony Collins (2013) konklusjonen om kor sosialt undertrykkande og ekskluderande amatørismen var.²²

¹⁹ Sjø Norsk Idrætsblad, 1885, nr. 5, s. 34.

²⁰ «It began as the ideological means to justify an elitist athletic system that sought to bar the working class from competition.» Young, 1984, s. 15.

²¹ Guttmann, 2004a, s. 31. Guttmann sjølv skreiv nytt etterord i ei lettare revidert utgåve av boka – som altså først kom i 1978.

²² «[A]mateurism reflected the attitudes of the British middle classes, who wanted capitalist economic competition but also a hierarchical, ordered social structure – in other words, a contest that guaranteed their victory.» Collins, 2013, s. 31.

Eg nemner desse engelskspråklege verka fordi fleire av dei har funne vegen til NIH, og studia der.²³

På norsk har historikaren Finn Olstad (1987) nok ikkje uttrykt seg like bombastisk. I eit grundig verk om Norges idrettsforbunds historie skriv han likevel at amatøridealet følgde med den engelske forståinga av sport. Og han forklarar idealet slik:

Sport skulle dyrkes for sportens egen skyld, uten tanke på penger eller økonomisk vinning. Dette ble satt i forbindelse med høye idealer som høvvisk oppførsel, redelighet og rettferdig konkurranse («sportmanship»). Men amatøridealet hadde også en annen side. Det var sosialt diskriminerende, og knyttet sporten til bestemte samfunnsgrupper. Det var en frukt av sportens framvekst i en spesiell sosial sammenheng – som tidsfordriv for engelske «gentlemen».²⁴

Dette «Men» får mykje tyngd i den vidare framstillinga hans, og for den seinare norsk forskinga som har kome. Stutt sagt: Amatørtankegodset har ofte blitt betrakta frå eit klasseperspektiv i forskinga. Dette gjeld også for gransking av norsk idrettshistorie. Eg har vore open for synsstadar som vonleg når ut over dette. Eg trur at eg har funne noko nytt – om det gamle.

Kapittel 3. Problemstillinga

Denne avhandlinga skal altså, som alt overskrifta røper, handla om amatørforestillingar i norsk idrettsoffentlegheit i siste halvdel av 1800-talet. Til ei viss grad skal ho fortelja om meir avgrensa amatørreglar – altså om spesifikke amatørbestemmingar som blei utvikla, og om brot på desse, og om skuldingane og dommene som stundom kom.

Dette valet av forskingsemne, og den presiseringa som følgjer med ein gong, tematiserer ei mengd av ulike premissar. Eg må seia noko om kva kunnskapssyn, kva teoriar og metodar som eg føreset, og vidare kva forking som eg både byggjer på og avgrensar meg frå, kvar eg har tenkt å leita etter desse amatørforestillingane, altså kva eg legg i uttrykket «idrettsoffentlegheit» og kva kjelder det impliserer, og kva mogleg empiri eg må sjå bort frå. Eg må gjera tydeleg greie for kva eg forstår med ordet «idrett». Dessutan må eg forsvara at eg ser på dette eg kallar det «norske». Og eg må gå inn på avgrensinga i tid. Og alt dette før eg kan fortelja noko meir om Axel Paulsen og Sigvart Petersen.

Hovudproblemstillinga har to ledd: *Kva amatørforestillingar fanst i norsk idrettsoffentlegheit i åra 1866 til 1907? Korleis endra dei seg?*

²³ Collins har vore pensum på årstudiet på Instituttet for idrett og samfunnsvitenskap (IS200) på NIH i åra omkring 2020. Det same gjeld Guttmann, på emnet IS210.

²⁴ Olstad, 1987, s. 86.

Veldig enkelt formulert spør eg meg då om amatøreren – som ein tankefigur – var sentral for framsyninga av og samtalane om idrett i pioneråra 1866-1907. Forma og forstod ein idretten i lys av denne idealfiguren? Og viss svaret på dette spørsmålet er bekreftande: *Kva* var det ideale? Var det i moralsk forstand at Sigvart Petersen meinte Axel Paulsen var ein gribb? Og litt seinare i historia mi: Kvifor meinte eigentleg at den mektige sekretæren i Centralforeningen (frå 1892) at skøyteløparane burde gå meir oppreist? Var han oppteke av det skjønne, først og fremst, eller det sunne? Eg spør slik allereie no for å antyda dei elementa av moral og estetikk, og meir til, som er med å dimensjonera tankefiguren – eller meir presist og vitskapleg sagt *amatøromgrepet* i avhandlinga mi.

«Amatørførestillingar» er eit anna ord for dette fleirdimensjonerte amatøromgrepet. Dei ulike og konkrete amatørreglane i den organiserte konkurranseidretten er berre *ein* del av dette omgrepet, og ein *del* av denne historia.

I neste andedrag spør eg meg så om amatørførestillingar *endra seg*. Då tenkjer eg dels på forholdet mellom desse dimensjonane og innhaldet i dei, og dels på dei historiske kontekstane som kan forklara dei moglege endringane. Altså: Endra sjølve tankefiguren eller førestillingane seg av det som hende i desse åra, både i og utanfor idretten?

Desse amatørrelevante tankane og ideala kom til uttrykk i det eg kallar ei norsk «idrettsoffentlegheit»; snøgt definert her som det rommet i Norge som blei skapt for å gjera synleg og hjelpa ordskiftet om av kva som var god, og mindre god, idrett.

Offentlegheitsomgrepet mitt femner både konkrete idrettshendingar og -arenaer, og det ein gjerne kallar den trykte offentlegheita. I 1881 kom fagorganet Norsk idrætsblad ut første gong; dette vekebladet forsterka tydeleg det ordskiftet som hadde funnest i dagsavisene og på premieutdelingane tidlegare. Eitt underspørsmål til hovudproblemstillinga vil såleis vera kva amatørdiskusjonar som gjekk føre seg i denne publikasjonen. I avhandlinga mi vil Norsk idrætsblad vera ei viktig skriftleg kjelde, men slett ikkje den einaste.

Året 1866 røper den første gongen som amatør-termen vart nytta i samband med norsk idrett. I 1907 spring ei linje i amatørførestillingane så å seia til endes. Eg kallar denne perioden «pioner-åra». Eg seier meir om dette uttrykket, og om sjølve avgrensinga, i part 4.

I hovudproblemstillinga dreg eg med meg mange føresetnader også – om endring som historisk dimensjon, om kva underproblemstillingar som eg må velja, og kva anna eg har valt å ikkje granska i detalj, og kva idrettar eg særleg skal ta for meg, og kva anna eg ikkje får sagt så mykje om. Eg skal venta med å gå inn på dette fordi det er anna som hastar meir. Eg bør gjera greie for den faglege bakgrunnen, eller ballasten, min.

Part 2. Grunnleggjande teoretiske premiss



Dette bildet er henta frå Norsk idrætsblad 1893, nr. 2. framsida. Han som pila peikar på, er Hagbarth Wergeland, redaktør i Norsk idrætsblad i 1891, og vidare frå 1892-1903, men ein slags reiseleiar i denne samanhengen. Bakgrunnen for at fotografiet kom i stand i det heile, er at ein tropp norske skiløparar var invitert til Stockholm – vel for første gong på representasjonsrenn i utlandet såleis. Fotografiet kan vera ei påminning om at røyndomen og historia ikkje lèt seg gripa på berre éin måte. Sjølv om fotografen har gjort alt for å få med seg dei aller, aller fleste deltakarane (og leiarane) i dette rennet, og alle set konsentrasjonen sin inn på å halda blikket på kameraet hans, finst det ikkje éin versjon av det som hende, og som er den rette. Til dømes: Mellom dei ull-kledde skiløparane var det semje om at éin (kanskje Lauritz Urdahl, nr 7 frå venstre) ikkje høyrde til i dette laget av dei aller beste, og dei skreiv eit stykke inn til Norsk idrætsblad om det. Og mellom leiarane skal talen til Edvard Lillehagen (nr 3 frå venstre) ikkje ha vore særleg populær, slik han tala for sjølvråderetten til Norge i denne samanhengen i Sverige. Troppen var altså ikkje så harmonisk og einskapleg som dette høgst komponerte bildet gjev inntrykk av. Representativt for skisporten er det heller ikkje; troppen manglar totalt kvinner, som jo var ivrige i Nordmarka frå slutten av 1880-talet. Lat dette såleis stå som inngang til denne parten om den subjektive, eller språklege, vendinga i historiefaget.

Kapittel 1. Innleiande merknader

Eg kjem frå faget idéhistorie, slik eg lærte det å kjenna ved Universitetet i Oslo (UiO) på 1990-talet. Eg oppfattar at det eg driv med i denne avhandlinga, er idéhistorisk forskning, og difor skal eg gjera greie for denne kunnskapstradisjonen i dei følgjande avsnitta.

Dette er likevel ikkje plassen til å gå opp *heile* historia til dette faget i Norge frå like etter andre verdskrig (1946), eller for den del i den større ramma av Vesten. Dei første professorane her til lands var nok prega av tysk humanisme og antikk åndshistorie, og etableringa av faget kan tolkast som ein reaksjon både mot naturalismen hjå Freud og Marx, som prega norsk åndsliv i mellomkrigstida sterkt, og spesielt mot filosofen Arne Næss, som reformerte ex.phil.-utdanninga basert på logisk (eller for somme altfor) radikal positivisme.²⁵

Gjenstandsområdet for faget i starten var såleis evige idear og menneskelege verdiar meir enn det var foranderleg historie og menneskeleg liv. Idéhistorie var ikkje så langt unna å likna visse delar av filosofien. Linjene var lange, det diakrone perspektivet ganske dominerande. *Gullalderdøm og utviklingstro* av Paulus Svendsen (1941, 1970) kan tena som eitt døme.²⁶

I amerikansk universitetstradisjon var idéhistorie liknande, og etablert faktisk tidlegare, lenge forbunde med forskingsfeltet «the history of ideas», som filosofiprofessoren Arthur Oncken Lovejoy ved John Hopkins-universitetet gjorde seg til talsmann for, og så å seia grunnla.²⁷ Lovejoy ville finna dei produktive einingane eller kjernane av idear som tenkinga og -ismene i ulike epokar kunne kokast ned til; han kalla dei «effective working ideas» eller «units of ideas». Desse dynamiske eller lettreaktive «molekyla» kunne så studerast i dei ulike forbindingane dei dukka opp i, i ulike tidsavsnitt, slik at ein til slutt sat med den totale «livshistoria» til bestemte idé-einingar. Til dømes: I det omgrepskomplekset som Lovejoy kalla «the Great Chain of Being» var det i sving idear om både ei skaparkraft, ein orden, og om korleis det vonde høyrer heime i «universet», for no å bruka vår tids term.²⁸

Lovejoy var ikkje framand for at nye tankar og førestillingar var del av historiefaget slik han gjerda det inn, men meinte nok at slike tankeformer ofte kunne påvisast til å vera nye koplingar av nokså tidlause einingar. Implikasjonen var i alle fall at dei konkrete samanhengane

²⁵ Det handla nok om å styrka både tradisjonen og trua, skriv forskaren Vidar Enebakk. Enebakk, 2017, s. 17.

²⁶ Denne diakrone studien av gullalderdraumar og utviklingstru var ei doktorgradsavhandling som Svendsen avla i 1941. Ho kom ut som bok i 1970.

²⁷ Lovejoy var tilsett ved Johns Hopkins University frå 1910-1938. I 1936 kom han med boka *The Great Chain of Being*, der han i føreordet gjorde greie for den metoden han hadde tilrådde i studiet av fortidige idear og tekstar. I 1940 starta han tidsskriftet *Journal of the History of the Ideas*.

²⁸ Lovejoy, 2009, s. 2-3. Dei kjemisk-inspirerte metaforane er her eit medvite val; Lovejoy skreiv sjølv at han henta inspirasjon frå dette faget i idé-modelleringa si. For éin nyare omtale i lys av seinare kritikk: Sjø McMahon, 2014, s. 13-31.

som ulike tekstar stod i, til vidt ulike tider, var mindre viktige enn dei tankemønster eller tankeknutane som tekstane kvilte på. Dette minna på eitt nivå om tilnærminga i Norge og i Oslo, om inspirasjonane og siktemåla var ganske ulike elles.²⁹

Då eg kom til førelesingane, kursa og pensumlistene midt på 1990-talet, var den språklege og den subjektive vendinga, inspirert av såpass ulike (og ikkje alle samtidige) europeiske og amerikanske tenkjarar som Friedrich Nietzsche, Hayden White, Roland Barthes, Reinhart Koselleck og for så vidt Edward Hallett Carr, eit faktum. Vendinga gjorde at historia og menneska og orda sjølve fekk anna merksemd; kontekstualisering – i den prinsipielle fleirtalsforma av det omgrepet – blei mykje viktigare for studiet av fortidige tekstar. Tekstane var ikkje lenger dei relativt enkle media for ideane bakom eller under dei. Tekstane skapte eller forma på sitt vis ideane.³⁰

Dermed kom også det å *skriva* historia i eit anna lys. Historikaren sjølv tar val, som er prinsipielt sett subjektive, og ho formidlar historia i eit språk som er tidsbestemt, også på den måten subjektivt. Historiseringa av faget sjølv, som av fortida, slik som Per Strømholm offentleggjorde sitt kunnskapsmessige testamente i boka *Farvel til fortida*, var rimeleg streng. Han hevda der at til dømes Aristoteles stilte heilt andre moralske spørsmål enn vi gjer i vår tid. Og av det følgde at også *våre* (vitskaplege) spørsmål grunnleggjande er underlagt tida, og språket, og dermed endringa.³¹ Av dette følger ikkje at kunnskapen vår er totalt vilkårleg og heilt opp til den einskilde sine innfall og metodar. Thomas Krogh, ein annan av lærarane mine på idéhistorie, gav på ingen måte slepp på objektivitetskravet, men knytte det aktivt an til framstillinga: Det springande punktet her er om det finst endå meir informasjon om eit emne som ville ha endra heile oppfatninga til mottakaren – *om denne informasjonen var med*.³²

Sjølv er eg ein kvithuda, meir enn femti år gammal, mann. Eg er oppteken av kjønnspektivet og likestillinga som eit samfunnsengasjert menneske, men kan ikkje dikta opp fleire kvinnelege aktørar, eller eit tredje «kjønn» for den del, enn empirien og kjeldene

²⁹ Idrettsfilosofen Sigmund Loland lét seg inspirera av metoden til Lovejoy, og mynta ut det han meiner er (idé-)kjernen av vestleg humanisme i olympismen slik særleg grunnleggaren Pierre de Coubertin forma denne sportsideologien. Loland, 2010, s. 84. Direkte sitat: «More specifically, we can characterize Olympism as a secular, vitalistic «humanism of the muscles». Artikkelen til Loand vart først publisert i tidsskriftet *Olympika* i 1995. Som filosof vurderte Loland i tillegg til dette kor «sterk» humanismen hjå Coubertin var, intellektuelt sett, noko ein «rein» historikar gjer sjeldnare og med meir nøling.

³⁰ Ikkje alle ville oppfatta den britiske historikaren som sentral i den språklege vendinga, jf. måten til dømes Annabel Brett (2000) les han på i artikkelen *What Is Intellectual History Now?* Sjå Brett, 2000, s. 114, eller delvis føreordet til Richard Evans i Carr, 2001. Men set ein den språklege vendinga saman med den subjektive – eller for faget sjølv historiserande – vendinga, står ein slik bruk av Carr seg godt. Sjå Melve og Ryymmin, 2018, s. 11 og s. 39.

³¹ Strømholm, 1991, s. 43. Alasdair MacIntyre er halvvegs inne på det same når han riv grunnen under mange moderne moralfilosofiar, men berre delvis, sidan han sjølv nettopp grip attende til den aristoteliske dygdtradisjonen: «Suppose that we cannot understand them [Kierkegaard, Kant, Diderot, Hume, Smith, min merknad] as contributors to a timeless debate about morality, but only as the inheritors of a very specific and particular scheme of moral beliefs, a scheme whose internal incoherence ensured the failure of the common philosophical project from the outset.» MacIntyre, 2011, s. 61. Sjå også Melve og Ryymmin, 2019, s. 39, for bruken av omgrepet 'subjektiv' i denne samanheng.

³² Krogh, 2014, s. 128-129.

mine gjev grunnlag for. Denne historia mi, avgrensa av epoken 1866-1907 i norsk idrettsfentlegheit, vil såleis handla aller mest om menn, anten eg vil eller ikkje.³³

Eg er også svært glad i å langa ut på ski. Eg trur likevel ikkje at dette har vore bestemmende for det utvalet av «idrettsgreiner» som eg har valt i denne avhandlinga. Meir grunnleggjande i så måte er eg nok svak for tanken om at idrettsfeltet har ein viss, ein relativ, *autonomi*. Eg er ikkje meir humanist og filolog enn at eg kan anerkjenne den tause kunnskapen som ligg i kroppen vår, og som ein kanskje ikkje kan kommunisera med andre anna enn gjennom å spela med dei, til dømes tennis. Eller med naturen sjølv, til dømes på ski. Men dette det kroppslege er neppe nok åleine for å hevda denne delvise autonomien.³⁴ For å få tak i eigenarten ved idretten, som historikaren Matti Goksøyrl formulere det, må ein sjå på det kulturelle samspelet mellom kroppen og omgjevnadene. Omgjevnader bør då forståast i vid forstand: både naturen, samfunnet, teknologi, dei ulike idrettsgreinene, og tradisjonane desse inngår i. Ei kvar idrettsgrein kan ha si historie å fortelja.³⁵

Og endeleg: Eg synest amatør-tanken er høgst interessant, historisk sett. Eg var del av det norske landslaget i langrenn då pengane fløynde inn for alvor; eg var sjølv profesjonell skiløpar omkring 1994. Men eg har ikkje noko sikte om å forsvara idéen som ein normativ storleik, eller gje han eit nytt liv i vår tid.³⁶

Disiplin eller fagområde

Ein kunne nok brukt mykje plass på å diskutera om idéhistorie verkeleg er eit eige fag, altså ein eigen disiplin med eigne metodar og spesifikt kunnskapssyn, eller kanskje snarare berre er underlagt historiefaget som eit særmerkt område eller spesielt interessefelt, slik som økonomisk historie, sosialhistorie og kulturhistorie gjerne er greiner på den større stamma.

³³ Dette utelukkar sjølvsagt ikkje at ein kan møta historia mi med eit kjønnsperspektiv, eller for den del med feministisk lese-måte. Til dømes: Var amatør-idealet maskulint på nokon måte? Kvifor tala ein ofte om ein god «sportsmand»? Eit opplysningsperspektiv på korleis kjønn, både sosialt og fysisk forstått, er blitt fortolka og skapt gjennom historia i Vesten, finst hjå Laqueur, 1990.

³⁴ Om dette med kroppen har mange tenkt glupare tankar enn meg; eg nemner raskt her Maurice Mearleau-Ponty (1908-1961), som tek utgangspunkt i kroppen i sin erkjeningsteori; Gunnar Breivik, no professor emeritus i idrettsfilosofi, som har gjort mange arbeid om kroppsmedvit, så som i ein artikkel i 2013; og Kenneth Aggerholm, for tida professor ved Institutt for lærerutdanning og friluftslivsstudier ved NIH, som i ein tidsskriftsartikkel frå 2016 (saman med Øyvind Standal). Meir generelt: Humaniora står ikkje nødvendigvis i vegen for å erkjenne at kroppen er vesentleg for både erkjening, liv og samfunn.

³⁵ Goksøyrl sitert direkte: «Uten å ta avstand fra at idretten har en vesentlig kroppslig side, en side som til og med er en nødvendig betingelse for at begrepet idrett skal ha noe mening, går det an å si at dette ikke er en tilstrekkelig betingelse. Kroppens kulturelle samspill med omgivelsene må innlemmes i en undersøkelse og forsøksvis tolkning av «idrettens egenart». Goksøyrl, 1998, s. 6. Henning Eichberg, i opphavet ein tysk historikar og kultursosiolog, som sidan samarbeidde med Korsgaard i Danmark, vil nok for sin del gå lenger; og seia at *han* bevega seg frå eit prestasjons- til eit kroppspargadime omkring 1980. Andre forskarar har kalla han eit «kroppsfundamentalist». Eit slikt perspektiv kan bety at dans og leik og mange andre kroppskulturar frå heile verda blir relevante forskingsobjekt, og ikkje berre det snevrare om prestasjon som nok omgrepet idrett oftast ringar inn. Sjå Eichberg et. al, 1998.

³⁶ Lat meg ha nemnt at slike normative verk finst – så som Lincoln Allison's *Amateurism in sport – an analysis and a defence*, frå 2001.

Eivind Tjønneland, lenge professor i nordisk litteratur og språk i Bergen, skriv for sin del at idéhistoriefaget i Norge knyter seg an til fire komponentar: filosofi- og vitenskapshistorie, kunsthistorie, teologi- og kyrkjehistorie og litteraturhistorie. Idéhistoria oppstår så gjennom ein «crossover» mellom minst to av desse fagområda, meiner han. Tradisjonelt har alle desse fagområda befatta seg med det ein gjerne kallar «høgkultur».³⁷

Eg følgjer derimot Per Strømholm, professor emeritus i dag, som sterkare insisterer på at idéhistorie er eit historisk fag. Enkelt deler han gjenstandsområdet i tre nivå: teoriar, ideologiar og mentalitetar – som i sum femner om heile «tenkningens historie», som han skriv. Teoriar er det mest uttrykte og distinkte og kanskje partikulære (så som etikken til Aristoteles), ideologiar er gruppebestemte, medan mentalitetar er det felles tenkesettet og dei kjenslene som ein heil epoke av menneske deler (jf «romantikken»). Med denne delinga tek han ut ein viss avstand til det noko overbelasta ordet «idé». Strømholm forstår også ideologi-omgrepet noko annleis enn vanleg er, og eg siterer teksten hans i så måte: «[det er] gruppespesifikke og partielle tenkesett som uttrykker virkelighetsbildene, interessene og verdiene til bestemte klasser, stender, partier, yrker, kjønn ol». Sjølv om han har med ordet «interesser» i dette sitatet, markerer Strømholm avstand frå synonymisering mellom 'ideologi' og 'klasseinteresse' i marxistisk forstand, og talar sånn sett oftare om gruppeoppfatningar enn gruppeinteresser.³⁸

Strømholm ryddar såleis vegen for meg; dels gjer han det lettare å granska idéar og oppfatningar i samanheng av idrett – som ikkje akkurat har blitt oppfatta som høgkultur i særleg grad. Og dels syner han ein veg utanom den slutninga som sosialhistorikarar tar litt enklare – frå idéar til implisitte sosiale klassar og tilhøyrande økonomiske og sosiale interesser *bakom*. Amatørskap som ideologi kan nok betraktast som middel i ein klassekamp, eller i det minste som uttrykk for ein konflikt mellom klassar i samfunnet, men å parkera ideologien eller omgrepet på denne måten, eller tømme det ut på det viset, er å begrensa potensialet i menneskevitskapen, rett og slett. Ikkje dermed sagt at alle dei slutningane av andre forskarar som eg nemnde i innleiinga, siktar mot ei slik total diskvalifisering av amatørromgrepet. Strømholm åtvarar uansett mot å tru at ein kan innta den fiks-stjerne-posisjonen der ein veit kva interesser og samfunnsgrupper ei spesifikk oppfatning tener – også når denne er tilslørt for «ideologiproduzenten» sjølv. Det finst aldri eitt perspektiv som åleine kan tømme ut tydinga av

³⁷ Tjønneland, 2004, s. 50.

³⁸ Sjø Strømholm 1991, side 11. Amatørideologien eller amatørismen i tråd med dette omgrepet ha pretensjonar om å vera overtydande for andre enn den gruppa han sprang utifrå, og innheld både argumentative og normative element attåt det meir deskriptive.

ei menneskeleg ytring eller handling. Dette er eit ontologisk og epistemologisk grunnvilkår for jordiske skapningar.³⁹

Heilt til sist her innleiingsvis: etter Strømholm nyttar eg også ei anna tredeling; mellom omgrepa 'teori', 'metode' og 'teknikkar'. Teori eller fagteori er dei grunnleggjande føresetnadene, alt som det som gjev ein vitskap kontur og eigenart, det som fortel oss kva vi studerer, kva kunnskap vi kan vona på og kva denne kunnskapen, «eventuelt» skriv Strømholm sjølv, har å by på.⁴⁰ Omgrepet 'metode' famnar dei ulike formene for fagleg praksis; dei moglege måtane å stetta målsetjingane i faget på. Strømholm opererer også med termen «teknikker», som for han er dei heilt konkrete midla og reiskapane som står til disposisjon for gjennomføring av metodane, altså eit tredje nivå. Utan å eksemplifisera det sjølv, tenkjer han kanskje på slike ting som oppsøking av arkiv og ulike typar kjeldesøk. Eg forstår såleis «metode» som dei framgangsmåtane som er med å kvalifisera forskinga og kunnskapen til vitskap, medan teknikkane er eit endå meir handverksmessig nivå – som likevel fordrar systematikk og refleksjon. For meg, i denne avhandlinga, handlar det framfor alt om digitale kjeldesøk.⁴¹

Kapittel 2. Diskursanalyse

Alt det eg no har fortalt om idéhistoriens gjenstandsområde og grunnlagsspørsmål, saug ikkje Per Strømholm og dei andre norske lærarane frå sitt eige bryst, som det heiter. Og eg baserer meg heller ikkje utelukkande på han i den teoretiske orienteringa mi. Frå fransk språkområde står Michel Foucault som ein vesentleg premissleverandør for kva idéhistorie kan vera, og har vore i mange land, også i Norge.

Grovt, frykteleg grovt, kan ein seia at Foucault var oppteken av vitensfelt eller vitensproduksjon. Det vil litt meir innvikla seia korleis den kunnskapen menneska samlar seg på ulike område, så som i psykiatrien, i fengselsvesenet og i kriminologien, og for den del i biologien og i idrettsvitskapane, er bestemt av nokre ordnande element. Desse ordnande eller konstitutive elementa – i form av taktikkar, diskursar og institusjonar, mellom anna – syner ikkje åleine til sanningsgehalten i vitskapane, men og til den maktutøvinga som kunnskapen kviler på. Kriminologien samlar mykje viten om dei som er lukka inne i fengsel; psykiatrien

³⁹ Jamfør igjen Strømholm, 1991, heile del I («Teori»).

⁴⁰ Strømholm, 1991, s. 24.

⁴¹ Strømholm, 1991, s.24.

om dei som er, eller var, stengde inne i galehus og dårkister.⁴² Dette institusjonsperspektivet kan altså tyda på at kunnskapen vår, så vel som annan historisk tenking, er innskriven i både makt- og disiplineringsstrategiar.

Diverre kan eg ikkje fransk. Den produktive professoren Espen Schaanning er den som aller mest har formidla tankane til den meritterte filosofen og historikaren på norsk, og vore inspirert av Foucaults kunnskapsperspektiv i forskingsarbeida sine; eg lener meg på han i den følgjande framstillinga. Den gjennomgåande metoden eller intellektuelle tilnærming til Foucault var å gjera «innhogg» i ulike etablerte vitensfelt meir enn å fortelja den evolusjonære og framoverskridande historia liksom innanifrå. Foucault synte a) at desse «vitskapane» hadde eit kanskje ukjent, og definitivt mangfaldig og såleis ureint opphav, eller b) at kunnskapen og sanninga i eit vitensfelt for berre stutt sidan var bestemt av andre teknikkar, diskursar og institusjonar. A) kan kallast *opphavstraderingsanalyse* om vi følger Schaanning, og b) kan setjast på fellesnemnaren *systemkontrastering*. Foucault sjølv tala om genealogi og arkeologi som vel tilsvarar desse tilnæringsmåtene langt på veg.⁴³

I sum: Vitskapen kviler ikkje berre på sanningsgehalten og dei gjennomtenkte metodane sine, som på visse *praksisar* som vi kallar vitskaplege. Historia syner at vitskapen har røter i heilt andre og gjerne motstridande vitensdisiplinar, eller at han kunne vore radikalt annleis.

Denne teoretiske premissen er gyldig for langt fleire enn Per Strømholm; Espen Schaanning er nemnt. Erling Sandmo, ein framtrudande norsk historikar (som døydde altfor tidleg), knytte seg aktivt an til Foucault i doktorgraden sin. Oskar Solenes, som forsvarte avhandlinga si om barneidrettsdiskursar ved NIH i 2009, bygde på Foucault. I det heile teke var, og er, den franske historikaren og filosofen ein nøkkelfigur i den språklege vendinga i humaniora, like så mykje som Hayden White, og tysk omgrepshistorie.⁴⁴

Premissen gjeld for meg også. Eg drøyer ikkje om å skriva den eine sanninga om norsk amatøriddrett, gjeve alle dei moglege perspektiva som ein kan leggja an på han, og gjeve det endå meir grunnleggjande faktumet at tilnærminga mi er bestemt av den epoken og det vitskapspraksisen som rår i Norge og på NIH omkring 2020. Kva betyr så det, i konkret vitskapleg praksis? Det tyder *ikkje* at ein kastar totalt vrak på ein sanningsambisjon – innanfor den epoken og kulturen som ein er ein del av. Eg søker å skriva sant innanfor den vitskaplege diskursen og det vitensfeltet som eg no er del av. Krava til vitskapleg kunnskap – at han skal

⁴² *Galskapens historie* er eitt døme på kva Foucault gav ut i så måte, eller *Galskapens historie i opplysningens tidsalder*, som den heile tittelen er på norsk, første gong gjeven ut i 1973, her i utgåve frå 2001 – med føreord av Erling Sandmo.

⁴³ Schaanning, 2000, s. 15. Schaannings doktorgradsarbeid – i to band og over 1200 sider – handla om Foucaults vitskaplege teorifundament og gjennomgåande metode, slik Schaanning oppfatta han. Eg har også hatt nytte av kritisk gjennomgang av Schaannings framstilling som finst hjå Lillebø & Mortensen Vik, 2009.

⁴⁴ Sandmo, 1999; Solenes, 2009. Sjå også Solenes, 2010.

vera etterprøvbar, transparent, open for diskusjon – er kulturelt bestemte, men ikkje difor tilfeldige og heilt vilkårlege. Objektivitetskravet, slik til dømes Thomas Krogh formulerer det, viser veg for meg, som nemnt.⁴⁵

Ein kan snarare lata seg bli *skjerpa* av den skepsisen som Foucault synte til etablerte vitensfelt. Heilt konkret: kunne drøfta kritisk den plassen som samanhengsskapande omgrep og metaforar gjerne har i historie- og idéhistoriefaget. Kan ein så enkelt tala om tradisjonsomgrep som «innflyting» og «påverknad», og «utvikling» og «evolusjon», og meir synkront orienterte omgrep som «ånd». Foucault spør sjølv om nettopp dette. Og han held fram:

Vi må sette spørsmålstejn ved disse forhåndsskapt syntese, disse grupperingene som vi vanligvis godtar før de er undersøkt, disse forbindelsene hvis gyldighet er anerkjent fra første stund; vi må fordrive alle de dunkle formene og kreftene vi vanligvis benytter for å sette menneskenes diskurser i sammenheng med hverandre; vi må jage dem vekk fra skyggene hvor de hersker. Og i stedet for spontant å la dem gjelde, akseptere, av metodologiske hensyn, at vi i første omgang bare har å gjøre med en mengde spredte begivenheter.⁴⁶

Var amatørismen verkeleg «en frukt av sportens framvekst i en spesiell sosial sammenheng», som Finn Olstad skreiv? Med metaforen frå botanikken på lur? Eller slik Allen Guttman spente eit endå større lerret bakom seg – og hevda at amatørregelen stamma «dels frå middelalderlege omgrep om sosiale hierarki, dels frå renessanseidealet om hoffmannen, dels om klasseforhold i samfunnet på 1800-talet» (med mi omsetjing). Foucault får ein til å sjå på desse påståtte samanhengane av «medieval conceptions of sosial hierarchy» og «from the Renaissance ideal of the courtier» og «the class relationships of nineteenth-century society», for no å sitera Guttman på amerikansk, med større skepsis. Heng desse ulike diskursane verkeleg så godt i hop, kan ein spørja med han in mente. I det heile kan Foucault gje ein viss vaksine mot dei store altomfattande forteljingane, som ligg i omgrep som ‘modernitet’, ‘sivilisering’, og for så vidt ‘sportifisering’.⁴⁷ Dette må i neste omgang gjelda meg sjølv også – slik at eg ser på mine egne kontinuitetsskapande og syntetiserande metaforar med kritisk blikk.

Legitimeringa av kunnskapen blir dessutan ein noko annan når ein tek dette vitenskapssynet inn over seg. Filosofihistorikaren Ouentin Skinner har føreslått undring, og

⁴⁵ Ein annan måte å ringa inn det vitskapelege ved kunnskap er å tala om dygder. Dei epistemiske dygdene eller verdiane er då *aktsamheit, nøyaktigheit, sannferdigheit*. Melve og Ryymin, 2018, s. 17, s. 23 og s. 218.

⁴⁶ Foucault, 2009, s. 143. Dette frå norsk omsetjing: opphavleg del II av («Les régularités discursives») i *L'archéologie du savoir* (1969), forlaget Gallimard.

⁴⁷ Guttman, 2004a, s.31-32.

samband med det annleis livet som folk førte i fortida, som eitt mogleg forsvar for humaniora. Dette må eg få koma tilbake til – heilt til slutt.⁴⁸

Frå Foucault, om rett nok ikkje berre av han, har mange vitskapar arva omgrepet diskurs, og teke i bruk mange variantar av *diskursanalyse*. Schaanning komprimerer tydinga av «diskurs» til korleis det blir skriva og tala innanfor eit fagfelt, og rettar det dels mot menneskevitskapar, dels mot institusjonar som i Foucaults perspektiv nettopp produserer kunnskap om menneska ved å gjera noko for eller med bestemte individ, og nemner sjølv skular, barnehagar, universitet, sjukehus, asylmottak og fritidsorganisasjonar.⁴⁹ Espen Schaanning har til dømes gjeve ut ei bok om speidarrørsla i Norge som han kallar diskursanalytisk i metoden sin. Frå han igjen har eg arva eller lånt omgrepet ‘strategar’ – som er å forstå som sentrale aktørar og leiarar og meiningsprodusentar – om til dømes speiding. Av desse strategane kan ein så lesa og tolka kva ideal og normer og meiningar dei uttrykte, «disse aktørenes *forestillinger* om speiding», som Schaanning sjølv skriv og kursiverer, dette utan å implisera eller forlova seg til å måtta seia korleis speidinga gjekk føre seg i ulik og konkret praksis.⁵⁰

Eg skal likevel ikkje «ta i bruk» Foucault eller «diskursanalyse» på den grunnleggjande måten hans, sjølv om eg baserer meg på kunnskapssynet hans, og involverer omgrepet diskurs noko i omtalen av korleis ulike fag og kunnskapstradisjonar synest å tala og skriva om idrett på, så som juristane eller medisinarane. Eg har late meg inspirera av ein annan idéhistorisk tradisjon i metodisk tilnærming, vel så mykje.

Kapittel 3. Omgrepshistorie

I tysk samanheng er idéhistorie lett å forbinda med dei imponerande mange banda av *Geschichtliche Grundbegriffe: Historisches Lexikon zur politisch-sozialen Sprache in Deutschland*, redigert av Otto Brunner, Werner Conze og Reinhart Koselleck i åra 1972 til 1997. Noko stuttare kan vi tala om omgrepshistorie på norsk.

Det er tilsynelatande tale om lange linjer og heftige diakrone perspektiv i dette leksikonet. Mange av dei om lag 136 omtala grunnomgrepa tek sats i antikken ein stad, oftast i

⁴⁸ Sjå Skinner, 2009, s. 58. Sjå også Ekström & Sörlin, 2012, om verdien av humanistiske fag meir generelt.

⁴⁹ I arkiva hjå Norges idrettsforbund (NIF), og før det Norges Landsforbund for Idrett (1919-1945), er det endeleg mange interessante boksar om ulike utøvarar og leiarar i norsk organisert idrett som er blitt avhøyrd og dømde og i andre tilfelle frikjent for å ha brote amatørbestemmingane. To kjende namn med tjukke mapper er Charles Hoff og Ivar Ballangrud. Sjå NIFs eige arkiv på Idrettens hus på Ullevål Stadion, boks 24-26. Det finst også skjema her for korleis idrettsutøvarar kunne søka tapt arbeidserstatning for til dømes landskampar i fotball, og det finst dokumentasjon av kva fotballspelarar som har søkt om å få amatørskapen tilbake, og kvifor dei ønska det, og kva profesjonell idrett dei hadde drive med.

⁵⁰ Schaanning, 2015, s. 4.

den aristoteliske eller klassisk-romerske, eller i den kyrkjelege eller humanistiske tradisjonen. Døme er adel, arbeid og antisemittisme, for å ta bokstaven «A» her.⁵¹

Forskyvinga i merksemd frå 'idé' til 'omgrep' er eit viktig poeng i seg sjølv: Det røper ei orientering om språket sjølv, slik ein finn det i alt frå leksikon til politiske traktatar, og den konteksten som ord blei til i, og den meininga dei fekk av det. Idear finst ikkje i dette historiske leksikonet uavhengig eller bortanfor språket som ein eller annan ideologi eller doktrine eller produktiv eining – her tenkjer eg på den nemnde idéhistoriske tradisjonen etter amerikanaren Arthur Lovejoy – som idéhistoriefaget liksom skal løfta fram. Særleg Koselleck var også oppteken av korleis desse grunnomgrepa blei *faktorar* eller direkte politiske kampmiddel, altså korleis orda og språket greip inn i og prega den seinare historia, i det han kallar (og samlar seg mest om), «die moderne Welt». Omgrep både samla folk og omgrep splitta folk. Den tyske omgrepshistoria er for seinare historikarar såleis del av den språklege vendinga i humaniora.⁵²

Koselleck & co. meinte ikkje å laga leksikon om kva (tusenviis av) omgrep, eventuelt også *ord* etter sonderinga hans, som tenkjast kan. Alt den lange undertittelen vitnar om ein ambisjon om å skapa samanheng mellom sosialhistorie og omgrepshistoria. Reinhart Koselleck ønska for sin del å kunna forklara endringar, og ikkje minst om kva erfaringsrom eller tidshorisontar som finst i grunnleggjande omgrep. Tenk på omgrep som 'revolusjon' og 'kommunisme': I moderne tid inneheld dei ein eigen motiverande dynamikk og forventing om tid.⁵³

Sjølv om ikkje utrykka «kropp» eller «turn» eller «amatør» finst å slå opp i den tyske omgrepshistoriske framstillinga, ser eg ingen prinsipielle motførestillingar mot å forstå eller å bruka delar av tilnærmingane til den tyske *Begriffsgeschichte* i samanheng av idrettshistorie.⁵⁴ Dels er eg blitt oppmuntra til å gjera det av den antologien som Maria-Theres Federhofer og Hanna Hodacs gav ut i 2011, og den innleiinga som førstnemnde skreiv her. Tekstsamlinga deira samla sett tek for seg korleis *dilettanten* blei forstått i nordisk kunst og vitskap på 1700- og 1800-tal. Dilettanten som språkleg tankefigur bidrog meir til utviklinga og moderniseringa av mange kunstretningar og vitskapar enn ein vanlegvis tenkjer. Federhofer meiner dette omgrepet er eit nøkkelomgrep i Kosellecks forstand, dvs. omgrep som han meinte ber eit janusandlet ved at det/dei a) bakoverskodande viser til saksforhold som utan kritisk kommentar

⁵¹ Brunner, Conze & Koselleck, 1974, s. XXVI, «Einleitung».

⁵² Brunner, Conze & Koselleck, 1974, s. XIV, «Einleitung». Sjå og Jordheim, 2001, s. 79-84 og Müller, 2014, s. 77.

⁵³ Koselleck, 2004, s. 80.

⁵⁴ Dei grunnleggjande omgrepa som *Begriffsgeschichte* søkte, hadde nok ein viss elitistisk og altfor akademisk tendens i utvalet og i utforming. Sjå til dømes kritikken til Müller, 2014, s. 88. Men - eit ganske ferskt, og flott, og sånn sett triumferande døme på bruk av omgrepshistorie ved NIH, er avhandlinga til Iver Mytting (2021), som tek for seg korleis Osloområde voks fram som friluftsområde og park-omgrep.

eller forklaring er nærmast uforståelege for oss, og b) framovervendt og vendt mot oss; og her siterer eg han på tysk: «haben sie Bedeutungen gewonnen, die zwar erläutert werden können, die aber auch unmittelbar verständlich zu sein scheien». Altså: Dei nye forståingane er ikkje berre forklarlege, men synest også umiddelbart forståelege. Enkelt illustrert: Ingen har vel lyst å bli kalla dilettant i dag. Federhofer talar såleis om «dilettantismens potensial» og «dilettanismens janusansikt». Som eg skal koma tilbake til, var dette ordet «Dilettant» i si tid å forstå synonymt med ein «Liebhaber» – og oftare i norsk offentlegheit ein «Amateur». Alle desse termene var meint i positiv forstand på 1700-talet.⁵⁵

Og dels kan ein også hevda at det alt er blitt gjort eller i alle fall begynt på i samanheng av idrett, i artikkelen som Arne Nytrø skreiv i *Norsk Idrettshistorisk årbok* i 1989, ei innholdsrik årbok som berre fekk denne eine årgangen. Her tok han for seg tydingsutviklinga til ordet «friidrett», og kampen mellom den engelske og tyske kroppskulturen som låg i eller bakom denne overleveringa, slik han oppfattar det. Lett kunne det vore utvikla av Nytrø, trur eg, korleis termen (ulike samanstillingar av «fri» og «idræt») og omgrepet (ulike tydingar av fri og idræt) sjølv greip inn i denne kampen. Ein annan ting er om empirien så eintydig støttar denne tydelege kulturkampen mellom det tyske og det engelske som Nytrø ser for seg.⁵⁶

Omgrepshistorie kan forståast så enkelt som ein metode. Som Helge Jordheim skriv: «som en framgangsmåte som vi kan bruke når vi arbeider med tekstene som utgjør kildematerialet vårt».⁵⁷ Ein tek då gjerne utgangspunkt i ord og dei omgrepa som dei impliserer, og altså ikkje i (spesielt verksame) idear som ein har etablert før ein ser på tekstane, så som «the great chain of being». Grammatikalsk sett vil ein ofte starta i ordklassen av substantiv, og med auga for dei synonyma eller semantiske felte som dei så å seia aktiverer. For meg gjeld det såleis «amatør» og «amatørisme» og tilhøyrande substantantiv som «Dilettant» og «Liebhaber» og kanskje «Sportsmand» og «Skiløber».⁵⁸

Dette kan høyrast rimeleg banalt ut, men styrken til denne idéhistoriske metoden, som den same Jordheim også skriv, er at han opnar for mange ulike typar tekstar; alt frå byråkratiske tekstar til instruksjonsmanualar og høgt verdsette verk i historie og filosofi er like gyldige. I idrettshistorisk forskning kan både (offisielle) arkiv etter Centralforeningen, regelverka til ulike

⁵⁵ Siteret etter Federhofer & Hodacs, 2011, s. 13. Sjå også side 11 same stad.

⁵⁶ Nytrø, 1989. Løp og kast og hopp blei for så vidt drive i Norge før «Tjalve-foreningen til Fodløpidrættens Fremme» blei stifta i 1890. I 1890 tok denne idrettsforeininga initiativ til å danna eit forbund dei ville kalla Norsk Idrætsforbund (stifta seinare, i 1896). I 1906 slo dette forbundet seg saman med Norges Turn- og Gymnastikforbund, og først i 1925 blei namnet gjort om til Norges Fri-Idrettsforbund, etter påtrykk frå paraplyorganisasjonen Norges Landsforbund for Idrett.

⁵⁷ Jordheim, 2017, s. 39.

⁵⁸ «Dilettanten» og «sportsmanden» blir nemnt til dømes hjå Goksøyr, 1991, s. 158.

særforbund, idrettstidsskrift og norske aviser, lærebøker i idrett, årbøker, biografier, leksikon og meir generelle oppslagsverk, romanar og dikt, teikningar og skulpturar, *alle* vera relevante dersom ein leitar etter tydinga amatøridealet hadde i norsk organisert idrett.

Ein annan styrke som Jordheim peikar på, ligg eigentleg meir på det teoretiske, postulerande planet. Konsentrasjonen om omgrep, meir enn om dei bakomliggjande ideane, gjer at ein leittare ser at historia er mangesidig og omskrifteleg og full av brot og diskontinuitetar, ja, at ein må like mykje snakka om «historier» som «historia», eventuelt med stor forbokstav.⁵⁹

Om dette er ein styrke, kan sjølvstund diskutert. Kanskje skal ein heller seia det er ein premiss ved metoden, meir enn at ein skal drista seg inn i så kraftige normative slutningar. Svakheita ved denne metoden, eller skal eg like mykje seia faren ved omgrephistorie på denne måten, er at ein leitar berre etter det ein ønskjer å finna. Dermed hoppar ein bukk over dei moglege tekstane og kjeldene som kanskje avkreftar at til dømes amatøreren var ein viktig tankefigur i norsk konkurranseidrett – ved at dette ordet, eller omgrepet, faktisk ikkje finst der. Generelt skal eg forsøka å vakta meg for å få hypotesene enkelt berre *stadfesta*.

Eksplisitt og implisitt

Ein bør minna seg om, tenkjer eg, at ord og omgrep, på eit språkanalytisk plan, ikkje er det same. Eg synest ikkje at eksempelvis at Jordheim er tydeleg nok på dette punktet, eller for den del Koselleck sjølv. Éin ting er nemningar og termar, som nemnt, ein annan er betydningsinnhaldet, som kan variera enormt. I ei framandordbok som kom ut i Norge i 1851, heitte det om uttrykket «Amateur», i parentes «Amatør», at det var ein «Kunstelsker». Like eins var «Amatrice» ei «Kunstelskerinne». «Amateur» og «amatør», «amatrice» og «amatrise», og fleirtalsformene av desse hankjønns- og hokjønnsst substantiva, er å forstå som uttrykka eller orda, språkanalytisk sett. 'Kunstelskar' er då å forstå som innhaldet i uttrykket, tydinga av ordet; omgrepet med eitt ord.⁶⁰ Les ein så i Norsk Idrætsblad frå 1900 (18. årgang), heiter det i ein nekrolog om dr. Lorentz Grieg frå Bergen at han var amatør i ordets beste betydning, og endå meir konkret: «Interesserne var alsidige, kroppen harmonisk.» Tydingane synest her, mellom 1851 og 1900, i alle fall ved første augekast, så ulike at ein kanskje ikkje talar om same omgrep

⁵⁹ Jordheim, 2017, s. 38; Müller, 2014, s. 80.

⁶⁰ Lingvisten Ferdinand de Saussure skilde meir raffinert mellom «langue» og «parole», og «signifiant» og «signifié». Dette tyder ikkje at eg meiner forholdet mellom ordet og omgrepet er totalt tilfeldig, og at det ikkje har noko for seg til å studera til dømes etymologien til eit ord, så som den latinske rota «amare» når det gjeld omgrepet 'amatør'. Saussure meinte nok heller ikkje dikotomiane så bokstavlege at ein kunne sjå bort frå det historiske ved ord. Språk åleine er ikkje alt. Sjå gjerne Riiser Gundersen og Jordheim om Saussure, 2008, s. 12-15. Det er heller ikkje utan tyding at ein nytta både hokjønns og hankjønns i framandordforklaringa i 1851: Det *kan* tyda at amatørerfiguren gav kvinnene eit nytt rom i offentlegheita, som utøvande musikkarar, til dømes. Sjå Hansen & Autenrith, 1851, s. 12. Sjå også Jordheim, 2017, s. 47.

eller nokon samanheng i det heile. Kva er samanhengen mellom å elska kunst og å ha ein harmonisk kropp? Bruksområdet for ordet har forskyvd seg, som jordplater, kunne ein kanskje tenkja. Eller at omgrepet har late seg vatna heilt ut, som ei isflate som har lege lenge nok i vatnet, viss ein skal følgja tvilen til Foucault.⁶¹

Koselleck skriv då også sjølv at det faktum at eit ord har vore i konstant bruk er ikkje i seg sjølv noko tilstrekkeleg indikasjon på at den substansielle meininga i det har vore stabil.⁶² Kva han legg i det med *stabil meining*, kan nok tolkast ulikt, men eg forstår det dithen at det same ordet kan bli brukt til vidt forskjellige ting. Eg har i alle fall lyst å leggja til dette: Tenk på uttrykk som «demokrati», «terrorisme», eller «miljø», eller løysenordet for så vilt mange slags strategiar og søknader og politikkar omkring år 2020: «berekraftig». Går det an å skriva omgrephistorie om dette adjektivet? Som ord har berekraftig blitt eit velukka virus, som omgrep har det gått nærmast uendeleg inflasjon i det.⁶³

Jordheim skriv kanskje litt i mot seg sjølv at ein må vera open for at viktige og reelle omgrep ikkje alltid finst nedfelt som faktiske språkteikn og bestemte ord i konkrete tekstar. Dette er viktig; her følgjer eg han fullt ut. Og eg skal leggja det til grunn i arbeidet mitt – at ein ikkje åleine treng følgja utviklinga eller spreinga av eitt bestemt ord. Eg *skal* rett nok følgja bruken av ordet «amatør» – i dei tydingane og dei samanhengane av idrett og dei endringane som dette ordet stod i, særleg i Norsk idrætsblad. Men eg skal også etablere eit tentativt omgrep om amatøreren i idretten, som eg så skal studera om kjeldene mine var opptekne av, ja kan henda også tydeleg prega av, og som dei sjølve prega, og *utvikla*. Omgrepet er deira, og ikkje mitt. Her har eg funne dugande reidskapar av den britiske sportshistorikaren Richard Holt, utifrå dei empiriske granskingane og framstillingane hans av 1800-talet i Storbritannia, og eg skal gå nærare inn på kva moglege dimensjonar ein kan leggja til grunn for amatørromgrepet i idrettssamanheng, i parten (3) om den etablerte forskinga. Stikkordet er *haldning*, aller snarast sagt. Eg skil såleis mellom om eit *eksplisitt* og eit *implisitt* amatørromgrep i dei tekstane eg les. Det eksplisitte er då dei stadene der amatørordet, evnt det tilhøyrande «amatrise», eller det godt mogleg synonyme «liebhaber» og/eller «dilettant» *faktisk* blir brukt, medan det implisitte her tyder at amatørfiguren og det tilknytte haldnings-elementet er underforstått, eller fungerer som føresetnad for det aktuelle synspunktet eller resonnementet, eller er i ferd med å bli formulert;

⁶¹ N.Idrbl., 1900, nr 43, s. 509 (forsida).

⁶² Koselleck, 2004, s. 82.

⁶³ Dermed avviser eg ikkje at forsøksvise omgrephistorier om berekraft, så som boka Holden og Linnerud kom med i 2021, *Berekraftig utvikling. En ide om rettferdighet* ikkje har noko for seg. Løysinga til Brunner, Conze og Koselleck for omgrepet demokrati, var å tala om både framhald, endring, og nyskaping i samband med dette konkrete omgrepet. Sjå Koselleck, 2004, s. 84. Koselleck skilde for sin del meir pragmatisk mellom ord og omgrep som forskjellen mellom dei omgrepa som ikkje hadde vesentleg historie og tyding, og dei som hadde, eller rettare sagt har, viktig samfunnsmessig funksjon. Konteksten vil då vera avgjerande for denne sonderinga.

halvvegs, hastig, kanskje i forbi parten i eit idrettsreferat. Eg nyttar også ordet «amatørrelevant» for slike implisitte samanhengar.

Ordet «amatørrelatert» bruker eg om noko fjernare tematikkar som skrensar borti, eller synest å slekta på desse spørsmåla «mine» om haldning, altså om karakter, og stil, og motivasjon, for no å bruka eit moderne ord. Inndelingar i klassar i konkurransesamheng kan tena som eitt døme her, og andre stader diskusjonar for eller i mot sjølve konkurransen.

Som eg også skal kommentera i delen med Holt, og seinare, *kan* dette «det implisitte» skapa visse utfordringar i å avgrensa omgrepet frå andre tematikkar og problematikkar. Dersom *det å ta del* kan seiast å vera i ein grunnverdi i amatørismen, for no å måtta føregripa drøftingane her, har ein kan henda gravd så djupt at ein impliserer tankesystem som truleg står ganske på sidelinja av amatørforestillingane, så som den svenske gymnastikken etter grunnleggaren P.H.Ling (1776-1839). Eg må få koma tilbake til dette, og til nødvendige slektande presiseringar, i drøftinga av rørslekulturane på siste del av 1800-talet (part 6).

Ei anna innvending kan gjelda forholdet mellom omgrep/Grundbegrippe i tradisjonen etter Koselleck, så som eg har dyrka det her, og det ein kan nemna, i ein eller forstand, som *ideologi*. Kan ikkje amatørisme, som etter den allereie nemnde Strømholm, definerast som gruppespesifikke oppfatningar og ideal (om høvvisk idrett), og kanskje i idealtypiske skildringar, i tradisjonen etter Max Weber, nyttast som metodisk grep? Eg har like lite i mot dette som eg har mot diskursanalyse i ein eller annan forstand, men eg trur likevel at omgrepshistorie er det som passar materialet mitt best, eller i alle fall er det som eg har late meg inspirera mest av. Både med diskursanalyse og med weberske idealtypar har eg kjensla å trekka empirien for mykje tter håret: I det første tilfellet å leita etter makt- og disiplineringsperspektiv; i det andre å gjera ideologien meir fastømrå og gjennomtenkt som læresystem enn han var sjølv for dei ulike idrettsstrategane.

Gegenbegriff

Skiljet mellom implisitte og eksplisitte førestillingar er mine egne analytiske reidskapar, det bør seiast. Ein annan måte å skjerpa forståinga av amatøreren i dei ulike historiske avsnitta på, er å sjå og eit stykke på veg definera han i lys av kva som blir forstått som *motsetninga* til han. Amatøren var ofte ei norm og eit ønskje som føresette eit (uønskt) motstykke: Ein ville unngå noko ganske bestemt, like mykje som ein ville oppnå noko heilt bestemt. Også her kjem omgrepshistorikarane og Koselleck stoffet mitt til unnsetning – med omgrepet *Gegenbegriff*.

Historiske grunnomgrep, slik han oppfattar dei, får gjerne meininga si i relasjon til, eller i opposisjon til, eller i direkte konfrontasjon med andre omgrep.⁶⁴

Historisk endring

Eg har i det ovanstående omkring omgrepshistorikaren Koselleck og med fortolkaren hans Jordheim teoretisert mest på det vi kallar det synkrone nivået – den nokolunde samtidige bruken og forståinga av ord. Det dømet eg nemnde ovanfor, tydingsspranget av «amatøren» frå kunstfeltet i 1851 til idretten i år 1900, kan i teorien også fortelja om ei relativt rask *utviding* av bruksområdet for ordet, meir enn ei total forskyving. Stod då desse kulturområda i kontakt med kvarandre på nokon måte, kan ein spørja seg, eller skjedde bruksendringa på bakgrunn av andre impulsar? Kan ein forstå amatør-omgrepet i norsk idrettssamheng utan å dra inn kontakten med andre land – der dette omgrepet kanskje kom i frå? Og kva med sosiale og maktmessige forhold der ‘amatøren’ først blei fremja som eit ideal, slik som forskarar alt har vore inne på? Meir generelt og teoretisk tematiserer dette kor vidt ein kan skriva vettug omgrepshistorie utan å ta inn det diakrone perspektivet. Sa eg ikkje i stad at omgrepshistorie hadde auga for dei lengre linjene?

Tradisjonelt har idéhistoria vore oppteken nettopp av dei veldig lange linjene, og dei skarpe brota. Jordheim er open for begge delar, for både kontekstualisering i ein konkret historisk situasjon eller periode, der ein søker å forstå kva bestemte omgrep tyder, og dei diakrone samanhengane omgrepet høyrer heime i. Eller som han sjølv skriv: «hva slags lengdesnitt det er mulig å foreta for å forstå mer av hva slags historisk «indikator» og «faktor» akkurat dette begrepet har vært, og hvordan det har bidrege til å beskrive og skape historisk endring.»⁶⁵ Kursiveringa er mi.

Indikator syner her til eit omgrep om mogleg symptom eller diagnose (biletleg forstått) for ein bestemt periode, medan faktor syner til at visse omgrep også har vore med å skapa og endra historia. Kanskje eit omgrep har staggja materielle endringar, eller det har skunda på sosiale og kulturelle prosessar. Dersom *fattigdom* er gjeve av Gud, er det ikkje så mykje menneska skal eller kan gjera med det. Og dersom *Oslomarka* blir ringa inn som omgrep, og synleggjort og tilgjengeleggjort med skilt og stigar, for å ta eit døme nærare norsk

⁶⁴ Koselleck, 2006, s. 6, 81, 101. Eit heilt konkret døme her, s. 176: «Gegenbegriffe sind geeignet, die Selbstbestimmung einer Handlungseinheit, das wir gegen die anderen nicht nur zu artikulieren, sondern als Unterscheidungsmerkmal festzuschreiben.» Enkelt gjenfortalt kan motsetningsomgrep forståast som, og fungera som, handlingsmotiverande fiendebilete.

⁶⁵ Jordheim, 2017, s. 41.

idrettshistorie, kan det tenkjast at denne delen av skogen på Austlandet blir oppfatta som eit særskilt sårbart og i alle fall verneverdig friluftsområde.⁶⁶

Knut Kjeldstadli er ein norsk profilert historikar som har *problem* med veslebroren idéhistorie på dette punktet av forandring. Han meiner den språklege vendinga har ført mykje bra med seg i mange fag, men at delar av denne retninga strevar med å forklara historisk endring. Han skriv at ho blir «en blindgate om den ikke fører videre til en sosiokulturell teori om praksis og om samfunn.» Eg oppfattar at han etterlyser spørsmål om og gransking av kva som kan *forklara* at eit omgrep endrar seg, kven (eller kva) som dreiv fram slik endringar og kanskje hadde interesse av det, og i neste omgang ein meir generalisert påstand («sosiokulturell teori») om tilhøvet mellom kulturen og samfunn rundt (eller under). Å til dømes berre registrera at ordet amatør har gått frå å bety noko svært positivt til å bli nærmast eit skjellsord, og når dette skjedde, høyrst jo rimeleg slapt ut – om det var ambisjonen til idéhistorisk forskning.⁶⁷

Adressaten til Kjeldstadli er uansett meir den lingvistiske orienteringa etter Ferdinand de Saussure (og språkteorien hans) enn det er Reinhart Koselleck og tysk omgrepshistorie, men det er element i denne tilnærminga som forblir uklare, same kor ambisiøst utgangspunktet var. Språkfilosofisk handlar dette om kor vidt omgrep kan endra seg, eller berre bruken av ord, og for historiefagets del om *Begriffsgeschichte* eigentleg kastar lys over forholdet mellom språk og sosialhistorie, og kanskje makt dimensjonen og konfliktane i ulike samfunn.⁶⁸

Éin ting er altså å registrera kontinuitetar og skildra endringar og brot. Ein annan ting er å *forklara* endring. Kva gjer idéhistorikaren med det? Kanskje skal ho stilla spørsmålet om kvifor dette eller hint skjedde, utan å forventa å få, eller måtta finna, så enkle svar. Per Strømholm åtarvarar mot *alle* former for reduksjonisme – der ein reduserer hendingar og handlingar og tekstar til kausale eller intensjonale storleikar.⁶⁹

Kven kan til dømes svara på kvifor Norsk idrætsblad kom til offentlegheita akkurat i 1881? Ligg svaret i redaktørens virkestrøng, eller i kva som gjæra av tankar i samtida, eller i trykketeknologi og kapitalistisk økonomi? Stod det ei kvinne bak redaktøren? Eller var den skjulte handa i marknaden? Omgrepsparet av *nødvendige* og *tilstrekkelege* årsaksforklaringar kan nok hjelpa og rydda drøftinga eit stykke på veg, men ikkje eigentleg, ikkje djupast sett. Ein kan ikkje visa til «alt saman», som om *det* var svaret. I ei kvar historisk framstilling, forstått som den forteljinga ho også er, må noko løftast framfor noko anna. Ein må *konstruera* det

⁶⁶ Her syner eg atter til avhandlinga til Iver Mytting frå 2021.

⁶⁷ Kjeldstadli, 2009, s. 42.

⁶⁸ Müller, 2014, s. 75.

⁶⁹ Han skriv han kunne ønskt at alle (!) historikarar kunne unngå bruk av termen «årsak». Strømholm, 1991, s. 45.

forgangne, og ein må velja ut ein høgst selektiv *versjon* av alt det som fanst, men som ikkje er her lenger og som ikkje har late så tydelege spor etter seg, heller. Elles blir forteljinga aldri god, eller for den del ferdig, eller for den del sann.⁷⁰

Omsetjingar

I sin djupare, kanskje eigentlege versjon, er *Begriffsgeschichte* lettast å forstå i den tyske konteksten sin. Særleg Koselleck var orientert mot samtida, og ønska som redaktør at alle omgrepsartiklane hadde ein utsynsdel. Ein heil del av motivasjonen hans, meiner Helge Jordheim, var rett og slett oppgjeret med nazifortida til Tyskland. Utdrag frå innleiinga hans kan tolkast som at han vona å gjera (delar av) omgrep framande ved å peika på dei fortidige erfaringane i dei, og at dette så skulle skjerpa medvitet og det politiske klarsynet for framtida.⁷¹ Andre har peika på at *Begriffsgeschichte* i sum likevel tillét ein ganske brei gjenbruk eller rehabilitering av nasjonale, og altså tyske, tradisjonar.⁷² Lat meg då, som aller snarast, gjenta eit prinsipp for min eigen del: Eg har ingen planar om å rehabilitera amatøreren som vegleiiande storleik for norsk idrett. Skal omgrephistorie kunna fungera fruktbart framover, må ein truleg få tematisert *omsetjingsproblematikken* ved omgrep meir enn Koselleck, Conze og Brunner klarte. Om dette er mange filologar samde, så som Helge Jordheim og tyske Jan-Werner Müller.⁷³ Den førstnemnde forskaren forklarar ganske pedagogisk om omsetjingsarenaen:

her kan vi finne ut når et begrep først blir introdusert til ett språk fra et annet gjennom oversettelse, og deretter kan vi undersøke hvilke betydninger den valgte oversettelsestermen bærer med seg fra før, og hvilke som følger med på lasset fra opprinnelsespråket.⁷⁴

⁷⁰ Her viser eg altså delvis til Hayden White, som gav ut boka *Metahistory* i 1973, der han analyserte djupstrukturen i ulike 1800-tals-framstillingar av historia. Han meinte ikkje nødvendigvis at all historieforskning er underlagt ein forteljestruktur med byrjing, middel og slutt, at framstillinga sånn sett må ha eit «plot»; han nemner de Tocqueville, Huizinga, Burckhardt som døme på historikarar som (iblant) ikkje underla framstillingane sine ein narrativ struktur, og han skilde sånn sett mellom det at dei likevel fortalde («narrated») historiene sine av det dei oppfatta som det verkeleg hende – og det å la historia sjølv stå fram med ein narrativ struktur («narrativize»), altså at akkurat desse ikkje tvinga det hende inn i forma av ei (eller anna) type historie. Jf. White 1980, s. 6-7. I neste omgang kan ein ikkje plassera Hayden White i nokon slags posisjon av universell relativisme, dvs. at all kunnskap og alle perspektiv er like gode, altså vilkårlege; han tok i seine år ein viss sjølvkritikk på bruken av omgrep som «fiction» i samband med historieforskning. Han meinte meir basalt at å fortelja historie er finna opp noko eller laga ein konstruksjon, basert på hypotesar. Sjå White 2014, s. xii-xiii.

Kva eg også baserer meg på, er at omgrepspar som *nødvendig og tilstrekkeleg*, eller for den del *underliggende og utløysande årsaker* etablerer ein modell om kva som driv samfunnet og menneska, som igjen berre er éin teori med rimeleg grad av overtydingsevne, og som ikkje kan seiast å vera evig, enn seia kunna dekkja alt. Røyndomen er enkelt mangfaldig, og tvetydig. Ein spade er aldri berre ein spade. I dette siste momentet skuldar eg mykje inspirasjon hjå Erling Indreide, og boka *Utdrag frå MISBRUK TRU DEN SOM IKKJE ER NOSTALGISK! med merknader*, frå 2003.

⁷¹ På tysk: «Ungewollte oder eigenmächtige Übertragungen gegenwärtiger Sinngehalte in vergangene Wortbedeutungen lassen sich überprüfen. Heute gängige Ausdrücke und Schlagworte werden in ihrer historischen Hintergrundsbedeutung erhellt. [...] Der Verfremdungseffekt durch vergangene Erfahrung mag dann der gegenwärtigen Bewusstseinsklärung dienen, die von historischer Klarstellung zu politischer Klärung führt.» Koselleck, 1974, s. XIV, «Einleitung». Sjå også Jordheim, 2017, s. 44 og 46.

⁷² Müller, 2014, s. 78.

⁷³ Müller, 2014, s. 76-77 og 88.

⁷⁴ Jordheim, 2017, s. 49.

Müller skriv for si rekning at vi treng fleire studium av omsetjingar og gjenbruk av omgrep, så vel som «feilomsetjingar» og misbruk, på engelsk «mistranslations and misappropriations».⁷⁵ Og akkurat her går han vel hakket for fort fram: Ein kan lett sjå for seg misforståingar i omsetjinga og omtolkinga av omgrep, og til og med «utvatningar» slik som eg har antyda, men «misbruk» føreset vel ein standard som historikaren ikkje har å dømme utifrå. Kanskje kan ein like mykje sjå etter *meirverdiar* som oppstår når eit omgrep blir forsøkt planta i ny jord – som då den engelske eller britiske sportsamatøren kan henda blei forsøkt sett om til norske forhold. Eller kanskje like så mykje: Då amatørfiguren blei «omsett» frå kunsten sitt domene til idretten si verd. For å avslutta med Koselleck sjølv: «Det er ein generell eigenskap ved språk at kvar av meiningane i eit ord når lenger enn den punktmarkeringa som ligg i bestemte historiske hendingar og avsnitt.»⁷⁶

Slik skal eg tenkja om amatørfiguren også. Eg skal *ikkje* sjå bort frå den hypotesen som Olstad fremja i si tid – at amatøren kom seglande nordover havet frå Storbritannia og delvis eller mykje hadde med seg ein klassesdimensjon derifrå, som skapte sine omsetjingsproblem. Men eg skal *også* sjå etter eller spørja om det ikkje alt låg ei tyding etablert for «amatøren», så som i kunst og i musikk meir bestemt. Sjølv ordet måtte sånn sett ikkje setjast om, endå om konteksten kom til å bli det. Ein amatør i samband med musikk spelte truleg fordi han var glad i instrumentet, og i melodiane. Kunne den tydinga bli forsterka når amatøren kom på ut på banen, bokstavleg tala?

Poenget mitt er ikkje at ein bør avvise *nokon* av desse kontekstane på prinsipielt grunnlag, men at ein underlegg dei eit nøyare empirisk studium, der dei mogleg mange begrunningane for amatøridealet i Storbritannia kling med, og den nøyaktige påverknaden på norsk idrett også blir underlagt empirisk prøving. Eg vil spørja kva idrett frå England som i så fall tente som spesiell norm, og om det fanst det andre internasjonale samanhengar og påverknader. Kva idrettar i Norge var spesielt opne for engelsk amatørorientering, og kva idrettar hadde sterkare nasjonale føringar på amatør tanken? Og kva meiningsnivå og valørar låg i den bruken av ordet som alt var etablert, i ein norsk og skandinavisk samanheng av kunst?

Førestillingar

⁷⁵ Müller, 2014, s. 77.

⁷⁶ Koselleck, 2004, s. 90, mi omsetjing.

Som overskrifta til avhandlinga alt røper, har eg falle ned på ordet «førestillingar» - som vegleiarande analytisk reiskap. I tråd med den idehistoriske tradisjonen eg knyter meg an til, *Begriffsgeschichte*, kunne eg vel, eller burde eg kanskje, like godt ha nytta uttrykket «amatøromgrep». Men med ein gong eg høyrer ordet amatøromgrepet, i den bestemte forma, tenkjer eg (og kanskje lesaren) på *eitt* omgrep, med nokså klare og skarpe grenser, og kanskje berre eitt nivå av tyding. Med fleirtalsforma «førestillingar» får eg tydlegare fram at det er tale om fleire ulike dimensjonar, eller nivå eller tydingslag, om ein no skal eller kan tala om *eitt* samlande amatøromgrep. Amatøromgrepet på siste del av 1800-talet kan forståast på ganske mange ulike måtar, både i form av juridisk regelverk, og estetikk, og moral.

På bokmål og på svensk har ordet «forestilling»/«föreställning» også tydinga av scenisk eller dramatisk framsyning, slik ein kan snubla over overskrifter som til dømes «amatörföreställning i cirkus» i svenske idrettstidsskrift. Denne spesifikke tydinga er ikkje viktig for arbeidet mitt, men det skadar heller ikkje det analytiske ved omgrepet at denne moglege ekstradimensjonen kling med, endå det ikkje heiter «scenisk førestilling» på nynorsk, men altså «scenisk framsyning».⁷⁷

Den tyske hermeneutiske tradisjonen etter Heidegger og Gadamer, der «Vorstellung» snarare å forstå som dei grunnleggjande fordommane vi forståande vesen har i møte med ein tekst, og som vi prinsipielt ikkje kan koma utanom, spelar for så vidt med, han også. *Førestillingar* er ikkje så mykje falske og oppdikta fordommar som dei er forståingar vi menneske uansett gjer oss. Uttrykket er likevel meir å forstå mot det daglegdagse i teksten min – av kva tankar og idear og oppfatningar vi gjer oss om eit eller anna emne. Og såleis er det heller ikkje nytt i forskingssamanheng. Espen Schaanning nytta det i omtalen av speidarhistoria si, som tidlegare nemnt. Historikaren Benedict Anderson konstruerte uttrykket «imagined communities» i ei boka han gav ut i 1983 (med den tittelen), for å poengtera korleis nasjonen kan sjåast som ein førestilt, politisk fellesskap – «skapt» av kulturelle røter, i særleg grad boktrykkjarkapitalismen, som var det økonomisk-teknologiske grunnlaget for samlande nasjonale språk, og for den felles erfarte samtidigeita som avisene danna. Også Anderson understrekar at det «førestilte» i samanhengen hans ikkje skal leia tanken mot fantasiar og luftslott og bedrag, men meir mot *oppfatningar* og vel også den erfaringsmessige sida av saka.⁷⁸

⁷⁷ Sjå *Tidning för Idrott*, 1893, nr. 16, s. 156.

⁷⁸ Han skriv: «Faktisk er det slik at alle samfunn er som er større enn landsbyens ansikt-til-ansikt fellesskap (og faktisk til og med disse) er forestilte. Fellesskap må skilles fra hverandre etter hvordan de blir oppfattet, og ikke etter hvor vidt de kan karakteriseres som falske eller ekte.» Andersen, 1996, s. 20. Heile definisjonen hans av nasjonen er slik: «Det er forestilt, politisk fellesskap – og det blir oppfattet som både begrenset og suverent.» Andersen, 1996, s. 19. Utgåva er sett om av Espen Andersen, og baserte seg på ei revidert utgåve som kom i 1991. Gadamers bok *Wahrheit und Methode* kom første gong i 1960.

Som omgrep føreset og insisterer altså omgrepet ‘amatørførestillingar’ på at oppfatningar og tankar om eit emne er like verkeleg som det ein gjerne kallar praksisar, anten det no er tale om krig, eller streik, eller restane av ein hoppbakke.

Med endå eitt døme: Ein kan grubla mykje på når menneske byrja å gå og hoppa på ski, og kor mange som gjorde det i ulike epokar, menn og kvinner, og når skiløpinga blei populær i ulike land. Men like vesentleg, og like verkeleg, er kva *tankar* dei hadde med å gå, eller hoppa på ski. Ja, sjølv dei som aldri gjekk på ski, eller dreiv med idrett meir generelt, har krav på merksemd om dei gjorde seg tankar omkring til dømes skiløping som blei felt ned i kjelder som er bevart, og som det går an å tolka. Dette kan det kanskje vera lett å gløyma litt på ein kunnskapsinstusjon som NIH – der den fysiske aktiviteten og kroppen sjølv er så viktig ved idrett, og gjerne er den dimensjonen som hevdar eller garanterer den relative autonomien til denne kultursfæra. Meir konkret: I norsk samanheng har folkloristen Olav Christensen (1993) forska på skidretts- og vinterfriluftskultur i 1700-tals-litteratur, og gjeve ut boka *Den nasjonaliserte skikulturs fremvekst i Norge 1770-1900*. Her går han langt, dristig langt, i å studera retoriske og litterære tradisjonar som vesentlege delar av kroppskulturar, og føreset dermed at oppfatningar, tankar og ideal, så som i drikkelag mellom studentar i København, er like verkeleg som det vi gjerne kallar praksisar.⁷⁹

Tankar er på ein måte flyktigare enn skispor. Det har vel dei fleste som har prøvd seg på langrennski erfart. Tankane går hit og dit. Men på ein annan måte er tankar mykje meir varige enn skiløyper – når dei kjem ut i tale, og feller seg ned i skrift.

⁷⁹ Christensen, 1993, s. 97.

Kapittel 4. Innvendingar (og svar på desse)

Lat meg avslutningsvis i denne parten forsøka å granska kva blindfelt og fallgruver eg anar at eg har vore i nærleiken av i framstillinga mi så langt. For det første: Har eg vore «fair» i gjengivinga av synspunkta og posisjonane til dei historikarane som eg nemnde i førespelet (part 1)? Det sitatet eg gav av Olstad, seier ikkje i seg sjølv at han avgrensar seg til den sosiale dimensjonen av amatørromgrepet. Under gjennomgangen av den etablerte forskinga (neste part, kap. 4) skal eg visa korleis både professorane Olstad og Goksøyr stadfestar dette klasseperspektivet sitt, men også utvidar det noko.

For det andre: Har eg bore fram ein teori, og teke til orde for ein metode, som tenderer mot ein slags metafysisk idealisme? Eg tenkjer då på hangen somme kan ha til å granska eller beint fram oppfatta idear og åndeleg verkelegheit som noko som har forrang – eller finst heilt uavhengig – av den materielle og sosiale røyndomen. Spurt på ein nokså omvendt måte: Ein kan vel ikkje avvisa at idéar kan fungera som ideologi og som del av maktgrunnlaget for ein eller annan samfunnsklasse? Om ikkje religion utelukkande er opium for folket, som Karl Marx skreiv ein gong, kan ein vel ikkje sjå bort frå det? På same måten er det vel med amatørforestillingane også?⁸⁰

Eg seier til svar: Eg har ikkje noko program eller ambisjon om å fordriva materialistiske eller endå meir generelt økomiske og sosiale perspektiv. Men eg søker å visa kva andre perspektiv som også er legitime og produktive for forståinga av amatørforestillinga. Dette vil til tider tyda at eg legg vekta mindre på sosiale dimensjonar enn andre historikarar nok ville ha gjort. Men eg meiner ikkje at til dømes klassespørsmålet er saka uvedkomande. Ein kan nok ha to tankar i hovudet samstundes, men ein kan berre uttrykkja éin om gongen.

Ei tredje fallgruve eg har prøvd å unngå, og må vera meg medviten om i det følgjande, er å handsama ytringar og meiningar som dokumentasjon for faktisk åtferd eller framferd. Om ein sportsmann hevda at han trudde sterkt på rettferdige tevlingar, er det ikkje sikkert at han levde etter dette amatøridealet på idrettsbanen sjølv. Nemnde Christensen konkluderte for sin del med at skikulturen var sterk i Norge lenge før telemarkingen Sondre Norheim kom til Kristiania – men slutta kanskje for raskt her og der mellom (friluftsgymnastikkøvingar som til dømes presten Niels Hertzberg dreiv med, og den faktiske skiaktiviteten mellom bygdefolk lokalt i Hardanger. Eg søker å dokumentera og skildra og delvis forklara utviklinga av

⁸⁰ Uttrykket «Religion er opium for folket» skriv seg frå Marx' *Zur Kritik der Hegelschen Rechtsphilosophie* (1844). Platon kan oppfatast som ein representant for metafysisk idealisme, eller kanskje heller objektiv idealisme, altså at ideane finst uavhengig av både tinga, og me som oppfatar dei.

amatørførestillingar, men eg søker ikkje med denne avhandlinga å avklara *kor* verksame eller utbreidde amatørdeane var. Å skulla *måla* tydinga av ein idé eller mentalitet vil uansett by på enorme teoretiske og metodiske problem. Avhandlinga inneheld ikkje systematiske forsøk på å sannfesta om den eller den bestemte utøvaren i realiteten var amatør, verken etter reglane eller etter nokre djupare dimensjonar. Eg gjev heller ikkje noko gjennomgåande vektning av amatørdebattane målt mot andre diskusjonar, verken i Norsk idrætsblad eller i den breiare idrettsfentlegheita.

Ei fjerde problemstilling går til margen av heile idrettsfeltet – og den kroppslege dimensjonen av det. Tek omgrepet ‘amatørførestillingar’ på alvor kor mykje idrett handlar om kroppslege teknikkar og erfaringar, om kjensler og puls og intuisjonar? Både einskildvis, og i spel saman med andre? Både som deltakar og som tilskodar? NIH som kunnskapsinstitusjon kan vel vel også gode grunnar til å leggja vekt på den aktivitets- eller rørsledimensjonen som eg nemnde litt tidlegare?

Utan å gå direkte i strupen på Benedict Anderson spør Matti Goksøyr i ein sindig tidsskriftsartikkel om ikkje *opplevd fellesskap* er ein meir dekkande term enn «førestilt fellesskap» for nettopp idrettsfeltet. Han hentar rett nok empirien i tidsrommet *etter* den epoken eg skal ta for meg, altså i mellomkrigstida, og dei dynamikkane som då fanst omkring det norske landslaget i fotball og tilskodarane her. Men spørsmålet hans kan rettast mot mitt omgrep også. Det er ein risiko for at eg også gjev det intellektuelle forrang, slik som eg sjølv har halvvegs innvendt mot etablert idéhistorisk forskning. Eg kan nesten koma i fare for å underminera den relative autonomien som idretten kan seiast å ha i samfunnssamanheng når eg skal granska kva som er blitt sagt og skrive om ikkje minst drøfta om sport.

Eg trur at den beste måten eg kan svara på denne sjølvkritikken på, er å syna til parten 6 i denne bolken. Der skal eg forklara kva eg meiner med uttrykket «idrettsfentlegheit», og korleis eg forsøker å koma i møte eigenarten til idretten, innanfor ei omgrepshistorisk ramme.


Oppsummering

Kva eg har gjort i heile denne parten (2), er å syna fram dei kunnskapsteoretiske rammene for så pass ulike tenkjarar som Per Strømholm og Michel Foucault og Reinhart Koselleck, alle representantar for den språklege vendinga i menneskevitenskapane. På denne måten har eg sjølv snikra meg liksom eit stilas for å kunna betrakta, om kanskje ikkje akkurat støypa, amatørførestillingar som like verkelege som andre spor etter historia. I valet av metode har eg knytt meg sterkast an til den tyske tradisjonen Begriffsgeschichte, litt enklare forstått som

omgrepshistorie på norsk. Eg skal leita etter *amatørførestillingar* i det empiriske materialet mitt – både stadane der *ordet* amatør blir brukt aktivt, og samanhengane der *omgrepet* amatør er i spel.

Eg skal nærma meg dette omgrepet no.

Part 3. Amatøromgrepet i etablert forskning



Karin Wikberg har prenta bildet av Gunder Hägg på framsida av avhandlinga si, jf autografen. Hägg var den beste mellomdistanseløparen i verda i 1941-1943. Han blei utestengt på livstid frå all amatøriddrett etter krigen, dette for å ha brote amatørbestemmingane i Svenska idrottsförbundet for «otillåtne ersätningar for deltagande i tävlingor i fri idrott.» (Sjå Wikberg, 2005, s. 211.)

Kapittel 1. Innleiande merknader

Amatøren i idrettssamanheng må forståast vidare enn det som hadde med reglar å gjera. Pengar åleine er ein skral valuta å veksla omgrepet inn i. Dette er den moglege, om aldri så enkle, sluttsatsen for denne avhandlinga. Sjølv om den eksisterande forskinga treng å utvidast noko, dersom avhandlinga mi har rett, er det i stor grad ved å bygga på det som alt er etablert, i Norge og i europeisk samanheng, at eg kan påstå dette. I denne parten vil eg gjera greie for kva skuldre eg har klatra opp på.

Veldig snøgt kunne eg vel sagt at ingen har gjort amatørskap til eit eige, avgrensa forskingsemne i Norge, og at denne avhandlinga såleis er den første i slaget sitt. Men då murer eg arbeidet inne berre i den konteksten som primært er å forstå som mest relevant for dette omgrepet, og forvekslar kontekst med den relevante offentlegheita for avhandlinga, eller med kunnskapsfronten, som det heiter i studieomtalen for Ph-D-utdanninga på NIH. Det er ikkje difor eg har skrive avhandlinga på norsk. Eg betraktar granskingsmåten og funna mine som meningsfulle for andre kontekstar, og andre moglege forskarar på emnet, i andre land.⁸¹

Eg konsentrerer forskingsstatusen til (for utanom Norge) dei skandinaviske landa Sverige og Danmark, og så Tyskland i sør og Storbritannia noko meir vest på den andre sida av Nordsjøen. Avgrensinga er dels pragmatisk begrunna, dels begrunna i relevansen for granskingsobjektet mitt: Det er i spennet mellom desse landa, i kulturkontakten mellom dei, at amatørforestillingane i Norge får noko av særpreget og meininga si. Til ein viss grad er USA, eller «Amerika» i fortids språkdrakt, ein viktig kulturkrets og symbolstorleik for dei idrettane og dei ideane som eg skal studera. Det same gjeld den olympiske konkurranseidretten i regi av IOK, og den antikke greske idretten som ein knytte den førnemnde til som norm og ideal.

Prinsipielt sett kunne studiar av korleis amatørforestillingar blei mottekne og dyrka i Australia, eller i Latin-Amerika, eller i Japen, for den del, ha relevans for forskinga mi. Men her støyter eg fort mot tidsmessige, og språklege barrierer.⁸² Eg må særleg vedgå ein mangel: Eg les ikkje fransk godt nok til å gjera skikkeleg greie for forskinga i Frankrike og i Sveits, verken på fransk amatørtradisjon, eller den olympiske. Eg kan heller ikkje finsk godt nok til snakka om nordiske forhold med god nok dekning.

⁸¹ NIH, 2021a.

⁸² Berre eitt døme her: June Senyard (2017) med artikkelen *From sport and pastime in Australia to the Oxford companion to Australian sport: Charting the demise of amateurism and its mindset*.

Eg kjem til å gå grundigare inn på ein del av forskinga, særleg granskinga av den britiske idretten, for å kvessa klørne mine om kva amatøreren kan gripa – som omgrep. Eit visst drøftande element er såleis kopla til dei refererande delane. Somme av forskingsarbeida som eg tek for meg er både tretti og førti år gamle, men desse artiklane og bøkene har vore med å prega seinare tilnærmingar, og dei er på ulike vis relevante for det norske kjeldematerialet mitt. Eg siktar dessutan på å drøfta ein del av dei på ny i den avsluttande delen av avhandlinga mi. Ein bør ikkje ta dette nemnde uttrykket «kunnskapsfronten» så bokstavleg at ein utelet eldre arbeid og relaterer seg berre til det nyaste.

Parten kort og grovt oppsummert: Det finst eit spenn i den etablerte vitenskapen mellom eit «trongt» amatørromgrep som omhandlar juss og reglement og pengar og delvis dei sosiale klassane bakom desse bestemmingane, og eit vidare amatørromgrep som tek opp i seg etikk og estetikk, og kanskje politikk. I granskinga mi av norsk idrettsoffentlegheit skal det vera rom for begge delar.

Metodologisk nasjonalisme

Den landvise inndeling kan tyda på at eg har gått rett i den metodologiske fella omkring eller i nasjonalismen, slik at all historisk forskning etter framstillinga mi kan synast å vera avgrensa av landegrensar og mindre nasjonsfelleskap. Eg meiner sjølvstundt ikkje at ein engelskfødd forskar berre ser på historia til Storbritannia, eller at svenskar berre granskar Sverige. Heller ikkje hevdar eg at amatørismen alltid *må* forståast i ein nasjonal kontekst – sjølv om dette gjeld for den empirien som eg granskar. Omsetjingsproblematikken også ved dette omgrepet *er* relevant. Idretten generelt blei dessutan sterkt prega av internasjonalt samkvem i den perioden som eg tek for meg. Den olympiske amatørismen kan betraktast faktisk som eit forsøk på å skapa semje og forståing over grensene og språka/kulturane.

Grunnen til at eg understrekar dette alt no, er at tradisjonell historieforsking i Norge har fått kritikk for å vera *for* orientert om det nasjonale som bestemmande kontekst; av det som ein evalueringsrapport frå Forskningsrådet i 2008 kalla «metodologisk nasjonalisme». Dette er nok ikkje ei åtvaring som gjeld berre norske akademikarar, og uroa eller rett og slett diagnosen ligg bak den dreinga som ein har sett mot transnasjonale perspektiv i idrettsforskinga internasjonalt.⁸³

⁸³ Sjå Forskningsrådet, 2008. For ein kritikk av omgrepet, sjå Olstad, 2011. Eg er sjølv i tvil om akkurat «metodologisk» er det rette omgrepet, då kunnskapssynet som ligg implisitt i denne (kritiserte) tanken, like mykje ligg på eit teoretisk og epistemologisk nivå. To døme frå 2000-talet er merksemde som Richard Giulianotti og Roland Robertson i 2007 vigde global fotball i innleiingsartikkelen til spesialnummeret i *Global Network*; og eit anna vesentleg tidsskrift som i 2013 gav eit heilt nummer til sport i transnasjonal og global kontekst, nærmare bestemt *Journal of Global History*, og med redaksjonell innleiing av Matthew Taylor.

No kan også internasjonalisering bli eit eige doxa, altså ein uproblematisert premiss, som berre fungerer legitimerande for forskingsinstitusjonane i og med at ho produserer poeng og konferansar og publikasjonar. Men å nå ut over nasjonsperspektivet har likevel meir enn forskingsstrategiske grunngevingar: I alle fall var den «metodologiske nasjonalismen» i Norge ofte akkompagnert av «metodologisk individualisme», altså av tendensen til å konsentrera historieforskinga om nasjonens utvikling mot framsteg og rett *og* dei store einskildpersonane som har drive denne tendensen framover. Desse einskildpersonane var oftast menn. Og sjølve modellen om framsteg kan og bør problematiserast.

Alt dette prinsipielle og for så vidt moralske tyder ikkje likevel at det *nasjonale* skal og må kastast vrak på – som både analytisk-metodisk, *og* empirisk-historisk omgrep. Det fanst for det første førestillingar som det er god grunn til å plassera i, og kalla, ei norsk idrettsoffentlegheit. Og fortida heldt seg sjølv med førestillingar om «national idræt» og «vår» idrett, oftast vinteridrett, helst skiløping og skøytesport i Norge. For så vidt gjeldt det same i Sverige. Nasjonen var ein høgst verksam idé.⁸⁴

Godt mogleg var amatørførestillingane tett bundne til desse ideane om det nasjonale – som fekk ei tydeleg politisk innretning i Norge.⁸⁵

Kunstamatøren

Endå ei forpostfekting må til. Sjølve amatør-uttrykket er på ingen måte eksklusivt for idretten. Amatøromgrepet – som jo nemnt innebefattar det semantiske feltet av både «liebhaberen» og «dilettanten» – er kva kunsthistorikarar kallar eit «kulturhistorisk sentralbegrep» for feltet sitt. Dei to siste tiåra har det kome svært interessante, og for meg relevante antologiar om det ein kan kalla kunstamatøren i Skandinavia på 1700-talet og 1800-talet. Ein nokså stutt del om denne forskinga følgjer såleis etter dei neste tre kapitla – før innsnevringa på norsk idrett.⁸⁶

⁸⁴ Her gjev eg berre kort fire døme på forskararbeid frå Skandinavia som stadfestar dette: Mo, 1989, s. 58; Christensen, 1993; Sörlin, 1995; Goksøy, 1995. Eit forsøk på innføring sett utanifrå er Alain Bairner: What's Scandinavian about Scandinavian sport? frå 2010. For oversiktsartikkel om nasjonalismeprobematikken i idrettshistorisk forskning sjå Goksøy 2010. For eit heilt konkret døme på korleis skisporten blei spesielt hylla også i svensk offentlegheit, sjå *Tidning för Idrott*, 1883, nr 2 (framsida).

⁸⁵ Eit nasjonalt perspektiv treng samstundes ikkje utelukka transnasjonale dimensjonar. I arkiva til Norges idrettsforbund (Riksarkivet) finst det fire hefte knytt til nordisk og internasjonalt samarbeid, og mellom desse også dokumentasjon av forsøka på å samordna amatørbestemmingane og –ideologiane mellom Danmark, Sverige og Norge frå 1916 og framover.

⁸⁶ Sjø Federhofer og Hodacs, 2011, s. 11.

Kapittel 2. «Amatör eller professionist?»

I svensk samanheng er det framfor alt Karin Wikberg (2005) som har studert amatørismen systematisk. Henrik Sandblads idéanalyse *Olympia og Valhalla* trekkjer mykje vekslar på etablerte verk i omtalen av olympismen, og Leif Yttergrens eggande tittel på avhandlinga *Täflan är lifvet* (1996) tematiserer først og fremst Stockholms idrettsliv utifrå tesen om sportifisering.⁸⁷

I avhandlinga *Amatör eller professionist?* tek Wikberg for seg korleis den svenske organiserte idrettsrørsla, samla sentralt i Sveriges Riksidrottsförbund, møtte og handsama amatørspørsmål i eit «fullständigt längdsnitt», dvs frå 1906-1967. Visse kontroversielle amatørdommar, særleg utestenginga av friidrettsutøvarane Arne Andersson, Gunder Hägg og Henry Kälarne i 1946, blir studert utifrå debatten i svensk dagspresse. Wikberg sjølv kallar denne delen eit «opinionsstudium», som kan likna litt på det eg siktar å granska i norsk samanheng, men berre *litt*.⁸⁸

Wikberg peikar på fire moglege dimensjonar ved amatøreren som omgrep, slik ho oppfattar det. Ho ordnar dei, om enn ikkje i prioritert rekkefølge eller rang, i tala 1) ein moralsk dimensjon, 2) ein sosial dimensjon, 3) økonomi og 4) etnisitet.⁸⁹

Konklusjonen hennar er at amatørspørsmålet meir og meir blei redusert til eit spørsmål nettopp om pengar. Frå og med mellomkrigstida blei amatørismen i Sverige redusert til det økonomiske og materielle spørsmålet åleine.⁹⁰ Ho stoggar dessutan i eit paradoks; at det var merkeleg at svensk og internasjonal tevlingsidrett tok til seg dette merkelege amatøridealet: «Det fans ingen grogrund i Sverige før ett ekstremt amatörideal med rötter i engelsk overklasse. Det var ett importerat fenomen, ett ideal som följde med den moderna tävlingsidrotten på dess segertog över världen.»⁹¹ Eg stussar over denne sluttsatsen, for å seia det som det er, og eg trur i alle fall for norsk samanheng at både idealet, og importen, kan forståast annleis.

⁸⁷ Sitatet er frå Victor Balck, ein av dei store idrettsstrategane i svensk, og for så vidt internasjonal, samanheng.

⁸⁸ Wikberg, 2005, s. 40. Eg går ikkje inn på historia til forbundsorganiseringa til Sverige, noterer berre her at namnet Sveriges Riksidrottsförbund kom til i 1947.

⁸⁹ Wikberg, 2005, s. 17. Momentet *Etnisitet* refererer til distinksjonar mellom innfødde og moderne europearar, eller mellom «savages» og «siviliserte», som det heitte, og som ein trudde kunne ha ulike føresetnader for idrett. Wikberg har ikkje lagt særleg vekt på denne sidan han spelar ei lita rolle i svensk idretthistorie. Då det er mogleg å tenkja seg, i alle fall i teorien, at ein kunne ha eit liberalt syn (romartal I.) på til dømes sosial klasse, men eit mykje meir restriktivt syn (II.) på pengeaspektet, hadde Wikberg ein plan om ei kategorisering av ulike sportsideologar og leiarar i eit to-aksa system med åtte moglege posisjonar. Dette gjennomførte ho i mindre grad i resten av avhandlinga.

⁹⁰ Med *økonomi* er det særleg to høve ho trekkjer fram. Det mest grunnleggjande var her at ein amatør ikkje skulle tena pengar på idrettsengasjementet sitt. Dinstø dukka det ofte opp spørsmål om *kompensasjon for utgifter* i samband med trening og reiser til idrettskonkurransar.

⁹¹ Wikberg, 2005, s. 273-274. Dette er heilt parallelt med kva Leif Yttergren, 1996, s. 72, skriv om Stockholm-idretten: «1888 års amatörstadga hade, sett till både innehåll ock ideologi, sitt ursprung i England. Den svenska versionen var klart inspirerad av en engelsk amatörstadga, kanske t.o.m. en direkt översättning.»

Svensk amatør fotball

Etter Wikberg har særleg Torbjörn Andersson (2002) kome med viktig bidrag som berører amatørismen i svensk samanheng. I avhandlinga *Kung Fotboll* skreiv han primært kulturhistoria om svensk fotball frå slutten av 1800-talet til midten av 1950, men han vigde amatørforestillingane vesentleg plass, både i innleiinga om det engelske opphavet for ballspelet, og i eit eige kapittel han har nemnt «Den amatöristiska nationalismen». I mykje større monn enn Wikberg nyttar Andersson aviser og tidsskrift som kjeldene sine.

Det fanst ifølgje han vilje til visse kompromiss i Sverige, og tilpasning av amatør ideologien, som Andersson karakteriserer som 'rationell amatørisme'. Kva det gjeldt om, var å forma eit demokratisk amatørsystem som harmonerte med ideala i folkerørslene. I denne 'rasjonelle amatørismen' opna det seg ein viss pragmatisme omkring pengereglane, og ein klar ambisjon særleg på vegne av det svenske herrelandslaget i fotball, som resulterte i rasjonell trening og seriøs («skötsam») haldning, ein slags «profesjonell» og demokratisk amatørisme, skriv Andersson.⁹²

Rett nok stadfestar også denne doktorgraden kor viktig innflytinga frå sporten i Storbriannia er, eller var. Men meir enn Wikberg legg Anderson altså vekt på tilpasning og omsetjing av amatør tankegodset i svensk idrett.

Danske perspektiv

Om dansk forskning, skriv Wikberg, at det er Per Jørgensen (1997) som har nådd lengst kva gjeld amatørismen i idretten der. Merksemda henner er då helst bestemte og organisatoriske amatørdefinisjonar, og utan å vilja laga eit nasjonalt og kanskje skandinavisk meisterskap av dette, vil eg ha nemnt at Else Trangbæk stod som koordinator for to-bandsverket om *Dansk Idrætsforbunds historie* (1995), der amatørdrøftingane fekk si større og kontekstualiserande ramme, at Jørn Hansen (2004) har skrivt om amatørtematikken i si helst globalt orienterte avhandling om den olympiske rørsle, og at Allan Grønkjær og David Holt Olsen (2007) har tematisert både amatørisme i brei forstand og fair play-idealet i boka om dansk klubb fotballs historie.⁹³ Ikkje minst gjer Ove Korsgaard seg interessante refleksjonar om amatørromgrepet i boka eg alt har nemnt, *Kampen om kroppen*, der han syner kva tyding amatørreglar hadde for virket til *Dansk Sportstidende* (1888-) og korleis redaktøren der (Victor Hansen) skildra og

⁹² Andersson, 2002, s. 255, og s. 283.

⁹³ David Holt Olsen (2008) har elles ein nyttig gjennomgang av historiografiske linjer i dansk samanheng i artikkelen *Fodbold som idræthistorikernes stedbarn*. Sjå også artikkelen *Tendenser i idræthistorisk forskning 1995-2005* av Bo Vestergård Madsen og Niels Kayser Nielsen (2005).

tolka utviklinga av amatøreren i britisk roing. Korsgaard drøftar så på meir sjølvstendig basis, faktisk med inspirasjon i offentlegheitsmodellen til Jürgen Habermas – som også eg skal dra viktige vekslar på –, kva som forklarar kvifor pengane blei så viktig i avgrensinga av kven amatøreren var (eller ikkje var), dette både i britisk og dansk idrettsliv. Eg må få venda tilbake til desse perspektiva hans i den avsluttande drøftinga mi.

«Ikke-amatør»

Med verket *Ro, renslighed, regelmæssighed* skreiv Jørgensen ei Foucault-inspirert idéhistorie om framveksten av Dansk Idræts-Forbund (DIF), og den moderne sporten som kom med denne sentrale organiseringa. Tidsspennet i studien hans strekkjer seg frå 1896-1918, altså betrakteleg stuttare enn hjå Wikberg sjølv, og meir overlappande med arbeidet mitt, og ein anar ei mykje større rekkjevidde om det moralske i det danske amatørromgrepet enn i det som ho presenterer for Sverige. Det moralsk relevante synest etter kvart ikkje berre å vera konkurranseinterne omsyn som «fair play», men også slikt som gjeld og plettfri vandel i det heile.⁹⁴

Svenske Wikberg og danske Jørgensen kan foreinast ved to samanfallande analysar. Det eine er at pengar (ikkje akkurat her forstått som samfunnsmessig gjeld) meir og meir fekk forrang i definisjonen av kven amatøreren var. Det andre er at dei eigentleg britiske reglane for amatørskap var framande for skandinaviske samfunn, og at dei måtte endrast for å passa inn.⁹⁵

Elles bør det leggast til, at gymnastikken til Ling, som jo blei ein dominerande rørslekultur lenge, både i Sverige og i Danmark, var endå meir framand for amatørtematikken. Naturleg nok har då all forskinga i desse landa på desse tradisjonane *ikkje* befatta seg særleg med amatørromgrepet. Meir om denne rørskekulturen i part 5.⁹⁶

Christiane Eisenberg

Frå tysk språkområde, og med sikte om å forstå tysk samfunnshistorie betre, har Christiane Eisenberg (1999) befatta seg ein heil del med amatørtematikken. Doktorgraden hennar heitte

⁹⁴ Etter 1891 gav det nesten ikkje lenger meining å snakka om den profesjonelle som det einaste motsette av amatøreren i dansk samanheng. Ein i sivil forstand klanderverdig eller økonomisk sett gjeldsbelasta idrettsutøvar var ikkje ein profesjonell, men han var like fullt «ikke-amatør». Jørgensen, 1997, s. 114-115. Sjå også artikkelen han skreiv i Idræthistorisk årbog i 2003, der han samanliknar amatørromgrepet i dansk samanheng med det olympiske (IOK). Meir enn 600 danske sportsmenn blei fram til 1918 utelukka frå idrett i treårsperiodar (for det meste), og oftast pga brot på kva Jørgensen kallar «etiske» reglar. Sjå Jørgensen, 2003, s. 83.

⁹⁵ Jørgensen, 1995, s. 101 og s. 141.

⁹⁶ Sjå Korsgaard, 1997, s. 160-163 om amatørskap og svensk og dansk gymnastikk.

"English sports" und deutsche Bürger. Eine Gesellschaftsgeschichte 1800-1939, og det i og for seg imponerende tidsspennet strekte seg såleis både før og etter samlinga av Tyskland (1871).⁹⁷

Meir enn dei nemnde danske og svenske forskarane gjekk Eisenberg grundig inn i kva den britiske middelklassen tenkte om sport, for å skapa eit samanlikningsgrunnlag for den tyske parallellen *Bürgertum*, og sånn sett er arbeidet eit tidleg døme på transnasjonale studium. Og meir enn mange (britiske) forskarar meiner ho at engelskmennene i middeklassen stod på og i overført forstand styrkte eigne bein i sportsutøvinga, og ikkje så mykje herma etter landadel og aristokrati i denne aktiviteten. Av dette følgjer at amatøridealet der handla om å skilja sporten nettopp frå gambling og veddinga som aristokratane dreiv med. Dei tilhøyrande amatørreglane botna, i alle fall delvis, i eit moralsk motivert ønske om å skapa vennskapelege og rettferdige konkurransemøte. Eisenberg peikar og på kva rolle dei opne sportsforeiningane (assosiasjonane) spelte i så måte, i motsetning til dei lukka klubbane åt den gamle adelen.⁹⁸

I Tyskland, derimot, var skilja mellom middelklasse og adel meir glasklare, og middelklassen før første verdskrig var ikkje i særleg grad innstilt på marknadsøkonomi og konkurranse, og dermed heller ikkje særleg opne for eller opptatt av venskepege sportstevlingar, meiner ho. Deira danning eller sjølvoppdraging («Bildung») dreia seg, litt grovt sagt, mykje meir om høgkultur (jf. det tysk «Kultur») og å lesa tjukke bøker.

Sjølv om Eisenberg har primært har eit sosiologisk sikte, gjev ho altså amatørismen tyding i sportsmoralsk retning, og for kva som har med dannelsesideal å gjera. Det moralske treng då heller ikkje å kvessast inn på den einskilde, i og for seg, men også på kva som har med institusjonar og organisasjonar å gjera.

Kapittel 3. Britisk-orienterte framstillingar av amatørismen

Forskingslitteraturen om amatørtenkinga er størst omkring sport i Storbritannia, naturleg nok. Det var her ein fekk dei første amatørbestemmingane, det var her dei første klubbane smykka seg med amatør-namnet, det var her mange idrettsgreiner fekk si moderne form; det var i det heile til sportsutøvinga i England og til Storbritannia som mange idrettsihuga i andre land såg. Imperiet Storbritannia hadde det økonomiske og kulturelle verdshegemoniet på heile 1800-talet og langt inn på 1900.

⁹⁷ Eisenberg publiserte også ein viktig artikkel alt i 1990, *The middle class and Competition: Some Considerations of the Beginnings of Modern Sport in England and Germany*, som eg har nytta meg av.

⁹⁸ Eisenberg, 1990, s. 271-272.

To solide antologiar frå 2000 og 2008 og (av henholdsvis Dilwyn Porter & Adrian Smith, og Dilwyn Porter & Stephen Wagg) oppsummerer mykje av den beste forskinga – både om perioden før og etter andre verdskrigen (1939-1945).⁹⁹

Overflatisk sett har ein, og no endå meir avgrensa av den smalare bolken som eg ser på i norsk samanheng, granska amatørismen utifrå ulike idrettar (Collins, Williams); utifrå sosiale klassar (Dunning, Hill); utifrå økonomi (Wampley, Bale); utifrå kostskulane og utdanningsinstitusjonane (så som Mangan, Holt); utifrå diplomati og politikk (Polley, Riordan). Kort oppsummert var den «victorianske» amatøreren ein som elska sport og som forakta pengar.¹⁰⁰ Lat meg likevel bruka litt plass på tre litt eldre arbeid, som har vore pregande for forskingssamtalen i heilt nyare tid.

Dunning & Sheard/Rugby

I 1976 publiserte sosiologane Eric Dunning og Kenneth Sheard ein (seinare mykje sitert) artikkel om skiljet som oppstod mellom amatørrugby og profesjonell rugby i Storbriannia i 1895. Klubbinteressar i nord (Yorkshire, Lancashire) ville ha vedteke at ein kunne dekke tapte arbeidsinntekter for spelarane. I sør (London) hadde ein eit mykje strengare syn på dette spesifikke amatørspørsmålet, og fekk i dei endelege avgjerdene utdefinert som «profesjonelle» ikkje berre dei som hadde fått dekke utgifter i idretten sin, men også dei spelarane som eventuelt hadde fått medaljar, dei som spelte profesjonell fotball, og dei dommarane som eventuelt hadde hatt befatning med ein utestengt klubb. Sporten sjølv, forstått som aktiviteten i han, skulle vera belønning nok. Ein skulle respektera reglane og rivalane på banen, og ikkje gå altfor hardt inn for å vinna, eller ta det så tungt om ein tapte.

No blei ikkje denne amatør-morale formulert kun i samanheng av rugby-fotballen; forfattarane er tydelege på dette punktet. Heile kostskule-eliten stod bakom det. Men det blei altså utvikla i dialektikk med og mot kommersialisering av fleire idrettar nord i Storbritannia, meiner dei. Og sjølv om amatør-etoset, som forfattarane kallar det, vart formulert i sports-spesifikke termar, var det til ei betydeleg grad basert på forakt. Ifølgje Dunning & Sheard likte ikkje kostskule-eliten verken å bli slått av, eller eigentleg å ha idrettsleg samkvem med, folk som hadde befatning med manuelle yrke. Denne avrundinga lukkar seg slik om den sosiale dimensjonen av amatør-ideologien, som Wikberg antyda kunne finnast, og som norske forskarar

⁹⁹ Antologien til Porter og Wagg stod først på trykk i 2006 i tidsskriftet *Sport in History*, årgang 26, og volume 3. Wampley er sitert av fleire i denne antologien; ein økonomisk historikar som har skrive boka om profesjonell sport i Storbritannia (epoken 1875-1914): *Pay up and play the game*. (1988)

¹⁰⁰ Parantesane syner til bidragsytarar i den nemnde antologien. Definisjonen er elles sitert etter Jefferys (2009), som skriv om amatørismen i tennis. Viss eg kan peika på ein tendens til metodologisk nasjonalisme i britisk historisk forskning, er den nettopp denne måten å bruka monarkane og åra dei regjerte, til å markera periodar, så som i den «victorianske» perioden (1837-1901), eller den «edwardianske» æraen.

har understreka. Ein kunne nesten seia det syner den *usosiale* dimensjonen ved amatørromgrepet.¹⁰¹

Som eg alt har vore inne på; det er visse erkjenningsmessige problem ved å hevda at den øvre middelklassen sør i Storbritannia løynde dei eigentleg intensjonane sine bakom eit slør av «amatør-etos». Om ikkje forskarane Dunning & Sheard sjølve meinte å vera bastante på dette punktet, brukte Allen Guttmann nettopp artikkelen deira til å sannfesta kor totalt diskriminerande amatørregelen var tenkt.

Peter Bailey/Friidrett

I 1978 kom Peter Bailey ut med ei viktig bok, *Leisure and Class in Victorian England*. Her presenterte han eit spenstig omgrep, 'rasjonell rekreasjon', som synest relevant for amatørromgrepet.¹⁰² Bailey forklarar: Omkring 1850 blei gamle skikkar som kappgåing og baklengsspringing endra på privatskulane og universiteta til meir «rasjonelle» øvingar og kappleikar, eller til «atletisme», altså mykje nærare det som vi i dag kjenner att som «friidrett»¹⁰³ På 1860-talet byrja så kostskuleutdanna menn å bringa entusiasmen for fysiske øvingar inn i vaksenlivet også. Dei heldt altså fram med å ro og med å springa etter skulegangen, på «rasjonelt» vis. Men, legg historikaren vekt på her, til den lågare middelklassen og i alle fall til arbeiderklassen blei denne sportsutøvinga *ikkje* formidla. Ikkje fanst det arena for leikar og spel i dei tronge bygatene. Og dessutan kom det amatørreglar som stengde dei ute, ja, heilt eksplisitt; mekanikarar, handverkarar, arbeidarar.¹⁰⁴

Bailey skriv at *grunngevinga* for å ekskludera så tydeleg kroppsarbeidargrupperinga, var delvis den fordelen dei stilte med i konkurransar – altså eit sportsmoralsk omsyn, om ein vil. Men attåt dette hadde den victorianske ideen om rasjonell rekreasjon som hovudpoenget sitt at rekreasjonen burde vera den *motsette* aktiviteten av arbeidet ein gjorde til dagleg, meiner han. Og dessutan burde aktiviteten vera disiplinert, målbar og «fornuftig», som nemnt.

¹⁰¹ Dunning & Sheard, 1976, s. 52.

¹⁰² 962 siteringar ifølgje Google Scholar, den 28.01.2019.

¹⁰³ Den tradisjonelle, dvs. den folkelege og profesjonelle gåinga og løpinga («pedestrianism»), var eksentrisk og udisiplinert. Ho var like mykje sirkus: utøvarane sprang baklengs, dei plukka opp egg i fart, eller dei sprang med vekter. Ei tid var desse oppvisningskunstane støtta av adelsmenn og dei veddemåla som desse gentlemennene likte å driva med. Også dei som dreiv vertshus, kunne stå bakom oppvisningane og utfordringane. På 1860-talet var desse sportstildragingane populære mellom mange folk, og dei fann stad like mykje på marknader og i byane, som på opne sletter. Politi og rettssystem likte dei ikkje, for uroa dei laga. For amatørane var «pedestrianism» avskyelege fordi det blei utøvd av profesjonelle, «and therefore a kind of work». Dessutan var gambling, som no alle slags folk dreiv med, moralsk korruperande, både for gamblaren og for sporten, i form av rigga konkurransar. Bailey, 1978, s. 140, 142.

¹⁰⁴Den innflyttingsrike Amateur Athletic Club, som knytte ei mengd amatørklubbar til seg, og skipa eit slags meisterskap i «friidrett» i 1866 laga i den samanhengen ein definisjon med tre vesentlege punkt: Amatøren skulle a) ikkje ha tent pengar på idrett, b) ikkje vera instruktør eller tilsett i sporten på annan måte, og c) ikkje vera ein mekanikar, handverkar eller arbeidar. Bailey, 1978, s. 139-140. Eg kjem nærmare inn på dette i neste avsnitt, om Eric Halladay.

«Rationel idræt» er eit uttrykk som vil dukka opp også i det norske kjeldematerialet. Også her er det noko uklart for meg, om Bailey meiner det er ein moralsk eller estetisk kategori i samanhengen sin, eller ein dimensjon på tvers av desse, i retning av det vitskaplege og fornuftige, og kanskje føremålsrasjonelle, og det er ikkje sikkert kjeldene, vokabularet og verdiane i sportsjournalistikken, gjev noko eintydig svar i så måte, heller. Mange motiv låg uansett bakom amatørreglane til middelklassen i Storbritannia, slik Bailey tolkar empirien. Men, hevdar han, amatørideologien hadde også noko eksklusivt og ekskluderande ved seg. Han sluttar såleis rekker med Dunning & Sheard når han skriv, og eg siterer han her på engelsk:

Discrimination against older sport and its practioners was based on rational and moral grounds – what could be more irritating than walking backwards, or more immoral than gambling? – but the concern for respectability emphasizes the strong element of class discrimination.¹⁰⁵

Den privatutdanna middelklassen søkte respektabilitet. Og respektabilitet fekk desse engelskmennene tydelegvis ikkje av å ha samkvem eller rørsle saman med profesjonelle «idrettsutøvarar» frå lågare klassar. Dei higa mot livet til den landlege adelen, ifølgje Bailey. På dette punktet skil oppfatninga hans seg frå analysen til Christiane Eisenberg; ho meiner at delar av middelklassen nettopp brukte «rasjonell» sport for markera seg, både mot dei «nedover», og dei «over seg» i samfunnet.¹⁰⁶

Eric Halladay/Roing

Ti år etter denne publikasjonen til Bailey, i 1987 meir nøyaktig, kom historikaren Eric Halladay med ein tankevekkande artikkel om amatørspørsmålet i britisk roing seint på 1800-talet. Keipen til Halladay var ikkje berre eksplisitt Bailey, men heile denne gjennomgåande tendensen til å klasseforklara amatørtenkinga i den eksisterande litteraturen. Han peika på unntaka frå den nemnde (amatør)regelen i andre idrettsgreiner: Cricket, og fotball. Men også i «friidretten» distanserte ein seg frå dei strengaste definisjonane etter kvart, ifølgje Halladay.¹⁰⁷

¹⁰⁵ Bailey, 1978, s. 143.

¹⁰⁶ Eg set «profesjonell» i hermeteikn sidan dette kanskje ikkje var det primære problemet for dei betrestilte, men at dei ikkje ville tevla i lag med folk som levde av kroppsarbeid. Richard Mandell, som har skrive boka *Sport. A cultural history* (1984), s. 153, deler denne premissen med Bailey når han skriv: «The speed with which the lower orders were eager to compete [...], led to that curiously anachronistic reaction, the establishment and enforcement of amateur regulations.»

¹⁰⁷ I London laga The Amateur Athletic Club i 1866 ein amatørregel som stengde ute ikkje berre profesjonelle (= atleter som konkurrerte for pengar), men alle menneske med manuelle yrke («a mechanic, artisan, or labourer»), som nemnt. Denne tydeleg klasseorienterte delen av definisjonen møtte motstand frå idrettsmiljøa i nord, og den samlande Amateur Athletic Association (AAA) som kom på bakgrunn av dette (1880), gjorde alle atleter unntekte profesjonelle velkomne, som det heiter hjå Halladay, «irrespective of class or social status». Halladay, 1987, s. 39. Sjå også *Sporting Gazette*, 28. mars 1868, for denne regelformuleringa. Sjå også avisa *Jackson's Oxford Journal*, 1. mai 1880. Her kjem det fram at somme i møtet hadde føreslått å få inn forbod mot å selja premiane sine, noko møtet ikkje tok inn i reglane, men likevel fordømte. *The London Evening Standard* 26. april 1880 refererer ein definisjon der det med å ha konkurrert mot ein profesjonell, var teke bort..

Han meiner Baileys perspektiv passar best med roinga. I rosporten blei det også sett fram fleire fortolkingar av kven amatøreren eigentleg var, og også her kom ein breiare definisjon enn somme klubbar likte, i funksjon. Men her varte usemja eller splittinga mykje, mykje lenger enn i samanheng av løping, ja til etter andre verdskrigen i britisk kontekst.

Eg kjem til å venda tilbake til Halladay og fleire detaljar av forskingsfunna hans når eg tek for meg Norsk idrætsblad og norsk idretsoffentlegheit rundt 1880. Roing var den idretten som truleg mest bana vegen, eller rettare sagt bølgjene, for britiske impulsar i Norge. Her nøyer eg meg med eit analytisk samandrag: Også Halladay gjer det synleg at det finst eit juridisk og økonomisk-orientert omgrep om amatøreren, og eit sosialt og klassemessig omgrep, og eit moralsk omgrep. Det moralske dreia seg om *god haldning* og *om verdig oppførsel* i robåten. I internasjonale tevlingar hadde roklubbane opplevd «fouling» og uedel oppførsel. Bakom her låg eit danningsideal i kostskuleeliten. Kort sagt var tanken at idrettskonkurransar ville styrka lagånd og (fysisk betont) mot mellom elevene og studentane. Typisk illustrerande eksempel i forskingslitteraturen om dette er *Tom Brown's Schooldays* (1857), som var inspirert av erfaringane forfattern Thomas Hughes gjorde på Rugby under rektoren Thomas Arnold (på 1830-talet) – og den breiare ideologien som støtta opp under idrettstevlingar på skulen hans, som blir gjerne kalla *Muscular Christianity*. Sport i form av lagspel og konkurransar (så som fotball, eller rugby, eller roing), bygde leiarskap, lagånd (teamwork) og fysisk mot; mandige, audmjuke gentlemen, enkelt sagt. I sum var dette kva det britiske imperiet forstod seg som berar av, eller litt meir direkte og kritisk uttrykt, bygde på.¹⁰⁸ Eller som det heitte i ei guttebok om mange utandørs-aktivitetar frå 1892: «The Church of Christ to-day wants strong, erect, full-chested, broadshouldered men, men of vigorous constitution, high animal spirits, and dauntless courage, who will not be afraid to speak with the enemy in the gate.»¹⁰⁹

J. A. Mangan meiner for sin del fairplay-koden byrja i det heilt pragmatiske, i korleis rektorar skulle stagga brutaliten og revoltane på kostskulane, og ikkje i høge og edle tankar om unge britiske gentlemenn og kva dei trong å læra for konkurransen seinare i livet.¹¹⁰ Og ein kan såleis drøfta vidare om pedagogikk og utdanningspolitikk var ein like viktig dimensjon som moral i den britiske kostskule-amatørismen, men slik eg forstår nøkkelomgrepet *danning* i denne samanhengen, er det mykje tale om eit nettopp moralsk prosjekt, der individet sjølv

¹⁰⁸ Sjø Collins, 2013, s. 30. Til norsk blei boka til Hughes sett om alt i 1889, av engelskfilologen H.C. Hansen. I føreordet skreiv han at dei kanskje brutale leikane kunne verka framande på eit norsk publikum, men at dei kunne setja ein på nye tankar, slik som kunnskapsopphevinga også her heime truga både karakterutviklinga og den fysiske fostringa til elevane. Alexander Kielland kritiserte som kjent «latinskulen» med romanen *Gift*, første gong gjeven ut i 1883.

¹⁰⁹ Hutichson, *Outdoor Games and Recreations*, 1892, v-vi. Denne boka inneheldt kapittel av W.G.Grace om cricket, og av L.G. Tebbutt om hurtigskøyting. Det siterte føreordet var skrivne av G.Andrew Hutichson sjølv.

¹¹⁰ Mangan, 1997. Elles skriv Balck begeistra om den idrettslege pedagogikken i britisk utdanningssystem, i *Ny Tidning för Idrott*, og sett om til Norsk idrætsblad i 1902, nr. 5 og nr. 6.

utviklar oppførselen og dygdene og karakteren sin, og kan henda har *plikt* til å gjera det. Ein kan også diskutera korleis den moralske dimensjonen blir innretta; om han dreier seg om å skapa rettferdige og attråverdige konkurransar, eller om kva innstilling og haldning og kanskje dygder den einskilde bør syna fram. Dette gjeld eigentleg mange av dei forskarane eg har presentert i dette kapitlet; altsp om dei tematiserer kva eg vil kalla ein institusjonell moral, knytt til konkurransen eller foreininga eller i sporten som såleis, eller om dei skisserer meir ein individorientert moral i amatørtankegodset, så som dygdetikken og grunnelementet av danning kan henda er lettare å forstå. Sjølv oppfattar eg omsynet til attraktive tevlingar, og i tilknytning til dette slike moment som forståelege og konsekvente og kanskje «rasjonelle» reglar, eksempelvis klasseinndelingar, å vera for så vidt *amatørelaterte*, som tidlegare nemnt, medan omsyn til rettferdige tevlingar, så som kven som skal få vera med i det heile, og framfor alt spørsmål, påstandar, argument og dommar om haldninga til deltakaren (og i visse tilfelle også agenten eller funksjonæren eller den tillitsvalde, som Wikberg tematiserte) er tettare på sjølv amatørtematikken, altså kva eg kallar *amatørrelevant*. Skiljet mitt er ikkje meint prinsipielt og gjensidig utelukkande mellom kategoriane, men utifrå det pragmatiske og kva som lét seg operasjonalisera til konkret forskning.¹¹¹

Richard Holt

Den britiske forskaren som eg står aller mest i gjeld til, er den av mange anerkjente sosialhistorikaren Richard Holt. Han representerer ei nyorientering i britisk historieskriving mot dei kulturelle impulsane, samanlikna med den meir bastante sosialhistoriske tilnærminga på 1970-talet.¹¹² Han er mest kjend for verket *Sport and the British* frå 1989. Der presenterte han eit heilt kapittel om den idehistoriske ramma for amatørismen i Storbritannia, slik han oppfatta han då. Amatørismen konkretiserte han enkelt fortalt med moralen *fair play* og *playing the game*. Ein skulle ikkje berre følgja reglane, men spela i den ånda som reglane var meint å vakta. Holt sitert med mi omsetjing: «Ein sann amatør skulle ikkje søka å oppnå fordelar over ein motstandar som han ikkje forventa at motstandaren ville nytta seg av.» Enkelt sagt: Fekk fotball-laget ditt eit straffespark som ikkje var rettmessig, skulle du skusla det bort med vilje.¹¹³

¹¹¹ I idrettsfilosofien vil ein truleg vita å skilja mellom likskap framfor ein konkurranse, altså kven som får vera med, og likskap i konkurransen (utforminga av konkurransen), og korleis ein skal behandla det som synest likt, og det som synest ulikt (så som kjønn), og korleis ein skal forstå ulikskapar i organisering og ressursar (systemulikskap) og bøta på desse. Sjå Loland, 1989.

¹¹² Innleiingsvis skriv han at sosiale tilhøve og endringar i desse kan ikkje forklara den stilen og den ånda som dei nye sportane blei utøvde i, og heller ikkje den sentrale plassen dei fekk i kulturell samanheng i det heile. Kulturelle dimensjonar og endringar i tankar og ideal må med, slik han ser det. Holt, 1989.

¹¹³ Holt nemner også det meir uformaliserte idealet «to play the game». Dette synte endå meir enn «fair play» til den ånda ein kunne seia at skulle spela eller kjempa idretten i. Den idrettsgreina som den britiske historikaren refererer mest til, er uansett fotball. Amatørlaga skulle i prinsippet ikkje trenga ein dommar i kampene sine. Det vidgjetne amatør fotball-laget Corinthian

Holt kan allereie her gje eit anna grep om den mistenksamheita som amatøriddretten hadde mot pengar, nemnt i fleire av avsnitta ovanfor. Han meiner det botna i legitime motiv, og ikkje berre i makt(misbruk). Før 1850 kunne adelege i Storbritannia tena store summer på idretten sin (og for så vidt på gambling). Ved midten av hundreåret kom eit nytt syn for sport inn: Idretten skulle tena sitt eige føremål, og den rettferdige, edle konkurransen, slik som Bailey og Halladay var inne på. Idrettane blei endå meir populære etter dette. Men, om dei no blei dreia til eit spørsmål om billettsal og til meir publikumstilstrøyming, risikerte ein at å vinna (for laget) atter blei viktigare enn å ta del, og at suksess for publikum blei viktigare enn vennlege møte i ånda av *fair play*. Slik, og prinsipielt sett berre slik, var pengane ei farleg freisting.¹¹⁴

Det er mogleg Holt idealiserer amatør moralen noko, og forskjønner konteksten for *fair play*, men dei normative utsegnene, så som i føreordet hans, må sjåast på bakgrunn av den reduksjonismen som ligg på lur i delar av den etablerte forskinga omkring sosiale kategoriar og klassar. Poenget til Holt er uansett ikkje å avvise den sosiale dimensjonen ved amatør omgrepet, men å komplettera biletet.

Eg skal her dvela lenger ved ein artikkel han publiserte i 2006. I den nemnde spesialutgåva som samla i ei mengd artiklar om britisk amatørisme i tidsskriftet *Sports in History* – eg kan diverre ikkje gå inn på alle desse fine arbeida – skreiv Holt under tittelen *The Amateur Body and the Middle-class Man*.¹¹⁵ Ærendet hans var å få flytta forskinga om amatøreren vidare, no ikkje berre frå klassedistinksjonar (jf Dunning & Sheard, Bailey) og den forringinga som profesjonelle representerte og risikerte (jf Halladay), men også utover den (ideala) ramma av kostskular og oppdraging og danning som han sjølv hadde formidla tidlegare, delvis påskunda av arbeida til Christiane Eisenberg, og kanskje også den kritikken han hadde hausta av Mangan heime.¹¹⁶

Casuals sette målmannen ut ved straffespark mot seg, eller i det minste pirka ballen til keeperen ved straffespark dei sjølv ikkje tykte dei fortente. Sjå Holt, 1989, s. 99. Sjølv sagt kan slike handlingar også tolkast som taktikkeri, eller overmynderi («vi er moralsk så mykje betre lag enn de er»), men det fører for langt å drøfta dette her.

¹¹⁴ Holt skriv til dømes: «The high priests of Victorian amateurism have so often been castigated – and rightly so – for their unsympathetic attitude towards working-class sportsman that they ought at least to be given credit where it is due. Their vision of sport was a fine and proper one: What is wrong with their emphasis on restraint in victory and good humour in defeat, the conviction that rules should be freely accepted and the decision of a referee be respected, and their belief that the team was more important than the individual?» Holt, 1989, s. 104.

¹¹⁵ Dilwyn Porter & Stephen Wagg, dei nemnde redaktørane, kommenterte også nokre verk og forfattarar dei hadde valt å *ikkje* ta med.

¹¹⁶ J.A.Mangan (1997) hadde nærmast arrestert han (og for så vidt slike som englandsbeundrarar som Coubertin) for å ha gjort idealet altfor harmonisk, liberalt og til og med terapeutisk, som om elevane og studentane blei opplært i *fair play*-ånd for å takla livet og konkurransen i det større samfunnet. Mangan meiner *fair play* var ei dygd av nødvendighet; innført som moralkode i dei spela reformatorar av kostskular og college innførte, eller tydde til, for å få bukt med vald, brutalitet og opprør. *Fair play*, fortsatt ifølgje Mangan, skulle sikra kontrollert konfrontasjon på banen, rett og slett, og kom ikkje til av nokon breiare omtanke for ungene, eller av engelsk-aristokratisk mentalitet, om nokon trudde det. Slik eg tolkar han, oppfattar Mangan at *fair play* var eit mykje råare tankegodt enn mange trur, både i funksjonen å disiplinera og kontrollera elevane, og i innhaldet – som altså var å oppmunta til noko meir disiplinerte samanstøytar på banen.

Amatøromgrepet gav han for det første eit organisatorisk nivå. Utviklinga gjekk frå lukka sportsklubbar til opne foreiningar. Stikkorda i så måte var frivilligheit og openheit. Holt hevda for det andre at amatørismen som ideologi la vekt på aktiv deltaking – kanskje som det heilt grunnleggjande aspektet eller verdien. Dette forklara eller kontekstualiserte han med ønsket om fysisk aktivitet, som blei så viktig for middelklassen i England (London, særleg). Dei arbeidde på kontor og dei levde i dårleg luft. Amatørfiguren hans blir såleis ramma inn også av helsemessige kategoriar – eller diskursar om ein vil. I tillegg var den victorianske middelklassen oppteken av konkurranse, særleg i City-miljøet i London. Dette fann dei att, eller forsterka dei sjølve, i sportskonkurransar. Middelklassen i det heile vaks kraftig i tal og inntekter etter 1850, understrekar Holt. Fleire samfunnsområde blei opna for det ein kan kalla meritokrati. Attåt dette igjen: amatørkulten av den aktive kroppen hadde pådriv frå den hellenistisk inspirerte estetikken i det victorianske samfunnet.¹¹⁷

Holt førebels oppsummert: amatørismen i sør-England (særleg) var forma ikkje berre av klasse, og av danning, altså av sosiale, og det ein kunne kalla pedagogiske faktorar, men av arbeidstilhøva og av helseomsyn, av assosiasjonsånd og konkurranseideologi, og av klassiske ideal om menneskelege proposjonar og skjønnheit i gjenfødd («revived») form.

Det som kan synast noko uavklara, sjølv i artikkelen frå 2006, er om Holt meiner aspirasjonane til denne øvre middelklassen var uavhengige frå preferansane til det etablerte landlege aristokratiet i Storbritannia (jf Eisenberg), eller meir prega av dei i til dømes synet på konkurranse og avdempa vinnartrong (jf Dunning & Sheard), og kva han meiner var *innhald* i amatørideologien, og kva som (berre) var vesentlege kontekstar for det. Eit amatøromgrep som involverer ein heil frivilligheitskultur er kanskje eggande, men i alle fall vanskeleg å operera med i praktisk og konkret forskning. Kvifor han legg vekt på den klassisistiske impulsen frå den greske antikken, og ikkje på den middelalderlege, eller riddarlege arven som Mark Girourd (1981) har peika på i *The Return to Camelot* (som eg skal streifa i bolk III, part 2), er uklart. I det heile kan det vera noko langt mellom konkrete tekstar og sitat i forskingsartiklane til Richard Holt, som gjer det noko vanskeleg å etterprøva påstandane. Så er då ein del av utsegnene hans å forstå som forslag til forskingshypotesar, som eg skal koma til snart.¹¹⁸

Kva som er verdt å merka seg vidare enn dette, utifrå alle desse britiske perspektiva eg har nemnt, er at ulike idrettar synest å skapa litt ulike tyngdepunkt eller senter i kva amatørismen

¹¹⁷ Ei opplyssande bok om dette forholdet er David Jenkins, *The Victorians and Ancient Greece* (1981).

¹¹⁸ Den viktigaste kjelda hans, i alle fall av dei verka han siterer, er E. Grayson, *Corinthian Casuals and Cricketers*. (1983). Han nemner også P. McIntosh, *Fairplay* (1979).

handla om. Hjà Dunning & Sheard (rugby) er eit nøkkelord *moderasjon*. Hjà Halladay (roing) er det snarare *heilhjarta og ærleg innsats*. Den tidlege Holt la vekt på fotball og fair *play*. Seinare synest stikkordet hjå han å vera, med fleire idrettar innbakt (så som golf), å vera *frivillig deltakar*. Samla synest eg å oppfatta at det finst ei spenning i framstillingane; mellom amatørisme som reservert innsats og heilhjarta innsats; mellom ei haldning som ikkje tok så nøye på resultatet, og dugande, iherdig innsats. Holt er inne på at cricketspelaren W.G. Grace var notorisk oppteken av å vinna, medan skipioneren Arnold Lunn syntest å ta utforbakkane med lidenskap og stoisk ro.¹¹⁹

Kva ein kan kanskje kan seia at forskarane her har som minste felles multiplum om amatørinnstillinga, er at: *Siger er viktig nok, men slett ikkje det einaste, og kanskje ikkje det viktigaste*.

Denne nemnaren vil då vera retta særleg inn mot idrettstevlingar, og godt mogleg mot særmerkte britiske spel. Mi spissing er mest prega av Holt, og mynta ut på stikkordet *haldning* – som truleg best fangar opp ulike dimensjonar i norsk samanheng også, om enn det gjev mest merksemd om den einskilde deltakaren, meir enn om institusjonar.

Andre perspektiv

Bidraga til Richard Holt var som nemnt ikkje meint som, og vart heller ikkje oppfatta som ei total omvurdering av kva historikaren burde gjera i møte med amatørdeologien. Norman Baker (2004) bygde på Holt i omtalen av etoset i artikkelen *Whose Hegemony? The origin of the amateur ethos*, men gjorde her likevel iherdig forsøk på å knyta det an til opphavet i ein bestemt sosial klasse (øvre middelklasse) i Storbritannia. Tony Collins (2013), nemnt innleiingsvis, og elles prominent professor ved historikarmiljøet i De Montfort-universitetet i Leicester, anerkjente for så vidt at mange trudde heilhjarta på amatørdealet i si tid, men koka det heile ned til klasse og til kapitalisme, også han.¹²⁰

Dave Day (2012) møtte spørsmålet frå ein litt annan kant i boka *Professionals, Amateurs and Performance*, der han fortalde historia om trenarar («sports coaching») i England frå 1789-

¹¹⁹ I ein artikkel om skipioneren Arnold Lunn legg Holt (1992) delvis vekt på ein tendensen i amatørismen til det ein kan kalla talentmytologisering; altså desse som kom henslengt og tilfeldig og utrente til start, og likevel slo alle andre likevel. Ein klang av klasse og av rase kan anast bakom slik forherleggjering; «effortless superiority», eller «casual amateurism», kallar Holt det sjølv. Til andre tider kan fenomenet *moro* koma i forgrunnen hjå Holt: «In those early days, «fun» was a word frequently on the lips of that cheerful sect of «Myrrenites» - the atheletic elite of English skiing; risking your neck in a furious downhill, indifferent to the result, loving every minute of it even when you were scared half to death – that was Lunn's ideal of sport, of skiing and of the spirit of the Kandahar.» Men også nøkkelomgrepet ære blir streifa hjå Holt her, om Lunn: «He felt strongly that «sportmanship» was really no more than a modern way of rendering the idea of «chivalry» and had an aristocratic sense of the importance of «honour»; his word was his bond; cheating in any shape or form would have been quite unthinkable; in the early days, competitors sometimes even timed themselves with their own watches.» Holt, 1992, s. 425, 430. Truleg syner alt dette til spenningar i den britiske idrettsamatørismen.

¹²⁰ Collins, 2013. s. 36.

1914. Han meinte mange amatørar hadde respekt for profesjonelle idrettsfolk; dei hadde meir imot dei som segla under falskt flagg («shamateurism»). Day utvidar perspektivet litt slik som Holt gjer, og for så vidt Wikberg i visse moment, og får fram korleis denne «the professional middle class» bygde ut ein filosofi om idrettsamatøren som omfatta også trenaren og administratoren gjennom prinsippet om frivillighet.¹²¹

Det aller siste tiåret har ein kanskje sett ei dreining i forskingsmerksemda mot amatørismen i arbeidardretten i Storbritannia, som eit symposion i 2014 og ei spesialutgåve av *Sport in Society* (2017) tyder på, og meir lokale klubbperspektiv. Men noko av det aller ferskaste er ei bok om det berømte amatør fotball-laget *The Corinthians* (2018), som ikkje rekrutterte spelarar mellom kroppsarbeidarar, først og fremst.¹²²

Skal ein tala om forskingsfront i samband med historievitskapen, må ein kunne seia at han gjerne bølger, om ikkje nødvendigvis fram og attende i dei same posisjonane.¹²³

¹²¹ Wikberg, 2005 er inne på det same, at også funksjonærar og tillitsvalde, blei implisert i amatørreglementet.

¹²² Redaktørar for spesialutgåva var Carol Osborne og Stephen Wagg. Om *The Corinthians*: Bolsmann & Porter; *English Gentlemen and World Soccer*, 2018.

¹²³ Osborne og Wagg, 2017, nyttar for sin del uttrykket «fuzzy frontiers» for å skildra korleis amatørismen var spent ut mellom ideal og røyndom: Collectively these articles reiterate the importance of paying close attention to a diverse array of sports and the particular historical contexts in which they were practised, as a means of tracking the malleability of amateurism both within and between different sport cultures. Indeed, the concept of ‘fuzzy frontiers’ seems to sum up what occurred historically as individuals, teams and authorities were variously confronted with the challenge of translating an ideal into practice [...]. Sjå Editor’s Note.

Kapittel 4. Globale utsyn

Amerikansk idrett er, som idrett i alle land, eit kapittel for seg. Samstundes er han også påverka av britiske tradisjonar. Amerikanske universitet og college tok etter amatørismen ved britiske utdanningsinstitusjonar alt på 1800-talet, og amatørdeane heldt eit grep om amerikansk sport godt inn i det 20. hundreåret også, endå USA, som Tony Collins skriv, også er heimen åt den mest kommersielle sportskulturen i verda. Han meiner såleis at universiteta i USA hadde økonomisk interesse av å tvihalda på amatørismen – slik at dei ikkje måtte dela profitten frå tilskodarmengdene med spelarane (dvs. studentane) sjølve.¹²⁴ Også kjeldematerialet mitt vil visa at USA og heile «Amerika» gjerne fungerte som eit korrumperande alternativ for all amatøriddrett i Norge; slik omtala både redaktørar og utøvarar erfaringar dei gjorde «over there». For forskinga mi har det ikkje vore viktig å granska desse førestillingane opp mot dei faktiske realitetane, og eg forlet USA difor ganske snøgt her. Det same gjeld Canada.

Eit relativt tidleg verk som drøfta framveksten av omseggrípande globale amatørreglar, i Storbritannia først og så internasjonalt, med forslag til revideringar og forbetringar, er Eugene A. Gladers avhandling *Amateurism and Athletics*, som kom ut som bok i 1978.

Eit innbitt forsvar av amatørismen i all idrett, om enn med visse forslag til empiriske og historiske periodiseringar, kom med statsvitaren Lincoln Allison's bok *Amateurism in Sport* i 2001.

Allen Guttmann's verk *From Ritual to Record* er alt nemnt, og dei påstandane om amatørreglane som kjem fram der, sjølv i den reviderte utgåva frå 2004. Noko av forklaringa på den heller beiske tonen hans er truleg prosjektet i boka: å visa fram det distinkte i moderne sport, og den plassen «equality», altså likskap i sjansar, har mellom kriteria her. Guttmann fekk ikkje amatørreglar til å passa inn i utviklinga mot stadig meir modernitet i sporten i Vesten.¹²⁵

Olympisk amatørisme

Den amatørdeologien, og dei amatørreglane, som den internasjonale olympiske komiteen arbeidde fram, kan oppfattast som eit markant forsøk å gjera idretten nettopp global. Den aller første internasjonale kongressen i Paris (Sorbonne) i 1894, som baron Pierre de Coubertin hadde teke initiativ til, var samla for å diskutera amatørdefinisjonar – og på tampen fekk Coubertin

¹²⁴ Sjå Collins, 2013, s. 36.

¹²⁵ Sjå Guttmann, 2004a, s. 26-36.

kongressen med seg på at ein måtte få i stand olympiske leikar i den antikke greske ånda, nettopp for å redde idretten frå kommersialisme og forretningspreg.¹²⁶

Den tidleg nemnde David Young, som eigentleg er forskar på gresk dikting, har brukt mykje krefter på å visa at den antikke idretten i Hellas slett ikkje var prega av moderne og sånn sett innbilte amatørdear, men det er eigentleg mindre viktig her. Dei moderne ideane frå etter 1850 blei projisert attende på dei eldgamle «idrettsleikane» som altså var etla åt Zevs, og dei andre greske gudane. Ideane var uansett verksame i samtida si.

I ganske fersk verk frå 2016 blir det sagt at det var den engelske tilnærminga til amatørproblematikken som vann fram på konferansen i Sorbonne. Forskarane Llewellyn & Gleaves skriv slik i boka *The rise and fall of olympic amateurism*, der dei baserer seg mykje på primærkjelder i det olympiske museet i Lausanne. Det rimer for så vidt med at Coubertin sjølv har fortalt kor høgt han verdsette Hughes' roman om Tom Brown ved Rugby, ein stad som Coubertin nærmast skal ha valfarta til.¹²⁷

Men, den helst fransk-språklege forskaren Patrick Clastres syner kor i alle fall Coubertin snarare var prega av fransk tradisjon i omgrep som «la chevalrie sportive» (= «eit sportsleg adelskap») – som viser til honnørord eller verdiar som «de loyauté, de distinction et de politesse» på fransk (= lojalitet, kultivering, pålitelegheit)¹²⁸, og at amatørdeologien til IOK slik sett ikkje måtte importerast, eller faktisk blei omsett direkte, frå ein eller annan kostskule eller eit college i Storbritannia. Clastres belegg også godt at ideen om olympiske leikar var noko Coubertin kom på like før kongressen i Paris, og at kjennskapen hans til det antikke Hellas var heller skrinnt før 1892. At han berre skal ha brukt amatørdeologien på kongressen som ein slags trojansk hest for den olympiske arrangementsideen sin, slik som han skreiv i memoarane sine, må ein truleg lesa med større skepsis enn mange har hatt for vane. Alt dette er for så vidt interessant nok for forskinga mi, men sidan avgrensinga mi er sett i tid før den olympiske amatørismen gjorde seg gjeldande for alvor i Norge, har eg ikkje gått djupare inn i denne litteraturen.¹²⁹

Førebels oppsummering

¹²⁶ Sjå her Skjeldal, 2014, for ei framstilling av tildragingane i Paris.

¹²⁷ Llewellyn & Gleaves, 2016, s. 22-28.

¹²⁸ Clastres, 2005.

¹²⁹ Clastres, 2010. Llewellyn & Gleaves, 2016, s. 23. er døme på forskarar som tek desse memorane hans for god fisk for kva han opphavleg meinte.

Eg har samla meg om denne omgrepsmessige analysen, særleg inspirert av Holt: amatørforestillingane i idretten kan studerast i lys av 1) dei spesifikke regelverka og bestemmingane som utvikla seg, både i klubbar og på nasjonalt nivå, og på internasjonalt nivå.

Dette kallar eg det juridiske omgrepet om idrettsamatøren. Pengar synest etter kvart å vera det viktigaste konkrete spørsmålet i reglementa. Somme tider kallar eg dette for eit «trongt» omgrep om amatøreren, utan å meina noko nedsetjande ved det. Eit par stader talar eg om juridiske normer i denne samanhengen, som då er å forstå som normer ei eller anna idrettsmyndigheit set autoriteten sin bak, til forskjell frå moralske normer – som ikkje er formaliserte og garanterte av ein klubb eller eit forbund på den same måten.¹³⁰ Denne sistnemnde relasjonen er kjend i idrettsfilosofien som kompleksiteten rundt idealet *fair play*, og spenninga ein kan ana mellom formelle fairplay-normer som «Følg reglene!» og dei meir uformelle normene som til dømes «Respekter konkurrenter og dommere, og gjør ditt beste!»¹³¹

Det juridiske omgrepet stod kan henda i samband med sosiale omsyn, og ønsket om å hegna om ein eller fleire samfunnsklassar. Dette er å forstå som 2) den sosiale dimensjonen ved amatørismen, som nemnt nokre gonger no. Ein kan dyrka denne kategorien for seg, eller ein kan også setja han i samband med kva Wikberg har karakterisert som ein mogleg dimensjon av *etnisitet* ved amatørismen. Men sjølv om det finst noko titulering av det vi kallar urfolk eller samar (som «lap» eller «fin» i kjeldematerialet mitt, har eg valt å sjå bort denne moglege dimensjonen, då døma ikkje er overveldande mange.¹³²

Reglane og bestemmingane kunne også ha tilknytning til det moralske ved amatøreren. Reglane vakta, viss ein ser problematikken frå ein bestemt vinkel, rett framferd og attråverdige konkurransar. I neste omgang skulle så denne framferda ein øvde på i rettferdig idrett, gagna både den einskilde og det større samfunnet, gjerne i form av dygder, så som *mot*. Aktivitet og derigjennom helse var også verdiar ein trudde på.

¹³⁰ Korleis forholdet er mellom normer i samfunnet meir generelt og meir eksplisitte juridiske lover, altså kva som kjem først og siste av desse to, står som eit vesentleg, men også komplisert emne i jussen, seinast drøfta i ei bok for den breiare offentlegheita av Olav Østrem, *Hatefulle ytringer* (2021). Utgangspunktet hans er paragraf 185 i den norske straffelova, som handlar nettopp om hatefulle ytringar. Den danske forskaren Martin Munk (1993) har eit meir vidløftig teoretisk perspektiv på konstitutive og regulative reglar, brukt på sykkelsporten, med sterk inspirasjon i Bordieu. Eg har ikkje gått djupare inn i denne moglege djupanalysen av reglar i sportssamheng.

¹³¹ Døma er henta frå boka *Idretsetikk* av Sigmund Loland, 2015, s. 83. I den engelske, og innhaldsmessige noko berarbeidde versjonen av doktorgradsavhandlinga si, *Fair play in Sport* (2002), viser Loland til det etablerte skiljet mellom «formal fair play» og «informal fair play» i forskinga, og bruker dette som utgangspunktet sitt. Sjå Loland, 2002, s. 14-15. Ein relativt fersk illustrasjon frå konkurranseidrett kan vera femmila i VM i Oberstdorf (2021), der *eitt* spørsmål var kva Johannes Høsflot Klæbo og Alexander Bolsjunov (og den endelege verdsmeisteren Emil Iversen) hadde rett til ifølgje reglane for spurt og sporval (laga av FIS), og *eit* anna kva som er moralsk rett å gjera når ein knekker ein stav, eller ser at ein annan ha knekt ein stav.

¹³² Fridtjof Nansen blei tilrådd å ta «lapper» med på Grønlandsekspedisjonen, og gjorde litterære grep av kor ulike, og ofte redde, samane var. Sjå Nansen, 1889. Ved resultat i Norsk Idrætsblad frå skirenn kunne samar bli registrert med etnisitet, om dei enn ikkje blei kategorisert i eigen klasse. For «fin», sjå td. tidsskriftet *Folkevennen*, 1868 (Vol. 17), s. 78.

Dette kallar eg 3) den moralske dimensjonen ved amatøreren. Godt mogleg tangerer denne tydinga av ordet eit politisk nivå i norsk historie som ikkje ein kan venta i same grad i det britiske kjeldematerialet. Idretten fekk ei nasjonsdannande rolle i Norge som verka inn i uavhengigheitsstrevet med eller rettare sagt *mot* Sverige. Eg må kunna spørja om ikkje amatøreren tok merke av det.¹³³

Attåt dette forventar ein av amatøreren ein viss disiplin over kjenslene, og «god» smak i dei kledda ein hadde på seg, og også ein bestemt måte å føra kroppen på, kort sagt «stil». Dette kunne gjelda både før og under og etter sjølve konkurransen, men også prinsipielt sett uavhengig av kappestriden med dei andre. Dette tematiserer 4) den estetiske sida av amatørskap.

Dette i dei siste avsnitt er vel å merka mine analytiske kategoriseringar; grensene mellom det moralske og estetiske og politiske er ikkje nødvendigvis så definitive i dei historiske avsnitt som eg granskar, noko nemnaren «haldning» syner til. Det følgjer uansett av desse fire, eller fem dimensjonane med det politiske inkludert, at ein vanskeleg kan definera amatøreren veldig enkelt, i noko bestemt tidsavsnitt. Eg skal såleis lata det amatørermessige bli særskilt tematisert ved, men altså ikkje definert ved, kva *haldning* ein går inn i idretten med, og kva haldning ein kjem ut av han med.

Tillat meg eitt fugleperspektiv her til slutt: Om amatøreren er det blitt sagt av den britiske statsvitaren Lincoln Allison, at han driv med ting, så som idrett, «for the love of them». Idrettsamatøreren har i så fall denne enkle gleda av å berre driva på, for seg sjølv. Men kunne ein seia, som ein samlande hypotese om den norske idrettsamatøreren i siste halvdel av 1800-talet, at han dreiv med idrett for noko *større enn seg sjølv*?¹³⁴

¹³³ Lat meg minna om ei presisering eg nemnde heilt innleiingsvis: Eg bruker omgrepet politisk i laus forstand, som spørsmål omkring samfunns- og statsorganisering. Nasjonalisme kan forståast som eit politisk fenomen, men også som ein tidsbestemt kulturell storleik, så som i den perioden ein gjerne nemner «nasjonalromantikken». Ein ting er å oppfatta seg og skapa seg som eit eige folk; ein annan ting, ein politisk dimensjon, er å peika på rettar og forlaga at denne nasjonen skal ha sin eigen stat.

¹³⁴ Dette er ein slags beinfram definisjon som Lincoln Allison gjer av all amatørinnstilling, i boka *Amateurism in Sport*, 2001. Han skriv innleiingsvis, s. 3: «Amateurism may be variously considered to be about doing things for the love of them, doing them without reward or material gain or doing them unprofessionally. » Allison gjev ein del fine forslag til periodisering av amatørismen i idrettsleg samanheng, men boka som er å betrakta som eit normativt innlegg meir enn eit empirisk-nøkernt studium.

Kapittel 5. Kunstamatøren

Eit ord er ikkje avgrensa at eit bestemt tydingsområde. Elles ville ikkje menneskelege språk hatt metaforar. Ein «fot» er ikkje berre ein anatomisk nemning, men noko som også kan antyda kvar til dømes eit fjell byrjar. Mykje på same måten er det med nemninga «amatør». Det finst så mange aktivitetar ein kan elska. Såleis kan heller ikkje omgrepet amatør avgrensast eksklusivt til idretten, dersom ein ser historisk på emnet, og ei historisk-teoretisk avklaring må ta inn over seg breidda som finst av menneskelege ytringar, og den moglege slektskapen mellom idrett og det som kallast «kunst». Eg kan berre gjera eit raskt sveipt i dette kapittelet – over historia til ordet og forkinga på omgrepet i kunstsamanheng.

Eit enkelt søk på ordet «Amateur» i databasen til Nasjonalbiblioteket (sidan «amateur» er den eldre skrivemåten av «amatør»), syner at noko av den aller første bruken i norske aviser, var i samanheng av musikk. Den unge Wetterstrand, medlem av det svenske kongelege musikkakademiet, heitte det i ein annonse hausten 1805, lyste ut ein pianokonsert i Kristiania der folk kunne kjøpa tilgang («Billett»), og i andre akta her ville ein amatør utføra ein fiolinkonsert av Fraintzel.¹³⁵ Ordet «Liebhabe» dukkar opp i den same annonsen, som den musikalske troppen (frå Kristiania, vil eg tru), som skulle akkompagnera Wetterstrand i programmet hans av etablert klassisk musikk. Både amatøreren og liebhabeeren var truleg å rekna som mindre dyktige enn Wetterstrand, men slett ikkje dårlege av den grunn, verken kunstnarleg (eller moralsk) sett. Ordet «Dilettant» er i alle fall nytta tre år seinare i norsk trykt offentlegheit, og her i samanheng av ein som har sendt inn ein slags fedrelandssong til publikasjonen «Tiden», og som orsakar seg audmjukt med at han berre er ein «Dilettant i Digtekunsten». Denne dilettanten var ingen ringare enn Enevold Falsen, den drivande krafta i regjeringskommisjonen, som var det sentrale styringsorganet i Norge i 1807-1814. Stort var då også hatet i songen mot britane, som hadde bomba København året før, i 1807.¹³⁶

Desse tre orda altså – amateur, liebhabe, dilettant – peikar faktisk mot eit stort forskingsfelt i Europa. Amatøren som felles, samlande omgrep tangerer kunsthistorie, og vitenskapshistorie, og delvis vitenskapsfilosofi frå vår eiga tid. Det er tale om røtene i italiensk åndsliv; om hoffmannen til Baldassare Castiglione og kva han burde vera driven av; om Goethe og Schiller, og den kontante avvisinga deira av all dilettantisme i kunsten (men ikkje vitenskapen); og om forgreiningane til Norden, ulikskapar, tilpasning og «forsinka» prosessar her. Kort sagt var amatøreren ein oppskatta storleik på 1700-talet, særleg i betrestilte krinsar; «en

¹³⁵ Sjå *Norske Intelligenz-Sedler* den 26. november 1805.

¹³⁶ Trykt i *Tiden* 5. mars 1808. Avisa kom ut mellom 1808-1814, redaktør var presten Niels Wulfsberg.

hedersbetegnelse på en væremåte og en sosial status»¹³⁷. Figuren og ordet blei gradvis skrudd ned i verdi ut over 1800-talet, dette i og med profesjonaliseringsprosessane omkring kunsten. Dilettantomgrepet utvikla seg til å bli eit skjellsord for innbilskheit og for «den pretensjøs amatør». Likevel var det forskjellar kunstgreinene i mellom. Dei framførande formene (teater, dans, opera) var seinast med profesjonaliseringa i Norge, skriv Jon Nygaard.¹³⁸ Truleg var det forskjell også mellom orda, og kva uttrykk som sist fekk negativ klang av dei.¹³⁹

Kjernen i profesjonaliseringa er då at kunst, som noko opphøgd og reint, kravde talent, dedikasjon og kunnskap. Det er tale om utdanningsinstitusjonar, men også om andre institusjonelle trekk. Nemnde Wetterstrand står heilt i starten av denne prosessen i norsk samanheng.¹⁴⁰

Det få eller ingen har sett på i kunsthistorisk samanheng, i alle fall ikkje som eg kjenner til i skandinavisk samanheng i dag, er kva glidande overgang det er mellom dei kunstgreinene som ein hegnar om i dag, og dei andre «framføringane» og scenene som fanst i samtida. Eg tenkjer då på akrobatikk og gjøgleri og annan rørslekultur knytt til det vi kallar sirkus – og korleis samtidige aviser og bøker og artistar kunne omtala det som blei prestert her som «kunst». I nett dette skjæringspunktet kan det finnast relevant stoff for den spesifikke amatørtematikken i til dømes teaterhistoria. Meir konkret: Kva type profesjonelle sceneartistar måtte skodespelaren og regissøren (så som Henrik Ibsen?) også avgrensa seg frå, og då ikkje berre frå amatøreren, for å vinna kulturell staus?

Noko som heller ikkje er blitt studert i særleg grad, er den bokstavleg tala glidande overgangen frå kunstformer som dans og ballett – til det som vi hegnar om som idrett i dag. Eg skal visa korleis avisene ikkje skilde strengt det eine frå det andre i dei første tiåra av «skøytesport». Ein dansa på scenen, og ein dansa med skøytene på isen, og ein dansa med rulleskøyter på revy- og teaterscenen. Amatøromgrepet i idrettsgreinene stod godt mogleg i kontakt med, og fekk tydingsinnhald frå den etablerte kunsttradisjonen.

Ein må spørja seg: Kan ein tala om omsetjing også her? Og om produktiv meirverdi? Eller som Marie-Theres Federhofer skriv i ein litt annan samanheng: «Ved å gå over i andre semantiske felt kunne uttrykket utvikle nytt betydningsspillerom.» Og i neste andredrag: «Sagt litt annerledes kunne begrepet frikobles fra traderte begrepskonstellasjoner for å dukke opp

¹³⁷ Gjervan, Gladsø, og Selvik, 2015, s. 9.

¹³⁸ Nygaard, 2015, s. 147.

¹³⁹ For det siste, sjå avsnittet «Dilettantisme som erkjennelsesmodell» hjå Federhofer, 2011, s. 24-27.

¹⁴⁰ Sjå Nygaard, 2015, s. 147.

igjen i nye semantiske grupperinger.» Federhofer diskuterer då dei semantisk-diskursive feltet som mellom andre Cathrine Theodorsen har vist for omgrepet dilettantisme.¹⁴¹

Forskyvinga av amatørfiguren til idretten skapte kan henda ein meirverdi; eit nytt høgdedrag for å tala med geologien, som handla om det moralske og høgverdige nettopp her. Formulert endå meir ope: Gav den innbitne motstanden i idretten og idrettsoffentlegheita mot profesjonaliseringa (forstått på vidt ulike måtar) amatørromgrepet ein annan funksjon – og fornøya og forlenga på den måten den positive verdien som amatør-figuren hadde hatt i kunstsamanheng tidlegare?

Denne måten å sjå tematikken på, denne måten å integrera idretthistorie i kunsthistoriske termar og omgrep på 1800-talet på, gjer kan henda den estetiske dimensjonen som mellom anna Holt har identifisert, endå meir gyldig. Men det kan også vera at det syner ein heilt annan impuls av kulturell og omgrepsmessig påverknad her på berget enn kva det britiske kjeldematerialet røper. Det kan også henda at det syner kor nyttig det er å ikkje avgrensa og definera idretten strengt frå andre kulturytringar på førehand.

Dette vonar eg å finna ut av, i den konkrete forskinga som følgjer seinare i denne avhandlinga.

Kapittel 6. Amatørfiguren i norsk idrettshistorisk forskning

Sjølv om ingen forskar har konsentrert seg lenge om idrettsamatørismen i norgeshistoria, og avhandlinga mi såleis er den første i slaget sitt, har både herrane Goksøyr & Olstad, og seinare Espen Andersen, og Rune Slagstad, likevel stogga ved amatørforestillingane i norsk idrettshistorie. Kort oppsummert kan ein seia at desse fire, vel å merka i ulike etappar, har samla seg aller mest om amatørreglane som vaks fram, og den økonomisk-sosiale dimensjonen som ein kan knyta omkring desse. Her skal eg gjera greie for som likevel finst av viktige element for meg, hjå dei og hjå andre forfattarar; element og moment som vil bli kommentert nærmare i den framskridande teksten min (bolk III) om forskingsfunna for perioden 1866 til 1907.

¹⁴¹ Og eg siterer: «Mens hun for det kunstneriske området foreslår det diskursive feltet «liebhaber – kjenner – kunstner», nevner hun for det vitenskapelige området det diskursive feltet «gentleman – virtuoso – lærd.» Federhofer vil fram at dilettantisme ikkje er eit eintydig, men ope og foranderleg omgrep – som ein må forstå relasjonelt og altså historisk. Federhofer, 2011, s. 16.

Finn Olstad

Systematisk, arkivorientert og etterretteleg idrettshistorieforskning i Norge begynte for alvor med Finn Olstad og Stein Tønnesson, som i åra 1986-1987 kom med to-bandsverket om norsk idretts historie, forankra i 125-årsjubiléet for Norges idrettsforbund.¹⁴²

Kvaliteten på dette arbeidet er imponerende, gjeve at ein enno kan knyta seg an til forskinga her, og bryna påstandar mot teser og slutningar i tekstane. Olstad er omtala først her hjå meg, sjølv om bandet hans kom etter Tønnesson sin del. Eit berande poeng i det første kapitlet hans, som tek for seg den tidlegaste perioden frå 1861-1893, er at norsk idrett stod i brytinga mellom europeiske impulsar og heimlege tradisjonar. Dette er ei erkjenning som eg har lagt meg sterkt på minne, sjølv om det for meg kan opna andre konklusjonar om amatørismen enn han trekkjer. Olstad legg til grunn at sjølve amatør-ideologien – slik som Wikberg og Jørgensen mykje gjer det – kom til landet med den engelske sportsforma. Det handla etter 1890-talet i Storbritannia rett nok meir om pengar enn om bestemte sosiale klassar; Olstad karakteriserer det fengande flott og kort som «pengeløs fritidsbeskjeftigelse», men sosiale klassar og eksklusjonsmekanismer klinga likevel under, meiner han. Og det førte i neste, og kanskje forsinka, omgang til bestemte og konkrete amatørregelverk, i Norge så vel som i andre europeiske (og vestlege) land. Dette siste kan eg kalla, i tråd med gjennomgangen av den internasjonale forskinga, eit trongt amatørromgrep, utan dermed å hevda noko nedsetjande om omgrepsapparatet til Olstad, eller at han tek direkte feil i noko i framstillinga si. Det er begrensingane han har sett seg, som eg stiller visse spørsmålsteikn ved.¹⁴³

Stein Tønnesson kom altså alt i 1986 med band to av den idrettshistoria som han samarbeidde med Finn Olstad (og Norges idrettsforbund) om, nærmare bestemt med undertittelen *Folkehelse, trim, stjerner. 1939-1986*. Særleg i kapitlet om «Idrettens ideer» (Kap 9) drøftar han amatørforestillingane i etterkrigstida¹⁴⁴, og heftar dei særleg på det han kallar «det olympiske idealet». Det olympiske idealet, ikkje nødvendigvis identisk med IOK i eitt og alt, blei løfta fram allereie frå tidleg i mellomkrigstida, og kanskje før det, som eit korrektiv til militære og offentlege forsøk på å gjera idretten nyttig, meiner han. Konkurranselyst og store prestasjonar, og kanskje rekordar, var i dette «paradigmet» drivkraft og verdiar nok i seg sjølve. Amatørskap skulle i så måte demma opp for kommersialisme og

¹⁴² Jubiléet kan sjølv sagt diskutert, all den tid den første samanslutninga, Centralforeningen til Udbredelse af Vaabenbrug og Legemsøvelser, stifta i 1861, i både namn og ideologi låg langt i frå NIF anno 1986.

¹⁴³ Olstad 1987, s. 87.

¹⁴⁴ Tønnesson deler perspektivet til Olstad kvar amatørdeane kom i frå (Storbritannia, og dei bemidla klassane der), men presiserer at sjølv om formålet med amatørreglane forsvann (ekskludering), heldt amatørreglane fram med å verka ekskluderande. Sjå side 220.

for mykje alvor, og vel nytteorientering, i idretten. Tønnesson har noko av det same perspektivet på det framande ved amatørreglane som både Wikberg og Jørgensen dyrka, og han skriv:

Amatørprinsippet, som hadde sine sterkeste tilhengere blant dem som hyller det olympiske ideal, er et underlig fenomen. Ingen har noensinne falt på tanken å lage lover og regler som skilte mellom amatører og profesjonelle i teater eller bildende kunst, men i idretten ble dette skillett et prinsipp.»¹⁴⁵

Også her anar eg opning for heilt andre slutningar – av det same vitskapelege funnet.

Matti Goksøy og Bergen

Ikkje lenge etter Tønneson, i 1988, kom også Matti Goksøy med ganske fundamentale betraktningar om amatørreglane, dette i ein NIH-rapport som vel opphavleg var ei deloppgåve i dr.scient-kvalifikasjonen hans, og som handla om dei teoretiske omgrepa modernisering, sivilisering, og sportifisering. Goksøy synt same grunnhaldning som særleg Finn Olstad, og kalla reglane «maktmekanismer». I forlenginga av dette skreiv han at dei nok i opphavet sitt kunne oppfattast som ønskje om å danna likskap og rettferd, men at likskapsprinsippet, som eit klassisk borgarleg ideal, «møter problemer når det anvendes på et samfunn som i realiteten er preget av økonomisk og sosial ulikhet». Korleis amatørreglane kan henda kan forståast på ein litt annan måte, også i høve omgrep som sportifisering, må eg få koma til i sluttdrøftinga.¹⁴⁶

Sjølv om Goksøy la an eit smalt omgrep om amatørskapen, avdekte doktorgradsarbeidet hans (fullført i 1991) interessante dynamikkar både om regelverket ved roing i Bergen heilt på tampen av 1800-talet, og litt breiare om både termen «amatør» og «dilettanten», og om heile det feltet av kroppskunstnarar og artistar og levebrødsløparar som er relevant for tilnærminga mi.¹⁴⁷

Goksøy & Olstad

I 2002 kom så Goksøy og Olstad saman om eit grundig forskarverk om norsk fotballs historie, initiert og finanisert av Norges Fotballforbund (NFF), som feira hundreårsjubileet sitt dette året. Her kan ein lesa seg til interessante element om amatørfiguren i samband med dette lagsspelet.¹⁴⁸ No er ikkje sjølve omgrepet 'amatøridrett' særleg reindyrka i framstillinga til Goksøy og Olstad; oftast har dei ei (snever) forståing om amatørbestemmingar i tankane, og

¹⁴⁵ Tønnesson, 1986, s. 220.

¹⁴⁶ Goksøy, 1988, s. 83. Her er mykje gefundenes fressen for dei som vil lesa seg opp på Guttmann, Elias og for så vidt Eichberg.

¹⁴⁷ Goksøy, 1991. Tittelen på avhandlinga er: *Idrettsliv i borgerskapets by. En historisk undersøkelse av idrettens utvikling og organisering i Bergen på 1800-tallet*

¹⁴⁸ Goksøy og Olstad, 2002. Tittelen på den innhaldsmetta jubileumsboka er enkelt «Fotball!»

for så vidt viktig plass blir gjeve til kampen for liberale vedtekter om pengeerstatning for tapt arbeidsforteneste på tidleg 1920-tal.¹⁴⁹ Men det går også an å heva at dei opererer med eit vidare omgrep om amatøreren enn som så i det kapittelet som heiter «Disiplinering, danning og kontroll». Tidsramma er her vidare; 1900-1925. Forskarane gissar på (kvalifisert, må ein tru) at dei lærarane som gav rom for fotball i gymtimane, trudde fotballspelet kunne vera karakterdannande og disiplinierende. Litt meir konkret: at spelet kunne elska fram «mandighet, lagånd og ridderlighet.» Forfattarane skriv: «En slags sosialdarwinistisk tro på det positive og oppdragende i å måtte tåle å ta og gi, og å klare seg selv, var relativt utbredt blant både foreldre og skoleledelse.»¹⁵⁰

Dette er noko den større kulturelle ramma som også Richard Holt gjev amatørdeologien – for hans vedkomande i Storbritannia. Vidare løftar Goksøy og Olstad fram at den norske fotballdommaren fungerte som dannelsesagent og disiplineringfaktor – i alle fall fram til 1925. Dommaren skulle danna både spelarar og publikum. Pressa prøvde også å hjelpa til med oppdraginga av tilskodarane. Forfattarane sitert på ny: «Rundt fotballen manglet det altså ikke på propaganda for en «fair» og gentlemansaktig oppførsel på banen og på tribunen.» Spelarane sjølve trudde på desse ideala. Brann-kapteinen Finn Berstad bomma med vilje på straffespark ved fleire høve, truleg fordi han ville vera høfleg og rettferdig.¹⁵¹

Ifølgje denne boka tok så leiarane av arbeidarfotballen på 1920- og 30-talet over mange av dei dannelsesambisjonane som dei borgarlege fotballpionerane hadde hatt. Dei leiande talsmennene eller strategane for arbeidarrørsla nytta i stor grad ein aristokratisk prega kritikk av utviklinga, samstundes som dei understreka rolla fotballen hadde som «kameratsport». «Penger, sirkus og «stjerneidrett» måtte aldri bli noen drivkraft», heitte det her. Amatordeologien, slik eg vil forstå han i vidare forstand, synest sånn sett å ha passa for kroppsarbeidarar også. Dette er element som for så vidt rimer med den moglege nyorienteringa mellom britiske idrettshistorikarar: Arbeidarar som dreiv med idrett, var ikkje nødvendigvis berre *offer* for ein amatørdeologi.¹⁵²

Espen Andersen

I 2007 fullførte Espen Andersen eit doktorgradsarbeid om fotballen i oppkomstfasen i norsk samanheng, og plassen han fekk i norsk offentlegheit i dei første førti åra av historia til fotballen

¹⁴⁹ Reidar Bergh, fotballpresident i 1920-1924 kjempa for romsleg fortolking av reglane her, medan presidenten Sam Knudzen (åra 1924-1926) ville ha strengare, kanskje «aristokratiske» reglar om lønserstatning, og gjekk i spissen for dei som ville ha ein privat liga av klubbar gjennomsyra kun av «klubaand og hygge». Felles amatørbestemmingar for all norsk idrett kom i 1925, og prinsippet om erstatning for lønstop endeleg knesett i 1930. Sjå Goksøy & Olstad, 2002, s. 47.

¹⁵⁰ Goksøy og Olstad, 2002, s. 35.

¹⁵¹ Goksøy og Olstad, 2002, s. 112.

¹⁵² Goksøy og Olstad, 2002, s. 113.

her til lands. Tidsrommet er dermed avgrensa hjå han til 1880-1925. Sjølv om han kallar forskinga si eit kulturstudium, vier han sosiale kategoriar stor plass, og han legg mykje til grunn den amatørforståinga som Olstad og Goksøyrr har operert med tidlegare i forskinga deira, at amatøreren var ein framand fugl som ikkje passa så godt i norsk topografi. Klassedimensjonane var annleis i Storbritannia, kort sagt. Andersen meiner samstundes at dei nemnde fotballhistorieforskarane tek munnen for full når dei tolkar at fotballen fekk ei så oppdragande rolle i Norge. Danning eller «dannelse» var ifølgje han ikkje hovudprosjektet for dei som dreiv med fotball i borgarskapen. Dei hadde desse ideala om høflegheit og disiplin og moderasjon *uavhengig* av ballidretten, og ideala viser eigentleg tilbake til den kulturen og bakgrunnen dei godt privilegerte spelarane og leiarane hadde, skal vi tru denne forskaren.

Andersen har elles interessante merknader om utviklinga av idrettspressa, frå karakteristikk av Norsk idrætsblad (som han kallar eit slags «meningsblad») til drøftingar når sportsjournalistikken kan seiast å slå igjennom i dagsavisene, som er høgst interessante for meg.¹⁵³

Om fotballen i Norge samla er å seia at NFF var ei høgborg for amatørisme, ja, truleg meir, og faktisk lenger enn svensk fotball var det, jamført med amatørmtalen til Torbjörn Andersson.¹⁵⁴

Slagstad og (Sporten)

Året etter Andersen forsvarte doktorgraden sin, altså i 2008, kom sosiologen Rune Slagstad med det innhaldsmetta verket sitt om norsk og europeisk idrett, som han altså kalla (*Sporten*) med parantesane tydeleg på plass. I den delen som heiter «Utsikt» og i det underkapittelet der som heiter «Dannelsen av en sportselite» skriv han eit avsnitt om amatørtematikken i norsk kontekst under overskrifta «overgang til profesjonell idrett – et riss».¹⁵⁵

Slagstad byggjer mykje på Olstad (1987) i omgrepsforståinga, også han. Han legg til grunn at amatøridéane kom til Norge relativt seint, og at dei slo inn i norsk idrett med ulike rytme i ulike greiner, i sykkelporten først. Men så skjer det eit visst omslag, både i dynamikken omkring amatørbestemmingane og i forståinga til forfattaren av dei: Amatørreglane går mot

¹⁵³ Andersen, 2007. Tittelen er: *Det store gjennombruddet. Norsk fotballs kulturhistorie 1885-1925*. Karakteristikken er å finna på side 223.

¹⁵⁴ Matti Goksøyrr har fleire stader med eit treffande sitat av presidenten Reidar Dahl, og eg kan ikkje stå imot freistinga til gjenta det her: «Den dagen», sa han på fotballtinget i 1954, «Den dagen vi faller på kne for at det skal gis erstatning i penger for at en spiller er med og trener sine kamerater, den dag da idrettsgleden, klubbånden og kameratskapet skal virke som et materielt gode i kamep om lumpne pengestykker, den dag idretten mister sitt idéinnhold og blir et middel til økonomisk vinning, den dag er ikke sporten verd en sur sild.» Goksøyrr, 2008, s. 139.

¹⁵⁵ Slagstad, 2008. Det er tale om ti sider, frå s. 691-698.

slutten av hundreåret hand i hand med kritikk av «professionistens Skole», skriv Slagstad. Og så: «Amatørbestemmelsene ble knesatt i de enkelte forbund i tiden etter 1900 i tråd med perspektivet om en bred folkeidrett med like vilkår for enhver.»¹⁵⁶ Dei i opphavet engelske ideala og reglane hadde no fått i oppgåve å verna brei basis for deltaking. Amatørreglane skulle heretter sikra vilkår for alle. Dette er i realiteten det motsette perspektivet av kva Olstad presenterer som premissen for dei, i alle fall i Storbritannia. Analysen liknar meir på kva Andersson (2002) har forklart om svensk fotball.

Slagstad er sjølvsagt ikkje forplikta på å hevda at dei engelske førebileta, til dømes i den norske sykkelsporten forstått strengt og «detaljert» i 1888, hadde sikte å stenga ein heil del folk ute frå idrettstevlingar. Om han bygger på Olstad og delvis Goksøyr, og litt på Andersen, treng han ikkje konkludera som dei. Kan henda er det eit vidare og spenstig idrettsomgrep i boka som ligg bakom denne perspektiveringa. Det er likevel verdt å merka seg at han ikkje kommenterer eller drøftar denne nyfortolkinga si. Andre stader i boka gjer han dristige og gode framlegg til korleis norske kroppskulturar ikkje kan seiast å vera berre kopiar eller inspirasjonar av britisk måte å røra seg på.¹⁵⁷

Kjell Haarstad

Dei fem verka eg no har omtala, eller seks om ein riv Tønnesons band ut av samanhengen med Olstad, har alle tematisert amatørfiguren eksplisitt. Dette tyder ikkje at ikkje også andre historisk orienterte arbeid har særleg relevans for meg. Olaf Christensens bok (1993) om norsk skikultur er alt drøfta. Den narrativt prega boka om skisporten av folkloristen Thor Gotaas (2003) har vore eit nyttig oppslagsverk, sjølv om det analytiske nivået må seiast å mangla noko, og amatørdimensjonen stort sett blir mistenkeleggjort som noko som tok inntektsmoglegheitene frå bønder, husmenn, skoggangsmenn. Seksbandsverket *Norske Skiløpere* (1955-1969) er rikt leksikon om skiarrangement oppigjennom, der Jakob Vaage var hovudmedarbeidar for det historiske stoffet. Forskaren og skientusiasten Roland Huntford (2006) har vore nyttig i høve den europeiske og amerikanske utbreiinga av skiidretten.

Eg vil særleg trekka fram ei anna bok eg har hatt mykje nytte av, og stor glede av, Kjell Haarstads grundige *Skisportens oppkomst* frå 1993. Hovudprosjektet hans var å syna at skisporten ikkje *på nokon måte* stod åleine i Morgedal i Telemark, men at nesten heile landet var med å skapa moderne skisport i form av kontrollerte og opne konkurransar, særleg i tidsrommet og tiåret 1860-1870. Haarstad baserer seg mykje på dei førstehandskjeldene som

¹⁵⁶ Slagstad, 2008, s. 694.

¹⁵⁷ For sitatet: Slagstad, 2008, s. 691.

avisene kan seiast å vera. Og det var slik, gjennom eit sitat av ein annonse i Aftenbladet i 1866 som han synta til, at eg kom over amatørfiguren i samband norsk idrett, og slik brukt truleg første gong.

Eg må også få streifa nokre arbeid som går ut over det tidsrommet eg har avgrensa meg til, men som er høgst relevante om amatøridenthistoria i Norge: I 1995 kom folkloristen Ørnulf Hodne med eit studium av idrettsrørsla i mellomkrigstida, først og fremst som eit organisasjonsstudium, som overlappar noko med Olstad når gjeld granskinga av amatørbestemmingane på 1920-talet og dei konkrete drøftingane på Idrettstinget 1922 om dekning av tapt arbeidsforteneste skulle godtakast eller ikkje.¹⁵⁸


Den tidlegare NRK-journalisten Halvor Kleppen leverte i 2007 eit eigentleg imponerande kjeldarbeid i masteroppgåva si om amatørkvisten mellom det internasjonale skiforbundet (FIS) og den internasjonale olympiske komiteen (IOK), som i tid strekte seg frå 1935-1973. Særleg interessant frå norsk perspektiv var den konflikten som spelte seg ut i førekant av OL i Oslo i 1952. Usemja om lønna skinstruktørar kunne reknast som amatørar truga på førehand med å velte heile arrangementet. Om dette har også Gaute Heyerdahl skrivne forklarande i den komparativt orienterte doktorgraden sin frå 2014: *Vinter-OL i skisportens vugge*. Til sist her: Tor Bomann-Larsen strålande bok om skikulturen under Bjørnson og Nansen frå 1993, *Den evige sne*, må også nemnast. Sjølv om ikkje denne har fotnoteapparat etter vitenskapleg standard, tyder ikkje det at denne boka, eller andre, ikkje kan nyttast i ei avhandling, eller i vitenskapleg diskusjon meir generelt. Menneskeleg erkjenning har ikkje éin måte, og veggene mellom litteratursjangrar og kunnskapsformer må ikkje gjerast meir kunstige enn dei treng å vera.¹⁵⁹

Andre verk med tyding og premissar for meg vil bli henta opp, og delvis drøfta, etter som teksten skrid fram.

¹⁵⁸ Hodne, 1995.

¹⁵⁹ Relevante idrettsbiografiar for mogleg forskning på korleis idrettsutøvarar erfarte bestemte amatørreglement er skrivne om eller av Oscar Mathisen, Charles B Hoff og Sonia Henie. Romanen *Skiløperen* av Mikkjel Fønhus (1936) syner korleis breiare orienterte amatørdiskusjonar i mellomkrigstida slo inn i også i den skjønnlitterære litteraturen.

Part 4. Presisering og diskusjon



Legg merke til det som blei heitande *telemarksnedslaget*. Christian Krogh si skisse frå Husebybakken i 1883 er ein av dei aller første teikningane av organisert skirenn, seinare truleg prenta via eit xylografi. Fotografiet her av Rune Aakvik; tilhøyrande Oslo Museum, henta via http://oslobilder.no/OMU/OB.02926?query=husebybakken&count=5&search_context=1&pos=1

Det er no på tide å presentera problemstillingane i den større djupna si – berika av den teoretisk-metodiske avklaringa mi og dei omgrepsdimensjonane som openberrar seg i den etablerte forskinga. Eg vil dessutan løfta fram det eg oppfattar som vesentlege motførestillingar. Hovudproblemstillinga har to ledd, som heng tett saman: *Kva amatørførestillingar fanst i norsk idrettsoffentlegheit i åra 1866 til 1907? Korleis endra dei seg?*

Sett samla er problemstillinga sikta inn på den historiske grunnkategorien av forandring og prosess. Spørsmålet utelukkar likevel ikkje at amatørførestillingane heldt seg relativt konstant i dette tidsrommet. Fleirtalsforma er vesentleg. I uttrykket «førestillingar» ligg det implisitt at det nok ikkje finst berre eitt mogleg, men fleire amatørromgrep i den historiske røyndomen. Ein annan måte å seia dette på, er at amatørromgrepet, i den grad ein kan samla tanken om heile fenomenet, har fleire sider eller kategoriar eller dimensjonar ved seg.

Nokre amatørførestillingar krinsa omkring reglar og bestemningar. Dette har eg kalla den *juridiske* dimensjonen, eller stundom også det «smale» amatørromgrepet. Eit nokså banalt spørsmål er når amatørreglar dukka opp i norsk idrettsoffentlegheit første gong. Eit anna spørsmål er om desse drøftingane av reglar tok stor plass i idrettsblad og aviser. Eit tredje, det viktigaste av desse, spør kvar inspirasjonen kom frå, kva tanken med dei var, og om dei fekk sin eigen dynamikk som juridiske normer, peikande tilbake mest på dei som laga og handheva reglane, bortanfor og kanskje litt uavhengig av den moralen og dei pengane dei godt mogleg blei sett til å vakta. Det må seiast her at ein del undermoment i reglane kan vera vanskeleg å forstå i dag.

Den *sosiale* sida av amatørførestillingane skal ikkje utelukkast i denne avhandlinga mi, men dannar heller ikkje premissen for henne. Eg spør meg mellom anna kva sosial bakgrunn og utdanning idrettsstrategane og bladredaktørane hadde. Eg lèt altså ikkje dette vera den gjennomgripande forklaringsnøkkelen på amatørtematikken som dei fekk fram i lyset.

Til det «breiare» amatørromgrepet skriv eg dels moralsk betonte førestillingar og dels estetisk tilknytte meiningar og diskusjonar. Åt den *moralske* dimensjonen forstår eg dels såleis førestillingar og diskusjonar om kva som gjorde idrett og idrettskonkurransar rettferdige, men endå meir kva dygder og moralske dugleikar som idrett skulle elska fram. Her var både deltakarar og tilskodarar impliserte. Moralene kunne også formulerast den andre vegen: Kva haldningar og verdiar var det som garanterte god idrett? Ein djupare dannelsingsdimensjon vakar i denne tematikken, som nemnt.

Dei *estetiske* betonte amatørførestillingane dreia seg meir om ytre kjenneteikn, om stil, klede og manerar. Overgangen frå det etiske til det estetiske er glidande, når ein gjev seg i kast med det konkrete kjeldematerialet. Når eg såleis spør kva *haldning* til idrett ein forventa eller

eller vona på i norsk idrettsoffentlegheit, glanar eg til begge desse tydingane eller nivåa av amatørromgrepet.

Eg må også vera open for amatørromgrepet hadde eller fekk ein *politisk* dimensjon i norsk idrettsoffentlegheit. Her skil kan henda norske amatørforestillingar seg frå dei britiske. Ja, eg skal våga ei ganske dristig underproblemstilling: Var amatørdeeen like mykje norsk som han var engelsk? Dette gjev meg høve til å spørja kor mykje av amatørforestillingane som kunne seiast å vera ein import frå Storbritannia, eller ei omsetjing for å snakka med Begriffsgeschichte, og kor mykje, eller kanskje lite, som kunne seiast å vera norsk. Det «norske» må då ikkje forståast heilt lausrive frå omkringliggjande land og kulturar. Men eg meiner likevel at omgrepet gjev meinig, ikkje berre i metodisk forstand. Det norske og det nasjonale er ikkje berre ei pragmatisk avgrensing av empirien, til norske idrettsarenaer og norske publikasjonar, men ei nødvendig tilnærming til mange av desse kjeldene.

Snøgt og samla sagt: Eit snevert og eit vidare omgrep om amatøreren må såleis få eksistera, side om side.

Dei ulike dimensjonane har ikkje forklaringskraft i seg sjølve til å svara på *kvifor* amatørforestillingane blei uttrykte som dei gjorde, eller kvifor dei dukka opp i det heile teke, eller korleis dei endra og forskauv seg. Dei tvingar på eit vis fram nye spørsmål. Kvifor skulle ein eller fleire samfunnsklassar ha interesse av å halda sporten for seg sjølv? Kvifor blei det politiske så vesentleg for amatørismen i norsk samanheng? Kvifor fekk reglane og amatørdefinisjonane slik merksemd?

Eg har eit sikte om å kunna svara på nokre slike samanhengar, utan å gjera årsaksspørsmålet til eit program for den historiske forskinga mi. Eg har lagt åtvaringa til Strømholm på minnet: Å prøva unngå all slags tilspissa reduksjonisme.

Avgrensinga i tid

Det er endå ein ting eg bør gje rom her: Forklara meir inngåande avgrensinga i *tid*. Periodisering er, som det jo heiter også i ei innføringsbok om historisk forståing og metode, heilt elementær del av den tilskjeringa som ein historikar må gjera.¹⁶⁰ Periodane spring kan henda utifrå bestemte historiske hendingar, men det er den som fortel historia, som konstruerer periodane

¹⁶⁰ Sjø Andresen et.al., 2017, s. 39-41. Slik sett kunne alle desse momenta som følgjer her, vore med i det avsluttande avsnittet i part 2. For tekstflyten sin del har eg valt å gjera det som står no.

og tidsspenna som analytiske verkty i denne forteljinga. Og den samla perioden som *eg* ser på i denne avhandlinga, er altså sett mellom 1866 og 1907.

1866 er første gong som eg veit av ordet amatør blei brukt i samanheng av norsk idrett. Dette var i samband med eit oppvisningsrenn på ski i Kristiania, på eit tidspunkt då norsk idrett slett ikkje heldt seg med amatørreglar. Skirennet kan sjølv seiast å innleia ein epoke av viktige konkurransar og framsyningar i hovudstaden i Norge, endå om tevlinga akkurat dette året var lite styrt av skriftleggjorte, offentleggjorte reglar. Norske aviser rådde grunnen for den trykte delen av idrettsoffentlegheita nokså åleine midt på 1860-talet. I 1881 endra ho seg nokså mykje, i og med at Norsk idrætsblad kom på banen. I 1908 forandra denne sjølv idrettsoffentlegheita seg på ny, ved at andre idrettsblad kom til, som tevla tydeleg med N.Idrbl., samt at dagsavisene sjølv tok meir for seg sport enn før. Men vel så viktig er det politisk hendingfulle i åra like etter 1900. I 1905 blei ei nasjonal førestilling ved skisporten så akutt, at idretten og amatørismen fekk definitive politiske føringar eller dimensjonar. Etter dette tilreiv den olympiske amatør tanken seg meir og meir hegemoni over tevlingsidretten. Sirkusframsyningar av hopp i «utlandet» gjorde også amatørproblematikken meir betent i desse åra før og omkring 1908.

Altså: Både amatørromgrepet – og idrettsoffentlegheita – endra seg godt mogleg markant med denne epoken 1866-1907.

Frå éi side sett kunne det vore gode grunnar til å granska OL i London i 1908, og korleis planane og reglane og arrangementet her blei mottekne og drøfta i norsk idrettsoffentlegheit; særleg fordi Storbritannia er sagt å ha påverka amatørførestillingane i Norge i stor grad. Inntrykket mitt er at diskusjonen ikkje blei så veldig utbreidd eller djup på berggrunnen i nord. Dei felles-skandinaviske drøftingane om spesifikke amatørreglar som danskane hadde teke initiativ til i 1905, blei dessutan liggande brakk på grunn av unionsstriden mellom Norge og Sverige. Eg har også difor avgrensa perioden min av tida *før* leikane i London.¹⁶¹

Dei amatørreglane som Foreningen til Ski-idrættens Fremme (Skiforeningen) formulerer i 1906 (og sidan Norges Skiforbund omkring 1909/1910) kan også seiast å markera sluttfasen av det eg har kalla pionertida i norsk idrett. Då tenkjer eg på at *organiseringa* av skidretten fekk endå eit tydeleg lag. Reglane her innleier samstundes ein ny epoke av amatørhistoria, der ein i Norge drøfta mykje omkring reise- og lønserstatning (etter 1920), forsøksvis nordisk, og der ein internasjonalt (med det internasjonale skiforbundet, FIS) kom i dragkampar med IOK om nettopp amatørreglane, særleg det som gjeldt lønna skilærarar. IOK skapte også sin eigen dynamikk om reglane, med dei konferansane og drøftingane som

¹⁶¹ Llewellyn og Gleaves, 2016, har drøfta fint kor sprikande dei ulike reglane var for ulike idrettar i London-OL, og kva utfordringar dette var for strevet til IOK om å koma fram til eins definisjonar i den internasjonale kappestriden. Sjå s. 34-36.

komiteen sentralt, og i dei ulike landa, initierte.¹⁶² Eg seier ikkje at sjølve omgrepet og amatørtematikken blei innsnevra til spørsmål om reglar åleine, men at dei tok meir og meir plass i trykte medium og i offentlege forsamlingar og idrettslege institusjonar og organisasjonar.¹⁶³

Pionertid = etableringsfase

Eg bør presisera kva eg meiner med ordet «pioner». I botanisk samanheng er pionerplantar dei som først etablerer seg på eit område (etter eit jordskjelv, ein skogbrann, eller ein isbre som smeltar). I nyare politisk historie er pionerar gjerne ungdoms- og barnegrupperingar av den kommunistiske rørsla. I spennet mellom desse to tydingane ligg det ei problemstilling om kor medviten ein pioner sjølv er om det å vera først ute, eller nybrottsarbeidar, eller føregangsmann- eller kvinne. Var til dømes dei første som tok med seg ski til Kristiania og konkurrerte på dei klare over at dei gjorde noko nytt? Må dei innrullerast i ein markant endra kroppskultur for å kunne kallast pionerar, eller kan dei også oppfattast som overgangsfigurar? Ein Axel Paulsen kjempa og stridde med nederlandske arrangørar om reglane for kurvingane på ein skøytebane, og ein Elling Bækken, som eg skal koma til i neste bolk, hadde ingen reglar med seg då han lyste ut eit skirenn i hovudstaden i 1866. Eg definerer enkelt «pionertida» som desse åra då idrettane etablerer seg i norsk offentlegheit med eit stadig klarare regelverk, og med opne organisasjonar og relativt faste institusjonar, så som Husebybakken, og sidan Holmenkollrennet, blei det for skisporten sin del.¹⁶⁴

Menn vs. kvinner

Dei fleste meiningsprodusentane som eg granskar, er menn. Slik var no ein gong maktforholda og den offentlegheita som rådde på siste del av 1800-talet. Eg skal likevel spørja om kvinner, i alle fall prinsipielt sett, kunne leva opp til amatøridealet. Ein kunne også tenkt seg eit anna kjønnsperspektiv – som studerte amatørnormene som eit mogleg mannsideal, eller utifrå maskulinitet, i idrettssamanheng. Dette har eg latt vera fordi eg i denne avhandlinga er meir oppteken av kva amatørømgrepet handla om, og kvar det kan seiast å koma i frå, og kva

¹⁶² Sjå til dømes det veldig utførlege spørjeskjemaet som den amerikanske olympiske komiteen sende ut i 1934, med 126 ulike spørsmål om amatørproblematikkar, og som finst i kopi IOKs arkiv i Lausanne, B-ID04-ADMIS/006 (underkategori SD3).

¹⁶³ Den britiske sportsavisa *The Sporting Life* avleverte nettopp i 1909 ei veritabel tjukk bunke med avisutklipp om amatørdefinisjonar og diskusjonar til IOK, inkludert reglar og bestemmingar i mange land, Sverige og Danmark inkludert, og trykte Coubertins anerkjennande svar. Sjå IOK's arkiv i Lausanne; B-ID04-ADMIS-004 (underkategorien SD2). Coubertins svar stod opphavgleg på trykk i *The Sporting Life* den 28. november 1908. I seg sjølv syner vel dette kva tyding også den trykte idrettsfentlegheita hadde, internasjonalt sett.

¹⁶⁴ Heilt mot slutten av denne avhandlinga nemner eg at Karl Hovelsen blei kalla pioner i eller for amerikansk skisport i åra etter 1905. For skiideologane her heime på den same tida ville nok ein slik karakteristikk måtte takast med mange atterhald.

dynamikk det fekk framover. Avgrensinga frå denne kjønnsproblematikken er pragmatisk motivert, og ikkje prinsipiell eller meint politisk på nokon måte.¹⁶⁵

Minoritetar i Norge, her tenkjer eg på den samiske kulturen og befolkninga, blir så vidt streifa, men diverre ikkje gjort til eige tema i avhandlinga. Ein kunne tenkt seg drøftingar om samane, dvs «lappene» i den tids terminologi, var meir utrusta for til dømes skiløping, og såleis burde stilla i eigen klasse i rennsamanheng, så som Wikberg også streifar. Ein kunne også tenkja seg at «utlendingar» og «framande», anten det no var britiske lordar eller handverkarsveinar frå tyske språkområde, og det ein kallar innvandring (så som av «kvæner») var noko ein måtte stansa ved, og like eins utvandringa av nordmenn – så som til Amerika. Ikkje minst emigeringa er det – sidan mange av skiløparane frå Telemark (og andre stader) flytta til USA og til Canada. Eg har ikkje studert desse underproblemstillingane systematisk, men eg kjem stadig inn på den moglegheita, eller rettare sagt det trugsålet som Amerika syntest å representera for norsk idretts amatørar.

Eit manneliv strekk ikkje til, som det heiter hjå diktaren.¹⁶⁶

Idrettsgreinene

Ei anna underproblemstilling er kva idrettar som blei omfatta av amatørforestillingane. Altså: *Kva idrettar omfanna amatørforestillingane i desse åra?* Dette er ikkje noko lita problemstilling, eigentleg. Spørsmålet, med sikte på endringa, går begge vegar. Altså: *Kva idrettar tilpassa seg ein veksande (eller minkande) amatørproblematikk, og korleis forma idrettane sjølve dei ulike amatørforestillingane?*

Visse idrettar var tydelege nok importar frå Storbritannia, og hadde med seg like tydelege spørsmål om amatørreglar. Sykling er eit tidleg døme som den eksisterande litteraturen har trekt fram. Andre idrettar var meir norske og nordiske i opphavet sitt, og var likevel ikkje framande for amatørforestillingar. Eg nemner her skøytesport og ski. Andre idrettar igjen var ganske framande for konkurransar, og plasserer seg såleis noko på sida av amatørproblemstillingane, kunne ein tru. Turn og gymnastikk er dei sentrale tradisjonane her, den førstnemnde med satspunkt i tysk kulturområde, det andre mykje svensk i opphavet sitt. Eg skal granska kor vidt argumentasjonen for desse idrettane – i den grad ein kan definera dei som idrettar – delvis gjekk saman med og delvis gjekk framfor viktige moralske poeng i amatørtenkinga. Det er slett ikkje gjeve at motsatsen til ein amatør i idrettssamanheng var ein

¹⁶⁵ Hans Bonde (1989) har ein fin innføringsartikkel om sport som mandighetskult i dansk samanheng. Eit godt døme på kjønnsperspektiv på pressehistoria i Norge finst hjå Hjeltmes, 2007.

¹⁶⁶ Litt meir utvida: «det er så mykje å undra på her i verda, eit manneliv strekk ikkje til.» Strofa er henta frå Olav H. Hauge, diktsamlinga *Dropar i austanvind*, frå 1966. Manneliv må her sjølvsagt ikkje forståast som avgrensa til det biologiske eller sosiale kjønnet mann.

profesjonell. Vi må i alle fall pressa oss, dersom eg kan få inkludera lesaren akkurat her, til å spørja kva som var problemet med den profesjonelle. Og her gjev fortida fleire ulike slags svar.

Eg har valt, som neste part vil grunngje meir, å konsentrera meg særleg, om enn ikkje utelukkande, om vinteridrettane skøyter og ski for å få tak i dette mogleg «norske» og ganske tydelege nasjonale – som altså fekk ei politisk ladning i unionsspørsmåla. Merksemda mi er då ikkje så mykje korleis desse to vinteridrettane og tilhøyrande idrettsmenn (og eit fåtal -kvinner) faktisk let seg forma av amatørforestillingar, men kor viktige amatørrideane var for korleis ein førestilte seg – og såleis omtala – desse idrettane i norsk offentlegheit.

Ordsiftet var like viktig som praksisen. Idear er like verkelege som handlingar. Dette er ikkje så mykje eit forskingsmessig program, som det er eit erkjenningmessig paradigme eg vedkjenner meg.

Innvendingar (og svar)

Richard Holt skriv om Storbritannia, eg om Norge. Han ringar særleg inn London, eg Kristiania aller mest. Idrettane hans er prega av lag, og av det ein må kunne kalla spel. Norske idrettar var mykje meir individ-orienterte, og sprang på ein måte utifrå naturen. Ja, norsk (og skandinaviske språk samla) har ordet «idrett», som ingen andre språk har, og som delvis kan antyda i seg sjølv ei ideologisk kløft mellom konkurranse-baserte aktivitetar og meir harmonisk-/estetisk-/helsemessig-motiverte kroppsrørsler. Lèt då analysen og kategoriane hans seg så lett frakta over Nordsjøen? Har eg ikkje alt uttrykt ein viss skepsis til nett denne enkle import- og omsetjingstesens om idrettsamatøren? Risikerer eg ikkje, for å bruka «mine» eigne metaforokrinsar i mot meg, å koma skeivt ut frå hoppkanten?

Eg *har* tenkt å lata mykje av historia om *organiseringa* av norsk idrett ligga i nærlesinga mi av norske aviser og idrettstidskrift, ikkje fordi ho ikkje kan studerast i lys av djupare amatørideal, om frivilligheit og assosiasjonsånd og demokratisering slik som Holt antyder, og som for så vidt ville fylla ut biletet av korleis det sivile samfunnet vaks fram i Norge, men fordi ein slik systematisk studie tangerer også spørsmål om forholdet til stat, og til forsvar, og til sivilsamfunnet i det heile, ja til så breie samfunnsmessige strøymingar at det ville risikera å sprenga formatet for ein doktorgrad. I alle fall måtte eit slikt arbeid vore anlagt heilt annleis, og med ganske andre kjelder, enn dei eg har teke for meg her.¹⁶⁷

I stadenfor å oppfatta dei kategoriane som særleg Holt, og dels dei andre nemnde forskarane elskar fram, som fikserte og ferdige analysar, les eg dei som forslag til nokså opne

¹⁶⁷ Arbeid som peikar fint i denne retninga er Olstad, 1987, og Pharo, 1990.

hypotesar. Var til dømes *fair play* ei moralsk norm som norsk idrett på 1800-talet retta seg etter, eller trudde på sjølv, og kanskje fann sine egne ord for? Det går såleis å *prøva* hypotesane til Holt på eit norsk materiale, tenkjer eg, og sjå om det er tankebanar som er til dømes samanfallande med dimensjonen hans av moral og med det konkrete idealet om «fair play» - og på same tid er sprikande i høve til dette. Var estetikk og stil-element meir framtrudande i norsk samanheng? Gjorde naturdimensjonen ved idrettane noko med heile amatørtematikken? Ja, vart amatørismen kanskje mykje meir politisk betont enn ein kunne venta i Storbritannia?

Eit anna problem eg ser i forskingsgjennomgangen min, og i presentasjonen av problemstillingar, er kan henda meir alvorleg. Eit såkalla «breitt» amatørromgrep er sjølvsagt altfor grovt og utydeleg for nøyaktig og forsøksvis vitskapleg analyse. Ein treng å fylla 'amatørskap' med meir konkret innhald. Kategoriane av etikk og estetikk er ein start på denne forminga, men heller ikkje desse i grunnen kantianske kategoriane gjev avgrensingar nok. Ein kan ikkje kalla alt av moralske vurderingar i idrettsoffentlegheita på 1800-talet for amatørrelevante, eller alt av vurderingar om smak eller stil eller manerar for amatørestetikk. Dei flyt dessutan over i kvarande, som nemnt. Og det er ikkje alltid opplagt at «rationell» idræt, som stadig blir hevda som eit ideal i kjeldene, abonnerer på moralske eller estetiske kategoriar.

Immanuel Kant skilde som kjent skarpt mellom det skjønne, det sanne og det gode, forstått som grunnleggjande filosofiske spørsmål, og mura dei liksom inne i kvar si problemsfære. Enkelt sagt: Kva som gjer noko vakkert, er eit heilt anna spørsmål enn kva som gjer noko sant. Det vakre treng ikkje ein gong vera godt.¹⁶⁸ Max Weber bygde vidare på dette i tesen sin om utdifferensiering; at det moderne er kjenneteikna av at stadig fleire verdifærar skil seg frå kvarandre, slik til dømes politikk kan seiast å ha skilt lag med moral. Men delar av kjeldematerialet mitt motset seg liksom ei slik utskiljing som Kant og mange etter han har føresette; ein heil del idrettsideologar eller strategar, som eg kallar dei, lèt argument om det vitskaplege og det sunne, som lett kan setjast om til det sanne, gli sømlaust over i påstandar om det skjønne (og det heslege). Dei skil ikkje mellom vitskaplege og estetiske argument, og kanskje heller ikkje moralske, utan at dei dermed kan kallast fundamentalistar av noko slag.

Eller er det tvert om slik at amatørismen ganske grunnleggjande, og då ikkje nødvendigvis samanfallande med alt hjå desse ideologane som eg streifa ovanfor, faktisk lèt seg foreina med Webers tankar? Det siste dristar eg meg til å føreslå i den avsluttande drøftinga.¹⁶⁹

¹⁶⁸ Korresponderande til dette: Mennesket har tre grunnleggjande evner, ifølgje Kant, forstand, fornuft og dømmekraft. Sjå gjerne innleiinga til Espen Hammer i Kant, 1995, s. 17.

¹⁶⁹ Eg har hatt stor nytte av omtalen til Terje Rasmussen av utdifferensiering hjå Weber, men ikkje berre om han, også sosiologane Spencer, Simmel og Luhmann blir omtala der. Sjå Rasmussen, 1997.

Spurt på ein litt mindre innfløkt måte: Må eg ikkje i det minste begrensa meg til *organiserte idrettskonkurransar*? Som sikta mot å gjera dei rettferdige og dermed attraktive, og dinest oppdragande og kanskje dannande? Og med føringar for stil og for andre ytre kjenneteikn, så som klede, og kanskje medaljar, og framferd i møte med siger og kanskje tap? Eller skal fiske og fjellturar og turn og gymnastikk og til og med hesteavl analyserast også – all den tid alle desse aktivitetane var del av idrettsomgrepet på siste del av 1800-talet? Er det nok at ein eller annan idrett bryt inn i offentlegheita, anten på ein arena, eller i den trykte delen av henne? Skal britiske turistar med flugestong i Jotunheimen, som omkring 1880 uttrykkjer forarging, og kanskje forferding, over fisket med oter mellom norske bønder, også med?¹⁷⁰

Svaret er ja, og nei. Eg *skal* sjå på kva tevlingsarrangørane og diskusjonane i så måte røpte om syn på premiar, og på kva som var tanken med tevlingsarrangementa i det heile, og kva haldningar – og dygder – dei (var sagt å) skulle elska fram. Men fritidsfiske kunne faktisk tematisera fair play, det også, og turnapostlar eksperimenterte med visse konkurranseformer, og sjølv hestar kunne bli sela som amatørskapningar, som eg skal visa. Og sjølv om eg skal konsentrera meg aller mest om visse norske idrettar, skal eg ikkje støypa meg så skarpe murar at interessante og viktige debattar blir utelatne – berre fordi dei ligg på kanten av tradisjonelt oppfatta amatørtematikk, eller på feil side av det *vi* er vande til å kalla (konkurranse)-idrett.

Eg har av denne grunnen valt å ikkje spikra amatørromgrepet fast i ein uttømmande definisjon på førehand. Stikkordet haldning er alt nemnt. Eg bruker derimot eit spørsmål om kva som var den eksplisitte eller implisitte *motsetninga* til dei ulike variantane av amatøreren som ein metodisk reidskap – for å ramma inn omgrepet tydelegare, i dei ulike historiske delane. Eg har også late meg inspirera også av Marie-Theres Federhofers grep om *dilettanten* (og *liebhaberen*) i kunsthistorisk samanheng, og det omgrepet om dei *semantiske felta* som ein kan finna relevant for amatørfiguren også i samanhengen min.¹⁷¹

Eg har kome til eit tredje og ganske djuptpløyande nivå av innvendingar. I all denne forskinga eg har gått gjennom, rett nok sentrert om «vestlege» land, har det lege eit implisitt omgrep om kva idrett er. Kort oppsummert samlar dei alle seg om organisert og nokså moderne sport med vekt på fysisk betonte konkurransar. Uunngåeleg handlar det såleis aller mest om menn, og mest om vaksne. Men også 'idrett' og 'sport' er historiske omgrep – og dermed underlagt den fundamentale kategorien av endring. «Idræt» på mykje av 1800-talet kunne tyda noko ganske

¹⁷⁰ Her tenkjer eg på boka *Tre i Norge, ved to av dem*, ei bok som kom ut på engelsk (av Lees og Clutterbuck) første gong i 1882. Første gong på norsk i 1884.

¹⁷¹Federhofer, 2011, s. 16.

anna enn det gjer i dag. Det same gjeld ordet «Sportsmand». Dermed kan *deltaking*, denne djupe verdien som Holt ringa inn, visa til vidt ulike, og kanskje innbyrdes motstridande, aktivitetar.

I tråd med nettopp den *Begriffsgeschichte* som eg vedkjenner meg, kan eg knappast grava ut dimensjonar ved eit amatørromgrep som synest tidlause – eller føresetja at desse dimensjonane ikkje har vesentlege forskyvingar sjølv innanfor den stuttare epoken eg tek for meg. Eg er såleis pukkande nøydd til å gjera greie for i alle fall kva *eg* meiner med ordet «idrett» i hovudproblemstillinga mi. Sagt med ein ihuga maratonløpar: Kva er det eg tenkjer på når eg talar om *idretts*offentlegheit?

Lat meg byrja med «idrett», og handsama «offentlegheit» etter det.

Part 5. Rørslekulturar i 1860-åra (og avgrensingane mine)



Kapittel 1. Innleiande merknader

Ta ein nøyare kikk på denne akvarellen av Wilhelm von Hanno.

For eit yrande vinterliv han antyder! Men også kor glatt og utfordrande isen er.

Andreas Friedrich Wilhem von Hanno var ein tysk arkitekt, bilethoggar og teiknar som kom til Norge i 1850; han er kjend for Trefoldighetskirken i Oslo, som ein kan ana i horisonten, og for bygg (Hovedarsenalet) han forma på Akerhus, festningen som ein ser meir tydeleg på denne teikninga. Folkelivet på isen kan ha funne stad i 1873, same året som akvarellen blei laga, eller eit tidlegare år, om ikkje nødvendig *akkurat slik* som teikninga syner.¹⁷²

Christiania Skøyteklub, stifta i 1864, laga til ein skøytebane i dette ein kalla Pipervika. Isen ser ut som han er rydda, om ikkje heilt speilblank. Flagg eller vimplar rammar inn ein slags bane. Ein ser eit myldrande liv ut på han, av både kvinner og menn, og kan henda barn, og folka trør på isen både med og utan skøyter, somme meir kyndige og stødige enn andre. Nokre er i

¹⁷² Peder Cappelen Thurmann har liknande motiv, «Skøyter på isen, Akershus», oljemaling på lerret, 1869. Der er perspektivet retta ut over mot Hovedøya, og isen er mindre belagt med snø enn her hjå von Hanno. Biletet her er fotografert av Fredrik Birkeland, tilhøyrr Oslo Museum, og er lasta ned via <https://digitalmuseum.no/021045470462/christiania-skoitebane-akvarell>

samhandling med andre, og somme skøyter meir for seg sjølv, verkar det som. Hopen av menneske i bakgrunnen kan vera eit orkester, som spelte for dei som segla på isen (sjølv om det er meir rimeleg å tru at til dømes militærmusikken stod på fast grunn ved Akershus festning). Ein betalte for å få tilgang til isen, men kontingenten for å bli med i klubben var ikkje vidare høg, og talet medlemmer vaks raskt: frå 273 medlemmer i 1864 til 5700 i 1869/70. Meir enn ein tredjedel var kvinner og jenter.¹⁷³

Men var det idrett dei dreiv? Var dei skøyteleparar? Og er det ei idrettsoffentlegheit vi ser? Han i framgrunnen (til venstre, med hatt) utfordrar seg truleg med kunstferdige eller stilfulle skjær, medan andre synest å berre villa prata med andre, og atter andre synest å tilby skøyter eller sliping av dei, og i alle fall ei kvinne lagar og sel truleg varm mat. Det er eit virvar her, samanlikna med teikninga av Husebyrennet i 1883 (sjå også fotografiet i neste part), der folka og organiseringa er mykje meir strigla og ordna.

Det større spørsmålet eg freistar å tematisera, er kva eg sjølv legg i ordet «idrett» i dette omgrepet 'idrettsoffentlegheit' i problemstillinga i avhandlinga mi. Tenkjer eg på moderne organisert sport med vekt på dei vaksne? Dei aller beste? Eller dei mange? Tenkjer eg på det enorme omfanget av barne- og ungdomsidrett i vår tid? Mosjonsindustrien? Dei rundtom 800 maratonløpa som byar og stader nyttar i marknadsføringa si – når berre ikkje virus kjem i vegen? Tevling som nødvendig definisjonsmoment?

Eg er ikkje upåverka av idrettsfenomenet i vår tid, det må eg vedgå. Eg har lagt mindre vekt på til dømes jakt og fiske enn eg kunne ha gjort utifrå empirien på heile 1800-talet, fordi desse aktivitetane i liten grad er gjenstand for idrettstudiar i dag, til dømes på NIH. Eg har likevel forsøkt å riva meg laus frå automatikken som kan ligga i ord og omgrep frå samtida vår. Leitar ein seg berre bakover frå i dag til «røtene» eller «oppHAVet», risikerer ein jo fort å redusera til dømes amatørskap til ein avleggs kategori, eller til ei bakevje av reglar som den internasjonale idretten til slutt klarte å riva seg laus frå.

I denne parten skal eg drøfta ulike vegar inn i dette historiske landskapet av kroppar og rørsle og ulike slag prestasjonar. På denne måten får eg også gjort greie for stoda til idretten i Norge, også forstått som omgrep, omkring 1866 – der historia mi startar. Snørt heilt tett om dette året åleine er framstillinga likevel ikkje: Eg tillèt meg sveip og spenn bakover i tid, og somme også framover, stundom til 1880. Tyngdepunktet ligg i Kristiania.

¹⁷³ Olstad, 1987, s. 63. Sjå detaljerte tal for kvinner og menn og born i Morgenbladet 1. mars 1871.

På denne måten får eg også høve til å forklara kva «idrettsgreiner» eg må prioritera i granskinga mi, og kva idrettar eg diverre må sjå mykje bort frå, endå mange av dei nok kunne tematisera amatørisme, kvar frå sin kant.

Hermeteiknet røper på si side at det ikkje finst noko metaforisk idretts-tre ein kan klatra i, når ein ser historisk på saka.

Denne part 5 er lang, eg veit. Men eg vonar lesaren skal koma klokare ut av han.

Kapittel 2. «Skøiteløberdronninger»

Ein kan begynna med å spørja kva samtida etter 1860 tenkte om dei konkrete istildragingane i Pipervika. Her finst det mange også *skriftlege* kjelder å velja mellom, og ikkje berre maleri, frå Falch Ytters skisser og råd i boka om uteleikar og inneleikar, til bakgrunnen for opprettinga av skøyteklubben i 1864 (der same Falch Ytter blei lønna sekretær i 1867), til skildringar i vekebladet *Skilling-Magazin* vinteren 1867.

Akkurat her har eg valt ein slags reportasje hovudstaden sett utanifrå. Eit usignert korrespondentbrev til *Romsdals Budstikke* i 1869 anerkjente nivået til mange av skøytarane i Kristiania, og kalla dei «Skøiteløberkonger» og «Skøiteløberdronninger». Slik talar vi jo om sær gode idrettsutøvarar i dag også. Men det er ikkje sikkert at tydinga er heilt den same, i alle fall ikkje dersom ein føreset konstitusjonelle monarki der folket (og fornufta, og i alle fall ikkje Gud) vel kongen. Den same (for så vidt anonyme) skribenten la ikkje skjul at mange av dei som gjekk på isen, var der av andre grunnar enn det som hadde med meistring av balanse, fine sirkklar og raske løp å gjera, og han kalla banen, etter eit anna vittig hovud, som «Vandkuranstalten», ikkje berre fordi ein del stive departementsfolk fann avveksling og styrke der etter stillesitjinga på kontoret, som han skreiv, men fordi «man der ser en masse Exempler paa den slags Kur, som ellers egentlig hører hjemme inden en Ballsals Vægge».¹⁷⁴

Skøytebanen til Kristiania Skøyteklub var både ein arena for imponerande prestasjonar og ein marknad, ein promenadeplass og ein ballsal, ein idrettsplass og ein møtestad på ei og same tid. Slik er det vel med treningssenter i dag også.

Ein annan ting å merka seg, er at korrespondenten gjennomgåande kalla aktiviteten for «Kunster», og at mange av dei «Dilettanter» som svinga rundt på isen, menn og kvinner, ville gjera stor suksess ved teater kvar det skulle vera i Europa. Idrett var her ikkje skilt ut frå annan (skjønn) kunst. Sånn sett er det godt mogleg at også Wilhelm von Hanno, som var ivrig med i

¹⁷⁴ Romsdals Budstikke, torsdag 4. mars 1869, side 1-2. Brevet var sendt frå Kristiania 21. feb.

turnforeininga i Kristiania, tenkte meir på vintermotiva til velkjende malarmeistrar som Aert van der Neer eller Johann Adam Klein, som han tenkte på sunn aktivitet utandørs. Ja, kanskje dei som tok på seg skøytene i åra før og omkring 1873, tenkte på dei figurane dei skulle rissa i isen, ein «Trekløver», eller «Ring med Træden over».¹⁷⁵

Viss dei altså kappast med nokon, var det like gjerne seg sjølv og kva dei kunne få til, som med eller mot andre dei gjorde det? Slik går det i alle fall an å spørja – sjølv om det ikkje er oppgåva i avhandlinga mi å gjera greie for korleis dei ulike historiske individa *tenkte* om aktiviteten sin.

Kapittel 3. «Idræt»

Ein kan bevega seg vidare til korleis dei sentrale orda blei nytta i denne tida. Uttrykket «idræt» var i bruk i på heile 1800-talet. Det dukka opp i både dikt og meir prosaiske stykke i avisene.¹⁷⁶ Tydinga var mykje vidare enn i dag, og ombefatta eigentleg all dåd eller all slags dyktige prestasjonar, anten det var fysiske eller meir åndelege gjerningar, så som det å driva med kløktig vitenskap eller krig, eller hugsa lange dikt. Kontinuiteten med det norrøne ordet «idrott» fanst, også i innhaldet.¹⁷⁷ Dette vidtfemnande om prestasjon eller dugleik rimer ganske mykje med forklaringa i oppslagsverket for skulehaldarar og seminaristar som Jens Ludvig Carl Olsen gav ut i 1843: «Idræt» var der «en Handling, et Foretagende, moralsk Opførsel (god eller ond)».¹⁷⁸ Ein kunne høyra tale om, eller i alle fall lesa om, «kristen Idræt» også.¹⁷⁹

Etter 1850 blei uttrykket «mandig Idræt» nytta for å skilja dei fysiske eller kroppslege dugleikane frå dei meir åndelege syslane. Idrett kunne vera forbunde med krafttak, rett og slett.¹⁸⁰

Ordet *sport* og *sportsmand* var noko meir nytt. I framandordboka til Mauritz Hansen og A. Autenrith (andre utgåve, 1851) er «Sportman» (her utan d, som i «mand») eit i opphavet engelsk ord, som tydde «Jæger». Det kunne også tyda ein som var «i mange Øvelser kyndig

¹⁷⁵ Disse namna, og figurane, har eg henta frå boka til Falch-Ytter, *Ude og inde*, 1867, s 186 og utover. Ei skisse i Morgenbladet den 20. mars 1870, nr 50B trekkjer linja til saga om Fridtjof den frøkne, og gjer seg slike førestillingar om samtida. I avskrift frå Aftenbladet fortel Adresseavisa («Trondhjems borgerlige realskoles eneste privilegerede Adresscontours Efterretninger») den 12. mars 1861 at von Hanno heldt tale ved årsmøtet for Songarforeininga til Turnforeiningen i Kristiania, og at han hadde tala om kor viktig turnsaka var, og at han hadde blitt boren rundt i lokalet av jublande tilhøyrarar.

¹⁷⁶ Begge har maleri med i boka til Yngvar Bryhn, frå 1924.

¹⁷⁷ Eit døme er Adresseavisen i Trondheim 20. mai 1823. Eg har nytta søkemotoren til nb.no («idræt»), og her er både «idræt» og «idrott» kome med i det same treffet.

¹⁷⁸ For ein fin gjennomgang av den historiske kontinuiteten, og det norrøne idrettsomgrepet, sjå Goksøy, 2008, s. 9-26.

¹⁷⁹ *Begreper, vitkige med hensyn paa Religionsundervisningen og Forstandsovelse i Almueskolerne*, 1843. Boka er utan forfattar, men truleg var ein J.L.C Olsen opphavsmannen.

¹⁸⁰ Steene, 1848, s. 72.

¹⁸¹ Haarstad, 1993, s. 11, og 12. Haarstad skriv såleis om forskjellen som fanst mellom «Idræt» og «Sport»: «i idrett stod krafttaket sentralt, i sporten fremheves fornøvelses-elementet, glæden ved friluftsliv.»

Mand».¹⁸¹ Det meir fornorska ordet «sportsmand» dukka opp i norske aviser truleg først rundt 1855, men då med den tydelege engelske konnotasjonen av ein engelsk eller britisk jæger eller fiskar på tur i Norge.¹⁸² I siste del av 1800-talet kunne desse orda bli brukte om kvarandre, så som i Norsk idrætsblad, og slik det vel endå meir skjer i dag.

Kapittel 4. Organiseringa

Ein kan freista å gå meir analytisk til verks, og granska det ein kallar *organiseringa* av norsk idrett, som eg før har vore inne på. På overflata kan dette kanskje verka som den lettaste vegen inn til idrettshistoria. Dagens Norges idrettsforbund (NIF) skriv til dømes historia si tilbake til stiftinga av Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaabenbrug i 1861. Centralforeningen, som eg kjem til å forkorta tittelen etter dette, kom i stand ved at 37 menn, mange av dei med leiande stillingar i samfunnet, tok initiativ til å danna ein sentralorganisasjon av etablerte skyttarlag – og nye. Invitasjonen var ikkje trykt som avisannonsar, først og fremst; rundskrivet blei formidla til ivrige offiserar og underbefalingsmenn rundt om i landet, men i alle fall Morgenbladet prenta og støtta oppropet i januar månad.¹⁸³

Tanken var, som det heitte «at fremme Opprettelsen av frivillie, aktive Legems- og Vaapenøvelsesforeninger, understøtte disse, samle de sprædte Kræfter og lede dem mot det fælles Maal, at danne dygtige Fedrelandsforsvarere». Målet var mykje militært, og mange av initiativtakarane var offiserar, sjølv om ein del av dei også hadde sivile yrke. Ein må koma i hug konteksten her: statthaldarstriden frå 1859; altså om Norge skulle vera underlagt ein embetsmann som hadde fullmaktene sine direkte frå kongen (i Sverige), hadde skapt sterke spenningar i unionen.¹⁸⁴

Og sjølv om merksemda var retta mest mot frivillige lag, skulle Centralforeningen skunda på lekams- og lettare våpenøvingar i den offentlege skulen også. Og sjølv om heile landet skulle femnast om, skulle foreininga alltid samlast i Kristiania. Men, og dette er viktigast i samanhengen min her: ingen stad i oppropet, eller i dei allereie føreslåtte lovene for organisasjonen, var ordet «idræt» nemnt! Lekamsøvingar, som eg skal syna om litt, kan forståast utifrå vidt ulike *kroppskulturar*, ja, nokså fjerne frå det vi forbind med idrett i dag.

¹⁸¹ Hansen og Autenrith, 1851, s. 338.

¹⁸² *Christiania-Posten*, 6. september 1856.

¹⁸³ Omtala som «Indbydelse» i *Morgenbladet* den 16. januar 1861, nr 16.

¹⁸⁴ For denne politiske striden, og for kontekstane av gryande frivillige skyttarrørsler i andre land, sjå Olstad, 1987, s. 15-16.

Kan dermed desse samanslutningane seiast å henga i hop, Centralforeningen og NIF, i oppbygningsform, i sosial base, i funksjonar og i sin grunnleggjande idé? Finn Olstad sjølv, som jo var med å skriva ei av desse jubileumshistoriene til NIF, har i ein spenstig artikkel synt at historia om Arbeidernes Idrettsforbund (AIF, 1924-1940) mykje er, eller var, prega av ein myte om å vera banebrytande ny. Ein risikerer såleis å oppretthalda tvilsame kontinuitetar når ein tek utgangspunkt i eit eller anna gjeve (stiftings-)år.¹⁸⁵ Korleis no kontinuiteten må seiast å vera eller ikkje: Danninga av Centralforeningen er viktig for arbeidet mitt. Foreininga er faktisk vesentleg i to omgangar, først frå 1861-1893, og frå 1895, når foreininga skiftar namn og grunnleggjande føremål, og så fram til 1907.

Centralforeningen kan altså innrullerast i ei aukande idrettsrørsle på 1860-talet, endå om ordet «idrætt» mangla. Eitt moment er at foreininga ville skunda på tendensen til meir opne stemnemøte – for dei private skyttarlagane og den kappskytinga som alt var etablert. Å skyta på ein trefugl, og vinna prisen som «Fuglekonge» var ein tradisjon som hadde funnest heilt tilbake til 1780-talet, i alle fall i Bergen.¹⁸⁶ Eit anna poeng er kva tankar om prestasjonar som røpte seg i oppropet sjølv. Det heitte her at ein skulle skapa samankomster av medlemmer der ein prøvde *dyktigheita* deira i lekamsøvingar og våpenbruk, primært ved skyteskiver, altså blinkar. Ein skulle også anskaffa og dela ut *premiar*, om enn primært som våpen og ammunisjon, men etter kvart også som forseggjorte medaljar, som foreininga byrja med alt i 1870.¹⁸⁷ Ti år seinare introduserte Centralforeningen medaljar i kategoriane sølv og bronse – som ein skyttar kor som helst i landet kunne gjera krav på, om ein kunne dokumentera ein visst snittsum. I årsberetninga trykte foreininga dessutan *lister* over dei skyttarane som hadde vunne medaljar – og slike offentleggjorte resultatlistar auka truleg æra ved medaljane.¹⁸⁸ Imponerande prestasjonar og dugleikar, samt tevlingar og æresprov til å stadfesta dei, var nærslekta element som tydelegvis låg i det no omseggripande idrettsomgrepet.

Ein tredje grunn er dei inspirasjonane for stiftinga fanst i utanlandske kappskytingsstemne, så som i Sveits. Det første store skyttarstemnet i Norge, som samla folk frå større delar av Austlandet, blei skipa i Kristiania alt i 1860. Her heldt Jørgen Gjerdrum høgtidleg tale, og til denne festen, som ein like godt kan kalla stemnet, hadde Henrik Ibsen skrive song. Men i all venskaplegheit kappast ein og, og folk møttest på tvers av dalar og elver,

¹⁸⁵ Olstad, 1999.

¹⁸⁶ Jamfør her Olstad, 1987, s. 14-15.

¹⁸⁷ For grundig framstilling av oppkomsten, ideologien og klassesdimensjonen (samfunnseliten) av Centralforeningen, sjå Olstad, 1987, s. 11 og utover.

¹⁸⁸ Alt i 1864 var det klare reglar om «Normalskiven» og avstanden ein skulle skyta på (250 Alen) og korleis ein skulle skyta, på «Frihaand» - altså ståande skyting. Sjå Centralforeningen, 1864, s. 19. Sjå Centralforeningen, 1881 om medaljeinnføringa i 1870, s. 24.

og ulike sosiale lag. Centralforeningen bidrog slik i sum til å breia ut idrettsoffentlegheita i Norge.¹⁸⁹

Skyttarlagstanken breidde seg raskt etter 1861. 96 skyttarlag var oppretta rundt om i landet, og 6654 medlemmer registrerte sentralt, før nyttår 1862. Desse tok også opp annan idrett snøgt; det første skirennet som foreininga vitnar om i sine årsmeldingar, er frå 1863. Internasjonale skyttarstemne inntraff også i løpet av 1860-åra. Børsemakar Hans Larsen frå Drammen vekte oppsikt med strålande skyteferdigheiter ved eit stort stemne i Wien i 1868, og bringa med seg mange fine premiar heim. Av Centralforeningen fekk han seinare den nemnde sølvmedaljen, og av kong Karl den 15. av Sverige og Norge blei han tildelt æresmedaljen «*litteris et artibus*» (=vitskap og kunst) for heile det lange skyttarvirket sitt. I Norsk idrætsblad er han den første avbilda med medalje på den venstre bringa si.¹⁹⁰ Arbeidet til Centralforeningen sikta meir analytisk sagt å *rasjonalisera* skytinga, breia henne ut, og opna henne opp for kven som helst, i alle fall prinsipielt. *Fru* Lise Gjestvang frå Gjøvik skyttarlag måtte rett nok lida seg gjennom lange drøftingar i representantskapet før ho fekk den medaljen ho etter oppnådde skyttarpoeng hadde krav på, dette i 1881.¹⁹¹

Tanken om kontrollerte og rettferdige og attraktive konkurransar fekk såleis påskuv frå skyttarrørsla også. For den moralske dimensjonen av amatørromgrepet er dette interessant, eller i tråd med mine kategoriseringar, *relatert*. Dette betyr då *ikkje* at amatørtematikken lèt seg forstå, og blir endra, av den historia som denne foreininga har. Delvis står Centralforeningen på sidelinja av den idretten eg granskar, rett og slett med si eiga slags offentlegheit, og delvis bryt foreininga med den frivilligheitskulturen som ombefattar amatørromgrepet. Med avskalninga av Centralforeningen på tidleg 1880-tal, som eg skal koma til, og den heilt nye samanslutninga av skyttarrørslene i 1893, tok dessutan skyttaraktiviteten ein annan veg, i fall organisatorisk, enn resten av idretten. Også i høve noko av amatørtematikken valde skyttarmiljøet ein annan veg. Eg kjem såleis til å peika siktet mitt helst bort frå blinkane og geværa, og mennene som styrte med dei.

¹⁸⁹ Olstad, 1987, s. 16. Arrangør var Christiania Vaabenøvelsesforening og Skarpskytten. Om inspirasjonen frå Sveits; her er kjelda mi også Olstad, som siterer Anthon Bang. Andre inspirasjonsland med frivilleg skyttarkorps var Storbritannia, og Sverige.

¹⁹⁰ Han blei her, i 1881, kalla «skytterkongen», til og med. Larsen var elles ein flittig annonsør i bladet, med avtissementet for «Bøssemagers H. Larsens våbenutsalg» alt i første nummer, første årgang. N.Idrbl., 1881, nr. 12, s. 69. Også dette er truleg eit tresnitt, av FB Jensen.

¹⁹¹ Lise Gjestvang frå Gjøvik og Brusveens skyttarlag oppnådde eit snitt på 7,73 poeng (60 skot, 125 alen «fra ret arm uden snellert»), eit resultat som var godt over kva Centralforeningen hadde sett opp for å få sølvmedalje i 1880. Eit fleirtal på representantmøtet sommaren 1881 vedtok å gje Gjestvang medaljen, og avviste samtidig eit forslag om å ekskludera kvinnene frå å vinna medaljen i framtida. Sjå N.Idrbl., 1881, nr. 11, s. 67.

For den konkrete forskinga mi tyder dette at eg ikkje kjem til å lesa *Norsk skyttertidende* (1883-) på same grundige måten som Norsk idrætsblad.¹⁹²

Kapittel 5. Sporting life

Ein heilt annan veg inn i dette landskapet av kroppsleg rørsle, og ofte av kroppsleg sveitte, er altså via fenomenet 'sport'. Sjølv om uttrykket nok har mange, og kan henda uvisse røter, var sporten for Norge sitt vedkomande mykje eit engelsk importprodukt. Og den engelske sporten, som Rune Slagstad skriv, kom til Norge i to bølger. Den første fasen frå 1830-talet bringa den engelske sporten i aristokratisk drakt: gleda ved kroppsleg utfalding i friskluft og fri mark. Engelske lordar byrja å bestiga fjell, dels for moro, dels for å meistra dei. Jakt og fiske blei også gjort på ein ny måte. Den andre fasen, frå 1880-talet av, gav rom for konkurransesport slik det borgarlege samfunnet innretta seg. Denne varianten kallar Slagstad «idrettssporten», og meiner han var noko endå meir nytt.¹⁹³ No hadde også nordmenn, og med tida også norske kvinner, skote på andre måtar enn berre på blink. Jakt på dyr og ville fuglar hadde eldgamle tradisjonar i landet; det er nesten nok å nemna på segntradisjonen om Peer Gynt. Dei middelaldergamle Gulatings- og Frostatingslovene gav kven som helst i Norge fridom til å jakta når som helst.¹⁹⁴

Britane som kom til Norge frå 1820-1830 av var truleg mindre interessert i matauken ved eit felt reinsdyr eller ei skoten rype, eller ved den laksen dei fiska med flugestong. Det var naturopplevinga som stod i skolten på dei, og meir spenninga ved jakta som talde, og korleis ein kunne overlista til dømes laksen. Dette smitta over på ein del nordmenn, som byrja å gå i fjellet med kvit snipp og bowlerhatt og spaserstokk, etter kvart kanskje heller med skotsk tweed, og dei fekk seg fuglehund; alt umiskjennelege (status-)teikn på ein ekte «sportsmand», som det heitte.¹⁹⁵ Ikkje alle lét seg imponera like mykje; Aasmund Olavson Vinje kalla denne jakta for berre gaman ein rå leik, og skreiv at denne leiken liksom er «gentlemans-like», det vil «vera eit merke på vår tids råskap».¹⁹⁶

I boka *Sportsmenn i veideland* har Espen Sjøilen meir utførleg kommentert det normsystemet som utvikla seg i aktiviteten eller kulturen «sporting life»; at både levande vilt og fisk, og nedlagt bytte, skulle handsamast med same respekt som konkurrentane på

¹⁹² Men skyttarane reiste til Paris i 1900, og gjorde det skarpt i den «internationale match», dvs OL, der. Sjå N.Idrbl.s jolenummer for 1900, s. 59. Rapporten var skriven av Tom Seeberg. Norsk skyttertidende dekkar her tildragingane tettare i tid. Eg skriv med viljen liten «s» i «skyttertidende», sjølv om ein dei første åra valde stor S, dette for å skilja bladet frå Bangs «Norsk Skytter-Tidende».

¹⁹³ Slagstad, 2008, s. 133.

¹⁹⁴ Her støttar eg meg på Slagstad, 2008, s. 136, som igjen syner til ei hovudfagsoppgåve i historie (UiO) av Jønsson frå 1999.

¹⁹⁵ Slagstad, 2008, s. 142.

¹⁹⁶ Vinje, 2010, s. 28. Det er her tale om klassikaren *Ferdaminne frå sumaren 1860*.

idrettsbanen. Tilsvarande var det «unfair play» å skyta ei rype som trykte på bakken, eller å nytta noko så «feigt» som feller eller garn, berre for å skaffa seg mat.¹⁹⁷ Både dette estetiske omkring klede og det jakt-moralske ved ein tidleg «sportsmand» er for så vidt interessant for studien min. Ein kunne tenkja seg at tankesystemet amatørisme heilt grunnleggjande korresponderte med dette som hadde med spenning og fridom å gjera, medan motsetningen då var alt av matauk og meir eller mindre sur plikt. Ja, ein kunne kanskje bli freista til å hevda at dette må gjelda alltid, for amatørar i alle slags tenkjelege samanhengar. Altså: Ein amatør gjer det ho gjer med ei haldning av overskot og fridom og kanskje hjartans lidenskap åleine. Det synest jo å harmonera med både kunstamatøren og idrettsamatøren i den etablerte forskinga. Men heilt så enkel er den historiske røyndomen nok ikkje. Ta zologiprofessoren Halvor Heyerdahl Rasch, som var med å stifta Centralforeningen. Han blei hylla som ein stor idrettsmann i eit portrett Norsk Idrætsblad gjorde av han på framsida av det aller første nummeret i 1881. Éin ting var at han var ein ivrig jeger og fiskar. Det heitte også at han hadde «store fortjenester af en rationel jagts opkomst og vedligeholdelse.» Dette hadde han gjort gjennom boka *Jagten i Norge* (1845), som inneheldt både forslag til lov om premiar for utrydding av rovdyr og lov om fredning av matnyttig vilt, og som ifølgje Norsk Idrætsblad skunda på dei av Stortinget vedtekne jaktlovene av 1845 og 1863.¹⁹⁸ Den fine dressen som han figurerte i attåt sløyfa og den kvite snippen, diskvalifiserte han slett ikkje som idrettsmann, det var tvert om. Kort sagt kunne mange slags aktivitetar, også ved skrivebordet, hamna inn under idrettsomgrepet. Dette gjeldt i 1881, og det gjeldt nesten endå meir før 1866.¹⁹⁹

Og i forlenginga av dette: korleis skal ein eigentleg skilja mellom det han gjorde som professor i zoologi og det Rune Slagstad for sin del har kalla «foreningsentreprenøren» ved han? Når gjorde han berre nyttig og lærd arbeid, og når gjorde han ting berre av glede?²⁰⁰

Lat meg gå litt djupare inn i den boka han gav ut 1845, for å illustrera dette poenget tydlegare. Rasch føreslo her, med inspirasjon frå etablert skikk i Norge og liknande politikk i Sverige – og nok også med impulsar frå Storbritannia, *premiar* for den som skaut bjørn og ulv, gaupe og mår, og ørn og ugle i Norge. Om jakt på bjørn skreiv han: «Fordelen af Huden og Kjødet, samt den Ære, der er forbunden med Nedlæggelsen, virker som en kraftig Spire til at etterstræbe dette Dyr.» For særleg den siste motivasjonsfaktoren – den nemnde æra – føreslo

¹⁹⁷ Eg syner her til Slagstad 2008, s. 143, som igjen synest å basera seg nettopp på boka til Søylen frå 1995, som altså var ei jubileumsberetning (125 år) for Norges Jeger- og Fiskerforbund.

¹⁹⁸ N.Idrbl., 1881, nr 1., s. 1. Slagstad kallar Rasch «representant for professorpolitikernes regime og dets vitenskapelige baserte moderniseringsprosjekt: en planvitenskapelig forankret husholdning med naturressursene.» Slagstad 2008, s. 38.

¹⁹⁹ Dette tretrykket var gjort av J.B. Hansen.

²⁰⁰ Han var også kva Slagstad kallar «en av embetsmannsstatens store foreningsentreprenører», som var initiativtakar (mellom fleire) til Selskapet for Folkeopplysningens Fremme, Centralforeningen, Den norske Turistforening, og Norsk Jæger- og Fisker-Forening. Slagstad 2008, s. 138.

han ein auke i premien til 3 spesidalar. Eg vil tru at æra her var dels forbunde med den risikoen det innebar gå på jakt etter bjørn, og dels den samfunnsnyttige innsatsen i å bli kvitt kva ein i samtida oppfatta som problem-dyr. Og altså premien.²⁰¹

Premien, som vi gjerne kallar skotpremie i dag, var reine pengar. Det var ingenting påfallande ved det, verken i 1845 eller i 1866 eller i 1881, slik som pengar skulle bli for ein del idrettsgreiner seinare. Pengane skulle oppmuntra til at fleire nordmenn skaut dei skadedyra, og skadefuglane, som bjørn og ørn var. Pengane stod ikkje i vegen for æreskjensla, det var snarare tvert om. Og pengane skulle altså leggjast *på* den nytten som alt fanst i skinnet og kjøtet.

Centralforeningen for sin del delte i 1864 ut premiar for dei som hadde skote flest bjørnar i det føregåande året. Her vann debutanten Knut Hermansen Ildjarnstadhaugen frå Valdres, som syntest å vera «en rask Jæger, udrustet med gode Vaaben og Hund». Han hadde skote seks bjørnar på ein måned. I klassen for røynde rovdyrjegerar fekk «lappen» Ole Thomasen fjerdepemien. Han var ein berømt bjørneskyttar alt i 1845, sjølv skalpert og sterkt forbiten i kamp med ein bjørn, men med totalt 18 felte og flådde bjørnar på æra (og ikkje på samvitet) si. «Han er gammel og fattig, forsynet med slette Vaaben, men har vist stort Mod paa sine Jagter efter Rovdyr», heitte det i årsberetninga til Centralforeningen for 1864.²⁰²

Begge delar, både jaktlovene og reglane og premieringane, er for så vidt amatørrelaterte emne. Og det syner at også norske husmenn og bønder og endåtil samar, som nok alle var blitt bitne av spenningsrusen på jakt, men som også såg *nytt* av å fella ein bjørn og flå han, *kunne* blitt innrullert i manntal som handla om resultat, gilde premiar, idrettsleg framferd og idrettsleg ære – dette eg har kokt ned til nøkkelordet *haldning* i gjennomgangen av den etablerte forskinga om amatørismen. Dessutan: Jaktstoff og fiskehistorier utgjorde vesentleg del av spaltene i Norsk idrætsblad då den publikasjonen kom ut i offentlegheita i 1881. Dels var funksjonen til dette stoffet å opplysa og drøfta jakt og fiske, frå ulike vinklar, men dels var sjangeren for stoffet retta inn på underhaldning, rett og slett. Eit delvis konkurrerande, og delvis utfyllande fagorgan på dette området var årboka til Norsk Jæger- og Fisker-forening, som kom med sine første *Meddelelser fra Norsk Jæger- og Fisker-forening* alt i 1872. Axel Huitfeldt, som skulle bli ein

²⁰¹Rasch 1845, s. 11. Om landørna heitte det at ho drepte både «faar, harer og altslags Fuglevildt.» Difor burde ein, både for landørn og for havørn, «opmuntre til deres Ødelæggelse ved Præmie af 60 tysk Skilling for hvert Stykke, baade den Voxne og Ungerne. De Voxne kunne i Almindelighed afhændes til Landets naturhistoriske Museer for en lignende Sum.» Sjå Rasch, 1845, s. 17.

²⁰²Sjå Centralforeningen, 1865, s. 14. Sjå elles s. 12 for det førre sitatet. Ildjarnstadhaugen fekk 25 spesidalar i premie, og i tillegg ei kort kammerladningsriffler med sabelbajonett, og 100 skarpe patronar på toppen av dette igjen. Centralforeningen delte ut det ein må tru var gjeve sølvkrus i til dei tre aller beste i klassen for dei eldre bjørnejegrane, men pengar (eller våpen) til dei lenger ned på den lista. Dei aller fleste premierte var knytt til gardsarbeid i det sivile livet elles. Desse siste døma syner at Centralforeningen, som tidlegare nemnt, tydelegvis freista å regulera eller rasjonalisera «idretten» jakt endå meir enn lovene til Rasch hadde gjort, slik dei premierte jegerskyttarane blei delt inn i ulike klassar, og slik premiane også blei vekta opp mot innsatsen og iveren, og slik at sjølve framferda og endåtil våpena blei gjort til ein viss del av vurderinga.

viktig debattant i Norsk Idrætsblad, var aktiv i denne foreininga.²⁰³ Eg har likevel valt å *ikkje* følgja jakt- og sporting life-tradisjonen i granskinga mi, kor spennande det enn kunne vore. Stoffet er for det første svært omfattande. For det andre går det ut over det offentlegheitsomgrepet som eg dyrkar, ved at «idrettsarenaene» her er så mykje mindre tydelege. Skyting står i ei viss gråson som idrett betrakta, og viser like mykje til ein eigen rørslekultur. Dessutan er nokre andre idrettar vel så eigna til å studera det eventuelle «norske» ved amatørforestillingane.

Kapittel 6. Travsport

Dersom ein ser på bruken av orda idrett og sport i dag, anar ein at «sport» oftare blir nytta i samband med reidskapar og hjelpemiddel, så som i motorsport, travsport, båtsport, medan ein sjeldnare talar om motoridrett og travidrett, eller omvendt «breiddesport» og «kvinnesport». Travsporten i Norge har lang historie, slik som berre ordet «skeid» røper. Meir organiserte travstemne kjenner ein frå marknadsdagane i Kristiania, i alle fall sidan 1832. Dei blei kalla «Væddeløb» på premiane, og sjølv tida (62 sekund på 900 alen) blei inngravert då.²⁰⁴

Men alt året før dette travløpet gjekk det føre seg ein lengre diskusjon i avisene i Kristiania om det var rett å setja opp pengar i premie for den beste travaren, og kor vidt dette verkeleg hjelpte på hesteavl i Norge. Ein innsendar under pseudonym, «Sjugur Freidurheim» (= Sylvester Sivertson), skreiv at bøndene på bygdene meinte pengane var uttrykk for dårskap og galskap i byen, at det var tåpeleg etterlikning av engelskmennene: «Ja stedse vilde de have os til Kopier, og det som er galest, stedse til Kopier af andre Folkeslags Galskaber og Daarligheder». Debatten kom ut som bok året etter.²⁰⁵ At ein i England, som publikummar, vedda med pengar, og ikkje berre kappast eller vedda om å koma først (for sidan å få premiepengar) var vel kjent i norsk offentlegheit.²⁰⁶

Dette er viktig nok for den klangbotnen som kunne finnast i ordet «Væddeløb» (stundom også med «e») på 1860-talet, og i tiåra etter. Veddeløp kunne då tyda både a) kappstemne med hestar, og b) tildragingar der artistar eller gjøglarar vedda med publikum om ein viss distanse som dei skulle klara å springa på ei viss tid (gjerne på førehand, i avisannonser), eller c) også

²⁰³I 1899-årgangen er ordet «amatør-jægere» nytta, som motsetning til og oppskating samanlikna med «professionals». Sjå Norsk Jæger- og Fisker-Forening, 1899, s. 236. Huitfelt var elles suppleant til styret i 1879, og 1880.

²⁰⁴Sjå Opstad, 1994, s. 18.

²⁰⁵Freidurheim, 1833, s. 5. Sivertson var både diktar og redaktør, fødd i Skjåk, son av ein haugianar. Sjå meir omtale i Rudeng, 2021, s. 120.

²⁰⁶Morgenbladet, den 21. oktober 1829.

kappestemne mellom likestilte konkurrenter utan pengepremiar. I høve b) – gjøglarane – låg bløffen eller narreriet gjerne på lur.²⁰⁷ (Meir om denne rørslekulturen lenger ned i parten.)

Ein noko seinare variant av hesteavl enn den på 1830-talet heldt seg med ulike kunngjeringsblad, i det minste sidan 1875. Sigvart Petersen, som skulle bli den viktigaste redaktørfiguren i det første tiåret av Norsk idrætsblad, stifta *Norsk Traver-kalender* i 1879. Eg har ikkje studert denne publikasjonen nøye, men eg skal på eit bestemt tidspunkt (1903) dra inn amatørvurderingar som faktisk vedkom hestane og. Hestesport var då også inkludert i idrettsomgrepet på heile 1800-talet, og endå lenger.

Kapittel 7. Lystseilas

Segling, som roing av båtar, har eldgamle tradisjonar i Norge. Ein kan saktens lura på om Olav Trygvason snarare øydela for roarane sine slik han etter *Flatøybok* skal ha trødd på årene deira medan han sjonglerte sverd, men poenget er her den kappelysta som fanst i den norrøne vassveg-orienterte kulturen – og for så vidt i den middelalderlege tida der dei sogene blei skrivne ned. I meir «moderne» tid frå 1800-talet, nærmare vårt eige idrettsomgrep, kan ein drøfta kor vidt det å segla, verkeleg kvalifiserer for idrett som kroppsleg utfolding – på same måten som det å vera kusk for ein travhest må kallast ei slags gråsone.

Grunnen til at eg dreg fram seglinga her, er det uttrykket – og omgrepet «Lyst» – som blir knytt til seglbåtar, meir og meir. Substantivet «lyst» er nærmast hauggammalt, og inngår mellom anna i bibelske sonderingar mellom kroppen og ånda, eller «kjødet» og «sjælen», som det like gjerne kunne heita på 1700- og 1800-talet. For somme teologar var det å dansa ei kjødeleg lyst, og difor syndig.²⁰⁸ Men det vaks også fram ein tanke om at det måtte gå an å segla berre for lysta, eller for moroa, eller for naturopplevinga til sjøs, eller for det å visa fram rikdommen ved å ha ein slik større båt eller «yacht» til dette føremålet – eller truleg alt dette på ein gong – og også her vart ordet «Lyst» nytta. Motsetninga til dette må då ha vore all den seglinga og ferdsla med båtar som ein gjorde av nytteomsyn, eller rett og slett av nødvendighet.

I ein artikkel om båtforeiningane i Kristiania syner Halfdan Hansen at ordet «lyst» er i bruk i denne samanhengen i alle fall i 1848.²⁰⁹ Då hadde diktarar som Welhaven alt gripe fenomenet, og ein nordisk seglforeining var blitt danna (1830). Båtane før 1850 var stort sett ombygde bruksbåtar, etter 1850 var fleire bygde berre for segling, og ein del importert frå

²⁰⁷ For eit døme på det siste, sjå *Aftenposten* 17. juli 1868, framsida.

²⁰⁸ Hellmund, 1848.

²⁰⁹ I auksjonsdokumenta for ein båt i Kristiania i 1848 heiter det «I et Baathus i Vandet udenfor Saugbanken ligger det en Lyst eller Spil Jagt hvortil følger derpaa et Probert Telt [osv]». Sjå Hansen, 1940, s. 177.

England, derav ordet «yacht». Ettersom kaianlegga ved Vippetangen vart utvikla, var det fleire som heldt seg med lystbåtar; men det var stort sett betrestilte (advokatar, grosserarar, arkitektar og konsular) som hadde råd til slike farty.

Ein kunne tenkt seg at dette fenomenet lystsegling abonnerte meir enn noko anna på amatørskap, også i norsk samanheng, i så fall ganske parallelt med det eg alt har nemnt om overskot ved fiske og jakt. Men her, akkurat som der, stiller eg meg open for at den historiske røyndomen framstiller storleikane kan henda annleis. Seglstoff *var* ein viktig del av idrettsoffentlegheita etter kvart, også i Norsk idrætsblad. Likevel har eg valt å ikkje granska denne idretten særleg nøye, sidan miljøet var såpass lite, og heller snevert, også i samanheng av fjordbyen Kristiania. Drøftingane om amatørskap i ulik forstand er heller ikkje påfallande mange i dette bladet.

Kapittel 8. Fjellvandrarkulturen i Norge

I ein del framstillingar av idrettsutviklinga i Norge, så som av Kjell Haarstad (1993), Thor Gotaas (2003), og vel aller mest Orvar Löfgren (1999), verkar den meir fornøyingsprega og lystbetonte vandringa i norsk natur på 1800-talet å vera noko som britane byrja med, og som nordmennene tok over frå dei. Rune Slagstad har her overtydande synt kva linjer som går frå europeisk åndsliv i det heile til norske malarar og kartleggarar, og at dette nye synet for at naturen var vakker eller beint fram sublim, ikkje var noko Keilhau, Hansteen, Dahl, Vinje, Heftye, Mohn og Kølle og dei mange andre som gjerne vandra i norske fjell og dalar, herma etter eller lærte av britiske aristokratar. Slagstad går langt i å hevda at nordmenn skapte sitt eige vandringsrom i særleg Jotunheimen, og ein ny livspraksis – ein «overskuddsmåte» å flytta seg i landskapet på. Nordmenn vandra i naturen for «vandringens egen skyld», og for å betrakta «Naturskjønhed». Ein kalla seg «Turist», eller «tinderangler». Kulturen og siktet var mykje meir demokratisk enn den britiske tindebestiginga var. Sånn sett er det kanskje ein forskjell på å rangla rundt i fjellheimen og å bestiga fjell og *erobra* kvasse toppar.²¹⁰ Eit breitt idrettsomgrep femner såleis om desse vandrarane, og om etableringa av Den norske Turistforening (DNT, 1868). Tanken om aktivitet for aktiviteten si skuld og idrettslege glede er noko som for så vidt seinare i teksten min kjem til å tangera amatørtematikken. Likevel har eg valt å avgrensa meg frå historia om desse mange vandrarane, og den årboka som DNT byrja med alt i 1869. Eg har valt å halda idrettsomgrepet nærare prøvinga, prestasjonen og meistringa.

²¹⁰ Slagstad, 2008, s. 78, og s. 96. Om Orvar Löfgren, s. 50.

På den same måten har eg avgrensa meg heilt frå historia om speidarrørsla, som i langt, langt sterkare grad var ein britisk import. Eg nøyer meg med å visa til verka til Slagstad for vandrainga (2008), og Espen Schaanning for speidarrørsla (2015).

Kapittel 9. Sportifisering

I stad nemnde eg den «idrettssporten» som Slagstad knytte til den andre fasen av engelsk sport, og til 1880-åra meir bestemt. Det meir vanlege omgrepet i idrettshistorieforskinga er «sportifisering», slik som til dømes Matti Goksøyr har dyrka det i livsverket sitt. Norbert Elias er ein av opphavsmennene til det, og det dekkjer for han den prosessen der enkelte fritidsaktivitetar som kravde fysisk innsats, i løpet av seint 1700- og større delar av 1800-tal i Storbritannia aller først fekk dei strukturelle karakteristikkane til *sporten*, dvs. i form av strengare regelverk som sikra fairness og like sjansar, og dessutan meir orden og tydelegheit. Heilt ulikt omgrepet til Bailey om rasjonalisering er dette såleis ikkje. Goksøyr for sin del har lagt meir vekt på prosess-elementet enn Elias gjorde, slik at sportifisering ikkje kan seiast å vera ein ferdig og fullført tendens ved all idrett i dag.²¹¹

Eit døme på sportifisering er utviklinga av rosporten i Bergen i løpet av 1800-talet. Roing hadde lange tradisjonar i byen, eller i dei næraste farvatna, for å vera meir pinleg korrekt. Styrkeprøvar fanst i det flytande elementet, basert på sedvane og munnlege tradisjonar, og i generelt nokså ad-hoc-preg. Son til Nielz Hertzberg fortel om kapping på Hardangerfjorden etter brureferdene der.²¹² Tidleg 17.mai-fering (1847-1860) hadde forsterka tendensane til tydeleg *konkurransar*. Då kapproing blei teke opp att på 17-maiprogrammet i Bergen i 1879 var sportifiseringa knapt til å ta feil av: tidtaking, felles (skriftlege) reglar, og dommarar til å vakta at alt gjekk rett for seg, og offentleggjorte resultatlistar, som avisene gjerne trykte. Dermed blei prinsippet om *likskap* i konkurransen nærmast knesett, og *prestasjonen* blei kvantifiserbar gjennom tidtakinga. Dette bana så vegen for *samanlikning* ut over det lokale, og på sikt *rekordnoteringar*. Goksøyr legg til at roidretten opplevde ei organisasjonsbølge på slutten av 1870-talet, som fyller ut biletet eller prosessen av sportifisering. Ei sentrering om bestemte idrettsstadion og -anlegg og såkalla parsellering - altså utjamning, planering, standardisering av det same idrettstadionet – kan kanskje innbefattast i den same prosessen.²¹³

²¹¹ Goksøyr, 1989, s. 49.

²¹² Sjø Hertzberg, 1909. Sonen, som heitte Nils han også, blei statsråd seinare.

²¹³ Goksøyr, 1988, s. 92-95. Hennig Eichberg er nemnt på side 31 av denne teksten. Strengt teke er nok Eichberg nærmare teoriarne til Foucault i omgrepet *kroppens parsellering* og i uttrykket «romparsellering».

Det er delar ved denne utviklinga som synest å overlappa med det eg innbefattar i amatørromgrepet. Då tenkjer eg ikkje på konkurranseorienteringa i seg sjølv, men synet for likskap og herigjennom for rettferdige tevlingar, som jo kan oppfattast som ein moralsk kategori. Eg tenkjer heller ikkje på den kvantifiserbare prestasjonsorienteringa sånn i og for seg, men for det som kom seinare av reglar om klede, og stil, og til dømes båtttype, element som kan sorterast i lei av det estetiske. Organiseringa kan tolkast som aukande (og moderne) byråkrati, men også som uttrykk for frivilligheit, som før nemnt. Korleis amatørskap og bestemte amatørreglar i det heile kan eller skal forståast i lys av omgrepet sportifisering, er noko eg må få koma tilbake til i den avsluttande drøftinga. Her skal eg peika på kva idrettar som truleg var begynt på ein sportifiseringstrend alt i 1860- og 1870-åra, dels roing, meir segling, men særleg skiidrett og skøyteløping. Slik flyttar eg blikket attende til Austlandet att. Diverre finst det ikkje ein slik grundig idrettsstudie av Kristiania av den typen Goksøy har gjort om 1800-talsidretten i Bergen, eller Leif Yttergren har gjort ganske tilsvarande om idretten i Stockholm. Helge Pharo (1990) er vel nærmast, med historia si om friidrettsklubben Tjalve.²¹⁴

Den første organiserte roklubben i Kristiania kom i 1878, mykje etter britisk inspirasjon og heller smal båtttype. Eit utførleg regelverk for roing vart diskutert etter dette i Norsk idrætsblad i 1881. Østfoldbyen Fredrikstad var aller først ute med organisert klubb i dette urolege elementet, dette i 1877, og ei rotevling fann stad mellom austlandsbyane året etter. Dette betyr ikkje at det ikkje kan ha blitt kapprodd med norske bruksbåtar på Austlandet før denne tid. I Kristiania var det tillyst kapproing 17. mai i 1866, 4000 alen langt.²¹⁵ Det betyr heller ikkje at dei seinare roklubbane først og fremst konkurrerte. Motivet deira var like mykje samvere med andre karar, utflukter og kanskje drikking, og reine naturopplevingar på sjøen.

Når det gjeld segling, kom dei første organiserte kappingane i gang alt i 1865. Dette gjeldt ikkje dei større og dyre båtane, men bruksbåtar og snekker som også fiskarar og andre yrkesmenn nytta. Initiativtakar var kjøpmann Joh. A. Paulsen, faren til «vår» Axel Paulsen. Desse «Paulenske regattaer», som Halfdan Hansen kallar dei, kan passast inn i ein viss sportifiseringsprosess: Først starta båtane med fortøyning, og den som då klarte å få ankeret fort opp, vann eit stor forsprang. Sidan prøvde han med ei startline, og eit tredje år med «flying start» - vel for å skapa rettferdige tilhøve og kåra den som var dyktigast å faktisk *segla*. I 1875 var pågangen frå Fredrikstad og andre kystbyar så stor at Paulsen måtte ha hjelp av båtforeiningane i hovudstaden til å avvikla kappseglingsarrangementet.²¹⁶

²¹⁴ Yttergren, 1996.

²¹⁵ Sjå *Ringeriges Ugeblad* torsdag 10. mai 1866.

²¹⁶ Hansen, 1940, s. 179.

Kristiania skøyteklub

Om vintrane fraus gjerne sjøen til, inni i den same Pipervika der mange båtar låg sommarstid. Dette gav høve til, om kuldegradene enn ikkje er tilstrekkeleg årsaksforklaring, for eit yrande liv etter endt arbeidsdag inne i byen. Kristiania skøyteklub blei danna alt i 1864, etter at Christiania Turnforening hadde arrangert skøytekappløp året før, altså i 1863. Det var altså ikkje berre som amatørmarer at von Hanno var interessert i skøyteaktiviteten ved Akerhus festning. Han kan ha likt å prøva skøytene sjølv.²¹⁷

Ved dette første kappskøytestemnet i Kristiania, som vi veit om, var eit dommarpanel på tre, eit deltakartal på 70, og ei tilskodarmengd på så mange som 10 000, ifølgje Morgenbladet.²¹⁸ Journalistane var opptekne av tidene løparane nytta på isen, samanlikna med kva hestane klarte i liknande travstemne. Bladet *Norsk Skytter-Tidende* (meir om dette i neste part) hadde elles sett opp ein av premiane. Deltakarane var både kadettar, skulelærar, handelsbetjentar og snekkarar, og dei kom heilt frå Odalen for å kappast med byfolket. Om kvelden var det premieutdeling for dei i Turnhallen, og deretter sexa.

Kan ein slutta frå det som nettopp Turnforeningen inviterte til, og den grunngevinga som styret deira gav i utlysinga i Morgenbladet i februar månad det same året, var tanken med konkurransen å skunda på tendensen til leiing og organisasjon, til reglar og klubbar, i skøyteøpinga i Norge. Slik vona ein å løfta nivået både å bevega seg «sikkert og hurtig og grasiøst paa Skøyterne», som stod tilbake for prestasjonane i Nederland og delar av Tyskland, slik Turnforeningen oppfatta statusen i kontinental kontekst. Ein hadde rett nok ikkje kompetent kampdommar til å bedømme det elegante og sikre («de saakalde Kunster») ved skøyterørslene då, så ein måtte nøya seg med konkurranse i hurtigløp, der det altså skulle vera opning for både turnarar og ikkje-turnarar (og relativt mange, om enn ikkje så dyre, premiar).²¹⁹ Dette med to klassar eller disiplinar, ein for kunstløpinga, og ein for hurtigskøytinga, fekk ein til ved stemnet i 1867. Talet på skøyteinteresserte i Kristiania var nesten 10 prosent av folketalet i byen i 1870.²²⁰

Eg har valt å følgja skøytesporten tett i samanheng av amatørskap, mest fordi han stod så sterkt i Norge, og dels fordi han så tidleg blei prega av internasjonalt samkvem. Særleg i Norsk idrætsblad var det stadig vekk skøyteleparar sjølve som ytra seg, og ikkje berre dei som leia og liksom styrte denne idretten. Slektskapen med kunsten, som eg alt har antyda ovanfor,

²¹⁷ Sjå boka Finn Amundsen redigerte, *Oslo skøyteklubb gjennom 50 år. 1898-1948*, der også forhistoria, og for så vidt akvarellen til von Hanno, blir omtala.

²¹⁸ Morgenbladet, den 3. mars 1863, nr 62. Sjå det programmet som er sitert i denne historiefremstillinga til Bryhn, 1924, s. 16.

²¹⁹ Sjå Morgenbladet den 25. februar 1863, og overskrifta «Skøytekapløbning».

²²⁰ Alt i 1865 kom klubbar til også på Hamar, i Drammen og i Halden. Totalt hadde Kristiania omlag 66 000 innbyggjarar omkring 1865.

gjer også skøytesporten svært interessant for meg. Eg har spurt meg: Kan amatørfiguren på isen ha hatt noko slektskap med liknande omgrep og figurar på andre scenar?

Skiløbning

Skiløpinga hadde som skøyteløpinga, og for så vidt også roinga og seglinga, røter i oldtida i Norge. Meir enn dei andre hadde han også mytologisk og diktarisk belegg. Snorre skriv om guden Ull, svigerson av Tor, som var god med pilebogen, og heilt umogleg å kappast med på ski. *Flatøybok* fortel om Nor, son til Torre, som la Norge under seg. Då han og broren leita etter søster si, før Nor over landet: «Han ventet til snøen hadde lagt seg på heiene og skiføre var godt», står det.²²¹ Likeins var dei noko meir jordiske skapningane Heming og Arnljot Gelline dyktige til å ferdest på ski, og harde å tevla med. Meir enn skøyta blei skia oppfatta som særskilt «national» av dei som dikta og song i dansketida.²²² Dette er viktig å ha understreka: som retorisk øving, og nasjonal-patriotisk motivkrins, var skiløpinga vel etablert i Norge – lenge før Fridtjof Nansen. Lenge før Sondre Norheim fanst skiløpinga som idé om det norske. Orda fanst i ein forstand før spora.

Franske førestillingar (Voltaire, Montesqueiue, Rosseau) om det edle og ville og fridomselskande nord bana vegen, eller rettare sagt løypa for norske historikar og diktarar som Gerhard Schøning, Johan Nordahl Brun og Jens Zetlitz, påfallande mange av dei med bakgrunn og røter i Trøndelag. Dei meinte kort sagt at vinteren foredla nordmenn, og at meistringa av kulden og snøen, framfor alt i forstand av friluftsliv på ski, gjorde dei til heltar og kjempar.²²³

Diktarane i Norske Selskab (1772) prisa den norske vinteren, rett nok på trygg og veldig god avstand i København. Eldgamle skiløpartradisjonar blei på eit vis nasjonalisert av professorar som strevde for det norske på den same tida, og mellom Eidsvoldsmennene tala dei (til dømes ein oberst) som ville ha grunnlovsfesta øving i skiløping, eller i alle fall at øvrigheita skulle oppmuntra til det. I typisk omtale i tiåra *før* 1880 var denne idretten, og truleg meir enn skøytesporten, etablert som denne «smukke og kjække Idræt» eller «skjøn, national og mandig Idræt», eller som «denne vakre og styrkende Idræt» som etter Centralforeningens syn og glede atter var «kommen i Skuddet, selv i de Distrikter, hvor den ikke, som det eneste Middel til at komme frem om Vinteren, er paabuden af Nødvendigheden.»²²⁴

Dette tyder då *ikkje* at skisporten var blitt nasjonal før 1880 – dersom ein tenkjer på aktiviteten av idretten; altså av faktisk hopping og anna bruk av ski. Ein bør heller ikkje tru at

²²¹ *Flatøybok*, 2015, s. 386. Flatøybok er det største middelalderhandskriftet på Island, skrive ned seint på 1300-talet, og er i mangt meint som ei opplæringsbok for ein framtidig norsk (og islandsk) konge.

²²² Her er Olaf Christensen, 1993, opplysande.

²²³ Sjø Christensen, 1993, kap 4 og 5.

²²⁴ Sjø Foreningen til ski-idrettens fremme [Skiforeningen], 1898, s 56 og 63, for dei to første sitata. Centralforeningen, 1881, s. 25.

også denne *kappinga* på ski stod i ein ubrotten og identisk tradisjon. Prestasjonane til Heming og Gelline kunne like gjerne plasserast innanfor det ein kan kalla «karsverk» eller kraftprestasjonar, meir enn dei var reine duellar eller mannjamningar.²²⁵ Brave menn kunne stå ofseleg bratt ned lier og fjell på ski, og gå veldig langt og fort på ski. Slik vann dei gjetord for seg sjølve, og derigjennom truleg ære (i individuell forstand). Diktfiguren Trysil-Knut er ein litterær segnfigur som passar inn i denne måten å forstå idrett på. Aasmund Olavson Vinje nemner i ein av dei mange avistekstane sine (i 1853) telemarkingen Askeri Hogtveidt, som skal ha stått ned ei stupbratt tømmerrenne med ein liten unge i armkroken. Slik utfordra han på ein måte landskapet sjølv. Ein kan også seia at desse bygdekarane prøvde seg sjølve, og kva dei dugde til. Andre kan ha prøvd seg på dei same utfordringane, eller ikkje våga dei. Og dei telemarkingane, skriv Vinje, som hadde «formange Møykjæringar, fik ikke danse med Jentune om Søndagskvælden». Med det meiner han at somme skirennarar datt for mykje, og gjorde seg såleis til skammar. Dette skriv han helst etter minnet og dei munnlege overleveringane, og plasserer denne «Folkemor» ein mannsalder attende i tid frå 1850-talet.²²⁶ Ikkje for ingenting bruker Torjus Loupedalen omgrepet «kroppskultur» om dette fenomenet. I språket sjølv låg slike ord som «uvyrdslâm», som ifølgje nettopp Loupedalen samla i seg både element som hopp, kneik og slålâm. Og han skriv: «Ei slik lâm krydda med ufs og rein og kneik og sving baud på alle dei skiftingar som ein kresen og uvyrden løpar lika.»²²⁷

Lat meg også ha nemnt Elling Bækken i denne samanhengen, han som dukkar opp for alvor i neste bolk (III.). Bækken var fødd i 1840, var husmann i Soknedalen, og dreiv i skogen (som han altså ikkje sjølv åtte). Han var senete og sterk, og hoppa visst saltomortale på flatmark, blei det sagt. Om han blir det også fortalt han stod framfor skikjelkelasset (med tørrgran) nedover Heljesåsen, og arbeidskameraten sat på lasset, og det gjekk så fort nedover, og snøen dreiv så vilt om dei, at arbeidskameraten, som hadde vilja skrika, ikkje fekk pusten att før dei var kommen i lia på andre sida av dalen. Dette var og eit karverk, og dels ei uvyrdslâm, om enn det var knytt til arbeidet i skogen.²²⁸

Men også denne vinteridretten «ski», slik som innsatsen og meistringa på isen, var i ferd med å sportifiserast på 1860-talet. Tromsø var truleg aller først ute med det første opne og offentleg annonserte skirennet i verda, kalla «Veddeløb paa Ski», dette alt i 1843. Borgarar i byen skal ha stått med lommeuret i handa for å følgja kappløpinga (ei halv norsk mil i storkupert

²²⁵ Haarstad, 1993, s. 29.

²²⁶ Bent Lund skreiv diktsyklusen om Trysil-Knut i 1861. Vinje i *Drammens Tidende* 20. des 1853. Her sitert etter Haarstad, 1993, s. 30. Sjå gjerne også Hodne, 1995, s.14-16.

²²⁷ Sjå *Norsk Tidend* 24. desember 1947.

²²⁸ Sjå Ringerike Blad, måndag 11. april 1949. Sjå også Skjeldal, 2021a.

terreng). Prestasjonane var i ferd med å bli kvantifisert, til bestemte (og i teorien samanliknbare) resultat.²²⁹ Tidleg på 1860-talet var det skirenn av ulike slag både i Trøndelag, Trysil, og i Kristiansand. Av avisene og skyttarblada blir dei blei kalla «Turnstevne», «Kampløpning», og «Skiløberfest», oftast skipa til av skyttarlaga, somme av turnforeiningane. Skihistorikaren Jakob Vaage har funne fram til eit referat frå Morgenbladet i 1863 der det går fram at ei jente var med i hoppinga i Trysil det året, Ingrid Olsdatter Vestbyen. Ho skal ha søkt arrangøren (skriftleg) om å få prøva seg, ikkje for å kappast om premiane som var tiltenkt mennene og gutane, men for å få synt fram «kvindelig Færdighed i Skiernes Brug». Ho hadde hatt «Ære» av løpet sitt, skreiv Morgenbladet.²³⁰ I 1866, som var ein mykje snørrik vinter i Sør-Norge, heldt ein skitevlingar med premiar endå fleire stader, mange av dei med element av tidtaking og altså måling av hurtigheit, ved Hønefoss (der Elling Bækken vann premie), i Horten, i Steinkjer, i Krødsherad, og i Kristiansand.²³¹

Av delvis naturlege og klimatiske grunnar kunne ikkje skiidretten få same grad av rekordorientering som skøytesporten fekk på sikt. Men så lenge hoppinga og langrenninga blei haldne saman, og det gjeld prinsipielt i heile den epoken eg tek for meg, var stadionorienteringa, ein aukande tendens, også her. Husebybakken blei teikna inn på karta til Ernst Bjerknes (i 1888) – før ein fekk eit fast hopp nokon stad. Holmenkollbakken opna eit nytt kapittel i denne utviklinga (1892). Men på same tid: Både Husebyrennet og Holmenkollbakken blei idrettslege viktige institusjonar, og særskilte arenaer og punktmarkeringar i den norske idrettssoffentlegheita. Husebybakken blei leigd, og Holmenkollen blei kjøpt og rydda for skog – slik at folk kunne samlast om store idrettshendingar. Holmenkollen skulle også vera ein slag portal inn til Nordmarka, som Rune Slagstad skriv. *Hit* måtte gjerne utlendingane koma, for å sjå korleis vinteridretten blei driven i Norge. Skiforeningen kom til å investera stor amatørkapital, om eg kan seia det slik, i nettopp Holmenkollen.

Finn Olstad skriv for sin del: «I et par idrettsgrener - ski og delvis skøyter – kom faktisk det som skjedde i Norge til å bestemme den internasjonale utviklingen.» I den grad idrettar kan kallast greiner på det same store treet, er denne påstanden svært interessant. Då tenkjer eg ikkje så mykje på vesle Norge som mogleg føregangland, som at desse idrettane kan henda blei lada og lasta med nasjonale førestillingar, meir enn mange av dei andre, også av denne grunnen.

Det nasjonale ved vinteridrettane ski og skøyter ligg bak det valet av konsentrasjon som eg har gjort – om å granska utviklinga av desse to vinterdrettane aller mest, i lys av

²²⁹ Sjå Haarstad, 1993, s. 33. Ein skomakardreng, ein kven av fødsel, skal ha vunne rennet. Vaage, 1956, s. 84.

²³⁰ Sitert etter Vaage, 1956, s. 89.

²³¹ Sjå Vaage, 1956, s. 96-98

amatørtematikken.²³² Eg søker ikkje så mykje å få stadfesta ei hypotese på denne måten, og snu dei etablerte sanningane om idrettsamatøren nærmast på hovudet, som eg ønskjer å undersøka om ein kan forsvare påstanden om at den eksisterande forskinga har trong for supplerande perspektiv.

Kapittel 10. Turn og gymnastikk som separate rørslekulturar

Mot slutten her må eg ta for meg eit par kroppslege eller fysiske tradisjonar som det er litt vanskelegare å poda inn på den same stamma av idrett eller sport som dei eg har rørt ved så langt, og som står noko på sida av den amatørismen som eg skal studera. Det gjeld (svensk) gymnastikk og det gjeld (tysk) turn.

Men då må eg også få kvittera ut den gjelda eg står i til forskaren Ove Korsgaard, som har forma omgrepet 'kroppskultur' i boka *Kampen om kroppen*. Her set han ideal og reglar og tradisjonar omkring kropp i samband med ulike tidsavsnitt, meir bestemt med økonomiske grunnvilkår og militær-politiske og pedagogiske forhold i ulike tidsepokar. Eit militaristisk innstilt samfunn vil kan henda vera oppteken av marsjering og takt. Eit samfunn og ei tid der ein trur ein kan påverka gudane med dans, vil vera konsentret om dét. «Ligesom enhver kultur og kulturrepøke har en dominerende form for arkitektur, har den en dominerende form for legemskultur», skriv han. Og vidare at *sporten* har blitt den dominerande lekamskulturen i dei moderne industrisamfunna både i aust og i vest.²³³

Merksemda til Korsgaard er nok først og fremst retta mot Danmark, men med jamne mellomrom kjem han med grundige sidesyn til utviklinga i andre viktige europeiske land. «Idræt» slik som til dømes Centralforeningen forstod det etter 1895 vil då vera uttrykk for éin type kroppskultur, den engelske og delvis utskjelte «sport» ein ganske annan. Den norske vandringskulturen som Slagstad nemner, vil vera ein tredje. Nasjonsmarkørane må då ikkje forståast altfor fasttømra og kategoriske om bestemte land eller nasjonalstatar. Ein må heller ikkje ta analysen så bokstavleg og einvegsretta at ein ikkje har rom for ein viss autonomi for dei ulike idrettsgreinene, og tradisjonane dei kan stå i. Sjølv liker eg ordet rørslekultur endå betre, som nemnt, sidan det får fram elementet av aktivitet i all idrett. Andre liker ordet «fysisk kultur» - som dekker nokolunde det same fenomenet. Doktorgradsavhandlinga til Matti

²³² Olstad, 1987, s. 9.

²³³ Korsgaard, 1997, s. 12. Sjølve ordet går lenger tilbake i norsk samanheng; Centralforeningen skifta i 1920 namn til «Foreningen til fremme av friluftsliv og kroppskultur». Torjous Loupedalen nyttar det nærare Korsgaars tyding i boka si frå 1947, sjå s. 36, her i samanheng av dei «uavyrdslélami» som bøndene og husmennene dyrka.

Goksøy (1991) er ei gullgruve for den som vil grava meir i desse ulike kulturane, då med Bergen på 1800-talet som inngangsportal.²³⁴

Gymnastik

Eg har alt fortalt at Centralforeningen frå starten 1861 var oppteken av «Legemsøvelser», altså lekamsøvingar, som ein ikkje nødvendigvis karakteriserer som idrett, verken no eller då. Eit anna mykje brukt uttrykk, då som no, var ‘gymnastikk’. Dette omgrepet hadde stor skuld til det ein i samtida gjerne kalla «svensk gymnastik», ein vitskapleg inspirert tradisjon etter opphavsmannen og fektemeisteren og diktaren P.H. Ling (1776-1839) – der ein helst *ikkje* nytta apparat eller ribbeveggar eller noko som helst, men la vekten på metodisk å øva opp alle musklane og delane i den menneskelege lekamen til eit slags harmonisk heile. Konstruerte, kanskje avkorta bevegingar trumfa som oftast naturlege rørslemåtar i denne kroppsorienteringa. Øvinga skjedde helst i samordning med andre, gjerne nemnt som linjegymnastikk. Den svenske historikaren Jan Lindroth omtalar det «lingske» systemet konsist som «kommandogymnastik i fasta formationer och stora kollektiv».²³⁵

Ved første augekast plasserer denne kulturen seg på sidelinja av amatørtematikken. Ein må då skunda seg å leggja til at den svenske gymnastikk-pedagogikken la vinn på å få med så mange som mogleg, både barn og kvinner, og tanken var at ein alltid skulle gå fram progressivt, altså frå det enkle til det meir kompliserte. Også slik gjeldt det å ha alle med. Spesialisering, perfektjonering, konkurranse og forskjellsbehandling var dermed mindre velkome. Andre vesentlege stikkord var statleg styring, militært preg, og omsyn til sunnheit og helse. Frivilligheit var nok ikkje det viktigaste, sjølv om Centralforeningen i Norge trudde på dette også.

Til Norge kom desse rørsle-impulsane alt på 1820-talet, vel å merka i militær samanheng. Også dei offiserane som var med å stifte Centralforeningen i 1861 var kjende med, og godt prega av denne «svenske» kroppskulturen, og laga sjølv sivile lærarkurs. I 1870 kom så Den gymnastiske centralskolen i Kristiania (forløparen til NIH om ein vil), som utdanna både offiserar og lærarar i svenskprega gymnastikk. Sekretæren i Centralforeningen i 1881, kaptein Ivar Bjørnstad, var også styrar av «Centralskolen». Med ei mild anakronisme kan han dermed

²³⁴ Sjå Goksøy, 2008, s. 33. Sjå også innleiinga til denne boka, som har gode refleksjonar om kva som gjer ei kroppsøvelse, så som det å springa til bussen eller ikkje, til idrett og sport.

²³⁵ Jan Lindroth gjev eit kortfatta framstilling slik: «konstruerade kroppsrorelser samansatta i dagøvingar (lektionsprogram). Syftet var att utveckla kroppen allsidigt og metodiskt. Varje rörelse måste derfor noga beraknas til utförande og fysiologiskt syfte. Rörelsesverkans princip likesom exathet i rörelsessomerna var centrala inslag tilsammans med ambidextri (liksidighet) och kroppslig harmoni. I realiteten blev det fråga om en kommandogymnastik i fasta formationer och stora kollektiv. Lindroth, 1993, s. 12.

kallast profesjonell.²³⁶ Det nærmaste ein breiare amatørtematikk som svensk gymnastikk hadde slektskap med, eller tangerte, gjeld truleg allsidigheit som mogleg ideal. For gymnastikken var det viktigaste å øva opp heile kroppen, men altså strengt metodisk og vitskapleg ordna. Også elementet eller verdien av deltaking – altså oppfordringa til, eller oppskatinga av det å ta del i fysiske aktivitetar – kan synast amatørrelevant. Dette skal eg drøfta meir inngåande i samband med Centralforeningen anno 1895 (bolk III, part 4). Her nøyer eg meg med å insistera på skilnaden mellom det å øva seg, og det å prøva seg. Om ikkje deltakar-modusane er prinsipielt ulike mellom dei som øver og driv gymnastikk i ein sal, og den mannen eller kvinna som prøver balansen sin på skøyteisen, er det eit vesentleg vass-skilje for meg her.

Turn

Turn kom til Norge med ein del tyske og tysktalande handverkarar. Dei hadde danna ei «selskabelig foreining» i Kristiania i 1854, der dei song og delte allmenn kunnskap, og bestemte seg så for å danna ei turnforeining, ikkje berre for medlemmene, men for alle dei nordmennene som måtte ha høve til dette i byen. Bokbindaren Joseph Stockinger må nemnast særskilt, den aller første turnformannen i Kristiania, og sidan i Arendal. Wilhelm von Hanno var også ihuga turnmedlem i hovudstaden, som nemnt. Turn var mykje meir sentrert om meistring av ulike apparat (bukk, skranke) enn den svenske gymnastikken, og bar slik sett i seg impulsar av ambisjon og blendande prestasjon, og dessutan tevling og framheving av aller dei mest dugande, på visse vilkår. Turnideologane, så som den tyske «Turnvater Jahn» og den nemnde «norske» Stockinger, var opptekne av den sjelelege eller karaktermessige fostringa som låg i aktiviteten. Ein kunne høyra tale om «fuldkommenhet». Andre stikkord var frivillighet, folketurn og nasjonal patriotisme. Fellesskapen og troppevarer var nok klart viktigare enn omsynet til den einskilde.²³⁷ Heilt konkret gjekk turnaktiviteten føre seg under leiing av ein fortunnar gjennom vinterhalvåret, innandørs, og i noko monn vandringar og oppvisningar og festar i sommarhalvåret, utandørs. Det individuelle og naturlege rørslemønsteret hadde sin plass; vekt på koordinerte rørsler og samordna parti var mindre enn i gymnastikken. Korsongøvingar kunne gjerne følgja etter kroppsutfoldinga i salen. Leikar var ikkje uvanlege om sommaren. Festane kunne ha innslag av konkurransar, men det var sjeldan og nesten uvelkome å dela ut premiar.²³⁸

²³⁶ Centralskolen hadde oppvisning i praktisk ferdigheit våren 1881, i linje og redskapsgymnastikk, bajonettfeking og sabelhugning. Sjå N.Idrbl., 1881, nr. 19. Wikberg for sin del avskriv den gymnastiske svenske tradisjonen frå amatørproblematikken, då han hadde ein profesjon og eit læresetet, ei yrkessamanslutning («svensk-norska gymnstikläarsäskapet»), ein periodisk publikasjon, og eit distinkt yrkesområde. Her ser vi at tidsskrift kan takast inn i heilt andre kontekstar enn dei eg studerer dei i. Wikberg, 2005, s. 26.

²³⁷ Sjå Hauge-Moe, 1989, s. 7. Til forskjell frå gymnastikken var organiseringa mykje meir basert på frivillige samanslutningar.

²³⁸ Frå Arendal veit eg at turnfestane somme tider sette i stemne turn- og gymnastikkforeiningar frå nabobyar, andre gonger inviterte ein gymnastierande skuleungdom, andre gonger igjen laga ein større tilstellingar for publikum med pengeinnsamling som noko av motivet. Sjå Stockinger om dette i N.Idrbl., 1881, nr. 45, s. 245-246 («J.St.»)

Dette hindra ikkje turnforeininga i Kristiania frå å samla i hop ganske verdfulle skøyter og ski til premiar ved det skøytestemnet eg nemnde i 1863.

Tendensane er i det heile tatt sprikande; men det *er* delar ved turnkulturen som synest amatørforestillingane gjeldande, eller relevante, i norsk kontekst.

Mellom dei (militære) som sverga til gymnastikken, og dei (oftare sivile) som likte turninga, var ikkje nødvendigvis tonen så god. Mange av dei offiserane og dei skulemennene som var opplærte i gymnastikk, var avvisande til alt som ikkje var strengt Ling'sk: «Den tyske turn blev gjerne omfattet som gjøgle, cirkuskunster og tidsspildende, ja ligefrem skadelig for ungdommen og uværdig for manddommen.» Slik heitte det i femtiårsfeiringa av norsk turn i 1911, meir enn 20 år etter at turn- og gymnastikk-kreftene blei slått saman i eit felles nasjonalt forbund (1890), og til i det som praktisk utøving blei kalla «det norske systemet», som snøgt oppsummert var ein kombinasjon av svensk linjegymnastikk og tysk apparaturn.²³⁹

Sagt litt tilspissa: Gymnastikkprogrammet var mest oppteken av å skapa ein dugande kropp. Turnkulturen var vel så gripen av den karakteren ein ville skapa i mennesket, altså eigenskapar eller dugleikar som «kraft, dristighet og åndsnærværelse». Disiplinering, kanskje til og med militær disiplinering, syntest å stanga imot impulsen til danning og sjølvstyrt utvikling.²⁴⁰ Det som batt gymnastikk og turn saman var at begge desse idrettane, eller kroppskulturane om ein vil, var heller dyre – i og med at ein baserte seg mykje på innandørsaktivitet. Dermed møttest gjerne høgare samfunnslaga i desse aktivitetane. I alle fall gjorde behovet for hallar at turn og gymnastikk mykje blei eit byfenomen i Norge dei første tiåra. Den første Turnhallen blei oppført alt i 1857, i Kristian VI.s gate, arkitekt var kanskje ikkje så overraskande «amatørmalaren» Wilhelm von Hanno.²⁴¹ Draktene var nok viktige for begge partar, det estetiske som var forbunde med det, og det å røra seg i samla og sirleg ordna troppar. Og systema lét seg sameina, som eg har nemnt som det «norske systemet».²⁴²

Mottoet var gjennomgåande det eldgamle, juvernalske: *ei sunn sjel i ein sunn lekam*.

Kva tyder så alt dette for granskinga mi av amatørismen i norsk idrett? Som eg skal utdjupa mange stader seinare, var særleg gymnastikkideologane skeptiske til konkurranseimpulsen i mange idrettar, men også turnforeiningar tvilte på verdien av kappestrid. Ein risikerte å ta feil

²³⁹ Sjå Det Norske Turn- og Gymnastikforbund, 1906.

²⁴⁰ Olstad, 1987, s. 38.

²⁴¹ Chr. Turnforening hadde innandørs verksemd gjennom heile vinteren i 1881, både for vaksne herrar, gutar og jenter. For dei vaksne både vanleg tysk turn (i apparat) og utan apparat etter svensk mønster (passiv-gymanstik)

²⁴² Eitt tidleg døme på kombinasjonen av elementa finst i Norsk idrætsblad, 1881, nr 25, s. 147.

av sjølve målet med idretten i det heile, meinte dei. Ein turnar «O.D.» gjekk i skrifts form til angrep på alle dei andre sportane seint i året 1881, i Norsk Idrætsblad. Eg skal nytta meg av han på dette punktet sidan det gjeld eit prinsipielt sett vesentleg poeng i i avhandlinga mi. Eg får også oppsummert ein heil del frå dette kapittelet her, på den måten. «O.D.» tok utgangspunkt i at alle idrettane eller aktivitetne hadde som mål å utvikla lekamen. Men attåt dette, meinte han, søkte turisten det *vakre i naturen*; jegeren og fiskaren hadde eit mål om *ein fangst*; tindebestigaren og kapproaren hadde i seg *ærgjerrigheita* om å bli den første; og skyttaren, seglaren, travkøyraren sikla etter *premien*. Alle dei andre idrettane hadde *motiveringar* utanfor det å øva opp lekamen allsidig (kursiveringane er mine). Berre turn vigde seg til denne fine aktiviteten åleine, meinte artikkelforfattaren.²⁴³

Dersom ein avgrensar amatørismen til å handla om kappestrid på ein eller annan måte, kan dette sitatet tyda på at gymnastikk & turn som (delvis) samla rørslekultur må haldast utanfor drøftingane og empirien min. Men sjølv i så måte må innlegget i Norsk idrætsblad lesast som polemisk og tilspissa, som ledd i kampen om merksemda og anerkjenninga i idrettsoffentlegheita idrettane i mellom. Turnmiljøet var ikkje totalt avvisande til tevlingar, og hadde interessante berøringspunkt med ein moralsk betont amatørisme i dei momenta som eg har streifa av prestasjon, allsidigheit, og danning.²⁴⁴

Sjølv kjem eg til å retta meg som oftast inn mot organiserte kappestridar. Men prinsipielt sett må ikkje ei idrettshending gjennom «kverna» av organisering og sportifisering, dvs. kunngjering, bedømming, eventuelt måling, og resultatlistar og kringkasting av desse igjen, for å kunne betraktast gjennom amatørinnstilte briller. For Husebyrennet i 1884 var det til dømes ikkje irrelevant at Fridtjof Nansen gjekk på ski over Langfjella for å koma fram, og tilbake til Bergen. Han hadde ikkje berre øvd seg og rørt på kroppen; han hadde prøvd seg, og om han kunne meistra den barske fjellnaturen. Det grunnleggjande eller prinsipielle kriteriet for meg dreier seg om idrett som *fysisk betont meistring eller prestasjon*. Turn er nærare denne karakteristikken enn gymnastikk. I praksis vil det likevel oftast handla om samanhengar av skirenn og skøyteløp i denne avhandlinga.

Turn & gymnastikk baud dessutan på ein spesifikk idrettskritikk som amatørismen synest å ha gravitert imot. Eg må også minna om at turnideologar var med å introdusera

²⁴³ N.Idrbl., 1881, nr 42, s. 233-234. Opphavleg var teksten halden som eit føredrag i Drammen, og først trykt i Drammens Tidende. På nyåret 1882 dukka ein nesten identisk artikkel opp i *Bergens Aftenblad* (19. jan.) Denne er igjen sitert i Goksøy, 2008, s. 48.

²⁴⁴ Det siste å seia ved dette høvet er at «OD» ikkje avviste kappestriden prinsipielt, så lenge ærgjerrigheita blei halden i taumar, og såleis var «fornuftig», som det heitte. Den tyske turninga hadde meir sans for det ambisiøse enn den svenske gymnastikken etter Ling, meinte han. Og det var bra. Men, la han til, ein måtte ikkje overdriva: «turneren skal hverken være akrobat eller atlet, verken linedanser eller balletdanser; målet bør kun være at frembringe en harmonisk udvikling af legemet, og at lade bevægelsernes sikkerhed og anstand, behændighed og skjønhed blive til en anden natur.» N.Idrbl., 1881, nr. 42, s 233.

skøytesporten for Kristiania, kronologisk sett. Eg vil heller ikkje difor ekskludera verken turninga eller gymnastikken heilt frå granskinga mi av den norske idrettsoffentlegheita. Det er då også i tråd med det tidlegare nemnde metodiske prinsippet i avhandlinga mi – om å ikkje spikra amatørromgrepet fast på førehand.

Kapittel 11. Sirkuskunstnarar

Eg har alt streifa kritikk av det som blei kalla «sirkus», og antyda at det finst ein eigen rørslekultur knytt til dette breie, mangslungne fenomenet. Herman Berthelsen har gjort dei grundigaste studia i norsk samanheng; emnet er elles lite forska på. Han skriv at oftare blei ordet «gjøgleri» nytta på 1800-talet, for det som blei vist fram av teknisk krevjande og stundom farlege fysiske øvingar, så som balansering, og stundom også sjonglering, på linje («liniedans»), og løfting av svært tunge gjenstandar («atletar» kalla desse seg gjerne), eller forsøksvis imponerande springing att og fram i gatene, forlengs og stundom baklengs, og gjerne med akkompagnement av andre med styltar, eller av plystring.²⁴⁵

Siktemålet var nok å underhalda folk som såg på, men også å lokka pengar av dei på den måten. Marknadsveker og fest- og høgtidsdagar, med mykje mogleg publikum samla, var typiske høve for slike arrangement. Somme gjøglarar eller artistar eller akrobatar reiste på eiga hand, andre var del av troppar som også synte fram anna forlysting. Den menneskelege kroppen kunne tena som merkverdigeiter (siamesiske tvillingar), og som del tryllekunst, og til pantomime (og dokketeater), som ligg nærare anna og kanskje «etablert» teater. Vokskabinett og raritetskabinett, altså den menneskeleg kroppen utstilt, kan oppfattast som ei slag folkeopplysning om kjende historiske figurar, eller av sjukdomar. «Laterna magica», perspektivkasser og kosmorama kan sjåast som forløparen for kino og tv. Mekaniske apparat eller robotar står i ein kategori for seg. Mykje underhaldning kunne dreia seg om dyr (menasjeri); om å syna fram ville dyr, temde dyr, og hestar ein gjorde kunstar med, og på. Ofte var fyrverkeri del av førestillingane, og den som dreiv med det, kunne framstilla seg som ein artist eller kunstnar. Attåt dette, og innåt mykje av dette nemnde, kom musikken. Lirendreiarar var fast innslag på marknadene. Thor Gotaas (2002) skriv at akrobatikk med linjedans og

²⁴⁵ Sjå Berthelsen, 2009, s. 13. Gotaas, 2002 har skrivt om lirendreiarar og vandrarkulturen i Norge. I dansk kontekst har Else Trangbæk (1991) skrivt fint og opplysende om akrobatikkens plass i gymnastikken, og at striden mellom svensk og «dansk» (eig. tysk gymnastikk) frå 1880 og framover truleg ikkje handla om det militære vs. det sunne, som har vore den etablerte historiske oppfatninga, men om det akrobatiske ovanfor det rasjonelle og dei vitskapleg korrekte øvingane, som svenskane (meinte dei) dyrka meir. Sjå også den fine masteroppgåva til Ida Pernille Dahl om Christania Tivoli, frå 2017.

trapeskunst passa best for den som var ung. Den meir bedagelege, behagelege livsstilen til lirendreiaren passa kan henda betre for middelaldrande menneske.²⁴⁶

Kulturen åt gjøglarane var internasjonalt orientert; artistane – som kunne kalla seg både kunstnarar, og hurtigløparar, og klovnar – synte fram dugleikane sine i ulike byar i ulike europeiske land, og viste gjerne til namn og tradisjonar i andre land når dei annonserte for førestillingane sine. Mange av dei italienerane, tyskarane, hollendarane og danskane som kom til marknader i Norge, hadde det keisarlege sentrum St.Petersburg som sitt endelege mål.²⁴⁷

Dei omreisande artistane må med ein seinare målestokk kunne kallast profesjonelle utøvarar. Den mest kjende norske hurtigløparen er vel Mensen Ernst, som blei ein internasjonal storleik på 1820- og 1830-talet, og høgt oppskatta av ulike europeiske kongehus, men også løparar som Martin Davidsen og Herman Hansen («Appelsin-Herman») gjorde nummer av seg i andre land, dette på 1840-talet. Kvinner sprang også, så som kona til Davidsen, madam Davidsen, eller «Herculesinden», som ho kalla seg.²⁴⁸ Ein litt meir spesifikk tradisjon som Bredo Berntsen peikar på (i ein heller overflatisk biografi om nettopp Mensen Ernst), er den britisk pedestrianismen – som dreia seg om lengre gåturar eller løp – basert på veddemål. Ein kunne nok like mykje seia, i perspektivet til sosialhistorikar som Tony Collins (2013) at det dreia seg om *veddemål*, anten mellom utøvaren og publikum, eller mellom publikum også, eller begge delar, basert på lengre fotturar eller løp.²⁴⁹

Men kan det også kallast kunst? Då Mensen Ernst annonserte for løpardugleikane sine i København i 1826, kalla han det «Kunst». Det same gjeldt dei som regisserte gjøglartroppane på 1860-talet, så som «kunster P. Paulsen». Spørsmålet mitt er då ikkje så mykje om det kan karakteriserast som «ekte» kunst utifrå ein estetisk teori, som om ein i avisoffentlegheita på 1800-talet oppfatta kunst som mykje breiare enn ein gjerne i dag. Eller var det slik at kunst kunne like gjerne tyda ferdigheiter av mange slag, også handverk, og kroppslege syslar av det slaget som gjorde Ernst så mektig populær? Truleg kan ein hevda begge delar, og ha støtte i empirien for begge desse tolkingane. Eg nyttar likevel kunst i den tydinga som er blitt vanlegare i dag, og som fanst også i forklaringane i ordbøker omkring 1880.²⁵⁰

Matti Goksøyr er for sin del tydeleg på at akrobatane og løparane og klovnanane ikkje baud inn til konkurransar som typisk konstituerer idrett i moderne forstand. Det finst likevel døme på at artistar i Norge lokka andre til å løpa mot seg, og dessutan dei som ville prøva seg

²⁴⁶ Sjå Gotaas, 2002, s. 40.

²⁴⁷ Her baserer meg på biografien som Herman Berthelsen gav ut i 2005, *Appelsin-Herman. Gjøglaren som ble millionær*, sjå side 26.

²⁴⁸ Ho var truleg frå Tyskland. Sjå Berthelsen, 2009, s. 62.

²⁴⁹ Berntsen, 2008, s. 13-16. Mensen Ernst heitte i utgangspunktet Monsen Øyro, og kom frå Leikanger.

²⁵⁰ Sjå Berntsen, 2008, s. 36. *Norsk Haandlexikon for almenntnyttige Kundskaper*, 1884.

mot til dømes ridande rivalar i bygatene. Sterke menn kunne utfordra andre til ryggtak. Herman Hansen inviterte ryttrarar til «Væddeløb» i Tromsø sommaren 1842. Ein kan lura på om det var dette som inspirerte presten Krogh til å arrangera skirenn vinteren etterpå; det første vi kjenner til.²⁵¹

Spørsmåla som dukkar opp i møte med sirkustradisjonen, er mange. Korleis skal ein skilja linjedans frå annan dans, og gjøglarframsyningane frå det meir opphøgde omkring balletten og teateret og den klassiske musikken? Korleis *kan* ein det? Skal ein berre ta over dei kulturelle kodane som visse samfunnsgrupper har prega ulike tradisjonar med, og som ligg i implisitt i fagstudium som til dømes kunsthistorie? Og kva med slektskapen mellom skøyteløpinga som kunst og skøyteløpinga som oppvisning? Kva er det som gjer at noko kan kallast idrett og anna berre er «sirkus»? Må ein også her dra vekslar på dei kategoriseringane som seinare tider har etablert?²⁵²

Noko av dette aktar eg å koma tilbake til seinare i avhandlinga. Eg trur at det beste her, og det sannaste, er å seia at overgangane *er* flytande, og at det luraste eg kan gjera i møte med den faktiske historia etter 1860, er å granska korleis samtida og offentlegheita sjølv tolka – og utvikla – dei ulike rørslekulturane.

Uansett: Sirkuskulturen er svært viktig som bakteppe for dei amatørforestillingar som eg granskar.

Praksisar

I stad nemnde eg skilnaden mellom det øva og røra på seg, og det å prøva og utfordra seg, som ein mogleg vass-skilje mellom gymnastikk og (delvis) turn – og den idretten eg skal granska i arbeidet mitt. Alasdair MacIntyre har eit meir raffinert omgrep om *praksis* som kan antyda skiljet frå idretten «min» frå sirkus-kulturen. Han tenkjer då på etablerte og samarbeidande menneskelege aktivitetar der *innvendige gode* let seg realisera ved at ein strekkjer seg mot standardane for det *framifrå*, som nettopp finst i denne aktiviteten eller praksisen. Innvendige gode kan i samanhengen min vera slikt som intensiteten i konkurransen, spenninga i meistringa, og motet og viljen ein utviklar. Eg har lyst å leggja til at standardane for det framifrå kanskje like mykje blir utvikla, som at dei finst allereie, når ein ser historisk på saka. Meir om dette omgrepet praksis hjå MacIntyre, og det tilhøyrande dygd-omgrepet hans, skal eg drøfta i neste bolk.²⁵³

²⁵¹ Jmf. Haarstad, 1993.

²⁵² Teaterhistoria til H.J.Huitfeldt frå 1876 er illustrerande for kor annleis ein kategoriserte i samtida, samanlikna med vår tid. Her blir det vi ville kallar akrobatar, fyrverkeriseljarar og sirkusfigurar gjerne framstilt som kunstnarar. Sjå Huitfeldt, 1876, s. 341-342.

²⁵³ MacIntyre, 2011, s. 218. *After virtue*, som boka heiter, kom første gongen ut i 1981. Mi utgåve er den tredje utgåve, i paperback-format.

Oppsummering

Amatøromgrepet kan seiast å forgreiningar i mange retningar, om ein tek utgangspunkt i eit breitt, og historisk informert, idrettsomgrep. Eg har samla meg om særleg vinter- og naturidrettane ski og skøyter i denne avhandlinga, for å kunna studera den mogleg nasjonale, og tilknytte politiske dimensjonen, ved amatøromgrepet. Dette utelukkar ikkje andre idrettar totalt i granskinga mi. Eg føreset heller *ikkje* eit fasttømra og ferdig utvikla idrettsomgrep som utelukkande fordrar open og organisert kappestrid, altså med nødvendige offentlegjorte reglar, resultatlistar og heilt fastlagde stadion og drakter, og arrangørar bakom. Men eg granskar amatørismen innanfor ei forståing av idrett som ein eller annan form for kroppsleg meistring eller prestasjon. Den individuelle prestasjonen står oftare i fokus i kjeldematerialet mitt enn den kollektive. Oftast er det vaksne som stikk seg fram, og oftast er det menn. Godt mogleg er målet for prestasjonen det framifrå, slik som MacIntyre føreslår.

Tyngdepunktet mitt ligg i Kristiania, som er hovudstaden i Norge, men heller ikkje meir enn det. Eg vonar også at parten har vist at idrettsleg amatørisme ikkje var noko som dukka opp av ingenting omkring 1866.

Part 6. Idrettsøffentlegheita som analytisk omgrep



Husebyrennet, 5. februar 1883. Dette er det første fotografiet av eit skirenn som eg veit om, og det er teke av Ludwik Szacinski. Ved dette rennet delte Skiforeningen tevlinga i to. Først sprang (eller gleid) løparen 5000 alen i vekslende terreng (sjå han på sletta), der dommarar gav karakterer for svingteknikk, og andre tekniske løysingar. Legar venta ved målgang, og gav vurdering av kondisjonen hans. Etterpå var det hopp-konkurranse, jmf, den innringa løparen på sletta. Samanlagtresultatet gav grunnlag for premieringa. Men etterpå dette igjen var det oppvisningsrenn – i hoppbakken. Fotografiet er reprofotografert av Anders Beer Wilse, tilhøyrrer Norsk Folkemuseum, og er her lasta ned via <https://www.nb.no/items/49869315a2d556cf1bd1a856dd3e7efa?page=0&searchText=Ludwik%20Szacinski>

Kapittel 1. Innleiande betrakingar

Når ein høyrer eller les ordet «idrettsoffentlegheit» første gong, kan ein nok gjera seg vidt ulike førestillingar. Ein kan tenkja at det kanskje er noko heilt eige med denne offentlegheita, fordi idretten og kroppen på éin måte er taus. Viss ein skurrer lyden av ein handballkamp på tv-en, ser ein jo berre spelarar i rørsle omkring ein ball. Ein kan vera med i ein fotballkamp sjølv utan å ytra eit einaste ord. Men kva vi gjer med kroppane våre, er som Richard Holt har sagt, mykje eit uttrykk for kva vi tenker vi *bør* gjera med kroppane våre, og vi røper såleis kultur og kulturhistorie med ein gong vi kastar oss i armene på ein målskårar eller gratulerer motstandaren etter enda dyst, med eller utan å ta han i handa.²⁵⁴ Ein hoppbakke er ikkje berre ein passende kul i hallande terreng der ein kan bli freista til å ta sats om ein har ski på beina. Han bestemmer oppfatninga av terrenget og samlar menneske omkring seg i ulike samanhengar. Rune Slagstad hevdar såleis at den tradisjonelle norske naturidretten blei ein moderne skisport i og med Holmenkollen stadion:

Holmenkollen var en inngangsportal til Nordmarka – og til den nasjonale skiverdenen. Som en årlig kulturell begivenhet ble Kollen formet av den kulturelle nasjon og ga form til den. Kollen var en nasjonal integrasjonsarena hvor de fremste innen skikulturen stod fremfor en offentlighet som var større enn nasjonens.²⁵⁵

Ein kan bli sett på tanken at det finst både ei lokal, og ei nasjonal, og internasjonal idrettsoffentlegheit.

Motsett kan ein tenkja at denne felles arenaen av idrett og sport er for enkel til å kallast offentlegheit, fordi dei ideane som blir gjort levande og kanskje drøfta ikkje er så vidløftige, og fordi dei mange resultatata og stemningsskildringane frå idrettskonkurransar er for mykje knytt til augneblinken til å ha varig tyding eller verdi. Slagstad sjølv er ikkje fjern for slike tankar, må ein tru, når han innleier verket sitt med eit sitat om «sportsidioten» (av kong Harald sjølv) og skriv to lange kapittel om «Sportens spetakkel» og «Den meningsløse sporten».²⁵⁶

Oppfattar ein idrett som underhaldning, eller rett og slett tidtrøyte, blir det også vanskeleg å halda oppe eit omgrep om ei idrettsoffentlegheit. I 1918 kom det ut eit prøvenummer for eit blad som heitte *Sport & spøk. Sport & vittighetsblad for Jarlsb. & Larvik—Bratsberg—Nedenes*. Eg vil tru at dersom dette hadde vore malen for alle

²⁵⁴ Holt, 1989, s. 3.

²⁵⁵ Slagstad, 2008, s. 204.

²⁵⁶ Slagstad, 2008, s. 9.

sportstidsskrift-utgjevingane i landet, ville denne sfæra vore helst fattig på utveksling av idéar.²⁵⁷

Ein kan også lura på om offentlegheita som fenomen verkeleg kan delast så fint inn i partikulære offentlegheiter. Finst det på same måte ei turistoffentlegheit? Og kva med ei offentlegheit for dei som går i Jotunheimen? Eller sit på sirkus? Ei fungerande offentlegheit kan vel ikkje forvekslast med eit eller anna medlemsblad i ein eller annan kulturell eller samfunnsmessig sektor? Til dømes fanst det eit organ for det frie ordskifte mellom norske tannlegar, kalla *Tidens Tand*, som kom ut i tre årgangar mellom 1911 og 1913. Å tala om ei tannlegeoffentlegheit utifrå dette bladet, er å tøya omgrepet noko for langt.²⁵⁸

Ein førebels definisjon av idrettsoffentlegheita sett historisk er det «rommet» som blei forsøkt bygd for å hjelpa forståinga – og ordskiftet – om kva som var god og dårleg idrett.

Kva eg ønskjer med dette kapittelet, er å få ringa inn, og fundamentert, kva eg har valt ut som den viktigaste kjelda mi.

Kapittel 2. Resonnerande offentlegheit

Offentlegheit-omgrepet i denne avhandlinga står i stor skuld til teorien som vesttyskaren Jürgen Habermas kom med i doktorgradsavhandlinga si. I verket med den tyske tittelen *Strukturwandel der Öffentlichkeit* (1962) presenterer han sjølv ei slags omgrepshistorie, der han syner korleis offentlegheita har gått gjennom ei grunnleggjande endring i tydinga av ordet, men også i den politiske og demokratiske funksjonen eller strukturen sin. Avhandlinga blei sett om til norsk alt i 1971, og fekk ei enorm tyding for ulike universitetsfag i Norden.²⁵⁹

Habermas identifiserer grovt sagt tre historiske fasar av offentlegheita. Den føydale, før-borgarlege offentlegheita krinsa omkring ein herskar, som allmugen og prinsipielt sett også hoffet bøygde seg for. I denne offentlegheita synte kongen (og dronninga) altså fram den suverene makta si, og folket fekk tidvis sjå og beundra denne strålande figuren. Habermas kallar det ei representativt offentlegheit. I sein-mellomalderen når ho sitt klimaks: «Den hofflig-ridderlige representasjons offentlighed når den siste, rene skikkelse ved de franske og burgundiske hoff i det 15. århundre».²⁶⁰

²⁵⁷ Redaktør var J.L. Dreier, utgjevingsstaden var Skien. Året etter kom bladet ut med fem utgåver.

²⁵⁸ Redaktørar var S. Henrichsen, O. Krøtø og A. Sandvig. Undertittelen på tidsskriftet var: «Organ for fritt ordskifte blandt norske tandlæger». Første nummer kom i januar 1911.

²⁵⁹ Eg baserer meg på den norske omsetjinga, gjort Schwabe-Hansen, Høibraaten og Øien, og andre utgåva, gjeven ut i 1991.

²⁶⁰ Habermas, 1991, s. 8. Arbeidet hans kan ein langt på veg kalla omgrepshistorie: «En sosialhistorisk analyse av det betydningssyndrom som knytter seg til ordene «offentlig» og «offentlighet» kunne gi oss en begrepsmessig sosiologisk

I den borgarlege offentlegheita, derimot, bøygde folk berre hovudet for gode argument. Borgarane såg på kvarandre som likemenn, og dei forlanga etter kvart at maktthavarane måtta legitimera seg ovanfor for dette nye opplyste publikum og for denne offentlege meininga. Dei såkalla opplysningsfilosofane, så som Immanuel Kant, tok aktivt del i denne samtalen og forklarte i ein følgjetong i eit tidsskrift den politiske tydinga av han. Snøgt sagt meinte Kant at sant liberalt demokrati føresette opplyste og kritiske borgarar. Ei verkeleg politisk fungerande offentlegheit i kantiansk eller i alle fall habermasiansk forstand oppstod først i England med overgangen til 1700-talet, i Frankrike ved midten av hundreåret, i Tyskland endå seinare.²⁶¹

I den tredje fasen, i den reføydaliserte offentlegheita, slutta publikum å tenkja og diskutera så kritisk som dei hadde gjort tidlegare. Dei blei atter passive tilskodarar. Til dømes forbruka dei ut over 1900-talet kulturprodukt meir enn dei tileigna seg desse kritisk. Habermas skriv sjølv: «en selskapelig diskusjonsform viker for fetisjdyrkelsen av fellesskapet som sådan.» Media blei invadert av grådige profittmotiv, og nye medieformer, som fjernsynet, passiverte publikum, rett og slett. Etter tankegangen hans å dømme, synest ei underliggjande endringskraft å liggja i økonomien: Liberalismen blir meir og meir vengestekka av merkantilistiske tiltak og statlege inngrep i det heile etter 1870.²⁶²

Sjølv om analysane til Habermas knyter seg an til forhold i Storbritannia, Frankrike og i (det seinare samla) Tyskland for det aller meste, og opplagt har mykje større ambisjonar i høve politisk demokrati-teori enn eg har, er det ingenting i vege for at ein kan prøva ut tankefiguren på nordiske og idrettslege tilhøve også. Under det første Huseby-rennet i Kristiania i 1879 var det slik at kongen av Sverige og Norge var til stades og synte fram makta si. Han fekk stå på eit eige podium dekt med dyreskinn, og han kalla somme av hopparane til seg, og han sette opp ekstrapremiar til spesielt unge og vågale skiløparar som blei delt ut på «Sexaen» om kvelden. Dette kan ein kalla ei representativ offentlegheit i idrettssamanheng.²⁶³

Samstundes var det lekdommarar frå arrangørstaben i Kristiania Skiklub som delte ut premiar for innsatsen i hoppbakken og den 5000 alen lange skiløypa samla sett. Dei vurderingane som blei gjort, eller burde gjerast, blei heftig diskutert på den same sexaen av skiløparane sjølve og dei andre og eldre som interesserte seg for skiidretten. Ei slags

forståelse av de forskjellige språklige lag som disse ordenes historie omfatter.» Og: «Om det lykkes å forstå strukturelt og historisk det komplekset som vi i dag uklart nok kaller «offentlighet», burde vi derfor – via en sosiologisk klargjøring av begrepet – kunne håpe på å få et systematisk grep på vårt eget samfunn ut fra en av dets sentrale begreper.» Sjå Habermas, 1991, s. 2. Sjå også Gripsrud, 2011, s. vii.

²⁶¹ Habermas, 1991, s. 52. Gripsrud, 2011, s. xvi

²⁶² Habermas, 1991, s. 147.

²⁶³ Ifølgje premiereferatet i Aftenposten den 13. feb. 1879 hadde kongen bestemt at første- og tredjeplasserte i guteklassen (13-17 år) skulle få 20 kr. i gull, samt at den endå yngre guten (Sundt) som hadde stått på ei ski i den største hoppbakken skulle få eit ti-kroners-stykke. Sjå også omtale i N.Idrbl. nokre år seinare: N.Idrbl., 1883, nr 3.

diskuterande idrettsoffentlegheit vaks fram ved sida av den representative offentlegheita. Eg tillét meg å sitera referatet i Aftenposten i detalj, om enn det er på gammal norsk:

Efter Tilbagekomsten til Byen samledes Kampdommerne i Teknikens Lokale for at tage fat paa Bedømmelsen og Gjennemgaaelsen af de forskjellige Dommeres Karakterlister. Da dette denengang vistnok vanskelige Arbeide var udført, ble Sexaen arrangeret, hvortil et stort antal Deltagere af Skiløbere og andre ældre og yngre Herrer, som interesserede sig for Skisagens Fremme, havde samlet sig i Teknikens Sal. Spændningen og Forventningen hos de mere fremragende Skiløbere var meget mærkbar. *Man kritiserede andres og egne Bedrifter, og det viste sig ogsaa siden, at de fleste Gisninger faldt ontrentlig ud lig Bedømmelseskomiteens endelige Afgjørelse.*» (kursiveringa er mi).²⁶⁴

Sexaen var eigentleg eit framandord, introdusert til Norge frå Sverige, som karakteriserte ei enklare samankomst (med smørbrød osv) om kvelden. I idrettssamanheng var denne ofte offentleg, og dei som hadde vore tilskodarar om dagen, kunne stundom få løysa billetten til kveldsarrangementet. Prinsipielt sett kan også premieutdelingane og sexaene tolkast som ein stad menneska kom saman om idrett – og drøfta kva dei hadde sett og gjort.

Alt i 1867 hadde ein sentral skifigur i Kristiania, major Andreas Munch Petersen, på spalteplass i Morgenbladet *bede om* at fleire skifolk ytra seg skriftleg om erfaringane sine.²⁶⁵ På sexaen i 1879 var det opptil fleire telemarkingar som heldt tale, og som rosa Kristiania-løparne for deira dugleikar på ski. Norsk idrætsblad forsterka denne offentlegheita då bladet kom til i 1881, og diskusjonane i den opne Skiforeninga (frå 1883) kom attåt dette igjen.²⁶⁶ Dei neste kapitla vil visa *korleis*.

Ein kan også laga ei mogleg habermasiansk hypotese omkring *endring* i denne diskuterande idrettsoffentlegheita etter hundreårsskiftet (1900). Var det slik at det lesande sportsfolket då blei meir og meir eit nasjonalt kollektiv som blad og aviser vende seg til, og som desse media delvis også skapte, meir enn at lesarane sjølve drøfta idrettane med kritisk og skjerpa blikk?

²⁶⁴ Sjå Aftenposten den 13. feb. 1979, overskrift «Præmieskirendet».

²⁶⁵ Eit døme frå Skiforeningens diskusjonar: I 1884 kom generalforsamlinga til Skiforeninga fram til at lengdeløpet alltid skulle vera del av det renne dei skipa til, dette fordi langrenn var «særdeles viktig for ski-idrættens udvikling». Sjå N.Idrbl., 1884, nr 7. (fredag den 4. april).

²⁶⁶ Det var rett nok uklare og usagte grenser for kvar idrett gjekk over i politikk. I 1883 var kronprins Oscar var til stades ved hopprennet, og delte sjølv ut om kvelden dei premiane som han sjølv hadde vore med og stilt opp. Men Skiforeninga hadde no samla seg om vurderingane og kriteria som bestemte rekkefølga av premieringa. Ifølgje Norsk idrætsblad var festen var skjemt av vrøvlande talar, der telemarkingane blanda idrett og politikk. Kva grunn hadde bøndene til å klaga? Dei hadde teke med seg dei største premiane og «masser af penge» - over 600 kr. - medan 223 kr. tilkom resten. Tydelegvis var det ikkje første gong talarane, under påverknad av alkohol, hadde utarta til «Politik». Sjå N.Idrbl., 1883, nr. 2. Kva desse politiske spørsmåla dreia seg om, veit vi ikkje. Dei kan både ha handla om vurderingane av skiløparferdigheitene, og om større politiske spørsmål omkring skyttarlag, og om makta til storting og regjering.

Blei idrettsoffentlegheita på ein eller annan måte reføydalisert av sportsblada sjølve etter 1905? Fordi det no gjeldt å hevda og halda vedlike det norske, og ein nyvald konge, til og med?²⁶⁷

Viktigast for meg er her det prinsipielle, idealtypiske utgangspunktet: at tilskodarane og arenane kan betraktast som av ei opplyst og deltakande offentlegheit, snarare enn at dei uttrykker eit spetakkel og ein underhaldningsdimensjon. Det gjeld for heile den perioden som eg skal granska.²⁶⁸

Borgarleg offentlegheit studert litt nærare

Den historiske analysen av offentlegheita i Europa som Habermas føreslår, eller rettare sagt den dristige syntensen som han gjev, røper ei historie om ein framvekst og eit forfall. Denne modellen er det lett å angripa. Før eg går inn på kritikken, vil eg dvela litt meir ved resonnementet i Habermas' verk.²⁶⁹ Den mest interessante delen av framstillinga hans gjeld etter mitt og mange sitt syn den borgarlege offentlegheita. Her rådde altså diskusjon, meiner han, og i mykje mindre grad enn før *festivitas* og kongelege opptog og «grandeur». «Den borgerlige tenkemåte», spissformulerer Habermas seg, «skiller seg fra den hofflige i det at i det borgerlige hus kan festværelset også brukes til daglig, men i slottet er selv dagligværelset ennå et festværelse.»²⁷⁰

Med uttrykket «borgerlig» og omgrepet 'borgar' meiner han då ikkje den gamle borgarstanden av handverkarar og kremmarar, dei som hadde sine laug og sine borgarbrev, dei som var fysisk og juridisk knytt til dei små byane. Han kallar dei «nye» borgarane like gjerne «kapitalistane» (om han enn set uttrykket i hermeteikn) – altså handelsfolk og bankeigarar, forleggarar og manufaktureigarar, som saman med dei *lærde* danna den nye borgarlegheita. Til dei lærde høyrer mange typar embetsmenn, framfor alt juristar, legar, prestar og offiserar og friare stilte professorar. I samtida blei dei ofte kalla for «de dannede stender».²⁷¹

Dei budde ikkje nødvendigvis i byen, til døme heldt ein pastor seg på prestegarden sin, ein ingeniør i bergverket, eller ein lege gjerne i distriktet. At dei blei kalla «borgarlege» var vel først og fremst ein måte å avgrensa dei frå adel, frå bondestand, og frå «lågare» bysjikt. *Desse* engelske kapitalistane og lærde var det som møttest i kaffihus og drøfta økonomi og politikk.

²⁶⁷ I alle fall skjedd det reføydalisering i og med 1940-1945. I denne perioden er sensur, avisnedleggingar og diktatorisk makt demonstrasjon hovudtrekka ved offentlegheita i Norge.

²⁶⁸ Interessant nok meiner Anders Svensson at diskusjonsforum om ischoockey i dag, på svenske nettsider, har dei same trekka av opplyst og velmeinande offentlegheita. Sjå Svensson, 2007.

²⁶⁹ Ifølgje Tjønneland ligg forfallet innbakt i modellen, sidan borgaren i opplysningstida hadde privateigedom som sin basis for autonomi. Slik var *dei* garantert myndigheit, men altså ikkje seinare i historia.

²⁷⁰ Habermas, 1991, s. 9.

²⁷¹ Habermas, 1991, s. 21

Denne borgarlegheita var det som møttest i franske salongar, og diskuterte bøker og andre kunstverk. Desse dei «dannede stender» var det som møttest i tyske «Tischgesellschaften», og resonnererte omkring sine egne erfaringar. Eller dei møttest gjennom tidsskrift og blad, gjerne kalla den trykte offentlegheita. I skrift og i tale tok dei i bruk eit nytt medium – det offentlege resonnementet. Dei krinsa ikring kva Habermas kallar autoriteten i argumentet. Den borgarlege offentlegheita var såleis ei banebrytande resonnerande offentlegheit, meiner han. I fellesskap fann dei det beste argumentet. Eg kunne tenkja meg å karakterisera det som ei radikalt diskuterande eller kritisk prøvande offentlegheit.

Somme stader, så som Frankrike og Tyskland, drøfta ein kunst og litteratur før ein våga seg inn på politikk og makt. Habermas skil såleis mellom ei litterær og ei tydlegare politisk offentlegheit. Den litterære offentlegheita kallar ein vel så ofte ei kulturell offentlegheit i dag²⁷². Prinsipielt er det ingenting i vegen for å integrera idretten i denne, sjølv om vi må gjera ein heil del nyanseringar for norsk offentlegheit. Her var offentlegheita «brått» politisk i og med 1814, før ein så fekk den breiare kulturelle nasjonsbygginga.²⁷³

Habermas gjev diverre ikkje sjølv så mange konkrete døme på desse radikalt nye resonnementa han er så oppteken av; historikaren i han er kanskje ikkje den sterkaste. Han er desto flinkare å stilla opp dei filosofiske eller institusjonelle krava for dei ulike variantane av litterær og seinare politisk offentlegheit. Dei er tre i talet; 1) takt ovanfor jambyrdige i tale og argumentasjon, 2) tilgjengelegheit og problematisering av nye kulturområde, så som meininga og kvaliteteten ved kunstnarlege verk, samt 3) at publikum var prinsipielt uavslutta.

Det siste er truleg det viktigaste punktet; prinsippet om at «enhver har rett til å bedømme det», til dømes lesinga av eit litterært verk. Kunstdommarane var i utgangspunktet «amatørar» og kalla seg det, interessant nok for den større idé-samanhengen som eg tek for meg. Dei var med andre ord lekdommarar, og ikkje profesjonelle kunstkritikarar, som høyrer ein seinare og meir publisistisk sett organisert epoke til.²⁷⁴

Det Habermas såleis gjer, er å setja opp kriteria for korleis offentlegheita kan fungera opplysende og dermed demokratisk. Analysen hans er i mykje samanfallande med sjølvoppfatninga til opplysningsfilosofane. Og i det empiriske materialet mitt er det lett å kjenna att den samfunnsklassen som Habermas manar fram, det lærde eller «dannede» publikum i

²⁷² Gripsrud 2010, s. xxi. Sjølv skriv Habermas: «Dette «borgerlighetens» sjikt er publikums egentlige bærer, et publikum som fra begynnelsen av var et lesepublikum». Habermas, 1991, s. 22.

²⁷³ Anders Johansens store bok, *Komme til orde. Politisk kommunikasjon 1814-1913* frå 2019 er eit imponerende verk om den politiske offentlegheita som veks fram på 1800-talet, med vekt på retorikken og ofte talane og innhaldet i dei.

²⁷⁴ Habermas, 1991, s. 38.

Kristiania som *Norsk idrætsblad* aktivt vender seg til i den første årgangen²⁷⁵ Det anonymitetsprinsippet som bladet synest å vedkjenna seg det same året 1881, stadfestar den same samfunnsklassen sin idé om argumentet åleine. Det var ikkje i kraft av signaturen og posisjonen eit synspunkt i lesarbrev eller ein leiartikkel skulle vinna fram, men frå det resonnementet og den fornufta som låg i det. Slik tenkte ein i samtida elles.²⁷⁶

Kort sagt: Habermas gjev ryggdekning for ei lesing som tek argumenta så å seia på ordet, og ikkje for den mannen eller klasseposisjonen som måtte ligga bakom.

No gjennomførte likevel ikkje eksempelvis *Norsk idrætsblad* denne linja fullt ut; dei som ville, kunne underteikna innlegga sine. Stundom underteikna også redaksjonsmedlemmene sjølv meiningane sine i bladet. Og redaktøren kravde å vita kven som hadde sendt synspunkta sine til N.Idrbl., endå om dei berre stod med initial eller andre symbol på trykk. Og ved i alle fall eitt høve forlanga ein profilert debattant med anerkjent yrke (overrettssakfører Huitfeldt) at ein anonym innsendar skulle gje seg til kjenne med fullt namn og stilling.²⁷⁷

Innvendingar mot modellen til Habermas

I mykje større skala enn eg kan visa til i kjeldene mine, er den politiske filosofen Habermas blitt kritisert for å driva ein helst idealistisk analyse på det historiske materialet.²⁷⁸ Til det er å seia at han heilgarderer seg ganske tidleg i avhandlinga i 1962. Han skriv her at det var ikkje slik at ideen om eit diskuterande publikum blei ein realitet i og med kaffihusa, men at det opplyste og resonnerande publikum blei *institusjonalisert som idé* med desse samlingsstadene. Med hans eigne ord: «om idéen ikke er blitt virkelighet så er den dog blitt virksom».²⁷⁹

Den same sonderinga eller balansegangen går det an å bruka i møta med det referatet som eg synte frå Aftenposten i stad. Det kan godt henda at referenten skjønnmala kva som hende på premieutdelinga i 1879, og at samtalen var meir babbel og ståk og bråk i sum enn den avsluttande semja som han påstod, men uansett synte han fram ideen om ein open og opplyst samtale. Då Munch Petersen (i 1867) oppfordra fleire skiløparar til å skriva, må det ha vore fordi han ønska og trudde på ein fornuftig diskusjon. Han stilte seg open for kva andre måtte meina. Det same poenget gjeld *Norsk idrætsblad*, i alle fall slik publikasjonen stila ut dei første

²⁷⁵ Sjå N.Idrbl., 1881, nr. 2.

²⁷⁶ Eide, 2000; Skjeldal, 2017, s. 34.

²⁷⁷ N.Idrbl., 1888, nr. 1. Her gjev Axel Huitfeldt uttrykk for at han tilhøyrer nasjonen av dei som jaktar med laushund. I same innlegg (som altså forhold seg til ein lang debatt i bladet) skriv han at han gjerne skulle sett at ein innsendar om saka hadde signert med fullt namn.

²⁷⁸ Sjå til dømes Tjønneland, 2018, s. 3-4.

²⁷⁹ Eg har ikkje retta kommaet som manglar i sitatet. Habermas, 1991, s. 34.

åra. I og med denne utgjevinga gjorde ein idé seg gjeldande om den opplyste diskusjonen. I eit av dei aller første numra av den første årgangen 1881 heiter det uttrykkeleg: «Vi nærer det håb, at amatører vil benytte sig af idrætsbladet spalter til at fremføre og gjensidigen kritisere sine ideer. Intet er gavnligere for sportens heldige udvikling, end den offentlige sagkyndige diskussion».²⁸⁰

Altså: Ikkje berre skulle ein fremja ulike gilde idrettar ved å skildra dei og gje dei merksemd; ein skulle argumentera for dei. Ein skulle vera open for motargument og kritikk også. Ein flittig skribent (og etter kvart redaksjonsmedlem) som overretts sakføraren Axel Huitfeldt spelte ut fleire dristige synspunkt om ordninga i Husebyrennet, og vona på diskusjon om dei forslaga. I prinsippet var han open for å bli korrigert.²⁸¹ Det same gjeld redaktøren Sigvart Petersen sjølv, då han til dømes drøfta moglege felles amatørreglar for Norge og Sverige i 1888.²⁸² Eit anna spørsmål er om Axel Huitfeldt, og andre idrettsskribentar i avisene og tidsskrifta både før og etter han, levde opp til dette idealet når det kom reelle innvendingar. Måten han sjølv svara andre debattantar til dømes i 1885, tyder *ikkje* på det.²⁸³ Også redaktør Petersen kunne ha det med å kasta på redaksjonelle halar som slo beina under dei argumenta som innsendarar førte fram for offentlegheita. Tonen kunne vera påfallande hard mellom meiningsmotstandarar. Og somme debattar varte urimeleg lenge gjennom N.Idrbl.s nummerrekker fordi skribentane stadig ville korrigerer dei andre, og gjerne ville ha det siste ordet.²⁸⁴

²⁸⁰ N.Idrbl. 1881, nr 3, s. 19.

²⁸¹ Alt i det første nummeret i 1881: Her hadde forfattern med signaturen A.H. ein artikkel kalt «Et Ski-spørgsmål». AH – Axel Huitfeldt høgst sannsynleg - tok utgangspunkt i ei skiutstilling i Kristiania skiklub frå året før, og oppfordra makarane henholdsvis av ski med rette linjer og ski med konkave linjer (ski med breiare tupp og bakende)om å forklara – i dette bladet – kvifor dei føretrekte den eine eller den andre forma på skia. Forfattern lurte eigentleg på om det var omsynet til premierenn i hopp som hadde påverka ein del skifabrikantar (særleg frå Telemark), og kor vidt slik innoversvingande ski var like gode til å gå («Under gang) på. Denne diskusjonen kom til å vara ved i idrettsbladets første årgangar. Denne ambisjonen som AH såleis ønska seg, den diskusjonen han vona kunne først i Norsk idrætsblad» blei ein realitet. N.Idrbl., 1881, nr 5, s. 29 hadde til dømes «Svar på et skispørgsmål» av ein distriktslege Thoresen.

²⁸² N.Idrbl., 1888, nr. 15, s. 104.

²⁸³ N.Idrbl., 1885, nr. 36 (laurdag 3. des), har svar frå Axel H til skribenten «S.». Han er den som vanlegvis redigerer skiartiklane i N.Idrbl., skriv han, men denne gongen kjem han med fullt namn sidan han kjem med syn på trening som kanskje ikkje var like høgravande som redaktøren Sigv Pedersens (og med ein liten godmodig fotnote frå red nedst). Huitfeldts råd var forsiktigheit i kosthald og spirituosa, jamn trening året og døgnet rundt, og dessutan ferdigheitstrening på ski. Han var nokså mykje samd med «S.», men mindre med Thorsen (som han meiner han har høyrert før). Akkurat upolemisk var han ikkje her. Nokså hardt svar kom frå Thoresen i N.Idrbl., 1885, nr 37 (laurdag 17 des).

²⁸⁴ Sjø til dømes N.Idrbl., 1888, nr. 1, s. 7. Her skriv ein Leonh. Madsen eit innlegg til forslag om å innføra 1609 meter i norske skøytestemne, slik som i andre land. Attåt dette skreiv Norsk idrætsblad, høgst sannsynleg ved Sigvart Petersen sjølv, ein redaksjonell hale: *Han* var mest oppteken av å bevare 5000-meteren, dels fordi dei fleire rundane hadde gjeve norsk skøytesport stor ære før. Eit anna døme på redaksjonelle halar finst i N.Idrbl., 1883, nr. 9. I 1882-årgangen, nr. 46 og 47, og inn i 1883-årgangen er det på same måten ein hard tone i drøftinga av klubb-kontingentar i rokrinsane i Bergen. Døme på sjølverkjenning ang. tone og kritikk finst i det minste i N.Idrbl., 1884, nr 3: Waldemar Bergh skriv at han må be om orsaking om han har vore «lidt skarp nu og da. Hvad jeg har sagt, har jeg sagt i rosagens interesse. Kritik er ofte hård at høre, og det havde kanskje været bedst, om man ikke havde kritiseret hinanden såmeget som skeet er[...]»

Det må også seiast at mange innlegg slettes ikkje vekte debatt, så som dei ulike forslaga Axel Huitfeldt presenterte for nettopp Huseby-rennet, eller dei nemnde tankane til redaksjonen om amatørbestemmingane i 1888.

Meir kritikk av Habermas

Offentlegheitsanalysen til Habermas *var* eggande, kanskje særleg i høve til legitimiteten av og moglegheitene for sant demokrati. Kanskje også difor hagla innvendingane mot verket hans. Var ikkje skildringa av den opplyste samtalen i den borgarlege offentlegheita urimeleg forskjønna? Medan forfallet etterpå var måla med altfor brei kost? Blei dei «lærde» og «dannede» samde utifrå krafta i argumentet åleine, eller fordi dei faktisk delte klassebakgrunn? Fanst det ikkje saklege og politiske retta resonnement i meir folkelege offentlegheiter, så som i den framveksande arbeiderklassen, og mellom kvinnene? Og må og kan den offentlege samtalen nødvendigvis vera retta inn på konsensus? Og finst det eigentleg ei brei offentlegheit, eller må ein historikar eller sosiolog eller for den del medievitlar heller leita etter mange ulike samtalerom, som ikkje nødvendigvis lyttar til kvarandre?²⁸⁵ Eg skal ikkje gå inn i all denne akademiske debatten, men konsentrera meg om tre viktige innvendingar som er ekstra relevante for arbeidet mitt.²⁸⁶

Nancy Fraser er ein amerikansk filosof som har kritisert Habermas for å ha oversett kor mange befolkningsgrupper som blei stengt ut av den borgarlege offentlegheita, og kva konkurrerande offentlegheiter som faktisk fanst, også før den såkalla «reføydaliseringa». Eksklusjonen kunne dreia seg om kjønn eller rase, eller klasse og inntekt. Ho har i forlenginga av dette føreslått å mellom «sterke» og «svake» publikum. Skiljet spring då mellom dei som har avgjerdslemyndigheit (sterkt publikum eller offentlegheit), og dei som ikkje har det (svak offentlegheit).²⁸⁷ Den norske medievitaren Jostein Gripsrud har tolka dette dit hen at alt frå rockekonsertar til ungdomsklubbar kan tenkjast å vera del av den svake eller breiare offentlegheita, som likevel kan få politisk tyding om saker og argument blir henta inn av media og den større offentlegheita til dei som har makt, altså den sterke offentlegheita, så som storting og kommunestyre og andre besluttande felles organ.²⁸⁸

²⁸⁵ Her er det ein omsetjingsproblematikk som Gripsrud skriv bra om: Å snakka om «the public sphere» kan leia vill då det opplagt finst ei mengd offentlege sfærer knytt til ulike kollektiv (religiøse, politiske, etniske), og til geografiske område (lokale, nasjonale, globale) og til ulike emne: vitskap, politikk, økonomi, kunst, idrett, mote). Sjå Gripsrud, 2010, s. xv.

²⁸⁶ Eg baserer meg her på den omtalen Jostein Gripsrud har gjort i boka *Almenningen*, 2017, s. 25-29 og i redaktørforordet (saman med tre andre) i *The Idea of the Public Sphere*, 2010, s. xv.

²⁸⁷ Artikkelen hennar er trykt i Gripsrud et.al., 2010.

²⁸⁸ Gripsrud, 2017, s. 34. Eg vil tenkja at også idrettshendingar er del av denne breiare kulturelle offentlegheita, men at uttrykk og meiningar og handlingar i denne samanhengen, eller i samband med rock eller andre typar konsertar for den saks skuld, ikkje treng å ha direkte politisk konsekvens for å vera del av ei offentlegheit. Det politiske kan også seiast å ha andre

Chantal Mouffe har teke til orde for meir forståing av ei agonal offentlegheit, der kjensler har meir rom og striden mellom meiningspartar er meir naturleg og uunngåeleg enn han kanskje synest hjå Habermas. Ei slik agonal (av gresk agon = kamp) eller stridande offentlegheit passar godt med delar av det meiningsstoffet som fanst i N.Idrbl. og andre trykte blad, og minner om at diskusjon kan gå føre seg på mange måtar og med fleire, kanskje seg i mellom motstridande, mål.²⁸⁹ Poenget mitt er uansett ikkje å visa fram kun ei resonnerande norsk offentlegheit i beste habermasiansk-demokratiske stil, men den offentlegheita som faktisk fanst i idrettsblada, avisene og på stadion – som ein fleirtydig arena med både omtale av idrettar, drøftingar og direkte kamp bidragsytarane, dommarane og deltakarane imellom.

Dette vonar eg skal gjera amatørromgrepet tydlegare i dei mange fasettane som det hadde. Amatørfiguren var gjenstand for kamp og meiningstrid.

Den tredje innvendinga som eg skal ta til meg, kjem frå den norske medievitaren Jostein Gripsrud sjølv. I 2017 stod han som redaktør for ei omfattande historie om den norske offentlegheita – kalla *Allmenningen*. I teoretisk tilnærming var særleg Gripsrud, og i meir eller mindre grad dei sju andre forfattarane, prega av dei «klassiske» ideane og ideala til Habermas. Gripsrud meinte likevel at Habermas såg for mørkt på utviklinga av offentlegheita i moderne medietid. Han ordla seg ein stad slik: «For oss framtrer den reelle historien vel så mye som en historie om framgang og forbedring av demokratiet som styringsform og åpenheten som prinsipp for samfunnsliv i mer generell forstand.»²⁹⁰

Heller ikkje eg skal etablera ei ramme omkring idrettsoffentlegheita som føreset eit forfall. Ikkje nødvendigvis endrar til den trykte delen av henne seg til meir konfliktorientering, til meir kjendisstoff, meir opphaussing av fellesskap og fiendar, og dermed ein meir passiv forbrukar av sportsstoff – i bladføretak der redaktørar og idrettsleiarar set makta si på trykk. Men heller ikkje skal eg føresetja at offentlegheita forbetrar seg og når vidare ut, og med større openheit for ulike uttrykk, klassar og kjønn. Eg skal ganske enkelt vera open for at idrettsoffentlegheita endrar karakter og grunnleggjande funksjon, og dermed at amatørromgrepet tek form og utvikling av dette.

Kapittel 3. Idrettsoffentlegheita som deloffentlegheit

dimensjonar enn kva som blir bestemt i eit eller anna parlament. Dersom byar og bygder svulmar av stoltheit over at eit såkalla norsk skip har klart seg gjennom straumen over Arktis (rett nok utan å nå Nordpolen), og at to frå menneskane, også dei norske, klarte seg gjennom mørketida på Frans Josefs land (etter rekordforsøket som enda på 86 grader nord) kan dette styrka ideen om at dette folket er noko for seg sjølv og fortener fullstendig politisk suverenitet. Tolkinga i offentlegheita i ettertid er her sjølvstekt avgjerande.

²⁸⁹ Mouffe, 2010, s. 270-279.

²⁹⁰ Gripsrud, 2017, s. 26.

Når all denne motbøren er nemnt, bør det leggjast til at den eldre Habermas tok mykje av kritikken til seg, og formulerte ein oppdatert offentlegheitsteori på 2000-talet. Han teiknar no, som etterfølgjaren Gripsrud skriv, eit bilete av ei mangfaldig offentlegheit som ligg mellom det politiske systemet, det økonomiske området, og det intime eller private. Media dannar den sentrale arenaen for diskusjon, kritikk og overvaking av dei styrande. Massemedia vender seg til ein abstrakt skare av lyttarar og lesarar. Dei moderne media er også eit slags lyttesystem for det som blir uttrykt av misnøye og argument i det som Habermas kallar den «ville» offentlegheita, i det sivile samfunnet, i kulturlivet, i sosialt liv elles.²⁹¹

Denne revisjonen gjer det endå lettare å tala om deloffentlegheiter, som på ulike måtar er kopla til ein annan – og kanskje til ein større, ja kanskje felles, samtale. Men, det er slett ikkje gjeve at desse deloffentlegheitene heng veldig godt i hop. Dei store folkerørslene –

Gripsrud illustrerer dette poenget med arbeidarrørsla og norsksdomsrørsla – tok sikte på å tilby komplette alternativ til kulturlivet og organisasjonane i samfunnet elles. Han kallar det leiroffentlegheiter som i periodar hadde det som mål å skapa ein eigen mennesketype, det sosialistiske eller nynorske mennesket.²⁹² Eg oppfattar ikkje at idrettsoffentlegheita kan betraktast som ei slik leir- eller leirbål-offentlegheit. Heldigare kan ho betraktast som ei deloffentlegheit innanfor den såkalla kulturelle offentlegheita.

Men kva er eigentleg verdt å rekna til den kulturelle offentlegheita? I Gripsruds monumentale verk om ordsiftet i Norge er det ikkje heilt klart kva som høyrer heime i den kulturelle offentlegheita, og kva som ikkje er verdig til å talast om i så måte. Stort sett handlar avsnitta knytt til dei ulike historiske periodane om klassisk finkultur, dvs. om skjønnlitteratur, om kunst og om vitskap. Det eg kallar «idrettsoffentlegheit», finst det svært lite av. Fridtjof Nansen er rett nok nemt i samband med epoken omkring 1890. Og han er jo ein mangetydig type, både vitskapsmann og skiløpar, både forskar og jeger. Gripsrud skriv på den eine sida: «I hans skikkelse gikk vitenskap, kultur og politikk opp i en slags høyere enhet».²⁹³ I neste andedrag antyder medievitaren at også skiløparen Nansen (over Grønlandsisen alt i 1888) var viktig for den nasjonale tydinga som han fekk. «Nansen ble altså fra 1889 av en nasjonal, populærkulturell folkehelt med et internasjonalt ry.»²⁹⁴

Idéhistorikaren Eivind Tjønneland er mellom autoritetane som har etterlyst når og korleis distinksjonen mellom låg- og høgkultur dukkar opp i den norske offentlegheita.

²⁹¹ Gripsrud, 2017, s. 27.

²⁹² Gripsrud, 2017, s. 45.

²⁹³ Gripsrud, 2017, s. 238.

²⁹⁴ Gripsrud, 2017, s. 239.

Gripsrud hoppar ikkje så veldig elegant bukk over dette poenget.²⁹⁵ Ein av mine underproblemstillingar er om sportsstoffet og «sportsånda» blei fanga inn i denne veven av høgt og lågt i norsk samanheng.

Endå litt meir kritikk må Gripsrud tola. I oversiktsverket hans over den norske offentlegheita er det ti trådar ein kan følgja. Ein av dei er kalla «berømmelsens historie».²⁹⁶ Denne tråden fangar inn heltar, skurkar, celebritetar, stjerner, kjendisar – figurar som anten er aktørar i offentlegheita eller løfta fram i offentlegheita av massemedia. Men i den grad sportsfolk blei dyrka som heltar i kraft av resultatane sine åleine, og ikkje i kraft av dei vidare dygdene sine, og det vil dei neste kapitla visa at dei blei i ganske stor grad – så som dei såkalla «skøytekonane» Axel Paulsen og Harald Hagen – må ein vel kunna tala om ei reføydalisering av offentlegheita, for igjen å tala om ein viktig analytisk struktur hjå Habermas. Ein kan i alle fall ikkje skriva ei god norsk offentlegheitshistorie utan å ta inn dette viktige spørsmålet som dyrkinga av idrettsheltane reiser.

Sirklar av offentlegheita

Det offentlegheitsomgrepet som eg føreslår i denne avhandlinga, er breiare enn berre den trykte delen av henne. Både handlingar og hendingar og fortolkingar av dei må reknast med til det. Munch Petersen sa det ganske fint alt i 1867; han oppfordra fleire erfarne skiløparar til å ytra seg, og var samstundes takksam for dei som hadde teke del i premieskirennen i Kristiania den vinteren. Han skreiv: «Ethvert Bidrag – praktisk eller theoretisk, i Tale eller Skrift – er kjærkomment og af Værd for Sagens yderligere Udbredelse og Bekræftelse, og fortjener Tak.»²⁹⁷

Eg tolkar han slik at både det å ta del på arenaen og syna fram ei forståing av idrettsdugleik på den tause måten med kroppen og med rørslene, *samt* det å tala om desse dugleikane og kanskje ytra seg skriftleg, til og med, kunne betraktast på same linje. Dette tyder ikkje at idrett og medieomtale av han høyrer til *prinsipielt* på same nivå, og at ei idrettshending må ha omtale for å bli gjort verkeleg. Tilhøvet i så måte er meir pragmatisk og metodisk for meg: Eg ville ikkje visst om alle idrettshendingane utan omtalen i avisene og tidsskrifta.

²⁹⁵ Tjønneland sitert: «Tysk forskning i miljøet rundt Peter og Christa Bürger har skrevet om dette skillet, som ofte benevnes som «dikotomiseringsproblemet»: Når og hvordan og hvorfor begynte man å skille mellom høy og lav kultur? Disse forskerne er selvsagt ikke nevnt. Linneberg tolker med Peter Brooks' *The Melodramatic Imagination* (ikke nevnt) melodramaet (ikke nevnt som sjanger av offentlighetshistorien før 1940-årene) som en radikalt demokratisk form som bryter med den høye kunstens stil og som «utvider det litterære publikummet til de lavere klassene og alle sjikt av middelklassen». Tjønneland, 2018, s. 67-68.

²⁹⁶ Gripsrud, 2017, s.48.

²⁹⁷ Morgenbladet den 18. februar 1868.

Ein kan kanskje tala om sfærar eller sirklar, med sjølve idrettshendingane og arenaene inst. Tenk gjerne Husebyrennet 1883, som avbilda innleiingsvis i dette kapitlet. Her har ein dei tause, men likevel spente, stilbundne, og oppklede kroppane. Utanom dei har ein eit vurderande og kanskje bifallande publikum, og arrangerande og premierande foreiningar, med utvalde dommarar på plass. I det desse klubbane lét seg opna for allment medlemskap (også av kvinner), er ordskifta i styra og på generalforsamlingar del av den allmenne idrettsoffentlegheita. I kontakt med desse har ein føredrag og debattar om idrett, så som i Det Medisinske Selskab, og i Studentersamfundet og i Ynglingesalen i Kristiania omkring 1890. Utanom her igjen kan ein sjå for seg idrettsblada, som ved hjelp av redaksjonane og debattflatene kommenterer og foredlar dei nemnde idrettshendingane. Utanom her igjen sviv dagsavisene, som meir uregelmessig og springande tematiserer idretten og idrettstevlingane i Norge, men som også knyter idrettsoffentlegheita til ei breiare offentlegheit i Norge.

Og vil ein endeleg tala om samanhengen med politikk og demokrati her: I sum skapar idrettsoffentlegheita ein førestilt fellesskap av nordmenn (og nord-kvinner) som har politisk tyding fram mot og etter 1905.

Den nasjonale dimensjonen syner seg såleis i språket og symbola som blir nytta, og korleis offentlegheita er strukturert omkring samlingspunkt og trykte organ, og i eitt av sjølve måla for denne offentlegheita. Dette tyder *ikkje* at det ikkje kan tenkjast ei nordisk idrettsoffentlegheit, og ei europeisk eller internasjonal idrettsoffentlegheit på den same tida.

Kort sagt er idrettsoffentlegheita å forstå som dei arenaene og dei media der idretten blei forma. Ei historisk forståing av omgrepet må også ha syn for den omforminga som skjedde.

Kritiske innvendingar og sjølvforsvar

Til slutt i dette kapitlet må eg kunna retta det kritiske blikket mot mine egne grep også. Kvifor kan eg ikkje kalla det eg studerer og samlar inn som empiri, mykje enklare for idrettsjournalistikk? Kvifor kan eg ikkje berre tala om idrettsblad, utan å dra inn så mykje større omgrepsmessig himmel om offentlegheit, kritikk og demokratiteoretikaren Habermas?

Som eiga profesjonsgruppe dukka først idrettsjournalistikken, eller sportsjournalistane som dei oftare kallar seg, opp først i 1921.²⁹⁸ Likevel var avisene seg medvitne dette særlege stoffet før denne tida og profesjonaliseringa her impliserer ikkje at omgrepsmessige amatørar

²⁹⁸ Då under namnet «Sportsjournalistenes klubb». I dag: «Norske sportsjournalisters forening», med nettsida <https://www.sportsjournalistene.no/om-oss>. Interessant nok stilte sportsjournalistane med eige fotball-lag mot dei svenske sportsjournalistane i samband med ein landskamp i 1922, sjå avisa *Sør-Trøndelag* den 5. sept 1922.

kunne skriva om sport. Alt i 1892 oppretta *Norges Sjøfartstidende* ei eiga side for sport om søndagane, i og med at Ola Holen, tidlegare redaktør i Norsk idrætsblad, stilte seg til disposisjon for å driva henne. Ein seinare redaktør i bladet, Hjalmar Thorstensen, fekk idrettsstoff på trykk i Morgenposten omkring 1900, etter å ha blitt avvist, i alle fall ifølgje han sjølv, og nærmast kasta på dør av Morgenblad-redaktør Christian Friele.²⁹⁹ Men Morgenbladet trykte mange saker om idrett før ein byrja med denne spesifikke og faste spalta.³⁰⁰

Viktigare her er å ha sagt under denne sjangernemninga journalistikk dukkar ofte opp bestemte og tidsbestemte sportsresultat, og den meir løpande dekninga, som det gjerne heiter, av dette stoffområdet. Eksempelvis: Kven som vann i EM i skøyter sesongen 1898, til forskjell frå i VM i skøyter den førre helga. Som journalistikk er sportsstoffet blitt knytt til det hektiske avisdøgnet av nyhende og nye nyhende, og viser kanskje, om ikkje i essens fram, så i alle fall i tendens, denne augneblinksdimensjonen ved massemedia i dag. Det er ikkje utan grunn at Rune Slagstad har definert sport nettopp utifrå augneblinksdimensjonen ved han.³⁰¹

Eg er derimot ute etter ein annan dimensjon av idrett og sport, som det historiske kjeldematerialet *også* vitnar om. I omgrepet 'idrettsoffentlegheit' ligg det ein ambisjon om *diskusjon* som i neste omgang gagnar studiet av nettopp amatørtematikken. Offentlegheitsomgrepet etter Habermas gjer det lettare å sjå korleis amatør-figuren i idretten var gjenstand for omsetjingar og forhandlingar, for nytolkingar og revideringar. Gjennom diskusjonane og meningsytringane og ikkje minst resonnementa i denne offentlegheita får ein til dømes auga for at motsatsen og vrengebiletet til amatøreren ikkje berre var den profesjonelle, men også sirkusartisten. Amatøren var eit ideal som idretten blei målt opp mot, og som ein kjempa for i skrift og i tale.

Kva så med alle dei som dreiv idrett og heldt seg tause? Dei som kanskje ikkje ein gong slapp til i idrettsblada og avisene, fordi dei ikkje beherska sjangrane og retorikken og skrivinga fullt ut? Og kva med kvinnene, som ikkje var med eller fekk vera med i dei større konkurransane ein gong? Mellom dei mange som uttrykte seg med ord om skiidretten i den aller første årgangen av *Norsk idrætsblad*, var nesten ingen aktive i sjølve skitevlingane. Skøyteløparen Axel Paulsen både forklarte og forsvarte seg i *Norsk idrætsblad*, og ein del andre kappløparar etter han, oftast i form av reisebrev, men i alle fall ikkje som eit fast innslag i spaltene. Ved

²⁹⁹ Holm, 1999, s. 101-102.

³⁰⁰ Elles: Nils Kayser Nilsen har for danske forhold mykje sett sportsjournalistisk praksis i samband med «fast sportsside og ikke kun en sportsrubrik», dette begynnande i *Berlingske Tidende* omkring 1916. Han meiner utviklinga i Sverige fell saman med dette; der *Dagens Nyheter* introduserte ei heilside om sport frå 1920. Sjå Trangbæk, 1995, s. 201.

³⁰¹ Slagstad, 2008, s. 10.

festane (sexaene) var det nok fleire aktive som ytra seg, både av skiløparar og skøyteleparar. Ein kan også seia at dei tala gjennom handlingane sine – slik dei våga å hoppa, slik dei valde å stilla til langrenn i trasig-tungt føre, og slik dei *ikkje* la seg i ryggen på konkurrenten på skøyteisen. Eg skal heller ikkje vera framand for å tolka både dikt og teikningar av hopparar og trykk av treskjerjingar (og seinare av fotografi) meir generelt i lys av amatørromgrepet. Gjennom referata og diskusjonane i idrettsoffentlegheita kan ein sjå for seg korleis idrettsfolk til dømes hoppa på ski, og korleis amatørdeologane og -strategane *ville* at dei skulle ta sats.

Det er slik eg ser for meg at idrettsoffentlegheita som omgrep tek vare på idrettens relative autonomi.

Såleis gjer offentlegheitsomgrepet det også mogleg å orientera seg i mengda av dagsaviser, og kva dei skreiv om idrett – i samband med spesifikke og viktige tevlingar og idrettsarrangement. Viktige idrettshendingar kan sirklast inn som punktmarkeringar eller rett og slett steinar, som så skapte sine ringverknader utover i dagsavisene og ikkje minst vekeblada då dei kom. Centralforeningens renn på Iversløyken, Husebyrennet på ski og seinare Holmenkollrennet var ein slik (nesten) årvisst tradisjon i februar månad.

Ein må også spørja seg: er ikkje denne diskuterande, vurderande idrettsoffentlegheita *idealiser*? Forskjønna eg hendingane liksom i retning av det fornuftige? Var det ikkje sånn at tilskodarane ved Holmenkollrennet dei første åra (etter 1892) like mykje lo av dei som fall som dei verdsette flotte ståande hopp? Går det ikkje an å betrakta det som skjedde til dømes der like mykje som ein karnevalistisk populærkultur, eller «culture of laughter», som det heiter i ein engelskspråkleg antologi om Hennig Eichberg?³⁰²

Og kva med det som fanst i samtida, og var annonsert i avisene av sirkus, eller tivoli, eller av morskapsteater som det og kunne heita? Det fanst program som kunne heita «Stor Gymnastik, hvoriblandt forekommer mange ei forud udførte Kunstproductioner samt Promenader paa den høie Line», og av «Hurtigløbning» 12 gonger fram og tilbake frå Fredriksberg og til Reperbanen, for her å sitera berre to annonsar frå ei bergensk avis i 1854.³⁰³ Også i denne samanhengen, skriv Matti Goksøy, synte ein fram kroppsleg dyktigheit for eit (oftast betalande) publikum. Framsynarane var forsøksvis profesjonelle. Dette er på sin måte ei idealisering, det òg, sidan dei ekstraordinære prestasjonane stundom hadde ei slagside, eller bakside, mot skodespel og mot bløff.³⁰⁴

³⁰² Antologien sitert innleiingsvis, om Eichberg sin posisjon: «Sport changed from a carnivalistic popular cultural form into a record chase regarded with sacred seriousness» («the ritual of records»). Eichberg et.al., 1998, s. 30.

³⁰³ Bergens Adressecontoirs Efterretninger 26. august 1854.

³⁰⁴ Goksøy, 1991, s. 21.

Eg vil alt no leggja til at *sirkus*, i den grad ein kan sjå for seg dette som ei eiga «offentlegheit», *ikkje* føresette eit kyndig og kritisk prøvande publikum. Tilskodarane var meint å lata seg imponera, og måpa, og kanskje rysta. Dei skulle la seg bli forlysta. Primært var dei passive mottakarar av underhaldning. Publikum i idrettssamanheng – vart forstått som anerkjennande, og bortimot stadfestande for det som hende. Dei skulle dessutan læra og bli inspirert av det dei såg. Idrettsoffentlegheita var, eller i alle fall *blei* retta inn på å bevega folk til å prøva seg på idrett sjølve. Konferer dette med rørslekulturane i siste halvdel på 1800-talet, som eg omtala, i førre part.³⁰⁵

Eg nyttar meg også av svaret som Habermas sjølv kom med: Om ideen ikkje var verkelegheit, var han i det minste verksam. Og som han dreg eg vekslar på idealtipe-omgrepet til Max Weber. Idealtypisk sett er idrettsoffentlegheita open for kven som helst, og ho lèt utøvarane få tala med kroppane og prestasjonane og heile framferda si. Ho føreset at publikum ved idrettsarenaen tok del i vurderinga; ho føreset slik eit opplyst og kritisk vurderande publikum, og ikkje berre tilskodarar som ønskjer å bli forlysta. Idrettsoffentlegheita føreset også at det fanst samlingspunkt og skriftlege medium der hendingane kan bli drøfta og evaluert – og kanskje vidareutvikla – i ettertid. I realiteten 1866-1907 var idrettsoffentlegheita ofte begrensa til danna menn i Kristiania.³⁰⁶

Eg er såleis framme ved det som ikkje er så mykje ei svakheit som ei *begrensing* ved det offentlegheitomgrepet som eg konstruerer. Kristiania kjem meir i forgrunnen enn byen treng å gjera, og burde gjort, når ein ser på idrettsaktiviteten i Norge på heile siste del av 1800-talet. Offentlegheita er med andre ord mindre norsk enn ein kunne ønskja, og meir sentrert om utelivet og tankane i hovudstaden. Dette følgjer ikkje av omgrepet slik i og for seg, men av det faktum at mange av avisene og tidsskrifta hadde redaksjonen og lesarskaren sin i Kristiania. Ei noko for lita bot på dette holet ville vore å realitetsorientera idrettsomtalen i Kristianiablada med det som stod, og ikkje stod i aviser i Bergen og Trøndelag. Litt har eg forsøkt meg i denne leia; sjå meir om det i neste part av denne bolken.

Oppsummering


Vesttyskaren Jürgen Habermas forma eit viktig omgrep om offentlegheita i eit verk frå 1962. For meg er metaforane hans om ‘føydal’ og ‘reføydalisert’ offentlegheit nyttige for å granska

³⁰⁵ Eg nyttar meg ikkje av eit definitivt omgrep om sirkusoffentlegheit, og meiner det berre tentativt, eller som produktivt kontrastering for tanken her.

³⁰⁶ For dette veletablerte omgrepet, sjå til dømes Weber, 1995, s. 37.

utviklingstrekk i den norske idrettssfæra. Mest av alt er omgrepet om den borgarlege offentlegheita produktivt for å forstå, og anerkjenna, ambisjonen om diskusjon og meiningsytring i særleg dei norske idrettsblada i andre halvdel av 1800-talet, men også i avisene på den tida, og på sjølve idrettsarenaen. Med andre ord: Om ikkje alle idrettsfolka, eller leiarane, nødvendigvis levde opp til amatøridealet, var idealet godt mogleg sprell levande.

Part 7. Kjeldene og måten eg les dei på



Denne skjermdumpen syner side 2 og 3 av Morgenbladet torsdag 15. mars 1866, nr 74A. Dei gule markeringane syner til at eg har søkt (via nb.no) på «Morgenbladet 1866.03.14», altså datoen før. (Søkesystemet er ikkje 100 % perfekt.) Somme dagar kom denne avisa ut med to utgåver. Notisen om Elling Bækken er ringa inn i blått.

Ein kan kanskje seia at eg har nådd eit heilt stykke med omgrepet idrettsoffentlegheit, men ikkje så mykje bestemt og konkret enn eit profetisk «Betlehem». Meir nøyaktig enn kong Herodes må eg spørja: Kvar finn eg denne idrettsoffentlegheita der amatører ligg liksom svøyppt og salva? Eg har rett nok nemnt på fagbladet Norsk idrætsblad, som eg skal handsama som ein dragar i den norske idrettsoffentlegheita frå 1881. Men kva andre aviser og publikasjonar skal eg nytta meg av? Og korleis orienterer eg meg i dei, for å finna fram til dei viktigaste arenaene og hendingane? Eg skal presentera her eit tidsavsnitt, frå 1866. Rettare sagt er det eit tidsutsnitt, som syner korleis ein bestemt vinteridrett blei gjort offentlig, og til gjenstand for ein viss diskusjon ei viss tid. Eg vil også seia noko om kva trykte organ som samstundes *ikkje* kunngjorde eller drøfta idrettshendinga, slik at lesaren kan få eit inntrykk av kva deloffentlegheit dette var.

Kan henda det var ein vesal stall, når alt kjem til alt.

Gamle Aker kirke i 1866

I 1866 ville Elling Andersen Bækken halda oppvisningsrenn ved Gamle Aker kirke, altså i Kristiania. Han var frå Soknedalen litt nordvest for Hønefoss, og han trudde byfolket ville ha moro av å sjå ekte skiløping, nærmare bestemt korleis «en Fjellbonde forstaaer at bruke Skiene» – som i same andedraget blei kalla «dette nationale Redskab til baade Nytte og Fornøielse» i avisa. Bækken var dessutan fattig, og vona publikum ville gje han pengar for reisa og opphaldet i byen. Andre måtte gjerne prøva seg i bakken saman med han.³⁰⁷

Tilskippinga var offentleg – og open for eigentleg kven som helst.

Denne vesle førehandsomtalen stod i Aftenbladet den 14. mars, og Morgenbladet skreiv han av den 15. mars, same dag som rennet skulle stå. Avskrift var vanleg praksis, som også å ikkje signera artiklar med namnet til skribenten. Dog var journalistar som «Dølen» (Aasmund Olavsson Vinje) godt kjende, og anerkjente, i samtida. Men underkategorien sportsjournalist fanst ikkje, og heller ikkje ei spalte for sportsstoff under vignett av «sport» eller «idræt» i nokon av avisene. Avisstoffet var i det heile lite utsortert eller redigert med vår tids augo.³⁰⁸

Attåt den nemnde omtalen var det ei eiga lita lysing for rennet i Aftenbladet, som stod å lesa heilt til høgre på side tre av bladet. Om Bækken betalte for denne annonsen, eller andre, er uvisst. Aftenbladet var ei nokså ung kveldsavis som kom ut virkedagar og ikkje søndagar. I tittelhovudet på framsida kalla ho seg rett nok den 17.årgangen av vekebladet *Krydseren*, som hadde vore eit satirisk vekeblad. Redaktør for vekebladet, og hovudredaktør no for avisa, var Ditmar Mejdell. Ei tid rundt 1860, under unionsstriden om avskaffinga av statthaldarembetet, skreiv også diktaren Bjørnstjerne Bjørnson i dette organet. Aftenbladet var innhaldsmessig eit talerøyr for næringsfridom medan industrialiseringa no vaks fram. Ho gjekk for å vera den hovudstadsavisa som hadde nestflest abonnentar utanfor Kristiania; i 1853 truleg omlag 800, mot Morgenbladets 2500 tingarar utanfor byen.³⁰⁹ Redaktør Mejdell steig ut av avisa i 1878, og ho gjekk inn, som det heiter, ved utgangen av 1881. Eg nyttar henne såleis i den første epoken av studien min.

Morgenbladet var ei godt etablert dagsavis, som kom i sin 48. årgang i 1866. Sjefredaktør var nyleg blitt Christian Friele, som blei sitjande i den stolen heilt til 1893. Denne vesentlege og bortimot riksdekkande avisa kjem eg til å lesa gjennom heile tidsrommet, om enn

³⁰⁷ Soknedalen er ikkje så mykje brukt geografisk eining i dag, men den vesle tettstaden Sokna finst på karta, og Sokna skule, like ved Lunder kyrkje. Sokna er ei elv som kjem rennande frå nord.

³⁰⁸ Morgenbladet, 15. mars 1866, nr. 74A. Om «Dølen» finst faktisk notis i Morgenbladet den 16. mars 1866. Sjå elles Skjeldal, 2017, for korleis anna avis redigerte stoffet sitt i denne perioden.

³⁰⁹ Tala må takast med klype salt. Sjå Dahl, 2010, s. 24.

ikkje dag for dag gjennom kvar årgang, men ved dei viktigaste idrettslege hendingane, som altså krystalliserer ut det eg har kalla idrettsoffentlegheita.

Den avisa som truleg var størst i opplagstal i Kristiania i heile denne perioden var *Morgenposten*. I starten av 1867 hadde ho nesten 4400 abonnentar, 3000 av desse innanfor byen. Strengt teke kom ho ikkje ut kvar dag, og ho kalla seg *Cristiania Nyheds- og Avertissementsblad* inntil nettopp 15. mars 1866, dagen då Bækken heldt oppvisningsrennet sitt. Men noko nedslag i denne trykksaka, verken på redaksjonell plass eller i annonsespaltane, gjorde ikkje hoppa hans då.³¹⁰

Eg kjenner ikkje til at dagsvisa *Aftenposten* som trykte eit visst referat av arrangementet, eller *Christiania Intelligentssedler*, som var eit slags halvoffentleg kunngjeringsorgan, eller *Den norske Rigstidende*, som hadde einerett på meddelingane frå regjeringa (og helst berre prioriterte det) prenta annonsen. Siegart Petersen var redaktør i begge dei sistnemnde avisene, men må ikkje forveklast med den Sigvart Petersen som dukkar opp seinare i denne saga mi.³¹¹

Redaktørane er generelt viktige nok for meg, og må forståast som strategar eller ideologiproduentar, slik som eg forklarte i part 2. Dette gjeld også om aviser prinsipielt sett ber fram fleire synspunkt, og såleis ikkje har berre éi stemme. I redaktørrolla låg det å vera fri frå eigaren til å gjera dei redaksjonelle og personalmessige vala som ein ville, men også å skilja mellom eigne meiningar og faktiske referat. Christian Friele i *Morgenbladet* kan sjølv ha vore totalt uinteressert i idrett eller sport, men avisa kan ha hatt stadig dekning av til dømes skiidrett for det.³¹²

Når ikkje anna er sagt, kallar eg avsendaren eller meiningsyttraren eller referenten for «avisa» som ei samling eining. Det same gjeld fagblada reint prinsipielt. Når det gjeld Norsk idrætsblad er det likevel lettare å veksla mellom «bladet» og namnet på redaktøren i omtale av tydeleg redaksjonelt stoff, sidan redaksjonen oftast var liten.

Som mal for kva som kan reknast som avis, byggjer eg på Sigurd Høst, som har brukt denne definisjonen i sin gjennomgang av avisene i Norge: «publikasjonen skal komme ut minst én gang per uke og fylle de opprinnelige reglene for listeføring som avis.» Det siste inneber at dei

³¹⁰ Holm, 1999.

³¹¹ Aftenposten-referansen baserer eg på Haarstad; eg har ikkje kunna bekrefte datoen og innhaldet, då. Det er «hol» i nb.nos (digitale) arkiv for denne avisa frå 1864-1867.

³¹² Om redaktørrolla, sjå Eide, 2000, og Skjeldal, 2017, s. 32. Om Frieles redaktørvirke, sjå Gjerløv, 1970, s. 44-45. Ifølgje Hjalmar Thorstensen, som blei medarbeidar i Norsk idrætsblad og også i *Aftenbladet*?, skal Friele ein gong sagt til han, då han kom med ein artikkel om eit skøytestemne, «Hvad behager, idrett, sa De? Hvad er det for noe dritt?» Sjå *Dagens Nytt* (Morgenpostens landsutgåve), 25. september 1940.

skal «orientere allmennheten om begivenheter og aktuelle spørsmål, og ta reell betaling for abonnement og løssalg.»³¹³

Den politiske orienteringa til avisene i botnen – Aftenbladet var til dømes klart meir radikal når det gjeldt parlamentarisme, partivesen og allmenn stemmerett enn Morgenbladet, medan Morgenposten profilerte seg med helst ei upolitisk linje – er ikkje så veldig avgjerande for arbeidet mitt, i tråd med det omgrepet eg har nemnt om ‘deloffentlegheit’. Inga avis, så langt eg har sett, la dempar på den «nationale» og difor gilde dimensjonen dei meinte særleg skiløpinga hadde. Avisene kan med fordel lesast både som idelle føretak med tanke for offentlegheita og eit fritt ordskifte der – og finansielle føretak som baserte seg på annonsar og sal av avisene. Det ideelle – jamfør offentlegheitsanalysen til Habermas – tyder ikkje at ei eller fleire spalter i avisene var reservert for lesarbreve og kronikkar og diskusjonar, men at denne rommet fanst prinsipielt sett. Sånn sett baserer eg heile analysen og offentlegheitsomgrepet på paragraf 100 i Grunnlova (av 1814): «Trykkefrihed bør finde Sted».

Annonseringane og kunngjeringane om ulike idrettstevlingar er vesentlege nok i seg sjølv; ordval og program kan fortelja kva tankar og førestillingar arrangøren hadde. Eg kan ikkje kalla Elling Brækken, i tråd med langt seinare tids termar, ein profesjonell idrettsutøvar, men ein kan merka seg at han etter førehandsomtalen å dømme sikta å samla inn pengar ved bakkeoppvisningane sine i Kristiania, og ein slags meir moderne amatør kan ein heller ikkje heilt enkelt nemna han. Ikkje dermed sagt at han ikkje var glad i å renna og hoppa på ski: .

Av *referata* i avisene kan ein trekkja den slutninga at soknedølen ikkje hadde vore i Kristiania før. Dermed kjende han terrenget rimeleg dårleg. Ein må tru at einkvan har synt han utforhellingane nedanfor St.Hans-Haugen mot Gamle Aker Kyrkje, og den opne Iversløkken (som altså ikkje var bygd ut med gatenett og murhus slik som i dag), der han fekk øvd seg nokre dagar. Nokon etablert *skibakke* var dette likevel ikkje av det meir offisielle slaget ein fekk nokre år seinare. Kyrkja som låg like ved, og som all omtalen knytt seg til, må likevel ha gjeve staden noko av dåmen sin.

Meir interessant enn førehandsomtalanane generelt er såleis kva avisene skreiv *etter* renna og tevlingane. Morgenbladet – det er som nemnt uvisst kven som laga artikkelen –, trykte to dagar etter (laurdag den 17.) ein slags førstehandsreportasje der det gjekk fram at mykje folk hadde samla seg for å sjå på, og ein heil del av dei unge hadde møtt opp med ski sjølve.³¹⁴

³¹³ Her etter Flo, 2010, s. 11.

³¹⁴ Sjølv referatet er trykt i laurdagsavisa, altså Morgenbladet 17. mars 1866, nr. 76. Men av innhaldet, som ikkje synet å vera avskrift av Aftenbladet, verkar teksten å ha vore skriven dagen etter rennet, altså fredag den 16. mars.

Anslaga i avisene samla varierer mellom eit par hundre og eit par tusen publikummarar. Delar av dei har stått i unnarennet etter hoppet, og andre i toppen av St.Hans-haugen. Korleis dei oppførte seg, seier ikkje referatet i Morgenbladet så mykje.

Metodisk sett spør eg meg altså om kva aviser fortel, og kva dei ikkje fortel. Som kjelder nyttar eg dei både som «leivning» og som «beretning».³¹⁵

Brækken synte opplagte skiferdigheiter utforbakke både med og utan stav, og det hoppet han gjorde, både ein og to gonger, kalla avisa «meget smukt». Også andre løparar, som Morgenbladet kalla «konkurrenter», viste dristigheit ved å prøva etter han, men dei klarte ikkje hoppet like godt som han. Til ein slags finale prøvde Brækken å hoppa ned eit staup med omtrent fritt fall på 10 alen, ifølgje avisa, i så fall ei høgde på meir enn seks meter. Her klarte ikkje Brækken å stå slik som han hadde gjort under øving nokre dagar tidlegare. Morgenbladet tok seg plass til å fortelja om dei andre som freista den same brinken; tre var studentar, fire var offiserar, ein skal nemnast med namn her, løytnant Olaf Petersen. Ein av studentane hadde faktisk klart å stå til slutt, og må ha overraska fjellbonden ved dugleikane sine, skal ein tru avisa. Det er liten grunn til mistanke her: Referatet kan tolkast som om det har indirekte innslag av intervju, og det var slik det kom fram at Brækken aldri hadde vore i Kristiania før, og at han forundra seg mest over kor snille folk var. Morgenbladet fortalde at det hadde blitt samla inn nær 30 spesidalar, som skulle sendast med posten etter Brækken, og som han skulle få forvalta i samråd med «forstandige Bygdemænd». Tonen var ikkje direkte nedlatande; avisa uttrykte ein viss respekt for at Brækken la ut på ski alt tidleg om morgonen etter, og sikta på å ha lagt dei åtte milene heim bak seg innan kvelden. Dette siste veit eg strengt teke ikkje om han klarte. (Det fanst ein skyss-stasjon ved Kleivstua vest i Nordmarka.)

Som ein ser, var det ikkje dommarar til stades ved dette rennet, og heller ikkje var det nokon offisiell premieseremoni etterpå. Brækken kan sjølvstakt ha takka for oppmøtet, men det er lite truleg at oppvisningane fekk slått noko offentleg ramme rundt seg i form av talar eller formelle drøftingar. Denne var det dei prenta avisene som stod for i 1866 – nokså åleine.

Avslutningsvis gledde Morgenbladet seg ved, eller i alle fall konstaterte, at også publikum i hovudstaden hadde funne interesse i «Skirensidrætten som en smuk national Forlystelse», og oppmoda Centralforeningen til å arrangera skirenn, gjerne i samband med marknadsdagane (i februar), slik at fleire kunne ta del i konkurransen – og vinna premie, og vel også ære. Det siste er då mi tolking av kva tanken med premien var, i tråd med kva avisa skreiv

³¹⁵ Eg meiner desse omgrepa pragmatisk her, ikkje i prinsipiell-teoretisk forstand; eg er vel kjend med at historiefaget ikkje lenger opererer med eit streng skilje der nokre kjelder liksom berre kan lesast som «beretningar». Alle kjelder er prinsipielt leivningar. Melve og Ryymmin skil mellom materielt og funksjonelt kjeldeomgrep; det er mykje meir produktivt. Sjå Melve og Ryymmin, 2018, s. 41.

om «Rangen» og om studenten som klarte å stå det striaste rennet ned: «Han fik ogsaa et rungende Hurra som *Belønning* for sin raske Idræt [...]» Kursiveringa er mi.³¹⁶

Dersom ein fekk opplyst om eit slik premierenn i avisene, heitte det heilt til slutt, ville mange «Oplandsfolk», som hadde kome på ski til marknaden, opplagt bli med. Dette aller siste kan ein tolka både som at Morgenbladet søkte å utvida offentlegheita om dei gilde skirenna, og som eit ønske om å utvida annonsetilgangen. Christiania Intelligentsedler (Chr.Int.) sat på eit monopol på annonsar frå det offentlege til og med 1882.

Eit meir gjennomgåande metodisk og kjeldekritisk spørsmål handlar om ein kan stola på kva avisene og fagblada berettar – slik som eg har demonstrert her at eg vil nytta dei som samtidskjelder til å rekonstruera tildragingar og arrangement og tevlingar i idrettsoffentlegheita. Chr.Int. fortalte at så mange som 2000 hadde vore tilskodarar ved stemnet. Som også Kjell Haarstad er inne på i sitt dekonstruksjonsarbeid om myten om at ‘skivogga stod i Morgedal’, kan ein vanskeleg tru at «for store avvik fra virkeligheten i referatet» ikkje ville bli kommentert eller påpeika av det lesande publikummet, og dette særleg for hendingar med stort oppmøte.³¹⁷

Dette tyder ikkje at til dømes anslaga på tilskodaranslaget på 2000 skal oppfattast heilt nøyaktig. Det tyder heller ikkje at avisene alltid gav nøyaktig like referat. Chr.Int. påstod arrangøren av rennet i 1866 var skyttarlaget i Kristiania, og at Elling Bækken berre var invitert «gjest», og gav tvekampen ei ganske anna ramme og tolking enn dei andre avisene. Denne klarare lokalt orienterte avisa la vidare meir vekt på at rennet var ein duell mellom Bækken og studentane enn Morgenbladet hadde gjort. Men i og med at dei flinkaste studentane var frå Tromsø, meinte avisa at tvekampen hadde stått meir mellom nord og sør i Norge enn mellom by og land. Og sjølv om referenten her tykte studentane hadde trekt det lengste strået, delte han synet med dei andre avisene om at kampen hadde stått om heder og applaus, som slik var som ein premie å rekna. Uansett vil dei *førestillingane* som avisene gjorde seg om til dømes skirenninga til Brækken og co, vera verkelege. Om desse spriker, er det berre endå meir interessant. Og det er uansett eit faktum at stemnet ved Gamle Aker kirke var det mest omtala skiløpet i norsk presse inntil då.

Haarstad har funne omtale i både Hedemarkens Amstidende og i «Adresseavisen», som eg vil tru refererer til Trondhjems Adresseavis, som ho heitte då.³¹⁸

³¹⁶ Morgenbladet, 17. mars 1866. Christiania Intelligentsedler gjev den same versjonen.

³¹⁷ Haarstad, 1993, s. 15.

³¹⁸ Haarstad, 1993, s. 66. Jakob Vaage, 1956, s. 98 siterer i lengd kva han kallar *Trondhjems Aftenblad* – som først kom ut i 1880-åra, så truleg er det heller tale om den den avskrifta som Adresseavisen gjorde av Christiania Intelligentsedler.

Anonymitetsprinsippet gjer det vanskeleg å slå fast kven som skreiv dei ulike avisartiklane og kommentarane om idrettstildragingar. Like så interessant, men også like så krevjande, er å seia noko kvalifisert om kven lesarane var. Ein kan dra vekslar på eit omgrep frå litteraturvitskapen om modellmottakaren, eller *modell-lesaren*. «Modell-lesere», skriv Kjell Lars Berge i boka *Tekst og historie*, «er lesere i teksten som skal stå modell for oss lesere av kjøtt og blod når vi lesar teksten. Modellene er ikke statiske figurer, de er dynamiske og utvikler seg i løpet av tekstens gang [...]».³¹⁹

Teoriapparatet hans er nok best tilpassa einskildståande tekstar, og som vi ser av sitatet, opererer Berge med eit omgrep om fleire modell-lesarar i den same teksten. Omgrepet kan likevel hjelpa meg (og lesaren, vonar eg) til å sjå for meg ikkje berre konkrete eller bestemte lesarar av til dømes Morgenbladet, eller Norsk idrætsblad, men den lesaren som dei ulike redaktørane hadde i tankane, og som bestemte utvalet og innretninga på ulike artiklar, og som igjen bestemmer eller påverkar korleis vi skal oppfatta artiklane i dag.

Tidsskrift

Som det går fram av avisdefinisjonen til Høst, er overgangen til vekeblad og allmenne tidsskrift flytande. Eit tidsskrift kan seiast å skilja seg frå andre former for periodia ved kombinasjonen av «en ofte uttalt hensikt, en distinkt utgiver, en målgruppe, publikasjonstempo, artikkellengde og -tematikk».³²⁰ Alt dette passar på tidsskriftet *Folkevennen*, som Ole Hylland skreiv om i avhandlinga si. Folkevennen var eit månadsblad (eller også publisert annankvar månad) som blei gjeve ut av Selskapet for Folkeoplysningens Fremme, og som hadde som misjon å opplysa det ein gjerne kalla «folket». Folkevennen kom ut første gong i 1852 og varte heilt til år 1900, og var med det eit av dei tidsskrifta på heile 1800-talet som levde lengst. To markante redaktørar vil somme kjenna igjen i Ole Vig og Eilert Sundt. I abonnentar talde tidsskriftet minst 4 700 ved utgangen av 1865, og truleg var meir enn 3000 av dei tingarar utanom Kristiania by.³²¹

Utifrå tematikken i bladet; som i 1866 gjekk under kategoriane «kirkelige forhold», «sprog og nationalitet», «samfundsforholdene (og politik)», «skjønliteratur», mellom fleire, er det ikkje så overraskande at Elling Bækkens bedrifter i skibakken ikkje blei skildra, sjølv om redaktør Sundt hadde trykt artiklar om gymnastisk undervisning og om symjing (rett nok i skulane i Danmark).

³¹⁹Berge, 2008, s. 283.

³²⁰ Hylland, 2010, s. 40. Distinksjonen mellom avis og vekeblad/tidsskrift er heller ikkje viktig i mediehistoria som Bastiansen og Dahl gav ut i 2008.

³²¹ Hylland, 2010, s. 51.

Eit anna, litt mindre utbreidd tidsskrift i denne folkeopplysande tradisjon var *Skilling-Magazin*, stifta i 1832. Dette vekebladet var mellom dei første å ta i bruk illustrasjonar, såkalla xylografiar, eller tresnitt. *Skilling-Magazin* varte heilt fram til 1891, og vil bli nytta ved fleire høve i denne avhandlinga. Men akkurat i 1866 skreiv bladet ingenting om skiidrett, og om Elling Bækken.

Norsk Missionstidende, starta i 1845 (av son til Hans Nielsen Hauge), var i 1865 like stort i abonnementskare som nettopp *Folkevennen*, dei fleste buande truleg på Vestlandet (Stavanger), der Hauge og Det norske misjonsselskapet hadde basen sin. Om skisport skreiv ikkje dette bladet. Det desidert største tidsskriftet i åra omkring 1860-1870 var *Almuevennen*, redigert og gjeve ut av kjøpmann og stortingsrepresentant Christian Johnsen, som var engasjert i misjonssaka, men også avhaldssaka, og meir breitt i det å opplysa folk, med leksjon og andre trykte saker. (Eg har alt sitert frå leksikona han fekk laga, om ordet «amatør».) Haldninga i vekebladet til den såkalla almugen er blitt kalla kristen liberalisme. Opplaget er på det meste sagt å ha vore over 20 000. Innholdsanalysar røper lite eller ingenting om idrett i 1866.³²²

Tidsskriftet *Almueskole-Tidende*, som kom ein eller to gonger i månaden i desse åra 1865-1866, hadde derimot fleire interessante artiklar og tilløp til debattar om nytten av «de ædle og styrkende Fornøielser paa Skiene eller Skøiterne», men då i kontekst av den offentlege skulen og dei pedagogiske omsyn der.³²³

Illustreret Nyhedsblad var eit anerkjent vekeblad som vigde seg mest til kunst, litteratur og vitenskap. Opplagstalet eller abonnementsmengda er ikkje kjend for meg. Publikasjonen starta i 1851 og varte ut heile årgangen 1866, med sjefen for Universitetsbiblioteket, Paul Botten-Hansen, som redaktør. Noko av tanken med bladet var å supplera gode og aktuelle og opplysende artiklar med bruke av illustrasjonar eller xylografiar. Henrik Ibsen bidrog her, og nemnde Bjørnson fekk trykt to (reviderte) forslag til fedrelandssongar, det eine med umiskjennelege skiløparmotiv, i 1863.³²⁴ Rennet til Bækken i 1866 var så vidt nemnt i ein liten notis søndagen etter, «Han var en dygtig Karl og gjorde dristige Hop», heitte det, «men blev dog heri overtruffet af Stud. Joh. Holmboe.»³²⁵

Norsk Folkeblad blei stifta nettopp i året 1866, eit vekeblad også det med illustrasjonar, der ingen ringare enn Bjørnstjerne Bjørnson sjølv kom tidleg med i redaksjonen. Han tok over

³²² Langseth, 1975.

³²³ *Almueskole-Tidende*, 10. juni 1865, s. 129.

³²⁴ Den eine kjenner vi som «Ja, vi elsker», truleg første gong sungen omkring 1864. Den andre, «Det ligger et land mot den evige sne», har to høgst interessante vers i samanhengen min: «Hun strødde sin Sne over fjeldbratte Li/ bød saa sine Gutter at staa dem på Ski», og «Hun satte sine vakreste Jenter i Rad/ at følge vor Idræt med Smil og med Kvad». Her er både skiløping, og på ein måte også idretsoffentlegheit, antyda. Sjå *Illustreret Nyhedsblad*, nr. 51, 20. desember 1863, framsida.

³²⁵ Sjå *Illustreret Nyhedsblad*, den 18. mars 1866, s. 56.

som redaktør i 1866, og kjøpte like bladet godt i 1869, og gav det ut til 1871. Vekebladet fekk såleis brodd mot unionspolitikken til embetsmennene. Tildraginga med Bækken var nemnt (her med «e»), både konkurrentane og tilskodarmengda og pengane han fekk samla inn, i ein noko lenger notis ei veke etter rennet. Det heitte at han hadde vist fram «sine Kunster», og laga eit «kunstig Hop». ³²⁶ Redaktør Bjørnson var kanskje ikkje akkurat ihuga skiløpar sjølv, men han hadde syn for den historiske og nasjonale arven i denne idretten. Tor Bomann-Larsen formidlar dette levande i boka *Den evige sne*; korleis Bjørnson spelar på snø og på skiløping i mange av dikta og diktskyklusane sine, og på eit vis trakkar løype for slike som Fridtjof Nansen. ³²⁷ I Norsk Folkeblad trykkjer redaktøren teikning av den skiløparskulpturen som Christoffer Borch hadde sett for seg, alt i 1868. ³²⁸

Kva så med *Dølen*, vekebladet til «journalistkjendisen» Aasmund Olavsson Vinje? Han skreiv om mangt i bladet sitt, storting og styre i andre land, norrøne diktfigurar og utanlandske forfattarnamn, om skog og bergrunn og geologi, namnet Oslo, og vegen over den gamle Krokkleiva, og gjerne om dei andre blada i Kristiania, og sjølv om han likte å symja, og endå meir elska å gå i Jotunheimen, skreiv han ikkje nett om dette skirennen i mars månad, 1866. ³²⁹

Vikingen står i ei viss særstilling som tidsskrift, fordi siktet var så mykje meir satire, latter og beint fram underhaldning enn hjå mange av dei andre veke- og månadsblada. Vikingen levde i ein tradisjon av andre vittigheitsblad då det kom (*Krydseren*, *Andhrimner*), men vann mykje lenger levetid enn dei (1862-1931). Karikaturteikningar var viktig del av stoffet i dette bladet. Og Elling Bækken blir faktisk nemnt her – i april månad 1866. Då gjer Vikingen seg lystig over ein «Lille Theodor» som hadde skrive i Morgenbladet, dette «Landet første Organ», som det mildt-ironisk heiter. Denne «L.T.», som signaturen eigentleg lydde, var ingen mindre enn Otto Theodor Krogh, teolog og fordums redaktør i *Tromsø-Tidende*, som hadde teke initiativ til og kringkasta skirenn i ishavshbyen i 1843 – det første sivile skirennen i verda. ³³⁰ I 1866 hadde han teke i mot kall som sokneprest i Vestnes i Romsdal. Krogh var sterkt i mot pietisme og vekkingkristendom, denne «hysteriske Theologi» som hadde ridd landet det siste tiåret, og føreslo ein heilt eigen medisin: skiløping! ³³¹

³²⁶ Norsk Folkeblad, 1866, nr. 11, (24. mars), s. 79.

³²⁷ Sjø Bomann-Larsen, 1993. Typisk diktskyklus i denne retninga er «Arnljot Gelline», som Bjørnson gav ut i 1870. Poenget litt breiare er ikkje at Bjørnson bana veg for Nansen og for ekspedisjonslengta hans, men at diktinga var med å gje slike skiløparbedrifter som Grønland (1888) og 86 grader nord (1896) nasjonal og politisk ekstraordinær tyding.

³²⁸ Høgst truleg ein klassistisk prega allegori (skiløparen som symbol for vinteren); som gipsfigur avbilda av amatør fotografen Ole Tobias Olsen; som finst digitalisert i arkivet til nb.no.

³²⁹ *Dølen* den 11. mars 1866 (nr. 24).

³³⁰ For meir om dette, sjå Gotaas, 2003, s. 26-27. *Tromsø-Tidende* tok i 1857 tittelen *Tromsø Stiftstidende*.

³³¹ *Vikingen*, 31. mars 1866, s. 55.

I stadenfor å trykka og grubla på ein røykfullt hybel, som berre førte studenten på tankar om at han var «redningsløs fortapt Synder», slik også Luther hadde site for lenge i ro, meinte han at barnet og ungdommen burde koma seg ut i den friske lufta, og pleia kroppen sin også. Nesten ingenting var meir saliggjerande enn skiløping, og ingenting gjorde det om ein fall i den «kolde, rene Sne». Sjølv gamle menn på femti og seksti ville få ungdommen og livskrafta og livsmotet tilbake på denne måten. Difor gledde det «L.T.» sterkt, skreiv han, å kunna lesa i dei offentlege blada at skiløpinga var kommen på moten igjen, og at ein stelte om interessa med kappløp og premieringar. Han hadde likevel eit atterhald her, og eg skal koma tilbake til det i hovuddelen av avhandlinga mi. Krogh vona prestane og teologane ville bli med i kappskriddinga – og var sikker på at den norske kyrkja og embetsgjeringa ville ta gagn av det:

Hvad indflytelse de Unge Theologers fortsatte Skiløbning vilde have paa Dogmatikens Standpunkt er ikke saa ganske let at udsige paa Forhaand, men sikkert er det, at imod Skiløbning paabegyndt i Skoleaarene, fortsat ved Universitetet og ikke lagt tilside i Manddomsalderen vil ingen Pietisme kunne holde Stand.³³²

«Gefundenes Fressen» for Vikingen. Bladet føreslo som ein start å setja ski på teologiprofessor Gisle Johnson, indemisjonshøvdingen og pietisten framfor nokon i Norge, og lata han tevla i lag med nettopp Elling Bækken bak «Akers Kirke». Dinest burde ein oppretta ein lærarpost ved universitetet i «teologisk-theoretisk Skiløbning». Denne ville nok Lille Theodor ta på seg, meinte vittighetsbladet.³³³

Vikingen kan lesast som lystige kommentarar på den løpande politiske og kulturelle samtalen, men også som skråblikk på ulike hendingar og tildragingar som syner kva plass dei har fått i offentlegheita. Eg skal difor følgja tekstane og teikningane gjennom årgangane, om ikkje alt får plass i avhandlinga mi.

I ei anna særstilling står publikasjonane til Centralforeningen. Desse var ikkje offentlege på same måten som dei som ein kunne få tak i, anten ved laussal, eller ved abonnement. Ein måtte vera medlem i Centralforeningen for å få årsmeldinga – og dei ulike skyttarlaga fekk truleg tilsendt eit eksemplar (som det altså ikkje er sikkert så mange las). Årsmeldinga blei lagt fram på generalforsamlinga i februar året etter. Centralforeningen sende også ut rundskriv til skyttarlaga, det kom to slike i 1866.³³⁴

Det nærmaste av interesse for skispørsmålet som eg kan knyta til Bækken, er at årsmeldinga nemner at Centralforeningen hadde teke på seg å skipa til eit «Præmie-Skirend» i

³³² Morgenbladet, 1. april 1866, s. 2.

³³³ Vikingen, 7. april 1866, s. 59.

³³⁴ No trykte gjerne Morgenbladet delar av årsberetninga, og ved fleire høve trykte andre aviser ulike rundskriv, så som Dagbladet 22. juli 1871.

første halvdel av februar måned 1867, slik som Morgenbladet hadde oppmoda dei til i 1866. Dette hadde dei fått sakkyndig hjelp til, og siktet var å oppmuntra til meir skiløping, stod det. Eit eige skriv om rennet skulle leggest fram for generalforsamlinga.

Trass i denne meir lukka orienteringa til Centralforeningen, kjem eg til å granska (og tidvis nytta) publikasjonane deira.³³⁵

Denne gjennomgangen min her er slett ikkje uttømmende av alt som fanst av tidsskrift i 1866. *Luthersk Kirketidende* (med Gisle Johnson som red), *Departements-Tidende* (med byråkratane Collett & Kjerulf som redaktørar), *Stortingsforhandlinger (med Kongelige Propotioner og Meddelelser)* er mellom dei publikasjonane eg ikkje har gått inn på. Somme av dei antyder eigne deloffentlegheiter. Kva eit djupdykk på 1866 heller ikkje får fram, er kva tidsskrift som hadde funnest i åra like framføre, men som no var gått inn. *Norsk Skytter-Tidende*, som kom ut i ulike variantar frå 1862-1865, skal eg ta for meg litt meir når Norsk idrætsblad til torgs i 1881.

Bøker er prinsipielt sett del av den same trykte offentlegheita som eg skisserer i dette kapitlet. To slike verk om skiløping kom nesten på rappen i 1865; Oscar Wergelands verk *Skiløbningen, dens Historie og Krigsanvendelse* og Carl B. von Roosens *Om Skiløbningen. Praktisk fremstillet, som et viktig Middel for Nationalopdragelsen og Værnepligten*. Begge desse betrakta skiløpinga først og fremst i militær samanheng, for nasjonen og landet Norge.

Generelt og gjennomgåande i avhandlinga kjem eg til å bruka dei bøkene som er viktige for ulike idrettar i ulike år, men eg vil sjølv sagt ikkje gå inn på alle dei trykte bøkene og heftene som kvart år *ikkje* tematiserte idrett og vinteridrett.

Kva som måtte finnast *av private nedteikningar*, så som dagbøker etter Brækken eller andre, eller brev som blei skrive om rennet, eller upubliserte memoarar og liknande tekstar, samt oppteikningar frå private klubbar og lag, er for så vidt interessante, men ikkje noko eg har leita etter, eller granska systematisk. Klubbsooger og medlemsblad har eg heller ikkje sett på, systematisk. Ikkje alle generalforsamlingane som tenkjast kan, heller.³³⁶ Det er dei *offentleggjorte og ofte drøftande* betraktningane om idrett som eg er på jakt etter; dei stilideala og dei vurderingane om dristigheit og om ferdigheit og personlegdom og meir til som til dømes

³³⁵ Centralforeningen, 1867.

³³⁶ Eg ser til dømes referat av generalforsamlinga til skøyteklubben i Kristiania i Morgenbladet 1 mars 1870, som forblir ukommentert her. Berre der eg har oppdaga viktige moment, har eg teke det med.

Morgenbladet-artikkelen til Otto Theodor Krogh frå april 1866 røper. Dei oppfordrar til ulike typar handlingar, og dei opnar prinsipielt opp for debatt og diskusjon.

Førebels oppsummering:

Det eg har vist, er kva aviser som kringkasta ei viktig idrettshending i 1866; korleis ein gjennom desse kan rekonstruera denne offentlegheita slik ho utspelte seg ved Gamle Aker kirke i mars månad; og korleis ho uttrykte seg og blei ført vidare og delvis drøfta i avisene og visse tidsskrift (Vikingen) etter det. Eg har også synt kor mange aviser i Kristiania og kor mange landsdekkande tidsskrift som ikkje kommenterte skirennen til Elling Bækken. Idrettsoffentlegheita var ikkje stor.

Generelt om trykkestoda og offentlegheita

Talet på aviser vaks kraftig i den perioden eg tek for meg; frå 52 aviser i 1860 til 256 i 1910. Brorparten av dei kom ut mellom ein og tre gonger i veka. Stoff var i liten grad sortert ut, eller med overskrifter. Denne auken fall saman med, eller snarare la seg oppå trykk-tekniske forbetringar (rotasjonspressa), betre og billigare papir, snøggare kommunikasjon (ikkje minst telegrafan, og opprettinga av Det norske telegrambureau i 1867), men også industrialisering i breiare forstand, som skapte folkevekst i byane (samt utvandring), og dessutan demokratisering og den aukande lesedugleikane mellom alle lag av folket.³³⁷ Kort sagt: I løpet av den perioden eg granskar, blei avisene massemedium.³³⁸

Tidsskrifta passar inn i det same biletet, sjølv om mange av dei hadde mykje stuttare levetid enn avisene. Harald Tveterås, som i 1940 gav ut ei kartlegging av den norske tidsskriftfloraen, skriv at veksten i tidsskrift særleg på 1800-talet spring parallelt med veksten i bøker. Begge desse ekspansjonane registrerer så dei skriftande samfunnsmessige og kulturelle forholda opp gjennom tida. Men han peikar på tendensen til at offentlegheita skil seg i delar, og ikkje berre utvidar seg: Han meiner at strukturen i samla tidsskrift-litteraturen gjev eit levende bilete av utviklinga mot stadig sterkere differensiering i samfunnet. Som han sjølv skriv: «Fag knytter seg til fag, interesse til interesse, behov springer ut av behov, og nær sagt alt slår etter hvert ut i periodiske publikasjonar i tidsskrifter.»³³⁹

³³⁷ Morgenbladet gjekk inn avtale med NTB om fast leveranse av nyhendetelegram, og sikra seg slik posisjonen som den fremste avisa i landet. Dette baserer eg på Bastiansen & Dahl, 2008. Sjå heile kapittel 3 i denne boka.

³³⁸ Bastiansen & Dahl, 2008, s. 212.

³³⁹ Tveterås, 1940, s. VI. I føreordet til denne gjennomgangen minnar Wilhelm Munthe oss om at tidsskrifts-omgrepet som dei har nytta, er relativt vidt. Han og Tveterås fall ned på universitetsbibliotekets gamle praksis i all hovudsak, og kravet til streng

Tveterås har i forlenginga av dette laga ein tabell som «nøkternt og pålitelig», etter hans eigne ord, viser den talmessige tilveksten av nye tidsskrift i dei ulike tiårsperiodane.

Tabellarisk oversikt over veksten i den norske tidsskrift-litteraturen.

| Faggrupper | A | B | C | D | E | F | G | H | I | J | K | L | M | N | O | P | Q | R | T | U | Tils. | |
|------------------------------------------|----|-----|---|-----|---|----|----|----|----|----|----|----|-----|-----|----|----|----|----|----|-----|-------|------|
| Antall tidsskr. utkommet: for 1800 | | | | 5 | | 1 | | | | | 1 | | 1 | | 1 | 1 | | | | | | 37 |
| 1800—10 | 4 | | 1 | | | | | | 1 | | | | 2 | 3 | 1 | 1 | | | | | | 13 |
| 1811—20 | 8 | | | | | | | | 3 | 1 | | | 1 | | | | | | | | | 14 |
| 1821—30 | 1 | 18 | | 3 | | 1 | 1 | | | | | | 2 | 1 | 2 | 1 | | | | 5 | | 35 |
| 1831—40 | 27 | | | 9 | | 1 | | | 2 | 1 | | | 1 | 2 | 1 | | 2 | | 1 | 4 | 2 | 53 |
| 1841—50 | 3 | 28 | | 15 | | | 2 | | 4 | 1 | | | 2 | 7 | 4 | | 5 | 1 | 4 | 2 | 1 | 79 |
| 1851—60 | 1 | 40 | | 14 | | | 1 | | | | | | 5 | 3 | 2 | 7 | 1 | 1 | | | | 75 |
| 1861—70 | 3 | 37 | | 18 | | 6 | | | 1 | 1 | | 1 | 5 | 3 | 1 | 7 | | | 1 | 5 | | 87 |
| 1871—80 | 6 | 57 | 2 | 39 | 1 | 3 | 1 | | 2 | | | 2 | 13 | 6 | 2 | 9 | 4 | 3 | | 2 | | 152 |
| 1881—90 | 3 | 77 | | 55 | 3 | 8 | 2 | 1 | 1 | 5 | 3 | 34 | 18 | 1 | 3 | 3 | 2 | 3 | 12 | | | 234 |
| 1891—1900 | 4 | 90 | | 82 | 1 | 9 | | 3 | 3 | 2 | 4 | 42 | 25 | 2 | 9 | 14 | 3 | 2 | 19 | | | 314 |
| 1901—10 | 7 | 126 | | 120 | 4 | 6 | 4 | 6 | 7 | 8 | 2 | 90 | 32 | 2 | 9 | 24 | 5 | 3 | 38 | | | 493 |
| 1911—20 | 7 | 115 | 1 | 125 | 1 | 5 | 18 | 6 | 16 | 14 | 14 | 2 | 107 | 40 | 7 | 31 | 46 | 11 | 9 | 69 | | 646 |
| Tilsammen | 35 | 654 | 3 | 486 | 2 | 25 | 46 | 12 | 38 | 30 | 30 | 21 | 308 | 139 | 20 | 83 | 93 | 30 | 29 | 148 | | 2232 |

K = «kultur, folkeminne, idrett, spill, lek»
N = «jakt, fiske landbruk, husdyr, husflid, husmøyrket»

Kartlegginga av norsk tidsskriftfloraen som Tveterås og Universitetsbiblioteket gav ut i 1940 første gong (og som Nasjonalbib digitaliserte i 2007, då med eit nytt etterord frå 1975). Tabellen er kategorisert etter det etablerte klassifikasjonssystemet i Universitetsbiblioteket, står på s. vii, og er tilrettelagt for lesaren av meg. Boka er nedlastbar via <http://runeberg.org/nortid20/0005.html>

Ved første augekast kan vi registrera at talet nye tidsskrift i epoken 1881-90 var på 234 totalt (ringa inn heilt til høgre). Diverre seier tabellen lite om kor lenge eller kort desse mange ulike tidsskrifta kom ut. Går ein mykje nøyare gjennom den alfabetiserte bibliografien hjå den same Tveterås med det endå stuttare tidsrommet 1879-1881 som start for utgjevingsåret, får ein heile 32 tidsskrift eller periodiske blad som varte i maksimalt ti år, og 26 av dei hadde mindre enn tre års levetid.

Leitar ein med fingeren vertikalt i oversiktstabellen, ser ein kor mange tidsskrift som kom til i dei ulike kategoriane i dette klassifikasjonssystemet. For meg er kategori «K» den mest relevante (ringa inn i oransje): Tidsskrift for «kultur, folkeminne, idrett, spill, lek». Her er turnsporten først ute med *Norsk Turn-Tidende*, som kom alt i 1861 – men som fekk eit kortleivd liv og la inn årene alt i 1862. Tveterås skriv at om ein hadde inkludert medlemsblada til ulike sportsklubbar, ville kategorien vore dobbelt så stor, altså 60 publikasjonar mot dei 30 registrerte.

periodisitet var dermed ikkje så viktig. Likevel er ein del utgjevingar tekne bort av det han kallar omsyn til interessa i offentlegheita. Dette gjeld kyrkjelydsblad, kalendrar, jolehefte, forretningsmeldingar, årsmeldingar og såkalla «leilighetsblad».

No er ikkje denne kategoriseringa nødvendigvis i tråd med korleis historiske epokar sjølv tenkte om og rubriserte menneskelege aktivitetar, som eg har alt har vore inne på. Tveterås har plassert «jakt» og «fiske» saman med «landbruk», «husdyr», «husflid» - og «husmoryrket» (!), i kategorien «N». På 1880-talet var jakt like mykje idrett som roing var det, som vi skal sjå i neste kapittel. Ulike skyttarblad kunne såleis ha stått i kategorien K, og synt ein større kontinuitet enn tabellen til Tveterås gjer her. Tabellen gjev likevel gode oversiktsbilete av tidsskriftsutviklinga, så som den lett påfallande parallellen i oppkomsten av publikasjonar for «estetikk, kunst, teater, arkitektur, film» = «R» (og «K»), om det enn er ei forskyving i tid av dei aller første tidsskrifta for idretten sin del; men også kor mange fleire tidsskrift det er – eller var – for «pedagogikk», «lærerblad», «student- og elevblad», «speiderblad» = sjå kategorien «P». Det tabellen derimot *ikkje* seier, er kva liv som fanst i dei ulike tidsskrifta eller blada, og kva ambisjon dei hadde, og om desse ambisjonane endra seg over tid. Til dette *livet* og desse førestillingane er det eg skal venda meg snart.³⁴⁰

Innvendingar

Det ein kan problematisera, i alle fall som eg sjølv ser, er at eg ved desse tidsavsnitta har konsentert meg utelukkande om ei idrettsoffentlegheit i Kristiania. Rennet i 1866 var kanskje det mest omtala i landet, men det var slett ikkje det første i Norge, slik som Jakob Vaage og Kjell Haarstad har synt. Like eins: Husebyrennet blei det viktigaste i Norge på 1880-talet, men slett ikkje alle avisene i landet skreiv om det. Kan ein då tala om ei norsk idrettsoffentlegheit? Og var ikkje også Norsk idrætsblad, når det kom ut, først og fremst eit blad for lesande menn (og nokre få kvinner) i Kristiania? Må ikkje eit omgrep om «modell-lesaren» først og fremst ta høgd for det? Ja, kva med alle dei andre lokale skirenna ein hadde, så som i Trondheim i januar 1881, og andre stader i landet der ein debatterte til dømes forholdet mellom norsk og britisk idrett.³⁴¹

³⁴⁰ I norsk akademisk samanheng er det publikasjonane og tidsskrifta på *1700-talet* som har fått mest merksemd. I 2008 stod Eivind Tjønneland som redaktør for antologien *Opplysningens tidsskrifter*, som dreia seg om norske og danske periodiske publikasjonar nettopp i det 18. hundreåret. Ellen Krefting, Aina Nøding og Mona Ringvej gav i 2014 ut boka *En pokkers skrivesyge*, som handla om 1700-talets mange dansk-norske tidsskrifter som faktisk levde godt i spennet mellom sensur og ytringsfridom. Tidsskrift på 1800-talet er skrinne belyst. Noko om 1800-tals-offentlegheita, særleg opplysningstanken i ulike miljø og tidsskrift, er streifa i den artikkelsamlinga som Merete Roos og Johan Tønnesson redigerte, kalla «*Sann opplysning?*» (2017) – som femner om naturvitskap i nordiske offentlegheiter frå 1600-talet og fram til i dag. Frå grundige arbeid som tematiserer tidleg 1900-tal bør nemnast Slaatta og Hovde (2011), om tidsskriftet *Kunst og kultur* (lansert 1910), studert mediehistorisk og medieteknologisk, og Terje G. Simonsen (2001), som har forska på tidsskriftet Janus i idehistorisk lys. Han ser på tidsskriftsredaksjonens idehistoriske plattform i eit diakront perspektiv, supplert med dei idekampane i mellomkrigstida som tidsskriftet stod i, altså eit synkront perspektiv.

³⁴¹ Les ein til dømes Aftenbladet gjennom vinteren 1866 vil ein få auga for at debattane gjekk mange stader, og med ulike vektingar i ulike samanhengar.

No hadde alt Centralforeningen (etablert i 1861) eit sikte om å breia ut skyttardugleikane i heile landet, og søkte representantar for alle samfunnslag i dei styrande organa, sjølv om makta opplagt blei liggande i Kristiania. Førestillinga om den nasjonale dimensjonen ved skiløpinga gjorde arrangørane og avisene i hovudstaden lydhøyre og opne for bygdeløparane og «fjellbøndene», endå om dei nok var både overberande og tidvis nedlatande i tonen. Og Norsk idrætsblad hadde eit klart sikte, og ein tydeleg vilje til, å inkludera stoff og omtale frå andre delar av landet.

Desse ambisjonane bøter likevel ikkje på heile dette «holet» som eg smyg meg rundt. Der det ikkje har vore altfor tidkrevjande, og det vil seia der digitaliseringa til Nasjonalbiblioteket har gjort det mogleg, har eg i det minste sett på kva avisene *Dagsposten* og *Adresseavisen* i Trondheim og *Bergens Tidende* eller *Bergens Adressecontoirs Efterretninger* i Bergen har skrive om dei same idrettstildragingane. Bakarst ramsar eg opp alle avisene som har vore nytta i arbeidet; noko tidsspesifikasjon for granskingperiode har eg ikkje gjeve der, sidan søkemotoren til Nasjonalbiblioteket (nb.no) kan gje treff på uventa tidspunkt og årstal, utanfor den strenge avgrensinga av 1866-1907. Her dei aller viktigaste nemnde:

Aviser

Morgenbladet. (Første årg. 1819. Granska systematisk frå 1865-1907.)

Aftenbladet. (Første årg. 1855. Framhald av Krydseren. Gjekk inn i 1881.)

Aftenposten. (Første årg. 1860. Ganske systematisk frå 1865-1907.)

Dagbladet. (Første årg. 1869. Granska systematisk frå 1865-1907.)

Agder. (Undertittel «Flekkefjords Tidende.» Her brukt frå 1896)

Adresseavisen. (Trondheim, første gong 1767. Svært mange ulike titlar.)

Bergens Adressecontoirs Efterretninger.

Bergens Aftenblad

Bergens Tidende. (Første årg. 1868. Redaksjonelt samarbeid med Dagbladet i Kristiania.)

Christiania Intelligentssedler. (Norges første avis frå 1763, då som *Norske Intelligenz-Sedler.*

Tok tittelen *Norske intelligenssedler* frå 1892, gjekk inn i VG frå 1919.)

Dagsposten. (Første årg. 1877. Dagsavis som tok opp i seg *Trondhjems Stiftsavis* i 1883.)

Morgenposten. (Første årg. 1866, framhald av Christiania Nyheds- og Avertissements-Blad.

Norges Sjøfartstidende. (Ola Holen bidrog med idrettsstoff til denne avisa, frå 1891)

Lillehammer Tilskuer

Ringerikes Blad. (Feira 150 år i 1995.)

Romsdals Amtstidende. (1837-1927.)

Romsdals Budstikke. (Første årg. 1843. Avisa kjem fortsatt ut.)

Tromsøposten

Verdens Gang. (Første årg. 1868, dagsavis frå 1885. Må ikkje forvekslast med VG etter 1945.)

Ørebladet. (Første årg. 1891. Gjekk inn i 1924. Her granska fram til 1907.)

Vekeblad/Tidsskrift

Norsk idrætsblad. Første årgang 1881. Opphald i åra 1889-1891. Gjekk saman med *Sport* (1908) i 1915, då som *Norsk Idrætsblad og Sport*. Gjekk inn i 1925.

Fri idræt. 1900-1902

Hjulrytteren. 1899-1901

Norges Turn-Tidende. 1861.

Norsk Skytter-Tidende 1862-1865

Norsk Sportsblad. 1903-1907.

Norske Turnnotiser. 1891-1894.

Vikingen. Første årgang i 1862.

Utanlandske tidsskrift for idrett

Tidning för Idrott. Stockholm, kom ut første gong i 1881. Skifta til *Ny Tidning för Idrott* i 1898.

Tidsskrift for Sport. København, første årgang 1884. Skifta namn til *Dansk Sportsblad* i 1888

The Field. London, første gongen ute i 1853.

The Sportsman. Også London, 1865 første gong.

Til sist her litt om arkivsituasjonen, for **upublisert materiale**. På **Riksarkivet** er materiale ang. Norsk idrætsblad overført frå NIFs arkivserie til **Pa108**, dvs RA/PA-0108. Her finst også ein del papir etter Sigvart Petersen, redaktør i åra 1881-1888. Eg har også søkt og fått tilgang til **PA-0090 Norges idrettsforbund**, serie Dd, eske 328-331b, men desse sakene, ang domsutval, og amatørdiskvalifikasjonar, er frå seinare tidsrom, og ikkje nytta i avhandlinga. Det same gjeld dei boksane som NIF enno held i eige arkiv på Idrettens Hus, Ullevål Stadion. Eg hadde interesse av å studera boks 24-26, som nokre av katalogane heitte medan omorganiseringa av arkiva skjedde der i 2019, omhandlande amatørvtistar omkring Ivar Ballangrud og Charles Hoff, mellom andre.


Skimuséet i Oslo har eit eige arkiv i biblioteket (som i mars 2019 ikkje var systematisert eller katalogisert); eg fekk tilgang til boka «Generalforsamlinger og aarsberetninger 4.1.1883-1903». Dette er handskrivne referat av årsmeldingar og vedtak og val på generalforsamlingar frå stiftingsåret og fram til 1903. Andre liknande bøker har styreforhandlingar i perioden frå 1887 til omkring 1907. I 1895 byrjar Skiforeningen å gje ut årbøker, desse er publiserte, med mykje ekstra materiale, også historisk stoff – som dei alle første medlemsregistra, kvinner inkludert.

I De Montfort-universitet i Leicester (DMU) finst arkiva etter «The Ski Club of Great Britain 1903-2010», katalogisert som «S/006, Papers of The Ski Club of Britain». Omtale finst her: <https://specialcollections.catalogue.dmu.ac.uk/records/S/006>

Eg har også vore fysisk i arkivsamlinga til IOK i Lausanne og arbeidd med amatør-emnet der, og fått tilsendt kopiar av arkivmateriale til ISU i Sveits ang dei tidlege åra av det

internasjonale skøyteforbundet («IEV»). Den aller viktigaste «databasen» min har likevel vore Nasjonalbiblioteket, som eg skal fortelja meir om i neste kapittel.

Part 8. Digitale teknikkar



Skjermdump av søk på ordet amatør i databasen til nb.no den 4. juni 2021.

I tråd med den tredelinga Per Strømholm i si tid føreslo (for teori, metode, teknikkar), har eg kome til det siste momentet i rekkefølgja hans. Eg vil seia noko om korleis eg har brukt søketeknikkane som finst i den stadig meir omgripande digitaliseringa av kulturarven i Norge.³⁴²

Nasjonaltbiblioteket har utvikla ein svært verdfull søkemotor for både aviser, bøker, tidsskrift, og etter kvart også dokumenttypar som brev, fotografi, kart. For den som har prøvd og brukt dei gamle mikrofilm skjermene er det ikkje vanskeleg å sjå gevinsten: Ein slepp å leita rundt, forstørre og forminska, i tidvis ganske uleselege format og avfotograferingar, på søking etter ord, namn, eller hendingar. No er ikkje søkemotoren (eller algoritmane) til nb.no 100 % treffsikker; særleg ikkje for dei eldre gotiske bokstavane i aviser og bøker. Ein kan altså ikkje søka på til dømes «Elling Bækken», og få alle dei aktuelle utgåvene i Morgenbladet frå 1866 opp, jf. starten på «Part 7».

Heller ikkje er alle aviser og tidsskrift digitaliserte enno (per 4. juni 2021). Norsk idrætsblad var ikkje tilgjengelege i søkemotoren då eg byrja på avhandlinga mi, men blei det tidleg i 2021, delar av årgangane, i alle fall. Aftenbladet var ei av avisene som heller ikkje var avfotograferte av robotane i Mo i Rana, og digitaliserte. Mikrofilmene er også nødvendige for ein del andre, og mindre publikasjonar. Men for mange andre aviser, så som Morgenbladet og Aftenposten, er nb.no ein framifrå plass å finna fram til årgangar og spesifikke nummer, og gjev

³⁴² Også britane har kome langt i denne bevaringa; og eg har nytta *The British Newspapers Archive* i så måte.

i mange tilfelle betre leseoppleving enn skjermene for mikrofilmene. Eg har søkt på både datoar, og namn, og sentrale ord, og nytta dei finmaskeringane søkemotoren gjev for å avgrensa søk på ulike årstal, og bestemte månader.

N-gram

Ei meir spesialisert søketeneste som Nasjonalbiblioteket tilbyr, er såkalla N-gram. N-gram, eller *N-gram^{BETA}*, som biblioteket sjølv kallar tenesta si, gjev moglegheita å finna, og samanlikna, frekvensar av ord i ulike historiske spenn. N-gram omfattar bøker og aviser frå 1810 til og med september 2013. Norsk idrætsblad, eller alle norske dagsaviser, er dermed ikkje med i dette søket. Totalt, skriv Nasjonalbiblioteket sjølv, dreier søketenesta seg om 34 milliardar ord; 2/3-delar av dette sorterer under avisene.³⁴³

Frekvenssøk treng ikkje seia noko om det absolutte talet gonger ordet blei brukt i avisene per år, men relativt til andre, og ofte meir vanlege, ord. Ein kjem såleis utanom den feilkjelda som ligg i at talet publikasjonar veks, og synk. Ein styrer også utanom det faktum at ikkje alle aviser er digitaliserte enno. Ei anna feilkjelde er ikkje like enkel å styra utanom; at gotisk skrift er ikkje like lett å søka i som antikva. Dei norske bokstavane æ, ø, å kan også by på problem for søkemotorar og algoritmar, så som i «amatør».³⁴⁴

Øvst i denne parten har eg synt kva frekvens som finst for nettopp ordet «amatør» i heile tidsspennet. (Då er slektande ord som «amateur», «amatører», «amatrice», «amatricer» ikkje tekne med).

Som ein kan sjå av grafen, vaks bruken (relativ til andre ord) fram mot 1880, og sterkt etter det, for så å falla kraftig eit tiår seinare, for sidan å ta seg opp på ny. Det første fallet kan ha med bruken i samanheng av kunst å gjera, sjølv om han er påfallande, den andre voksteren med nemningane, og diskusjonane, i samband med idrett. Fallet *etter 1940* har i så fall med stoda for norsk idrett under krigen.³⁴⁵ Ein kan gissa på at voksteren etter 1960 har med dei stadige meir tilspissa drøftingane som kom om amatørreglane i OL-samanheng, inn til reglane forsvann både internasjonalt, og nasjonalt omkring 1990. Dette siste er altså gjetningar, og ikkje noko eg har underlagt ei systematisk studie i denna avhandlinga. Poenget mitt er å syna korleis ein kan nytta dei digitale verktya til Nasjonalbiblioteket til å generera hypotesar. Tolkinga av

³⁴³ «NB N-gram», https://www.nb.no/sp_tjenester/beta/ngram_1/ Ein må klikka via fanen «?» for å få fram informasjonen under dei ulike søkevariantane som ein kan nytta seg av.

³⁴⁴ For ein meir inngåande diskusjon av korleis ein kan bruka slike verkty i idehistorisk samanheng, og av ulike typar feilkjelder, sjå Bekeng-Flemmen i ein fin artikkel frå tidsskriftet *Arr* i 2017.

³⁴⁵ Sjå Goksøy og Olstad, 2017, for mykje meir om idretten under okkupasjon.


dei funna som slike frekvensar byr på, og forklaringa på dei, krev at ein går inn i kjeldene, og i kontekstane for dei.

Ein kan også søka på ulike ord samstundes i N-gram, for å få fram ein mogleg samanheng, eller utvikling mellom dei. Eg skal i neste bolc, part 1, og part 3, syna utviklinga av ordet «amatør», samanlikna med «dilettanten», og «liebhaberen», i det meir avgrensa tidsrommet som eg forskar på.

Det er på høg tid å venda seg mot desse figurane, og på kva eg har funne av førestillingar om amatøreren, og utviklingar av dei, i samanheng av idrett. Neste bolc – med romartalet III – handlar om det.

BOLK III: Ad fontes

Part 1. Pipervika og Gamle Aker kirke (1866-1879)



Finne ein feil mellom teikninga (nedst) i kapitlet «De første skirenn» av Vaage frå 1956 (s. 101) og den boka (øvt) som Ernst Bjerknes sjølv gav ut i 1944 (s. 123). Guten med skia på skuldra er teken bort! Dette var ein tanke som byrja med Centralforeningens renn i 1867: Ein skulle ikkje berre hoppa på ski. For lokalkjende: Sjølve Iversløkken var avgrensa av Herman Foss gate i nord, Bergstien i vest, Akersbakken i sør, og hellande ned og aust mot AkersBækken, som i dag ligg begrav djupt under Uelands gate. Bjerknes skriv om «Præmiebakken» som er det nærmaste ein slags arena den gongen, i dag asfaltert i Brandts gate.

Eg skal endeleg ta fatt på dei konkrete forskingsfunna mine. Den første tidsparten som eg tek for meg, har eg markert ved åra 1866 til 1879. Sett samla kan ein kalla dette ei gryande idrettsoffentlegheit. I desse åra veks det fram ei tidvis drøftande offentlegheit i Kristiania, omkring vinteridrettane skøyter og ski. Skøyta gjorde både menn og kvinner, gutar og jenter nedanfor Akershus festning, i bukta ein kalla Pipervika. Skidugleikar blei synt fram – og vurdert – i nærleiken av Gamle Aker kirke.

Parten er delt i seks kapittel; i dei fire første er idrettane skilde frå ein annan, i dei siste slår eg dei meir saman i framstillinga mi. Hovudpersonane er Elling Bækken, Sondre Norheim, major Andreas Munch Petersen og amerikanaren Jackson Haines.

Eg minnar om hovudproblemstillinga mi: *Kva amatørforestillingane fanst, og korleis endra dei seg i norsk idrettsoffentlegheit i åra 1866 til 1907?*

Eg kjem til å visa her at amatørfiguren fanst både før, og i, desse idrettsframsyningane i Kristiania.

Kapittel 1. Elling Bækken kjem til Kristiania

«*Amatører* indbydes baade til at se og deltage i Løbet.»

Den første gongen, som eg veit om, som ordet amatør vart nytta i offentlig samanheng av norsk idrett, var i 1866. Uttrykket «amatør», med den norske (og danske) ø-en, til og med, var brukt i ein liten annonse for det oppvisningsrennet som Elling Bækken ville halda i Kristiania. Lysinga stod i dagsavisa Aftenbladet. Han var trykt på side tre, både tysdag den 13. og onsdag den 14. mars 1866. Kursiveringa er mi.³⁴⁶

Dette er svært tidleg. Vinteren 1866 er faktisk før den London-baserte Amateur Athletic Club publiserte sin amatørdefinisjon for (det vi i dag kallar) friidrett, der den famøse regelen «nor is a mechanic, artisan, or labourer» var med (jmf. bolk II, part 3). Akkurat *det* treng ikkje bety at tankegangen bak denne annonsen *ikkje* var påverka av britisk sport, eller at britisk sport ikkje hadde hatt drøftingar og tematisering av amatørproblematikken før 1866. Men det kan også tyda på at omgrepet hadde fleire røter, eller nivå av tydingar, i norsk kontekst.³⁴⁷

³⁴⁶ For ordens skuld:; tysdagsutgåva av Aftenbladet ber nummeret 61, og onsdagsutgåva nr. 62.

³⁴⁷ *The Field* hadde notisar om planane for klubben, og dei tilhøyrande amatørreglane, den 30. desember 1865. Her blei det nemnt ein feil som hadde kome med i det første trykte utkastet av reglar (veka før). Avisa sjølv var glad for at alle slags profesjonelle var utelukka frå denne klubben (som skulle ha plass for både «friidrett» og ballspel og turnøvingar), og understreka at desse amatørane i klubben måtte vera «gentlemen amateurs». Den sosiale dimensjonen var her ikkje å ta feil av. Glader, 1978, syner at The Castle Garden Amateur Rowing Association (grunnlagt i 1837) godt mogleg var den første klubben som nytta amatørfiguren i namnet sitt. Sjå side 100 for dette, og for den nemnde amatørklausulen. *The Field* siterte regelen i ein omtale av roing den 21. oktober 1876.

Dette kapittelet skal handla om dette aller første skirennet i Kristiania, og den slektskapen som amatørømgrepet godt mogleg hadde med den etablerte kunsttradisjonen.

5 skilling per petitolinje

Rennutlysinga i tysdagsnummeret var trykt heilt til høgre i spaltene, under overskrifta «Skirend.» Ho lydte i sin heilskap slik: «Thorsdag Eftermidd. Kl 5 vil Husmand Elling Bækken fra Sognedalen gjøre nogle Skiløb i Bakken ligemod Gamle Akers Kirke. Amatører indbydes baade til at se og deltage i Løbet.» Annonsen var prenta med latinske typar; det redaksjonelle stoffet elles i avisa stod med gotisk skrift.

Sida sett samla var delt i fem spaltar. Dei to til venstre var redaksjonelle saker, den i midten «Blandinger», «Meteorologisk iakttagelser», den nest til høgre skipsavgangar, anmeldte tjuveri og bekjentgjerigar av dødsfall. Heilt til høgre, over annonsen om skirennet, lyste Christiania Theater ut onsdagsprogrammet sitt (Don Cæsar de Bajano), Medicinsk Selskab annonserte med stutt tekst om onsdagsmøtet sitt, samt at generalforsamling for «Understøttelsesforeningen for norske Læger og deres Enker» og Boghandlerforeningen også skulle, og altså kunngjorde, samlingar onsdag kveld. *Under* annonsen om skirennet for torsdag ettermiddag stod ein lengre annonsetekst for «Søkadet-Institutet», altså sjøkadettutdanninga. Sistesida (side 4) bestod berre av annonsar.³⁴⁸

Avertissementet var ikkje større, og ikkje dyrare (2,5 skilling per petitolinje), enn at Bækken sjølv skulle hatt råd til å betala han. Han kunne ha pantsett den førstepremien han vann i skirenn både dette året og vinteren før, mellom anna eit sølvbeger, heime i Soknedalen.³⁴⁹ Men det er tvilsamt om *han* ville ha nytta ordet amatør om dei som han vona å samla omkring seg no. Han hadde aldri vore i Kristiania før, og kjende såleis lite til dei samanhengane i byen der uttrykket kunne bli brukt elles. Sjølv om eg ikkje har kunna tråla gjennom alle numra av *Ringeriges Ugesblad*, og sjølv om redaktøren og grunnleggaren av den avisa, Johan Jørgen Krohn, var vel vand med aviser og trykkeriverksemd og intellektuelt liv i Kristiania, er det liten grunn til å tru at Bækken har støytt på ordet der. Heller ikkje gjorde bladet veldig stort nummer av innsatsen til Bækken etterpå, endå om summen han fekk samla inn, blei nemnd i ein notis i avisa den 22. mars.³⁵⁰

³⁴⁸ Annonsen i onsdagsnummeret, også på side tre, då i spalta nesten heilt til høgre. Over denne: Christiania Fællesforening med kunngjering om møte, og under den: Centralforeningen med info om neste representantmøte.

³⁴⁹ Sjø omtalen til Haarstad, 1993, s. 59. Jmf. *Ringeriges Ugesblad* den 23 feb 1865, nr. 8. Annonse i nr 7. Her vart det sagt at skiløpinga skulle skje utan stav og at hurtigheit ville bli lagt stor vekt i bedømminga.

³⁵⁰ Sjølv sagt kan redaktøren Johan Jørgen Krohn, som hadde lang fartstid i presse og trykkeriverksemd i Kristiania før han busette seg på Hønefoss, ha kjend til omgrepet. Han var sjølv interessert i skyting og skirenn, og var arrangør for det rennet i Soknedalen som Bækken vann i 1865. Sjø boka om avisa han grunnla i 1845; Røste, 1995.

Omgangsskule og konfirmasjonsførebuing var heller ikkje synderleg oppteken av nett dette fenomenet. Bækken *kan* ha lest seg til omgrepet i vaksen alder, og han kan ha hatt evner og gåver eg ikkje veit om: Han var tilsett i bomullsspinneriet i Nydalen tidleg i 1870-åra. Han kan også ha fått ordet frå Pauline Bjørnsdotter, som han gifta seg med i 1865.³⁵¹

Ein kan uansett merka seg at annonsen nytta amatøruttrykket både om eventuelle tilskodarar, og dei som sjølve gjekk på ski, og hadde hug å bli med i løpet; moglege deltakarar, enkelt sagt.³⁵²

Når det gjeld ordet i overskrifta, «skirend», kunne det også nyttast om turar som ivrige skiløparar i hovudstaden truleg gjerne gjorde om søndagane i samla flokk. Ein slik tur til Grorud, med oppmøte ved jernbanestasjonen, var tillyst i Aftenbladet den 3. mars den same vinteren.³⁵³

Uttrykket «Amatører» kan også ha bli valt av den avisa som trykte annonsen. Attåt lysinga tysdag 13. mars stod ein redaksjonell omtale av «Skiløbet» på den same sida i Aftenbladet. (Det var dette som Morgenbladet skreiv av, omtala av meg i førre bolk, part 7). Her heitte det at bakken ved Gamle Aker kirke var gjort endå meir krevjande med eit par hopp, og at Elling Bækken ville søka å klara ståande hopp, både med og dels utan stav. Han var «en fattig Karl med Familie», fortalte artikkelen, og han vona å kunne tena nokre pengar på dugleikane sine. Publikum blei lokka med gode ståplassar. Aftenbladet avslutta med oppfordring også til «flere Skiløbere», om å bli med og prøva seg i lag med Elling. Av ein eller annan grunn blei han kun omtala med førenamnet til slutt.³⁵⁴

Dels på grunn av denne avisreklamen, og dels på grunn av den lange omtalen i avisa etter rennet, har forskaren Haarstad oppfatta avisa som «sponsor» for Bækken. I referatet til Aftenbladet er då også ordet «amatør» nytta i alle fall ein gong: «Medens nu en Mængde større og mindre Amatører med større og mindre Dygtighed producerede sig ned over de mindre bratte Skraaninger og underholdt Publikum med sine ufriville Kuldbøtter, gjorde Elling sig istand oppe ved Høiden.» Av bruken her kan det synast som amatøreren som tankefigur var å forstå som mindre trent, og mindre dyktig enn den aller beste. Likevel har eg vondt for å tru at avisa

³⁵¹ Dei fekk ein son saman og flytta til staden Anfinsbråten i same Soknedalen. Sjå Skjeldal, 2021a.

³⁵² Sjå Morgenbladet den 6. mars 1872. Haarstad meiner at det kan ha blitt arrangert skirenn i Nydalen alt mot slutten av 1860-åra, og at Bækken blei tilsett på spinneriet alt i 1867. Merk elles at den Gjerdrum var sjef for fabrikkjen, var Otto Gjerdrum, hoffjegermeister og meir til, men ikkje den idrettsihuga Jørgen Gjerdrum som Haarstad nemner. Haarstad, 1993, s. 69.

³⁵³ Annonse for «Deltagere i Skirend ved Grorud» - bedne om å møta ved jernbanen søndag kl 8. Dette i Aftenbladet den 3. mars 1866. Eg baserer det med «tur» på at til dømes Morgenbladet heller ikkje hadde noko referat av eit eventuelt konkurranserenn etter helga. På måndag den 5. mars 1866 oppmuntrar avisa folk til på nytta seg av skøytebanen, som nyleg er blitt sprøyt med vatn.

³⁵⁴ I somme avisomtalar blir Bækken titulert med «Inderst»; dette tyder husmann i vanlegare språkdrakt i dag.

oppfatta Elling Bækken som den definerande motsatsen til desse omtala amatørane, altså at han var meisteren der dei var berre lærlingar. Det var då også dei mellom desse «Amatører» som synt seg nesten like dristige, og stødige på ski, som han i hoppinga.³⁵⁵

Om no Aftenbladet var sponsoren, eller «velynderen» hans, som det gjerne heitte i samtida, går tankane fort til redaktøren sjølv. Ditmar Mejdell vigde skirenn god plass i avisa si ganske ofte; ein medarbeider frå Horten («Gjeng.») fekk fortelja om eit skirenn der (7. mars) i utgåva den 13. mars, og avisa skreiv av eit stykke frå *N. T.hjems Amtst.(?)* om eit renn i Levanger (8. mars) på førstesida den 15. mars. Referatet frå rennet til Bækken byrja då også med oppfordring om å få danna ei skiløparforeining i Kristiania, for å skunda meir på denne «ægte nationale Idræt». Referenten var oppteken av at den «altid eksisterende Kappelyst» måtte få ytra seg, og at dyktigheit måtte få høva til visa seg mellom folk, og fungera som føredøme for andre. Dette rimer for så vidt med korleis Aftenbladet i redaksjonell linje ivra for næringsfridom og økonomisk liberalisme, som før nemnt.³⁵⁶

No kan også andre ha vore iscenesetjaren for Bækken – om det var slik idrettsarrangementet kom i stand, og amatørordet altså kom i bruk. Redaktør og utgjevar Johan Fredrik Krohn i Ringeriges Ugeblad var ihuga skyttarentusiast, og skipa saman med to andre kjenningar til eit skirenn i Soknedalen i 1865. Her vann altså «vår» Elling Bækken. Krohn kan såleis ha blitt kjend med han, og sidan fått den ideen, å ta han med til hovudstaden. Det harmonerer i alle fall med at velyndarane samla i hop pengar (30 riksdalar) mellom publikum for han, og dei skulle syta for at dei kom vel fram og i rett bruk i bygda hans.

Ein annan velgjerar og initiativtakar kan ha vore fabrikkbestyrar ved Nydalens Compagnie, cand.jur. Otto Gjerdrum. Han kom til den stillinga i 1860 etter ha studert spinneri og fabrikkdrift i Lancashire i fleire år. Gjerdrum var ivrig jeger, medlem i Norsk Jeger- og fiskerforening, og i 1870-åra hanka inn i det norske hoffet til kongen med tittel som hoffjegermeister. Nydalens Compagnie, som kan seiast å innleia industrialiseringa i Norge, rett og slett, var ei paternalistisk type verksemd som tok seg av dei tilsette på ulike vis, også dei som var ungar, og skipa til både musikkforeining, songforeining, og godt mogleg Nydalens skiklub i 1886.³⁵⁷

³⁵⁵ Haarstad, 1993, s. 67.

³⁵⁶ Sjå Aftenbladet 15. mars 1866. Eg er usikker på referansen; akkurat denne avistittelen finst ikkje i register over gamle trønderske aviser.

³⁵⁷ Sjå *Nydalens Compagnie*, 1945, s. 31-34.

Kven som stod bak arrangementet, og valde ordet «amatør» i annonsen, vil uansett vera gjetningar. Alle desse tre kandidatane mine, Mejdell, Krohn eller Gjerdrum, kan ha hatt med seg inntrykk og vokabular frå andre land. For alt eg veit, kan det ha vore den som ordna med lysingar i Aftenbladet, som treiv til det. Christiania Intelligentssedler skriv det var våpenøvingforeininga i Kristiania som stod bak arrangementet.³⁵⁸

Men ordet er ikkje i seg sjølv tilfeldig, eller vilkårlig valt. Det er eit viktig moment for meg. Ord er dessutan plastiske. Dei kan flyta frå eit tydingsområde til eit anna, slik jo metaforar alltid gjer. Tydingsinnhald følgjer då med, meir eller mindre. Og noko nytt kan bli tilført omgrepet, slik eg var inne på i bolk II, part 2.³⁵⁹

Substantivet «Amatør» hadde ei nokså klarlagt tyding, og ein etablert bruk i samtida i Norge. I den framandordboka som Mauritz Hansen og A. Autenrieth gav ut i 1851, heitte det om «Amateur (i parantes «Amatør») at han var ein «Kunstelsker». Like eins var «Amatrice» ei «Kunstelskerinne».³⁶⁰ Vel var ordet framandt i opphavet sitt, men det var altså lett å forklara. Fenomenet «Kunst» var ikkje utgreidd i den same utgåva, nok fordi ordet var så endå meir kjent, men ein kan gå utifrå at det handla aller mest om (det vi kallar «klassisk») musikk, (visse former for) arkitektur, maleri, diktning, teater, ballett – det ein stundom kalla dei «skjønne» kunstane.³⁶¹ Ein amatør var ein – eller ei – som elska pianospel eller flotte murbygningar, enkelt sagt. Eller ballett, som Morgenbladet kalla «ren og skjøn Kunst», i 1865.³⁶²

Direkte omsett til tildraginga i 1866, om enn det er 15 år etter utgjevinga av ordboka, kan tydinga vera at Bækken ønska med seg i bakken dei som elska å gå på ski. Kan det såleis bety at det ikkje var motsetninga si han søkte å lokka til seg, men likesinna ihuga skiløparar? Og prinsipielt like mykje kvinner som menn? Det er god grunn til å tru at kvinner var mellom tilskodarane, men eg veit ikkje av at ei eller fleire var med i renninga på ski.³⁶³

I Aftenbladet blei i alle fall prestasjonane hans stadig vekk omtala i retning av kunst. Det heitte at Bækken skulle avlegga prøvar på sin «Kunsthærdighed», og avisa karakteriserte det heile som det «egte norske, livlige og tiltalende Skuespil». Morgenbladet la også mykje vekt på at han hoppa «smukt». Chr. Int. nytta ved eit høve ordet «Amfitheater», og den

³⁵⁸Sjå Chr. Int. 17 mars 1886. For heile referatet sjå Vaage, 1956, s. 98, via avskrifta i Thronhjems Stiftsavis, den 22. mars 1866.

³⁵⁹Jmf. Federhofer og Hodacs, 2011.

³⁶⁰Hansen & Autenrieth, 1851.

³⁶¹Jamfør gjerne forklaringa av ordet «Æsthetik» i Hansen og Autenrieth, 1851, s. 7.

³⁶²Balletten, oppført av det kongelige danske Theatret, blei kalla «dramatisk Kunst». Sjå Morgenbladet 28. juni 1865.

³⁶³Her må eg gjetta: dersom ei kvinne hadde vore med i det som likna ei tevling med Bækken, ville det nok ha blitt understreka av avisene, som noko ekstraordinært.

«Gjesterolle» som Bækken hadde for «Hovedstadens Publikum».³⁶⁴ Kunstdimensjonen rimer med det preget som tildraginga hadde av oppvisning og framsyning for tilskodarane.³⁶⁵

Og han rimer for så vidt med korleis uttrykket kunne bli brukt i andre slags avisannonser i samtida. På 1850-talet var «Amateur» ein typisk figur i samband med avertissement for konsertar, nærmare bestemt ein som bistod ein meir kjend songar eller muskar, eller gjorde mindre nummer åleine, som oftast ein mann, men også stundom ei «amatrice».³⁶⁶ På andre del av 1860-tal var ordet «Amatør» vel så vanleg i dei same type annonsane, altså med ø-en, kunstretninga var gjennomgåande, og framleis, musikk. Kjønnnemninga «Amatrice» – altså med c – levde derimot vidare heilt til innpå 1900-talet.³⁶⁷

Like fullt må det seiast, at akkurat i avisa Aftenbladet finst ikkje ordet amatør (og heller ikkje amatrice/amatrise) nytta i ein slik scenisk samanheng, verken i februar eller i januar månad, og heller ikkje under marknadsdagane i 1866. Søkemotoren til nb.no gjev eitt treff på «amatrice» i Aftenbladet redaksjonelt i 1865, to i annonsesamanheng i Morgenbladet i 1866, og fem dei neste tre åra, med både bergensaviser og hovudstadsaviser inkludert. For ordet «Amatør» og «Amatører» er frekvensen fire treff i 1866, ti for både 1867 og 1868, og 14 i 1869. Då er både annonsar og redaksjonell omtale tekne med.³⁶⁸

Ein kan saktens spørja seg, lenge etterpå: Kvifor nytta ein eigentleg denne nemninga amatør-muskar? Var ein, som ein journalist skreiv langt seinare i *Laagen* i 1941, livande redd for å gje dei mindre dyktige namn? Var avstanden i nivå mellom amatør og ekte kunstnar på 1800-talet etter kvart så stor – at ein måtte anonymisera vedkomande? Låg det forretningsomsyn bakom, at ein kjend songar eller pianist ikkje hadde interesse av å gjera andre namn kjende? Ord *er* mangetydige, endå om ein freistar å skrella av dei tydingane og mistankane som ei seinare tid kan nærja seg på.³⁶⁹

³⁶⁴ Morgenbladet, den 17. mars 1866; Chr. Int. den 17. mars 1866.

³⁶⁵ Her er tolkinga av «skuespil» noko anna enn den Slagstad gjev i retning av omgrepet spetakkel, jmf. Slagstad, 2008, s. 611.

³⁶⁶ Sjå Christiania-Posten årgangen 1851, og datoane 24. mars, 28. sept, 7. okt, 5. nov, 3. des og 15. desember.

³⁶⁷ Sjå til dømes Aftenposten 19. jan og 30. april 1869, og Morgenbladet 1. aug. 1869. Men merk at søk i gotisk skrift ikkje er 100 % påliteleg.

³⁶⁸ Aftenbladet var per 24. november 2020 enno ikkje heilt digitalisert, og undersøkinga er gjort på mikrofilm på Nasjonalbiblioteket i Oslo. Hausten 2021 var så delar av årgangane tilgjengeleg for digitale søk, men eg har ikkje funne så veldig mykje å nemna, av dei nye granskingane eg har gjort (i oktober månad dette året). I 1869, først i Chr. Int., så i avskrift i Bergens Adressecontoirs Efterretninger [BAE], er faktisk Amateur Athletic Club nemnd, i samband med løps- og kastøvingar som klubben heldt mellom militære og sivile – med store tilskodarmengder. Sjå BAE 11. juni 1869. For «Amateur»/«Amateurer» elles er det enkle treff for perioden 1866-1869, alle avisene under eitt, men då er også samanhengar som er uklare (amatører i skyttargraver) rekna med. Elles gjeld dei svakheitene ved søkinga her som elles: gotisk skrift er ikkje like lett søkbar som latinske bokstavar, og frekvensen av aviser som er digitalisert, eller for den del lansert, er ikkje konstant frå år til år. Aukande frekvens kan visa til aukande mengd aviser i den norske offentlegheita.

³⁶⁹ Laagen, den 9. november 1941.

Eg noterer meg her at amatøreren i desse andre kunstfærene var ein aktiv figur; han eller ho var utøvande. Dette skil seg såleis noko frå samanhengen til Bækken , der både tilskodarar og deltakarar var å forstå som «amatørar», strengt teke. Men i begge samanhengane er kjeldene mine enkle avisannonser. Forskaren Randi Selvik har med langt breiare kjeldemateriale synt korleis den borgarlege kulturen i den musikalske praksisen knytte dilettantomgrepet til både det å utøva musikk og det å lytta til musikk. Fenomenet *publikum* blei på eit vis oppdaga og gjort til gjenstand for refleksjon – slik også Habermas skriv om det. Også i den moderne idretten kom publikum til å få ei framskoten rolle. I staden for at svimlende sirkusprestasjonar skulle ta pusten frå dei, vaks tanken om at tilskodarane skulle anerkjenne dugleikane og sjølve få hug å læra seg dei. Men no føregrip eg begivenheitenes gang, som bokmålsfolk seier.³⁷⁰

Det som skil amatøreren i musikkannonsane frå samanhengen av skioppvisninga til Bækken , er at den kjende musikaren truleg *på førehand* var kategorisert i ein annan dimensjon enn den anonyme amatøreren. Han eller ho spelte, for å nytta ein seinare sportsmetafor, i ein eigen klasse. Bækken sette statusen sin, kan ein seia, meir i spel. Det ein også kan bita seg merke , er at ordet amatør blei nytta i denne annonsen, og ikkje det veldig nærliggjande «Dilettant». I ordboka til Hansen og Autenrieth var tydinga her identisk: «en Kunstelsker, Kunstynder, Kunstdyrker» – motsett «den egentlige Kunster». Å dilettare tydde ifølgje den same forklaringa «å drive Kunst til sin Fornøielse».³⁷¹

Dette aller siste tillegget om verbet skulle nok ikkje tyda at dilettanten på dette tidspunktet eller litt seinare i historia gjorde sine ting av fornøyning og lyst, medan den eigentlege kunstnaren var prega av mollstemte plikter, for ikkje å tala om mold og sut for det daglege brød. Edvard Grieg var rett nok musikk lærar i Kristiania i åra 1866-1869, og gav symfonikonsertar samstundes. Men han var ikkje å forstå som ein simpel handverkar eller «omreisende» kunstnar for det. Han var musikal i romantisk forstand – og fekk komponistgasje av Stortinget alt i 1874.³⁷²

Tilhøvet mellom dilettanten og den heiltidsengsjerte musikaren og skodespelaren hadde vore omvendt før 1850. Kunsthistorikaren Carl Schnitler skildra i si tid embetsmannskulturen (ca. 1814-1840) som ein «dilettantismens gullalder» i mange kunstretningar, til dømes var

³⁷⁰ Selvik, 2011, s. 177.

³⁷¹ Hansen & Autenrieth, 1851, s. 86.

³⁷² Som Anders Johansen skriv om dei første tiåra på 1800-talet: «Å ta seg betalt for å opptre slik, var direkte uanstendig; omreisende skuespillere beveget seg på «de skrå bredder». Johansen, 2017, s. 164. Mor til Edvard Grieg, Gesine Grieg, tok seg visst godt betalt som pianolærer i Bergen. Dette kunne ho truleg gjera i kraft av oppdragarrolla hennar som kvinne. Når ho spelte i det det harmoniske selskap, blei ho truleg ikkje lønna. Som Randi Selvik skriv: «Fremdeles i 1830-årene medførte det en stands- eller klassemessig degradering å utdanne seg til profesjonell musiker for *menn* fra den bergenske overklassen. Å leve *for* musikken var sosialt akseptert for begge kjønn, å leve *av* den var noe annet.» Gesine Grieg var altså egentleg dilettant, og likevel i sitt nivå langt over mange av yrkesmusikarane i Bergen. Selvik, 2011, s. 191.

prosten Niels Hertzberg både ivrig akvarellmalar og kartleggar, overlærer Lyder Sagen dreiv ein teikneskule i Bergen, og teologen og eidsvoldmannen Nicolai Wergeland (far til Camilla Collett og Henrik Wergeland) var svært ihuga både å teikna og å dikta. Kunsten meir generelt, som Anders Johnsen skriv i boka *Allmenningen*, var i denne epoken ikkje skilt ut som eige, sjølvstendig aktivitetsområde med særskilte normer. Marknaden var for liten, og publikum «ennå estetisk utrent». Eller kanskje vel så presist, slik som Jon Nygaard (2015) rammar det inn: Profesjonaliseringsprosessane var for dei ulike kunstretningane ikkje fullførte.³⁷³

Ein «Dilettant» hadde altså tydd noko positivt tidleg på 1800-talet, i samanheng av kunst og vitskap. Han var forbunden med fridom, og kunnskapstrong, og stor iver. Schnitler stod enno forlenginga av i denne tradisjonen, eller i ein slags nostalgi om han, då han skreiv at dilettantismen var prega av «smak og nitidig utførelse».³⁷⁴ Det som skjedde etter 1850, meir og meir, var at kunst blei løfta opp i ei eiga sfære. Kunst blei noko vesentleg anna og ikkje berre betre enn dilettantisme og det tilhøyrande handverket, så som broderi, og kanskje kopiering av kva andre hadde drive med. Kunst blei omsynslaus individuell innsats; kunsten blei eit personleg og nærmast nådelaus kall. Den romantisk forståtte kunstnaren var besjela, og til og med geni. Etter dette fekk sjølve ordet «dilettantisme» negativ valør; «den slemme betydning, det endnu har, men som var de gamle ganske fremmed», som Schnitler ordlegg seg. Både ordet «amatør» og uttrykket «dilettant», og for så vidt «liebhaberen», fekk med tida den definerande motsatsen sin i kunstnaren med stor K. Musikkannonsane med amatørar syner til, og lèt seg aller best forstå, av denne same tendensen.³⁷⁵

Det fører for langt (for tida eg har til denne avhandlinga) å skulla tidfesta akkurat når denne overgangen i lading og i tyding av ordet «Dilettant» skjer i norsk kunstoffentlegheit etter 1850. Ein må dessutan hugsa at den breiare offentlegheita gjer biletet meir komplisert. Det fanst endeleg dei rundt 1850 som forstod ordet som motsats til ein fagmann, altså synonymt med ein «Legmand». Slik nytta P.A. Munch ordet i boka *Om den saakaldte nyere historiske Skole* i 1853. Men det kan tenkjast at ordet «dilettant» blei tidlegare lada med noko negativt enn ordet «amatør», og det var difor den sistnemnde termen vart nytta i samband med rennet til Bækken i 1866. Den siste gongen eg finn «Dilettant» nytta i annonsane for musikkarrangement, er i Bergens Adressecontoirs Efterretninger den 29. og 30. aug 1860. Det som talar mot ei slik


³⁷³ Schnitler, 1911, s. 386. Johansen, 2017, s. 171. I politisk samanheng talar ein gjerne om *embetsmannsstaten* og tidssrommet 1814-1884. Her viser eg til Slagstad & Mæssel, 2014, s. 9. Profesjonaliseringa av kunsten kan forståast som a) spesifikke utdanningsintitusjonar (og også handverk- og yrkesutdanning), b) som det å kunne leva av kunsten, som c) offentlegheiter, institusjonar og statlege bidrag. Sjå Nygaard, 2015, s. 147. Dette er då mine tolkingar av éin artikkel, og ikkje ei utlegging av heile teorifeltet 'profesjonalisering'.

³⁷⁴ Schnitler, 1911, s. 386.

³⁷⁵ Schnitler, 1911, s. 384.

tolking, er bruken av «dilettant» i samband skøytekunsten ved Akerhus festning, som eg siterte i Romdals Budstikke frå 1869. Ordet «liebhabere» blei også nytta i positivt konnotasjon i Morgenbladet den same vinteren 1866.³⁷⁶

Eit N-gram over frekvensen av dei to orda i norske aviser i perioden 1860 til 1880 tyder på at eit skifte skjedd først etter 1870.



Skjermdump av Nb.no-søk 28. jan 2021.

Med ordet «liebhaber» inkludert i søket, ser ein kanskje dette endå tydlegare:

³⁷⁶ Atter basert på søkemotoren til nb.no, og dei feilkjeldene som finst i gotisk skrift, og i alle dei avisene som ikkje er digitalisert per 31. aug 2020. Morgenbladet etter *Indherredsposten*, og trykt den 19. mars 1866: «Saaledes ogsaa med den gamle her til lands yndede Skiløberkunst, der nu i lange Tider har været i et beklagelig forfald, naar undtages, at den har været vedligeholdt af forholdsvis ganske faa Liebhabere [...]» Munch, 1853, side 14.



Skjermdump av Nb.no-søk 28. jan 2021.

Kan det også vera slik at ordet amatør, og det omgrepet som både dette uttrykket, og «dilettant», og «liebhaber» syner til, kom til heider og verdigheit på grunn av idretten? At det oppsvinget som gav seg av organisert idrett etter 1880, skapte eit oppsving for amatørfiguren også? At idrettshistoria fortel ei anna utvikling av amatøreren enn kunsthistoria gjer, berre innanfor eit så kort tidsrom som 1890-1900?

Matti Goksøy (1991) har merka seg at ordet «Dilettant» vart nytta for ulike typar nybegynnarar på 1800-talet: Oftast brukte ein det i teatersamanheng, men slik det dukka opp i kontekst av roing i Bergen omkring 1880, kan det sjåast som ein forløpar eller føresetnad for det å vera ein amatør i idrettssamanheng, meiner han. Eit anna tilliggjande uttrykk her var «en Sportsmand». Rette klede og tilhøyrse til klubb var avgjerande for denne kvalitetsmarkøren. Samstundes må ein seia at ordet «mand» kjønnsbestemmer feltet meir enn kva ordpara amatør og det tilhøyrande *amatrise* gjer.³⁷⁷

Eg skal venda tilbake til den breiare kunstforståinga av ordet amatør i ein seinare part (part 3), og nokre kjelder som tyder på nettopp klangforskjellane mellom «dilettant» og det «finare» ordet «amatør». Der skal eg også streifa kva denne delhypotesen har empiri til støtte for seg, og kva som trekkjer han i tvil.

³⁷⁷ Goksøy, 1991, s. 146.

Kanskje kan ein leggja til at tidspunktet for skioppvisninga var lagt til ei nokså stille veke i Kristiania. Bortsett frå ein auksjon i tre-tida (Møllergata) og ei fastegudsteneste (Vor Frelzers kirke) seinare på kvelden var det få andre arrangement som tevla om merksemda. I midten av mars var dessutan ettermiddagane ljose, slik at Bækken kunne vona på mange skode- og skilystne som kunne koma etter arbeidstid. Morgenbladet føreslo for seinare år – viss til dømes Centralforeningen tok initiativet – å leggja eit skirenn til marknadsveka i februar månad. Då var fleire tusen «Oplandsbønder» i byen, som nok mange av dei var dyktige å gå på ski, meinte avisa. Men marknadsdagane ville samstundes ha skapt ei mykje meir laussluppen ramme, med hestetemningskurs, sal av nissar, «lirendreiere og lurendreiere», og fleire fridagar for skuleelevane i Kristiania. Amatøren og amatrisa var stort sett å finna i meir ærverdige salar som Hotel du Nord og Frimurerlogen. Sånn sett kan det ikkje ha skada rammene av skikkelegheit og borgarlegheit for skirennen – at det fann stad i nærleiken av Gamle Aker kirke.

Ordet amatør gav truleg på same måten signal om noko kulturelt litt meir opphøgd.³⁷⁸

Men éintydig slik er avisoffentlegheita ikkje. I ein annonse for eit arrangement på Hotel du Nord i juli 1866 heitte det at «paa Ofordring af flere Amatører» ville professor Nicholas (og dottera Helena frå Paris) syna fram biljard, og «den høiere humoristiske Magi». Her kan amatørfiguren forståast i beste fall som ivrig biljardspelar.³⁷⁹

«Morskabstheater»

Kva vi i alle fall kan slå fast, utifrå kva aviser og vekeblad *ikkje* fortel om liknande arrangement og omtalar, at det ikkje fanst nokon etablert marknad for å driva med vinteridrettsoppvisningar på fast basis då. Omreisande gjøglarar og sirkusartisar fanst, rett nok. Dei nytta seg gjerne av marknadsvekene rundt om. Eg har alt fortalt om Madame Henriksen («Herculesinden») og Herman Hansen («Appelsin-Herman»), som gjorde springing til inntekter for seg på 1840-talet. F. M. Jensen frå Danmark gjorde «hurtigløbning» att og fram på ei viss tid i Lillehammers gater den 24. april 1855, etter ei annonse i *Lillehammer Tilskuer* å dømme. Han vona også å få samla inn pengar. Og Morgenbladet fortalte i slutten av mars månad 1866 at rykte om amerikanaren Jackson Haines, omreisande skøytemeister til ulike byar i Europa, hadde samla store skarar til skøyteisen i Stockholm. Han tok truleg pengar av dei som skulle sjå på han, heitte det. I teorien kunne han gjort det same i Kristiania. Men han kom dit først i 1869.³⁸⁰

³⁷⁸ Jamfør her kva Matti Goksøy skriv om termen som «kulturelt signal» i samanheng av sykkelkrinsane i Bergen i 1889. Goksøy, 1991, s. 262.

³⁷⁹ Sjå Morgenbladet den 27. juli 1866.

³⁸⁰ Morgenbladet, 31. mars 1866.

Elling Bækken dreiv uansett ikkje «kunsten» sin slik. Han var husmann og bufast i Søknedalen, i alle fall inntil 1866. Altså dreiv han heller ikkje med ski som noko handverk eller «profession». I ordboka frå 1851 var «en Professionist» å forstå nettopp ein «Haandværker», og «professionel» var adjektiv for «haandværksmessig» eller «kaldsmæssig».³⁸¹ Med andre ord: Den eventuelt definerande motsatsen til «Amatører» i annonsen i Aftenbladet har neppe vore den profesjonelle i ei eller anna tyding. Bækken har nok ikkje sett på seg som ein fagmann eller etablert handverkar på ski. Han har heller ikkje tenkt på seg som profesjonell kunstnar, og liksom tilskodarane som anten lekfolk eller litt lågareståande liebhavarar. Kanskje er det ikkje så opplyssande å leita etter motsetninga av dette ordet «amatør» akkurat her. Det er meir sannsynleg, trur eg, at annonsøren, kven han no var, har trivd til eit ord frå den offentlege kunstsfera elles, av mangel på andre, og i den samanhengen veletablerte ord.

Ordet «Skiløber» fanst endeleg, og var i vokster i avvissamheng, som synt i førehandsomtalen av Bækkens renn. Ja, dette ordet beint fram bugna i fullt monn også i to bøker som eg også har nemnt, men der var samanhengen først og fremst militær.³⁸²

Sivile skirenn var i framgang omkring i landet, det syner Aftenbladet og Morgenbladet av omtalar berre i mars månad 1866. Men enno hadde ein altså ikkje hatt kunngjorte og organiserte skitevlingar i Kristiania – i regi av sivile foreiningar og/eller menn (evnt. kvinner). I omgrepet ‘Skiløber’ i så måte, var i auke denne elskan som somme menneske hadde til å røra seg utandørs om vinteren – på heller smale plankar av furu eller ask – når berre snøen kom. Men også i sin spede start: Denne trongen til å måla krefter og dugleikar på ski med andre.³⁸³

Det siste var meint å skunda på det første. Alt ved tildraginga med Bækken etterlyste Morgenbladet endå meir organiserte skirenn med premiar, for å lokka folk ut på ski. Presten Otto Theodor Krogh gledde seg den same våren (i Morgenbladet) ved dei renna som alt var tilstelte – og kva dei peika mot. Ski og friskluft kunne kanskje kurera mot pietisme, til og med, meinte som nemnt *han*.

30 spesidalar

³⁸¹ Hansen & Autenrith, 1851, s. 277.

³⁸² Fleirtalsforma «Skiløbere» er brukt tre gonger i 1865, mot ingen i 1864, etter søkemotoren til nb.no. Den eine gongen, i Morgenbladet den 7. april 1865, vitnar rett nok om at Carl B Roosen, som reklamerte for den komande boka si om «praktisk Fremstilling af Skiløbningen i Almindelighed» tenkte breiare enn berre (vinter)forsvar av Norge. Første treff på «skiløber» i avisene etter 1819 er i 1863 (1 gong) og ingen i heile 1864. 5 gonger dukkar ordet opp i 1865. Men søket er gjort i aviser med stort sett gotisk skrift, og feilkjeldene florerer.

³⁸³ På forsida av Aftenbladet 13. mars 1866 var det omtale av eit skiløp nyleg ved Horten. Under overskrifta «Et Præmie-Skirend» Morgenbladet om to andre skirenn den 19. og 25. mars 1866, i Steinkjer og Krødsherad, henholdsvis.

No skal det ikkje stikkast under ein stol, som det heiter, at Bækken viste fram skidugleikane sine med von om å tena pengar også. Dette kom fram av den redaksjonelle omtalen i Aftenbladet, og i avskrifta i Morgenbladet. Men kan henda var det først og fremst opphaldet og kosten han satsa på å få dekka, slik som det jo stod i avisene. Og kanskje var han overvelda av å ha fått samla inn (godt mogleg ved hjelp av andre) heile 30 spesidalar. Han kunne ha teke båt til Quebec for 14 spesidalar, eller kjøpt ein splitter ny sofa for tre spesidalar, eller abonnert på Morgenbladet eit halvt år for tre spesidalar, eller ete seg mett på Christiania Dampkjøkken for 12 skilling kvar kveld – lenger enn eit halvt år. Truleg var det difor han hadde uttala at Kristianiafolk var så «fremifra snille». Det hasta kan henda for han å koma heim neste dag. Han må ha vore bra stolt. Han, som hadde lånt ei rundtrøye med sølvknappar på. Kva ville Pauline seia? Men han kan ha blitt freista til å venda tilbake til byen også, med familien sin. Kan henda fanst det eit lettare arbeid å få ved ein av fabrikkane der?³⁸⁴

Avisene for sin del sådde ikkje mistru om motivasjonen hans på grunn av pengane. Det er snarare grunn til å hevda at dei innsamla spesidalarane vel så mykje peika på den æra som Bækken hadde hausta inn med skibedriftene sine.³⁸⁵

Kan det då tolkast slik at kategorien «amatør» i annonsen skulle antyda at Bækken var den som skulle ta hand om dei vonlege pengane, medan andre deltakande i skirennet skulle spela mindre og i alle fall ubetalte roller? Det ville vera å leggja for mykje av seinare tids (økonmisk-)juridiske dimensjonar i uttrykket. Det same gjeld eventuelle moralske og estetiske kvalitetar ved idrettsamatøren anno 1866. Distinksjonen «amatør-professionist» er i alle fall heilt uaktuell på idretten sine eigne premissar. Ein må hugsa at sfæra av idrett ikkje var så klart skilt ut frå annan menneskeleg aktivitet, så som musikk, eller teater, eller jakt, og heller ikkje så tydeleg fanga i bestemte ord. Det vi i dag ville kalla eit oppvisningsrenn, var for Aftenbladet både «Prøver paa sin Kunstfærdighed», det «norske, livlige og tiltalende Skuespil» og eit «Skirend». Studenten Holmboe, som hadde klart det villaste hoppet til slutt, blei såleis kalla «Dagens Sejrrherre» i Christiania Intelligentssedler. Der blei også orda «Væddekampen» og «Rivaler» nytta. Morgenbladet tala om både «smukt» skirenn, og «Skirendsidrætten» og «hans konkurrenter». Kunstkategoriar var blanda med nemningar som tyda på kappestrid, mannjamning, og kåring av den aller beste; element som vi i dag forbind som oftast med

³⁸⁴ Dette er delvis basert på kva Erling Bjørke skreiv i ein artikkelserie om Bækken i Ringerikes Blad 7. og 11. april 1949, og dels på kva ein kan gjetta seg til at han har tenkt. Akkurat når Bækken og familien flytta til Kristiania, veit eg ikkje. Men det er truleg at Otto Gjerdrum knytte han til seg i fabrikkjen Nydalens Compagnie, kanskje som skilærar som del av stillinga. Bjørke baserer seg elles på notat og intervju som kyrkjesongaren Edv. Vikar hadde gjort.

³⁸⁵ Edvard Bull, under signaturen «Juvenal», tolka bedrifta i tropane og ånda etter Homer, i Studentersamfundets avis. Dette baserer eg på omtale og sitat av diktet i *Østlendingen*, 26. nov. 1934.

organisert idrett eller sport. Men framsyninga, og annonsen, hadde også drag som kunne minna om kva gjøglar og sirkusartistar dreiv med. Førelegget er ikkje nødvendigvis berre den «finare» kunsten. Slik sett kan ein endeleg drøfta om Elling Bækken kan kallast ein pioner, eller ein etterapar.

Utan å vilja pressa denne eine kjelda for hardt: med invitasjonen til «Amatører» antyda annonsøren at han vona på eit kyndig og deltakande publikum. Oppvisningsrennet til Bækken røper at ei vurderande idrettssoffentlegheit er i emning, og ikkje berre ei slags sirkusførestilling der byfolk skulle lata seg bli imponert.

Engelsk impuls?

Så må det også seiast: Alt dette som fanst av rom for kroppslege framsyningar av ulike slag, og ein for lengst etablert tradisjon omkring orda amatør og amatrice, tyder ikkje at den engelske påverknaden på idretten i Norge ikkje fanst, eller ikkje var kjend. Aftenbladet skreiv sjølv, som innleiing til referat av rennet til Bækken, at det er, «en Idrætternes tid, vi lever i». Medan lekamsøvingar av alle slag ifølgje avisa blei oppfatta som ørkesløst tidsfor driv i Norge for ikkje så lenge sidan, blei det no arbeidd av alle krefter for å breia ut interessa for all lekamleg idrett, anten han no var ny eller gammal i landet. Og det var ikkje godt å vita, om den tette kontakten med engelskmennene hadde del i dette, skreiv avisa vidare. Men det er visst, og no siterer eg:

at den for dem ejendommelige Iver for alskens *sport* ogsaa har bemegtiget sig Gemytterne her hos os, og der en Iver, som stemmer godt overens med vore nationale Tilbøjeligheder og vore Forhold i det hele taget, hvorfra den nu end maa have sin Oprindelse.³⁸⁶

Her gjekk skribenten så vidare til å lovsynga skisporten som den ekte nasjonale idretten han var. Altså: Aftenbladet vurderte det slik at påverknaden for fleire idrettsstemne i Norge nok kunne sporast til impulsar frå det sportselskande engelske folket, men at denne innstillinga hadde god jord å slå røter i – slik forholda i landet og slik sinna til nordmennene alt var stemt. Dels var konkurransetrongen ein import; dels var idrettsdyrkinga, og då særleg skiløpinga, ein slags norsk renessanse.

Eit slikt tvisyn trur eg er svært produktivt – også for den som forskar på perioden og på amatørførestillingane.

Oppsummert:

³⁸⁶ Sjå Aftenbladet, fredag den 16. mars 1866 (på side 2, om enn unummerert).

Eg har vist at ordet «Amatør» blei brukt i idrettssamanheng alt i 1866 i dagsavisa Aftenbladet. Elling Bækken vona amatørar i Kristiania ville møta fram for å sjå på han, og kanskje sjølve ta del og måla seg mot han, i skirennet. Eg har vist at det fanst ein bruk av ordet i samanheng av kunstarrangement i Norge som arrangøren, kven han no var, kunne dra vekslar på. Amatørfiguren var ivrig og nokså dyktig, slik også ordbøkene definerte han; han – eller ho – elska den aktiviteten det var tale om. Juridiske eller sosiale, moralske eller estetiske dimensjonar ut over dette kan ein vanskeleg tala om på dette tidspunktet i saga.

Kapittel 2. Centralforeningen på Iversløyken

I 1867 skipa Centralforeningen til eit ope skirenn på Iversløyken, omlag der Elling Bækken og Kristiania-studentane nordifrå hadde herja og hoppa året før. Arrangementet fann stad fredag føremiddag under marknadsveka, slik som Morgenbladet hadde føreslått i 1866. «Præmieskiørend ved Christiania», som det blei kalla, var annonsert i Morgenbladet og Aftenbladet nokre dagar i førvegen, og godt mogleg i andre aviser tidlegare. Tanken var uansett at mange «oplandsbønder» og andre bygdefolk var i hovudstaden i samband med marknaden den veka, og såleis blei det sett opp plakatar om det tilstundande rennet (dersom føret gjorde det mogleg). Det er rimeleg å tru ein heil del av dei kom på ski, eller hadde ski med.³⁸⁷

Dette kapittelet fortel om denne tildraginga, om reglane og dei moglege tankane som låg bak dei, og om korleis avisene oppfatta rennet. Rennet er viktig fordi Centralforeningen sjølv skriftleggjorde intensjonen sin med det, og dermed den føringa for lokale skyttarlag som låg implisitt i konkurransemåten her, og på grunn av dei fleire avisreferata og diskusjonsinnlegga som finst om det. Spørsmålet mitt er til sist om det låg noko amatørmessig, eksplisitt eller implisitt, i premierrennet anno 1867 eller i omtalen av det.

Arrangørstaben var fire i talet; major Peter Munch Petersen, kasserar Jørgen Gjerdrum, assessor W. Erichsen og forstandar H. Klouman, alle menn. Dei hadde laga eit utførleg program og reglement for premierrennet, som blei trykt i alle fall i Aftenbladet den 6. februar. Her var det både eit avsnitt om løypa («Banen»), og om skiløparane («Skiløberne»), og spesifikt for «Publikum». Publikum var hjarteleg velkomne, men militære menn og konstablar ville vakta banen på innsida. Køyrande (med sledar) var lova svinge- og haldeplass, damer sitjeplass, og born under 12 år halv pris (12 skilling). Dei skulelærane som ville ta med heile klassar, skulle få sjå på gratis, både dei og borna. I dette må ha det lege ein tanke om at rennet var til gagn eller inspirasjon for ungane – som elles hadde fri frå skulen på grunn av marknaden denne veka. Billettinntektene elles har gått til finanisera arbeidet og premiane som Centralforeningen sette opp, og ikkje for noko marknadsmessig profitt.

Dei skiløparane som ville melda seg på, måtte gje fullt namn, stilling, alder, bustad og kva ski ein akta å bruka. Det sa seg truleg sjølv at ikkje born skulle melda seg på – dei var enno sjeldan velkomne i offentlegheita, og heller ikkje ofte kvinner – av nokolunde same grunn. Ein

³⁸⁷ Annonser i alle fall i Morgenbladet 4. og 5. feb. 1867: at det ville finne stad 8. feb. (4.de marknadsdag), oppmøte ved Christiania Skytebane i Geitmyrsveien, adgangsteikn for publikum 12 skilling. Kalla «Præmie-Skiørend». Referatet i Morgenbladet 9. feb. 1867. Programmet, og referatet i Aftenbladet, og debattinnlegget nokre dagar seinare der, har eg frå Skiforeningen, 1898.

annan og hypotetisk ting er kva Centralforeningen ville ha sagt om ei kvinne hadde insistert å melda seg på. Morgenbladet *hadde* fortalt om kvinner som tevla om premiar i Krødsherad året i førvegen – og om Ingrid Olsdatter Vestbyen i 1863³⁸⁸ Og kvinner var synlege i kunstfentlegheita, både som «amatriser»/ «amatrici», og som namngjevne musikarar.³⁸⁹

Kva som var premie, og var dei eventuelt var verdt, var ikkje nemnt i innbydinga eller programmet. Om løparane kunne vera så *gamle* dei ville, seier ikkje programmet noko. Av referatet i Aftenbladet går det i alle fall fram at arrangøren major Munch-Petersen, som var meir enn seksti år gammal, hadde hausta hurra-ord for at han framleis dyrka gleda ved å gå på ski.³⁹⁰

Reglar

Dei påmeldte var 37 i talet. Seks var studentar, elleve var militære, sju var handelsbetjentar eller fullmektigar, resten var handverkarar frå byen, eller altså bønder og bygdefolk av ulike slag, men berre menn. Elling Bækken var meldt på, utan nokon tittel eller stilling. Kan henda var han (og familien) flytta til Kristiania alt, og tilsett i Nydalens Compagnie. Skal ein tala om samfunnsklassar samla, må ein kunne seia dei var godt blanda i hop. Éin var skomakar. Berre 26 av desse påmeldte stilte så til start, kva no grunnen til forfallet var.

Skiløparane skulle prøvast i ein runde («rendebane») som skulle gåast tre gonger; planen var 3300 alen totalt (= ca 2 km), men den siste runden blei kutta noko då rennet blei avviklast. Dersom eg har forstått opplegget rett, var det tre ulike spor eller «løp» i den første utforbakken, med ulik vanskegrad (to av dei med hopp), og løparane skulle gjennom alle tre variantane. Med andre ord var ikkje kvar runde heilt lik.

Kva det gjeldt om, var å bruka kort tid («Hurtighed»), men med god stil («Holdning»), balanse og trygg skiføring («Sikkerhed») og «en fornuftig Brug af Staven». Det blei presisert at ein ikkje burde bruka staven i den første og lettaste utforvarianten. Førebiletet for ei slik variert og mangfaldig prøving fanst i dei renna som var blitt skipa til i Horten (1866), og nær Hønefoss og i Trondheim dei to siste åra, men kanskje også i slikt som blei drøfta i Morgenbladet etter oppvisningsrennet i 1866. Signaturen «L.T» (Otto Theodor Krogh) hadde ytra då at ein heller enn å berre laga til hopp, og lata løparane ta av seg skia mellom kvar omgang, burde ein laga «en Fjerdingsveis Længde» og måla løparane i «Udholdenhed, Kraft og

³⁸⁸ For rennet på Krødsherad og kvinneklassen der, sjå Morgenbladet 25. mars 1866, nr. 84A. Kven som var arrangør her, seier ikkje referatet.

³⁸⁹ Fru Louise Michaëli, tilsett som songar ved det kongelege teatret i Stockholm, var hovudattraksjonen i annonsen for Arbeiderforeningens lokale i Bergen då ho heldt avskilskonserten sin der i oktober 1867. Sjå BAE 15. oktober 1867. Her var også ein amatør i aksjon, i nokre utvalde operanummer.

³⁹⁰ Premiane var alle gjenstandar i sølv, men verdien deira gjevne opp i spesidalar (dette i Aftenbladet), for vinnaren heile 10 spd. Talar og hurrarop, vin og skålar høyrde med til seremonien ein time etter sjølve tevlंगा.

Ferdighed i ligesaavel at gaa opad som løbe nedover bratte Bakker». I Tromsø hadde han sjølv skipa til slike lengeløp i 1843.³⁹¹

Løparane i Kristiania før no ut ein og ein. Lett skodde gjorde at publikum ikkje såg alt som løparane var gjennom. Kva som var lettast å måla, var tida dei nytta på rundane samla. Kva som blei mest eit spørsmål om skjønn og tolking, var den såkalla «Holdning». Og dessutan: Korleis ein skulle vekta mellom dei ulike karakterkriteria – for å kåra «Dygtighed» på ski? Ifølgje Aftenbladet laga ein karakterar for alle dei fire ferdigheitene, og laga snitt av desse igjen. Kven som sat i sjølve dommarpanelet, er ikkje sagt, men truleg var det dei fire nemnde mennene. Han som blei nummer tolv i samandraget, hadde den nestbeste tida (Andreas Hofsmeyren frå Hallingdalen). Vinnaren var kadett Olaf Weiss Gjerdrum, eldstesonen til Jørgen Gjerdrum.³⁹² Nummer tre var allerie utdanna løytnant Olaf Wilhelm Petersen. Begge hadde vore med i oppvisningsrennet i 1866. Elling Bækken, som hadde fjerdebeste tid, blei nummer fire også etter samla vurdering.

Avisene kom med sine tolkingar av bedømminga dei påfølgjane dagane, som stort sett følgde den offentleggjorte resultatlista, om dei kanskje ikkje fullkomment einige i alt, verken med kvarandre eller med bedømningskomiteen. Morgenbladets referent syntest å vera for det meste lojal med dommarane, og forklarte at Gjerdrum og Petersen hadde kome så høgt på lista fordi dei hadde vist «Sikkerhed og Plasticitet» i måten dei klarte hoppa («Stupene»), sjølv om han innrømte ein viss grad av subjektivitet i dette som hadde stilvurdering å gjera. Publikum hadde bifalle denne vurderinga også, skreiv han. Men publikum hadde visst ikkje forstått eller anerkjent (og her kan ein vel ana at Morgenbladet sjølv var noko samd med dei) at skomakaren hadde hamna sist mellom dei premierte, slik han så sorglaust og utan uhell sette ut over alle bakkane. Men kan henda hadde han vore «noget løs i sine Bevægelser», heitte det. Dette synte vel tilbake til vilkåret «Holdning». I det heile fekk alle dei militære honnør for haldninga si i denne avisa. Elling Bækken fekk nokså lite ros: han «gjorde ingen vakker Figur, var noget tung i Svingningen og gjorde sig forøvrig bemærket ved at sætte Benene langt fra hinanden under Løbet»; noko referenten tolka som overdriven forsiktighet. Han brukte visst også staven for mykje, heitte det her.³⁹³

Aftenbladets skribent forsvarte endå meir at dei militære hadde synt den beste haldninga. Hallingdølen Andreas Hofsmeyren, som jo hadde hatt nest beste tid, datt i to av tre utforrenn, og «førte sig paa en meget uskjøn Maade», stod det. Verken publikum eller alle

³⁹¹ Morgenbladet, den 1. april 1866, under overskrifta «Skiløben og Theologie.»

³⁹² Folketeljinga av 1865 for Kristiania kjøpstad tyder på at Olaf Weiss Gjerdrum var eldstemann i ein søskenflokk på heile 11 born. Faren Jørgen Herman Gjerdrum var då ført opp med «kassarar» som yrke. Sjå Folketellingen 1865, u.å.

³⁹³ Sjå Morgenbladet, den 9. feb 1867.

deltakarane hadde heilt forstått at dei blei evaluerte gjennom heile banen (også på flatane), heitte det vidare, og når ein baserte sluttrangeringa på skjønn, måtte ein rekna med ein og annan kjende seg foruretta. Om det faktisk var murring mellom løparane, seier ikkje referatet noko meir.³⁹⁴

Det er uklart om løyntnantane og kadettane tevla i uniformar, og med til dømes den tradisjonelle flate kepien til hovudpryd. Bortsett frå ein student som var kledd i «Døledragt», ifølgje Aftenbladet, som vel å forstå som ein bunad, var ikkje kleda nemnt i avisene. Om Elling Bækken blei det skrive langt seinare at han skreid i grøn halsklut og «flagrende Frakkeskjøder», noko som må takast med ein god porsjon skepsis. Kan henda var det slik at ein viss militær estetikk synte seg i kriteriet «Holdning», eller så var det kanskje slik forventinga om at dei militært uniformerte førte seg rett, påverka dommarar og aviser i vurderinga. Løyntant Olaf Petersen, som Aftenposten tok i forsvar, var då også son til arrangøren Munch Petersen. Sjølv sagt kan det også ha vore slik at stilen til dei militære var opplagt mykje vakrare – for alle i hop. Dessutan: det «militære» var ikkje fastlagt for alltid, og for alle og ein kvar.³⁹⁵

Det eg forsøker å tematisera akkurat her, er kor vidt premieringa var gjennomsiiktig, altså forståeleg og basert på like vilkår, og kor vidt sluttbedøminga blei oppfatta slik. Det er vanskeleg å skjønna korleis skiløpet kunne verka forlokkande utan at deltakarane hadde ei forventning om det. Kva ein i alle fall kan merka seg, er at publikums reaksjonar ikkje var heilt uvesentlege for korleis avisene oppfatta skiprestasjonane. Som offentlegheit samla sett kunne ein vel seia ho var prega av forsiktigheit.

Kanskje var ho også av ein festleg sjargong. Talar og hurrarop, vin og skålar høyrde med til seremonien ein time etter sjølve tevlinga. Premiane var alle gjenstandar i sølv, og verdien deira var gjeven opp i spesidalar (dette i Aftenbladet). Summen av sølv-gjenstandane samla sett steig kan henda over den slumpen som Bækken hadde fått samla inn året før, men vinnaren fekk noko som var berre verdt ein tredjedel i reine pengar (10 spd). Den symbolske storleiken, eller minnedimensjonen, var truleg viktigare i alle fall for arrangøren enn den materielle storleiken. Pengar var likevel ikkje totalt uvedkomande dette sentrale skirennet i Kristiania i 1867, sidan avisa hadde fått tilgang til premieverdiane. Det er mogleg å sjå for seg at einkvan pantsatte premien, eller i alle fall *vurderte* den moglegheita.

³⁹⁴ Sitert etter Skiforeningen, 1898, s. 47.

³⁹⁵ Huitfeldt 1908, 58. Kadett Olaf Gjerdrum, som altså var elev ved krigsskulen, er i seinare folketeljingar titulert som ingeniør, og i 1875 busett i bergstaden Røros. I 1880 emigrerte han til Chicago, i lag med den eine broren sin. Dette fortalde han om i Dagbladet to år seinare, som eg skal koma til.

Om dette igjen kunne påverka *haldninga* til renndeltakarane i negativ lei, seier ikkje kjeldene mine noko. Eg nemner dette stikkordet her, sidan eg alt har meisla det ut som ein nøkkel inn til amatørtematikken i idretten.

Kom det så til diskusjon i avisene i dagane etter avviklinga – som er relevant for meg? I Aftenbladet den 28. februar 1867 ytra ein «Innsender» seg over mange spalter, og med forsøksvis konstruktiv kritikk. Siktemålet med rennet hadde vore å vekka og breia ut sansen for skiløping, for «den smukke nationale Idræt, at rende paa Ski», skreiv han. Men for få hadde meldt seg på, og for få hadde kome for å sjå, meinte han. Innsendaren hadde forklaringar på dette, og forslag til kva ein kunne gjera annleis eit anna år (tidspunkt, dag i veka, støtte til reiseutgifter, osv). Skribenten rosa Centralforeningen for å ha lagt vekt på ferdigheitene som kravdest av ein «praktisk Skiløber». Han ville ingen måte forby staven – som han meinte somme bygder gjorde til eit altfor viktig omsyn (å ikkje ha med) i renna sine.³⁹⁶ Ein innsendar i Morgenbladet, med stor sannsynlegheit ein distriktslege i Hedmark, følgde i den same linja. Han argumenterte for prøvar i uthald og kraft, ikkje i hopping og utforrenn. Fjellbonden, og det alvorlege strevet hans om vinteren, måtte vera mal og førebilete.³⁹⁷ I årsberetninga der Centralforeningen kom med sine vink til avvikling av skirenn andre stader i landet, blei det også lagt mest vekt på uthald. Ski var framkomstmiddel i ulendt og kupert terreng, heitte det, og «man maa paa det Alvorligste fraraade alle farlige Rend og de ofte benyttede halsbrækkende Stup».³⁹⁸ Kan henda låg ein viss brodd mot hoppinga i oppvisningsrennet til Bækken frå året før.

Dette er uansett eit spor som diskusjonen om skirenn skal følgja dei komande åra: Skulle ein gå fort og langt på ski, eller skulle ein først og fremst kunne hoppa? Eg vil i neste part ta for meg om denne debatten hadde relevans for, eller i det minste tangering med, ei amatørforestilling.

«Gutteglad»

Samla sett: Centralforeningen og den rennkomiteen som dei engasjerte i 1867, representerer eller skundar på ei sportifisering av skiløpinga, slik dei hadde lagt vinn på å senda ut løparane ein og ein, og notera tida og karakterane for kvar einskild av dei, og rangera og offentleggjere

³⁹⁶ Rennet i Krødsherad 1866 hadde kanskje gjort dette, men slett ikkje alle. Sjå Haarstad, 1993.

³⁹⁷ Sjå Morgenbladet den 24. mars 1867: «Skien ej blot til Lyst.»

³⁹⁸ Centralforeningen, 1868, s. 12.

listene til slutt. Dei imponerande, men augneblinksstyrte kar-verka til Elling Bækken eller andre bygdefolk var tydelegvis ikkje like velkomne eller viktige no.

På ein annan måte stod Centralforeningen og skirennenet i 1867, og debattinnlegga etterpå, for ei viss «militarisering» av skiløpinga. Med det uttrykket meiner eg då nytten for forsvarsevna – i det å kunna ta seg fram over avstandar og i ulendt terreng, anten det var heile troppar eller einskilde ordonnansar. Eigentleg blei nytteverdien av det legga store distansar bakom seg, tematisert på fleire måtar, også i det å binda folk og bygdelag saman. Elling Bækken og skomakaren Hans Andreassen stod kanskje meir i ein tradisjon av dristig og vågal skiløping, der gjetord og ære truleg var blanda inn.³⁹⁹

Ikkje dermed sagt at kadett Gjerdrum ikkje har vore stolt etter premieutdelinga. Eller ikkje blei hylla av dei som gav han premiane eller skreiv om rennet i avisene dagane etterpå.

Dette leier meg til den sentrale problemstillinga i avhandlinga mi: Tematiserte eller utvikla Centralforeningen med premieskirennenet sitt til noko i retning av det amatørmessige, i ein eller annan forstand? Var slike førestillingar implisitte i det avisene skreiv og trykte om rennet etterpå?

Overflatisk sett kan ein notera seg at deltakarane (eller publikum) ikkje blei kalla amatørar i programmet eller annonseringa, slik det hadde vore tilfelle året før, med Elling Bækken og co. Sjølv sagt impliserer ikkje det åleine at ein hadde slutta å tenkja i slike banar, eller at ordet «Skiløber» no var oppdaga, men snarare at denne sistnemnde kategorien idrettsmenneske (dvs. oftast mann) truleg var i sterkare emning og i utbreiing også i sivil forstand. Vidare er det verdt å merka seg at nøkkelordet mitt - «haldning» - var tematisert i rennet, og i avisene etterpå. No er det uklart kva som låg i ordet, for dei ulike skribentane. Heilt enkelt kan det heller ikkje ha vore for løparane, i alle fall ikkje på førehand, å vita kva arrangøren meinte meir konkret med uttrykket «Holdning» og med vurderingselementet av stilmessig skiføring. Kan henda kom det fram meir i samband med premieutdelinga enn kva det skriftleggjorte i ettertid tyder på. Opplagt var kategorien meir estetisk enn moralsk betont i denne samanhengen. Han var dessutan farga av militær tradisjon, vil eg tru. Herrane Gjerdrum og Petersen må ha hatt ein fordel av å vita kva offiserar generelt (og fedrene spesielt) tenkte om takt og om stramheit. Likevel er det ikkje sikkert at Centralforeningen eller arrangørkomiteen hadde klokkeklart for seg kva som låg i god «Holdning». Som pionerar var dette noko som godt

³⁹⁹ For ei mykje grundigare handsaming av omgrepet militarisering, sjå den interessante artikken til Glenn-Eilif Solberg (2021) i *Historisk tidskrift*, der han spør seg om skiskytinga, og røtene denne idretten har tilbake til 1880-talet, ikkje representerer eit atterhald og i alle fall ei bremsing av den breiare sportifiseringsprosessen.

mogleg openberra seg for dei etter kvart, eller rettare sagt utvikla seg gjennom det som kom til synes.

Skitevlinga skulle også mana fram vågemot, i alle fall til ei viss grad. Det er slik eg tolkar presiseringa i reglane om at ein ikkje skulle nytta staven i den første utforbakken. Også allsidigheit synest å ha vore ei mogleg dygd. Løparane skulle ikkje ta skiene av etter å ha rent utfor bakke. Alle terrengetypar skulle med. Diskusjonen i avisene etter rennet understrekar i det minste dette elementet ved skiløpinga.⁴⁰⁰

Sjølv om premiane kan henda var smålåtne, samanlikna med kva Bækken (vonleg) fekk til slutt, må ein kunne seia at arrangøren investerte noko i dimensjonen ære. Verdien av premiane var fallande; andremann fekk noko til åtte spesidalar, tredjemann noko til seks, osv. Denne måten å rangera på, fortalde såleis ikkje berre om måling og om tydelege resultatlistar, jamfør sportifiseringsprosessen, men om at dei beste resultatata måtte markerast på ein eller annan måte. Resultatlista røpte ein moral. Det same må ein kunne tenkja om at avisene offentleggjorde resultatata eller rangordenen – som forsterka nettopp æra ved det å ha vunne. Slik trur eg at løparane har likt å lesa om seg sjølv, og at lesarane har lagt merke til dei namna. Om Elling Bækken var sagt å vera beskjeden, stilte han seg fram for idrettsoffentlegheita også i 1867, og i seinare år.

Deltakarlista, som eg vil tru publikum fekk tilgang til i programmet, fortalde om yrket til dei fleste av løparane, men slett ikkje alle. Den sosiale posisjonen eller klassen til skiløparen har ikkje vore kriterium for kven som fekk vera med, eller for noko slags gruppering av dei i konkurransen, men det kan sjølvstundt ha påverka dommarane i skjønnnet av prestasjonane.

Samla sett røper ikkje alt dette nødvendigvis eit implisitt amatørromgrep i ein eller annan dimensjon, estetisk eller moralsk eller sosial. Det er likevel element som peikar i retninga av amatørforestillingar. Aller mest gjer ein detalj i referata det. Under premieutdelinga blei det ropt ut eit leve for major Munch Petersen, den eine i arrangørkomiteen, som stod på ski også no i sitt 67. år. Ifølgje Aftenbladet hadde majoren takka Centralforeningen med eit leve for «Skiløberens Idræt, den han nu som 67aarig Olding omfatter med samme Varme som i Barndommen og Ungdommen». Morgenbladet refererte kva han sa endå meir utførleg. Han var oppteken av den militære nytten av skiløpinga, hadde han sagt, men han tilsto at han enno var glad som ein gutunge når han kom seg ut på ski: «endnu i sit 67de Aar følte han sig saa gutteglad, naar han fik Ski paa Fod, han glemte alle Sorger og følte sig ung og glad som i sine Guttedage.»

⁴⁰⁰ Det rimer då også med kva Morgenbladet innvendte av «Forsigtighedsregel» som Bækken hadde vist med stavbruken sin. Sjå Morgenbladet 9. februar 1867.

Sidan Munch-Petersen sat eller stod som ein av medlemmene i arrangørkomiteen, var det kanskje ikkje så rart at avisene fortalde om han. Men både Aftenbladet og Morgenbladet la altså vinn på å fortelja om den gleda offiseren hadde fortalt at han enno hadde av å lea og føra seg på ski. Det er verdt å leggja merke til. Ein må i alle fall kunne seia det er amatørforestillingane *relatert*.

Og *om* avisene hadde understreka dette poenget ved å kalla han ein liebhaver eller dilettant, eller amatør, hadde ingen lesar den gongen stussa.

Marknadsløyer

Nærmande meg avslutninga her har eg hug å kommentera den konteksten som skirennet gjekk føre seg i – marknadsveka i Kristiania. Kan ein slutta av eit lett spottande dikt i Vikingen den veka, var noko av det som gjekk føre seg eller blei synt fram for publikum: sirkushestar, ein kjempeedderkopp, verdas sju underverk (truleg med panorama, eller diorama), eit gigantisk svin, ein karusell, og tre dresserte apar.⁴⁰¹ Alt var meint å trollbinda, eller med eit meir moderne ord *fascinerer* eit mangslungent publikum. Folk skulle, og ville, *forlystast* – for no å nytta eit ord av samtida på andre del av 1800-talet. Alkohol var del av marknadskulturen, anten ein likte det eller ikkje. Ein skribent merka kva han kalla «Kvalm duft av Brennevin» i avisa «Den Constituelle», dette alt i 1842.⁴⁰²

Morgenbladet gjorde salsframstøyt på sin måte, og kom med to nummer kvar dag den veka på 1860-talet. Mykje folk var i gatene, både tilreisande frå bygdene rundt Kristiania, og ulike samfunnslag buande i sjølve byen. Skuleungane hadde fri, delar av veka.⁴⁰³

Dette publikummet fridde også Centralforeningen til. Somme av dei ville arrangøra ha med i tevlinga, dei «oplandsbønder» for å tala med Morgenbladet, som var der på grunn av marknaden og truleg hadde skiene med. Andre ville dei ha med som tilskodarar, så som skuleungane frå Kristiania som kunne få koma «inn» gratis; viss dei hadde læraren hjå seg å til å halda orden på dei. Centralforeningen og arrangørkomiteen må ha tenkt at ungene hadde glede – og nytte – av å få sjå vaksne menn springa og skrida på ski. Slik tenkte dei prinsipielt annleis om publikum enn mange av underhaldarane i marknadsveka elles gjorde.

⁴⁰¹ Sjå Vikingen, 1867, nr. 6 (9. feb), framsida.

⁴⁰² Sjå langt sitat av han i Bertelsen, 2009, s. 165.

⁴⁰³ Berthelsen skriv at det er anslått minst 20 000 menneske besøkte marknaden dei tre dagane i 1880. Sjå Berthelsen, 2009, s. 164. Han skriv ikkje om dette var tilreisande åleine, eller også besøkande frå Kristiania sjølv, men det er mest sannsynleg mengda som skvise seg saman på marknadområdet rundt Stortorget, slik som Thor Gotaas formulerer seg. Han nemner at ca. 8000 vitja marknaden utanifrå i 1848. Sjå Gotaas, 2002, s. 32. Korleis fordelinga var mellom jenter og gutar mellom skuleungane, har eg ikkje granska.

Poenget mitt er ikkje at rennet til Centralforeningen var «finare», dvs. drakk vin i stadenfor brennevin, var offiserar i stadenfor omreisande artistar, osv. Poenget er at dei ville danna eller vekka tilskodarane til sjølve å ta skiene i bruk.

Rett nok tok arrangøren pengar av dei vaksne tilskodarane. Men dette var ikkje med sikte på å skaffa Centralforeningen nokon profitt på rennet, så langt eg kan sjå. Også dette peikar mot den breiare amatørforestillinga. Tanken var ikkje å ta pusten frå folk, eller få dei til å le. Tanken var å få fleire med i idrettstevlinga.⁴⁰⁴

Renessanse

Heilt til slutt: Eg har kalla skirennet i 1867 eit pionerarrangement, og vigd ganskje mykje plass på det, fordi viktige delar ved det var skriftleggjort første gong. Sjølv tenkte kan henda arrangøren like mykje om seg som gjenfodarar og oppvekkarar av det gamle. Rittmeister Egeberg hadde utbringa ein skål for skiløparveteranen Petersen, og vona at skiløpinga måtte få ein renessanse. «Skiløbningens Fremgang og med Ønsket om», hadde han ropt, «at den som i gamle Dage maatte blive, hvad den burde, en National-Idræt[...].»⁴⁰⁵

⁴⁰⁴ Berthelsen understrekar at også etablerte og kanskje «finare» stader hadde program og framsyningar under marknadsveka, så som Logen, Christiania Theater, og dansehallen på Klingenberg. Hotell Løven hadde gjerne pantominar. Med tida (1886) blei alt utandørsprogram av gjøgglarar forbode – fram til 1893. Fyll og slagsmål var ein del av marknaden, og gjøgglarane blei sagt å skunda på denne tendensen til uro. Sjå Berthelsen, 2009, s. 163.

⁴⁰⁵ Her basert mest på *Hamar Stiftstidende*, 15. februar 1867.

Kapittel 3. Sondre Norheim

I februar 1868 skipa Centralforeningen atter til premieskirenn i Kristiania, med den same arrangementskomiteen som året før, og dels i det same terrenget i nærleiken av (eller nord for) Gamle Aker kirke. «Dette rennet», skriv skihistorikaren Jakob Vaage, «har fått overordentlig stor betydning for skiløpningens utvikling. Det var her telemarkingene for første gang møtte opp i hovedstaden og viste sine kunster på ski.» Til sanningsvitne bruker Vaage då særleg Fritz Huitfeldt, som skreiv om det synet som fengsla og fjetra han, om enn førti år seinare (i 1907). Sondre, «Skomagergutten fra Telemarken i Rundtrøie» som Huitfeldt kalla han, gjorde det liksom av med stavbremsinga og breibeintføringa med eit enkelt byks: utan stav, smalspora, ledig og lett over ujamnheiter i bakken. Og så: spenstig som ei stålfjær på hoppet, roleg som ein fugl i svevet, eit lite knekk i knea i nedslaget, og ein elegant telemarksving til stopp.⁴⁰⁶ «Med telemarkingene kommer også stilen inn i skiløpingen», legg Vaage til.⁴⁰⁷

Rundtrøya til Norheim var ei mørk open jakke til livet, utanpå ein vest (truleg med ull og skjorte under), og med lange mørke bukser – ei enklare drakt litt nærmare herredessen (også kalla «yngre livkjole») som avløyste gråtrøyebunaden i Vest-Telemark omkring 1850. Han var husmann, ikkje skomakar. Men han kunne å skjera i tre, og han laga skiene sine sjølv.⁴⁰⁸

No hadde Morgenbladet visseleg kritisert breibeint skiføring alt i 1867 – så Norheim kan umogleg ha gjort alt på eiga hand, eller ski. Det er framfor alt i skildringa til Huitfeldt, og deretter hjå Vaage, at telemarkingen i Kristiania blir den viktigaste hendinga i skihistoria på heile 1800-talet. Som «en Meteor slog han ned blandt den forbausede Mængde, der stod, som den var fjetret», skriv Huitfeldt. Huitfeldt hadde sjølv utvikla ein skibindingspatent, det kan ha vore difor han hugsa Sondre Norheim som skomakar.⁴⁰⁹

Stilelementet er likevel viktig; kva det gjekk ut på, og kvar det kom frå. Det tematiserer eit mogleg amatørromgrep, når ein følgjer Richard Holst måte å analysera denne tankefiguren på. Ein må likevel vera open for at denne stilen som blei så viktig, og tett forbunden med Norheim, syner fram langt meir estetisk orienterte idrettar i opphavet enn dei britiske. Det er gjer ikkje nødvendigvis amatørfiguren irrelevant, tvert om. Godt mogleg er førestillingane om sirkus og marknadsløyer – som dette kapitlet også tek for seg – også ein opplysende kontekst.

⁴⁰⁶ Huitfeldt skreiv om Norheim og telemarkstil, og utan å nemna han med namn, i ein artikkel i Centralforeningens årbok 1907, og så i den reviderte boka si i 1908.

⁴⁰⁷ Vaage 1956, s. 102.

⁴⁰⁸ Ang bunaden i vesttelemark, sjå Haugen, 2013, s. 484. Sjå også Pedersen, 2013, s. 115, der eg har sitatet frå.

⁴⁰⁹ Huitfeldt, 1908, s. 58.

Hurtigheit

Av programmet frå skirennen i 1868 kan det sjå ut som hurtigheit var blitt løfta lenger opp i vurderingskriteria for premiane: «Afgang og Ankomst noteres nøje, og er den Hurtighed, hvormed Banen tilbagelægges, et væsentlig Moment ved Bedømmelsen».⁴¹⁰ Løypa var nesten tre kilometer lang (4000 alen på kartet). Fornuftig bruk av stav og «Holdning» var dermed ikkje nemnd, men det kan ha vore at tradisjonen frå fjoråret var taust – eller tydeleg – til stades i bedømminga likevel.⁴¹¹ Referatet i Aftenbladet tyder i alle fall på det; i omtalen står det at karakter for «Rend» for «Gang» og for «Holdning» talde med i dyktigheitsvurderinga, saman med hurtigheita. Arrangøren hadde sett ut fire vurderingspostar. Rapportar om inntreffe uhell og liknande kunne også verka med i sluttvurderinga til dommarane.⁴¹²

Aftenbladet sin mann (vil eg tru) skreiv at særleg trysslingane og telemarkingane utmerka seg i banen med sorglaus sikkerheit. Dei lét det stå til, knapt nytta dei staven, ja, denne nærmast pyntegjenstanden deira å rekna, syntest han faktisk å vera mindre enn spradestokkane på Karl Johan. Morgedølen Norheim (eller også «Ouverbø» fekk særleg ros). Han hadde halde staven i eine handa og lua i den andre, i stor fart utover, og hoppa to, tre skilengder utan å berøra bakken og med veldig stødig nedslag etterpå. Han må ha fridd på eit vis til publikum, og til dommarane, på denne måten. Han fekk karakteren «Udmærket» ved alle postane, og dessutan «Virtuositet i hop uden Stav» ved den eine av dei. Aftenbladet merka seg alderen hans, som også Morgenbladet gjorde: Han var nesten 43 år gammal.

Morgenbladet sin referent tok posisjon frå toppen av St.Hans-haugen i skildringa si. Her såg han løparane koma i motbakken frå skytebanen til skyttarlaget (Eugenia Stiftelses Løkke) og vidare utfor mot Valle (og Bolteløkka for dei som er lokalkjende). Her hadde Sondre Norheim skild seg klart ut for han: «med Staven op og svingende sin Lue stod han udover, som om han ikke tænkte paa verken Ski eller Bakke, og dog var Bakken brat og Manden sine 43 Aaar». Det er uklart kor mykje Norheim eigentleg letta over bakken, og kor (kunstig) oppbygd hoppet var, men svevet var i alle fall ikkje av same dristige slaget som han (og bakkane) var kjend for heime i Telemark. Han svinga neppe meir enn løypa og dei raude vimplane tillét han her.⁴¹³

⁴¹⁰ Punkt 4 i vurderingane. Sitert etter Skiforeningen, 1898, s. 53.

⁴¹¹ Annonse i Aftenbladet den 7. feb 1868 fortel om lengda på løpet, og oppmøtestad, og verdi på premie. Rennet var elles kunnngjort alt i januar, både i Kristiania, og i alle fall i Hamar Stiftstidende.

⁴¹² Referatet i Aftenbladet 10. feb. 1868. Eg baserer meg på Haarstad, 1993, i omtalen hans av dette referatet.

⁴¹³ Sjå Morgenbladet 10. feb. 1868.

Trass i dei 43 åra på alle musklar og ledd fekk Sondre Norheim beste tid. Han vann også rennet samanlagt. Elling Bækken blei nummer to, endå om han «berre» hadde sjetten beste tid. På tredjeplass kom ein trysling, og først på fjerdeplass ein kadett (Jacobsen) frå Kristiania. Skomakaren Hans Andreassen frå Land blei nummer fem.⁴¹⁴

Bygdeløparane fekk på ein måte sin revansje. Stilen dei synt fram, tok skiløparkrinsane Kristiania med storm. Norheim sveva i lufta, til og med, og med veldig enkle midlar (ein liten kjepp) til hjelp. Truleg trekte han føtene opp under seg i svevet, og heldt skiene tett samla. Torjus Loupedalen har kalla det «huksitjarstilen», andre igjen «opptrekker».⁴¹⁵

På same tid: Det er vanskeleg å seia at ein sivil stil og kanskje ein telemarkstil triumferte over den moglege militære, i alle fall utifrå førstehandskjeldene den gongen. Bækken, som hadde fått trekk for den breie skiføringa si i 1867, var no blant dei med aller best stilkarakter. Han kan ha endra teknikk, sjølv sagt. Men dommaren Munch Petersen uttrykte i Morgenbladet bismaken sin når han tenkte på «denne sammentrængte Føddernes Stilling», som somme tok til orde for. Frå fektinga visste han at ein viss avstand mellom beina var til god hjelp for balansen og teknikken. Så akkurat kva stil som var å føretrekka, var dei dømmende truleg ikkje heilt samde om i 1868 heller, og heller ikkje fullt medvitne om.⁴¹⁶

Kva ein uansett kan konstatera, er at hopp og stil og endå breiare – eit estetisk omsyn – var blitt eit vesentleg moment i den norske vinteridrettskappinga i Kristiania. Dette harmonerte med korleis skiløpinga i tradisjonen stod fram som ein særleg nasjonal idrett, som nemnt nokre gonger no. Det kan forståast i ein kulturell kontekst også i samtida: korleis ein i den såkalla *nasjonalromantikken* utover frå 1830-talet gjekk til bygdene og «opplandsbønderne» for å finna dette opphavlege norske, i ganske mange retningar og kultursamanhengar. Jørgen Moe samla til dømes inn eventyr og segn og folkeviser, gjorde tre reiser til Telemark i dette ærendet, og skreiv ei avhandling om eventyr-typane i tobandssamlinga si (frå 1851). Thomas Heftye fekk reist ein kopi av eit rikt ornamentert telemarksstabbur på Frognerseteren, der han alt hadde bygd ein friluftsvilla (1864). Denne treskjeringa, og rosemalinga med henne, kan seiast å vera del av same dekorative kunstimpuls frå innlandsbygdene som dei nasjonalt begeistra – og betrestilte –

⁴¹⁴ Aftenposten gav oversikt over kva premiane var verdt, frå 10 spd til Norheim og fallande til nr 12 i rekka, dei fleste truleg av sølv, bortsett frå eit par ski som var sett opp av kaptein Roosen. Elles ikkje noko eige referat frå rennet. Sjå Aftenposten måndag 10 feb. 1868.

⁴¹⁵ Loupedalen, 1947, s. 46: «Desse karane var millom dei seinste frå gamletidi som livde i susen av slalåmi og uvyrdslåmi og som tek ufsine og hoppi i rein huksitjarstil. Dei strekte ikkje, men krøkte i knei, trekte skii oppunder seg og glideflaug i ein djerv barokk stil.»

⁴¹⁶ Loupedalen er inne på dette, med referanse til Durban-Hansen og uttrykket «opptrekker» i Skiforeningens årbok, som altså lèt skirenna før 1880-åra slumra i aksentueringa av ein heilt bestemt stil. Sjå Loupedalen, 1947, s. 47. Sjå Morgenbladet den 18. feb. 1868 for sitatet.

i byane Bergen og Kristiania sette høgt.⁴¹⁷ Dei linjene Norheim skar i snøen, og dei bogane han streka etter hopp, likna på denne stilen. Han laga sjølv kråskapskroner i rokokkoinspirert mønster, og han var heller ikkje framand for det dekorative når han laga skiene sine av tre.⁴¹⁸

Det er tvilsamt om han åleine sette standarden, og at stilstandarden frå vest i Telemark blei knesett for skiløping, alt i rennet i 1868. Men ein stil av samla ski, både i renn og i svev, og lettast mogleg bruk av staven, blei i alle fall eit tiår seinare knytt til nettopp Telemark – og då særleg til namnet Sondre Norheim.

Alt dette «heimlege» tyder ikkje at ikkje impulsen til å leggja slik vekt på det estetiske i idretts- og idrettskonkurransesamanheng, ikkje kom frå utlandet, så som Storbritannia. Jørgen Moe var inspirert av brørne Grimm i Tyskland kva gjeldt innsamlinga av eventyr. Men det siste understrekar samanhengen idretten også stod i; nærmare bestemt slektskapen til andre kunstretningar og til kunsten generelt. Her var det også etablert eit semantisk felt og tydingsspenn i Norge allereie – nettopp omkring amatøreren-figuren.

Debatten etterpå

Premieskirennet til Centralforeningen i Kristiania, og triumfen til morgedølen Norheim, var ikkje det einaste som gjekk føre seg i offentlegheita vinteren 1868. Med den grundige avisstudien sin har Kjell Haarstad registrert ti andre skikonkurransar i Norge sør for Svartisen dette året. Han meiner dessutan at fleire av laga søkte å utvida området for konkurransen utover heim- og lokalbygdene, og at ei ny organisasjonsform slik sett var i emning.⁴¹⁹

Her skal nemnast berre eit av desse: ei skitevling i Kviteseid – nær heimbygda til Sondre Norheim – i mars månad. Referatet stod på trykk i Aftenbladet den 7. april 1868, og den som skreiv det, stod utan signatur eller initial. Skyttarlaget var tydlegvis tilskipar, med dyrlegen Bjørnsen som dommar. Løypa var ifølgje referenten eit låm med sju ulike hopp, laga til av fjellknattar og steinar og andre naturlege element. Det siste før sletta var bortimot seks meter høgt, eller langt. Samanlikna med rennet i Kristiania likna denne prøvinga dei gamle «karverka», eller uvyrdslelåma som dei også blei kalla, og i Kristiania (påverka av dette igjen)

⁴¹⁷ Ein kan dela den nasjonalromantiske bølga i to i denne samanhengen: Først kunstnarane frå bygdene sjølve, så som Thomas Luraas frå Tinn (1799-1886) og så gjenoppdaginga av treskurd og rosemaling mellom «by»-kunstnarane, så som Gerhard Munthe (1849-1928). Sjå Steen, 1995, s. 57-62.

⁴¹⁸Ei hyllekrone, i umiskjenneleg rokokkoinspirert stil, skal Sondre Norheim ha laga. Torjus Loupedalen, 1947, har bilete av henne, på side 58. Han skriv at Norheim kunne ha blitt ein framifrå skimakar om han hadde gjeve seg endå meir tid med å velja ut emne. Likevel har også dei skiene som er avbilda i boka klare dekorative trekk i linjene, og i sjølv tuppen. Sjå Loupedalen, 1947, s. 157. Loupedalen dreg altså sjølv linene frå treskjeringa til skikøyeringa!

⁴¹⁹ Haarstad, 1993, s. 72.

karakterisert som «uvorrenhedshop».⁴²⁰ Ifølgje referatet klarte Norheim seg strålande der mange av dei andre gjorde kollbøtter og mista skiene sine. Til slutt gjekk han endå lenger opp i liene, sette utføre, og hoppa omtrent 30 alen, altså nesten 20 meter. Det var ikkje til å undrast over at han hadde ledd av hoppa dei hadde laga i stand i Kristiania, la referenten til. Dette vekte naturleg nok harme i hovudstaden. Ein av arrangørane der, Jørgen Gjerdrum, greip pennen fatt og skreiv til den same avisa den 14. april. Han hadde lite godt å seia om løypeopplegget i Telemark – og det vil seia den hoppinga som gjekk føre seg der: «Skiløbningen er nemlig ikke et ekvilibristisk Kunststykke, hvor Deltagerne skulle prøve at overgaa hverandre i kunstige og halsbrækkende Vovestykker.» Slik skiprøving var direkte farleg, meinte han. Gutungar i Kristiania hadde alt brote beina sine, til dømes i Kastellbakken ved Huseby. Det var dessutan misforstått skiløping om ein søkte å fly i lufta som ein fugl, skreiv han.

Det var ikkje det at ein ikkje skulle prøva skiløparen i vanskelegheiter. Gjerdrum hevda, og brukte sin eigen dommarposisjon i ein av dei siste bakkane ved rennet i Kristiania som basis for det, at av dei 51 deltakarane hadde meir enn halvparten ramla, og sjølve telemarkingane, sjølv vinnaren Norheim, hadde nytta seg av staven i nedslaget då. Nei, skulle ein skjerpa utfordringane for skiløpinga, som jo var slik ein «skjøn, national og mandig Idræt», ville han forlenga marsjen, altså uthaldsprøven, og ikkje gjera hoppa farlegare.

Til dette skreiv formann A. Bjørnsen i skyttarlaget sitt tilsvar den 6. mai.⁴²¹ Han korrigerde den anonyme berettaren i mangt, så som at ein sjølv kunne velja talet på hoppa, og at dei slett ikkje var så høge som han ville ha det til, og dessutan at både vørde Ole Groven og student Winger sat i dommarkomiteen. Det kom også fram at rennet hadde kome til i all hast, og ikkje med dei reglane ein hadde tenkt. Sjølv om han var samd med Gjerdrum i at ein ikkje skulle oppmuntra til dumdristigheit og overdrivne hopplengder, måtte ein hugsa at kor vidt eit hopp var farleg, kom an på både hellinga under, og kor djup snøen var, og ikkje minst om skiløparen var dyktig. Det var ikkje uvanleg at Norheim hoppa 20 og kanskje 25 meter, skreiv han. Dyrlegen avslutta med å seia at han ikkje hadde høyrte at morgedølen lo av rennet i Kristiania; berre at han sa at utfordringane hadde vore større heime i Kviteseid.

Av dette eine kan ein nok ikkje slutta at (den høflege) framferda til skiløparen var viktig, og ikkje berre kva han dugde til på ski. Men ein tone var slått an. Også Norheims suverene posisjon var understreka no.

⁴²⁰ Sjø Morgenbladet 6. mars 1883. *Uvorrenhed* tyder «uforsiktigheit» i dag; «uvyrdsle» også bortimot det, men kanskje sterkare, og for så vidt i slekt med kva som blir dyrka eller forstått som «ekstremспорт».

⁴²¹ Brevet var datert den 27. april 1868, og det tok noko tid før det nådde redaksjonen, omtrent slik brevpost gjer i 2022.

Jørgen Gjerdrum sende til sist inn ein liten replikk i Aftenbladet den 9. mai 1868. Han sette pris på at skyttarlaget kunne avsanna det referatet som hadde gjort han uroleg i første omgang, skreiv han. Han pirka likevel i nokre mindre korrigeringar som Bjørnsen hadde kome med av teksten hans, og berre av dette kan ein ana at ikkje all debatt i denne samanhengen handla om fornuft og om opplysning – men også om å få det siste ordet.

Endå breiare

Ordsiftet mellom Gjerdrum og Bjørnsen blei dokumentert av Skiforeningens årbok i 1898. Haarstad har seinare synt også kva mykje breiare debatt som gjekk føre i dagsavisene etter rennet i Kristiania. I Morgenbladet ytra distriktslege Thoresen seg (han var fødd i Telemark), og i svar til han igjen major Munch Petersen. Majoren oppfordra sågar andre erfarne skiløparar frå Østerdalen, Trondheim og Nordland om å ta del i meiningsutvekslinga, som tidlegare nemnt. Han, eller Morgenbladet, fekk deretter svar av ein «X fra Oplandet», og kaptein Roosen frå Trondheim og «E» frå Vestlandet, og til sist oberstløytnant Oscar Wergeland, han med boka om den militære nytten av skiløpinga. Kort sagt handla diskusjonen om ein skulle prøva skiløparar i dugleikar *med eller utan stav*. Bakom dette låg det dels estetiske føringar (Thoresen var raus nok til å understreka at smaken om staven kunne vera ulik), og dels klare oppfatningar av kva nytte skiløpinga skulle ha – balansekjensle og styrke i knea opp mot uthald og lange marsjar, kanskje til og med i krig. Dygda *mot* var kanskje mindre tematisert enn det å kunna tolmodig.⁴²²

Vikingen skreiv sidan eit mildt spitande dikt – i kva bladet kalla «I anledning af Skiløberstriden» – og synt med det at debatten blei lagt merke til i ei breiare offentlegheit.⁴²³ Haarstad meiner for sin del debatten botna eller dirra i to grunnleggjande motsette syn på kva skiløping var godt for: skulle det vera leik og moro, eller skulle det vera retta inn på livets alvor? Denne analysen, i tråd med idrettshistorikaren Finn Olstads grunnleggjande perspektiv (1987), har mykje for seg. Eg har hug å leggja til noko. Munch Petersen rørte i innlegget sitt ved ein annan akse: det praktiske og det jordnære mot det altfor kunstferdige – gjeve ved akrobatikken. Gjerdrum var inne på det same i Aftenbladet, men arrangørkollegaen Munch Petersen sa det noko før han, og dessutan tydlegare: ankepunktet hans var «Liniedanserens» basis. Det fanst med andre ord ein arena der kroppar og rørsler blei synt fram på ein måte som ein del

⁴²² Oluf Wilhelm Falch-Ytter hadde egentleg oppsummert poenget i boka *Ude og inde* alt i 1867, s. 11: «Ski ere ikke efter sin Bestemmelse et Legetøi, men et Fremkomst- og Transportmiddel».

⁴²³ Vikingen tok ikkje parti for verken Munch Petersen, eller alternativet kalla «Carl Johan» (!) (med staven på skuldra og handa i hofhta) eller telemarkstilen, i det som mest var meint som eit kommenterande og mildt ironiserande dikt. Sjå Vikingen, 1868, nr 10, s. 39.

meningssterke menn mislikte. Ankepunktet var kan henda ikkje så mykje leik og moro og hopp og ærestrong – som det var gjøgleri og omreisande artistliv.

Denne rørslekulturen blei framstilt problematisk utifrå fleire perspektiv. Eg skal gje eit døme her – og andre seinare.

«omreisende Liniedansere og Markedskunstnere»

Sondre Norheim hadde truleg kome eins ærend frå Morgedal for å tevla på ski i Kristiania. Vi veit ikkje kor viktig akkurat det å vinna ein sølvpokal var for han, og om han tenkte på å setja han i pant. Han hadde brukt skiene som framkomstmiddel, og han vende heim att på ski. Han gjekk truleg heile vegen; jernbanen til Kongsberg kom først i 1869.⁴²⁴

Også Elling Bækken kom i ærendet av å syna fram skikunstane sine, og gjekk heim att til Soknedalen på ski då stemnet var over. Annleis var det med dei omreisande akrobatane, linjedansarane og gymnastikarane og atletane, dei gjøgglarane for å nytta Berthelsens samleterm, som synte fram kunstane sine på marknadsvekene rundt i landet. Somme av dei var fødde i Norge, andre kom frå utlandet. Somme av dei reiste åleine, dei fleste før og gjorde framsyningar, i flokk.⁴²⁵

Ein slik tropp var leia av ein som sjølv kalla seg «kunstner P. Paulsen». Han var på vintermarknaden i Kristiania i februar 1857, andre stader i sør-Norge i løpet av året, og i Trondheim i jola og litt inn på nyåret 1858. Grunnen til at eg fortel om akkurat han, er at verksemda hans fekk ein veldig lang, og slett ikkje hyllande omtale i nettopp Aftenbladet i 1858. Den innsende teksten, eller forkynnande andakten som ein like mykje kunne nemna han, var skriven av statsagronomen og folkehøgskulemannen og skribenten Caspar Holt Jensenius⁴²⁶, og teksten dekkar meir enn ei heil side av avisa. Jensenius tok utgangspunkt i vintermarknaden i Kristinia året føre: «Ved det siste Vinter her i byen avholdte Marked havde som sædvanligt en Trop Liniedansere opslaet sin Bod paa Youngstorget.» Troppen bestod av to, tre vogner med linjedansarar eller akrobatar, eit par halvaksne gutar og ein «trommeslaaende Bajas».⁴²⁷ Men attåt dette var det med ei lita jente på seks år, Beate, som gjekk rundt i ein rein og kvit kjole, og samla inn pengar på ein tallerken. Det blei sagt at ho var

⁴²⁴ Loupedalen, 1947, s. 97, s.150, og s. 218, streifar nauda og den moglege motivasjonen, nemner at godt mogleg var det futen Florentz som betalte for opphaldet til Norheim i Kristiania.

⁴²⁵ Sjø Berthelsen, 2009.

⁴²⁶ Caspar Holt (eller Holten) Jensenius var fødd i Danmark, kom til Norge på 1850-talet og arbeidde for meir rasjonelt feavl og stølsdrift, statsagronom i 1863. Han var også ihuga folkeopplysningsmann, og ei tid lærar på Sagatun folkehøgskule på Hamar. Inderleg religiøs var han også, og skreiv fleire bøker om, eller rettare sagt mot, mormonarane i Norge. Sjø omtale av han i Nationen den 3. april 1946.

⁴²⁷ Sjø Aftenbladet 7. februar 1858.

av fattige foreldre, og ho såg visst både alvorleg og trist ut. Denne jenta hadde gripe forstandarinna på Eugenias stifting så inn i hjarterøtene, og ho hadde teke kontakt med Jensenius (som sjølv hadde oppretta ein barneheim i Kristiania), og politiet var så blitt involvert, og både Paulsen og jenta og foreldra hennar hadde blitt tekne inn til avhøyr. Det viste seg at foreldra hadde avhenda henne til Paulsen, som skulle vera som ein far for henne, og oppdra henne både i religiøs forstand, men også læra henne å driva med linjedans og med akrobatikk. Den same kontrakten hadde han med fosterfaren til ein sjuårig gut frå Lillehammertraktene (Lars Andersen). Guten skulle også lærast opp i «Liniedans og Gymnastik», og dei andre kunstane som han hadde evne til å tileigna seg i – løpet av fem år. Kontrakten som gjeld han blei gjort offentleg i og med teksten i avisa no. Kva gjeldt Beate hadde bestyraren på Eugenias stiftelse fått overtala foreldra å gje henne oppsedaransvaret. Men det andre barnet, skreiv Jensenius, er «nu overgivet Liniedansere til Optugtelse, skal daglig dandse paa Linie og gjøre anstrængende, halsbrækkende gymnastiske Kunster; - det vil nok blive en Dands under Taarer.» Det han ønska, var å peika på den uhaldbare handelen med born – mellom omreisande sirkus og fattige foreldre. Ungane hadde det ikkje bra, verken kroppsleg med veldig lange dagar på scenen, eller åndeleg, med tanke på frelsa og Herren Jesus.

Teksten til Jensenius må ha gripe mange lesarar. Ryktet gjekk til Trondheim, der Paulsen og troppen hans fann seg i januar 1858, og ein pastor Th. Angell tok affære medan han var der, og samla inn pengar nok til å få flytta guten Lars Andersen over i teneste hjå ein påliteleg mann i byen. Adresseavisen skreiv for sin del at ein omreisande leveveg vel ikkje var direkte uheiderleg, men at ein risikerte mykje av den åndelege utviklinga til ungar som måtte arbeida slik.⁴²⁸ Christiania-Posten fortalde så om denne tildraginga i Trondheim, og refererte atter ordlyden i kontrakten mellom fosterfaren Andersen og kunstnaren Paulsen.⁴²⁹

Min tanke er: Alt som berre denne enkle historia tangerer, av omreisande liv, av tilsynelatande lite åndeleg liv, av fattigdom og tvang og lange dagar med mykje kroppsleg slit sjølv for ungar, av tvilsam underhaldning på marknadene der spriten flaut, kan ha lege bak når ein Munch Petersen og ein Gjerdrum i tiåret etter åttvåra mot idrettsframsyning som likna «liniedans».

Heile kapittelet forsøkt oppsummert: *Om* husmannen Sondre Norheim gjorde seg nyttebetraktingar når han tevla om premiar, er det ikkje sikkert at dette valda arrangørar og avisskribentar noko vånde. Verre var om skiløpinga likna gjøgleri.

⁴²⁸ Adresseavisen (Trondhjems Adressecontors Efterretninger), den 30. januar 1858.

⁴²⁹ Christiania-Posten den 7. februar 1858.

Amatørførestillingar vart ikkje eksplisitt kontrastert til den eine eller den andre motsatsen her, i 1868. Men slik skiløpinga blei koda i estetisk og i moralsk forstand, kan det ha blitt sett eit spor for tanken: at det fanst også stader der kroppen *og* sjela kunne koma på avvegar.

Kapittel 4. Skøytesporten i 1867 – 1869

Eg skal no ut på glattisen. Tanken med dette kapittelet er å visa kor sterkt kunsttradisjonen stod i avisoffentlegheita, og med han dei etablerte omgrepa omkring kunstamatøren – som no blei gjort gjeldande for skøyteidretten også.

Tidlegare har eg har nemnt (bolk II, part 5) at Christiania Skøiteklub skipa til eit kappestemne på isen alt i 1863. Tilskodarmengda og løparane som meldte seg her var større enn for skirenninga med Elling Bækken i 1866. Skøyter var nok generelt ein meir populær aktivitet enn ski på denne tida. Slik var det også i 1867. Då tok klubben opp att tråden med tevlingsstemne, etter at verforhold og økonomi hadde hindra dei i alle fall nokre av åra i mellom. Arrangøren ville no dela deltakarane i ein klasse for randa skøyter og for lange, glatte, såkalla «Oplandske» Skøiter.⁴³⁰ Skøytene med rand var godt mogleg importerte modellar, anten frå Tyskland eller frå Storbritannia, medan dei lange og låge jerna, gjerne med hælkipper, var heimelaga.⁴³¹

Hurtigheit skulle målast (over 1500 alen, ein triangel med veldig krapp sving), saman med sikre rørsler og «smuk Holdning». Kriteria likna såleis dei som Centralforeningen hadde fremja i skirennet på Iversløkken. I arrangementskomiteen sat arkitekten von Hanno, løyntnant Helleesen og kjøpmann Johansen; det var ein blanding av sivile og militære menn, også her. Centralforeningen hadde dessutan ytt premiebidrag til skøytestemnet. Men sidan skøytene i mindre grad var eigna i samanheng av forsvar og krig enn ski (og stavar), var truleg det militære påtrykket mindre i dei moralske og estetiske kodane her, godt aust for Akerhus festning (i Kongshavn nedanfor sjømannskulen på Ekeberg). Dette synte seg også i at ein ville ha ei eiga tevling i «vanskelige Øvelser uden Hensyn til Hurtighed», denne kunstdimensjonen ein ikkje hadde fått i stand (eller dommarar til) i 1863. I referatet i Morgenbladet vart denne konkurransen kalla ein «Skøiteballet».⁴³²

Tilskodarmengda talde visstnok fleire tusen, og mange kvinner på skøyter var mellom dei, kan vi tru den same avisa. Korrespondenten til Morgenbladet kom med eit visst stikk til Centralforeningen i same slengen, og rosa arrangementet no for å ha sloppe ut løparane fem og gjerne åtte om gongen, i staden for berre ein og ein, slik at publikum lettare kunne ta stilling til kven som var den raskaste.

⁴³⁰ I Morgenbladet stod ei lysing for «Præmieløb paa Skøiter» den 22. februar 1867.

⁴³¹ Her baserer eg meg på skildringane i boka til Falch-Ytter, 1867, s. 204-205. Ifølgje framstillinga hans hadde Christiania Skøiteklub også kappløpsstemne i mars 1866. Då skulle randskøyter ha vunne førstepremien i hurtigløpet. Også Jackson Haines hadde skøyter med ei viss rand i, blei det fortalt her.

⁴³² Morgenbladet den 25. februar 1867.

Heile 114 hadde meldt seg på, av desse starta (og fullførte) 80 i hurtigheitsløpet. Raskast var smeden Vestby frå Odalen, men han blei rangert som nummer tre på den endelege resultatlista, anten fordi han hadda skøyte på lange jern, eller fordi stilen ikkje var «smuk» nok, eller begge delar. Vinnar var sjømannen Jørgen Becher, framfor meglarfullmektig Torvald Erichsen. Verdt å merka seg, er at (juss)studenten Axel Huitfeldt vart nummer fem. Han var også med i skirennet i 1868, der Sondre Norheim vann. Huitfeldt blei ein svært debattglad sakfører seinare.

Morgenblad-referenten samanlikna tidene med dei beste (slede-)travarane på Østensjøvatnet nyleg, og meinte at spørsmålet om kven som var raskast av hestane og skøyteløparane ikkje var løyst ved dette stemnet. Sjølv sagt var ikkje dette moglege konkurranseforholdet mellom menneske og dyr hovudføremålet med arrangementet,⁴³³ men det gav nesten like sjølv sagt vittigheitsbladet Vikingen noko å bita i. «Forhen indskrenkede man sig til at kjøre paa Isen», heitte det i ein bilettekst, og dinest: «Nu har man fundet paa at løbe omkap paa Skøiter». Deretter: «Vikingen tillader sit herved at foreslaa en ny Kappelstrid», med redaktørar og andre flosshatt-kledde akande på magen. Ein annan karikatur i Vikingen minna lesaren på at skøytene også var folkeliv; var mylder og uhell og marknad og flørting og klovnar og balansekunst i Pipervika. Sportifisering var sånn sett berre éin tendens ved kroppskulturane.⁴³⁴

Om tevlinga i «Skøitedansen» skreiv Morgenbladet at dei 18 som hadde stilt her, hadde synt meir dristigheit og djervheit enn eleganse og smidigheit – noko som seinare skulle både karakterisera og henga ved den norske kunstløpstradisjonen. Ein av dei seks premierte var for øvrig ein ganske ung skuleelev, Hjalmar Olsen (han fekk eit par skøyter). Det var tydelegvis eit visst, om enn ikkje så stort rom for også born under konfirmasjonsalder i offentlege idrettstevlingar.

Til den spesifikke eller utkrystalliserte idrettsoffentlegheita som dette kappelstemnet kan seiast å representera, høyrer også premieutdelinga. Denne skjedde om kvelden i Turnhallen. Her heldt oberstløytnant og klubbformann Vogt tale, som blei sitert i truleg sin heilskap i Morgenbladet dagen etter. Vogt uttrykte ein tanke bak premiane som er interessant i samanhengen min. Han sa:

«Præmiernes egentlige Værd bestaar i at være en beskjedne Erindring om en styrkende og forfriskende Legemsøvelse, der har den Fordel i temmelig stor Udstrækning at kunne lade baade Unge og Ældre, Damer og Herrer i de forskjellige Livsstillinger, deltagte deri, og samles paa en Maade, der baade er fornøielig og ganske heller ikke i andre Hensender er uden Nytte.»⁴³⁵

⁴³³ Ein kan likevel ha i bakhovudet at «Appelsin-Herman» utfordra ryttarar til å kappast med seg i gatene i Tromsø, i 1842.

⁴³⁴ Sjå Vikingen, 1867, nr 6, s. 28, «Christiania-billeder».

⁴³⁵ Morgenbladet 25. februar 1867.

Dette kan tolkast som ei orsaking av at premiane var heller beskjedne, men også som ei grunngeving av forholdet mellom innsats og belønning, mellom gevinsten i aktiviteten sjølv og den symbolske påminninga eller påskjøninga. Denne sonderinga blei viktig både for turnforeninga, og for Centralforeningen, og etter kvart også Skiforeningen, i dei følgjande tiåra. Men akkurat her blei det ikkje presisert å vera viktig også som del av ei eksplisitt *amatørhaldning* mellom deltakarane. Kva gjeldt samlinga av samfunsklassane i denne kappstemninga, hadde oberstløyntanten delvis rett. Både kadettar og skulelærarar og smedar og murmeistrar (og gutar og vaksne menn) var mellom dei premierte. Men kvinnene hadde ikkje vore med og tevla, så langt eg kan sjå av kjeldene.

«Væddeløb»

Den parallellføringa som delvis avisene, delvis tidsskriftet *Vikingen*, gjorde med travsporten – gjev meg høve til å spørja om tilskodarane vedda med pengar om kven som kom til å vinna kappløpinga på skøyter. Denne undringa følgjer av den tolkinga eg legg i ordet «Væddeløb», som jo avisene enno nytta om idrettskonkurransar på 1860-talet, og som mykje truleg hadde rot i kappkøytinga med, og veddinga omkring, hestar. I britisk samanheng er veddinga mellom rikfolk sagt (av Norbert Elias) å vera bakgrunnen for ideen *fair play*.⁴³⁶ Utan like vilkår for hestane, ville satsinga på «Victoria» eller «Napoleon» eller «Ajax» eller «Spurven» eller kva gampane enn måtte heita, vera bortkasta pengar viss ein var ute etter reell spenning.⁴³⁷ Eg har ikkje funne referat i dei norske dagsavisene som tyder på pengeveddemål, men eg kan heller ikkje *utelukka* denne samanhengen i norsk idrett, verken teoretisk sett, eller i møte med empirien knytt til nett dette stemnet i 1867. Av førehandsomtale i *Aftenposten* skulle det haldast kappløp på skøyter i Kristiania i 1869 og, men eg har ikkje funne referat i dagsavisene.⁴³⁸

På skrå breidder

På éin måte vitna stemna til skøyteklubben i Kristiania om ein sportifiseringsprosess, også dei. Ein lyste til opne konkurransar med relativt forståelege reglar, ein målte prestasjonane og rangerte dei, og ein offentleggjorde resultatata slik at avisene (og andre) kunne samanlikna dei med andre dokumenterte dugleikar, på tvers av geografi og tid (så som kor fort travhestane

⁴³⁶ Eg har dette frå Loland, 1989, som viser fram også andre svært interessante tolkingar og forslag til kvar ideen og uttrykket «fair play» hadde opphavet sitt. Pilonki (1988) meiner britane fekk tradisjonen frå romersk krigskultur, langt tilbake i tid. Loland, 1989, s. 21-24.

⁴³⁷ Sjå namna på dei påmeldte hestane til kappkøytinga i Kristiania i 1881, via *Dagbladet* 31. jan 1881

⁴³⁸ Sjå *Aftenposten* 13. mars 1869.

hadde sprunget på isen). Og likevel blei ikkje alle ferdigheitene på skøyter gjort om til terminologi av «idrett» og til moderne «sport» med desse konkurransane. Ein tala om eleganse og grasiøse rørsler, og om dans. Både arrangørar og aviser heldt slik fast i kunsttradisjonen, og med i det vi i vår tid, og eit meir analytisk omgrep, kallar kunsterfaring eller estetikk. Omsynet til stil var ikkje noko ein klistra på skøytelepinga; det kunstmessige var like så mykje det som konstituerte henne. Grensene mellom ulike offentlegheiter og ulike kroppskulturar var i det heile flytande, og altså ikkje frosen fast i bestemte former. Den *selskaplegheita* på isen som Vikingen synt til med illustrasjonane sine, er alt nemnt. Og vidare, litt viktigare her: I mars og i april 1867 heldt ein «Mr. Sam» førestillingar på Klingenberg's store festsal i Kristiania, saman med det amerikanske «Neger-Selskab» Christy Minstrels. I annonsane i Morgenbladet blei Sam titulert som «Skøytelebereren», og det blei sagt at han var den einaste rivalen av skøytekongen Jackson Haines. Musikken skulle utførast av hornsekstetten til artilleriet.⁴³⁹

Christy Minstrels utførte kva ein kort kan kalla varietéteater, enkelt sagt ei variert framsyning med blanda programinnslag eller sjangrar, her mest med vekt på amerikansk populærmusikk og komedie. Mr. Sam har neppe vist fram skøytekunstane sine på is ved desse høva innandørs, han har brukt ruller skøyter, eller kva annonsane den gongen kalla «Salonskøyter».⁴⁴⁰ Men han blei altså profilert som rival av ein annan skøytelepar – i samanheng av revy og lettare kveldsunderhaldning. Og rivalisering her kan handla om både merksemd, status og meir organiserte kåringer og tevlingar. Førestillingane var elles besøkte nok til at troppen heldt seg i Kristiania til 13. april, etter annonsane å dømme. Den same Mr. Sam dukka opp att med «Vals på Skøyter» på Klingenberg i september 1867.⁴⁴¹ Så vidt eg veit av, var det ingen avis eller tidsskrift som bringa desse framsyningane ut i ei vidare offentlegheit med referat eller vidare omtale. Heller ingen peika på det som for oss kan verka påfallande: at ein kunne skøyta både vinterstid og på sommaren. Hausten 1868 fortalde danske aviser («Dagens Nyhed.»), og norske Aftenposten i omtale av denne publikasjonen at den norske «Skøytelebererkonge» Horatio Syr hadde synt seg fram på «Kjøbenhavns Kasino». Ein liten biografi følgde: Syr hadde byrja karriera si som sjømann, teke del i den amerikanske borgarkrigen på eit av skipa til sørstatane, før han altså hadde blitt det nærmaste ein kan kalla ein profesjonell norsk idrettsutøvar. I så fall er han den aller første. Men dette kan ein vanskeleg seia utan å begå ein anakronisme: Horatio Syr, som nok truleg var artistnamnet (og Horatio

⁴³⁹Morgenbladet 26. mars 1867. Om tittelen «konge» var noko han gav seg sjølv, eller som avisa titulerte han, er mindre viktig her.

⁴⁴⁰Hjula var av lær, fem på rekkje bak kvarandre, og akslingane av jern. I april 1871 tilbydde Turnforeningen kurs i nytta Salonskøyter. Sjå Aftenposten 31. mars 1871. Truleg kom den første kunstfryste skøytebanen i London i 1876. Montreal hadde innandørs skøytehall med naturis frå 1862 (Victoria Skating Rink). Sjå Høidal, 2012, s. 18.

⁴⁴¹Sjå Aftenposten 3. september 1867.

Hjort hans ekte⁴⁴²) var vel så mykje ein dansar og omreisande artist. Han var kan henda ikkje fullt så elegant som Jackson Haines, skreiv den danske avisa, men han overgjekk like fullt amerikanaren i «Dristighed og Udholdenhed».⁴⁴³ Det kan synast som om den danske avisa tala om ein norsk estetisk tradisjon allereie, kva ho kalla «den norske Skole» i skøytesamanheng. Publikum ville få mykje igjen for pengane sine, heitte det. Igjen var ramma for den kroppslege utfoldinga kva ein må kalla underhaldning eller forlysting for eit passivt publikum.⁴⁴⁴

Så, endeleg, i 1869 var det duka for at den mykje omtala skøyteløparkongen Jackson Haines skulle visa seg fram i Norge. Dette skjedde om sommaren, av alle årstider. Haines skulle opptre saman med Leopoldine Adaker frå Wien og nettopp med Horatio Syr frå Kristiania – i foreining med Københavns Folketheaters Personale. Syr og Haines var altså ikkje verre konkurrentar enn at dei kunne opptre saman. Atter var Klingenberg var arrangør, under leiing av direktør Herrmann. Programmet eller sjangeren var også her varitétéater.⁴⁴⁵

Aftenposten hadde ein viss omtale av programmet og framføringa den 19. juni, og her går det fram at kulissane rundt skøytedansen skulle førestilla Pipervika med vinterprega stemningar av Akerhus og Ekeberg i vinterdrakt. Referenten tykte både Haines, Adaker og Syr kom veldig godt i frå det: dei «udførte Løb og Danse med en beundringsværdig Færdighed, Sikkerhed og Eleganse». Godt besøkt var førestillinga også, og ho gjekk ut juni månad. Men av dagsavisene hadde verken Morgenbladet eller Dagbladet eller Aftenbladet omtalar av, og heller få annonsar, for skøytekongen og Klingenberg's varitétéater medan han var i hovudstaden.

Kva som var grunnen til dette, kan eg strengt teke ikkje vita, men det kan ha betydd noko at ein korrespondent til Morgenbladet fortalde at Haines og Adaker hadde forarga både publikum og presse i København med å veksla frå «deres grasiøse Bevægelser med mer end lutfærdige Kankanstillinger», som var å rekna som eit «saadant Uvæsen».⁴⁴⁶

Dei bevega seg bokstavleg frå det høge til det låge i kulturell forstand.

Om Klingenberg er å seia (kort) at dette «Lyststedet», som det blei kalla då kjøpmann Johann Sandelin kjøpte det i 1849, fekk ein stor teatersal som drog studentane til immatrikuleringsfest, og mange tilhøyrarar då Ole Bull spelte fiolin der (i 1864), men som også blei nytta til sirkus, og tendensen etter kvart (fram mot 1880) blei at ikkje berre borgarskap,

⁴⁴² Han var truleg fødd i Fredriksværn, og folketeljinga av 1865 reknar han som fødd i 1843. Hjort var då styrmann av yrke. Namnet Hjort har eg frå reportasjen i Romsdals Budstikke, 4. mars 1869.

⁴⁴³ Dette i Aftenposten 22. okt 1868.

⁴⁴⁴ I 1870 fortel Aftenposten (samt Morgenbladet og BAE) at Syr vekte oppsikt i Paris, skøyte med fleire medaljar på bringa. Han hadde då gjort førestillingar med Adaker i Brussel tidlegare. Sjå Aftenposten 8. mars 1870.

⁴⁴⁵ Losjen var dyrast, 2 spd. Sjå Aftenposten 15. juni 1869. Det er tale om skøytedans, men på rulleskøyter, høgst truleg. Attåt dette: farse, song, føredrag. Omtala også i BT 17. juni 1869. Om varieté og staden Klingenberg, sjå Berthelsen, 2009, side 214.

⁴⁴⁶ Morgenbladet 8. mai 1869.

men også arbeidarfolk og «folk flest» kom dit som publikum.⁴⁴⁷ Kor høgverdig var dermed denne dansen som Haines og Syr og Adaker synte fram? Bevega skøytekongen seg metaforisk sett på eit visst skråplan med varieteteater – eller kvalifiserte det til kunst? Nølte avisoffentlegheita med omtale av denne grunnen? Av den annonsen som direktør Herrmann sjølv rykte inn i Aftenposten før sommarsesongen byrja, ser ein i alle fall at *han* satsa på ridning og på pantomime, på akrobatikk og på skøytedansen til Haines, på buktale og på korsong, på ballett og på ein virtuos med tolv trommer, og attåt dette også festar med luftballongar, og med kappsykling («velocipedfest med veddeløb»). Herrmann hadde late seg inspirera av tilbodet i europeiske hovudstader, skreiv han, og han ønska å gje publikum i Kristiania «Adgang til en Række ligesaa mangfoldige og afvexlende som kunstnerisk interessante og helt igjennem *decente Fornøielser*». Kursiveringa er mi (og «decente» må forståast som det engelske ordet her).

Direktør Herrmann orienterte seg altså mot eit breitt publikum, med både losjeprisar og billegare billetter, og likevel med kunstnarlege ambisjonar. Det var i alle fall slik han lokka.⁴⁴⁸

Meisteren Haines var for sin del for fin på det til å gjera førestillingar saman med Syr & Adaker på ein såpass liten stad som Drammen etter dette. Slik les eg den rettinga Morgenbladet kom med i starten av juli 1969, der det gjekk fram at ein lettare støytt Haines hadde presisert at *han* skulle rett tilbake til Stockholm.⁴⁴⁹

Kongetittelen

Kategoriovergangane som syner seg hjå arrangørane av ulike førestillingar, av annonsane og av omtalane kan oppsummerast slik: Ein *skøyteløpar* synte seg ikkje berre fram om vinteren, men også midt på sommaren, innandørs. Ein *løpar* var like gjerne ein dansar. Ein *konkurrent* var like gjerne ein medskodespelar. Ein *konge* var like gjerne ein meister av ei kunstform som han var kåra i kraft av dei framifrå prestasjonane i ein konkurranse. Skøytinga på isen var på denne måten enno *ikkje* sportifisert. Endå viktigare i denne avhandlinga: Desse skøyteløparkongane som avisene tala om, var godt mogleg ein del av det semantiske og omgrepsmessige gravitasjonsfeltet åt den for lengst etablerte *kunstamatøren*. Dette rimer med korleis korrespondenten til Romdals Budstikke i 1869 (omtala i bolk II, part 5) gjennomgåande kalla isaktiviteten for «Kunster», og at mange av dei (norske) «Dilettanter», som han skreiv,

⁴⁴⁷Sjå Berthelsen, 2009, s. 191-196.

⁴⁴⁸Sjå Morgenbladet 9. mai 1869, nr 127B. Jmf. også Dagbladet 10. mai 1869.

⁴⁴⁹Morgenbladet 7. juli 1869. Notisar i avisene i 1870 tyder på at Syr og Adaker fortsette turneen sin i Belgia og i Frankrike, men dette *før* krigen mellom Frankrike og dei tyske forbunda braut ut.

som sirkla rundt på isen, menn og kvinner, høgst sannsynleg ville gjera stor suksess ved teaterscenar kvar det skulle vera i Europa. Idrett var i denne reportasjen ikkje skilt ut frå annan skjønn kunst. Dilettant-omgrepet kom frå nettopp dei andre og etablerte kunstformene, og blei nytta i samanheng av rørslekulturen på isen. Truleg er det rett å oppfatta kategorien «konge» som del av dei same diskursive felta, altså som den ubestridne meisteren av ein kunstart, den autoriteten på eit område som var inspirert av, og kanskje til og med prinsipielt konstituert av, noko guddommeleg.⁴⁵⁰

Samstundes må ein innrømme ein annan diskurs å eksistera – som handlar om den meir førebelse og stuttvarige kongetittelen, slik ein til dømes kåra ein *fuglekonge* i skyttarselskap i Bergen alt sidan 1700-talet.⁴⁵¹

Visseleg var ein kongetittel også del av marknadsføringa for ein Syr eller Haines i avisomtalane. Så eit anna spørsmål er kven av *menneska* som eigentleg var med å kåra desse ulike kongane. Det tek eg opp i neste kapittel.

⁴⁵⁰ Randmerknader i satirebladet *Vikingen* tyder også på det. Her blei det spurt i ei lita notis kvifor Haines kalla seg konge. Svaret var: «Naturligvis fordi han som alle andre Konger maa have Force i at balancere paa glat Is.» Sjå *Vikingen*, 1870, nr 6, s. 11. *Vikingen*, 1870, nr 8, s. 29, og nr 9, s. 36 tyder på at vitjinga til Haines var mykje omtala i Christiania den vinteren.

⁴⁵¹ Sjå BAE 29. juli 1797. «Fuglekongen» skaut heile eller resten av fuglen ned. I Bergen var dette ein årleg skikk, i alle fall før 1786.

Kapittel 5. Haines vs. Norheim

Vinteren 1870 braka dei to store idrettsfigurane, i den grad ein kalla dei det, saman i norsk idretsoffentlegheit. Dei to store utøvarane av ski og av skøyter, slik som i alle fall avisene og publikum i Kristiania dyrka dei, nærmast kolliderte. Skiidretten og skøyteoppvisninga kom i direkte konkurranse med ein annan då annonsar for begge deler stod i same Aftenbladet, fredag den 11. februar det året.

New-Yorkaren og «Skøiteløberkongen» Jackson Haines inviterte publikum til å oppleva danseprogrammet hans på skøyter. Det skulle finna stad i Pipervika, til tonane av musikkdirektør Speratis brigadekorps. Under denne lysinga stod så overskrifta «Skiløberne». Sondre Norheim og to andre brave karar ville syna fram dugleikane sine no når det tiltenkte skirennet (vel til Centraforeningen) syntest å dryga. Publikum ville ha best utsikt ved Gamle Aker kirke, blei det fortalt.⁴⁵²

Målt i popularitet var skøyteaktiviteten enno størst. I streng kulde hadde Haines samla bortimot 300 iskyndige tilskodarar til den første framsyninga, og som ifølgje avisene anerkjennande applauderte for dei svingane og rørslene han gjorde i tett tilknytning til takten i musikken. Om han blei kalla skøyteløparkonge, sikta han like mykje mot det vi har lært å kalla kunst, så som ballett. Haines var nyskapar eller pioner i måten han omsette etablerte dansar som polka, troikar og masurka til isen. Om kveldane heldt han litt meir lausslupne førestillingar i «Det norske Theater», så som burlesk dans i kvinnekostyme.⁴⁵³ Kva klede han skøyta i nedanfor Akerhus festning, fortel ikkje avisreferata. Men av seinare omtalar kan ein ana at han gjerne stilte med dei utmerkjingsmedaljane han hadde fått ved framsyningar andre stader, så som av kong Carl i Stockholm.⁴⁵⁴

Aftenbladet kalla is-førestillinga hans «Solodans på Staalsko». Om han ikkje synte så mykje dristigheit og kraft (som sånn sett var i ferd med å bli typiske trekk ved «den norske skulen»), hadde han endeleg vist fram ynde og eleganse, ytra avisa.⁴⁵⁵ Aftenposten meinte for sin del at Haines var norske skøyteentusiastar overlegen, fordi han synte større gratie, og ikkje slik «Voldsomhed» som ein var vant til her. Dagbladet ordla seg også rosande, i eit stuttare referat. Morgenbladet gav først hendinga berre ei lita notis, men tok sidan skøyteidretten inn i ein breiare ramme og samtale, både med historia (sagaen om Fridtjof den frøkne etter E. Tegnér), og med samtida. Til og med kvinneedimensjonen ved skøytinga blei drøfta på

⁴⁵² Haines' framsyning var også førehandsannonsert i Morgenbladet den 11. februar, og truleg også i Aftenposten.

⁴⁵³ Sjå Aftenposten 24. februar 1870.

⁴⁵⁴ Sjå til dømes BT 3. juni 1873.

⁴⁵⁵ Referatet vart skrivne av i Bergens Adressecontoirs Efterretninger ei veke seinare.

følgjetongplassen i denne avisa helga etter.⁴⁵⁶ Om Jackson Haines blei det sagt i dette kåseriet at han dreiv med *kunst* på isen, medan dei mange norske dyktige skøyteleparane dreiv med kunstar. Forskjellen var den som alltid låg der mellom «flinke og talentfulde Dilettanter og den til Mesterskab utdviklede Kunstner.» Dette var den same bruken av ordet «dilettant» som i reportasjen frå Romsdals Budstikke året før, og for så vidt i samanfall med den omgrepsbruken forskaren Randi Selvik har synt for musikklivet i Norge eit par tiår tidlegare. Den ihuga og for så vidt dyktige ‘dilettanten’ hadde den kompromisslause kunstnaren og meisteren som motstykket sitt. Det same gjeldt for ‘amatøren’ som omgrep. Om ordet «Dilettant» så blei lada med negativ klang her, slik som eg antyda var utviklinga på 1860-talet, må ein altså seia det med ein viss tvil.⁴⁵⁷

Det Morgenbladets kåsør meinte Haines var så dyktig til, var å stemma rørslene og kroppen inn under «Skjønnhetens Love». Han kjende til kritikken mot dette synet, skreiv han. Dei som ville ha meir fart og kraft, dei sa gjerne: «Ja, men i Valdres, der hopper de over Hest og Slæde, og gjerne Mand til, med Skøiter paa, og saadanne Hop gjør dog Jackson Haines ikke.» For slike, som altså sette mest pris på det han kalla «Liniedans og Trapez volant», kunne sjølv ikkje ein Shakespeare bli underhaldande, meinte avisa.⁴⁵⁸ Linjedans og akrobatikk blei altså her rangert som lågare underhaldning enn kunsten. Og skøyteugleiken kunne tydelegvis heva seg opp til ein slags kunst. Ved avslutningsframsyninga si utandørs fekk Haines eit adgangsteikn i gull av styret i Christiania skøiteklub. Denne utmerkinga hadde gjerne like mykje inspirasjonen sin i militære medaljeseremoniar og også i kva kongar kunne dela ut av utmerkingar– som i rangeringar og utdelingar av premiar av ulike valørar ved opne og ideelt sett rettferdige tevlingar.⁴⁵⁹

Seinare framstillingar har snudd om på kåringane på glattisen ved Akershus, slik at Haines ikkje så mykje imponerte publikum i Kristiania som at dei mange dyktige norske amatørane latterleggjorde han. Publikummet skal ha vore mykje meir kravstort enn kva Jackson Haines kunne innfri med piruettane og dei små dansetrinna sine. Hagbarth Wergeland, ein seinare redaktør av Norsk idrætsblad, gav eit slikt referat i 1893. Her blei Haines framstilt som

⁴⁵⁶ Sjå alle Kristiania-avisene den 14. februar 1870. BAE den 21. februar 1870. Mange aviser hadde for vane å trykkja framhaldssoger, ofte skjønnlitteratur omsett frå utanlandske aviser, under ein tjukk strek nedst på første og gjerne andre side. (BT lenger ut) Sakstoff var ikkje uvanleg frå slutten av 1860-talet av. Sjå Skjeldal, 2017.

⁴⁵⁷ Jmf. «Dilettantorchesteret» i annonse i Morgenbladet 6. mars 1870

⁴⁵⁸ Morgenbladet den 20. februar 1870. Eit mogleg døme på ein slik spenstig skøytelepar er futen Marcus Florenz (i Kviteseid. Sjå Loupedalen, 1947, s. 150.

⁴⁵⁹ BT 8. mars 1870. Også i 1873 var Haines i Norge, først i Kristiania (Møllergatens Theater), så i Bergen, med rulleskøytenummer som var både kunstnarleg motiverte, men også sikta inn på latter og ablegøyer. Både Aftenposten og BAE omtala førestillingane då, sjå Aftenposten 6. mai 1873. Haines døydd av lungebetanning alt i 1875, og ønska visst å bli gravlagd i Stockholm. Jmf. BAE 5. juli 1875. Eit døme på kongelege medaljeutdelingar, «Medaljen for Borgerdaad», nemnt i avisene: Lillehammer Tilskuer 4. juli 1845. Borgerdådmedaljen blei elles innstifta av den svensk-norske kongen i 1819.

profesjonell – i negativ forstand. Men då var amatørfiguren gjort høgst og tydeleg gjeldande i norsk idrettssamanheng.⁴⁶⁰

Norheim & co

Sondre Norheim og kameratane hans må ein nok seia tapte denne duellen i Kristiania-offentlegheita i 1870. Truleg berre ei handfull tilskodarar hadde møtt opp ved Gamle Aker kirke klokka tolv på søndagen. Aftenbladet gav skiarrangementet rett nok breiare plass i sine spaltar, og utropte Norheim til «Nutidens bedste Mand på Ski», ikkje minst med tanke på alderen hans no (45 år). Dei tre karane, samt ein unggut frå Hammersborg som hadde fått bli med, hadde synt kor fort dei kunne gå ein runde på ski, og deretter hoppa utfor ein høg skrent, godt mogleg den same brinken som Elling Bækken hadde prøvd seg på i 1866. Sidan underlaget var heller flatt, og snøen hardpakka, hadde heller ikkje Norheim klart å stå. Men etterpå hadde han funne eit låm meir på skrå der han kunne både hoppa, og syna fram svingen sin etterpå. (Her var også fleire byungdommar med.) Det kan såleis henda at det var her, og dette året, at Fritz Huitfeldt bivåna hoppinga til den såkalla «skomageren».

Rennet var ei oppvisning, litt på same måten som Haines svinga seg rundt på isen, og Elling Bækken for så vidt. Men Centralforeningen hadde stilt med eit par menn frå styret, og dei, samt eit par andre, hadde vore med og teke tida, og gjeve bedøminga si. Noko meir organisert enn Bækkens renn var såleis denne tildraginga, om ho var mindre ei tevling enn han fekk til, og mindre omtala enn det høvet. Den innsamla summen var heller ikkje særleg å skryta av: 10 spesidalar på deling for dei langvegsfarande, ifølgje Aftenbladet. Jackson Haines, for sin del (og dels for orkesteret), dansa inn minst 50 spesidalar berre på den første framsyninga si.⁴⁶¹

Noko anna å spørja seg om, noko tettare på problemstillinga i denne avhandlinga, er kva den prinsipielle forskjellen frå skirenninga ved Gamle Aker i 1870 og til fenomenet og kulturstorleiken «liniedans» og gjøglarar og meir generelt *sirkus* bestod i. Dette kan absolutt diskuteras. I Morgenbladet laurdagen etter var det ein «Z» som kritiserte dei vågestykka som Kristiania-ungdommen forsøkte seg på i skibakken, fordi dei leit så mykje på staven at dei sette utfor sjølv livsfarlege stup. Han hadde hatt vondt av Sondre Norheim, som hadde følt seg tvungen til å prøva skrenten, han også.⁴⁶² Truleg sikra bistanden til Centralforeningen ein dåm av noko meir offisielt og høgtidleg over tevlinga enn berre eit simpelt oppvisningsrenn med

⁴⁶⁰ Jakob Vaage skriv langt seinare: «I 1870 kom han atter til Europa, og da besøkte han også Christiania, men møtte her sitt Waterloo.» Aftenposten 1. februar 1975

⁴⁶¹ Dette er eit forsiktig anslag, basert på minst 200 vaksne tilskodarar, som betalte 24 skilling kvar. Barn betalte 12 per hovud. No skulle Haines også dela litt av forteneasta med Sperti og brigademusikken, vil eg tru. Men han hadde førestillingar heilt fram til mars månad, både ute ved Vippetangen, og inne i teateret.

⁴⁶² Morgenbladet 19. feb. 1870. Innlegget var stila til Centralforeningen, og «Z» oppmoda dei til å forby bruk av stav i skirenn.

hopp og med skisprell der bygdekarane vona å sank inn litt pengar. Annonser hadde heller ikkje så mykje kravd betaling av publikum som oppmoding om å frivillig påskjøna dei (bodgutane) som gjekk rundt med innsamlingsbøsser. Det er også verdt å merka seg at dei to telemarkingane og kompanijegeren frå Land kalla seg *skiløparar*. Dei var ikkje amatørar, og i alle fall ikkje profesjonelle. Dei var ikkje kunstnarar og heller ikkje omreisande artistar. Dei var heller ikkje «kongar»; i tydinga av den aller øvste meisteren. Dei var berarar av noko eldgammalt og edelt, trudde ein, og noko ganske nytt. Slik kan ein kan henda forstå den breiare omtalen, og heile den gjenoppdaging av den såkalla stolte norske idretten skiløping i desse åra.⁴⁶³ *Seinare* skulle den eksplisitte amatørfiguren næra seg på desse opphavsmytane.

Aftenbladet avslutta med å uttrykka tvil om terrenget ved Gamle Aker kirke var så bra for skiløping. Skepsis hadde telemarkingane, og visst også Centralforeningen sjølv ytra. Snøen låg sjeldan djupt så lågt og tett inn på byen, og ikkje var det gjeve at byfolk sjølv fekk utfalda skiløpinga si der, heller. Truleg var det skrantande føre som gjorde at skirenn ikkje blei avvikla i Kristiania verken i 1869, eller i 1870. Avisa oppfordra då også Centralforeningen til å finna eit meir eigna terreng.⁴⁶⁴

Åra 1871-1875

Også i 1871 gjekk skirennen til Centralforeningen føre seg i nærleiken av kyrkja og Eugénias stiftelses løkke. Den meir enn godt vaksne Sondre Norheim blei no nummer to; i stil og i stavbruk fekk han den same karakteren som vinnaren lærar Smedal frå Seljord, men han var tre minutt attom han i tilbaketilt tid. Ved dette høvet hadde Centralforeningen teke etter skikken frå andre stader i landet, og laga til ein eigen klasse for ungdom mellom 14 og 18 år, kalla «Gutter» i avisa. Tida blei her den avgjerande rangeringsfaktoren. Etter kappinga heldt ein så oppvisning i hopp.⁴⁶⁵

Aftenbladet klaga no på at så få byfolk (berre 30) hadde teke del i rennet. Det var rett nok streng kulde, og hardpakka snø, og eit nokså påtrengande publikum. Men *deltaking* var tydelegvis eit viktig poeng for avisa å etterlysa, eller å skunda på. Ein kan ana det var eit motiv

⁴⁶³ Innleiinga til referat av eit skirenn i Steinkjer, trykt i Morgenbladet den 19. mars 1866, er eit klassisk døme på denne måten å skildra «den gamle hertillands yndede Skiløberkunst».

⁴⁶⁴ Sjå Aftenbladet 14. februar 1870, og Aftenposten 15. feb. (Morgenbladet vørde ikkje tildraginga med ein notis ein gong). Det einaste skirennen i 1870 som eg har funne referert, var eit i Nes i Hallingdalen, der løparane først og fremst stod utfor. Morgenbladet 24. feb. 1870.

⁴⁶⁵ Avisartikkelen er sitert i sin heilskap i Skiforeningen, 1898, s. 64-65. Legg elles merke til at Olaf Gjerdrum var dregen til Amerika, og kva forventningar om kappløp, veddeløp med candarane og derira «snow shoes» som avisene vona på. Morgenbladet etter Aftenposten 11. juni 1871.

også for arrangøren, også når ein tolkar bakgrunnen for klasseinndelinga. Kvifor ikkje kvinner eller jenter var bedne inn, kan ein berre ana: Det må ha vore upassande for mennene her.⁴⁶⁶

Likevel må det understrekast, og truleg kan det ikkje understrekast nok, at denne offentlegheita som aller mest dagsavisene var med å ringa inn slik – var noko anna enn kva ein kunne kalla rørslekulturen knytt til marknadsløyer, linjedans og sirkus. Ein ville heller skapa samanhengar med deltakarar, meir enn at folk var meint å vera tilskodarar. Heller ikkje på scenane med varieteteater og andre slike underhaldande førestillingar tenkte avisene at folk skulle bli med. Men dette var altså blitt viktig i det ein kalla den gryande organiserte idretten.

Opne kappskøytingsstemne var blitt ein årleg tradisjon i Kristiania etter 1867. Sjølv om også klubbar hadde kome til i Hamar, i Halden og i Drammen på dette tidspunktet, er tildragingane i hovudstaden viktigast for utviklinga av denne idretten. *Tid* synest etter kvart å ha vore einaste rangeringskriterium for det hurtigheitsløpet ein skipa til; medan dei estetiske omsyna blei lagt vekt på i den meir «kunstferdige» tevlinga. Eg har ikkje kunna spora opp resultat og omtale av stemnet i 1869 i avisene. I mars 1870, altså etter at Haines hadde vist seg fram på Kristiania-isen, vann løyntant Olaf Gjerdrum begge disiplinane i kappestemnet. Hagbarth Wergeland, også han frå Kristiania, og altså seinare redaktør i Norsk idrætsblad, blei nummer tre i kunstløpet her. Morgenbladet noterte seg dette som ein viss siger for byfolket – over odølene, som hadde sigra dei føregåande åra. Den same avisa meinte også at Jackson Haines alt hadde påverka dei norske kunstløparane i god forstand, og særleg då Gjerdrum.⁴⁶⁷

Meir enn 5000 menneske bivåna hendinga. Dei fekk sjå, i 1870 som det føregåande året, stod det, at også to *jenter* syna fram dugleikane sine i kunstsøyting. Den eine var tolv år, og dotter av kjøpmann Joh. Paulsen. Jentene stilte rett nok utanfor konkurransen med herrane, og dei var ikkje namngjevne i avisa, men dei fekk ekstrapremiar. Jentene, om ikkje kvinnene, var på ein måte med.⁴⁶⁸

I denne historia mi er dei likevel ikkje hovudpersonane: Kjøpmann Paulsen var også far til *Axel* Paulsen. Det kan av seinare bøker sjå ut som han, altså Axel, vann eit stemne for gitar (over 14 år) den 6. mars det året, men eg har ikkje kunna funne referat i avisene av det, eller annonsar i førekant.⁴⁶⁹

I 1871 er det heller ikkje nemnt noko skøytestemne i Kristiania, i avisene, i alle fall. Om krigen mellom Preussen og Frankrike, og Bismarcks beleiring av Paris hadde noko å seia for

⁴⁶⁶ Dagbladet trykte eit lite dikt til referat: Sjå Loupedalen, 1947, s. 117.

⁴⁶⁷ Lengdeløpet hadde flest deltakarar; 76 vaksne mot 12 i «Kunsthørdighet»

⁴⁶⁸ Sjå referatet i Morgenbladet 15. mars 1870.

⁴⁶⁹ Bjørnsen og Jorsett, 1971.

dei omreisande artistane som Syr, Adakar og Haines, er ikkje sagt. Interessant nok hadde Morgenbladet ein notis om kva avisa i februar månad kalla eit «Kapløb» på skøyter i København. Preget og malen og målet her var nok kunstløp; ein ballettmeister var dommar, og den kvinna som vann i dameklassen (!) fekk ein teaterkikkart i premie.⁴⁷⁰

Norheim som meister

Sondre Norheim vitja hovudstaden ein fjerde gong i skisamanheng, som eg veit om. I det minste var han i nærleiken av Kristiania i 1875, då Bærum skyttarlag stelte i stand renn på vegne av Centralforeningen i Sandvika, vel fordi snø og skiforhold mangla inne i sjølve byen, slik det hadde gjort og mykje vanta dei siste åra. Norheim var då 50 år. Elling Bækken var også med, han var 35 år gammal.⁴⁷¹

Deltakartalet var større no enn tidleg på 1870-talet, 60 vaksne og 30 gutar, og fleire kunne visst stilt om butikkane hadde hatt ski å selja, skreiv Aftenbladet. Publikumsoppmøte var også godt; arrangørane hadde oppmoda Vestbanen om å setja opp ekstratog. Av dagsavisene gav både Aftenbladet og Aftenposten fyldige referat; Morgenbladet refererte rennet dagen etter.⁴⁷²

Norheim blei no kalla «Skiløbermester», endå han hadde brukt fire minutt lengre tid enn den raskaste, og nok var stivare i beina enn i velmaktsdagane, slik i alle fall Aftenbladet såg det. Han hadde fått ein ekstrapremie som nr. 16 totalt i rennet – nok ikkje i kraft av alderen åleine, men i kraft av det ry og den rang han hadde vunne seg over tid. Det var også ein slags fellesskap som gav han den prisen, på den sexaen som blei halden tidleg om kvelden. I den etablerte kunstsjargongen var han då motstykket til dilettanten og amatøreren i nemninga «mester». Dei andre premierte fekk «finare» bruksgjenstandar (sukkerskåler, fløytekanner, Bækken eit norgeskart), Norheim fekk også eit tikronestykke i gull.⁴⁷³ Pengane definerte han *ikkje* bort frå idretten på nokon måte. Det var snarare tvert om: Gullstykket antyda at han hadde den øvste rangen.⁴⁷⁴

Noko anna å merka seg er at heile ni bygdeløparar hadde kome før den første løyntanten frå Kristiania (viss ein då reknar Bærum til bygdene her) på resultatlista. Mange av dei var frå

⁴⁷⁰ Morgenbladet 5. februar 1871.

⁴⁷¹ Ifølgje beretninga til Søren Christoffersen, medlem i Nydalens skiklub, tok Bækken feil av løypa i langrennet. Sjå *Nydalens skiklub*, 1986, s. 8.

⁴⁷² For referat av heile stykket i Aftenbladet, sjå Loupedalen, 1947, s. 118-120.

⁴⁷³ Kroner hadde erstatta spesidalaren i 1874, til verdiforholdet 1 spd= 4 kr.

⁴⁷⁴ Slik tolkar eg hendinga. Ein kan nok også hevda at han fekk pengane fordi han var fattig husmann, og at dei betrestilte i forsamlinga eigentleg gjorde ein gest som nedlatande. Eintydige er ingen handlingar. Festen eller sexaen gjekk føre seg i Walle Enkes hus, med premievinnarane, arrangøren, og ein del inviterte frå Bærum skyttarlag til stades. Sjå Loupedalen, 1947, s. 120.

Telemark, dei tre aller første frå Morgedal. Ifølgje Aftenbladet hadde fleire blant publikum meint at telemarkingane synte seg vel varsame over hoppet; for der andre løfta staven, let «Thelebønderne» knapt skiene frå bakken. Kan henda var det omsynet til premiar som dreiv dei til det, eller uroa for knekte ski. Eller dei *var* berre meir forsiktige enn tevlingsmoralen, og bedømmingsnormene, tilsa. Det større amatør-relevante emnet eit stykke bakom desse betenkningane i avisene, er gjeve ved stikkordet haldning. Men om dette seier ikkje referat i Aftenbladet noko meir.

Eg har ikkje funne særleg ordskifte i etterkant av dette rennet, men snarare i førekant – medan annonseringane gjekk føre seg i ulike blad. I Morgenbladet, endåtil på første side, og første spalte, drøfta distriktslege Thoresen og kaptein Olaf Petersen kva vekt faktoren hurtigheit burde ha, og ikkje ha, ved premieskirenn.⁴⁷⁵ Thoresen, som også engasjerte seg i ordskiftet i 1868, var fortsatt lege på Eidsvoll; Olaf Petersen, som hadde vore med i rennet med Bækken i 1866, var no kaptein i Molde. Begge var samde om at å vekka skiinteressa til publikum var eit vesentleg motiv ved arrangementa, endå dei tilla framkomstdimensjonen ved skiløping ulik tyding, både i det annonserte skirennen til Centralforeningen, og for dugleiken til skiløparar i det heile.⁴⁷⁶

Denne flyttinga av Centralforeningens skirenn til Sandvika i 1875 impliserer ikkje at det ikkje gjekk føre seg organisert vinteridrettsliv i sjølve Kristiania i åra etter 1871. Morgenbladet fortel i mars 1872 om eit skirenn som var kome i stand i Nydalen, på initiativ av bestyraren ved Nydalens Compagnie (no også hoffjegermeister Gjerdrum) der Elling Bækken var med, og Centralforeningens formann (oberstløyntant Broch) hadde stilt med premie. Men dette var eit privat renn, først og fremst retta inn på hopping, for fabrikkarbeidarane, Bækken inkludert. Det lukka arrangementet, som sånn sett fell utanfor idrettsoffentlegheita slik eg forstår henne, synest å ha vore ein tradisjon over fleire år.⁴⁷⁷

I 1876 var til og med den relativt nye kongen av Norge (og Sverige) tilstades ved rennet; det blei gjort stor stas på han med song («Gud bevare Norges Konge, Folk og Land»), skiløparar i geledd, og flagg og hurrarop. Kong Oscar II, som hadde tatt valspråket «Broderfolkernes Vel»/«Brödrafolkens väl» i 1872, kvitterte med å dela ut 20 kroner til beste (vaksne) hopp, og fleire mindre premiar til guteklassen (7-9 år). Centralforeningen var til stades med

⁴⁷⁵ Morgenbladet 22. jan. 1875, og 9. feb. 1875; Thoresen også Morgenbladet 24. feb. 1875. Eg ser elles at Thoresen hadde travhest, og sånn sett kjende til Sigv Petersen, han som skulle bli red. i Norsk idrætsblad, jmf *Fredrikstad Tilskuer* 6. feb. 1875

⁴⁷⁶ Også ein «D. Th Øde» skreiv om saka i *Fædrelandet* den 6. feb. 1875, og var på linje med Petersen i synspunktet sitt.

⁴⁷⁷ Sjå Haarstad, 1993, s. 120 og Morgenbladet den 6. mars 1872.

styrerepresentantar også her, men denne offentlegheita må først og fremst kunne kallast representativt – slik ho var retta inn på å hylla kongen og hoffet hans. Centralforeningen synest ikkje å ha hatt uttala motførestillingar mot at skiløpinga her var retta inn på eit hopp åleine; og hoppet faktisk i mannshøgde etter avisreferatet å dømma.⁴⁷⁸ Forskjellen i offentlegheit syner seg også i samanlikning med kva som hende i Bærum året før: Der fekk Norheim ein ti-kroning av den bedømmingskomiteen og det fellesskapet som anerkjente han. I Nydalen delte kongen ut ein tjue-kroning (i gull, prega med relieffet hans) etter sitt suverene behag.

Så må det seiast i denne andedragen – at organisert vinteridrettsliv slett ikkje berre gjekk føre seg i Kristiania på denne tida. Skirenn i Trysil blei nemnt som mal i debattsamanheng i 1875.⁴⁷⁹

Rulleskøyter

Også Jackson Haines vende tilbake til Kristiania, dette rett nok om våren, i 1873. Då gjorde han førestillingar på rulleskøyter på Møllergaten Theater, saman med ballettpersonalet der. Møllergaten 1 hadde husa Den dramatiske Scenes Theater tidlegare, og heldt kan henda ein litt høgare standard eller kulturambisjon enn scenane på Klíngenber^g.⁴⁸⁰ Vikingen, som hadde auga for det satiriske potensialet i all slags idrett, kommenterte det nummeret han gjorde mest bravur med: «Lord Dundrary paa Skøiter – eller en Begynders Fataliteter». Vekebladet meinte han heller burde framføra: «En Stortingsmanns Fataliteter». I juni vitja Haines Bergen med den same førestillinga og det same ballettpersonalet: Bergens Tidende kalla han litt meir opphøgd ein mester av kunsten sin.⁴⁸¹

Skøytelivet i hovudstaden var om vinteren enno høgst levande, slik akvarellen til Hanno frå 1873 er eit fargerikt eksempel på. Men han var på retur. Frå eit tilhøyrsletal på 6642 i toppåret 1871, då banen hadde lys og faklar, til og med, var mengda betalande klubbmedlemmer halvert i 1873. Veret var ikkje alltid på lag med klubben: Verken i 1872 eller 1874 var det tjukk nok is til å anlegga bane. På Akerhus festning var det dessutan stadig skot-øvingar med kanonane. Omtalen av kappstemne, anten det no var hurtigheitsløp eller prøvar i vanskelegheiter og kunstar på isen, var tilsvarande stykkevis og delt i avisene. Drøftingar var det heller ikkje mykje av, som eg har kome over. Rett nok kunne referat av generalforsamlinga

⁴⁷⁸ Morgenbladet 29. feb. 1876. Bækken var forresten med her også. Inga resultatliste var offentleggjort etterpå.

⁴⁷⁹ Trysil var på ein måte aller tidligast organisatorisk med Trysil Skytte- og Skiløberlag, sjå Haarstad, 1993, s. 97. Trondheim var også eit eige «skisenter», slik han formidlar.

⁴⁸⁰ Berthelsen, 2009, s. 214.

⁴⁸¹ Han var også i Bergen med det same nummeret og same personalet, jmf. BT den 3. juni 1873. Vikingen, 1873, nr. 19, s. 75.

i Christiania Skøyteklub koma på trykk i avisene, men desse diskusjonande handla meir om drift enn om konkurranseformer, og om moral og estetikk, og andre mogleg amatørrelaterte emne.⁴⁸²

Eg har funne fram til eit kappløp for gitar som skøyteklubben laga til i 1875, omtala i Morgenbladet. Her var to klassar; ein for hurtigløp og ein for «kunster». I aldersgrupperinga for dei under 14 år var det ein F. Nansen som blei nummer tre. Han delte tid med to andre, men rangeringa tok også i betrakting «smuk, stø og kraftig Gang», som det blei understreka på premieutdelinga. Centralforeningen hadde sett opp nokre premiar, og resten bestod av bruksgjenstandar som tolleknivar, penneknivar og bøker.⁴⁸³

I februar 1878 var det den same sekstenåringen Fridtjof Nansen som vann kappløpet over 8500 alen, der fleire tusen betalande tilskodarar (og endå fleire ikkje-betalande) hadde samla seg. Ikkje berre tid, men også stilkarakter hadde bestemt rangeringa i denne konkurransen, som altså Kristiania Skøyteklub hadde regissert. I den andre tevlinga gjeldt det «Opvisning i de vanskeligere øvelser». Morgenbladet kalla desse som prøvde seg «de Herre «Kunstnere»» (med hermeteikn), men drog såleis parallellen til sfæra av kunst – og her gjerne forstått som ballett. Seinare kalla ein det gjerne *kunstløp* i norsk idrettsoffentlegheit. Lat meg understreka det ordet i samanhengen min, med denne kursiven her.⁴⁸⁴

Å flytta skøytebanen såpass langt unna byen, svekka nok impulsen mange folk hadde fått til å ta isen i bruk nær ved. I 1878 kom så dødsstøytet for banen i Pipervika, då Havnevesenet tok i bruk isbrytardampskipet «Mjølner». Men: Det er verdt å merka seg at isen i Frognerkilen heilt vest i hovudstaden trekte store besøkstal, kanskje opp mot 100 000 så seint som i 1880. Og heilt inne i byen hadde forlystingsstaden Kristiania Tivoli på den same tida ein liten skøytebane mot betalt inngang (10 øre) og ein del idrettsbeslekta arrangement.⁴⁸⁵

På ein underleg og heilt eigen måte var skøytesporten spent ut mellom hurtigløp og kunst, mellom natur og kultur, mellom ute og inne, mellom vinter og sommar.

Oppsummering

⁴⁸² 1870 var prisdommarane ved stemnet løyntant Petersen og kjøpmennene Paulsen og Johansen. I skøyteklubben sjølv sat oberstløyntant Broch som formann, med kongeleg fullmektig Falch-Ytter som sekretær. Dette var ikkje overklassen i Norge, men såkalla «bedrestilte og bedre utdannede», som Haarstad skriv, 1993, s. 96.

⁴⁸³ Morgenbladet, 8. mars. 1875. I 1876 var klubbguteløp flytta til Frognerkilen.

⁴⁸⁴ Løparane hadde gått ut ein og ein, og snudd halvvegs på den rette strekninga. Dommarar stod det fleire stader langs «banen», og karakteren var såleis gjeven ved eit snitt. *Morgenbladet* 12. feb 1878.

⁴⁸⁵ Morgenbladet omtalar ei prøvesegling den 17. mars 1878. Isen ved Pipervika var ikkje noko problem for brytaren, heitte det her. Når det gjeld medlemstala i klubben, fortel Vaage i ein artikkel at om lag 4000 var betalande i 1878. I 1879 og 1880 gjekk ein over til å ta betalt per dagsbruk i Frognerkilen, og besøkstala er i og for seg imponerende nok: 100 000 og 150 000! Vaage, 1971, s. 19. Annonse i Aftenposten den 13 feb 1879 vitnar om skøytebane på Klingenberg.

Jackson Haines og Sondre Norheim kunne sjå ut som konkurrentar om merksemda i den spede, gryande norske idrettsfentlegheita i 1870-åra. Begge figurane blei betrakta både som kunstnarar av avisene, men måten og samanhengane dei viste seg fram på, kunne også minna om gjøgleri. Grunnleggjande var nok ikkje rørslekulturane mellom skjønn kunst og idrett og sirkus så separate som ettertida kanskje vil ha det til. For denne avhandlinga ligg det eit viktig poeng berre i det ordet som blei verande på isen – altså *kunstløp*. Samanhengen fanst mellom kunst og idrett. Aller viktigast: Amatørfiguren kunne finnast i begge leirane.

Kapittel 6. Husebybakken

Det skulle gå meir enn ti år før dei leiande idrettskreftene i Kristiania våga seg opp i Husebybakken, den som Jørgen Gjerdrum hadde åtvare om i 1868. *Han* hadde nemnt på at ein skiløpar hadde brote beinet sitt der. Jakob Vaage meiner at Sondre Norheim for sin del hadde nytta den større hellinga i vestre Aker til å halda skikurs alt i 1870.⁴⁸⁶ I januar og februar 1879 stod det i alle høve annonsar i norske aviser for eit tilstundande skirenn i Kristiania, om ver og føre tillét det. Arrangør var Christiania skiklub, med assistanse og eit visst premiebeløp frå Centralforeningen. Det var éin kontingent for vaksne, og ein litt lågare for gutar under 17. Kvinner eller jenter var ikkje nemnt i lysingane.⁴⁸⁷

Bergens Tidende, via Kristiania-korrespondenten, fortalde i ein notis at planen var å avvikla rennet den søndagen som avslutta marknadsveka, og samstundes ha ei kåring av skimakarar i ei eiga skiutstilling. Tevlinga skulle altså gå føre seg i Kastellbakken ved Huseby i vestre Aker, samt i ei løype som var om lag 5000 alen (= 3 km) lang. Husebyrennet og delvis skibakken i seg sjølv blei ein institusjon i eit tiår fram til 1889. Det som hende der blei mykje omtala i idrettsoffentlegheita, og det som gjekk føre seg, samla større krinsar av skiløparar i sør-Norge, og danna malen for både renn, og for stilvurderingane.

Meir, mykje meir skal forteljast om det i neste part; dette kapittelet handlar om korleis rennet kom i stand, kva som hende i denne bestemte offentlegheita første gongen, og den breiare kunstsamanhengen som skiløpinga fortsatt hadde til rammer.⁴⁸⁸

Christiania skiklub var danna i 1877, truleg på initiativ av Axel Huitfeldt, Olaf Petersen og Joseph Müller. Sistnemnde var sekretær dei første åra, Petersen formann. I 1879 var Ivar Bjørnstad formann. I løpet av stiftingsåret fekk klubben godt og vel 40 medlemmer, mange av dei løyntnantar, men også legar, advokatar, grosserarar og eit par skipsreiarar. Ein må kunna kalla dei betrestilte i samfunnet, men ikkje nødvendigvis samfunnets toppsjikt eller såkalla «overklasse». Mellom statuttane var at medlemstalet ikkje kunne overstiga 50 medlemmer. Dette, samt ordet «klubb», gjer at forskaren Haarstad spør seg om impulsen kom frå dei britiske «clubs» med vekta som nettopp desse la på konkurransar og rekordar, om dei enn var eksklusive

⁴⁸⁶ Vaage, 1956.

⁴⁸⁷ Sjå Morgenbladet 31. jan. 1879, og 2. feb. og 6. feb. same årgang. Sjå Aftenposten 30. jan. og 1. feb. 1879. Redaksjonell førehandsomtale i Aftenposten 3. og 4. feb. 1879. Også andre aviser som kom ut i Kristiania, kan ha trykt annonsen. BT hadde ein kort omtale 3. feb 1879. Og Fædrelandet altså av skirenn i Stockholm 5. mars, der det gjekk fram resultat, og at også to kvinner hadde vore med.

og ekskluderande nok.⁴⁸⁹ Men også Turnforeininga heldt seg med ein skøyteklubb, som var open, og føremålet med denne skiløparkklubben som kom no var først og fremst å initiera skiturar, samt det å «avhandle de forskjellige methoders og skiformers fordele og ulempe». Skiklubben vedtok å slutta seg til Centralforeningen, og påtrykket om å danna konkurranse i skiløping kan ha kome frå den kanten.⁴⁹⁰

Kor viktig er konteksten av marknadsveka også denne gongen, for å forstå premieskirennen på den rette måten? Tilsiget av bygdefolk som skulle selja trevarer, og hestar, var ein opplagt grunn til å halda tevlinga då. Det same gjeld utstillingskonkurransen av ulike typar treski. I ein førehandsomtale i Aftenposten nettopp av marknadsveka, var faktisk skirennen ved Huseby, og travstemnet som var tillyst på Maridalsvatnet, dei viktigaste attraksjonane («Favoritforføielser») å ha nemnt aller først.⁴⁹¹ Ein ekstraannonse i Morgenbladet fortalte dessutan publikum at det var sett opp ekstratog til Bygdøy, og at varm buljong, smørbrød og kveitebrød kunne kjøpast («erholdes») ved stemnestaden.⁴⁹² På den andre sida var heller ikkje den primære tanken til denne arrangøren å skaffa skiklubben inntekter. Det ser ein tydeleg når ein samanliknar med Christiania Tivoli og eigaren Knut Tivander, som annonserte med ein eigen skøytebane for publikum (mot betaling) i byen, og som også skipa til premieløp nettopp under marknadsveka. Tanken til Christiania skiklub var å laga blest om skisporten. Knut Tivander laga blest om Christiania Tivoli, og alle dei ulike framsyningane og kulturtilboda som fanst der. Eg kan heller ikkje sjå av avisene at dei skreiv referat frå dette skøytestemnet, slik som dei gjorde i stort monn etter rennet på Huseby.⁴⁹³

Ein viss forskjell må seiast fanst mellom travstemnet på Maridalsisen, og skirennen på Huseby. Ser på kontingent og premiesummar for hesteeigarane, merkar ein eit heilt anna prisleie: 15 kroner i inngangssum, og tresifra belønningar for dei fremste hestane (400 kr, 200 kr, 100 kr). Påmeldingsavgifta for Husebystemnet var 1 krone for vaksne, og det halve for gutane. Den gjevaste premien var der 100 kroner (godt mogleg i gull), dei andre var sølvgjenstandar i verdi frå kr.60 og nedover. Publikum måtte betala 40 øre for tilskodarplass på trebenkar.⁴⁹⁴ Ikkje dermed sagt hestesporten nødvendigvis var så mykje meir kommersialisert:

⁴⁸⁹ Haarstad, 1993, s. 121.

⁴⁹⁰ Sjå *Christiania skiklub gjennom 43 aar*, 1920, s. 27.

⁴⁹¹ Sjå Aftenposten 4. feb. 1879, nr 29 A. Av andre scener og forlystingstilbod blei nemnt at begge teatra hadde program denne veka, og Christiania Tivoli, og dessutan utstillingar i Kunstforeningen, Nasjonalgalleriet og andre institusjonar knytt til malarkunsten. Elles tykte journalisten at sjølve utstillingsmengda og bodene ved Youngstorget å ha gått tilbake, og at marknaden eller omsetjinga av godteri og andre forbruksvarer var på retur.

⁴⁹² Morgenbladet 7. feb, 37B.

⁴⁹³ Sjå annonsen for Christiania Tivoli i Morgenbladet 6. feb 1879.

⁴⁹⁴ Sjå annonsen for skirennen i Morgenbladet 6. feb 1879, og Morgenbladet 7 feb 1879, 37A, for premiane ved travstemnet på Maridalsløpet.

Ein må hugsa på at å halda hestar var dyrare enn å halda seg sjølv med ski. «Skien er Fattigmands Hest, heitte det i reportasjen i Morgenbladet etter Husebytevlinga.⁴⁹⁵

Hesteavl blei sagt å vera tanken med sledetravinga, slik det også kom fram på den generalforsamlinga som Christiania Hesteavlsforening heldt om kvelden (i Christiania Tivoli). Ein del opplandsbønder hadde då også reagert på ein hadde innført svingar på isbanen utan å varsla dei som kom frå bygdene, og eit svensk hesteblad hadde meint at den distansen nordmennene heldt seg med (1000 m) var i beste fall «Dilettantisme». Først med distansar på 2000 meter kunne ein tala om kva som gagna hesteavlen, og ikkje berre moroa, hevda han.⁴⁹⁶

Premiar

Tanken om premiar er eldgammal. Alt Homer, som dei med examen artium kjende til i Norge, fortel om korleis Akillevs deler ut premiar i kappestemnet sitt, og korleis Odyssevs får ein strålende pokal til minnet etter tida hjå faiakarane. I Odysseen er det sågar tematisert kva som gjer ein mann verdig: Å vera sjøfarande handelskar, eller (heller) å søka gjetord gjennom stor idrett.⁴⁹⁷

Som eg har nemnt i samband med travstemnet i 1832, fanst det drøftingar i Norge om kva tanken med premiar eigentleg skulle vera. Eg kan ikkje sjå at dette blei gjort skriftleg, eller diskutert på noko vis, i samband med skirennet på Huseby i 1879. Eg har rett nok nemnt at sexaen på kvelden gav rom for livlege samtalar, men dei dreia seg om kriteria for prestasjonane og premiane, så langt eg kan få inntrykk av. Heller ikkje var det slik at avisene i Kristiania mistenkeleggjorde dei fattigare bøndene og husmennene som kom til stemnet. At skiene var sagt å vera fattigmanns hest, var ikkje eit ordtak som reportaren i Morgenbladet håna dei med; det var tvert om. Han var imponert over at sju telemarkingar hadde vunne fram til hovudstaden på halvannen dag. Den fattige kunne altså bli med om han sjølv berre ville, og samstundes var skiløpinga ei glede for den meir bemidla også, skreiv han: «den udvider Brystet, der er sammenkrybet over Skrivebordet, og fyller Sindet med Jubel over Guds frie, herlige Natur». Han meinte at skiløpinga var demokratisk i god forstand.⁴⁹⁸

Rennet fylka dei beste skiløpardistrikta, slik Aftenbladet såg det, både Nummedal, Hallingdalen, Valdres, Land, Storelvdal, og Telemark – attåt Kristiania sjølv. Då var altså ikkje

⁴⁹⁵ Sjå Morgenbladet 14. feb. 1879, nr. 44A.

⁴⁹⁶ Morgenbladet 8. feb. 1879, nr. 38A, med referat av løpet (der kongen var tilstades) og så av generalforsamlinga (i Chr Tivoli), der også protesten frå bygdekrinsane vart teken opp.

⁴⁹⁷ Sjå Skjeldal, 2014, for meir om dette emnet.

⁴⁹⁸ Om dei gjorde turen i samband med marknaden, etter etter søndagen, er uvisst. I alle fall var rennet utsett til onsdag den 12. februar, på grunn av dårleg ver i helga. Referatet stod å lesa i Morgenbladet 14. feb. 1879, nr. 44A.

Trøndelag, eller distrikt lenger nord i landet, rekna med. Det var ein telemarking som vann rennet (5000 alen i alt), Jon Hauge frå Kviteseid.⁴⁹⁹

Likevel må nok kongen, samt den danske prinsen (Hans) som var med han, seiast å vera hovudpersonen i skildringane både i Aftenbladet, Morgenbladet og i Aftenposten. Det blei skildra når han kom, og kvar han stod, og kvar han gjekk for å sjå dei dristige skiløparane endå betre, og at han også tala med dei. I Morgenbladet er det også fortalt kva pokalar kongen sette opp, men og at ein anonym gjevar som (utifrå Aftenposten) truleg var majesteren sjølv, hadde formidla tre pengesummar til prestasjonar som hadde imponert han i bakken. Dette var truleg ei hopp-oppvisning som blei halden etter tevlinga. Ein hadde teke huva av han for i svevet, ein annan hadde stått det vaksne hoppet på ei ski. Kongen gav belønningar etter behaget sitt, og ikkje berre etter kva dommarane (Axel Huitfeldt mellom dei) hadde funne for godt.

To typar offentlegheiter stod på ein måte mot kvarandre i det same rennet.⁵⁰⁰

Sjøelve Kastellbakken hadde vore bratt og krevjande nok; lengda på oppvisningshoppa var bortimot 30 alen. Men både bygdeløparane og byungdommen hadde synt seg både dristige og stødige, heitte det. Reportaren i Morgenbladet refererte rett nok ein som sa: «De var gale». I ettertid har det blitt heitande at det var danske prinsen som sa det. Men heller ikkje det var meint nedsetjande. Mot blei sett pris på, både av dei kongelege, og av det store publikummet som var møtt opp, mange av dei på ski.

Skiutstillinga var ikkje så mangfaldig som arrangøren hadde vona, og difor vart heller ikkje førstepremie delt ut her. Ei telemarkski (ask) vann ikkje så uventande andreprisen. Ein kan kanskje merka seg, utan at kriteria var så detaljert atgjevne i avisene, at fleire ski fekk utmerking for fin fasong. Det estetiske talde såleis kanskje med. Eg veit at Axel Huitfeldt i skiklubben var mellom dommarane, men kva skjønn eller stil dei rangerte løparane etter, er ikkje sagt nokon stad. Aftenbladet nemner «den i Reglementet 8c givne Instrux», men dette reglementet har eg ikkje sett nokon stad.⁵⁰¹ Kva reportaren i Aftenbladet skreiv om hoppinga til telemarksløparane er difor ekstra interessant, og har kan henda blitt del av malen seinare. Han skildra korleis dei huka seg saman før satsen, stod rake i svevet, og sette nedslag med den

⁴⁹⁹ Ein artig detalj er at Sondre Norheim høvla ned dei skiene Hauge brukte i rennet. Engelskmannen Bennet kjøpte dei av Hauge, til samlinga si. Då Hauge skulle heim att til Kviteseid, tok han toget til Kongsberg, og kjøpte seg der nokre furuski. Sjå Loupedalen, 1947, s. 178. Der er også Aftenbladet referert.

⁵⁰⁰ Av referatet i Morgenbladet kan det sjå ut som ein ungdom på 16 år fekk ein ekstrasum samla innåt seg på sexaen, attåt premien frå kongen, kva no grunnen var. Sjå også referat i Aftenposten 13. feb. 1879. Også i *Hedemarkens Amtstidende* den 14. feb. 1879 er rennet nemnt (etter Mrgbl), og i *Fædrelandet* 15. feb. 1879 (etter Aftenbladet). BT skreiv av etter Aftenposten den 17. feb. 1879 (under overskrifta «Præmieskirend»). *Oplandenes Avis* 16. feb. 1879, mykje etter Aftenbladet.

Lat meg få skyta inn her at også *The Field* hadde rapport frå rennet, her omtala som «Snow-Skate Race in Norway», rett nok med referat også om «flyginga» i bakken. Sjå *The Field* den 8. mars 1879, s. 252.

⁵⁰¹ Aftenbladets reportasje er sitert i Loupedalen, 1947, s. 173-176. Han blei skriven dagen etter rennet.

eine beinet framfor det andre, og kanskje det bakre kneet i berøring med skia ved lange hopp: *telemarkedslag* i seinare, og framleis eksisterande, terminologi. Stav nytta dei slett ikkje. Også denne skribenten oppfordra Kristianialøparane til å slutta å bruka han til å bremsa med, når dei skulle utfør hopp.

Spørsmålet bakom her, spørsmålet til slutt her, er om skiløpinga i Husebybakken, eller skiløypinga, som Torjus Loupedalen konsekvent kallar henne, blei karakterisert som kunst.

Om ikkje konteksten av marknadsveka med oppvisningar og gjøgleri skunda på ein slik tanke, var det i alle fall dei som ytra seg slik i Kristiania-avisene. Sakfører Mathias Florentz, busett i Kviteseid, gav eit lengre (signert) referat i Morgenbladet om det rennet som lokale krefter (ein lege og ein lærar) hadde halde i Morgedal den 1. februar, altså før Husebyhendinga – men trykt etterpå. Her hadde dei kombinert utforrenn med eit distanserenne på 3000 alen. Gutane under 17 blei skåna for denne «Springmarch», som Florentz kalla han. Før sjølve premieutdelinga hadde innbydarane diskutert kor mykje springmarsjen skulle telja for sluttkarakteren, og sakføraren hadde uttala seg klart mot å gje hurtigløpet særleg tyding. Den beste skiløparen synt seg likevel (Åsmund Brekke). Til Morgenbladet gav sakføraren eit resonnement om synet sitt: ein måtte ikkje gjera premieskirennen til «en Lungeprøve». Premieskirenn måtte prøva løparane i kor dyktige dei var i kunsten «Skiløbning», slik som Sondre Norheim hadde meistra den, skreiv han.⁵⁰² I ordet «Skiløberkunsten» la han nok då både det kunstferdige, og det å vera dyktig i eit praktisk hand- (eller kropps)verk. Florentz meinte at skiløpinga av nyttig som framkomstmiddel mellom ulike bygder, og som ei uskuldig moro som heldt ungdommen borte frå meir trasige syslar som kortspel.⁵⁰³

Kunstradisjonen blei endå sterkare betont av Andreas Aubert, som skreiv eit slags essay til følgetong-spalta (med vignetten «For Bygd og By») i *Fædrelandet* i mars månad. Stykket var usignert, eg kjenner forfattern av omtale i mellom anna Loupedalen (1947); Aubert var huslærer hjå nettopp sakfører Florentz.

Aubert tok utgangspunkt i triumfen til telemarkingane i Husebyrennet, og Morgedalsdominansen i Sandvika i 1877, og den arven desse stod i – etter meisteren Norheim (eller Sondre Auersen Kleiven, som han kalla han). Han skreiv at prestegjeldet Kviteseid, og framfor alt bygdelaget Morgedal var den staden, «hvor man mest lægger vind paa en kunstmæssig methode, og hvor kunstløbet er drevet til en virtuosmæssig ferdighed».

⁵⁰² Også Oplandenes Avis den 15. feb. 1879 hadde referat av Morgedal-rennet som her blitt omtala. Signaturen O.Arvesen var noko meir oppstemt, eller unøyaktig, om detaljane i hoppinga som hadde skjedd, ei hopping som han meinte utvikla mot og sjølvmedvit hjå telemarksfolket.

⁵⁰³ Sjå Morgenbladet 26. feb. 1879.

Han heldt fram at ein måtte likevel ikkje tru, altså inne i Kristiania, at ein berre kunne imitera denne metoden og at alt følgde av å setja det eine beinet framfor det andre i nedslaget. Visseleg gjorde telemarkingene det, og visseleg var det kunst i tydinga «skjønnehensyn» og «formfuldendt skjønnhet». Men det var *motet* til telemarksløparen det heile kom an på. Av motet følgde rankheit og åndsnærvere. Skulle såleis bybuaren læra skikunsten etter telemarkingene, måtte han kasta staven, og våga heilhjarta tilsprang på hoppet. Det var heller ikkje nok å berre kasta staven; ein måtte hoppa av all si makt og styrke. «Dette er det, som danner den største forskjell paa en virkelig skiløber, og en dile[t]tant eller halvlært.»⁵⁰⁴

Her ser ein at *dilettanten* blir forstått i nedsetjande tyding, kanskje meir enn før. Sondre Norheim blei ikkje dermed utropt som eit geni i romantisk forstand. Polane i Auberts tanke var virtuosen på eine sida av aksene mot den ukunnige dilettanten på den andre sida. Også slik huslæraren i Kviteseid såg det, var skiløpinga både nyttig, og det å «løypa» var moro; det var «ren forlystelse» for ungdommen, som han skreiv. Aubert meinte begge delar av idretten hadde sin naturlege plass i dei mange dalføra i øvre (vestlege) Telemark.

Ein kan også ana at han underordna det estetiske omsynet under dei dygdene eller den danninga han tykte skiløpinga gav nettopp telemarksbonden. Telemarknedslaget skildra han som eitt karakteristisk kunstelement hjå Morgedalsbøndene («han sidder en stund i knælende stilling»), men det var rankheit og åndsnærvere som verkeleg skilde dei ut.

Så kan det sjølvsagt diskuteras kven Florentz og Aubert tala på vegne av: var det sine egne idear om skiløpinga dei framførte, eller slik Sondre Norheim og Jon Hauge og Åsmund Brekke sjølve tenkte om løypinga si? Kva ein i alle fall kan merka seg, at ikkje berre dei som sjølve budde og delvis rådde i Kristiania, ytra seg i den felles offentlegheita. Morgenbladet og Husebyrennet hadde rekkevidde og relevans utover hovudstaden også.

Interessant er det også å sjå at tre av telemarksløparane tok ordet på sexaen som Christiania skiklub hadde halde om kvelden (i Teknikens sal). På si eiga dialekt hadde ein av dei rosa byløparane for innsatsen: vel var det slik at telemarkingane hadde vist seg overlegne no, hadde han sagt, men byungdommen hadde synt lyst og ferdigheiter, og mykje hadde by og bygd å læra av kvarandre. Ifølgje avisreferat hadde ein av dei andre talarane frå Kristiania så bede telemarkingane ta endå fleire med seg, men også lova dei stridare konkurranse neste gong.⁵⁰⁵

⁵⁰⁴Dilettant stundom stava med berre ein t, som ein ser. Sjå Loupedalen, 1947, s. 123-124, som rett nok ikkje siterer heilt presist. Stykket stod i Fædrelandet den 8. mars 1878, nr. 20. Sondre «Nordheim» blei rosa, og teknikkar som «Slalom» forklart.

⁵⁰⁵Sjå Aftenposten 13. feb. 1879.

I alle fall i talane, og i avisreferata av dei, rådde ei ånd av forbrødring og fredleg kappelyst mellom bønder og byfolk.

Oppsummering – av heile part 1

Eg kjem snart til å gjera eit hopp til 1881. Det er såleis på tide å lukka denne parten av avhandlinga mi – som tek for seg perioden frå 1866-1879. Eg har konsentrert meg om skiløping og om skøytelep i offentleg samanheng, og om tilgrensande rørslekulturar, i all hovudsak i Kristiania.⁵⁰⁶ Elling Bækken var skipioneren – som først kunngjorde og synte fram skidugleikane sine i hovudstaden, dette i 1866. Samstundes er han ein overgangsfigur, slik oppvisningsrennet hans også kan likna kva omreisande artistar laga til av publikumsarrangement i Norge. Sondre Norheim forsterka bygdedimensjonen av skiløpinga, og elementet av ein folkestil som ein knytte til henne. Det kan drøftast kor vidt Centralforeningen og avisene alt hadde stilelementet klart for seg på slutten av 1860-talet, eller kor vidt ein batt det til Sondre Norheim og til Telemark eit drygt tiår seinare. I 1879 blir telemarknedslaget skildra utførleg i norske aviser.

Av skøytestemne har eg notert meg og omtala tre kappløp, både kva gjeldt hurtigheit og det ein kan kalla kunstløp, i åra 1864 og 1867, og 1870. Også i åra i mellom har det vore opne tildragingar på skøyteisen i Kristiania som avisene kan ha skrive om, eg har ikkje leita etter alt. I staden har eg vigd Horatio Syr og oppvisninga til amerikanaren og skøytepioneren Jackson Haines i 1870 vesentleg plass. Slik har eg synt at overgangane mellom dei ulike rørslekulturane og scenene var flytande – og jamvel årstidene også.

På denne måten vonar eg også å ha fått fram korleis amatørromgrepet drog vekslar på tydingar og omgrep frå den allereie etablerte kunstoffentlegheita. I samband med oppvisningsrennet til Bækken i 1866 blei ordet «amatør» brukt eksplisitt første gong i samband med idrett, og slik eg tolkar det: flytta frå samanheng av musikk og kunst til skirenninga nær Gamle Aker kirke. Amatørane var i denne nye samanhengen å forstå som ihuga skidyrkarar, men ikkje nødvendigvis som direkte motstykke til meisteren Bækken, sidan dei vart oppmoda om å tevla med han. Motstykket i den profesjonelle var i alle fall ikkje på tale her. Det same gjeldt på skøytebanen. Her var Jackson Haines å rekna som meister og som konge i mange av avisene, og dei norske skøyteleparane som stod og segla omkring han, menn og kvinner, var å rekna som dilettantar, då i heller god forstand.

⁵⁰⁶Kjell Haarstad har gjort glimrande oppsummering av tiåret med skirenn i *heile Norge* frå 1861-1871, eg treng ikkje gjenta alt av han, og det breiare nasjonale biletet her. Sjå Haarstad, 1993, s. 92-97.

Det er mogleg dilettantuttrykket raskare fekk klang av noko simpelt i norsk språk, samanlikna med «amatøren» og «amatrisa», men den same devalueringa som begge desse orda gjekk gjennom på kunstfeltet, skjedde ikkje i idretten på andre halvdel av 1800-talet.

Sondre Norheim blei kåra til meister i tråd med det etablerte vokabularet – av somme av avisene alt i 1868, av den vurderandre og opne skioffentlegheita i Sandvika i 1875, og i omtalane av arven etter hans i 1879. Alderen hans var inga hindring i så måte, det var snarare tvert om. Det same ser ein av korleis avisene skildra, og la vekt på å skildra, skigleda til majoren Peter Munch Petersen i 1868. Her var amatørangrepet implisitt til stades, utan at ein bestemt dimensjon kan seiast å spela seg ut i det.

Organisatorisk sett: Både Centralforeningen og Turnforeningen, og avleggaren av denne i Christiania Skøyteklub, ordna til opne konkurransar i begge desse vinteridrettane ski og skøyter, slik at både hurtigheit og stil skulle ha sin rette plass. Det som «truga» desse meir «verdige» offentlegheitene dei meinte å skapte – vel å merka i samklang med den mottakinga og den diskusjonen som avisene rømde – var godt mogleg impulsane frå linjedans og akrobatikk, frå sirkus og marknadsløyer, kort sagt. Idrett skulle vera noko meir enn simpel eller tvilsam underhaldning av slike som var tvungne til det, born eller vaksne. Idrett skulle skapa ivrige, og gjerne modige, deltakarar, og ikkje berre måpande tilskodarar.

Når ein ser på dei to vinteridrettane opp mot kvarandre, augnar ein at Kristiania var mykje meir hovudstad for skøyteøvinga enn for skiløpinga. Den første forsøksvis samlande norske klubben for skøyteinteressa kom i Kristiania (1864), og dei organiserte og opne stemnene skjedde her. Trondheim fekk sin første skøyteklubb i 1876. I samheng av ski var derimot Inderøens Skiløberforening først ute med ei rein skiløparorganisering (1863), Christiania Skiløberklub kom først til i 1877. Skirenna som Centralforeningen stelte i stand, var nok dei mest omtala, men det handla også om at hovudstaden husa flest av aviser og tidsskrift til å drøfta og kringkasta dei. Malen for renna, og ideala, og skiløpartypane sjølve, kom gjerne frå bygdene, som Trysil, og Soknedalen og særleg (øvre del av) Telemark. I skiløpinga var inspirasjonen å finna i det innanlandske, og i det ein meir og meir høglytt kalla det «nationale». Skøytinga hadde oftare mal og inspirasjon i utlandet. Kva gjeldt begge desse aktivitetane var at kunsttradisjonen var like bestemmende for dei som konkurranselementet. Begge idrettane skulle gjerast med stil.

Slik kom amatørtematikken rennande – frå fleire kjelder.

Part 2. Dobbel Axel (1881-1888)

NORSK IDRÆTSBLAD

Hens. (Løst) 1/2 kr. for 10 Numre. 1/2 kr. for 20 Numre. 1/2 kr. for 30 Numre. 1/2 kr. for 40 Numre. 1/2 kr. for 50 Numre. 1/2 kr. for 60 Numre. 1/2 kr. for 70 Numre. 1/2 kr. for 80 Numre. 1/2 kr. for 90 Numre. 1/2 kr. for 100 Numre.

REDIGERET AF SIGV. PETERSEN.

Hens. (Løst) 1/2 kr. for 10 Numre. 1/2 kr. for 20 Numre. 1/2 kr. for 30 Numre. 1/2 kr. for 40 Numre. 1/2 kr. for 50 Numre. 1/2 kr. for 60 Numre. 1/2 kr. for 70 Numre. 1/2 kr. for 80 Numre. 1/2 kr. for 90 Numre. 1/2 kr. for 100 Numre.

Nº 5.

KRISTIANIA, FREDAG DEN 7 MARTS 1884.

ÅRG. IV.

Axel Paulsen

I sine år, da skøjteporten stod på sit højdepunkt her i byen, og da skøjteløberne ved Akershus Gagle besøgte af en stalling skone skøjteløbere, hørte det til dagens orden at hende de fleste «Paulse-gutter», der tilnærm sig almindelig opmærksomhed ved sin skøjtefølelse. Kanon havde gutterne lært af sin fader, den for sin varme interesse for alslags sport vel kjendte Kjølemænd Joh. P. Paulsen, og detslignende skøjteløbere husker nok, hvor ivrig de gænde var i at undervise ikke blot sine sønner, men også sine døtre i skøjtefølelsens vakkere kunst.

Siden den tid har sønnen Axel vandet sig et særskilt ry for sin dygtighed, og så har amatørerne endog tilkjendt ham ærestitelen «Verdens skøjteløber», det høitidelige arbejde og den kjendelse til sporten, man har gjort ham slet muligt at erobre denne ærefulde plads, vil skattes højt af alle kjærlingsmænd, og vi er vi på, at vi har deres fulde sympati, når vi idag bringer vort til Axel Paulsens hyldning ved at bringe hans bilde og et rind af hans bedrifter.

Axel Paulsen er født i Kristiania den 18 juli 1853; allerede i en tidlig alder kunde man spore hans lyst til mandig idrett, og ved faderens kyndige vejledning bragte han det som ganske ung gut snart til at blive kjendt for sin færdighed i seiling, tennis og svømning.

Skøjtefølelse omfattette han dog med særlig interesse, og alt

Axel Paulsen.

i særdeleshed allerede begynde han med mere end almindelig ivær at uddanne sig heri. — I begyndelsen brugte han de almindelige skøjter på smalle jern med rund og sægt kørte bog, men faderen kom snart på den ide at konstruere skøjter med højere og bredere jern uden rund samt afrundede bog, og nu findes jo ingen fremragende skøjteløber, uden at han har særlig emsret af denne konstruktion. Hans skøjter for færdig er temmelig lange med forholdsvis smalle og høje jern, for kanelst. bruger han højere og bredere jern, der sidder fast i værden. — Axel Paulsen er vel kjendt som en af de første promissionærer fra sin tid, da kaptajn på skøjter hørte med til de årlige idrettsstævner på skøjtebanen. Men den forfølelse at se ham møde sig om blandt skøjteløberne på man snart og snart gik af. Som foretningssmand havde han nemlig ikke tid nok til skidighed for sine forfølelser; men system og iveren var så stor, at tid måtte skaffes. Tidlig som morgenen i grøntningen var han derfor ofte at se i træk marsch eller gjern i springmarsch på vej til Osterås-vand, og behøvede der omsider indrede sig mangen gang over at se denne enlige skøjteløber, der næsten følede dem som et gjenfærd fra naturen. På Lindøen havde han og broderen i flere år en liden skøjtebane for sig selv på «Liljedammen», og det er virkelig en gænde at være vidne til, at Axel Axels sønn broderen Edvin iherdige tid nu har skaffet dem en vel forjont hederplads blandt alle landets skøjteløbere.

På faderens tilskyndelse aflagde broderne for flere år siden et besøg i Stockholms samt i Kjøbenhavn, hvor imidlertid isen var forsvundet. Et par år senere var Axel i Holland for at deltage i et stort internationalt skøjtekapløb derelst, hvilket dog måtte indstilles på grund af for dårlig is. Fornt i disse bykendes det ham at godgjøre, hvilken forvarende dygtighed han er i besiddelse af. Det var ved den store skøjtekapløbsstævne i Wien. Den 21—23 februar 1883 afholdes det store internationale skøjtekapløb i Wien, hvortil Norge

Portrett (skore i tre) av Axel Paulsen frå 1884 (av xylografane Hans Christan Olsen og Gustav Holter), og altså prenga i Norsk idrætsblad. På dette tidspunktet var Paulsens stjerne i redaksjonen høgst stigande. Datoen for trykkinga i bladet var 7. mars 1884 (nr. 5). Kledda vitnar, eller skal i alle fall vitna, om ein velhalden mann.

Kapittel 1. Introduksjon

Den første parten av det totale tidsspennet som eg granskar, altså åra 1867-1879, kalla eg gryande år av ei norsk idretsoffentlegheit. Den neste parten, som eg skal sjå på i dei følgjande fem kapitla, strekkjer seg frå 1881-1888. Dette var, dette er bestemt av den første etappen av publikasjonen Norsk idrætsblad, som i seg sjølv innleier eit nytt avsnitt i utviklinga av idretsoffentlegheita i Norge. Eg skal forklara dette siste nærmare i kapittel 1.

Eg skal deretter, i kapittel 2, beretta om offentlegheita rundt Husebyrennet på ski i 1881, om amatørrelevante drøftingar der, og i kapittel 3 om dei første definitive amatørdefinisjonane ein streifa i Norsk Idrætsblad, og dels i dagsavisene, i året 1881.

Den viktigaste amatørtematikken i desse åtte åra sett samla, dreia seg om Axel Paulsen, den dyktige skøyteførestillingaren, den første store «idrettsstjerna» i Norge. I Norsk Idrætsblad blei han bygd opp som den gjæve amatørhelten til og med 1885, men blei sidan riven ned av pidedestallen som ein grådig «idrettsgribb». Arrangement som han (og Norsk idrætsblad) var med på i 1888, utløyste diskusjonar både om konkrete amatørbestemmingar, og om ein breiare idrettsmoral. Kapittel 4 handlar om dette.

Ei anna viktig linje av amatørførestillingar følgjer Husebyrennet i ulike variantar, slik eg framstiller henne i kapittel 5, og korleis særleg organisatoren og dommaren og medredaktøren Axel Huitfeldt argumenterte for ulike typar skiprøvingar. Overrettssakfører Huitfeldt var ikkje den einaste som skreiv om skiidretten i Norsk idrætsblad, men han var den viktigaste skribenten og ideologen. Og for han var det ikkje nødvendigvis noko motsetning mellom amatørskap og alvor i skiidretten. Det var snarare tvert om.

Inndelinga i tidsrom i partane 2-4 har eg gjort med tanke på etappar av idretsoffentlegheita, og dei ulike redaktørane som dreiv Norsk idrætsblad. Amatørførestillingane endra seg ikkje nødvendigvis i pakt med og i takt med dei, men redaktørane var med og driva ulike amatørtema fram til drøfting.

Kapittel 2. Eit fagblad for idrett

1880 var ein svært dårleg vinter, for den som likte å gå på ski eller skøyter i Kristiania. Ikkje mange renn blei skipa til andre stader i landet, for den del. Nyåret 1881 såg heller ikkje lovande ut, for dei som elska vinter med kuldegrader og snø. Fredag den 7. januar var temperaturen i byen rett nok minus seks grader. Meteorologisk institutt meldte om nordvestlege vindar, dels skya, dels klart ver, og noko mildare enn dagen før. Men enno ingen nedbør, ingen snø.⁵⁰⁷

To dampskip frå Gøteborg og Århus la til kai i Pipervika nedanfor Akerhus festning, der ein isbrytar heldt farvatnet ope. Nordavinden gjorde det vanskeleg for isen å leggja seg innom kaianlegget, der skøyteklubben enno hadde ein slags bane for betalande medlemmer.⁵⁰⁸

Når eg legg ved desse verobservasjonane, og trafikkmeldingane, er det for å minna om den ramma som årstida og klimaet sette for vinteridrettane ski og skøyter, og kva naturidrettar dette var. Godt mogleg er dette med natur og landskap relatert til amatørtematikken også.

Dei er også med for å festa ein vesentleg og ny publikasjon til tid og stad. *Norsk idrætsblad* kom med første nummer og første årgang fredag den 7. januar 1881. Bladet var åtte sider tjukt (A3-format) og hadde eit prydeleg trykk av Halvor H. Rasch på framsida. Centraltrykkeriet i Kristiania hadde stått for mangfaldiggjeringa.

Før eg kan gå vidare til kva vinter og kva renn og tydingsfulle offentlege idrettshendingar i Kristiania som året 1881 gav, vil eg ta for meg dette vekebladet i både diakron og synkron kontekst. Norsk idrætsblad opna opp eit nytt og større rom i det eg har kalla den norske idrettsoffentlegheita; det bidrog til at idrettane og idrettshendingane blei meir omtala og diskuterte enn før. Dette igjen gjorde mogleg at normative, og amatørrelevante, spørsmål kunne få meir plass i trykkespaltene og i ordskiftet.

Så i dette kapitlet skal eg svara på dei innleiande spørsmåla: Kva ville dette bladet? Kven var det som skreiv i det? Kven var det for? Og, i den grad det er mogleg å svara på årsaksforhold, kvifor kom Norsk idrætsblad no, nett i 1881?

⁵⁰⁷ Loupedalen nemner eit renn i Seljord i Telemark, der det var «springmarsj» og slalom på programmet. Det kan også nemnast at Christiania Skiklub hadde skiutstilling det året, der mellom anna Åsmund Brekke frå Telemark fekk ekstrapremie. Sjå Loupedalen, 1947, side 162, s. 183. Verobservasjonane har eg dels frå Morgenbladet av 8. jan. 1881, og dels av Aftenposten 7. jan. 1881.

⁵⁰⁸ I N.Idrbl., 1881, nr. 8, s. 50 går det fram at styret i Christiania skøyteklub meinte den delvis oppbotne isen gjorde det lettare å avgrensa dei som betalte seg billett inn på skøytebanen nærmast land. Dei venta likevel på mindre nordavind, slik at isen kunne leggja seg. Dette var i februar månad.

Første nummer av Norsk idrætsblad hadde ikkje noko programforkynning som vitna om tanken bakom det. Redaktøren hadde namnet sitt synleg på førstesida, i tillegg stod det at ein «sagkyndig medarbeider» ville ta seg av kvar sin «branche». Undertittelen, nemnt på baksida av nr. 2 (side 8), lova eit «Organ for alslags idræt». Tittelvignetten, eller logoen om ein vil, med i alt ni innringa teikningar bakom dei latinske bokstavane, synte fram det enno vidtfemnande idrettsomgrepet på denne tida. Her har eg i tankane ikkje berre dei tidlegare nemnde tradisjonelle friluftssystemane frå 1860-talet som jakt og fiske (om enn det kan sjå ut som fiskaren nyttar fluge etter skotsk inspirasjon), klassiske norske rørslekulturar som kappstemne med hestar på is og skyting på blink (om enn ein kan drøfta «rørslene» ved desse aktivitetane), tydeleg britiske påverka konkurranseaktivitetar som lag-roing i smal båt (legg merke til at båtane har ein «cox» som ropar takten, til og med) og dessutan gymnastikk & turn – med apparatet svingstong i illustrasjonen. Skøyter og ski er så vidt synlege; ein kunstløpar gøymt bakom N-en, og to skiløypande bakom bokstaven «D» heilt til høgre.⁵⁰⁹

Tresnitta var gjort av xylograf F.B. Jensen, som var etablert med reproduksjonanstalt i Kristiania i 1880-åra, og høgst sannsynleg av han åleine. Om han hadde fått noko mal for kva han skulle teikna, og for storleiken på dei ulike motiva, veit eg ikkje, men heilt i tråd med stoffprioriteringa som kom i bladet desse første åra, var figurane *ikkje*. Vinteridrettane ski og skøyter fekk mykje meir plass enn diametrane på rundingane tilsa.⁵¹⁰

Ei eiga programerklæring var ikkje nødvendigvis vanen ved nye bladlanseringar i Norge på 1800-talet, sidan ein del av dei kom *etter* at ein hadde gjeve ut prøvenummer.⁵¹¹ Norsk idrætsblad hadde for sin del ei forhistorie i eit *Norsk skytter- og jæger-tidende* (NSJ) som kom ut i ein gong i veka tre årgangar 1878-1880. I dei første åra stod løytnantane August Larsen og David Dietrichson som utgjevarar i lag, og Dietrichson var redaktøren; mot slutten av 1880 var Dietrichson åleine om både redigeringa og utgjevinga. Larsen & Dietrichson dreiv det dei kalla eit skyteinstitut i Kristiania: Delvis nytta dei bladet som ein annonsekanal for dette instituttet, men tanken var også å skapa blest om skyttarsaka med ei slik utgjeving.⁵¹² Ein del lesarar i

⁵⁰⁹ N.Idrbl, 1881, nr. 2, baksida, ved sida av annonsane, fortalte med ord og alfabetisk rekkefølge kva idrettar som skulle stå i fokus, og her var dei heile elleve i talet: Fiske, gymnastikk, hestesport, jakt, kjelkeaking, roing, segling, skyting, skøyteøving, symjing og skiløping.

⁵¹⁰ Jensen var seinare bidragsytar i trykkinga av mange av illustrasjonane i *Fram over Polhavet* av Fridtjof Nansen. I omtalen av Jensen lener meg til Heiestad, 1945, s. 8. «Tittelvignett» er den tekniske termen som redaktør Wergeland på tidleg 1900-tal bruker om det vel vi oftare kallar «logoen». Sjølve logoteksten, og resten av spaltemassen i Norsk idrætsblad, var sett i moderne latinsk (antikva), og ikkje i gotisk skrift, som dei fleste dagsavisene enno nytta omkring 1880, påverka av den tyske trykketradisjonen.

⁵¹¹ Sjå Skjeldal, 2017 for korleis Bergens Tidende gjorde det på same måten, i 1867.

⁵¹² Vern av fedrelandet var motivasjonen i siste instans. Norsk skytter- og jæger-tidende [NSJ], 1880, nr. 1, og nr. 5, nr. 7. I instituttet kunne ein få instruksjon mot betaling, eller øva på eiga hand, eller også ein vera med i skyttarkonkurransar.

1881 oppfatta N.Idrbl. i forlenginga av denne skyttarpublikasjonen. Skyttarsaker, og for så vidt jegerstoff, fekk då også mykje plass i dei første årgangane av idrettsbladet.⁵¹³

NSJ må likevel oppfattast som uavhengig av Centralforeningen, endå om sistnemnde gav støtte til bladet. Redaktøren kritiserte i nokså tydeleg ordelag at styret i Kristiania ikkje gav dei mange lokale skyttarlaga innflyting på drifta og innretninga av foreininga, og fekk svar frå foreininga sjølv. Debatt og ordskifte var ikkje sagt å vera eit eige mål for utgjevarane; uansett prega det særleg den siste 1880-årgangen. Attåt dette hadde NSJ iblant notisar om skirenn og skøytestemne; til dømes ein annonse for Kristiania skøiteklubs stemne i februar 1880. Men resultat frå dette kappløpet kom aldri, kva no grunnen var (truleg verforholda). Stundom kunne bladet også ha travstoff på trykk, men berre stundom.⁵¹⁴

Lesarane ønska likevel meir av dette breiare idrettsstoffet. Eg tek det for truverdige påstandar når redaktør Dietrichson skriv i desembernummeret av 1880-årgangen, i den første artikkelen på framsida: «På grund af de hyppige udtalte Ønsker, dels fra Skyttere og Jægere, dels fra andre Idrætsmænd, om at Bladet også skulde omfatte al anden Idræt, vil jeg fra nytår indstille udgivelsen af en speciel «Norsk skytter- og jæger Tidende».» Dietrichson hadde fått von og tru om å skapa eit blad med ein større lesarskare, og ei vidare sak å kjempa for. Han hadde alt sikra seg bidrag frå mange ulike idrettsgreiner, og ein større redaksjon å arbeida saman med. Han skreiv:

[J]eg vil påbegynde «Norsk idrætsblad», der kommer til at behandle alslags idræt, såsom skydning, jagt, fiskeri, seilads, kaproning, travkjøring, ridning, skiløbning, skøiteløbning, turning osv, i hvilke brancher jeg har sikret mig foruden medredaktører også flere faste medarbeidere[...].⁵¹⁵

Han hadde korrespondantar frå dei større byane i Europa på handa, påstod han. Han lokka abonnentane med teikningar og tresnitt, biografiar og «Levnetsbeskrivelser over fremragende idrætsmænd». Politikk skulle haldast heilt utanfor bladet, til ei kvar tid. I dei neste to nummera blei det så varsla at abonnentar som ikkje sa opp bladet, ville bli abonnentar av «Norsk idrætsblad» etter nyttår.

N.Idrbl. kan forståast som eit ideelt føretak utifrå reklamen – eit blad som skulle skunda på idrettsmerksemda, og derigjennom forsterka idrettslivet i Norge. Samstundes må omtalen forståast som reklame for bladet som eit økonomisk føretak, som var meint å bera seg med

⁵¹³ Truleg hadde Norsk idrætsblad eit prøvenummer ute i desember 1880; ein annonse i 1881, nr. 2, s. 16 tyder på det.

⁵¹⁴ Reglane for utdeling av Centralforeningens skyttermedalje medførte langvarig debatt i 1880-årgangen. Sjå til dømes NSJ, 1880, nr. 43. I korrespondansen med lesarane kom det elles fram at skyttarbladet dette året sikta på å veksla halvt om halvt mellom skyttarsaker og jegerstoff. Bladet hadde sikra seg assistanse frå erfarne jegerar, heitte det. Typiske saker kunne vera dramatiske jegerhistorier, men også meir problematiserande stoff om fredningsbestemmingar.

⁵¹⁵NSJ, 1880, nr. 49.

abonnetar og annonsesal. Det same tvisynet som ein kan ha på siktet til avisene, gjeld såleis også her.

No kan ein vel innvenda, prinsipielt og dette utan særleg historiserande ambisjon, at det å skapa blest om idrett ikkje treng å tyda at ein skaper rom for diskusjon om den same aktiviteten. Kanskje kan ein hevda at det er tvert om. Noko slikt paradoks blei uansett ikkje uttrykt av redaksjonen i Norsk idrætsblad i dei åra eg har lese publikasjonen. Mest uttalt var ambisjonen om sakleg drøfting og kritisk samtale i utgåve nr. 3 av den første årgangen. Den spesifikke samanhengen her var seglsporten, og kva båttypar ein kunne tenkja seg. Avslutningsvis skreiv han som var seglsport-medarbeidar i redaksjonen, Gustav Sinding: «Vi nærer det håb, at amatører vil benytte sig af idrætsbladet spalter til at fremføre og gjensidigen kritisere sine ideer. Intet er gavnligere for sportens heldige udvikling, end den offentlige sagkyndige diskussion».⁵¹⁶

Dette sitatet vil lesaren alt kjenna som innleiing for denne avhandlinga. Akkurat her er poenget mitt at redaktørane av fagstoffet i Norsk idrætsblad altså trudde på offentleg og opplyst samtale om idrett. Det same gjeld innsendarar av stoff, så som turnapostelen Joseph Stockinger, som eg skal openberra om litt.

Førebels oppsummert: Som fritt og uavhengig vekeblad var redaksjonen og redaktøren i Norsk idrætsblad uttrykkeleg oppteken av å skapa debatt og opplyst samtale mellom lesarane. Og som nyskaping på marknaden var publikasjonen medviten om å syna seg annleis enn dagsavisene nettopp i dette.

Ambisjonen var nok tidvis større enn realitetane. Eit diskuterande sportspublikum måtte på sett og vis skapast, i alle fall på den måten at dei sette seg ned og skreiv om det dei hadde sett og likt og kanskje ikkje likt.

Prinsipielt sett, verken teoretisk-metodisk eller hermeneutisk-tolkingsmessig, er ikkje Norsk idrætsblad annleis enn dagsavisene som kjelde, verken om amatørtematikk eller om andre og ganske ubeslekta diskusjonar, men den tydelege redaktørtanken om å skapa ei drøftande og resonnerande idrettsoffentlegheit gjer denne trykksaka viktigare for meg enn dei meir flyktige og rastlause dagsavisene.

Forløparar til Norsk idrætsblad

⁵¹⁶ N.Idrbl., 1881, nr. 3, s. 19. Legg merke til at «amatøren» her ikkje står i noko (nødvendig) motsetningsforhold til sakkyndigheit.

Det enkle svaret på kvifor Norsk Idrætsblad kom på banen, er altså at bladet alt var der. Eller litt meir nøyaktig: at det var eit framhald av eit litt snevrare forstått idrettsblad. Men ideen om reine idrettsblad hadde for så vidt ein lengre tradisjon, og sjølv om eg legg vekt på at ambisjonen om drøftingar og diskusjon var noko særmerkt med Norsk Idrætsblad, hadde også desse tidlegare blada hatt syn for dette.

Først av alle spesifikke idrettsblad var *Norges Turn-Tidende*, som kom ut med eit prøvenummer i Trondheim den 2. januar 1861 (og ikkje så mange nummer etter det). Redaktør var her Herman Goldammer, ein tysk lærar ved realskulen, som også var fortunar (eller leiar) i turnmiljøet. Tanken var opplagt å skapa eit felles tilknytingspunkt om den same turnsaka, og på den måten søkte Norsk Turn-Tidende å danna ei slags idrettsoffentlegheit, om enn i veldig smal forstand.⁵¹⁷ Året etter, i 1862, kom *Norsk Skytter-Tidende* ut i Kristiania. Publikasjonen var i sal kvar fjortande dag, stort sett med åtte sider. Under den gotisk forma tittelen stod det at tidsskriftet kom ut under «medvirkning af Lieutnant Anthon Bang, Christiania Turnforenings Bestyrelse, Sanginstruktør Joh. D. Behrens, Hetting mfl».

Løytnant Anthon Bang var her ingen ringare enn litteraten og folkevenen Anthon Bang, som hadde gjeve ut mange opplysningshistoriebøker og moraliserande skrifter for folk, og for born, lenge før 1862, og som hadde stifta og redigert av mange andre tidsskrift, så som *Vikingen*, *Menigmands Ven* (Trondheim) og *Lørdags-Aftenblad for Arbeidsklassen* og til sist var ein av fadrane og delvis grunnleggarane av venstreavisa *Dagbladet*. Han var utdanna løytnant, men blei lam i begge beina i tidleg vaksen alder. Han stod like fullt, eller sat, eller korleis ein skal seia det (han kunne bevega seg med krykker), i Centralforeningen, som han også hadde vore med å stifta.⁵¹⁸

Kanskje kan ein seia at arbeidet for ei skarpt skytande, reint syngande og sunn rørslemessig befolkning i sum antyda ein eigen kroppskultur i dette bladet. Norsk Skytter-Tidende må oppfattast som uavhengig av Centralforeningen; på redaksjonelt hald kom det kritikk av korleis Kristiania-grupperinga av denne foreininga forholdt seg (lite) til dei lokale skyttarlagane elles i landet, og Centralforeningens styre svarta på dette i den første årgangen.⁵¹⁹ Diskusjon og meiningsbryting var då også noko det aller første nummeret ønska av lesarane.

⁵¹⁷ Morgenbladet streifar prøvenummeret i si utgåve 5. april 1861, nr. 93. Bladet kalla seg tidsskrift «for det norske Turnvæsens Interesser»; ønsket var å gje turnforeiningane i Norge eit støttepunkt, og tanken var å koma ut med nummer kvar månad med «et helt eller halvt Ark», noko som ville tilsvare to eller fire sider med tekst. Med Goldammers eigne ord i prøvenummeret: «til videre Udvikling, til en mere rationel Behandling til grundig og paa flersidig Erfaring hvilende Ledelse af Legemsøvelser.»

⁵¹⁸ Solstad, 2020. Sjå også Olstad, 1987, s. 14.

⁵¹⁹ I 1862 tek Anthon Bang til orde for kor viktig dei frivillige skyttarlagane er til å vekka interesse og kunnskap for skytinga, slik at «10 000 mand» kan bli til 100 000 skyteføre, og som igjen er kva Norge treng for å vera trygg mot mektig fiendar. Rett nok er det fred og gode dagar, men borgarkrigen i USA viser kor lett menneska kan begynna å krige, skriv han. Og dessutan er tiltaket av frivillig væpning siviliserande for folket. Mennesket er eit selskapsdyr og treng å vera saman med andre. Spesielt i dette spreidd busette landet er difor skyttarsamlingar av det gode. Sjå Norsk Skytter-Tidende, 1862, nr. 4

Stundom hende det at skyttarbladet vigde plass til notisar om andre idrettsformer enn turn, så som skiløpareksersis, og om opprettinga av ein skøyteklubb i Kristiania.⁵²⁰ I 1865 heitte bladet elles *Norsk Skytter- og Jagt-Tidende*. Jegerstoffet følgde nokså naturleg av konsentrasjonen om skyttarsaka.⁵²¹ Siktemålet til dette tidsskriftet var nok heller ikkje å styrka idrettane på *brei basis* i Norge. Det gjev difor best meining å handsama desse nemnde fagpublikasjonane som forløparar for ei breiare og diskuterande idrettsoffentlegheit. Norsk idrætsblad utvida denne sfæra til å gjelda fleire rørsletradisjonar, og gjorde den meiningbrytande og kritiske dimensjonen langt tydelegare.

Den ferske publikasjonen av januar 1881 kom altså ikkje ut av ingenting, og fekk dessutan draghjelp av dagsavisene, så som *Dagbladet*, som trykte rosande omtale alt dagen etter. Bladet skulle like fullt gjenta bedrifta kvar veke, og telja minst åtte sider kvar gong. Det var eit høgst usikkert føretak, og alle lesarar blei anmoda om skaffa fleire tingarar, og såleis «virke for bladets udbredelse.» Prisen for abonnement var 1 krone i kvartalet, utan ekstra kostnad for postgangen.⁵²² Den vekentlege utgjevingsfrekvensen skulle halda, viste det seg, i to år.⁵²³

Redaktør, medarbeidarar, lesarskare

Redaktør var i den aller første årgangen løytnant David Dietrichson; namnet hans stod ganske høgt under tittelhovudet. Eg har alt presentert han som redaktør, og som innehavar av eit skyteinstitut i Kristiania. Dietrichson var medlem i Centralforeningen i fleire år, det viser årsberetningane, og referata i bladet frå representantmøta til foreininga.⁵²⁴ Han var son av ein godseigar (med juss-utdanning) på Hole i Ringerike, sjølv uteksaminert frå Krigsskulen i 1878, og tilsett som «second-løintnant» ved «Anden akerhuske Infanteri-Brigade» to år seinare, då han var 24 år gammal.⁵²⁵ Han blei elles far første gong det same året, kona heitte Amalie til førenamn. Dietrichson representerte vestlandsbyen Kristiansund skyttarlag i

⁵²⁰ Terskelen for å bli med her, blei sett rimeleg lågt. *Norsk Skytter-Tidende*, 1864, nr. 16.

⁵²¹ I 1865 kunne ein også tinga på *Sanger-Tidende* uavhengig av skyttarbladet, og frå juli månad av var det berre songbladet som kom på marknaden.

⁵²² Sjå *Dagbladet* 8. jan. 1881. Sitatet: *N.Idrbl.*, 1881, nr. 4, s. 28. Prisen for annonser var 10 øre per linje. Christiania Tivoli annonserte alt i nr 4, 1881, for «Theater varieté» kvar kveld, og moglegheit for leige av 2 kjeglebanar, og 4 biljardbord, dessutan «Spisesaloner og Restauranter», og ball-lokale mm. Eigar var S.Asker. Litt av side 7 og heile side 8 av utgåve nr. 1 var fylt med annonsar; dei fleste knytt til ulike typar publikasjonar, og til våpenutsal, alle med tilhaldsstad i Kristiania. Den gjennomgåande vanen blei at sistesida gjekk med til annonsar.

⁵²³ Som det heiter i eit innhaldsregister utarbeidd ved NIH i 1988, s. ii: «De to første årgangene av «Norsk idrætsblad» kom ut med 52 numre i året, de neste årgangene hadde 28 numre.» For breiare tematisk oversikt for åra 1881-1886, sjå denne publikasjonen.

⁵²⁴ Sjå årsberetningane for Centralforeningen, både 1879 og 1880. Referatet frå generalforsamlinga til Centralforeningen i *N.Idrbl.* nr 18, 1881, s.106-110, tyder også på at Dietrichson var medlem der.

⁵²⁵ *Adressebog for Christiania By*, 1880, s. 21.

Centralforeningens ulike forsamlingar, og blei æresmedlem der i 1883.⁵²⁶ Som redaktør i N.Idrbl. forplikta han seg på å halda seg utanfor all politisk strid desse åra. Det var eit grunnleggjande prinsipp for bladet; det vitna både eigenannonsane og visse redaksjonelle artiklar om, at idrett og politikk ikkje skulle blandast.⁵²⁷

Det skulle ikkje bli så lett. I 1882 måtte Dietrichson slutta heilt i Norsk idrætsblad, og han byrja då som redaktør i eit nytt og delvis konkurrerande skyttarblad. Året etter han braut han like godt heilt ut av Centralforeningen, og han laut ut av landet til slutt.

Med seg i bladet, enn så lenge, hadde Dietrichson fått ei rekke kompetente skribentar eller med-redaktørar, «en sagkyndig medredaktør i hver branche», som det heitte på framsida av det første nummeret i 1881. Høgst sannsynleg var dei alle menn. Sjølv om ikkje full signatur eller «by-line» var vanleg, verken i denne fagpublikasjonen eller i andre aviser eller tidsskrift på denne tida, er det mogleg å ana namnet på ein del av dei. Ingeniør Waldemar Bergh budde og rodde i London og skreiv om den britiske og den internasjonale rosporten, medan båtbyggjar og overlærer ved den tekniske Høyskole i Kristiania, Gustav Adolf Sinding, redigerte seglsportspalta. Cand. jur. Sigvart Petersen, fødd i 1845, var rapporterende ekspert på trav og hesteavl. Han hadde vore med og stifta Selskapet for Kap-kjøring i Trav alt i 1875, og var i 1881 forretningsfører for Den norske Traver-klub. Advokaten Axel Huitfeldt, fødd også han i 1845, tok det aller meste av skistoffet. Axel Huitfeldt, «Hr. overretssagfører A. Huitfeldt», som han gjerne blei titulert, var mellom dei opphavlege initiativtakarane til Christiana skiklub, nemnt i fleire tidlegare kapittel, og elles suppleant til styret i Norsk jæger- og fiskerforening. Han var i slekta til Fridtjof Nansen, gift med halvsøstera Ida Bølling. I Norsk idrætsblad skreiv han mykje av skistoffet.⁵²⁸

Løyntnant Dietrichson laga sjølv det meste av jakt- og skyttarsakene. Kven som redigerte skøytesportsakene, og turn- og gymnastikkstoffet akkurat i starten, er meir uklart.⁵²⁹

Vanen i bladet blei at redaksjonelle artiklar som oftast stod utan signatur, medan bidrag frå lesarane og andre var merka med initialar eller fulle namn. Anonymitet var for så vidt eit omsyn som redaksjonen verna om, og som for så vidt stadfestar idealet om den opplyste, offentlege samtalen. Men redaktøren forlanga å kjenna den fulle signaturen bakom alle innsende bidrag, og for ein del initialar må vi gå utifrå at delar av lesarkrinsen visste kven

⁵²⁶ Kvi for han representerte akkurat Kristiansund, er uklart for meg. Men også andre skyttarinteresserte som hadde base i Kristiania, kunne vera representant for heilt andre delar av landet, så som kaptein Sylow, som i 1881 var talsmann for Voss skyttarlag, og professor Rasch, som var representant for Vefsen.

⁵²⁷ Sjå N.Idrbl., 1881, nr 2.

⁵²⁸ N.Idrbl., 1881, nr. 2, s. 16. Axel Huitfeldt, f. 1847, var altså ein av stiftarane av Kristiania Skiklub i 1877, medlem (og styremedlem) der til 1883, ein av tre initiativtakarar og stiftarar av Skiforeningen i 1882/1882, styremedlem der i 1887-1888, og dommar ved svært mange av hopprenna i både Huseby- og Holmenkollbakken. Han var etter egne ord også ein ivrig jeger.

⁵²⁹ Formann i skøyteklubben var i alle fall generalkonsul Peter Petersen.

forfatternen eigentleg var.⁵³⁰ Axel Huitfeldt var mellom dei medredaktørane som gjerne skreiv under med fullt namn, og i visse debattar uttrykte han ønskje om å få vita det fulle namnet til meiningsmotstandaren sin også.⁵³¹

Modellesaren

Som ved andre blad-lanseringar i siste del av 1800-talet mangla det ikkje på lovnader og ambisjonar i *Norsk idrætsblad*.⁵³² I utgåve nummer to blei det ramsa opp ei mengd menn som hadde sagt seg villige til å bidra i bladet; dei var frå Larvik og frå Kviteseid, frå Skien og frå Eidsvoll, frå Bergen og frå Trondheim, men aller flest frå Kristiania. I hovudsak var dei av yrke (eller studentar til) juristar, offiserar eller grosserarer, men somme av dei var også forstmenn eller ingeniørar.⁵³³ I sum hadde N.Idrbl. von om 200 (!) faste korrespondentar, ikkje berre frå by og bygd i Norge, men også frå idrettskompetente og skriveføre folk frå Stockholm, Gøteborg, København, London, Paris, Berlin og Wien. Den lange lista av namn og bustadane deira må oppfattast som personar som sympatiserte med saka til bladet, og også som marknadsføring av eit bladføretak som slett ikkje var sikkert ville lukkast. Den sjølvpålagte fordringa om at «politik alltid vil blive holdt udenfor», kan sjåast frå den same synsvinkelen: Bladet ville gjera seg så populært og romsleg som mogleg. Alle «[i]drætsmænd», både i bygd og by, blei oppfordra om støtta føretaket.⁵³⁴

Vi veit altså ein del om dei som i starten bidrog til dette fagbladet, som det kalla seg sjølv. Like så interessant er kven lesarane var. Her vil eg dra vekslar på omgrepet om modellmottakaren, eller *modell-lesaren*, som antyda i bolk II, part 7. Til den openberre kategorien av lesarar høyrer nok den opprimsa lista av villige «korrespondentar» rundt om i den sørlege delen av Norge.

⁵³⁰ Til dømes var traveskjerperten Petersen kjent under initialane «S.P.» og «Sportulac» når han skreiv hestestoff i Morgenbladet.

⁵³¹ I N.Idrbl., 1887, nr. 1, s. 4 gjev Axel Huitfeldt uttrykk for at han tilhøyrer nasjonen av dei som jaktar med laushund. I same innlegg (som altså forheld seg til ein lang debatt i bladet) skriv han at han gjerne skulle sett at ein innsendar om saka hadde signert med fullt namn. Eg bør kanskje leggja til at eg ikkje veit om redaksjonen arbeidde så veldig tett heile tida. Redaksjonen er meir å forstå som eit prinsipp – som den offisielle meininga til bladet – enn som eit arbeidslag i meir moderne og profesjonaliserte medieverksemdar.

⁵³² Her viser eg til korleis til dømes Bergens Tidende marknadsførte seg med mange korrespondentar i andre land då denne avisa starta i 1869. Sjå Skjeldal, 2017.

⁵³³ Følgjande herrar hadde sagt seg villige til å bidra i bladet: Colin Archer, Larvik, forstmeister J.B. Barth, Lillehammer, løyntnant A. Bjørnvall, Kristiania [Kri.], Johan Brodtkorb, Thjotta, C.S. Ellertsen, Bergen, Edv. Eriksen, Trondheim, forstassistent Andreas Feragen, N.Aurdal, overrettsakfører M. Rye Florenz, Kviteseid, grosserar Kal Gram, Drammen, kaptein N. I. Gregersen og kandidat F.O. Guldberg, begge frå Kri., Hederstrøm frå Sverige, løyntnant Herman Hoell, overrettsakfører A Huitfeldt, kandidat F. Huitfeldt, Skien, A. Kirkeby, Eidsvoll, juveler H. Lem, Kri., premierløyntnant Oscar Lunde, Bergen, Harald Maurer, Kri., overrettsakfører Eugene Münster, Brevik, Fred C. Nyegaard, Tønsberg, A. Omsted, Grue, kandidat Sigv. Petersen, prof. H. Rasch, ingeniør G.A. Sinding, kandidat Harald Wergeland, alle Kristiania. Eit visst inntrykk av sosial klasse får ein jo, av denne lista meir bemidla menn, og altså berre menn.

⁵³⁴ Her viser eg til artikkelen av «bg.» i nr 2, fre. 14. jan. 1881 og avslutninga: «Vi anbefaler enhver idrætsmand i by og land, efter bedste evne at støtte dette foretagende.» Sitatet om politikk er henta frå N.Idrbl., nr. 2, 14. jan. 1881. Bergens Tidende hadde i sitt program eit mål om å vera «farveløs» i politisk samanheng, sjå Skjeldal, 2017, s. 25.

Dei fleste hadde tilhaldsstad i Kristiania, men vi veit at bladet også blei lese i Bergen, der Fridtjof Nansen var stipendiat i 1884.⁵³⁵ Vi har også døme på at kvinner las bladet, slik eit lesarbrev i den første årgangen vitnar om. I 1883 var minst tre kvinner i Kristiania mellom abonnentane.⁵³⁶

Til den meir implisitte kategorien lesarar, altså modellmottakaren, var byen Kristiania eit viktig omsyn i seg sjølv. Ein sentral artikkel i blad nummer to, første årgang, retta seg særleg mot dei «dannede klasser i byerne», som det heitte, og med den sosiale kategorien her meinte artikkelforfattaren meir bestemt *vitskapsmannen, offiseren, forretningsmannen og departementsmannen*.⁵³⁷ Som ein anar: Det var altså ikkje nok at ein hadde studert ved universitet i Kristiania, og sånn sett danna seg der. Då ville ein heil del bondesøner – som vel uttrykket var meint å markera avstand frå – bli inkludert. «De dannede klasser» hadde felles kultur og forståingsramme, som heldt bønder, husmenn og ulike slag handverkarar på trygg avstand. Dei omgav seg absolutt med kvinner, men kvinner var ikkje representantar for klassen på same måten som mennene.⁵³⁸ Det var «de dannede» som trong utøving av «mandig idræt», heitte det vidare i teksten, det var dei som hadde godt av utfaldinga i frisk og fri luft, det var dei som gjennom skiidretten vann snarrådighet og seigheit, herlege naturopplevingar, og kameratskap med likesinna, og fornya arbeidskraft.

Interessant nok kritiserte denne artikkelen turn og gymnastikk for å vera innestengde idrettar («i et rum, hvor luften må bli usund, mættet med støv og varme») – og den teksten av «O.D.» som eg omtala i parten om rørslekulturane (bolc II, kap. 5), kan lesast som ein reaksjon mot denne ytringa. Denne artikkelen var rett nok underteikna av ein «bg.» som truleg stod utanfor redaksjonen til bladet, men teksten var plassert med god rang på førstesida, og det var ein skribent som oppfordra alle om å støtta bladet med å teikna abonnement, og det var dessutan ein artikkel som *Norsk idrætsblad* sjølv vendte tilbake til i seinare utgåver. Uansett: Igjen og igjen rettar redaksjonen seg direkte til betrestilt ungdom i Kristiania i artiklane sine, og ber dei til dømes trenas skikkeleg, slik at dei kan hevda seg i lag med telemarkingane i skiløpinga. Den same adressaten finst i dikt ved fleire trykkehøve.⁵³⁹ Friluftsdimensjonen kan nesten ikkje

⁵³⁵ Han skriv sjølv at det var ein omtale av Husebyrønnen i Norsk idrætsblad som fekk han til å leggja i veg austover, det som skulle bli den vidgjetne ferda hans over Hardangervidda. Sjå Aftenposten 29. mars 1884. Som student i Kristiania skreiv han også lesarbrev til bladet, endå det aldri kom på trykk.

⁵³⁶ Årgangen for 1883 er samla i ei innbunden bok i biblioteksmagasinet til NIH, og her er det ført inn (med penn) adresser og namn for abonnentane i Kristiania.

⁵³⁷N.Idrbl., 1881, nr. 2, s. 9.

⁵³⁸ Sjå *Aalesund Handels og Sjøfartstidende* den 16. juni 1886 for ein diskusjon om dette med danning og om dei som var studentar (og bohemar) i Kristiania.

⁵³⁹ Sjå N.Idrbl., 1883, nr 1. Merk at uttrykket «ungdom» ikkje refererer til «våre» tenåringar heilt ned i trettenårsalderen; det er snarare studentar i alderen over 20 år som det er tale om her. Ei fingransking av den første artikkelen til «bg.» røper at vedkomande har rodd i engelsk (og smal) båt, så i teorien kan det vera William Bergh, medarbeidaren i London, det er tale om. Men det kan også vera ein eller annan «-berg», Axel Heiberg, A. Rosenberg, eller K. Søberg eller S. Hesselberg.

understrekast nok. Vi må sjå for oss lesarar som likte å skyta og å gå på jakt, vel så mykje som dei likte å ro i engelske båtar, eller stå som dommarar ved hopprennet til skiklubben Ull.⁵⁴⁰ Vi må sjå for oss eit blad som ville skapa opplysning om idrett, men som også hadde mykje (friluftsliv-)stoff til underhaldning.

Norsk blad?

Folketalet i Kristiania hadde passert 100 000 i 1881, og var sterkt veksande dei neste 20 åra.⁵⁴¹

Opplagstalet kom fort opp i nesten 2000 for *Norsk idrætsblad*, og vi kan kanskje gå utifrå at lesarskaren var like stor. Folketalet i heile landet var på dette tidspunktet 1,8 millionar.⁵⁴²

Det store biletet er at nordmenn flytta inn til byane, men også at dei vandra ut til Amerika. Toppunktet i så måte kom i 1882, då også innbygarane i Kristiania emigrerte i mykje større tal enn før.⁵⁴³

Ein må stogga seg: Tyder desse tala at *Norsk idrætsblad* ikkje var så veldig norsk – i tydinga landsdekkande? At ein må lesa dei aller fleste artiklane primært med tanke på danna og kontorearbeidande yngre menn i byen Kristiania? Og nærmare bestemt dei opplagt meir privilegerte mellom dei? Idrettsinteresserte embetsmenn og forretningsfolk og legar og offiserar og nokre ingeniørar, litt over tusen i talet? Mengda betalande abonnentar var strengt teke berre 809 i 1882, litt meir enn halvparten av dei (474) var registrerte med innanbys-adresse, medan 335 hadde tilhaldsstad utanfor Kristiania.

«Norsk» var nok ei nemning som ein tok litt lett på, den gongen som no, slik som vi alt har sett ved namnet «Den norske Traver-klub». Men truleg meinte redaksjonen i N.Idrbl. at frivillige (mannlege) krefter i Kristiania forvalta norske idrettar aller best, samstundes som bladet ønska at nesten all idrett skulle breia om seg i andre byar, og i landet som heilskap. Berre tidvis ytra anonyme forfattarar seg kritisk til at ungdom (under 18 år) og born utøvde idrettar,

⁵⁴⁰ Ein artig notis står i N.Idrbl., 1883, nr 6, med skildring skiklubbens Ulls første premierenn (stifta same vinter), med hopprenn med sving til begge sider, vunne av stud.med Beckholm. Faktisk var dei seks første alle studentar. Mellom dommarane var Axel Huitfeldt, attåt grosserar Maurer, slottsforvaltar Welhaven, grosserar Fearnley ved svingen saman med den andre grosseraren (Andresen), og ved toppen løytnant Gulbranson, gravør Hallén og professor Schjøtt. Dette seier noko om kva yrkesgrupper og tett samfunnslag som hadde funne saman i skidyrkinga.

⁵⁴¹Nøyaktig folketal for Kristiania i 1881 var 122 036. For heile landet: Statistisk Sentralbyrå, u.å.

⁵⁴²Opplagstalet var ifølgje eigenomtalen «henimot 2000 exemplarer», sjå N.Idrbl. 1881, nr 41. Eg har ikkje sikre tal som seier noko om forholdet mellom opplagstal og abonnementsmengd, mellom abonnementsmengd og laussal, og mellom abonnementsmengd og lesarskare, men det er rimeleg å tru at lesarane var minst like mange som op.plaget. I den samla årgangen 1883 som er bevart på NIH, finst det ei oversikt over tingarane i Kristiania. Mellom abonnentane er det flest einskildspersonar eller einskildspersonar som står for hushaldningar og heimar, men også institusjonar som Studentersamfundet, Brandvesenets avdelingssjef Grøndahl & Søn, Handelsstandforeningen, Dagbladet, Centralforeningen, Norske Selskab, Det Militære Samfund, Den Gymnastiske Centralskole - og redaktør Friele. Ein kan gå utifrå at bladet hjå desse institusjonane blei lesne av ikkje berre éin person. Mengda totalt i lista er 310. Attåt dette kom alle abonnentane utanfor Kristiania, som det ikkje finst sikre tal for. Det er ikkje rimeleg at desse distriktslesarane, og laussalskjøparane, utgjorde nær 1700. Truleg har opplagstal – og lesarmengd – falle noko i 1883. Tingartala var, 1882: 809 (474 Kr, 335 resten av l.), 1883: 562 (319/243). 1884: 666 (360, 306). 1885: 870. 1886: 795 (truleg). 1887: 554. Sjå RA/PA-0108/F/Fa. («Forhandlingsprotokoll, kopibøker, brev, rekneskap»)

⁵⁴³ Øystein Sørensen (1984) har skrivne ei fin lita innføringsbok om det dramatiske tiåret i 1880-åra, *Ti år som rystet Norge*. Idrett har han diverre vigd liten plass her.

og berre tidvis vart det sagt openbert at kvinner ikkje kunne få bli med på linje med menn. Dei mange resultatlistene av renn og skøyteløp for ungdom og for born rundt om i Sør-Norge og Trøndelag kan lesast i dette, ganske så demokratisk ambisiøse, lyset. Mykje definitivt diskriminering – av delar av landet og av heilskapen av kvinner – var underforstått og underkommunisert. Samstundes forsøkte *Norsk idrætsblad* å vera med å skapa ein førestilt fellesskap av ivrige, friluftshungrige nordmenn. Prinsipielt var den offentlegheita som bladet vende seg til, norsk.

Lat meg så våga det siste spørsmålet i større breidd: Kvifor kom bladet *no*? Byrja Norsk idrætsblad liksom ut av det blå? Eller formulert noko nærmare mot ei sentral problemstilling i denne avhandlninga: Kom ideen til eit eige sportsblad seglande over Nordsjøen? Roland Huntford skriv kjekt i boka *To planker og en lidenskap* at det var slik: «En annen nyhet i 1881 var Norges første sportsmagasin, *Norsk idrætsblad*, snart omtalt bare som *Idrætsbladet*. Forbildet var britiske sportsmagasiner, som *The Field*.» Rune Slagstad gjentar poenget etter han.⁵⁴⁴ *The Field* var ei vekeavis som kom ut i den 1. januar 1853 første gong. Nokon programartikkel frå det nummeret har eg ikkje funne, men «logoen» var av jaktmotiv (så som med hestar og hundar, etter harar), og av undertittelen, «A Country Gentleman's Paper», var den aristokratisk innstilte lesaren ikkje å ta feil av. Skreddarreklamen i bladet synte då også høge flosshattar og spaserstokkar, og tweedjakker og gevær.⁵⁴⁵ Avisa hadde kva vi ville kalla tur-reportasjar, og «nytt» frå hoffet, men også «vanleg» nyhendestoff, 16 sider i alt. Så veldig ulik allereie etablerte aviser som *Bell's Life in London and Sporting Cronicle* var *The Field* ikkje då. Omkring 1880 hadde vekeavisa vakse betrakteleg i omfang, og i annonsemengd, og snevra seg noko meir inn på sportsstoff – vel å merka i den breie tydinga det kunne ha i britisk samanheng også; omfamnade jakt og fiske, hesteveddeløp («turf»), tennis, roing, fotball, cricket osv, men også meir landlege og rolege syslar som hagebruk («the garden»), og veterinærstoff («the veterinarian»), og det meir imperiale, «Travel and Colonisation». Samanlikninga til Huntford, og den moglege inspirasjonskjelda i *The Field*, synest rimeleg nok – sjølv om altså den engelske avisa var ein mykje, mykje meir omfangsrikt publikasjon, gjeve ut eit heilt anna, og i det minste på dette tidspunktet i historia, klart meir sportshungrig land.⁵⁴⁶

Ifølgje Eric Halladay var avisa i 1880- og 90-åra ein «hard-liner» i spørsmåla om amatøreren i roporten, og meinte visst at det var viktigare å vera rettferdig («just») mot arbeiderklassen enn å vera raus mot dei. Men eg har også funne at den same avisa inntok eit

⁵⁴⁴ Huntford, 2006, s. 118. Slagstad gjentek dette poenget etter Huntford, sjå Slagstad 2008.

⁵⁴⁵ Redaktøren, eller utgjevaren, synest å vera ein John Clark, sjå *The Field* 1. januar 1853, s. 16.

⁵⁴⁶ Denne gjennomgangen av rubikkrar (og innhaldsliste) er basert på årgangane 1885 og 1887.

pragmatisk syn på om det nydanna forbundet for skøytesporten (i 1879) burde innføra detaljerte amatørreglar der, all den tid ervervsmoglegheitene i denne vintersamanhengen var så pass få. *The Field* vige plass til referat av amatørtevlingar, så vel som profesjonelle dystar her.⁵⁴⁷

Den seinare og heilt sentrale redaktøren i Norsk idrætsblad, Sigvart Petersen, bidrog stundom i i det engelske sportsmagasinet *The Sportsman*⁵⁴⁸, og vel var heile redaksjonen orientert om sportsmagasin og sportsdekning i andre land, både i Storbritannia, i Tyskland, og i USA. Men *eksplisitt* er *The Field* ikkje referert meir enn ein gong i 1881.⁵⁴⁹ Og akkurat dette bladet skulle Norsk Idrætsblad koma i ganske heftig klammeri omkring eit vesentleg skøytearrangement i Kristiania. Amerikanske *Spirit of the Times*, med utgjevingsstad i New York og ein skøytesportinteressert mann til redaktør, var mykje meir sitert dei to første åra.⁵⁵⁰ Seinare i 1881 kom det svenske *Tidning för Idrott*, med rot og krefter i svensk gymnastikk, og den same hausten 1881 det finsk-svenske *Sporten*.⁵⁵¹ Det danske *Tidsskrift for Sport* starta litt seinare, i 1884⁵⁵², og skifta i 1888 namn (og redaksjon) til *Dansk Sportsblad*. I Tyskland starta fagbladet *Wassersport* (Berlin) i 1883, men turnblad hadde ein hatt lenge i tysk språkområde.⁵⁵³

Nederland fekk sin *Nederlandsche Sport* frå 1882. Frankrike hadde hatt *Le Sport* heilt sidan 1854, og Austerrike-Ungarn publikasjonen *Allgemeine Sportzeitung* sidan 1878. Norsk idrætsblad var kanskje av dei første reine idrettsblada utanfor dei britiske øyane, men som ein ser, høyrer bladet også heime i ein kontekst av auka skandinavisk, og nordisk, og for så vidt europeisk merksemd om idrett.

I den breiare tidsskriftshistoria i Norge augnar ein at mengda publikasjonar auka kraftig omkring 1880. Trykketeknologien vart billegare, lesekunnskapen var i vokster, parafinlampene gjorde det lettare for fleire å lesa, og mengda lesarar og moglege abonnentar auka i seg sjølv etter som folketalet sjølv steig.⁵⁵⁴

Dette sprang saman med demokratisering i politisk forstand og kampen for allmenn røysterett. Eg har i tillegg skrive inn bladet i ei bølge av både assosiasjonsånd, diskusjonstrong, og opplysningsiver; ei borgarleg offentlegheit, kort sagt.

⁵⁴⁷ Sjå *The Field*, den 6. desember 1879.

⁵⁴⁸ *The Sportsman* (tirsdagar og laurdagar) kom ut i 1865, første gong.

⁵⁴⁹ *Deutsche Jagdzeitung* er referert i N.Idrbl, 1881, nr 12, s. 74; *The Field* i notis i nr 25, s. 147; svenske *Sporten*, *Tidning för Hästvenner* omtala i nr 27, s. 159.

⁵⁵⁰ Andre engelske sportsmagasin var *The Sporting Life*, som kom ut i 1859, første gong (torsdagar og laurdagar).

⁵⁵¹ *Tidning för Idrott*, med redaktørane Balck og Meyer, hadde opphav i *Tidsskrift i gymnastik* (frå 1874), der Balck var ein av medarbeidarane. Den avisa, som kjem ut fortsatt, hadde basis i Gymnastiske Centralinstituttet. Sjå Yttergren, 1992, s. 91. I 1898 endra bladet namnet til *Ny Tidning för Idrott*.

⁵⁵² Korsgaard, 1997, s.13: «[Bladet hadde sitt] «utgangspunkt i de to (pengestærke) foreninger: Foreningen til den ædle Hesteavl's Fremme og Dansk Forening for Lystsejlad's, som begge hadde hadde deres rot i adelsstanden og adelsporten». Eit sikte for bladet var å vekka kappelyst i desse tradisjonelt adelege syslane, skriv han.

⁵⁵³ *Wassersport, Fach-Zeitschrift für Rudern, Segeln und verwandte Sportzweige*, kom med første nummer og første årgang 4. januar 1883.

⁵⁵⁴ Sjå gjerne den parallelle utviklinga av vekeblad, og korleis ho blir forklart i boka til Åsmund Rørslett, 1977, s. 21.

Andre blad

Det fanst sjølv sagt også andre tidsskrift enn Norsk Idrætsblad. Folkevennen, som fortsatt kom med månadlege utgåver på 1880-talet, hadde ikkje all verda om idrett i artiklane sine, og ingenting i 1881, jamvel om redaktør Hartvig Lassen blei medlem av Skiforeningen i 1883. Dølen var gått inn (Vinje døyde i 1970), sameleis Illustreret Nyhedsblad. Vekebladet Skilling-Magazin (til Udbrædelse af almennyttige Kundskaber), som Lassen også redigerte, trykte lite eller ingenting om skirennet, men kom noko sterkare tilbake, om ein kan seia det slik, i mars 1885, då med hyllesten av Axel Paulsen. Vikingen fløyde fortsatt over av karikaturar med motiv frå vinteridrettslivet – men ikkje berre det, bladet trykte også dikt og teikningar som anerkjente at til dømes Kristiania-kvinnene no hadde begynt å stå på, og gå på, ski i stort monn.⁵⁵⁵ Almuevennen, som vel var over den største glanstida si, i alle fall i opplagstal, refererte sjølv frå skitildraginga, om enn nokså notisaktig og stutt.⁵⁵⁶

Ei mengd andre tidsskrift fanst også på denne tida, men eg har ikkje granska alle saman.

Nasjonalidrett

Ikkje minst, eller sist, var det no, omkring 1880, at idrettsinteressa verkeleg tok av i Norge. Det var no at skisporten blei nasjonal i den tydinga at skiene blei tekne i bruk, av både kvinner og menn, og av kvinner og menn som hadde arbeidet og kvardagen sin i byen.⁵⁵⁷

Vinteren og skisporten var sånn sett ikkje ei naturlov som berre venta å bli teken i bruk for nasjonal identitetsbygging. Vintrane rundt 1880 var ikkje ein gong spesielt gode for skiløpinga i Kristiania, som nemnt. I det minste var ikkje snøen og skiføret påliteleg, sjølv i Nordmarka. Likevel blei denne aktiviteten særleg populær i denne tida. Og nettopp no, i åra omkring og etter 1880 blei skisporten ein viss folkeleg syssel, også utanfor krinsane og distrikta

⁵⁵⁵ Sjå Vikingen, 19. februar 1881, s.29.

⁵⁵⁶ Sjå avskrifta i Lillehammer Tilskuer den 16. feb. 1881.

⁵⁵⁷ For den som er glad i tal, og vil ha med resten av idrettsbiletet: Skyttarrørsla i 1881 var den største og mest organiserte i Norge, med 335 lag og meir enn 15 000 medlemmer totalt. Slett ikkje alle desse laga og medlemmene stod i Centralforeningen, eller betalte medlemsavgift til denne. Og semja i skyttarkrinsane var i ferd med å rakna endå meir i 1881, med opprettinga av stadig fleire folkevæpningssamlag. I Norsk Jæger- og Fiskerforening var det 432 betalande medlemmer i 1880. Dette talet seier slett ikkje noko om kor mange i Norge som faktisk jakta og fiska. Talet på utbetalte skotpremiar for bjørn i 1880 (152), og talet utbetalte premiar for alle slags rovdyr, ørnar og hønsheaukar inkl. (16 123), seier noko. *Den norske Traver-klub* (gjeldande først og fremst for Kristiania) stifta i 1879, hadde 178 medlemmer i 1881. Totalt blei ni skulelærarar og offiserar blei uteksaminert frå Centralskolen våren 1881. På dette tidspunktet var turn- og gymnastikkforeiningane i klar vokster i byane omkring i landet. I 1883 var talet 29 foreiningar, med nesten 2000 medlemmer alt i alt. Rundt 1880 fanst det i hovudstaden i Noreg øvingsparti også for mannleg ungdom under 20, og for jenter («piger»). Sjå Centralforeningens årsberetning for 1880, og for 1881, s. 16, samt N.Idrbl, 1881, nr. 5, s. 30. Konf. også Olstad, 1987.

⁵⁵⁷ Goksøy, 1996, s. 14. Nordmarka var blitt oppdaga av byfolket i 1840- og 50-åra, og aller først av «diktarane» Peder Christian Asbjørnsen og Bernhard Herre. Men dette var kanskje primært Nordmarka om sommaren. Tallak Moland har peika på at Norsk Skytter- og Jagttidende prenta ei skildring av ein skitur mot garden Ullevål alt i 1865, men understrekar at det var først mot slutten av 1800-tallet, og altså etter 1880, at sjølve Nordmarka blei pløyd og kartlagt og skilta og (hytte) bygd for skiløpinga. Fridtjof Nansen må kunna kallast ein pioner også her, og utforska marka nord og vest for Kristiania saman med halvbroren Harald Bølling alt i 1870-åra.

av betrestilte borgarar i Kristiania by. «Vanlege» folk sette spor etter seg frå denne tida, og ikkje «berre» ord. Skiløpinga var såleis, og er såleis, betinga av ein viss kultur. Som Matti Goksøyr skriv:

Det var først fra rundt 1880 at skiløping virkelig etablerte seg som den egentlige og uomtvistede nasjonalsporten i Norge. I dette tidsrommet utviklet skiløping seg fra å være en god nasjonal idé til å bli en nasjonal aktivitet. Innflytelsesrike grupperes syn på ski-idretten var at den inneholdt bestemte egenskaper og dyder som var sentrale i byggingen av en norsk identitet.⁵⁵⁸

Illustrasjonar av skiløpande bønder, statuar av skiløparar, og offentleggjort dikt om skiheltar som Trysil-Knut og Arnljot Gelline fall no saman med faktisk bruk av skiene, og også leik og friluftsliv og kompaniskap og tidvis begersvinging på dei same skiene. Og altså kappestrid og mannjamningar.⁵⁵⁹

Kva enn konteksten kan seiast å vera: Norsk idrætsblad gav friluftsdimensjonen og årstidspreget ved idrett, men også konkurransen som ein kunne knyta an til han, forsterka impuls.

⁵⁵⁸ Goksøyr, 1996, s. 14. Nordmarka var blitt oppdaga av byfolket i 1840- og 50-åra, og aller først av «diktarane» Peder Christian Asbjørnsen og Bernhard Herre. Men dette var kanskje primært Nordmarka om sommaren. Tallak Moland (2006) har peika på at Norsk Skytter- og Jagttidende prenta ei skildring av ein skitur mot garden Ullevål alt i 1865, men understrekar at det var først mot slutten av 1800-tallet, og altså etter 1880, at sjølve Nordmarka blei pløygd og kartlagt og skilta og (hytte)bygd for skiløpinga. Fridtjof Nansen må kunna kallast ein pioner også her, og utforska marka nord og vest for Kristiania saman med halvbroren Harald Bølling alt i 1870-åra.

⁵⁵⁹ Goksøyr (1999) har skrivne ein interessant artikkel om korleis drikking (cognac, sprit, akevitt) var ein del av den borgarlege skikulturen før og rundt år 1900.

Kapittel 3. Husebyrennet 1881

1881 blei ein strålende snørrik vinter – for dei som liker slikt. Christiania skiklub fekk mot til å halda skirenn på Huseby i februar månad. Her, i dette kapittelet, skal det handla om dette rennet, og om den offentlegheita som breidde seg omkring denne hendinga, ved hjelp av særleg det fagbladet eg no har introdusert. Amatørrelevante spørsmål dukka opp i desse diskusjonane, om ein ser litt nøyare på dei.

Norsk idrætsblad hadde førehandsomtale av konkurransen alt i nr. 2, altså midt i januar. Det stod her at ein sikta seg inn på laurdagen i marknadsveka, eller mandagen etterpå, og at arrangøren vona at skuleborna fekk fri om det blei ein vanleg kvardag. Søndag var ikkje tale på, med den implisitte kyrkjefreden fram til klokka 13 på ettermiddagen.⁵⁶⁰

Annonsar for «et almindelig Præmie-Skirend for voxne» (menn, over 17 år) blei trykt i mellom anna i Morgenbladet, i Aftenposten og i Dagbladet⁵⁶¹ Størst i opplagstal var Morgenposten, vel å merka i Kristiania; på riksplan var Morgenbladet fortsatt størst. Aftenbladet, den viktige avisa om skiidrett på 1860-talet, hadde mista redaktør Mejdell i 1879, og ved utgangen av 1881 gjekk avisa inn.⁵⁶²

Kroneverdien for dei beste premiane syntest å vera viktig ut frå lysingane i avisene; den som vann skirennen, ville få ein ting som var verdt 100 kr. For folk busette i Kristiania og bygdene like ved var det sett opp ekstrapremiar.⁵⁶³ Publikum syntest kan henda ikkje like viktige, i alle fall ikkje utifrå dei første annonsane. Først i februar månad blei dei lokka med plass på eigen plattform om dei løyste billett (50 øre), og med ekstratog frå Bygdøy. Dei kunne også løysa billett til festen (sexæen) på kvelden. *Kvifor* det skulle vera plass for publikum, sa ikkje annonsane noko om. Ein kan ana at det handla noko om inntekter og økonomi for arrangøren. Men det kan også tenkjast at Christiania skiklub meinte Husebyrennet var verdt og viktig å sjå på, no når dei var trygge på vinteren og at nok deltakarar villa ta del. Skuleungane var også velkomne, som nemnt, og dei kom inn gratis. Uansett var rolla til tilskodarane prinsipielt endra frå arrangementet til Elling Bækken. Han ville syna fram dristige og kunnige

⁵⁶⁰ Sjå N.Idrbl. 1881, nr 2, s. 14-15. (Datoen var 14. januar) Renn også andre stader i sør-Norge, sjå *Stavanger Amtstidende* 22. feb. 1881. Og i Dagsposten for det «Nordenfjeldske» 11. feb 1881

⁵⁶¹ Redaktør i den veksande Aftenposten var Amandus Theodor Schibsted, også eineieigar av den avisa frå 1879. Han er blitt kalla reportasjens far i Norge, og kan godt ha vore den som sjølv skreiv frå Huseby etter rennet. Kanskje endå meir markant redaktør var Ola Thommesen, som starta *Verdens Gang* [V.G.] i 1878. Avisa hans vaks seg veldig stor snøgt, og sette dagsorden, politisk og journalistisk. På 1880-talet blei også V.G. dagsavis. Dagbladet, i opplag mindre enn Aftenposten og Morgenbladet, var den einaste av dagsavisene som i 1881 brukte latinske bokstavar i avisa (og ikkje gotisk skrift), og var redigert av overrettsakførar Nicolai Grevstad. Under den meir permanente leiinga til Hagbart Berner litt seinare tok Dagbladet rolla som særskilt venstreavis i den intense politiske stiden tidleg på 1880-talet.

⁵⁶² Om tala og storleikane, sjå Johansen, 2007.

⁵⁶³ Enkel omregning til dagens kroneverdi blir 6340 kroner, jmf <https://www.norges-bank.no/tema/Statistikk/Priskalkulator/>

lån for dei, og kanskje med dei. Lysingane i 1881 var sikta inn på dei som ville ta del i tevlinga. Oppvisningsdelen var ikkje ein gong nemnt. Så må det likevel seiast at premieskirennen blei lagt til mandag 7. februar. Endå om det var ein mandag, og prinsipielt starten på ei ny veke, var det like etter marknaden var ferdig i Kristiania – og det kan absolutt tenkjast at arrangøren vona bygdefolk blei igjen i byen ein dag og to til, for å få med seg rennet. Men om dette tyder at marknadsløyene, og hestekapløpet, og til dømes førestillingane til Cirkus Schumann med både pantominar og dressuridningar, kan seiast å vera ein fyldestgjerrande kontekst for skiløpet, har eg ikkje funne nok empiri. Ein kan *både* hevda at skirennen gjekk føre seg uavhengig av marknadsmorøa, og kanskje endå sterkare, at Husebyrennet markerte *avstand* til måten publikum blei forstått på Christiania Tivoli. Og ein kan fremja synspunktet også at skitevlinga var *prega* av forlystinga i sirkussamanheng også. Kvifor hadde dei elles, når dagen først var der, oppvisningsrenn i hoppbakken til slutt?⁵⁶⁴

Program

Frå Husebyrennet i 1881 har eg også tilgang til det offisielle programmet, i og med at ein av deltakarane, Fridtjof Nansen, tok vare på det.⁵⁶⁵ Slik kan eg lesa meg til at rennet hadde eigne dommarar, og kva kriterium og ideal dei styrte etter når karakterane skulle setjast og premiane delast ut. Punkt nr. 2 i regellista fortalde at «Prøven» bestod i raskast mogleg å koma fram med eit stykke veg med ski på beina, eit skirenn som ville ha innlagte utfordringar som hopp. Punkt nr. 7 utdjupa bedømmingskriteria. Det blei sagt her at løparane skulle målast både i a) hurtigheit (3 km, i tid, som så ville gjort om til ein karakter) og i b) terrengmeistring (i talkarakter) og c) *holdning* (også ho i talkarakterar). «Holdning» er viktig i omtalen min, sidan det kriteriet kan synast å peika mot den kjernen av amatørtenkning som eg har ringa inn tidlegare i avhandlinga mi, altså haldninga ein møtte idretten med og likeeins gjekk ut av tevlinga med. Her hadde Christiania skiklub ei utførleg forklaring:

«hvorledes Skiløberen klarer Hop, Svingninger eller andre Vanskeligheder i Løbet, saaledes om han kommer støt ned og snart samler sig efter Hoppet, om han sætter modig til eller stryger Farten af Skierne med Staven, hvorledes han bruger denne saavel i Rend som under Gang, hvorledes han klarer sig i Modbakke, hvorledes hans Holdning er, og om han overhodet gjør Indtryk af at være en rask og øvet Skiløber.»⁵⁶⁶

⁵⁶⁴ Marknadsveka i 1881 byrja tysdag 1. feb. Cirkus Schumann hadde førestillingar kvar dag, mest med hestar og pantomine, og dessutan Christiania Tivoli, som syntest å satsa mest på humor i programmet sitt. 31. jan. 1883 hadde Dagbladet ein lengre reportasje om nettopp Cirkus Schumann.

⁵⁶⁵ I arkivet til Fridtjof Nansen på Nasjonalbib.(NB) er bevart trykt program for «Præmie-Skirendet ved Huseby» den 7. februar 1881. Programmet inneheld kart over løypa (3 km) dei skulle gå. Det er nokså likt reglane i 1879, sjå Axell, 2014, s. 75.

⁵⁶⁶Formulert 7. januar 1881. Programmet kan også lesast via denne lenken frå NB, <https://www.facebook.com/nasjonalbiblioteket/posts/10153896029183798/>

Ein kritisk lesar må seia at presiseringane her greip både tilbake til terrengmeistring (b), og beit seg sjølv i halen ved å nytta «Holdning» også i forklaringa av det same ordet. Det er likevel verdt å understreka at dimensjonen eller dygda *mot* var uttrykt her, ja, kanskje for første gong i samanheng av regelverk for skikonkurransar i Norge. Om skiløparane sette «modig til», eller bremsa farten av med staven, var noko dommarane skulle merka seg. Truleg hadde dommarane sett etter det før, kanskje heilt sidan renna ved Gamle Aker kirke i 1867. Men momentet hadde ikkje blitt tydeleggjort slik før no.⁵⁶⁷

Eg kan ikkje dermed seia at ein modig skiløpar her blei sett synonymt og uttrykkeleg med ein *amatør* også. Men regelverket i programmet til Husebyrennet 1881 reidde grunnen for det.

Ein ting til: I vurderingskriteriet «Holdning» låg det no rom for moralske normer vel så mykje som estetiske omsyn.

Sjølve konkurransen

Lat meg raskt fortelja korleis sjølve rennet blei avvikla. Dei 47 deltakande, tolv av dei frå Kristiania, 15 frå Telemark, starta med eitt minutt i mellom kvar. Dei byrja med hoppet – som telemarkingane syntest hadde for mykje sprett – deretter lengderennet rett etter nedslaget, utover og over Skøyen-bekken og deretter oppigjen, innlagt ein krappare sving (post 5); 5000 alen i alt.⁵⁶⁸ Ifølgje referatet i Norsk idrætsblad var det berre tolv eller tretten som klarte hoppet utan å falla, men dette skulle ikkje i seg sjølv diskvalifisera nokon, etter rennprogrammet å dømma. Det er ingenting som tyder på at ein måla hopplengdene i denne delen.

Vinnaren var Aasmund Olavson Brekke, som året før hadde vunne ekstrapremie for skiene han laga. Dei fire neste plassane på resultatlista var også okkupert av telemarkingar. Nansen vart nummer sju, og blei premievinnar av eit par ski. Han fekk dessutan ekstrapremie som beste løpar frå Kristiania. Men denne gav han tilbake til arrangøren, men oppfordring om at pokalen kunne gjevast einkvan ved seinare høve. Etter sjølve premietevlinga heldt dei som ønska det, oppvisning i bakken, og no fekk telemarkingane kutta noko av «sprøyten» på hoppet. For det store publikum, kanskje så mange som 15 000, var denne hoppinga den mest interessante delen av rennet, skal vi tru attforteljinga i Norsk idrætsblad. Sveinung Svalestoga hadde svevd lengst, 35 alen frå foten av hoppet, men like så langt som Sondre Norheim visstnok

⁵⁶⁷ Det er uklart for meg kor viktig sjølve hopplengda var for dommarvurderinga, og for det endelege resultatet. For Norsk idrætsblad sin referent var tydeleg nok innsatsen i hoppet ei vesentleg vurdering – og kor vidt løparane viste seg heilhjarta nok.

⁵⁶⁸ Ein alen = 0,6275 meter.

ein gong hadde hoppa (48 alen), var det no ikkje, skreiv bladet. Norheim hadde alt fått helte- og nesten mytisk status i den austnorske idretsoffentlegheita.⁵⁶⁹

Kongen eller ein av dei fire prinsane hans var ikkje til stades i 1881, kva ein godt kan merka seg. Oscar II var derimot til stades ved ei privat tilstelling ved Huseby seinare på vinteren, og gav då dei få telemarkingane som synte fram skihoppinga si, nokre 20-kroningar rett i handa. Ifølgje eit brev som Sveinung Svalestoga skreiv frå Amerika, hadde Torjus Hemmestvedt kledd seg ut med kvinneskjørt ved denne hopp-oppvisninga; så skulle dei andre telemarkingane koma etter over hoppet, liksom jaktande etter henne. Dette reknar eg som ei anna type offentlegheit, den meir representantive, som handla om å behaga kongen, og at kongen synte seg fram i makta si, endåtil som referat i dagsavisene.⁵⁷⁰

Kan ein tru memoarane til Edvard Lillehagen, ein løpar frå Bærum skiforening, som blei nummer seks i Husebyrennet (samt vinnar av første ekstrapremie), bad skipsreiar og seinare hoffjegermeister Thomas Fearnley løparane sjølve om å seia kva dei meinte om lengda på langrennet, dette på premieutdelinga på lokalet Teknikken i Rådhusgaten. Tilskiparane skal ha retta seg etter dei i seinare år.⁵⁷¹ Dette kan ein lettare kalla ei diskuterande eller kritisk innstilt offentlegheit. Ein kan også leggja merke til at hardingfela blei funnen fram etter premieutdelinga, til oppvisning og til underhaldning etter alle dei høgtidssame talane på den såkalla sexaen. Telemarkstilen til Sondre Norheim, Sveinung Svalestoga og co. var sånn sett i harmoni med både folkemusikken, dansen og rosemålinga, som altså borgarskapen i Kristiania dyrka som *folkekunsten* i Norge.⁵⁷²

Rennreferat

Dagsavisene gav fyldige referat, somme alt same kvelden som tevlinga hadde funne stad, om enn med ulik vekt på kva som var verdt å fortelja, og kva kritisk distanse dei inntok. Sjølve resultatlista kom gjerne nokre nummer etter dette, på grunn av at premieutdelinga skjedde på kvelden, etter trykkesid. Aftenposten hadde kort oppsummering alt renndagen den 7. februar, og informerte om publikumsoppmøtet (enormt), og løypeopplegget, og den friare oppvisningshoppinga etter spenninga med sjølve konkurransen. Avisar gledde seg over

⁵⁶⁹ I blad i Telemark blei han kalla «Norges ypperste skiløper», ifølgje N.Idrbl., 1881, nr. 7, s. 42.

⁵⁷⁰ Dagsposten fortel om privat skirenn ved Huseby (24 feb) der kongen var, og delte ut pengar til telemarkingane (20 kr. i gull). Torjus Loupedalen siterer Sveinung Svalestoga, som var med i oppvisninga, i eit brev i boka si, sjå Loupedalen, 1947, s. 195.

⁵⁷¹ Minneskriftet til Lillehagen kom rett nok først på 1930-talet, altså 50 år etter desse tildragingane. Men at arrangøren i Kristiania lytta til bygdeløparane, og hadde kjekt hopehav med dei, kan det neppe vera tvil om. Sjå *Bærum Skiklub gjennom 50 år*, 1935.

⁵⁷² Sjå N.Idrbl., 1881, nr. 6. Hallingkasta hadde truga lysekronene i lokalet til «Teknikken», ifølgje Dagbladet 8. feb 1881. Erik Werenskiold, ein av dei såkalla nasjonale teiknarane, portretterte typisk nok Torjus Hemmestvedt. Sjå Østby, 1977, s. 74, om enn ikkje på ski.

oppsvinget for denne «nationale idræt». Dagbladet omtala også rennet alt same kveld, og rosa telemarksløparane for stilen og balansen deira, og noterte seg også at ein del rikfolk belønna rikeleg (med pengar rett i neven) dei ekstrahoppa som ein del løparar gjorde etter sjølve rennet. Morgenbladet sine referat stod onsdag og søndag etter rennet, det siste var klart fyldigast, med vurdering av hoppet arrangøren hadde laga, og av sjølve karakterkriteria. Avisane meinte premieinndelingane hadde vore heilt nødvendig for å lokka byungdommen med, og ho rosa framgangen deira.⁵⁷³

I tillegg til desse dei viktigste dagavisene mine trykte Fædrelandet sjølvstendig referat den 9. februar, og resultatane saksa frå Aftenbladet nokre dagar seinare. Av aviser trykt på landsmål hadde *Fedraheimen* viss omtale.⁵⁷⁴ Og elles: Av andre aviser frå andre delar av landet som eg veit nemnde på Husebyrennet, skal nemnast *Hedemarkens Amstidende*, Lillehammer Tilskuer og *Oplandenes Avis* frå Innlandet, Romsdals Amtstidende frå Møre og Romsdal, *Tønsberg blad* frå Vestfold, og *Nedenæs Amstidende* frå Telemark. Ikkje alle desse sende eigne skribentar; Lillehammer Tilskuer skreiv til dømes av referatet frå tidsskriftet *Almuevennen*.⁵⁷⁵ Eg kan ikkje sjå at bergensavisene trykte noko, eller trønderske aviser, så som Adresseavisen, men eg kan ikkje utelukka det heller.

I sum var omtalen i dagsavisene klart større i 1881 enn i 1866. Dette handla dels om at avisene var blitt fleire, dels om at skiidretten hadde vakse seg større i interesse og tyding. Typisk nok reklamerte Morgenbladet i den lengre rennomtalen sin (avslutningsvis) for den skiskulen dei premievinnande telemarkingane skulle ha i byen, og fortalde at fleire kvinner alt hadde meldt seg på. Gjennomgåande var avisene svært positive til den nasjonale dimensjonen som skiløpinga var sagt å ha, kva politisk syn dei elles hadde på stemmerett og Storting og grunnlova. Her er linja frå 1866 ubrotten.⁵⁷⁶ Somme avisreferat la ikkje skjul på at arrangøren hadde vore heller uheldig med hovudhoppet dei hadde bygd, og at særleg telemarkingane hadde kritisert «sprøyten» i det. Likevel var den kritiske funksjonen heller dempa i dagsavisene, samla

⁵⁷³ Morgenbladet 9. feb. nr. 39, 1881, og søndag 13 feb. nr. 43B. Aftenposten 7. feb. 1881, nr 74A. Dagbladet 7. feb. 1881, begge med supplerande omtale dagen etter.

⁵⁷⁴ Fædrelandet var ei mindre, religiøst-politisk konservativ avis som kom ut to gonger i veka på det meste. Forfattaren Arne Garbord var redaktør i *Fedraheimen*. Frå 1894 heitte denne dagsavisa *Den 17de Mai*. Eg har ikkje lese denne gjennomgåande frå den perioden eg studerer. *Budstikken* var eit blad som kom ut i Kristiania tre dagar i veka, i åra 1881-1887; eg har heller ikkje fått granska denne systematisk i arbeidet mitt, eller *Østlandsk Tidende*, som frå 1881 kom ut i Kristiania (mot Fredrikstad før), og som hadde helgeutgåva *Nordmanden* attåt. Viss eg har forstått rett, var *Nordmanden* vekeavisa som erstatta *Østlandsk Tidende* i åra 1882-1883. Sjå omtale av desse, samt av *Fedraheimen* og red. Garborg i Dagsposten 7. april 1881.

⁵⁷⁵ Sjå Lillehammer Tilskuer, 16. feb. 1881. Under avskrifta av *Almuevennen* refererte avisa kva distriktslege Thoresen meinte om ski og skiløping, henta frå *Norsk Idrætsblad*. *Almuevennen* refererte sjølv frå skitildraginga, om enn nokså notisaktig og stutt. Eg har sjekka ein heil del andre tidsskrift frå perioden, så som *Folkevennen*, men ingen av desse skreiv om Husebyrennet dette året. Vikingen fløynde fortsatt over av karikaturar med motiv frå vinteridrettslivet – men anerkjente også at kvinnene var komne med på ski. Sjå Vikingen, 19. februar 1881, s.29.

⁵⁷⁶ Morgenbladet søndag 13 feb. 1881, nr 43B. Også frå ein del memoarlitteratur er det elles nemnt at brørne Torjus og Mikkel Hemmestvedt, samt Svaalestoga og Brekke, dreiv skiskule (mot betaling) i Kristiania vinteren 1881. Sjå td Huntford, 2006, om dette

sett. Dette handla dels om at «sportsstoffet» var klistra inn mellom alt anna av nyhende og korrespondansar og saksingar og følgjetongar, og annonsar, og dels at redaktørane ikkje la så veldig vinn på å skapa diskusjonsrom mellom lesarane om akkurat dette stoffet. Introduksjonen av og ambisjonen i Norsk idrætsblad gjer dette endå meir synleg.

Fagbladet for idrett gav til kjenne sine inntrykk i to påfølgjande nummer, begge i februar månad, det siste truleg ved den Axel Huitfeldt som også hadde fungert som dommar i rennet.⁵⁷⁷ Og her er det mogleg å argumentera for at referenten, kven han no var, gav dimensjonen *mot* sentral plass. Han meinte det berre var tre, fire løparar som lét det stå til utover hoppet utan å bremsa noko med staven (to av dei frå Telemark og dessutan Bertram Heyerdahl og Fridtjof Nansen). Vinnaren av heile rennet, Åsmund Olavson Brekke frå Brunkeberg, hadde teke det vel varsamt på hoppkanten; han hadde visst for vane å vera «forsiktig general», heitte det i bladet. Sjølv sagt kan han ha teke det forsiktig for ikkje å knekka skiene, men det var andre telemarkingar (Sveinung Svalestoga) som verkeleg trakka til i satsen.⁵⁷⁸

Ifølgje Torjus Loupedalen markerte Svalestoga seg med karakteristisk huksitjarstil i dette rennet. Det vil seia at han drog knea opp under seg i svevet, for på den måten å forlenga det, også kalla opptrekkarstilen. Loupedalen skriv at han skapte skule med dei imponerande lange hoppa sine, og om det var slik, at han synte noko Sondre Norheim ikkje alt hadde gjort, så var det kanskje kva plass hoppet kunne, og for somme burde, ha i skirenn.⁵⁷⁹ N.Ibl gav han då også stor anerkjenning: «Bedre «kar» til at hoppe end Svenning Svalestuen ved vi aldrig at have seet; han var de øvrige overlegen, ingen af de andre hoppede så langt og sikkert, som han, og han opnåede et længdehop af 35 alen målt fra hoppets fod.»⁵⁸⁰

Noko som gjev særleg grunn til ettertanke, er kva språkskilnad som enno fanst mellom Kristiania og Telemark. Ifølgje referatet i N.Idrbl. sa ein gjerne «Det hopper» i hovudstaden, når terreng innbaud til at skiene kunne letta frå bakken. I bygdene langt vest for hovudstaden sa ein derimot: «*Jeg* hopper». Kursiveringa er mi. Eg vil ha understreka kva mogleg oppvakning som skjedd no, kva gjeldt dygder som hadde med initiativ og mot å gjera – med meir og klarare merksemd om sjølve hoppinga.

⁵⁷⁷ N.Idrbl. 1881, nr 6, s. 34, og same årgang nr 7. s. 40-43. Huitfeldt var ikkje berre dommar ved Husebyrennet, også i Holmenkollbakken fekk han dette viktige vervet. Han var også dommar mange andre stader, som i Ullbakken, og i hopprenn som Nydalens skiklub heldt. Sjå til dømes referat i N.Idrbl., 1885, nr. 2, s. 14. Han var hovuddommar ved ulike skiutstillingar, både på 1880- og 1890-talet. Dette tyder likevel ikkje at eg veit at han var dommar ved kvart bidige renn ved Huseby; referata røper ikkje alltid kven dommarane var. Eg må også minna om at det å dømme var noko som stadig endra seg – meir og meir mot sjølve hoppinga.

⁵⁷⁸ N.Idrbl., 1881, nr 7, s. 42.

⁵⁷⁹ «Hoppbakken, hoppet og hopparen bli dominanten i norsk løyping i desse åri.» Loupedalen, 1947, s. 193.

⁵⁸⁰ N.Idrbl. 1881, nr. 7, s. 42. Her altså med førenamnet «Svenning», eg har halde på «Sveinung» elles.

I filosofifaget talar ein gjerne om dygder – som ein retning innanfor etikken. Tradisjonen her går langt tilbake, til Aristoteles på 300-talet før vår tidsrekning, og for den del til arete-omgrepet hjå sjølvaste Homer. Eg har late meg inspirera av Alasdair MacIntyre, og måten han rehabiliterer og nyformulerer Aristoteles dygdslære i boka *After virtue*.⁵⁸¹ Eg har alt nytta omgrepet ved fleire høve i denna avhandlinga, påverka av denne boka. MacIntyre knyter dygdomgrepet sitt an til det han på engelsk kallar «human excellences», som ikkje så godt let seg setja om til norsk; «det menneskelege framifrå» vil vera ei direkte omsetjing, «kvalitetar» eller «dugleikar» dei meir etablerte omsetjingane, men som ikkje får med seg alt hjå han like godt. MacIntyre er oppteken av at dygder har med praksisar å gjera, og ikkje «berre» er kapasitetar eller eigenskapar ved eit menneske. Praksis-omgrepet må då forståast vidare enn vanleg, som eg streifa i bolk II, part 5. Ei dygd, skriv MacIntyre, er ein erverva menneskeleg kvalitet som set oss i stand til å oppnå dei godene som er innvendige ved praksisar. Manglar ein desse kvalitetane, misser ein dei innvendige eller interne godene ved praksisane. Dette er då den første etappen i definisjonen hans.⁵⁸²

Eg skal utdjupa kva MacIntyre legg i dette med innvendige goder («internal goods») i ein seinare part, og stansa her ved kva han meiner med praksisar. Til illustrasjonar nemner han slikt som kunst, vitskap, spel – og idrett. I alle desse samanhengane er det etablert ein (historisk) standard for kva som er det framifrå («excellences»). Ein praksis involverer såleis ein standard for det framifrå, og lydnad mot reglar, så vel som oppnåing av goder, skriv han.⁵⁸³ Og i alle desse virkefelte eller aktivitetetane må vi anerkjenja dygdene *rettferd, mot og ærlegheit* – for å kunna nytta dei innvendige godene og nå (eller strekka oss mot) det framifrå. Ein fersk sjakkspelar må godta at andre veit betre enn han, at reglane er der for å sikra rettmessig spel, og at det stadig finst meir å læra seg, for verkeleg å ha glede av dette spelet. Ein malar må strekka seg mot det vakre, endå om ho bryt med dei etablerte estetiske reglane for til dømes portrettmaleriet. Ein forskar som siktar mot sanninga kan ikkje pynta på funna sine, for å få dei til å passa med ein eller annan teori. Og ein skihoppar – for å no å henta inn att Husebyrennet anno 1881 – må våga i satsen, og satsa det han kan i denne samanhengen, for å ha glede av

⁵⁸¹ MacIntyre, 2011, s. 212. MacIntyre set ikkje om arete direkte til dygd, men til excellence på engelsk, eller «det framifrå» på norsk», sidan Homer også inkluderer fysisk styrke mellom krigarens (og aristokatens) framifrå dugleikar.

⁵⁸² Dei to andre handlar om samanhengen/integriteten i eit liv og ein livsførsel, og kva tydinga det har å høyra til ein tradisjon, som gjev ein dygdene og livsmålet ein må sikta mot.

⁵⁸³ MacIntyre, 2011, s. 211.

konkurransen. Dersom han juksar på nokon måte, eller sikrar seg i hoppet (fordi han satsar på ei god tid i langrennssporet), er han oppteken primært av dei ytre godene, så som premien, eller kanskje berømminga etterpå.

Det høyrer med til desse haldningane eller handlingane i idrettskonkurransen, at dei gjev ei glede eller tilfredstilling i seg sjølv. Slik er det med dygdene hjå MacIntyre (og hjå Aristoteles, for den del) også: Dei er goder i seg sjølve, og dei gjer eit mennesket godt.⁵⁸⁴

Alt dette teoretiske om dygda var sjølvstykke ikkje eksplisitt formulert av einkvan i idrettsoffentlegheita anno 1881 og sikta spesielt inn mot hoppinga i Husebyrennet. Men det er råd å hevda at dei som skreiv om skirennen, og også dei som tok del i det, var prega av den same tradisjonen som MacIntyre så tydeleg, og heilt ope, dreg vekslar på. Dygdteoriar var ikkje noko som kom med *After Virtue* i 1981, akkurat. Eg vil difor føreslå at dei som skipa til skitevlingane nøyaktig 100 år tidlegare, og dei som tolka dei i blada i ettertid, no graviterte mot den dygdstradisjonen som MacIntyre trekker fram. Kappleiken på ski hadde nokre innvendige gode å by på, om ein berre tok han alvorleg nok.

Og meir og meir blei det tydeleg at amatørrenn abonnererte på desse moralske førestillingane, i norsk idrettsoffentlegheit.

Det utbroderer eg, i avsnitta som følgjer.

Pengar til premiar

Pengar i skikonkurransane var rett nok ikkje noko betent tema på denne tida, og heller ikkje uttrykt som anatema for Norsk idrætsblad. I den nemnde notisen i nummer to skreiv bladet at «de oppstillede høie præmier» nok ville lokka fjerntbuande og lokale skiløparar til skiløping, og meinte at det var såre godt slik. Førstepremien i sjølve Husebyrennet var då også 100 kroner *i reint gull*, syntet det seg. Til samanlikning: eit måltid med søt heilgrynssuppe og lungemos kosta på Christiania Damkjøkken 45 øre, den same suppa og kjøtkaker etterpå 65 øre. Vinnaren Åsmund Brekke hadde høgst truleg både mette i magen og godt med pengar med seg heim att til Kviteseid.⁵⁸⁵ Som før nemnt: Pengar var heilt naturleg som premie i dei mange travløpa som N.Idrbl. refererte frå, og frå seglasar og frå skyttarstemne, ja til og med i samband med jakt

⁵⁸⁴ MacIntyre formulerer også dygdene på ein annan måte, som vel får med seg lettare den veven av praksisar som involverer andre menneske også, så som venskap, og som føreset visse relasjonar mellom dei som tek del. Dygda blir her å forstå som dei godene som definerer relasjonen til andre menneske som vi deler føremål og standardar med. Utan *lojalitet* til kvarandre deler ikkje to vener det same føremålet. Sjå MacIntyre, 2011, s. 223. Enklare sagt, kanskje, er dygdene å forstå som dei haldningane som gjer gode praksisar mellom folk moglege.

⁵⁸⁵ Sjå Dagbladet 8. feb 1881 for menyen og prisane. Ein utfyllande peikepinn på verdien av 100 kr. får ein når ein samanliknar med abonnementsprisen på Norsk idrætsblad for eitt år = 4 kroner. Eit skipar, viss ein ikkje laga dei sjølv, kosta gjerne 20 kr.

fanst det pengepremiar som N.Idrbl. fortalde om, såkalla skotpremiar på rev og på haukungan og på bjørn. Etter kvart på 1880-talet blei det vanen at kongen (fortsett av Sverige og Norge) sette opp ein verdfull pokal av sølv til vinnaren, truleg organisert gjennom arrangørledda i Kristiania og gjennom overintendanten sin, kammerherre Horst. Slik var det i alle høve i 1887. Denne premien var truleg meint å vera meir gjæv enn dei neste prisane, endå om han ikkje kunne brukast som byttmiddel. Eller kanskje nettopp difor.⁵⁸⁶

Ikkje dermed sagt at ein eller annan pantelånar aldri ville ha slått kloa si i han, om han fekk sjansen.

Ordskite om ski

I Norsk idrætsblad stod det altså referat frå Husebyrennet i fleire nummer etter kvarandre, og vel så viktig: *Debatt om premiekriteria og klassane og skiløparideala* i mange nummer etterpå. Somme hadde signert med fullt namn, andre med initial, som uansett synta av redaksjonen kjende identiteten bakom innlegget. Anonymitet var eit viktig omsyn for debatten og synspunktet (åleine) si skuld, men ikkje slik at innlegg kunne oppfattast som å vera dikta opp. Dette siste var viktig nok for den redaksjonelle linja i Norsk Idrætsblad.⁵⁸⁷ Veldig kort fortalt handla diskusjonen om det same som tidlegare år, og dels med dei same aktørane, distriktslege Thoresen, sakfører Lorentz, offiseren Petersen: Kva øving kåra den beste skiløparen; lengderenn eller hopping? Dei som hadde tilknytning til Telemark hevda gjerne at langrennet berre var «springmarsj» som målte lungekapasitet, og ingenting anna. Mange med tilhaldsstad i Kristiania forfekta lengdeløpet, og såg noko meir skeptisk på tendensane til akrobatikk i hoppbakken. Endåtil student Nansen laga eit utkast til eit innlegg, som han av ein eller annan grunn ikkje sende inn, eller fekk på trykk. Som mange andre frå Kristiania forsvarte han langrennet.⁵⁸⁸

Ser ein litt nøyare etter, handla ordskitet også om den rette motivasjonen. Dette nærmar seg då amatørtematikken eg granskar. Ein telemarking, Gunnleik Eivindsson forklarte etter sitt syn kva som dreiv eller motiverte telemarkingane. Øvst i Telemark (Vinje, Rauland) nytta ein ski fordi ein måtte koma seg fram på den måten om vinteren; i dei nedre bygdene (Morgedal, Kviteseid) stod ungdommen på ski som «en kunst og æressag», meinte han. I dei tevlingane

⁵⁸⁶ Centralforeningen, 1887, s. 6.

⁵⁸⁷ Av andre, mindre omfangsrike debattar i dette bladet i 1881 (og inn i 1882) var kor vidt roinga var allsidig og sunn, samanlikna med tumidretten, og korleis turn/gymnastikk kunne eller burde ta opp i seg konkurranseelementet eller ikkje. Eg vender tilbake til dette siste mot slutten av kapittelet. For roinga, sjå N.Idrbl., 1881, nr. 7, s. 40, og N.Idrbl., 1881, nr 16, s. 94. N.Idrbl., 1882, nr 12. s. 93 gjev forsvar for det allsidige og sunne ved roinga, opp mot turn

⁵⁸⁸ Han tok til orde for at lengdeløpet var viktigast, og hoppinga berre ein «bi-ting». Sjå Greve, 1973, s. 74.

som telemarkingane sjølve laga i stand, var hoppet og helst krevjande låm den avgjerande arenaen for å visa mot og vinna ære. Dei kom gjerne til Kristiania og kappast der også, med lengdeløpet som innlagt obligatorisk del, men då mest for å vinna verdfulle premiar og «den fornøielse, de der nyder».⁵⁸⁹ Skirennenet i hovudstaden kunne altså vera ein nyttig og avvekslande bytur, men den ekte moroa dyrka dei på litt anna vis heime. Slikt var ikkje akkurat musikk i øyro på ein del av lesarane i Kristiania. I eit snøgt følgjande nummer ytra forfattaren «bg.» seg – han med den halvoffisielle artikkelen om «Idræt - sport» (i nr. 2). Han sa seg usamd med alle dei (så som distriktslege Thoresen, sakfører Lorentz, m.fl.) som ville nytta Telemark som mal i eitt og alt. Langrensdelen var viktig nok, og tolte ikkje bondegutane litt sveitte (!), fekk dei heller halda seg heime. Og han heldt fram:

Disse bønder, der nedlader sig til at komme herind for præmiernes skyld, sætter – efter en udtalelse at dømme i dette blad [Eivindsson, min merknad] – sin ære i at vinde præmier i sin hjembygd, herinde nøier de sig med pengene. Mange af dem gjør skiløbningen til et håndværk og burde derfor komme i en klasse for sig selv.⁵⁹⁰

«bg» antya såleis at ulike og separate konkurranseklassar burde dannast ved skikappleik i Kristiania – truleg basert på om idretten var eit yrke eller ikkje. Eller kanskje også på dei ulike motivasjonane og han meinte som ulike folk, eller breiare samfunnsgrupperingar, hadde med skiløpinga si. Kan henda også utifrå kva yrke dei hadde i utgangspunktet. I så fall er ein, eller rettare sagt var han, i nærleiken av eit sosialt dimensjonert amatørromgrep i norsk kontekst. Amatørførestillingar var uansett implisitte.

Norsk idrætsblad ved redaksjonen sjølv godtok ulikskapen basert på dugleikar, og skiferfaringa som låg bakom der igjen. I ein omtale i nummer tre i førekant av rennet heitte det at telemarkingane stakk av med dei gjævaste premiane kvar gong det var konkurransar i byane. Men at det var slik, stod fram som heller naturleg for redaksjonen i bladet:

De er skiløbere av profession, medens vi hernede i fladbyggerne kun leilighedsvis har adgang til at benytte skierne. Medens thelemarkingene har skiføre fra november til april, har vi det gennemsnitlig knapt 2 måneder af året.⁵⁹¹

Det var slik ein måtte venta det av klimaforskjellane mellom by og land, og ikkje slik at ein måtte gjera noko drastisk med det. Det kom ikkje på tale for redaktøren av Norsk idrætsblad (eller for den sakkyndige som redigerte skistoffet) å argumentera for to ulike klassar, for, lat oss kalla dei «profesjonister» og «leilighetsløparar», eller endå meir radikal: at Christiania skiklub burde stenga telemarkingane ute.

⁵⁸⁹ N.Idrbl., 1881, nr. 11, s. 66.

⁵⁹⁰ N.Idrbl., 1881, nr 13, s. 78.

⁵⁹¹ Sjå Norsk idrætsblad, 1881, nr. 3, notisen «Præmieskirendet», s. 19.

Til det var truleg respekten for Sondre Norheim og arvtakarane hans for stor. Bøndene og bygdene var på eit vis garantisten for at skiløpinga var noko rotekte og norsk. Uttrykket «profession» var såleis ikkje meint heilt bokstavig, eller diskvalifiserande på nokon måte. Bladet rosa likevel tanken til arrangørklubben om å lokka lokale Kristiania-løparar til skirennet med særskilte premiar for dei. Notisforfattaren venta og vona at byungdommen snart ville gje telemarkingane meir kamp, berre dei fekk øvd seg nok i teknikkane frå dette meir snørike og skikunnige området i Sør-Norge.

Demokratisk idrett

Folkeminnegranskaren Thor Gotaas har for sin del framstilt denne notisen som eit døme på konflikten mellom by og land i Norge, synleg som ein tidleg sprekkeskade også i skiidretten.⁵⁹² Men sett i lys av amatørtematikken var motpolane var like mykje den *kunnige* mot den *uerfarne*. Sagt tilspissa: Kor vidt var det sportsmessig sett rettferdig at desse to kategoriane idrettsungdom tevla i lag? Den eine øvde på ski seks månader i året, den andre knappast to. Den grunnleggjande premissen til Norsk idrætsblad var uansett, og eigentleg som eit svar på dette spørsmålet, at kappestriden i seg sjølv var saliggjerande. Overtyinga til redaksjonen, og oppfordringa som låg i omtalen, var at byungdommen ikkje måtte gje opp så lett. Med trening og betre førebuing kom endå betre resultat. Ein måtte prøva seg, kort sagt. Dessutan: skisporten hadde fått ei eiga nasjonal tyding i Norge. Han blei i neste nummer av Norsk idrætsblad rosa for å vera demokratisk også; han var ikkje dyrare enn at han passa for både fattig og rik. Ja, han han passa fint for kvinner og for «småpiger» også, stod det. Det var såleis eit poeng for N.Idrbl. under David Dietrichson å ikkje dyrka motsetninga mellom «flatbygdingane» og «opplandsbøndene» meir enn nødvendig. Amatørfiguren fekk ikkje lov å spela noko (u)-sosial rolle i skisamanheng – i alle fall ikkje av redaktøren eller bladet sjølv.⁵⁹³

Snarrådighet og ære

Lat meg gjenta hovudpoenget, og nærma meg ei avslutning på dette kapittelet. I den heftige debatten om skiidretten i bladet vinteren 1881 låg det dels ein konflikt om den rette skiløpardugleiken, og korleis premieskirenn kunne elska fram denne. Her var by og bygd nokså i motsetning i spaltene. Telemarkingane og dei som heia på telemarkingane ville ha hopping,

⁵⁹² Gotaas, 2003, s. 37.

⁵⁹³ I N.Idrbl., 1881, nr. 4, s.21 fekk «bg.» breia seg om skisporten spesielt: «Der er ved skiløbningen noget nationalt, noget specifikt norsk, som giver denne et eiendommelig præg fremfor al anden sport...» Og meir enn i Sverige el Finland fordi terrenget i Norge var kupert, som garanterte for skiløpinga sin særlege sjarne: avvekslinga, «snart langsomt op, snart strygende ned». Han utbroderer også kor demokratisk denne sporten, at den er billig nok for fattig, og ikkje berre for rik, og dessutan høveleg for kvinner så vel som menn, ja, unge damer og til småpiger.»

først og fremst, og dei aller fleste av dei som tok til orde for at lengdeløpet var vel så viktig, kom frå eller sympatiserte med «ungdommen» i Kristiania by.

Ein annan konflikt handla om den rette innstillinga eller moralen, *i og for seg*. Utifrå dei innlegga som er referert her, var det ikkje tilsvarende like klare polar mellom dei danna klassane i Kristiania, og bøndene på bygdene og dei som tala sistnemnde si sak. Eivindsson meinte for sin del telemarkingane konkurrerte om *ære* på heimebøane sine og distriktslege Thoresen på Eidsvold (opphavleg frå Telemark) meinte ungdommen der laga seg hopp av pure hjartans lyst. Det var ikkje sånn at dei som brukte skirenn som moglegheit for å tena nokre slantar, ikkje hadde moro av skiløpinga også. Elskan til skiløpinga, om ein vil våga det uttrykket her, var såleis ikkje reservert for by-løparane, og for dei som freista å eller tenkte at dei tala deira sak. Og omvendt: argumenta mellom Kristiania-tilknytte skribentar for å ha «langrennet» med i skitevlinga, handla dels om ski som vesentleg framkomstmiddel, skiøvinga som nytte og livsmeistring (W.T. Berbom i nr. 14; «bg.» i nr. 4), dels om allsidigheit (Axel Huitfeldt i nr. 10), dels om det sportsmessige («OJ» i nr. 12), dels om dygda *snarrådighet* ein fekk av skiløpinga, og om naturopplevinga i Guds frie natur («bg.» i nr. 2). Såkalla «eigenverdi» og sekundære omsyn levde side om side i ordvekslinga.

Ein kan også merka seg at heller ikkje «bg.» var i mot å «trainere sig»; ein gjennomtenkt diett og eit regelmessig levesett var etter hans syn «abc» for ein kvar sportsmann, og han tok den grundig førebudde roduellen mellom akademikarane på Oxford og Cambridge til inntekt for seg. Det han hadde i mot var «akrobatiske præstationer» og «opvisning af akrobater».⁵⁹⁴

Dermed dukkar han opp att, den figuren eg nemnde i førre bolck, akrobaten og gjøglaren frå marknadene, han og ho som var bundne til oppvisningane sine, og som flytta rundt for å finna nye scener, og som retta (og bøygde) kroppane sine inn på å forlysta og underhalda andre folk. Truleg var dette ein vel så viktig konflikt: skiløparen mot akrobaten. Både dei som favoriserte Telemark og den meir trufaste Kristiania-borgaren meinte skiløpinga var oppbyggeleg. Kan henda hadde dei begge ein felles motpart i nettopp sirkuskulturen.⁵⁹⁵

⁵⁹⁴ N.Idrbl., 1881, nr 13, s. 78.

⁵⁹⁵ Signaturen «OD» mana fram den same førestillinga i argumentasjonen sin for turn & gymnastikk, han som nok kunne oppfattast å vera usamd med «bg» i oppfatninga av tevlingselementet, og kva idrett som var aller best for både kropp og sjel (jf bolck II, part 5). «OD» avviste ikkje kappstriden prinsipielt, så lenge ærgjerrigheita blei halden i taumar, og såleis var «fornuftig», som det heitte hjå han. Den tyske turninga hadde meir sans for det ambisiøse enn den svenske gymnastikken etter Ling, meinte han. Og det var bra. Men, la han til, ein måtte ikkje overdriva: «turneren skal hverken være akrobat eller atlet, verken linedanser eller ballettdanser; målet bør kun være at frembringe en harmonisk udvikling af legemet, og at lade bevægelsesernes sikkerhed og anstand, behændighed og skjønhed blive til en anden natur.»N.Idrbl., 1881, nr. 42, s 233. I dette innlegget blei rett nok både linedansaren og ballettdansaren stilt på same ledd – vel fordi dei begge var bundne til, og høgst eksponerte, på ein scene.

Skøyterenn for småjenter

Kva Norsk idrætsblad *ikkje* beretta om denne vinteren 1881, var eit skøytestemne som Filipstadbugten skøytebane hadde stelt i stand i februar månad. Her var det berre jenter med, «smaapiger», som dei heitte i omtalen i Dagbladet. Tilskodarane skal ha vore mange. Jentene var delt inn i to klassar; dei over og dei under 11 år. Dei kunne ta del i to tevlingar, kappløp eller lengdeløp på 1000 alen, og deretter «Kunstløb». I kappløpet var haldning og «smukke Bevægelser» vel så viktig som hurtigheit. Premiane var smykke for dei yngste jentene, og bøker for dei eldste. Dagbladet sin utsende rosa innsatsen deira, og særleg vinnaren Ingertha Thorsen for sin «ualmindelige smukke og smidige Gange».⁵⁹⁶

Kvifor Norsk idrætsblad ikkje fortalde frå dette stemnet, er ikkje godt å seia. Det kan ha vore mangel på plass, eller mangel på referent. Neppe var det av kjønnspolitiske grunnar, eller av den låge alderen på dei tevlende jentene. Det ein kan merka seg samstundes, er kva samanheng Dagbladet sette omtalen i. Avsnitta ovanfor på same side to handla om Fru Erika Nissens konsert i Logen førre laurdagen, og deretter «Vinterfesten på Kristiania Tivoli». Her rosa avisa ein som hadde hogd ut store og vakre isblokker (i magisk lys frå levande faklar), men også Theatre Variete's prestasjonar vekte åtgau: Familien Wartenberg var «fortrinlige Kunstnere i sit Slag», heitte det. Dei var artistar som syntest å vera så mjuke at dei ikkje hadde bein i kroppen, og dei hadde ei «Velocipedistinde» som sykla utan møye mellom dei mange brennande faklane. Tilskodarmengdene var i tusental også her.

Det var kan henda ikkje opplagt for Dagbladet, og det var truleg heller ikkje opplagt for ein samtidig dagsavislesar at skøyterennet i Filipstadbugta var idrett – medan varieteteateret synte fram noko heilt anna. Og kva var den prinsipielle forskjellen på pianokonserten til Erika Nissen og den kunsten som skøytejentene synte fram? I spalteplassering og ordval i avisa var i alle fall ikkje forskjellen stor.

Fagorganet Norsk idrætsblad var nok med på å skilja ut sfæra av kroppsleg prøving og yting, då denne publikasjonen kom. Samstundes må ein seia at sfærene og aktivitetatane nok ikkje var veldig skilt frå ein annan i den breiare offentlegheita, i 1881.

⁵⁹⁶ Dagbladet, 28. februar 1881.

Kapittel 4. Amatørreglar i Norsk Idrætsblad, første årgang

Eg har så langt med desse innleiande kapitla, i denne omfattande parten som strekkjer seg frå 1881-1888, teke for meg den grundigare idrettsoffentlegheita som Norsk idrætsblad skapte, og det breiare amatørromgrepet som ein kan seia forma seg alt i den første årgangen, i samband med skirennet på Huseby. No var redaksjonen i dette bladet, og for så vidt idrettsoffentlegheita elles, kjend med strengare og heilt eksplisitte måtar å fortolka amatørtematikken på. Lat det vera sagt heilt tydeleg: Dei klart definerte reglane for amatørskap som fanst i Storbritannia, med dei sosiale implikasjonane og klassemessige dimensjonane som gjeldt der, blei gjort kjende i Norsk Idrætsblad i løpet av den første årgangen, 1881.

Dette kapitlet handlar om den påverknaden, eller den omsetjinga, rettare sagt.

Den aller første gongen som *ordet* «amatør» vart nytta i fagbladet, var i samband med ein artikkel om seglsporten, som medarbeidaren Sinding fekk trykt over nr. 2 og nr. 3 av bladet. Denne har eg alt vist til, både som inngang til heile avhandlinga, og i drøftinga av den meiningsbrytande ambisjonen til denne publikasjonen. Kva Sinding (rett nok usignert) tok for seg, var kva båttypar som var å føretrekkja, og kor vidt engelske yachtar verkeleg var norskbygde seglbåtar overlegne i fart, i sikkerheit i sterk vind, og i eleganse. Med fleire artiklar og trykte teikningar, og altså bidrag frå andre båtseglande «amatører», vona han på ein opplysande «diskussion». Sjølv må Sinding kunna kallast ein slags halvprofesjonell på området; han var utdanna ingeniør, ei tid båtbyggjar av yrke, og siden 1875 overlærer på den tekniske høgskulen i Kristiania.⁵⁹⁷ I neste nummer av publikasjonen trykte N.Idrbl. eit korrespondansebrev frå medarbeidaren i London, Waldemar Bergh («wb.»), som fortalde om ein tilstundande ro-duell på Themsen, når berre (is-)forholda på elva hadde fått betra seg litt. Her dukka også amatørtermen opp. Canadiaren Edvard Hanlan og australaren Elias Laycock skulle gjera opp om tittelen som «Champion of England», fortalde Bergh. Veddemål var det flust av i denne samanhengen, og ikkje så liten pengepremie frå arrangøren, som i dette tilfellet faktisk var idrettsbladet *The Sportsman*.⁵⁹⁸ Artikkelforfattaren skildra utførleg teknikken til dei to duellantane basert på tidlegare stemne, og særleg meinte han at Hanlan var flink å nytta heile skilengda i det bevegelege rosetet, han rodde med faste, lange tak, sikkert som ei maskin, men likevel «med en elegance i alle sine bevægelser, som er uden lige». Han var middels høg, ikkje

⁵⁹⁷ Sjø *Salmonsens konversationsleksikon*, 1904 (bind XV), s. 1117.

⁵⁹⁸ 100 pund sterling, attåt dei 1000 som dei to kamphanane sjølve vedda om. Sjø referat av dysten i N.Idrbl, nr. 9 (4. mars) 1881.

spesielt muskuløs, han hadde først og fremst ein vel proposjonert lekam, heitte det. Av desse grunnane heia dei fleste på han: «Begge havde mange tilhængere, dog blev Hanlan foretrukket, specielt af alle *amatører*.» (mi kursivering).⁵⁹⁹

Med uttrykket «amatør» kan korrespondenten ha tenkt på dei som rodde i universitetsduellen mellom Oxford og Cambridge, eller som hadde bakgrunnen sin derifrå, eller heilt enkelt dei som elska å ro, anten dei no hadde meir akademisk orientert yrke eller var forretningsfolk av ulike slag eller prinsipielt kven som helst med tanke sosial samanheng. Truleg tykte dei som forfattarane kalla «amatørar» om det elegante og avbalanserte ved Hanlan, og dette estetiske draget gjeldt altså både roinga hans, og kroppen i det heile. Bergh kan ha hatt ein bestemt sportsklasse i tankane også. Han rodde sjølv, og tevla iherdig, i London Rowing Club (LRC). Han sat til og med som medlem av styret. LRC har eg tidlegare nemnt i samband med forskinga til Eric Halladay, og den famøse, om ikkje totalt uforståelege, regelen som blei laga i 1878 om kva sosiale grupper som kunne rekna seg som amatørar, og kven som ikkje kunne det: «a mechanic, artisan og labourer». Bergh var faktisk med å vinna The Grand Challenge Cup ved Reading i åra 1881-1883, og The Grand Challenge Cup ved Henley-regattaen i 1883-1884. Ifølgje ein biografi om han i eit jolenummer av idrettsbladet var han såleis den einaste ikkje-englendaren som hadde medalje frå det mest klassiske av alle klassiske ro-race, det ved Henley. Om nokon skrivande nordmann visste kva ein britisk amatør var, så måtte det vera Waldemar Bergh.⁶⁰⁰

Kan henda var det også han som sette om nettopp den engelske amatørdefinisjonen til norsk. Omsetjnga stod på trykk i Norsk idrætsblad (i desember) samband med ein kort diskusjon om dei kappingsreglane som Kristiania roklub nyleg hadde innført. Der hadde ein visst vurdert å skilja mellom røynde roarar og nybyrjarar, heitte det. Britane i LRC hadde ein mykje strengare distinksjon. Ein engelsk «amatørroer eller sculler», heitte det i eit tillegg under dette:

skal være officer i Hendes Majestæts armé, flåde eller civile teneste, medlem af universiteterne, de offentlige skoler eller en konstitueret båd-eller roklub, der ikke består af håndverkere eller professionals. Han må ikke have deltaget i konkurrense om penge, indskud eller væddede beløb eller for nogen pris havet roet med eller mod professionals. Han må *aldrig have tænkt på at deltage i atletiske øvelser af nogen slags, der have livsophold for øje*. Han må ikke havt eller have ansættelse på fartøjer eller være skuddermand, ikke være mekaniker, håndverker eller arbejder.⁶⁰¹

⁵⁹⁹ N.Idrbl., 1881, nr 4, s. 25. «Kaproning i London».

⁶⁰⁰ Sjå N.Idrbl., 1899, jolenummeret, s. 18. Bergh kom «heim» til Christiania Roklub i 1892. Sjå omtalen av han i festskriftet *Christiania Roklub*, 1918, s. 18

⁶⁰¹ N.Idrbbl, 1881, nr 51, s. 288. «Skuddermand» er her å forstå som fergemann, altså ein som rodde folk for betaling.

Omsetjinga kan også ha blitt gjort av einkvan i redaksjonen i Kristiania. Momentet om å aldri å ha *tenkt på å gjera eit livsopphald av atletiske øvingar av noko slag* (kursivert av meg) var ein noko for streng versjon av setningsleddet «nor ever taught, pursued or assisted in the pursuit of athletic exercises of any kind as a means of livelihood»⁶⁰². Det eigentlege eller viktigaste ankepunktet i dette leddet var lønna instruktørar i idrettar – profesjonelle kurshaldarar med eit heilt moderne ord – og kva fordel dei vann av dette yrket i eventuelle konkurransar. Reglementet som LRC tok initiativet til, om aldri så sosialt ekskluderande, gjekk ikkje inn i hovudet på folk, og dømde om kva tankar dei eventuelle hadde eller hadde hatt. Kall det gjerne ein slags sinnelagsetikk i så fall.⁶⁰³

Dessutan fanst det divergerande syn på amatørreglane, sjølv i Storbritannia, og sjølv i rokrinsane. The National Amateur Rowing Association (NARA, frå 1890) blei faktisk skipa som eit alternativ til The Amateur Rowing Association (ARA), stifta i 1882. Ifølgje Halladay kom NARA til fordi ein heil del folk protesterte mot dei altfor ekskluderande reglane. Mellom desse var kostskuleutdanna bemidla *og liberale* menn som faktisk hadde glede av å ro med mindre privilegerte landsmenn, og som stifta klubbar som hadde rom for kvinner, også.⁶⁰⁴

No blei ikkje dei spesifikt engelske amatørreglane tekne inn i forskriftene for roklubben i Kristiania, i alle fall ikkje som eg veit om.⁶⁰⁵ Heller ikkje var det slik at den dåverande redaktøren, eller den snart påtroppande, eller for den del nokre av lesarane av Norsk idrætsblad då, tok opp tråden omkring dei bestemte amatørdefinisjonane på andre sida av Nordsjøen, og forlenga dette som debatt og synspunkt inn i spaltene på nyåret 1882. Det londonske regelverket kan like godt lesast som eit appendix, eller eit malapropos til moglege klasseinndelingar på norsk, som N.ldrbl. I uansett vona den unge klubben ville venta med, anten ein no skilde mellom premiere og upremierte, eller mellom «seniors» og «juniors», for å vera heilt nøyaktig.⁶⁰⁶

⁶⁰² Sitert etter Halladay, 1987, s. 46.

⁶⁰³ Den interessante parallellen her er den omsetjinga av Rudyard Kiplings dikt, som sidan 1923 har vore motto i Wimbledon, «If you can meet with Triumph and Disaster, and treat those two Impostors just the same.» Over dørene i Kjøbenhavn Boldklub står mottoet: «Tab og vind med samme sind.» Også her kan det sjå ut som omsetjinga har gått frå ei meir utvendig haldning til ein indre storleik, «sinn». Men noko større teori eller samanheng om omsetjingstendensen vågar eg ikkje trekkja.

⁶⁰⁴ NARA var ingen sterk organisasjon; ARA avviste forslag om å mildna sin definisjon. *The Field* kalla sidan ein gammal Etoniar ein forrædar som hadde bede ARA om det samme. Sjå *The Field*, 11. nov 1893. Jmf Halladay, 1987, s. 51. Den offentlege debatten om kroppsarbeidarklausulen fekk ARA til å sjå på definisjonane ein gong til. Her vann "hard-linarane" fram, men sekretæren (Lehmann) protesterte visstnok, og for meg på svært interessant vis. Han meinte roing hadde så mykje teknikk at kroppsarbeidarane ikkje hadde nokon fordel. Det samme elementet blir diskutert av *The Field*, som meiner det er viktigare å vera rettferdig («just») enn raus mot arbeiderklassen. Sekretæren meinte også at mange arbeiderklubbar rodde for moro, kvifor skulle dei ikkje då koma under vingane til ARA. Han fekk definert i det minste profesjonell slik at det kom ein tredje klasse i mellom, non-amateuren, som kunne då få ro saman for moro og konkurrera mot kvarandre i private tilstellingar. ARA tok slutt opp NARA i seg; dette i 1956.

⁶⁰⁵ Reglane frå 1878 seier ingenting om amatørar, og er heller ikkje omtala i jubileumsboka slik. Rett nok kjem dei eit lovverk i 1892 som forbyr pengar, jamfør paragraf 7: «Kaproning om penger er forbudt.» Sjå *Christiania Roklub*, 1918, s. 93-94. Dette er i tråd med utviklinga slik Olstad har skildra henne; at pengar blei løysenordet i amatør-samheng utover 1890-åra.

⁶⁰⁶ Det er godt mogleg at redaksjonen og redaktør Petersen sjølv som sytte for omsetjinga, som det også var bladet sjølv som kommenterte i to mindre tekstar dei føreslåtte konkurransereglane i Christiania roklub. Mellom merknadene som bladet gjorde

Uansett – uansett syn på og ramme for og omsetjing av den engelske amatørdefinisjonen – var det slik at begge dei to ro-tradisjonane på Themsen, både den som rann ut frå universiteta og dei eksklusive klubbane og som handla om ein slags entusiastisk og kanskje sober kappeiver åleine, og den som sildra mange andre stader i frå, og som handla om utfordringar og veddemål og relativt store pengebeløp, levde side om side i Norsk idrætsblad, bokstavleg tala. Waldemar Bergh refererte levande og engasjert om både dei profesjonelle dystane mellom scullarar (dei som heldt i begge årene, og som aller oftast var i duellar mann mot mann), og dei tradisjonsrike stemna mellom amatør-åttarane til Cambridge og Oxford (her heldt kvar mann i berre éi åre). Kanskje sympatiserte korrespondenten Bergh med amatørane aller mest, men det er vanskeleg å hevda at Norsk idrætsblad gjorde nokon stor forskjell mellom desse ulike reportasjane og referata hans i dei første årgangane. Begge delar representerte viktige idrettshendingar, vitna redigeringa om. Begge tradisjonane hadde element ein kunne læra av, når det gjeldt slike sportsmessige ting som teknikk og trening, vitna omtalane om. Bergh var for sin del heller ikkje framand for å ha verdfulle premiar som lokkemiddel ved norske ro-stemne.⁶⁰⁷ Rosporten var kort sagt tvetydig i ringverknadene sine frå Storbritannia og inn i norske farvatn, når ein ser på omtalen i Norsk idrætsblad. Pengar, såg det ut for, var ikkje noko opplagt, opphavleg problem.⁶⁰⁸

Skøyteamatøren

Amatørreglar fanst også i andre idrettar i 1881, og kom på trykk i andre organ enn Norsk idrætsblad. Søker ein på ordet «amatør» i 1881 på databasen til nb.no, utan noko begrensing til kultursfære, får ein 36 treff i norske aviser; 4 av dei er mistilvisingar, altså er 32 meiningsberande i alt. 19 av desse var då annonsar i samanheng av musikk (og delvis føredrag), slik som eg har fortalt om før, sju av dei redaksjonell omtale av konsertar, og to andre nytta i samanheng av følgjetongar, også dei om kunst (malarkunst). Så er det to notisar om ein ivrig amatør i den astronautiske «Idræt» av ballongferd (dette i BT i desember, og så i Fredrikshald Tilskuer i avskrift).⁶⁰⁹ Og endeleg: ein amatørregel blei nemnt for eit tilstundande

seg, var kor gagnleg det eventuelt kunne vera å skilja ein seniorbåtklasse frå ein juniorklasse utifrå tidlegare premieringar. N.Idrbl, 1881, nr. 50.

⁶⁰⁷ N.Idrbl. 1882, nr. 1 (fredag 6 jan.) har følgjetong om rosporten, som etter denne artikkelen (og altså etter engelsk mønster, båt og preg), byrja med kapproing mellom Kristiania roklub og Fredrikstad i 1877. I ein artikkel under tek WB til orde for at ein må gjerne halda rotevlingar med verdfulle premiar, og at interessa vil veksa ved dette.

⁶⁰⁸ Interessant nok fekk roklubben ein engelsk trenar alt i 1884, som då må oppfattast som profesjonell.

⁶⁰⁹ Dette er ikkje heilt biletet: søk på «amatør» + amatører + amatrice + amatrise + amatriser + amatricer gjev 157 treff totalt i avisene. Søk på «amatør» i 1879 gjev 44 treff, to er feiloppfatningar, og 29 er i samanheng av musikkannonsar. Av redaksjonell bruk: amatørmusikar, amatørhistorikar, sivilist/tilskodar i krig, samlar, elsker/forfører, og begava ung kunstnar. Søka er gjort hausten 2021; tilfanget i det digitale nb.no-arkivet kan ha endra seg etter dette.

skøytestemne i Wien på nyåret. Denne regelen og amatørdefinisjonen stod på trykk i Dagbladet og Morgenbladet den 3. november 1881.⁶¹⁰

Den austerriske skøyteklubb «Wiener Eislaufverein» bydde altså inn til «Skøytekløberfest» i midten av januar måned, og hadde truleg sendt invitasjonen til Kristiania Skøyteklub, som igjen hadde formidla han til avisene, og truleg sett han om til norsk.⁶¹¹ På programmet stod premiefigurløp for «Amatører», og premiefigurløp for «Kunstnere, Professionister», og premie-langløp (samt kostymefest under elektrisk belysning). Langløpa hadde også separate klassar for amatørar og profesjonelle. For amatørane var premiane medaljar i ulike storleikar gull, og for profesjonistane pyntemedaljar og reine pengesummar (rekna i francs). Kven var så å rekna som amatør på skøyteisen? Her hadde omtalen av programmet med ein definisjon: «Som Amatør regnes enhver, der siden 1. ste Desember 1879 hverken har løbet omkap om Præmie med nogen Professionist, heller ikke har øvet sig i, lært eller deltaget i Legemsøvelser, for derved at vinde Livsophold».

Dette med desember 1879 hadde truleg med å gjera, at definisjonen av amatør i denne austerriske klubben blei gjort, og gjort gjeldande frå, denne datoen. Regelen fekk kanskje slik ikkje tilbakeverkande kraft, i tråd med etablerte juridiske prinsipp. Å ha begrensa seg frå lekamsøvingar som rett og slett livsopphald, kan ha dreia seg om berre skøytesporten, eller om å hatt fortene av, eller ha drive som lærar i, alle moglege lekamsøvingar, også gymnastikk. For så vidt rimer regelsettet med omsetjinga av dei britiske ro-amatørreglane, og kan ha hatt engelske roklubbar nettopp som førebiletet sitt. Men det med å ikkje ha sprunge om kapp med nokon «Professionist» for premie, kan verka rart – endå om omsetjinga kan henda var galen, og poenget var å ikkje ha tevla med han om pengar.⁶¹²

Det tyske ordet «Preis», som truleg var uttrykket i originalteksten, har likevel inga klar tyding som tenderer mot pengar åleine. Var då problemet at ein kom i kontakt med den profesjonelle, og blei smitta av måten og ånda (om ikkje akkurat ånden) hans? At amatør i liknelse skulle halda seg rein? Eller var det spesifikke forhold ved roinga i England som ikkje let seg så lett setja om? Også reglane til LRC hadde noko spesifikt om å ikkje ha rodd mot, eller med, ein profesjonell. Ein *kunne* jo ha skrive at ein skøyteamatør kunne aldri ha konkurrert om pengar, og ferdig med det.

⁶¹⁰ Men altså ikkje i Norsk idrætsblad, av ein eller annan grunn.

⁶¹¹ Sidan omtalen var likelydande i begge avisene, er det truleg at klubben hadde gjort omsetjinga.

⁶¹² Ordet «professionist» tydde fortsatt *ein handverkar* i ordbøkene, så som i leksikonet Christian Johnsen fekk laga, *Norsk Haandlexikon*, 1884, s. 828.

Eg må få halda dette spørsmålet ope til seinare møte med amatørreglement, og moglege fortolkingar i så måte. Lat oss heller venda oss til dette skøytestemnet i Wien, og kven som melde seg på frå Norge, og sjå korleis det gjekk med dei.

Men då må eg først få fortelja kva redaksjon som tok over Norsk idrætsblad.

Kapittel 5. Frå amatørhelt til sportsgrubb

Løytnant David Dietrichson var redaktør av Norsk idrætsblad berre fram til midten av november månad, i året 1881. Då tok eit aksjelag over eiga, og travskribenten Sigvart Petersen blei ny hovudredaktør.⁶¹³ Petersen (f. 1845) var utdanna jurist, og hadde arbeid i det sivile livet som kopist i Kirkedepartementet før han blei kongeleg fullmektig der i 1885. Han var mellom dei om lag tjue aksjeinnskytarane for bladføretaket, og han blei tilsett i første omgang fram til 1883.⁶¹⁴ Avtalen som blei skriftleggjort på generalforsamlinga, kan tolkast som at han fekk redaksjonell fridom i tråd med den uavhengige redaktørrolla; det heitte her at han fekk ansvaret «*etter beste Skjønn*» å leia bladet både i journalistisk og økonomisk forstand. Tildragingar på den neste generalforsamlinga mot Dietrichson kan tyda på at fridomen og bestemmingsretten var noko meir begrensa. I åra etter 1883 vart Petersen vald som redaktør eit år om gongen.⁶¹⁵

Kapitalen frå det nye aksjelaget gjorde at idrettsbladet framleis kom ut i åtte-siders-utgåver kvar fredag, endå om trykkekostnadene blei sagt å ha auka betrakteleg. Annonserane heldt fram i same mengd og mykje den same profilen som før på baksida av bladet. Dei heilt store endringane med redaktørskiftet er såleis ikkje så lette å få auga på akkurat i 1881. Petersen hadde levert mykje stoff til bladet før han blei ansvarleg redaktør, og Dietrichson heldt fram med å skriva skyttarsakene inn i 1882. Men *deretter* valde ex-redaktøren og skyttar-medarbeidaren snart ei meir radikal linje i høve væpning av skyttarlaga, og kom slik på kant med den meir konservative og kongetru leinga i Centralforeningen, og han støtta dei som braut

⁶¹³ Sigvart Petersen, somme stader også skrive Sigvardt, Petersen var med å stifta Selskapet for Kap-kjøring i Trav i 1875, og Norsk Forening til Heste-avlens Fremme, der han var både viseformann og formann (han trekte seg tilbake i 1917) og redigerte 22 årgangar av «Norsk Traverkalender». I nekrologen i avisa *Nationen* blir det nemnt at Petersen var ikkje så lite anglofil i ord og tilnærmingar til travsporten, men samstundes at han var ein sentral figur i oppbygginga av norsk travsport og hesteavl i så måte. I Norsk idrætsblad var han redaktør i åra 1881-1888. Sjå *Nationen* 2. desember 1924.

⁶¹⁴ Løna var 1500 kroner i året. På sikt blei engasjementet eit underskotsprosjekt også for Petersen personleg. Med nr 46 av idrettsbladet, den 18. nov. 1881, trødde ny redaktør og redaksjon, og aksjeselskap bakom her igjen, i aksjon. Sjå RA/PA 0108-Fa-L001 for ein del fakta om aksjeinnskytarane og seinare budsjettplanar. Mellom aksjeinnskytarane og frammøtarane på den første generalforsamlinga var grosserar Andresen, konsul Heftye, cand. jur. Young, grosserar Mathiesen, ingeniør Sinding, grosserar Maurer, overrettssakfører AH, løytnant Egeberg, grosserar Egeberg og endeleg cand jur Sig Petersen sjølv.

⁶¹⁵ Det som skjedde på generalforsamlinga i 1883, var at eit samla aksjelag vedtok å byta ut medredaktøren for skyttarbransjen, då han (David Dietrichson) ikkje hadde bidrege på ein heldig og gagnleg måte for idrettsbladet, som det heitte. Det blei henstilt til forretningsføraren om å gjera dette bytet. Om forretningsføraren var identisk med redaktøren, er noko uklart av referata. Men uansett fekk redaktøren streng beskjed om kven som skulle vera medarbeidarane hans av eigaren sjølv. Sjå RA/PA-0108/F/Fa/L0001/0001, og boka merka «Forhandlingsprotokoll». Om redaktørrolla litt meir utvida, og i samband med lanseringa av Bergens Tidende, sjå Skjeldal, 2017, s. 32-33

ut av samanslutninga i 1882. Sprekkedanninga hadde alt vore synleg, både i dei debattane som kom på prent i skyttarblada før 1880, og ved opprettinga av stadig fleire folkevæpningssamlag gjennom 1881. Året etter kom så opprettinga av Folkevæpningssamlagenes fellesstyrelse. Kort sagt handla konflikten om lokale skyttarlag rundt om i landet skulle væpna seg, eller om dei berre skulle øva med våpen og bli flinke å skyta. Under pulserte den djupare politiske spenninga mellom bønder, intellektuelle og handverkarborgarskap og arbeidarar (forsøksvis samla i partiet Venstre) og den konservative embetsmannsregjeringa (sett ned og garantert av unionskongen), dette som munna ut i forfatningsstriden og riksrettstiltalen i 1884.⁶¹⁶

Denne betente politiske striden i Norge, der «gamle venner ble bitre fiender», som Olstad skriv, kom nokså indirekte til synes i Norsk Idrætsblad, ved at innsendarar helst ønska seg at «luften skal holdes fri for alt, som hedder politikk», og ein kan ana det av korleis Dietrichson til sist blei teken av posten som medredaktør for skyttarsakene.⁶¹⁷ I oktober 1882 blei han redaktør for eit nyoppretta, og nesten konkurrerande blad: *Norsk skyttertidende*. Sidan, i 1885 er det sagt, emigrerte Dietrichson til Australia. Han er såleis ute av denne saga.⁶¹⁸

Fire menn var i eigenannonsane opplyste å ha blitt teke opp i redaksjonen. Attåt dei tidlegare nemnde Sinding (segling), og Huitfeldt (ski) hørde Harald Wergeland (f. i 1845), også han utdanna i juss. Han var til vanleg tilsett på eit trelastkontor i Kristiania. Han kom til å redigera jaktspalta i Norsk idrætsblad heilt fram til 1888. Til å skriva fram turnsporten (& gymnastikk) hadde Petersen knytt til seg grosserar Harald Maurer, som sat i styret for Kristiania Turnforening i 1881, og seinare kom kavaleriløytnant Vilhjalm Sending til. Sjølv gjorde redaktøren bladet til forkjempar for eit felles nasjonalt turn- og gymnastikkforbund alt i 1883, og han sende ut invitasjonar til dei i alt 22 foreiningane som fanst då, og fungerte nærmast som eit (sjølvoppnemnt) sekretariat. Til gjengjeld gav turnforeininga i Kristiania pengestøtte til drifta av Norsk idrætsblad.⁶¹⁹

⁶¹⁶Riksrettstiltalen i 1884 handla dels om at Stortinget forlanga meir statsstøtte nettopp til folkevæpningssamlaga, dette forfatningsprinsipielle som blei ståande som dommen mot regjeringa Selmer, og knesetjinga av parlamentarismen i Norge. Sjø Goksøyr 2008, s. 44-45.

⁶¹⁷ N.Idrbl., 1881, nr 1, s. 1. Olstad, 1987, s. 95.

⁶¹⁸ Norsk Skyttertidende, 1882, nr. 1, onsdag 4. oktober. Etter beslutning i folkevæpningssamlagenes fellesstyre – om å gje ut eit organ for skyttarsaka; «for at nordmændene skal blive et «folk i våben»». Sjø også Norsk Skyttertidende, 1882, nr. 2 (18 okt). Dietrichson blei dømd frå offiserstillinga si i 1833 på grunn av bedrageri. Dette blei stadfesta i ein høgsterettsdom; om lagnaden hans, *Norsk Forfatterlexikon 1814-1880*, bind 2, s. 150. Nedlastbar via <http://runeberg.org/halvfort/2/0156.html>

⁶¹⁹ Hauge-Moe, 1989, s. 47. Pga trenering frå Christiania Turnforening vart ikkje samlingsforsøket noko av, då. N.Idrbl, 1883, nr. 13: Referat frå genforsamlinga: «Videre erholdt bestyrelsen bemyndigelse til at tilstå «Norsk Idrætsblad» et så stort bidrag, som den måtte finde passende, med ret til ved forhøjelse efter ønske at erholde aktier i bladet. Formanden fermhold nemlig den heldige indflydelse, bladet havde havt på turnsagens udvikling og den støtte, denne ejede i at besidde et eget organ for alt af interesse for turnforeningerne.»

Han var også medlem i ein komité for etablering av ein felles sykkelbane (i 1885) og må sjåast som ein arrangør, og stundom også som forleggar, i forlenginga av redaktørposten sin. N.Idrbl. kalla seg fortsatt eit «ugeblad for alslags sport», og desse sportane og tilhøyrande sportsmennene skulle utfalda seg i «freidig kamp for sine ideers fremme» i spaltene, som det heitte.⁶²⁰ Den einaste nymarkeringa ein granskande lesar kanskje kunne ana, gjeldt rekkevidda. N.Idrbl. ønska ifølgje eigenannonsane å vera eit «organ for al nordisk idræt, en arena, hvor nordens sportsmænd fra nær og fjern kan samles til fredelig kamp for sine ideers fremme»⁶²¹. Nordisk var i neste linje synonymt med «skandinavisk», utan at landa var spesifisert nærare – om til dømes Finland hørde med eller ikkje. Til ei viss grad var svenske forhold med i dei vidare utgåvene, men det nordiske eller skandinaviske gav ikkje tydeleg nedslag i stoffutvalet til Petersens redaksjon. Det europeiske perspektivet, og einskilde tilløp til ei europeisk idrettsoffentlegheit, kom til uttrykk i bladet etter som norske utøvarar tok del i internasjonale stemne.

Av oppramsa viktige idrettar var ingen nye; konsentrasjon skulle ligga på skyttersaka, jakt og fiske, skirenn og skøyteøping, gymnastikk og turistsport, samt hest og hesteavl – bortsett frå ei sjakkspalte som redaksjonen no hadde i emning. Roing var rett nok ikkje nemnt i prioriteringslista, men blei endeleg omtala i dei neste årgangane. Men, det var ein mykje meir «norsk» idrett som skulle tematisera amatørdeane aller mest, både det juridiske heller snevre omkring pengar og hopehav, og det breiare omgrepet. Eg skal følgja denne sporten, skøytinga på isen – og den fremste norske representanten for han, Axel Paulsen – gjennom dette heller lange kapitlet. Norsk idrætsblad var med å bygga han opp som amatør, og riva han ned, att frå den same pidestallen.

Den første internasjonale suksessen

Både tingarar av Norsk idrætsblad, og for den del norske avislesarar, kunne vita at eit stort internasjonalt stemne var under oppsegling i Wien på nyåret 1882. Her hadde trøndaren P.O. Aune alt meldt deltakinga si før jol, og bladet lova då å halda lesarane sine underretta om tildragingane med ein gong dei visste meir. Både Axel og Edvin Paulsen frå Kristiania var også venta å ta del i kappestriden, stod det. Amerikanaren John Ennis hadde vurdert å stilla også, men han fann dei planlagte hurtigløpdistansane altfor korte, og han føreslo difor for skøyteklubben i Wien til å setja opp ein pris på 1000 dollar (!) for den som kunne leggja bak seg

⁶²⁰ N.Idrbl, 1881, nr. 50 (16. desember).

⁶²¹ N.Idrbl, 1881, nr. 16, s. 277.

600 miles på 72 timar. Han var også villig til andre veddemål i den lengda mot kven som helst – for 1000 dollar. Dette henta N.Idrbl. frå den amerikanske sportspublikasjonen *Spirit of the Times*, og la til for sin del, nokså lakonisk: «I Amerika er alt en profession.»⁶²²

Utspelet til Ennis røper uansett at den internasjonale skøytesporten ikkje var etablert på nokon måte, meir enn den nasjonale, verken med tanke på baneform, eller lengd på kappløpa, og kor mange som skulle kappast i same omgang, og ikkje minst: kva vektning eller forhold eller kanskje splitting det skulle vera mellom hurtigløp og «kunstløp». Den engelske National Skating Association (NSA, med sete i Cambridge) var truleg den første nasjonale organisasjonen, retta inn mot hurtigløpsskøytinga, danna i 1879.⁶²³

Rett nok fanst det gryande reglar eller definisjonar for kven skøyteamatøren var. Eg har alt synt kva bestemming som skulle gjelda for stemnet i Wien. Men denne avklaringa gjeldt for klubben der, og kan henda for heile dobbelt-monarkiet Austerrike-Ungarn. Impulsane i høve amatørskapet kom kanskje ikkje berre direkte frå Storbritannia. Det heitte i reglane at ein ville ha ein eigen klasse berre for *kunstnarar* og profesjonelle. Dansarar som var tilsette ved statlege eller kongelege institusjonar var kan henda like mykje kategorien det gjeldt, som dei som levde av duellar av sorten John Ennis eller George Smart. No likna definisjonen likevel mistenkjeleg mykje på kva NSA hadde vedteke, tidleg i 1880. Til og med den gjeldande datoen var den same. Trass i åtvaringane frå blad som *The Field* fekk altså denne foreininga tidleg reglar som skulle skilja mellom amatørar og profesjonelle, endå om ikkje skøyteleparane var mange i landet.⁶²⁴

Men foreininga eller forbundet ønska tydelegvis å ha plass for begge desse kategoriane idrettsfolk, i alle fall i samband med ulike slags tevlingar. Tidleg i 1882 fortalte redaksjonen i Norge at dei hadde fått eit skriv (som dei hadde sett om frå engelsk) frå nettopp NSA. Engelskmennene vona å få i stand kva Norsk idrætsblad sette om som «international veddekamp» på engelsk is, der meisteren George («Fish») Smart ville stilla mot alle framande

⁶²² N.Idrbl. 1881, nr. 51, s. 290; red. gav seg likevel til å rekna på den stipulerte tida hans, basert på løp i Norge 11 år tilbake!

⁶²³ Sjå *The Field* den 8. mars 1879, s. 252. Tre år seinare var også figurskøyting inkludert, ifølgje Goodman & Goodman (1882) Men ikkje utan konflikt og baksnakking om stil og forståing av sporten, visstnok. Sistnemnde ville skilja mellom stilande «Fen and Figure Skating». «Fen» var her myrområda ved austkysten, nord for Cambridge (og endå meir nord frå London). Hertugen av Devonshire var elles den første presidenten i NSA, men den viktigaste drivkraft var sekretæren J.D. Digby. Kor nasjonal, i tydinga landsdekkande, i det minste for England, er det uklart om NSA verkeleg var. Eg har ikkje gått djupare i denne problemstillinga, om akkurat denne foreininga/forbundet.

⁶²⁴ Sjå *The Field*, den 6. desember 1879. Her uttrykker redaktøren ein viss tvil til om amatørmarkeringa må opp allereie no, ved ein såpass tynn og liten vintersport, for bortsett frå fenomenet årleg lønn for ein evt. champion, var det ikkje råd å sjå at så mange skulle leva av skøytinga enno (gjeve klimaet og alt). Bladet meinte spørsmålet burde handla om kor moge ein idrett var. Ifølgje boka til Heathcote og Tebbut (1892) vedtok NSA bestemminga i oktober 1880: «An amateur is one who has never competed with or against a professional for any prize, and who has never taught, pursued, or assisted in the practice of athletic exercises as a means of obtaining a livelihood since December 1, 1879.» Her kan det sjå ut som regelen hadde ei viss tilbakeverkande kraft. I 1888 endra ein han til «That an amateur is one who has never competed in a skating contest for a money prize since December 1. 1879», dette visstnok med ein liten majoritet. Bestemminga blei atter endra, og mykje meir utførleg igjen, i 1891. Sjå Heathcote og Tebbut, 1892, s. 261. Forfattaren sjølv (Heathcote i denne delen av boka, s. 262) beklagar at ein ikkje har elastiske reglar nok til å lata den beste i notida, Joseph Donoughe, kjempa mot James Smart. Alle amatørar må vera stolte av førstnemnde, og alle engelske av den siste, skreiv han

i kampen om tittelen «Champion Skater of Great Britain». Forbundet ville bruka 100 britiske pund i premiar, og første premie skulle ligga på 50 pund minst. Dette var kanskje berre ein fjerdedel av kva Ennis ønska å kjempa om, men summen var likevel stor nok.⁶²⁵

Akkurat som i rosporten i England var ikkje pengane nødvendigvis bannlyste i skøytesporten. I dette tilfellet var det faktisk same forbund eller assosiasjon som stod for berre utformingane av konkurranseklassane. Det viktigaste var truleg at ingen rigga eller selde ut duellane sine.⁶²⁶ Reglane blei likevel utforma strengt på den måten at amatørar ikkje skulle ha lov å ha tevla med nokon profesjonell, for nokon slags premie. Det er mogleg at friidretten, eller roklubbane i London, tente som førebilete. Ei tid synest eit fleirtal av NSA å ha tatt bort denne bestemminga. Mellom britiske skøyteentusiastastar fanst uansett dei som beklaga nett denne klausulen, fordi dei skulle gjerne sett duellar mellom dei beste amatørane i verda og dei beste betalte. Men heller ikkje dei, og her viser eg både til dei samtidige J.M. Heathcote & C.G. Tebbut, og Goodman & Goodman, forklarte *kvifor* denne regelen var innført, eller korleis han var begrunna. Moglegvis var det så opplagt for det klassebaserte britiske samfunnet at ingen tok seg bryet med å forklara det, eller tenkte på kvifor dei no skulle det.⁶²⁷

I Wien blei det i slutten av januar, etter ein del forseinkingar og utsetjingar, skipa til både figurløp og hurtigløp, eller flatløp som det siste heitte i Norsk idrætsblad. Frå Norge stilte fire løparar i dei ulike klassane og løpa. Her heime venta godt mogleg mange på resultatata deira. Nummer fire av idrettsfagbladet⁶²⁸ trykte faktisk telegram om norsk suksess i konkurransane, som redaksjonen henda raust til Aftenposten nokre dagar før trykkinga si,⁶²⁹ og nummer fem hadde utførleg rapport om prestasjonane til begge brørne Paulsen, samt dei heiderlege resultatata til P.O. Aune og Carl Werner, henta dels frå fagbladet *Allgemeine Sportszeitung* og dels frå brørne sjølve.

⁶²⁵ Invitasjonsskrivet nemnt i N.Idrbl., 1881, nr. 3, s. 22-23 var underteikna av James D Digby. Sjå også N.Idrbl, 1882, nr. 3.

⁶²⁶ Goodman & Goodman, 1882, viser til ein paragraf 22 i regelverket, som skulle sikra at ingen selde løp, dvs rigga dei, vil eg tru. Dette anten dei var profesjonelle eller amatørar.

⁶²⁷ John Moyer Heathcote og C.G. Tebbut gav ut boka *Skating*, med bidrag av andre om figurskøyting, aking, bandy, curling i 1892 (andre utgåve). Tebbut var i alle fall aktiv skøyteløpar frå Fen-traktene, som ein av tre ivrige brør, og han vart amatørmeister ved eit stemne i Nederland i 1897. Han skreiv eit kapittel om skøyting i ei guttbok som kom ut alt i 1892, der G. Andrew Hutichson var redaktør. Neville og Albert Goodman publiserte boka *Handbook of Fen Skating*, alt i 1882. Neville Goodman, som sjølv kom frå dette flate myrområdet Fen (nord for Cambridge), meinte hurtigskøytinga her hadde nådd sin høgste perfeksjon, men også rømde eit folk med strålende idrettsmoral (sjå s.1).

⁶²⁸ N.Idrbl, 1882, nr 4 (fredag 27 jan), s. 31, har telegram om den norske suksessen i Wien, og eit meir utførleg referat blir lova i neste nr. Det blir fortalt om teknikk og stil hjå dei norske utøvarane, men også om veddemål på kven av dei som ville vinna flatløpet, ein bookmaker skal ha kome heilt frå Berlin. N.Idrbl, 1882, nr. 5 har henta utdrag frå *Allgemeine Sportszeitung*, og vitnar utførleg om resultatata, både i internasjonalt premieløp (figur) for amatørar, der L. Frey frå Wien vann gullmedalje verd 500 francs. I hurtigløpet (1600 m) vann Axel P og PO Aune nr to og Carl Werner frå Kristiania nr 3, alle fekk ærespremiar.

For profesjonelle heitte kappløpet «Ominum» (800 m), her vann altså Edvin Paulsen 500 francs.

⁶²⁹ Sjå Aftenposten 23. jan 188. Omtale i Dagbladet 24. jan. 1882 og i Morgenbladet 25. jan. 1882.

Det internasjonale stemnet var Axel Paulsens internasjonale gjennombrøt. Han synte fram dei imponerande hoppa sine, dei som enno ber namna hans i kunstløpsamanheng. Banen var i det minste laget, tykte han sjølv, særleg for distansekonkurransane. Likevel vann han fleire førstepremiar.⁶³⁰

Skøyteklubben i Wien hadde altså halde seg med éin klasse for amatørar og éin for profesjonelle, i begge dei to ulike «disiplinane» hurtigløp og kunstløp. Etter Axel og Edvin Paulsens oppfatning var den profesjonelle då å forstå som den som var tilsett som instruktør eller skaffa seg fortjeneste av sporten på annan måte. Dette fortalte dei om i sin eigen korrespondanse til det norske idrettsfagbladet. Den eldre Edvin Paulsen må såleis ha vore instruktør av noko slag, sidan han stilte i klassen for profesjonelle. Eller dei blei samde om å splitta konkurransane mellom seg slik. Begge var forretningsmenn av yrke, etter seinare omtale i Norsk idrætsblad å dømme. Dei to nordmennene gjorde sine saker godt særleg i hurtigløpa, og vann dei oppstilte førstepremiane her, men altså i kvar sin klasse, Axel over 1600 meter, Edvin på 800 meter.⁶³¹

Paulsen & Paulsen meinte skøyteklubben i Wien hadde noko fattig førestilling om kva som var god stil, og delte ikkje heilt vurderinga av kven som var dei beste figurløparane, men ville ikkje fordømme denne «Wiener-skolen» som dei kalla han, heller. For meg er verdt å leggja merke til at dei meinte vinnaren av amatørklassen faktisk var dyktigare i stil-løpet enn han som blei kåra fremst av dei profesjonelle. Av dette går det for så vidt an å ana at distinksjonen professionist-amatør for desse to artikkelforfattarane og skøytemeistrane kanskje handla om førestilt ferdigheitsnivå, meir enn at dei tenkte profesjonist-definisjonen åleine handla om premiepengane og levebrødet som (dis)kvalifiserande faktor.⁶³² Arrangøren i Wien var då heller ikkje strengare på det med pengar, sånn i og for seg, enn at ein bookmaker visstnok var henta heilt frå Berlin, og at pengeverdien ved alle gullmedaljane, sjølv for amatørane, blei gjort offentlege.⁶³³

Ein amatør var kan henda ikkje så mykje meir verdt enn profesjonisten i moralsk forstand, akkurat her. Distinksjonen *kan* ha handla om å laga (forsøksvis) rettferdige konkurransar, men sjølvsagt også om sosiale klassar, og mekanismene mellom dei.⁶³⁴

⁶³⁰ Fædrelandsvennen trykte referatet og rapporten til brørne Paulsen av etter N.Idrbl. den 8. feb 1882.

⁶³¹ Annonse i Aftenposten 2. des 1882 viser Axel Paulsen som annonsør av mjøl og kaffe, avdeling av farens butikk. Faren dreiv altså forretning og kaffebrenneri ved Vaterland bru, sjå gjerne Bjørnsen og Jorsett, 1871.

⁶³² N.Idrbl., 1882, nr. 5, s. 38-39.

⁶³³ N.Idrbl, 1882, nr. 4 (27 jan); og nr 5. Same årgang nr. 6, s. 47 fortel om at Axel Paulsen har vedda om han kunne leggja bak seg 25 sjømil på 10 timar, med ein ven, ser det ut for, og utan offentleg karakter, noko han klarte lett, og som N.Idrbl. rosar for uthaldet til ein trent «sportsmand», og kallar "hans nye store sejr».

⁶³⁴ Allereie her har eg hinta om ein mykje opplyssande tale om dette emnet som advokataren E.C.Richardson heldt i ein britisk skiklubb i 1930, og som eg skal koma nøyare innpå seinare i denne avhandlinga. Sjå DMU, Special Collections, *Papers of the Ski Club of Great Britain 1903-2010*, katalogreferanse S/006/A/04/01/005.

Kunstløp og hurtigheitsløp

Axel Paulsen tok også del i mindre tevlingar her heime denne vinteren, dels i private veddemål der pengar ikkje synest å ha vore implisert, dels i stemne der også andre var med, som studenten Fridtjof Nansen. Paulsen vann i alle samanhengane. Det omtala skøytestemnet i Cambridge lét seg derimot *ikkje* realisera i 1882, på grunn av mildver. I desember drog den yngre og mest aktive skøyteleparen av bladet Paulsen likevel over Nordsjøen, då NSA hadde sett seg føre å få den internasjonale kappleiken i stand tidleg i 1883. Det hadde då blitt danna ein internasjonal komite også, frøet til den internasjonale samanslutninga som kom i 1892.

Norsk idrætsblad såg det som oppgåva si å referera desse tilstellingane så tett som råd, men også å gjera kjent invitasjonane, som då NSA sende oppmodingsbrev til dei om å kringkasta stemnet sitt, som før nemnt. Like fullt kom det ikkje til nokon diskusjon i Norsk idrætsblad om kva ein burde dyrka mest i skøytesporten: kunstløpet eller hurtigheitsløpet.⁶³⁵ Året før hadde jo fagbladet fløymd over av meiningar om dette – i samanheng av skiløpinga. Parallellen var opplagt: Axel Huitfeldt tala nedsetjande om det å berre ha «en *opvisning* i at hoppe», eit ord som var identisk med kva *Morgenbladet* hadde kalla stilprøvinga på skøyter i 1879.⁶³⁶ Og i tråd med same terminologi kalla til dømes distriktslege Thoresen lengdeløpet på ski like forakteleg for ein «springmarch». I skøytesporten tala ein ofte om «hurtighetsløp». Husebyrennet i 1881 hadde vore 5000 alen langt, den same distansen som Fridtjof Nansen skøyta på isen i 1879 (då han vann).

Fin Olstad skriv at ein heilt fram til 1892 hadde lokale variasjonar når det gjeldt skøyteleping. Han antyder at hadde Centralforeningen gått inn for det, hadde det kanskje blitt i skøytesporten som i skisporten – der ein fekk ei kombinert øving. Det var ikkje opplagt at det å ta seg fram så fort ein kunne på isen, skulle vera ei heilt eiga konkurranseform.⁶³⁷

Kan henda oppfatta Centralforeningen skøytesporten for lite militær eller nyttig. Og kanskje oppfatta dei som gjerne skreiv i Norsk idrætsblad at skisporten var spesielt nasjonal. Det fanst ingen andre land som utfordra Norge om eller i tevlingane på ski. Skøytesporten, derimot, var alt i ferd med å bli internasjonal.

⁶³⁵ Sett årgangen under eitt må ein seia ordskiftet var noko fattigare enn det første året; den mest interessante og nesten einaste skikkelege debatten handla (framlis) om kor sunn og allsidig rospporten var, samanlikna med til dømes turn. Kanskje var Dietrichson sånn sett ein betre redaktør. Eller kanskje noko av startiveren hadde lagt seg. I N.Idrbl., 1881, nr. 51 fortalde red. at bladet skulle koma ut annankvar fredag, på grunn av kostnadene. Prisen skulle forbli den same. Budsjettforslaget for 1883 baserte seg då ikkje på meir enn 800 abonnentar, heller.

⁶³⁶ N.Idrbl., 1881, nr 10, s. 60, mi kursivering.

⁶³⁷ Olstad, 1987, s. 64.

Ein meir materiell forklaringsfaktor, i alle fall for idrettsbladet sin del, var at redaktøren søkte, og fekk ein viss finansiell støtte av Skiforeningen frå 1883 av. Dermed kan han ha prioritert stoff og drøftingar i samanheng av nettopp skiløping.⁶³⁸

Paulsen i Amerika

Det tilstundande skøytekappløpet i Cambridge, med reservearena i London, blei ikkje noko av i starten av 1883 heller, i alle fall ikkje i spaltene til Norsk Idrætsblad.⁶³⁹ Det einaste som flaut inn på sidene, var ein notis om at Axel Paulsen hadde drege på turné i Canada og USA i staden for, og at han i pressa der borte utforda dei som ville (eller torde) å kappast med han på isen. Det som N.Idrbl. merka seg, var at sportsavisa *Spirit of the Times* kalla på alle profesjonelle til å prøva seg, endå Paulsen sjølv var amatør. Det er mogleg å lesa ein løynd kritikk av den amerikanske sportsånda inn i dette også. Eller at amatørfiguren hadde byrja å få ein eigen, oppgradert, verdi for den norske redaktøren.⁶⁴⁰ Det gjekk mykje godt med Paulsen i Amerika, altså i måten han blei motteken av publikum og hylla for kunstane sine i avisene, og i omtalen i dei norske avisene som eit resultat av det. Reine veddeløp var det truleg færre av.⁶⁴¹ Alt den 4. februar beretta Morgenbladet at han var faren til Halifax, og at han hadde blitt motteken med jubel på isen i Canada. *Fædrelandsvennen* skreiv det av den 7. og *Lister og Mandals Amstidende* den 13. februar. Den 19. februar laga så Morgenbladet eit lengre referat av oppvisningane og duellane Paulsen hadde på skøyteisen over there, basert på kva amerikanske og candadiske aviser skreiv om nordmannen, og igjen skreiv ei rekkje andre norske aviser det av etter hovudstadsavisa. Hyllesten av Axel Paulsen var unison. Ifølgje den britiske Heathcote (1892) tapte Paulsen for canadarane i Montreal, dette visstnok fordi dei heldt seg med smale banar og krappe rundar. men dette har eg ikkje funne omtala i norske blad. Tematikken eller problematikken amatørskap skreiv også desse dagsavisene mindre om, så langt eg kan sjå.⁶⁴²

Eg må leggja til at Paulsen sjølv bidrog til viraken omkring seg sjølv. Han sende telegram til Norsk idrætsblad om merittane sine, og han bidrog med lengre artiklar om reisene, som mot slutten av 1883-årgangen.⁶⁴³

⁶³⁸ Av referata frå generalforsamlingane kjem det fram at Skiforeningen ytte Norsk idrætsblad økonomisk støtte, 125 kr. i 1883, og sidan 100 kr. per år. Årsakene kan likevel ligga andre stader, i kulturelle og institusjonelle faktorar.

⁶³⁹ Først i N.Idr.bl, 1883, nr 26. (fredag 28 des) kom det fram at stevnet ikkje blei noko av pga isforholda i Cambridge.

⁶⁴⁰ N. Idr.bl, 1883, nr. 5 (9. mars).

⁶⁴¹ Det kan leggjast til at medan Paulsen var i Amerika, var dei amerikanske skøyteartistane Curtis & Moe i Kristiania, og syntte fram kunstane sine i Filipstadbukta, sjå Morgenbladet 6. feb. 1883, nr. 36B.

⁶⁴² Unntaket er her Morgenbladet, som i referat av oppvisninga som Paulsen heldt i Southport, England (før reisa over Atlanteren), noterte seg at nordmannen syntest å berre gjera framsyningar av glede, og sette æra si å ikkje ta pengar av publikum. Men dette var referat av kva ei engelsk avis i Southport skreiv om han. Sjå Morgenbladet 10. januar 1883. Skøytinga skjedde her innandørs, i ein hall. Heathcote & Tebbut, 1892, s. 261.

⁶⁴³ Sjå N.Idrbl, 1883, nr. 22, s. 180-181.

1884

Det stadig tillyste skøytekappløpet i Cambridge vart ikkje noko av året etter, heller. I Storbritannia var vergudane definitivt *ikkje* på lag med arrangørklubben. Det same gjeldt skøyteklubben i Hamburg, som hadde stilt opp planar og premiar både for 1883 og 1884. Den engelske meisteren Fish Smart hadde gjort seg klar for dette sistnemnde hurtigløpet, hollendarane også, og N.Idrbl. hadde vona norske utøvarar ville stilla, og trudde dei ville koma i frå det med stor heider.

Heideren gjeldt truleg både idrettsmennene sjølve, og at dei representerte Norge. Norsk idrætsblad hadde jo del i dette siste, og noko ære ville dermed kunne drypa på føretaket og redaksjonen også. Med di meir synleg stoltheit beretta bladet kva lukke begge brørne Paulsen gjorde ved ulike stemne i USA den same vinteren. Ja, Axel Paulsen hadde sjølv telegrafert til Norsk idrætsblad, og fortalt at han i eit hurtigløp hadde slått «Staternes og Canadas champion» i Washington Skating Park, New York, den 24. januar 1884.⁶⁴⁴ I ein seinare notis beretta bladet at Paulsen altså hadde vunne over 18 av verdas beste skøyteløparar i ein konkurranse på 10 engelske mil for amatørar.

Det herska ein del forvirring omkring amatørstatusen til Paulsen i Amerika. I ein notis trudde Norsk idrætsblad begge brørne no dreiv idrett som «professionals».⁶⁴⁵ Dette kan ha hatt å gjera med, at Paulsen sa seg villig til å kjempa om 100 dollar mot amerikanaren John Ennis.⁶⁴⁶ *The Spirit of the Times*, med den skøyteihuga redaktøren Curtis, titulerte han derimot som «Mr. Axel Paulsen, Amateur Champion of the World». Seinare konstaterte N.Idrbl. tilfreds at nordmannen framleis kunne tevla i kraft av og i klasse av å vera amatør.⁶⁴⁷

Det herska nok ein del strid omkring amatørdefinisjonar i det heile. Heile fire protestar hadde blitt levert inn mot at Paulsen var amatør etter 10-miles-løpet; alle hadde blitt tilbakevist. To av dei protesterande hadde ifølgje Norsk idrætsblad hatt klart mindre rett til amatørnamnet enn Paulsen. Av kommentarane og vinklingane i dei redaksjonelle omtalane er det tydeleg at idrettsbladet no vurderte amatøridrettsfolka som meir høgvverdige enn dei som gjorde idretten til levebrød.⁶⁴⁸ Eg har ikkje funne ut av kva amatørdefinisjonar bestemte amerikanske og kanadiske klubbar heldt seg med. Lite truleg hadde dei samla seg om ein bestemt regel. Styret i Washington Skating Park, herrane Byrne, Tailor & co., insisterte på å dela ut medaljar i gull og sølv til dei aller beste i løpet sitt, og lokka kanadiske løparar med at dei ville betala

⁶⁴⁴ N.Idrbl, 1884, nr. 3 (fredag 8. feb).

⁶⁴⁵ N.Idrbl, 1884, nr 3.

⁶⁴⁶ Sjø referat av *The Evening Telegram* i Morgenbladet den 7. feb 1884.

⁶⁴⁷ I ein liten notis N.Idr.bl, 1884, nr. 4.

⁶⁴⁸I stort oppslag N.Idrbl, 1884, nr. 5 om Axel Paulsen, med litografisk trykk av han og alt, fortel redaksjonen om Axel Paulsens bedrifter gjennom mange år, og at han altså vann stort i New York.

reiseutgiftene til New York til den av dei klarte distansen under ei viss tid.⁶⁴⁹ Dersom ein skulle følgja bestemmingane til skøyteklubben i Wien, handla det vel om Paulsen tevla mot profesjonelle, eller gjorde skøytesporten til eit levebrød. Og her kan det jo sjå ut som han alt hadde synda, i alle fall viss *The Spirit of the Times* fekk profesjonelle til å stilla mot han i 1883. Men denne regelen er noko uklar for meg, og omstridd nok i samtida, og det er ikkje sikkert at han gjeldt så bokstavigleg som denne tolkinga mi kan tyda på. Paulsen var elles bemidla nok til å leva på forretningane sine her heime medan han var i Amerika. Men, det gjorde jo ikkje akkurat skøytekonkurransane rettferdig, viss det var slik at han, i kraft av å kunne trenast og førebua seg heile dagane og vekene gjennom vintersesongen, skulle tevla mot dei som måtte ha lønsarbeid kvar dag. Ingen stad har eg sett at Norsk idrætsblad, eller norske dagsaviser for den del, drøfta denne djupare problemstillinga ved amatørreglane då.⁶⁵⁰

Årgangen samla sett gjorde Norsk idrætsblad sitt til å løfta fram Axel Paulsen som ein særmerkt idrettsprofil i Norge, og som ein internasjonal storleik også. Eit trykk av han blei presentert på framsida i mars 1884, i sivile, elegante klede (sjå inngangen til denne part 2), og livsløpet hans frå dei meir uskuldige kappløpa i Pipervika før 1880-talet (og før N.Idrbl. kom til) blei skildra rundt det. Amerikanske aviser hadde utropt han til verdas skøytekonge, stod det. For bladet og redaksjonen var det ei tydeleg von at Paulsens store ry skulle setja nytt liv i skøytesporten her heime, gjerne på same måten som Christiania Skiklub og den nyskipa Skiforeninga hadde gjort det triveleg for skiidretten med premierenna sine. Tilhøva burde ligga til rette for det i Norge, heitte det, om ikkje akkurat der isbrytarar laga råk nedanfor Akerhus festning.

Norsk idrætsblad var oppteke av å ha *mange* ute på skøyter, og ikkje berre nokre få meistarar. Pengepremiar var ikkje noko prinsipielt problem i så måte. I desember 1884 kom det fram at Paulsen sjølv hadde utfordra den «engelske champion Fish Smart» på alle slags kappløp (på norsk is) frå tre mil til 100 engelske mil, og dette for 100 pund som taparen skulle betala. Også dette vona Norsk idrætsblad ville gje skøytesporten ein renessanse i Norge. Utfordringa her var av det mønsteret som profesjonelle roarar hekla seg på Themsen, og som Norsk idrætsblad hadde reportasjar og rapportar om, stadig vekk.⁶⁵¹

Amatøridrett hadde ekstra kvalitetar, men profesjonell idrett hadde også livsens rett. Slik kan ein dømme utifrå merksemda som begge klassane fekk i Norsk idrætsblad

⁶⁴⁹ Sjå Morgenbladet den 7. feb 1884.

⁶⁵⁰ I intervjuet som *The Evening Telegram* hadde med Paulsen, kjem det i alle fall fram at han trente kvar dag han kunne i Washington. Elles skildra denne artikkelen kva rute han hadde planlagt i lag med broren: Chicago, St.Paul, Minneapolis, så Toronto og til Montreal i karnevalstida. Sjå Morgenbladet 7. feb 1884.

⁶⁵¹ Det er heller ikkje slik at idrettsbladet kun skreiv om amatøriddrett; td. veddemålet mellom roaren Hanlan og Beach i Australia, N.Idrbl, 1884, nr 22 (fre.3 okt). Om Fish Smart same årgang nr. 27 (fredag 12. des.).

Ein kan også notera seg at N.Idrbl. etter kvart vart meir merksam på kappløp på isen enn av kunstløpet og figurøvingane. Dette kan ha med interessa mellom «de dannede» i Kristiania for hurtigløpet i samanheng av skiløpinga å gjera, at dette så å seia smitta over på isen. Og det er ikkje sikkert at redaksjonen gjorde ei medviten vurdering av dette, men: Impulsen til pengeveddemål mellom publikum var tydlegare i kappløp enn i kunstløp. Det hadde blitt vedda stort alt ved stemnet i Wien.⁶⁵²

Hurtigløpsmerksemda hadde truleg *ikkje* med Paulsen sjølv å gjera, endå om N.Idrbl. nølte og tvilte ved stilen hans. Ved nokre høve blei det sågar antyda at han hadde litt ufordelaktig, og det vil seia figurmessig sett, uskjønn kroppsbygning. Carl Werner blei sagt å skøyta og føra seg mykje meir elegant.⁶⁵³

På æra laus

Om Axel Paulsen blei internasjonal storleik på skøyteisen tidleg på 1880-talet, var 1885 året då han blei idrettshelt i Norge, og kanskje den aller første. Norsk idrætsblad bidrog heftig til det. Bladet hadde tidlegare samarbeidd med Paulsen, som nemnt, og trykt artiklar av han. Den «investeringa» som redaksjonen gjorde i han no, var berre endå større.⁶⁵⁴

Først handla det om eit internasjonalt stemne i Hamburg, som endeleg blei noko av. Her raska Paulsen med seg sigrane i både kunstløp og hurtigløp, og både gullmedaljar og 1000 riksmark i gull, samt ei visittkortskål. (Carl Werner vann for sin del 200 riksmark i kunstløp). Paulsen skulle også ha vunne i duell mot ein travar, heitte det i Norsk Idrætsblad. Publikasjonen trykte (og altså sette om) rosande omtale i to tyske aviser, og understreka kva heider han hadde sanka seg – og for nasjonen Norge – i desse løpa. I eit seinare nummer hadde bladet brei omtale frå den korrespondenten som redaksjonen sjølv heldt seg med. Postgangen tok tid.⁶⁵⁵

I det same nummer fire, måndag den 23. februar 1885, var det også trykte lang rapport om kva som skjedde då Axel Paulsen *ikkje* stilte til stemne i Leeuwarden, Nederland, etter tevlinga i Hamburg. Engelskmannen Georg (Fish) Smart var med der. Men altså ikkje

⁶⁵² Dette tyder ikkje at kunstløp og oppvisningar ikkje kunne koplatt til pengar. Axel Paulsen gjorde seinare store pengar på å ha oppvisningar av ulike slag.

⁶⁵³ I N.Idrbl. var det nøling omkring elegansen til A. Paulsen, i 1885, nr 4, s. 23.

⁶⁵⁴ Litt om om årgangen som heilskap: Travsport var framleis den idretten som fekk mest spalteplass, etterfølgt av jakt. Hjulspport – som var den aktive formorskinga av «velociped-sport» eller bicycle-sport» i bladet, hadde kome til som den aktiviteten som fekk tredjemest merksemd. Bladet kom ut kvar fjortande dag, det hadde åtte sider på jamnen. Framleis var sistesida hypotesaråleine til annonsar. Sigvart Petersen var fortsatt hovudredaktør, Axel Huitfeldt bidrog til ein heil av ski-artiklane, med anten initialane eller oftast full signatur.

⁶⁵⁵ N.Idrbl, 1885, nr 4, s. 23

nordmennene, verken Axel Paulsen eller Carl Werner. Dei hadde ikkje blitt samde med arrangøren om banekurven, viste det seg. Paulsen meinte den skarpe svingen tvinga løparane til for mykje oppbremsing, eller han hadde hatt dårleg erfaring med det i Canada. Eller begge delar, for den del. To nederlendarar hadde gjort det skarpast i konkurransen, og slått Smart ganske grundig. Men det som hadde fornærma arrangøren ganske kraftig, var at den anteke beste, skøytekongen av heile verda, ikkje tok del. Avisa *Nederlandsche Sport* skreiv det var av feigheit.

Det hadde seg slik: Presidenten (Waller) og førstesekretæren (baron de Salis) i det nederlandske skøyteforbundet,⁶⁵⁶ som truleg også var stemnearrangør i dette tilfellet, hadde oppsøkt nordmennene på hotellrommet om kvelden i forsøk på å koma til ei slags semje. Ein litt større sving skulle spikrast opp med gjerde, hadde dei lova dei. Likevel ville ikkje Paulsen og Werner, skreiv avisa. Paulsen hadde sågar forlanga 2000 mark i startpengar. Og nordmennene hadde kravd retten på dei reisepengane som var lova dei av arrangøren, endå dei ikkje stilte til start. Det var uforskamma, meinte den nederlandske avisa.

Alt dette gjengav no Norsk idrætsblad. Men redaksjonen hadde også henta inn tilsvaret til Paulsen og Werner, som var forfatta i Kristiania den 16. februar 1885. Paulsen forklarte her at det nederlandske skøyteforbundet hadde sett for seg konkurranse med ei rett strekning på 800 meter, og vending rundt ein stokk. Han meinte at slike banar overlét altfor mykje til flaks og til tilfeldigheitene. Han hadde ikkje forlanga startpengar: Han hadde stilt opp ein tenkt sum for å visa at han var villig til å møte kven som helst, berre det var skikkeleg sving på banen, eller éi lang rett strekning. Reisepengane hadde berre vore på tale i fall det ikkje blei løp, la han til. (Og det blei det jo ikkje, kan eg leggja til, om det ikkje akkurat det var kuldegradene som svikta denne gongen.)

Norsk idrætsblad tok nordmennene i forsvar, i sin kommentar eller hale etter det trykte brevet frå Paulsen og Werner. Redaktør Petersen meinte dei to nordmennene var i sin fulle rett når dei kravde ein betre bane. Ifølgje bladet syntte tidene (dårlege) og prestasjonane mellom dei som fekk premiar, at så var tilfelle. Endåtil arrangøren skulle ha vedgått at opplegget fungerte dårleg til å kåra den raskaste (som dei meinte var Smart). Norsk idrætsblad gjekk såleis laus på *Nederlandsche Sport*, som ikkje fylte rolla som eit skikkeleg «sportsblad». Det hadde plikt å forhalda seg meir upartisk i denne saka, skreiv N.Idrbl.. Også *Tidning för Idrott* skulle ha teke for mykje parti for nederlendarane, ifølgje redaktøren. Han kritiserte i tillegg det britiske forbundet eller klubben NSA, som ikkje gjekk med på duell mellom Smart og Paulsen på *tre*

⁶⁵⁶ På nettsider og i boka til G.W.A.van Laer (1932) blir opphavsåret sett til 1882. Kor nasjonalt dette forbundet eigentleg var, har eg ikkje gått inn på.

engelske mil, men ville tvinga distansen ned i det halve og knapt nok det. Bladet stilte seg også fordømmende til den invitasjonen eller utfordringa som forbundet i Nederland hadde laga i eit brev, og som blei trykt i sin heilskap på side 25 i bladet.⁶⁵⁷

På vegne av det nederlandske skøyteforbundet skreiv herr president og sekretær (altså Waller og baron de Salis) ut ein ny invitasjon til Axel Paulsen, anten han no ville tevla om pengar, eller berre om æra, som dei var innstilte på. Dei garanterte uansett for 100 britiske pund, og rekna med at Paulsen stilte opp med den same summen som sitt depositum, i så fall. I norsk verdi tilsvara det totale premiebeløpet 1830 kroner, ifølgje N.Idrbl.s innskotne parantes; det var ikkje småpengar, akkurat. Summen tilsvara to månaders løn for ein vanleg arbeidar i Norge, skriv Finn Olstad. Men merk at den eventuelle gevinsten til Paulsen «berre» ville vera éi månadslønn, sidan han skulle garantera for halve beløpet.⁶⁵⁸

Duellen skulle skje i Norge, på den banen og på den måten nordmannen fann for godt. Det var det same for nederlandske forbundsstyret (og for dei nederlandsk løparane, må ein tru). Lengda dei utfordra nordmannen på, var tre engelske mil. Brevet var stila til den nederlandske konsulen for Norge og Sverige, som dei to vona ville bistå dei med å laga ein «fair match», som dei skreiv – for dei stolte ikkje lenger på Paulsen.⁶⁵⁹

Om kandidaten deira skulle tapa, avslutta dei brevet, ville dei ha som mal for seg dei engelske motstandarane i Nederland, som hadde visst å æra dei som slo dei. Dei to forbundsmennene understreka at nederlendarane, aller frieslendarane som dei også blei kalla, ikkje kom for pengane sin del.

Det stod altså mykje ære på spel. Æra må ein truleg forstå både i personleg og i sportsleg forstand. Carl Werner insisterte på å få bli med i dei komande duellane, for å få «revanche for de ham overgåede krænkelser», skreiv han. Dette kan ha botna i at han (tilliks med Axel Paulsen) blei skulda for å ikkje ha halde ord.⁶⁶⁰ Dei var liksom ikkje ærlege. Men med tanke på sporten og konkurransen kan ein kanskje kategorisera æra i retning av det som gjorde ein amatør verdig. Var ikkje ein amatør ein som ikkje var feig og veik unna ei utfordring av frykt for å tapa? Var ikkje ein ekte amatør ein som kunne ta eit tap med verdigheit, slik som nederlendarane hadde meint at engelskmennene hadde gjort? Hadde ikkje amatøreren trong til ære, utan å vera fylt av småleg ærgjerrigheit og griskheit på pengar? I alle fall desse *haldningane*, slik eg tolkar

⁶⁵⁷ N.Idrbl. 1885, nr. 4. Sidetalet viser til pagineringa som blei vane i Norsk idrætsblad etter kvart; å fortsetja sidetalet frå førre nummer.

⁶⁵⁸ Jmf. Olstad, 1987, s. 88

⁶⁵⁹ Nederlendarane ville deponera pengane sine til konsulen for Norge og Sverige i Amsterdam, og føresette at Paulsen deponerte den same summen hjå den nederlandske konsulen i Kristiania.

⁶⁶⁰ Sjå N.Idrbl., 1885, nr. 4.

dei gjennom reglane og tildragingane og avisuttalane, ville nederlendarane kjempa for – og såleis ta turen til det høge og kanskje ugjestmilde nord.

Duellen i Frognerkilen

Også i Norge stod det om æra. Paulsen tok imot utfordringa på strak arm, og bad formannen i Kristiania skøyteklubb (generalkonsul Petersen) om hjelp til arrangementet, samt av idrettsbladets redaktør, Sigvart Petersen i eigen person.⁶⁶¹ Tvekampen vart bestemt å finna stad torsdag den 27. februar i Frognerkilen. Norsk idrætsblad trykte ei annonse for tilstellinga på baksida av nr. 4. Dagsavisene omtala også det tilstundande stemnet med store bokstavar. Hovudduellen skulle stå mellom Renke van der Zee og Axel Paulsen, og berre dei to. Slik blei det slått an klare nasjonale strengar i spørsmålet om ære i den norske hovudstaden. Axel Paulsen representerte også Kristiania, medan van der Zee kom frå Workum, i provinsen Friesland nokså godt nord i Nederland.

I noko meir amatørånd ville N.Idrbl. nytta høvet til eit hurtigløp også for andre som ville prøva seg i skøytesport, så lenge dei var over 20 år. Pengar stod ikkje på spel her. Løpslengda skulle vera tre engelske mil, som i hovudduellen, altså om lag 4800 norske meter. Ikkje berre mengda av omtale, men måten dei føregåande tildragingane blei omtala på i idrettsbladet, var med å skapa ei særreiga interesse for den komande kampen i Kristiania. Idrettstevlinga fekk ekstra tyding, godt hjulpen av nasjonsdimensjonane, og av dei moglege djupare amatørkodane. Var Axel Paulsen verkeleg feig? Var nordmenn liksom utan mot? Slike spørsmål svirra i lufta.

Sjølve duelldagen *blei* ei enorm publikumshending, med alle slags aldrar i rørsle, kaotisk oppbod på Vestbanen, sledar og hestar i køar og lange tog. Ifølgje Norsk idrætsblad var nokre av musikkinstrumenta låst inne i ei kveg-vogn og gløymt att på stasjonen. Morgenbladet trykka eit ekstrasnummer om den store tildraginga.

Ein må kunne kalla det ei norgeshending. Fire flagg var heist ved skøytebanen, det nederlandske, og det danske og det svenske, og det reine norske. Tilskodartalet var truleg 20 000, kan henda så mykje som 30 000, med smått og stort.⁶⁶² Og i den norske avisoffentlegheita samla skreiv skreiv 22 ulike publikasjonar om Axel Paulsen i berre februar månad; frå i sør Grimstads Adressetidend, Nedenæs Amstidende og Lister og Mandals Amstidende, til Stavanger Amtstidende og Adresseavis, Bergens Tidende og Bergens Adressecontoirs Efterretninger, Romsdals Amtstidende, *Kristiansundsposten*, til *Vestmar* i Telemark, og Oplandenes Avis, Lillehammer Tilskuer, Hedemarkens Amstidende,

⁶⁶¹ N.Idrbl., 1885, nr. 5, s. 34.

⁶⁶² Olstad, 1987, s. 66.

Adresseavisen, Dagsposten og Tromsøposten heilt i nord, attåt Moss avis, Akerhus Amtstidende, Budstikken, Morgenbladet, Dagbladet, Verdens Gang og Aftenposten nær eller i hovudstaden.⁶⁶³

Av tidsskrift kan eg visa til omtale og hyllest i *Krydseren* (II), i *Vikingen*, og i *Skilling-Magazin*, som sågar trykte to tresnitt, dels portrettet som blei brukt i *Norsk idrætsblad* i 1884, dels klimakset der Paulsen haustar anerkjenning og helsingar frå ærestribunen (som eg har synt i innleiinga til denne avhandlninga). Om meisteren stod det at «Axel Paulsen, the Champion of the World, som han nu har fuld Ret til at kaldes paa Sportens Modersmaal, har allerede længe været kjendt her i Kristiania blant alle Dilettanter i den ædle Skiløberkunst.» *Champion of the World* var såleis ein kategori som dels kunne oppfattast i tråd med sportifiseringa av duellen, men også som motstykket til dilettantane i kunstradisjonen; dvs. meisteren som meistra denne kunsten aller best. *Skilling-Magazin* gjekk så vidare til å skildra faren og iveren hans.⁶⁶⁴

Banemeister i arrangørkomiteen var altså redaktøren «vår» i *Norsk idrætsblad*, Sigvart Petersen. På førehand hadde han blitt samd med Paulsen om radius i svingane (50 meter, og rundelengda på den ellipseforma banen (1300 meter). På finaledagen konstaterte arrangørkomiteen at skodda låg faretrugande tung over fjorden. Isen var treg, og prega av nokre sprekker her og der. Løpet blei no slett ikkje avlyst av den grunn, så mykje som var kunngjort om og investert i det. Om lag klokka eitt stilte løparane seg opp til start. Publikum tagna. Dei to nasjonsflagga til Norge og Nederland blei firt.

«Da starten kommanderedes, tog van der Zee lynsnart ledningen», heitte det vidare i referatet i *Norsk idrætsblad*. Axel Paulsen blei nesten forundra over spurtfarten hans med det same. Men den som hadde auga med seg, såg kven som kom til å vinna alt etter den første runden, kven som var den aller beste på skøyter i verda, skreiv N.Idrbl. Axel Paulsen henta nederlandaren inn, og gleid i frå han. Og gleid i frå. Ingen trong å vera i tvil lenger. Inga skodde kunne leggja dempar på jubelen heller. Sigeren og jubelen blei tolka i nasjonale dimensjonar: «Ja, vi elsker dette landet» blei spelt etter kampen, av artilleribrigaden.

Referatet i *Norsk idrætsblad* (usignert, men høgst truleg av Petersen sjølv) var gripande nok. Publikum hadde forhalde seg roleg, det var viktig for Petersen å understreka – at dei gav bidraget sitt til at «matchen ble fair sport». Duellen var såleis viktig også som ekte og rettfærdig

⁶⁶³ Søk på «Axel Paulsen» for norske aviser i 1885 gjev også treff på *Skandinavien*, ei norsk avis som kom ut i Chicago, men her skreiv dei om at Paulsen hadde vunne kappløpet med ein travhest i Tyskland. Sjå *Skandinavien* den 25. februar 1885. Referatet av sigeren kom seinare, den 25. mars 1885. Også ein del norske aviser kom først med referata sine i mars månad.

⁶⁶⁴ *Skilling-Magazin*, 1885, nr. 10, s. 147-148. *Krydseren*, i sin andre variant (difor romartalet II) var eit vittigheits-blad redigert av Jakob B Bull frå 1879-1885. Eit dikt, stod på trykk her den 28. feb. 1885. Eg har det etter bladet *Sport*, i 1910, nr. 9., s. 88. *Vikingen* 28. feb. 1885.

idrettsoffentlegheit. Bladet trykte i same andedraget eit ope brev der den nederlandske forbundssekretæren erkjente sigeren og overlegenheita til Axel Paulsen, og som attåt dette rosa gjestfridomen og det publikum som han hadde møtt i Kristiania.⁶⁶⁵

Ifølgje den redaksjonelle omtalen i bladet, eller skal eg heller seia jubelen i N.Idrbl., heitte det at ikkje noko idrettshending hadde sett kjenslene slik i rørsle i landet som denne gongen, for aldri hadde idrettsutøvarar skulda kvarandre så hardt for å vera feige som før denne konkurransen, og aldri hadde æra stått på spel slik som her: Det var «en æressag, at beskyldningen blev tilbagevist på en måde, der var norsk idræt verdig.»⁶⁶⁶

At nasjonens ære hadde stått på spel, var noko også Aftenposten og Morgenbladet og Verdens Gang (V.G.) og mange andre norske aviser samstemte i. V.G. slo like godt til med eit dikt og med eit portrett av Axel Paulsen på framsida den 28. februar. Paulsen hadde vist mot på egne vegner, og på vegner av landet sitt. Den einaste eg har sett som ytra seg skeptisk, ein «Sp.A.», blei trykt i Dagbladet.

Ein kan såleis spørja seg kor drøftande og diskuterande idrettsoffentlegheita var, akkurat her.⁶⁶⁷

Kjærlighed

I Norsk idrætsblads referat heitte det meir inngåande om Paulsen at han disponerte løpet sitt med klokskap og med beherska ro. Slik «fejrede han treningskunstens skjønneste triumf», stod det. Men så hadde ein idrettsmann aldri gått så alvorleg til gjerninga si, så kjærleg, og med så ope auga for tydinga av førebuinga, som nettopp Paulsen. Slik lydde det i den nærmaste panegyriske omtalen; slik var både alvor og kjærleiken stilt saman. Referenten sitert direkte og i denne viktige samanhengen i sin heilskap: «Men så har aldrig en idrætsmand i vort land gået til sin gjerning med det alvor, *den kjærlighed* og det åbne øje for forberedelsens betydning, som Axel Paulsen.» Kursiveringa er mi.

Norsk idrætsblad berømma altså heller ikkje her at idrettsmannen var utrent eller kanskje dilettantisk useriøs på den måten. Det amatørressige var å forstå som nesten det motsette: Den elskande utøvaren tok idretten sin på alvor, og verkeleg trente seg opp.⁶⁶⁸

⁶⁶⁵ N.Idrbl, 1885, nr. 5 (onsdag 4 mars).

⁶⁶⁶ N.Idrbl, 1885, nr. 5 (onsdag 4. mars)

⁶⁶⁷ Diktet, ukjent kven som skreiv det, slo nasjonal-romantiske tonar an: minningar om Fridtjof den frøkne, og Sleipner med åtte bein. Ein «Sp.A» tillet seg rett nok tvil om nasjonale tydinga i Dagbladet 28. feb. 1885.

⁶⁶⁸ Sjå N.Idrbl., 1885, nr. 5, s. 34. Same årgang, nr 6, fredag 13 mars, kunne gledesstrålende fortelja om stor iver for skøytekapløp mange stader i landet, og også at brørne Paulsen var med å vekka denne iveren ved å reisa rundt med oppvisningskunst. Gratulasjonar fekk han frå mange hald, og matchkomiteen ønska å gje han ein gullmedalje for triumfen i Frognerkilen.

Redaktøren nytta ikkje ordet «amatør» eksplisitt, men i moralsk forstand var omgrepet underforstått. At Paulsen hadde duellert om nokså dryge pengebeløp, gjorde han nok til profesjonell løpar i teknisk forstand, i alle fall i reglementet til nederlendarane. Men ikkje i djupare forstand, ikkje i eigentleg forstand, for Norsk idrætsblad.⁶⁶⁹

The Field

No var det ikkje berre Norsk idrætsblad eller norske dagsaviser, eller andre tidsskrift som Vikingen, som skreiv om storhendinga på isen i Frognerkilen i 1885. Også britiske *The Field* hadde troppa opp med ein reportar, som seinare signerte ein artikkel med «Icicle». Omtalen som kom på trykk i denne britiske sportspublikasjonen, var ikkje like anerkjennande ovanfor det norske publikummet: Dei hadde heia høglytt og altfor patriotisk på nordmannen, og faktisk pipe og bua mot nederlendaren, stod det. Skribenten ville ikkje tilrå andre utlendingar å ta sjansen på å tevla i Kristiania, når tilskodarane var slik ein «vulgar mob», som han skreiv. Denne slette karakteristikken om Kristiania-tilskodarane hadde så svenske og danske fagblad trykt til sitt bryst.⁶⁷⁰

I eit aprilnummer 1885 tok Norsk idrætsblad for seg heile denne påståtte baksnakkinga, og rykte ut til forsvar for det norske idrettsfolket, og til seg sjølv som arrangør, må eg legga til. Redaksjonen viste til motførestillingar som hadde kome på trykk i *The Field* sjølv, dels av ein brite som budde i Kristiania («W.R.H»), og dels ei endå meir offisiell motytring som baron de Salis fekk på trykk i det britiske sportsbladet.⁶⁷¹

Eg veit ikkje om N.Idrbl. bad han skriva dette brevet, men eg veit av arkiva at Petersen sjølv skreiv klagebrev til redaktøren i *The Field*. Eg veit også at i alle fall *Tidning för Idrott*

⁶⁶⁹ Også Vikingen gjorde skjemt og moro ut av triumfen til Paulsen, sjå den 28 februar 1885.

⁶⁷⁰ *The Field*, 7. mars 1885, s. 319. *The Field* var i 1885 blitt ein grundig publikasjon, fortsatt utgjeven som vekeavis, men med 38 sider redaksjonelt stoff, attåt annonsane først (18 sider), og til slutt (12 sider). Stykket frå Kristiania var rubrisert under kategorien «Skating», og stod ganske mot slutten av avisa.

⁶⁷¹ N.Idr.bl, 1885, nr. 8, s. 62. Baron de Salis meinte 30 000 hadde møtt opp, og at ein ikkje kunne lasta alle dei for kva nokre få kan henda hadde ytra. Sjølv ville han understreka at nederlendarane var blitt veldig godt tekne mot i Kristiania. Sjå *The Field*, den 28. mars 1885, s. 409.

seinare tok parti med Paulsen i Frognerkilen, og gledde seg over sigeren hans.⁶⁷² For Norsk idrætsblad stod det tydelegvis også om æra, som arrangør av stemnet *og rapportør* frå det.⁶⁷³

Hurtigløp og estetikk

Den framskotne plassen som Axel Paulsen naut i Norsk idrætsblad, blei krona med ein følgjetong som han sjølv skreiv i nr. 26 og 27 (desember månad) av den same årgangen 1885. Her skildra han med stort personleg kjennskap skøytekulturane i ulike land, kven som var dei flinke skøyteløparane i forskjellige delar av verda, og kva skular dei ulike landa vedkjende seg i kunstløpsamheng. Den *norske* stilen meinte han dreia seg om kraft, og om spesialøvingar. Det mest interessante for meg er kva han skreiv om hurtigløpsteknikken. Å gå med ryggen bøygd framover og hendene på ryggen var slett ikkje feil; «man undgår derved en del af luftens modstand», skreiv han. Han var med på at å starta sjølv skjæret «utvendig», altså med ytterskjær på skøyteeggen, kanskje var finare enn den effektive måten på rett ankel (og uvinkla egg), men, som han skreiv, «når det gjelder skøjtølbning kan smukt og hurtigt vanskelig forenes, og det er derfor aldes urigtig i hurtigløb at tage hensyn til smuk gang, således som flere gange har været gjort her i Kristiania.»⁶⁷⁴

Adressaten var her dei turn- og gymnastikk-krinsane som hadde vurdert stilen både ved gutekappløp (1879) og jentestemne (1881). Den breiare tematikken her er estetikken sin plass i hurtigløp på skøyter.

Eit tiår etter Axel Paulsen skreiv dette, skulle desse mot-ideala dukka opp att, om enn begrunninga då kunne handla både om estetikk *og* etikk *og* medisinsk vitenskap.

Utfordringar

⁶⁷² RA/PA-0108/F/Fa/L0001/0001. Av rapport skrive frå Kristiania den 26 feb, og trykte ikkje lenge etter, den 7. mars, skriv Icycle: «During the international race, when Paulsen took the lead and increased his distance so wonderfully at each stride, the cheers of his countrymen gave him well-merited encouragement; but they forgot common courtesy to their guest, by howling, shrieking, and whistling at the losing Dutchman in such a way that an impartial observer would advise other never to come to Norway to take part in an international race, lest they, if they win, be treated to sullen silence, or, if losers, be insulted by the howls of a vulgar mob.» I margen skriv så Petersen: «Løgn». Ein «W.RH.» avviste også anklagen mot publikum, då han sjølv var der, og ikkje hørde slike rop. Trykt i *The Field* den 21 mars 1885 Den same WRH skriv om rennet i Husebybakken, der særleg hoppinga imponerer han. Han føreslår likevel to forbertringar, dels å premiera kvar einskild disiplin, og dessutan gjera vinnarane kjent i samheng av rennet, og ikkje først på kvelden. Signaturen stod for Walter R Hearn, truleg. Hr «Icycle» forsvarte seg mot dei to andre bidraga i eit seinare nr av *The Field*, den 25. april 1885. Han skreiv berre det han sjølv opplevde, og kva dei ved sida av han hadde ropt («Dutch Kuff»). Men hadde han visst om provokasjonane på førehand, ville han stilt seg annleis til ytringane, la han til. Redaktøren ville med dette avslutta debatten, skreiv han under. Også amerikanske *Spirit of the Times* skreiv om Paulsens triumf (og anerkjennande), ifølgje dette arkivet. Sjå også *Tidning för Idrott*, 1885, nr. 6, s. 47. Signaturen «VGB», altså Victor Balck sjølv, gledde seg her ved triumfen, gjeve det hånfulle og for nordmennene krenkande språket som blei ført i nederlandske og tyske sportsaviser, skreiv han. Duellen i Kristiania hadde derimot vore fair, meinte han. Endå meir skildring av den norske Paulsen-feberen stod i *Tidning för Idrott*, 1885, nr. 8, s. 60.

⁶⁷³ Tilsvaret frå «Icycle» var gjentrykt i N.Idrbl. (etter *The Field*) 1885, nr. 12, og med redaktørens miskjennande hale til slutt.

⁶⁷⁴ N.Idrbl., 1885, nr. 27, s. 230. Jmf. Olstad side 68.

Som uoffisiell verdsmeister etter duellen i Frognerkilen hadde Axel Paulsen heretter ein eigen kamp med å halda tittelen i hevd. Såleis rykte han inn ein annonse i Norsk idrætsblad i desember månad, der han utfordra kven som helst til å stilla mot seg (lengda kunne vera alt frå 3 til 100 engelske mil), med 100 pund som innsats. Norsk idrætsblad tok på seg å bevare pengeinnskotet dersom nokon tok utfordringa. Annonsen var også trykt på engelsk, i andre idrettsorgan i andre land, så som i svenske *Tidning för Idrott*. Slik var Norsk idrætsblad del av og deltakar i ei større internasjonal sportsoffentlegheit – der meistarar i ulike idrettar skulle på ein eller annan måte kårast. Pengebeløpet i seg sjølv, eller den opplagte profesjoniststatusen som følgde med, var ikkje noko som Norsk idrætsblad tematiserte, ved dette høvet heller. Heller ikkje at denne måten å rigga til tevlingar på, reduserte deltakartalet til veldig få (to).⁶⁷⁵

Pengar kom meir på tale etter at Axel Paulsen hadde stilt – og vunne – ved eit større internasjonalt stemne i Hamburg i januar 1886. Broren hans var truleg med, og i alle fall landsmannen Carl Werner. Hit hadde arrangøren mana Paulsen, og sekretæren for det som kalla seg det nederlandske skøyteforbundet, kjende baron de Salis, hadde, forsøksvis vennleg og «respectfully», utfordra han.⁶⁷⁶ Paulsen opplevde no at den tyske arrangøren ikkje heldt lovnaden sin om lengda på hurtigheitskonkurransane, og heller ikkje at dei gav dei pengepremiene som dei hadde lova han (attåt medaljane). Dette kom på trykk i Norsk idrætsblad etter at ein eigen bidragsytar («vor specielle korrespondent», truleg broren til Carl Werner, Inge Werner) hadde kome med versjonen sin av tildragingane.⁶⁷⁷

Særleg god stemning og idrettsforbrødring hadde visst ikkje rådd ved arrangementet i Hamburg heller. Den nederlandske baronen hadde atter fornærma Paulsen, og meint han var feig som ikkje ville stilla på 1 engelsk mil (det var visst kva den tyske arrangøren hadde lova hollendarane). Paulsen hadde reagert med sinne og sagt han var budd til å stilla mot kven som helst nederlendar på 1 engelsk mil – for skyhøge 4000 eller 5000 mark. Dette sa han truleg for å visa kva pris han var villig til å setja på (eller for) æra si. For baronen var det lett å tolka kravet som at Paulsen berre var ute etter pengar. Stridigheitene mellom dei var uansett ikkje over med duellen i Frongerkilen.⁶⁷⁸

I skildringa av sjølve duellane (det blei ein avtale om å løpa 1 og 2 engelske mil) var det nokså tydeleg kven korrespondenten til det norske idrettsbladet heia på. Han let det stå nokså tydeleg mellom linjene at nederlendarane braut kodane for fair play ved å halda seg tett opp i

⁶⁷⁵ Sjø Yttergren, 1996, s. 150. Sjø *Tidning för Idrott*, 1885, nr. 26 (23 des.), s. 210. N.Idrbl., 1885, nr. 25, s. 216. Paulsen tilbydde seg å dekkja reiseutgifter til 25 pund.

⁶⁷⁶ N.Idrbl., 1885, nr. 25, s. 216.

⁶⁷⁷ Referatet kom over to nr, N.Idrbl, 1886, nr. 2, s. 21-22. og nr. 4, s. 39; det siste frå St. Petersburg.

⁶⁷⁸ Stridigheiter blei det også i blant i Kristiania, som då to partar møtte i retten i 1886, fordi dei krangla om kven som hadde lov å selja byster og skulpturar av skøytekongen sjølv. Sjø Dagbladet 16. juni 1886.

ryggen på dei norske løparane som råd, for å unngå motvinden. Aller fremst ville dei visst *ikkje* gå. Dette synet, og dette «gentlemanlike»-idealet, blei også hevda av ein dansk skøyteløpar som hadde vore med.⁶⁷⁹ Axel Paulsen hadde vunne, og fått medaljen som prov på at han var «Champion of the World», same kor ladd stemninga var under premieringa på den avsluttande kvelden. Seinare fekk han krav på seg om levera den verdfulle premien tilbake. Dette vel fordi Hagen blei ny meister i 1887, og medaljen var meint til å vandra rundt.⁶⁸⁰

Sportstidsskrift frå andre land var i så måte ikkje fullt så rosande som det norske. Ifølgje *Nederlandsche Sport* hadde ingen av brørne Paulsen hadde teke bryet med å møta opp i tide til utdelinga for kunstøvinga, der stildommarane «berre» gav dei fjerde- og femte-plass. Det var ikkje særleg «gentlemanlike». Den nederlandske sportsavisa meinte Axel Paulsen einast var på isen med forretningar i augo, og refererte baron de Salis sine ord i ein tale på den premieutdelinga om å vera ein gentleman i sporten, om å tapa utan å bli sint o.s.v. Dette «o.s.v.» hadde Norsk idrætsblad sjølv slengt på i sin omtale av den utanlandske artikkelen. Det var nok ikkje det at det norske fagbladet mistrudde desse amatørdeala, men heller at redaksjonen var skeptisk til versjonen i den tilsvarande nederlandske publikasjonen.⁶⁸¹ N.Idrbl. hadde kanskje gode grunnar til å hevda eit slikt syn, men også mindre høgverdige: Axel Paulsen ytte sjølv bidrag og skreiv reisebrev til bladet. Ved andre høve kunne Norsk idrætsblad arrestera andre lands organ for ikkje å skriva etterretteleg, og nytta då honnøruttrykket «fair play» også i samband med presseetikken.

Riddarleg og ærleg

Før eg kan gå vidare til dei kontroversane som oppstod om sjølv amatørdefinisjonane, både interasjonalt og meir nasjonalt, har eg hug å stogga litt ved denne opplagte britiske impulsen som syner seg i refererte uttrykk som «fair play», «gentlemanlike» og «respectfully». I boka *Return to Camelot* syner arkitektur-historikaren Mark Girourd (1981) kor mykje det var eit riddarleg tankegodset som reid britisk tanke- og kulturliv på 1800-talet (og til første verdskrig). Slik fangar han opp også stikkordet ære, som eg har ringa inn i framstillinga mi i dei føregåande avsnitta. Riddarlege verdiar som det blei sagt at gentlemannen burde etterstreva, var sjølvkontroll, høflegheit, omtanke for motstandaren sin, ære, avvising av bedrag, mot under

⁶⁷⁹ Han heitte Thorvald Groth, som skreiv eige bidrag til N.Idrbl. frå Hamburg-arrangementet i idrettsbladet, 1886, nr. 3, s. 32.

⁶⁸⁰ Paulsen kom med skikkeleg langt og veldokumentert svar til kravet i N.Idrbl, 1887, nr 15, s. 116. Her går det fram at han rekna gullkorset som erstatning for den pengepremiem han var lova, dvs 800 mark. (Verdi av korset var 500 mark).

⁶⁸¹ Sjå N.Idrbl, 1886, nr. 3, s. 32-33. Stundom kan ein lura på kor språkkyndig redaksjonen i idrettsbladet var; same nummer, s. 33 har omsetjingar av *Braunschweiger Tageblatt* (om Carl Werner) og av *Novosti* (om brørne Paulsen i Russland!).

vanskar og det å nekta i det aller lengste å gje seg. Dette korresponderte med kva bladet *Punch* definerte som ein god sportsmann:

Han har [...] lært å kontrollera sinnet sitt, vera omtensksam for kameratane sine, å ikkje nytta seg av grove fordelar, å betrakta berre mistanken om juks som vanærande, å visa eit muntert andlet når ein er vonbrotten, og aldri sjå seg sjølv som slått før ein ikkje har pust igjen i kroppen.⁶⁸²

Dette skal ikkje tyda, som Girourd understrekar sjølv, at det fanst ein ubrotten tradisjon frå middelaldersk riddarskap til victorianske spel på 1800-talet, men at «victorianarane»⁶⁸³ valde dei kvalitetane i riddarskapen som dei beundra, og endra gamle spel, så som fotball, i tråd med dei. Ein ekte amatør var overlappande med ein sportsmann, og ein sportsmann var overlappande med ein gentleman, og ein gentleman var overlappande med ein riddar, kunne ein vel seia.⁶⁸⁴

Og ein gjenkjenner dei riddarleige dygdene i korleis også ein skøyteløpar skulle oppføra seg, også utanfor Storbritannia. Han skulle ikkje bli for arg, og han skulle i alle fall ikkje briska seg for mykje, slik som vel nederlendarane meinte at Axel Paulsen før fram. Samstundes, og dette var like så viktig, skulle ein ikkje snylta i ryggen på motstandaren undervegs i løpet. Her meinte ein dansk løpar at nederlendarane sjølv synda. Ein skulle ta nederlag med fatning, og ein skulle anerkjenne dei som vann, når slaget var tapt. Om det var slik at Axel og Edvin Paulsen ikkje møtte fram på den premieutdelinga i Hamburg der dei ikkje hadde vunne, er eit spørsmål for seg. Baron de Salis synest å ha vore svært oppteken av «die Ehre». Og eg nemnde i forskingsgjennomgangen min kva Patrick Clastres (2005) har skrive om ære i fransk samanheng, om Coubertin.

Noko av det aller viktigaste, slik eg les haldningskodane i den internasjonale skøytesporten på 1880-talet, var knytt til nettopp elementet ære. Og eg oppfattar at dette stod i samband med motet ein måtte ha, for å stilla opp i ei tevling. Ein måtte ikkje vera feig og vika unna. Ein måtte også vera ærleg, og nesten ikkje ein gong tenkja på juks. Oppfatta slik kan æra innrettast moralsk, og dygdetisk begrunna, i samband med amatørforestillingane. Denne haldninga fanst i Storbritannia, og i sporten der. Men ho fanst også heilt andre stader, også der riddarskap og føydalisme var ei mykje fjernare fortid.⁶⁸⁵

⁶⁸² Sjå Girourd, 1981, s. 235, mi omsetjing. Eg har ikkje funne *Punch* i det store britiske magasinet av digitaliserte aviser – sjå <https://www.britishnewspaperarchive.co.uk/search> – men *Punch, or The London Charivari* var eit satiremagasin som var særleg viktig i 1840- og 1850-åra.

⁶⁸³ Victoria var dronning frå 1837-1901.

⁶⁸⁴ Sjå Girourd, 1981, s. 235-239.

⁶⁸⁵ Sjølv om Norge ikkje fekk eit formelt adelskap, fanst det i si tid riddarar og væpningar som kongen, til dømes av kong Hans av Danmark og Norge i 1483, peika ut. Sjå Brekke, 2016, s. 18, for det løftet som riddaren gav her (i Nidaros).

No er ære eit vidt og mangfaldig emne, som også tematiserer, eller kanskje problematiserer, forholdet mellom innvendige og utvendige gode, slik eg har henta det frå MacIntyre. Er ære eit utvendig gode ein idrettsmann traktar etter, på linje med pengar, eller er det eit gode som er bakt inn i den sosiale praksisen sjølv?

For meg, og for fleire vil eg tru, har avhandlinga til Erling Sandmo om valdsamfunnet på 1600- og 1700-talet i Norge, vore svært opplysende. Her skriv Sandmo (1999) om kor viktig omgrepet ære var, også for norske bønder. Den tradisjonelle forståinga av æra framstiller henne som eit elitefenomen, som så har drypla nedover i kulturen. Duellen blir då den viktigaste forma for dramatisering av ein aristokratisk æreskodeks. Ein kan endeleg få tvekampen mellom Paulsen og van der Zee til å passa inn i dette biletet. Men, også bønder hadde sitt omgrep om ære, skriv Sandmo. Han knyter det tett til sanning, eller til det å vera *ærleg*, kort gjenfortalt. Også i ei slik ramme kan ordstriden omkring Axel Paulsen forståast: Han hadde blitt skulda for å vera uærleg i Nederland; ved ikkje å ha stilt ved eit stemne, slik som han hadde lova. Det var denne æreskjensla han hadde fått krenka, og som han ville gjenoppretta – ved å visa at han kunne halda ord.⁶⁸⁶

Ein amatør, med mine ord, var ikkje berre fylt av aristokratisk prega ærestrong. Han var ærleg; noko redaktør Sigvart Petersen skulle slik vekt på, få år seinare. Og denne kvaliteten, eller denne dygda tala med MacIntyre, var nødvendig for at ein skulle erfara dei innvendige godene i ein praksis.

Kan henda står eg i fare for å forskjønna æra noko, og såleis framstilla både Paulsen og idrettsbladet og heile idrettsoffentlegheita i Kristiania i eit altfor mildt og heimefavoriserande ljøs. Ære kan slå, æra kunne slå over i ærekjærheit og forfengelegheit. Det var nok av ærekrenkingar og søksmål i den offentlegheita eg granskar, og både redaktør Petersen og redaktør Wergeland forsvara seg i sivilrettsleg samanheng. Idealtypisk sett skulle vel ikkje amatørfiguren vera *for* oppteken av gjetordet sitt og det å vinna, i alle fall ikkje slik middelklassen i Storbritannia dyrka han, viss Dunning & Sheard, og Holt, har rett. Og heller ikkje i norsk idrettsoffentlegheit forma han slik, som eg skal koma til i neste kapittel – og det ikkje berre i eitt, men to prominent plasserte *dikt*.⁶⁸⁷

⁶⁸⁶ Sjø Sandmo, 1999, s. 105-107. *Voldssamfunnets undergang*, som boka heiter, var i opphavet ei doktorgradsavhandling Sandmo forsvarte i 1998, då under overskrifta *Slagsbrødre: en studie av vold i to regione i Norge i tiden fram mot eneveldet*.
⁶⁸⁷ Som tidlegare nemnt finst det ein viss spenning i forskarframstillingane av vinnarviljen i engelsk og britisk samanheng, som kanskje særleg cricket-spelaren C.B.Crace er eit døme på. Sjølv har eg funne fram til ein talande artikkel av han i boka til Hutichson, 1892: «Cricket altså kva cricketspelaren W.G.Grace kalla ein tekst for gutar om spelet som han elska: «Cricket, and how to excel in it». (mi kursivering)

I kjølvatnet av, eller skal vi heller seia bakom skjæra av stemnet i Hamburg, kom det opp ein europeisk og dels internasjonal diskusjon om amatørbestemminga i nettopp skøytesporten. Ein skøyteklubb frå München hadde protestert på at arrangøren her kunne ropa ut både ein tysk meister og ein verdsmeister når det var blanda inn pengepremiar og profesjonelle, ja sågar utlendingar. Dei forlanga ein eigen klasse for amatørar der deira håpefulle kunne ha sjansar til å hevda seg. Dette hadde dei skrive i eit ope brev til det tyske fagmagasinet *Wassersport* den 12. februar det året, der dei oppfordra tyske klubbar til boikott (av stemnet i Hamburg).

Baron de Salis hadde så sett seg til å svara frå Amsterdam (brevet er datert 2. mars). Han meinte at skøytesporten enno var for ung og for liten til å bera to slike heilt ulike klassar. I Canada fanst det kanskje nokre fleire profesjonelle, i Europa var det kun brørne Paulsen som kunne driva sporten sin som det, skreiv han. For han handla amatørspørsmålet om ein stilte på start utelukkande for å vinna pengar. Dermed rekna han begge brørne Paulsen som profesjonelle.⁶⁸⁸

I Nederland, derimot, var det moglegheit for både fattige sjømenn og bondegutar og handverkarar å bli gode i skøytesporten, fordi dei klimatiske og vassmessige tilhøva låg til rette for det, skreiv han. Om ein av desse frå dei lågare klassane sette av tid til å trenast, og pådrog seg mange sakk (så som løn, reiseutgifter) for «at opnå sejerens forædlende og saliggjørende følelse», kunne det ikkje vera gale om dei fekk dekt reisekostnadene og slike ting. Og om dei fekk pengar attåt medaljane, kunne dei ikkje kallast profesjonelle, dei var fortsatt amatørar, skreiv han.⁶⁸⁹

Ein annan debattant – signert som «American» - svarte deretter (*Wassersport*, den 26. mars) at den engelske amatørregelen, så som NSA hadde vedteke han, var altfor streng. Der var ein amatør å rekna som ein profesjonell med det same han hadde konkurrert mot ein slik. Han beklaga at klubbar i Austerrike (vel i Wien) hadde adoptert denne «drakonisk[e]» regelen. Han fann heller ikkje særleg trøyst i dei amerikanske reglane (i 1885) der ein amatør var den, «der verken har konkurrert for penge eller under fingeret namn eller med en professionist om præmie eller entré-indkomster, og som heller aldrig har givet undervisning i legemsøvelser eller for betaling eller penges værd har taget del i sådanne».⁶⁹⁰ Trass i desse innvendingane meinte

⁶⁸⁸ Dette omtala og sitert etter N.Idrbl., 1886, nr. 7, s. 69-70.

⁶⁸⁹ Hjä Maarten van Bottenburg, 2001, s. 136 blir dette demokratiske perspektivet bekrefta.

⁶⁹⁰ Han tillét seg også å betvila motiva for å utelukka pengepremiar når ein godtok reise støtte samstundes. Sjå N.Idrbl., 1881, nr. 7, s. 70. Dersom ein kan ta omtalen av reglane på ordet, var det fire element som utdefinerte ein som amatør; a) pengar, b) fugerte namn, c) hopehav med profesjonelle og d) lang erfaring med lekamsøvingar og vel forspranget ein hadde i dette.

innsendaren at Axel Paulsen *var* profesjonell, og nederlendarane på side amatørar, og at ein burde ha skilt desse i ulike klassar i Hamburg.

Her ser ein altså at det var dei i samtida som opponerte mot regelen som forbydde alt hopehav mellom amatørar og profesjonelle i tevlingssamanheng. Den juridiske sida ved amatørromgrepet synest å ha fått ein dimensjon og dynamikk som ikkje alle forstod, langt mindre støtta. Regelen er også påfallande i lys av at britisk «gentlemen», som desse idrettsmennene gjerne kalla seg sjølve før NSA laga amatørdefinisjonane, konkurrerte med profesjonelle eller «labours» i hurtigløp på skøyter – og stundom slo dei i innleiande rundar i cupane. For å behalda verdigheita si hadde dei så fråskrive seg pengepremiar, eller kjøpt pokalar for dei. Slik heitte det i alle fall eit slags folke/gute-leksikon om utandørsidrettar som kom ut i London i 1892.⁶⁹¹

Ein kunne jo tenkt seg, at ein heldt fram denne praksisen, også etter at ein skilde amatøreren og yrkesløparen i kvar sin klasse. I det minste at amatørar og profesjonelle kunne kappast i blant, slik som ein tidleg skribent om britisk skøytehistorie ytra ein hjartesukk, og altså kunne ønskt.⁶⁹² Reglane synest å ha hatt sin eigen dynamikk. Eller så var det grupperingar som var svært opptekne av reglar, og grenser. Mindre enn i tilfellet av «the manual clause» kunne regelen som forbydde kva som helst slags konkurranse mellom amatørar og profesjonelle, om kva som helst slags premie, legitimerast i nokon slags moral om like vilkår og rettferdigheit. Ei mogleg forklaring på denne «drakoniske» regelen er såleis klassesamfunnet i særleg England, og den øvre middelklassen som i nokre tilfelle – i nokre idrettar i alle fall – ikkje ville assosierast med arbeiderklasse *på noko vis*.⁶⁹³

Amatørkontroversar i Norge

Attåt desse omsetjingane og gjengjevingane frå tyske *Wasserblatt*, som eg altså har lese meg til gjennom idrettspublikasjonen i Norge, kom Norsk idrætsblad (den 9. april) med sine egne meiningar om amatørspørsmålet. Spørsmålet var kinkig, og spørsmålet var uklart, sjølv for dei ulike idrettane i Norge, tykte redaksjonen. Sommaren 1885 hadde det visstnok blitt nedlagt protest mot ein deltakar i eit norsk kapprenn, og den utestenginga som hadde kome då, var blodig urettferdig, ifølgje bladet, fordi det ikkje fanst felles nasjonale reglar å retta seg etter. Dette var truleg første gong ein slik amatørkontrovers – og dom – hende i Norge, skal vi følgja

⁶⁹¹ Hutchison, 1892, og kapitlet til C.G.Tebbut om skøyting på is.

⁶⁹² Heathcote, 1892, s. 262.

⁶⁹³ Sjø Hutchison (red), 1892, s. 429-230. Kapitlet om kappskøyting var truleg skriven av C.G. Tebbut.

Norsk idrætsblad.⁶⁹⁴ Konkrete namn blei ikkje nemnde. Høgst sannsynleg var dette kapprittet knytt til sykkelporten, då dette var dei einaste klubbane som heldt seg med tydelege amatørreglar akkurat då. Kristiania Velociped-klub skipa til det første skandinaviske stemnet på Slepends travbane i juni månad, 1885.⁶⁹⁵ Kristiania Bicycle-Klub hadde sitt store kappstemne i august det same året, med redaktør Petersen mellom dommarane. Her var Axel Paulsen meldt på i «junior»-klassen, som også den berre var for amatørar. Paulsen kunne nok for fleire enn nederendarar og sør-tyskarar synast som ein profesjonell, også sommarstid. No kom «Skøitekongen» Paulsen beklagelegvis aldri til start ved dette høvet, men ifølgje referatet i idrettsbladet skuldast det familiære grunnar. Eg veit altså ikkje kven den utestengde var. Eg veit heller ikkje kvifor Norsk idrætsblad *ikkje* skreiv om tildraginga akkurat den sommaren.⁶⁹⁶

Stoda var uansett uhaldbar, slik redaksjonen såg det, nesten eit år seinare: «Enhver tager af engelske bestemmelser, hvad der passer i hans kramkiste, og kaster resten bort med den bemerkning, at det ikke passer for vore forhold.»⁶⁹⁷ Bladet hevda: Anten fekk ein ta dei britiske bestemmingane rund baut, eller så fekk ein laga seg reglar som passa norske forhold fullt ut. Redaksjonen ønska seg klart mest det siste.

Fagbladet meinte altså at dei engelske paragrafane var urimeleg strenge. Der, heitte det om Storbritannia, var ikkje berre den som konkurrerte om pengepremiar ein profesjonist (1), men den som tevla mot ein slik (2), eller tok imot godtgjerdsle frå ein klubb (3), eller underviste i lekamsøvingar for betaling (4). Som om ikkje dette var nok, hadde den engelske gentleman-amatøren ikkje lov å geskjeftiga seg med kroppsarbeid. Som ein ser, heldt Norsk idrætsblad seg her fortsatt med den definisjonen dei hadde henta eller sitert frå roinga alt i første årgangen. Med kontakten redaksjonen hadde i roaren og ingeniøren Waldemar Bergh, var det naturleg nok. For redaksjonen i Norsk idrætsblad var det avgjerande spørsmålet om ein gjorde sporten til ein *leveveg*. Baron de Salis' skilje førte berre ut i sanden, for det var ikkje slik at brørne Paulsen levde av skøytene sine, skreiv han. Paulsen & Paulsen var kjøpmenn heime i Kristiania, og om dei fekk meir for oppvisningane sine enn nederendarane gjorde, så viste dette berre til

⁶⁹⁴ Den aller første amatørstevnet i Norge kom også i 1885. I N.Idrbl., nr 25 stod det ein notis: «Fra Kristiania Bicycle-Klub har vi fået anmodning om at oplyse, at der hos Cyclist Touring Club i sommer er blevet nedlagt protest mod bicycleklubbens kaptejn i hans egenskab af amatør. Sagen, som drog noget ud, da der krævedes en temmelig vidløftig korrespondanse, endte med, at klagen, der var indsendt anonymt fra Kristiania, blev avvist.» Kapteinen var Georg Bausback. Kva klagen gjeldt meir konkret, veit eg ikkje. Bausback var bestyrar for Chr Kurv- og Kurvmøbelfabrik i 1883, og hadde avertert sal av barnesyklar alt i 1880. Han hadde seinare overtatt agenturet på ein am. sykkel – The American Star Bicycle – som i annonsar, td *Morgenbladet* den 6. des 1885, var sagt vera den «bedste landsveis maskine der existerer». Dersom Bausback sjølv hadde vore med på prøveritt med denne sykkelmodellen, kunne ein vel seia at han berika seg på sporten sin.

⁶⁹⁵ Albert Rennemo vart skandinavisk amatørmeister her. N.Idrbl., 1885, nr. 14 (fredag den 3 juli.)

⁶⁹⁶ N.Idrbl., 1885, nr. 18, s. 181.

⁶⁹⁷ N.Idrbl., 1886, nr. 7, s. 70.

den sosiale stillinga eller statusen som dei hadde. Dei hadde naturlegvis «ganske andre krav til en rejses bekvemmelighed enn hollandske fiskere».⁶⁹⁸

Her kan ein seia at redaksjonen i Norsk idrætsblad, og høgst sannsynleg Sigvart Petersen sjølv, røpte den sosiale bakgrunnen sin, og kva folk han var i lag med, som dommar i ulike idrettar, og i arbeidet sitt i kyrkjedepartementet. Til dømes var Petersen dommar på eit skøytestemne i 1887 saman ein generalkonsul, ein oberstløytnant, ein «stadshauptmand», ein ingeniørkaptein, ein «dispachør», ein rittmeister, ein havnefogd og ein kjøpmann. Desse ville nok heller ikkje nøgd seg med lågaste klasse på skipsfartar eller tog rundtom.⁶⁹⁹

At redaktøren forsvarte Axel Paulsen mot nederlendaren de Salis, er vel heller ikkje så overraskande, gjeve det som hadde hendt i åra før. Men viss Paulsen var så bemidla heimeifrå at han kunne ha råd til å reisa på turnéar til Amerika to år på rad (1883, 1884, samt 1886), og trenar som han ville, så var det vel ikkje rett at han konkurrerte i same klasse som ein fiskar frå Nederland? Her var eit mogleg nasjonalt blindfelt for Sigvart Petersen. Norsk idrætsblad hadde likevel ein trumf i ermet mot nederendarane: Redaksjonen visste inderleg godt at hr. van Buttingha Wichers nekta å stilla mot landsmannen Kingma i Frognerkilen, då han ikkje kunne gå med på at *han* var amatør. Og i eit seinare nummer kunne tidsskriftet, vel med tilfreds mine, trykte ein notis om ei rettsak mellom de Salis og skøyteløparen de Bruisma, der dei krangla om pengar frå Hamburg-arrangøren som de Salis tydelegvis hadde nekta den aktive nederlendaren å ta i mot. Sekretæren hadde sagt til tyskarane: «Wir kommen nur um die Ehre».⁷⁰⁰

Det er lett å sjå: sosiale dimensjonar var slett ikkje det smale amatørspørsmålet uvedkomande. Men i spørsmålet om det her «tronge» amatørromgrepet som inkluderer juss og pengereglar, blanda også nasjonale stridigheter seg inn. Nederlandske baron de Salis hegna om sine som amatørar, og redaktør Petersen like eins om dei norske. Norsk idrætsblad hadde tydelegvis interesse av å forsvare Paulsen som rettmessig amatør. Det må også ha betydd at amatøreren ikkje berre var ein teknisk term, men ein moralsk kategori også. Var amatøreren i sport og i konkurransar ein friare figur? Eller ein tevlar som var meir til stola på enn profesjonisten? Var amatøreren, lik som den engelske gentlemanen, meir iherdig i trening og i konkurranse, og ikkje ein som snylta og spekulerte bakom ryggen på motstandaren på isen? Norsk idrætsblad

⁶⁹⁸ N.Idrbl., 1886, nr. 7, s. 70.

⁶⁹⁹ N.Idrbl., 1887, nr. 5. (26. feb.)

⁷⁰⁰ I notis i N.Idrbl., 1886, nr 15 (fredag 30 juli) har redaksjonen saksa og sett om frå bladet «de Sneeker Courant». Her går det fram at baron de Salis og Pieter Bruinsma (PB) er i rettsstrid ang 100 reichsmark, som PB lånte av de Salis i Hamburg, men aldri gav tilbake. PB meinte de Salis skulda han dei, sidan arrangøren hadde lova han 100 RM. i premie attåt medaljen. Men så hadde baronen sagt «Wir kommen nur um die Ehre». Dette altså som sanninga om dei «storskrydende herrer» i Nederland, meinte Norsk idrætsblad sjølv.

hadde ryggdekning hjå Waldemar Bergh for eit slik syn på gentlemannen. Eller var poenget i norsk samanheng at amatøreren var meir ekte i framferda si enn den omreisande gjøglaren?

Desse spørsmåla blei ikkje henta eller drøfta heilt ut i Norsk idrætsblad i 1886, men dei låg og vaka i handteringa av desse definisjonsproblema.

På glattisen

Gjennom årgangen 1886 introduserte Norsk idrætsblad fleire stridsemne eller diskusjonstema innanfor skøytesporten. For det første: Kvar skulle verdsmeisteren kårast? For det andre: Kor kort eller langt burde ein skrida i kappløp? Og kva var god stil i kunstløp? Og kva klassar burde ein halda seg med i dei internasjonale tevlingane? Amatørførestillingane krinsa mest om det siste spørsmålet, men i utvida forstand tangerte dei også spørsmålet om lengd og konkurranseform. I eit av mai-nummera var det ein innsendar «D» som tok til orde for at kappløpa den komande vinteren burde vera mykje lenger enn ei engelsk mil, gjerne 10 000 meter for meisterskapa. Argumentasjonen sprang mykje parallelt med kva Skiforeningen hevda for lengdeløpet i skisporten: at uthald var viktig, og at det ikkje var noko problem for helsa med slike skikkelege uthaldsprøvar. Idealet var den trente og seriøse idrettsmannen. «D.» skreiv: «Der vil komme større alvor i sagan, og den letsindige, der tror uden foregående ihærdig øvelse at kunne optage konkurransen, vil få et smek, som sent vil glemmes – man opnår at holde alt ufærdig og halvt, der både trætter publikum og svækker interessen, aldeles udenfor».⁷⁰¹

Dette trykket på «alvor» og «ihærdig» var ikkje nødvendigvis argument for profesjonalisering; resonnementet føresette like mykje heilharta – og dermed ivrige – amatørar. Spørsmålet var i alle fall amatørrelatert. «D.» henstilte til Norsk idrætsblads redaksjon og «Kristiania Skøyteklub» om å få det avgjort så snøgt råd var. Han fekk, etter det han nok syntest var altfor lang tid, eit slags svar frå bladet, i 1888(!). Men i ord og i ytringar var elles sjølve skøyteklubben påfallande taus om dette spørsmålet, særleg når ein samanliknar med diskusjonen omkring lengdeløpet i skirenna.⁷⁰²

Ein kan kanskje seia at desse aktørane i idrettsoffentlegheita, om dei ikkje akkurat sa så mykje, snarare var med på å trekkja skøytesporten mot ei profesjonalisering i kva dei faktisk gjorde. Rett nok hadde Norsk idrætsblad gledd seg ved alle stadene ein skipa til skøytetevlingar

⁷⁰¹ N.Idrbl, 1886, nr. 10 (fredag 21 mai).

⁷⁰² I N.Idrbl., 1888, nr. 1 skreiv ein Leonh. Madsen (aktiv løpar, stud. jur) eit innlegg til forslag om å innføra 1609 meter i norske skøytestemne, slik som i andre land. Attåt dette skreiv Norsk idrætsblad, høgst sannsynleg ved Sigvart Petersen sjølv, ein redaksjonell hale. Han var mest oppteken av å bevare 5000-meteren, dels fordi dei fleire rundane hadde gjeve norsk skøytesport stor ære før. Dessutan kravde den lengre distansen både uthald og hurtigheit i passe monn – utan at publikum blir støytt bort av keisemd. I dette låg det opplagt ein anke mot det skoddeprega Husebyrennet som Skiforeningen stelte i stand i 1887. Ein var nøydd til å ta omsyn til publikum, heitte det i halen, kor gjerne ein «undertiden af sportlige hensyn kunde ville sætte sig ud over publikums opinion.» «[T]hi kapløb er intet andet end *midler* til hos sportsmanden at vedligeholde og hos det store publikum at vække interesse for idrætt.» heitte det.

for «ungdom» i nesten alle slags aldrar etter duellen Paulsen vs. van der Zee i Frognerkilen. Men ved utgangen av 1886 var det atter ein slik duell mellom to som fekk størst merksemd i Kristiania: Harald Hagen utfordra Axel Paulsen om verdsmeistertittelen i kappskøyting over tre ulike distansar. Norsk idrætsblad tok vare på pengane som blei deponert (500 kr.per person), og var saman med skøyteklubben med å arrangera tevlingane på velodromen til Kristiania Bicycle-klub. Redaktør Sigvart Pedersen hadde dommarfunksjon også her. Slik la bladet og redaktøren til rettes for idrettshendingar der berre to utøvarar tok del, medan publikum (så mange som 6000) stimla seg rundt stadion og gjorde sine veddemål om kven som ville vinna. Norsk idrætsblad fortalte villig om alle desse tildragingane over to artiklar i desember.⁷⁰³

Atter kan det nemnast: Dette var akkurat slik den profesjonelle rosporten gjekk føre seg på Themsens. Tilskodarane blei «lokka» til å setja pengar på sporten, slik som duellantane sjølv gjorde, meir enn dei blei tilskunda til å prøva sine egne ferdigheiter etterpå.⁷⁰⁴

Og eit lite varsko til slutt her: Hagen vann, kanskje overraskande, nok i den første duellen. I referatet måtte Petersen avvisa rykta om at den aller siste duellen hadde enda med avtalt spel (her vann Axel Paulsen etter eit påfallande spurtoppgjer), og like eins forklara at grunnen til at Hagen hadde vunne den lengste distansen (25 000 meter) låg i kor redusert Paulsen var etter sjukehusopphald og bronkitt-infeksjon. Sjølv ein meister kunne ikkje stilla utan å vera skikkeleg budd. Fagbladet Norsk idrætsblad freista såleis å halda den sportsmessige fana høgt, også i ramma av eit stemne der pengane kunne synast å ha ein mistenkeleggjerande effekt.

Norsk amatør-meister

Å ta for seg dette temaet av amatørskap i skøytesporten kronologisk, har sine metodiske utfordringar. Avrundinga av det førre avsnittet kan skapa inntrykket av at skøytesporten i Norge gjekk gjennom ei tydeleg profesjonalisering i 1886, delvis ved hjelp av idrettsblad-redaktøren sjølv. No blei det skipa til lengdeløpsstemne for born og for ungdom året etter, i 1887, og eit breiare stemne for det vi ville kalla vaksne, i Kristiania. Desse fekk også omtale i Norsk idrætsblad. Arrangør ved begge høva var ved Kristiania Skøyteklub, der generalkonsul Petersen var med i styret, og også Axel Paulsen sjølv.⁷⁰⁵

⁷⁰³ N.Idrbl, 1886, nr. 25, og nr 26 (31 des.).

⁷⁰⁴ Ein detalj til kan nemnast, at profesjonelle gjerne hadde det som blei kalla ein «backer», dvs ein rikmann som ytte ein profesjonell sportsmann «materiel understøttelse og forøvrigt står ham bi med råd og dåd», for å sitera Sigvart Petersen, i N.Idrbl, 1888, nr 26, s. 182.

⁷⁰⁵ N.Idrbl, 1881, nr. 2; har notis om gutteskøyteløp i regi av Kr. Skøyteklub, med 64 deltakarar under 14 og 44 mellom 14 og 16 år (5000 m). Seinare i året, nr. 34 (laurdag 5 nov) fortel i ein notis at Kristiania Skøyteklub hadde innbyrdes ulike syn på openheit; Paulsen og ein Ragnvald Lund ville ha klubb med innvotering av nye medlemmer, medan Petersen ville ha open foreining der kven som helst kunne bli betalande medlemmer. Sistnemnde vann fram i styret si forslag, og vedtaket i den ekstraordinære generalforsamlinga.

Tilstellinga for dei over 18 år (21. feb, Vippetangens bane) er den mest interessante for denne avhandlinga. Dette var det nærmaste ein kom eit norgesmeisterskap før ein hadde forbund i Norge, og meisteren av den eine klassen blei då også kalla «amatørmester for Norge» i Norsk idrætsblad. Ein laga altså til kappløp for to distinkte klassar her, ein for amatørar og ein for profesjonelle. Førstepremien for klassen av «professionister» var 100 kr; for amatørklassen ein gullmedalje.⁷⁰⁶ Sjølv om sykkelklubbane i Kristiania hadde halde seg med amatørdefinisjonar sidan 1883, og hadde hatt amatørklassar i rittsamanheng i alle fall sidan 1885, var dette noko meir formelt sett den første gongen ein amatør-meister blei kåra i Norge: Han heitte Even Godager, og var frå Hamar. 42 løparar stilte i alt. Harald Hagen vann profesjonistklassen, som berre hadde *to* startande. (Axel Paulsen var på dette tidspunktet igjen på oppvisningsturné i Amerika). Kvinner er ikkje nemnt, og var truleg ikkje med.

Eg veit ikkje kva som var definisjonen på den eine eller andre kategorien i dette skøytestemnet, men utifrå at Hagen hadde utfordra Paulsen om verdsmeistertittelen og 500 kroner i desember, var det kanskje pengane i dette veddemålet som avgjorde skilnaden. Nivået i profesjonist-klassen var ikkje opplagt høgare enn at dei som stilte der, måtte ha like så god tid som snittet av dei fem beste amatørane, for å få pengepremie. Distansen var altså den same for begge, 5000 m. *Kvifor* ein laga til denne skilnaden mellom amatørar og «professionister», står heller ikkje i Norsk idrætsblads resultat-omtale. Redaktør Sigvart Petersen var mellom dommarane ved stemnet, så det ville ikkje vore så rart om han forklarte tankegangen i bladet. Han hadde jo sjølv ytra seg svært skeptisk til dei britiske reglane året før. Truleg var det impulsen frå det internasjonale samkvemet som prega skøyteklubben i Norge, også via det som tilflaut idrettsoffentlegheita takka vera N.Idrbl. Her frå notisar frå 1887: Rotterdam skulle ha eit liknande nederlandsk stemne med to liknande klassar i februar; der Harald Hagen hadde sikta seg inn, men det blei så avlyst. Slikkerveer i Nederland hadde eit amatør/profesjoniststemne i mars med deltakarar frå Nederland og Storbritannia som tevla også om pengar, der den engelske skøyteklubben NSA, og den mange stader impliserte baron de Salis, stod som arrangørar. Om dei engelske løparane skreiv N.Idrbl. at dei var «daglønnerne og sommeren fløtmænd».⁷⁰⁷ I Stockholm stelte ein i stand med kunstløp med eigen klasse for profesjonistar.⁷⁰⁸ Og frå tidlegare årgangar var det kjent at Canada heldt seg med amatørar og profesjonistar i kvar sin klasse, og endå til hadde «amateur» i klubbnamna sine. Det aller siste nummeret av N.Idrbl. frå 1887 fortalte om eit tilstundande skøytekappløp i Heerenveen, med

⁷⁰⁶ N.Idrbl, 1887, nr. 4.

⁷⁰⁷ N.Idrbl, 1887, nr. 7, laurdag 12 mars (dobbeltnr med nr 6).

⁷⁰⁸ N.Idrbl, 1887, nr. 3.

meisterskap for «Nederlandene» på 1609 m for «professionister», dette stemnet ope for alle nasjonar. Same stemne hadde meisterskap også for amatørar, som også det var ope for alle nasjonar. Kort sagt: distinksjonen amatør vs. professionist var i ferd med å setja seg i skøytesporten på siste del av 1880-talet.

Ein tydeleg amatørdefinisjon var kunngjort framfor Heerenveen-stemnet: «Som amatør erkjendes ikke: Enhver der har deltaget i et offentlig løb om penge. Enhver der efter den 31 mars 1886 har løbet med en professionist. Enhver, der giver undervisning i legemsøvelser for betaling.»⁷⁰⁹

Av desse tre karakteristikkane var den andre atter den merkelegaste. Ein som tevla om pengar (det første vilkåret), hadde kanskje eit levebrød i sikte i sporten. Ein som var lønna for å undervisa i lekamsøvingar, anten som omreisande aktiv instruktør, som gymlærar i skulen eller i militæret (tredje vilkår), hadde godt mogleg fordelar i den augneblinken han stilte i ein konkurranse. Men kvifor kunne ein ikkje vera amatør om ein hadde konkurrert med ein «professionist»? Heller ikkje i denne samanhengen anar ein forklaringa. Notisar i Norsk idrætsblad kan tyda på at redaktøren i alle fall aksepterte momentet.⁷¹⁰

Det må likevel seiast at regelen var uklar, også i samtida, og skapte ein eigen dynamikk av diskusjonar og nye underproblemstillingar.⁷¹¹

Skøyteskandalen

Nemnt i stad var alle dei høva der amatørbestemmingar kom til uttrykk i Norsk idrætsblad omkring 1887 og 1888. Sjeldnare, det må seiast, kom dei etiske og estetiske sidene til synes, eller til diskusjon i skøytesamheng. Norsk idrætsblad hadde ved eitt høve (i 1886) ymta frampå om at Axel Paulsen i kunstløpsamheng kanskje fridde *for* mykje til publikum, og ved eit ope skøytestemne med eit femtitals deltakarar i Kristiania vinteren 1888 vurdert kor vidt løparane skreid med flott stil og på ein rettferdig måte, eller «gentlemansmæssigt», som det heitte i artikkelen. Vidare stod det at: «Ingen forsøgte på uhæderlig måde at tilvende sig noen

⁷⁰⁹ N.Idrbl, 1887, nr. 39 (framsida).

⁷¹⁰ N.Idrbl, 1887, nr 8; her er det også ein liten notis om amatørforståingane i Sverige og i Norge. «Hvorledes man fortolker amatørbegrepet i Sverige ved vi ikke. Efter de hos os almindelig anerkjendte regler bliver en sportsmand professionist ved i offentlig kapløb at konkurrere med en sådan, følgelig vil Sundgren tilligemed alle de andre, der konkurrerede med Franklin ved det internationale kunstløb i Stockholm, hos os blive regnede for professionister. Og vidare: «Om at Franklin er professionist hersker der nemlig ingen tvil. Han begyndte sin løpebane i Kristiania med at give opvisning i kunstløb i fæstnignens gymnastiksal mod entré; senere har han været engageret af Wiedenbruck i Hamburg, og hans bedrifter på Schweigårdsgadens skøjtebane er kjendte nok.»

⁷¹¹ Sjå ein heil del døme i *Dansk Sportsblad*, 1888, nr. 48 («Amatørspørgsmålet i England.»), der artikkelforfattaren (truleg red. Victor Hansen sjølv) syner til spørsmål frå lesarane til det britiske fagtidsskriftet *The Field*. Utifrå dei få artiklane eg har lese, synest det danske fagbladet for idrett å vera mykje meir vendt mot *The Field* enn Norsk idrætsblad var.

fordel, hverken ved at benytte sig af en foranløbendes vindfang eller på anden måde.»⁷¹² Det kan også nemnast, slik i forbifarten, at begge brørne Paulsen – saman med bilethoggaren Brynjulf Bergslien (han med Karl Johan- statuen) – var dommarar ved eit kunstløp-stemne vinteren 1888.⁷¹³

Ei anna skøyteevling skulle skapa mykje større bruduljar – og også spreia seg til ei breiare offentlegheit. Den 19. februar 1888 hadde Axel Paulsen lyst ut til duell mot svensken John E. Avén. Han var sagt å vera ein av dei raskaste skøyteløparane frå Sverige, vel å merka på korte distansar. Pengane det stod om i tvekampen, kunngjort å beløpa seg til 500 kr. for kvar av løparane, hadde blitt deponert hjå redaksjonen til Norsk idrætsblad. Pengebeløpa skulle også her garantera at begge gjorde sitt beste og at publikum kunne venta seg ein spennande duell.⁷¹⁴

Kappestriden mellom dei fann stad på sykkelbanen på Majorstuen. Truleg på grunn av nasjonstematikken møtte så mange 10 000 tilskodarar, og prins Carl, bror til kronprins Gustav, var i mellom dei. Kan henda klang stemnet frå Frognerkilen i 1885 med i minnet til publikum. Men sjølve kappløpet vart endå mindre spennande enn den gongen: Det viste seg at svensken hadde revmatisme i venstre bein. Slik heitte det i alle fall i referatet frå Norsk idrætsblad.⁷¹⁵ Axel Paulsen vann soleklart, og tok Avén igjen med ein runde, til og med. Referenten meinte likevel at Avén hadde sprunge iherdig og sånn sett kjempa seg til ære. *Dagbladet* var noko meir skeptisk i omtalen sin. BT trykte telegram om triumfen.⁷¹⁶

Harald Hagen, som var rundeteljar ved dette stemnet, utfordra no Paulsen til meisterskamp, denne gongen over 10 engelske mil. Paulsen tok i mot utfordringa, men Hagen vann overlegent. Skøytekonen Paulsen var blitt vippa av trona; karriera hans var eigentleg på hell.

Så kom etterspelet, eller bakrusen om ein vil. I slutten av februar hadde ikkje Avén fått stilla som amatør ved eit internasjonalt stemne i Stockholm. Pengeduellen i Kristiania hadde «beröfvat honom amatörsvärdigheten», heitte det i omtalen i *Tidning för Idrott*.⁷¹⁷ Det svenske bladet, og den velkjende redaktøren Victor Balck, likte for sin del slett ikkje eimen av «sportsgeschäft» av det kappløpet som hadde kome i stand i Norge, all den tid svensken var så

⁷¹² N.Idrbl, 1886 nr. 5 (fredag 12. mars) antyder at måten Axel Paulsen synest å falla med vilje, for så å spretta opp att, er noko for kunstaktig, om ikkje bladet vil gå like langt i dommen som danske «Nationaltidende», som fann Paulsen «klownagtig». Men her legg N.Idrbl. til at danskane heller meir mot «gratie» i stilbedømminga enn kva som har med dyktigheit å gjera.

⁷¹³ N.Idrbl, 1888, nr. 5, s. 35.

⁷¹⁴ Sjå td annonsen i *Morgenbladet* for 19. februar 1888, nr. 96. Inngangsprisen for tribunen var 1 kr, rundt banen elles 50 øre. Lengda på løpet var 5 engelske mil.

⁷¹⁵ N.Idrbl, 1988, nr 5. (25 feb.); nr 6 kom ut same dato.

⁷¹⁶ *Dagbladet* meinte Norge hadde 10 amatørar som kunne ha skøyta fortare enn svensken, sjå den 20 feb 1888. Bergens Tidende trykte telegram om matchen den 20. feb 1888. BT skriv om tvekampen Paulsen vs Hagen den 17. des. 1886, og om duellen mot Aven den 23 feb. 1888.

⁷¹⁷ *Tidning för Idrott*, 1888, nr. 4, s. 41. Jmf. N.Idrbl., 1888, nr 8, 24 mars.

lite budd som han var, og heller ikkje var nokon kappløpar av rang på lengre distansar, og attpåtil hadde fått reisekostnadene dekkja av nordmannen.⁷¹⁸ Artikkelen vart sett om av Norsk idrætsblad. I det same nummer 8 (laurdag den. 24 mars 1888) hadde Norsk idrætsblad på trykk ein artikkel om ein skandale i britisk profesjonell rosport. Ein duell hadde blitt rigga mellom to utøvarar, det var ikkje ein reell konkurranse dei hadde i sinne; motivet hadde vore å lokka pengar ut av lommene på eit spent publikum.⁷¹⁹

Dermed var konteksten sett for eit generaloppgjær i Norsk idrætsblad – mot nettopp Axel Paulsen.

I neste nummer (nr. 9, laurdag den 7. april) kom redaksjonen inn på skuldingane som hadde vore framme i dagen då Paulsen duellerte mot Hagen året før. Kanskje var det meir i rykta enn bladet hadde trudd då. For no hadde Norsk idrætsblad fått eit brev frå Avén der han avviste at han hadde betalt nokon sum for å stilla mot Paulsen i Kristiania. Han var visstnok uvitande om at 500 kroner hadde blitt deponert til redaksjonen i N.Idrbl. på hans vegne, skreiv han. Norsk idrætsblad tok denne reinvaskinga for god fisk, og trykte fråsegna attåt redaksjonsartikkelen sin. Bladet minna om dei sportslege reglane for innskot; at dei skulle garantera for «ærligt spil». Ved at begge partar sette pengar på spel, kunne ein vera trygg på at dei ville gjera sitt beste i konkurranse. Norsk idrætsblad var sjølv ein del av denne garantien, ved det at dei hadde gått god for avtalen og dermed gjort han offisiell.⁷²⁰

Det brann på ein måte under føtene både for Paulsen sjølv, og for idrettsbladet. Det hasta såleis med eit svar på skuldingane.

Men det kom ikkje. Ikkje i nummer 10, og ikkje to veker etter der heller, med nr. 11. I nummer 12, laurdag den 5. mai, hadde N.Idrbl. enno ikkje fått svar. Kanskje trudde Paulsen at saka skulle gå i gløymeboka, skreiv bladet. I så fall skulle det ikkje skje. Redaksjonen hadde gjort nye undersøkingar og fått uroa si endå meir stadfesta. Artikkelen bar følgjeleg tittelen «Sportsgribbe». Medan andre sportsforeiningar kjempa for idrettens beste, og knapt hadde pengar til drifta si (så som Kristiania skøtjeklub, min merknad)⁷²¹, fanst det visst dei som berre prøve å tappa pengar av sportsinteressa til folk, lydte innleiinga. Sportsgribbane, skreiv Norsk

⁷¹⁸ Wikberg meiner i avhandlinga si at Balck for det meste var uinteressert, eller ytra seg lite, om amatørtematikken. Men det større biletet er, som også Jan Lindroth stadfestar i ein artikkel, at Balck trudde sterkt på karakterfostringa i og med engelsk sport, dette både for den einskilde, og for ein heil nasjon. Sjå Lindroth, 1989.

⁷¹⁹ Morgenbladet den 24. mars 1888, nr. 164 skreiv han av etter Norsk idrætsblad.

⁷²⁰ Avén fekk på trykk ei slags bekjening, og delvis eit forsøk på reinvasking av seg, i *Tidning för Idrott* også. Han erkjente at han hadde reist forhasta og ubetenksamt, men ikkje visste han at han mista amatørskapen ved denne duellen (i utlandet), og ikkje hadde han vunne noko pengebeløp heller. Sjå *Tidning för Idrott*, 1888, nr. 7, s. 59-60.

⁷²¹ N.Idrbl, 1888, nr. 5. Her kjem det fram at øk. i Kristiania Skøtjeklub var elendig, og at medlemmene ikkje fleire enn 91. Dagbladet kunne rapportera at klubben blei lagt ned, dette den 1. mai 1888.

idrætsblad, levde i herlegdom og glede. Og bladet avslutta slik: «Derfor, lad os slagte dem lige så godt først som sidst. Lad os rense vore kjære idræt fra elementer, der kun tilsmudser den.»⁷²²

Dommen var hard.

Viss ikkje Axel Paulsen kunne koma med ei veldig god forklaring, måtte N.Idrbl. gå utifrå at han hadde drive med fusk i sportsleg forstand. Og vidare skulle bladet kjempa for at han og forretningsføraren hans måtte visast bort frå idrettsforeiningar, der dei var medlemmer, og nektast å konkurrera ved ein kvar «sportsforening foranstaltet idrætsstævne». Idrettsbladet vona alle foreiningar ville stå saman om dette, og at politiet ved seinare høve ville vera strengare der det blei halde offentlege kappløp mot entréavgift.

Dette var den Axel Paulsen som Norsk idrætsblad hadde følgt sidan starten sin, sånn omtrent. Dette var den Axel Paulsen som hadde skrivne i Norsk idrætsblad, både om sine eigne prestasjonar, og korleis sporten såg ut i ulike land, og korleis ein burde bruka skøytene på den mest effektive måten.⁷²³ Dette var den Axel Paulsen som hadde sigra så stort over Renke van der Zee, og som redaktøren i Norsk idrætsblad hadde ropt ut til ein verdig og ekte amatør-idrettsmann i 1885. Dette var den Axel Paulsen som bladet hadde forsvart, både mot proff-skuldingar frå utlendingar, og frå nordmenn som meinte han rigga i stand lite tillitsvekkande duellar. No fall han frå høgda.

Norsk idrætsblad hadde bygd han opp som amatør. No måtte redaksjonen riva han ned att som ein altfor grådig «sportsgrubb».

Artikkelen var så pass hard og oppsiktsvekkande at Morgenbladet trykte han den same dagen.⁷²⁴ Også Hedemarkens Amtstidende og *Bergens Aftenblad* omtala han.⁷²⁵

Lite sportsmessig

Så endeleg, i nr. 13 av idrettsbladet, laurdag den 19. mai, kom det eit slags svar frå Paulsen sjølv. Då hadde Morgenbladet alt trykt forklaringa nokre dagar tidlegare.⁷²⁶ I eit personleg brev frå Paulsen til Sigvart Petersen kom det fram kvifor han hadde sendt svaret til dagsavisa først. Han hadde takka ja til å stilla med oppvisningskunstnar på varietéteatret Tivoli og ville ikkje bli

⁷²² N.Idrbl, 1888, nr. 12, s. 82.

⁷²³ I N.Idrbl, 1888, nr. 7 har Paulsen ein lengre artikkel om skøytestoda i Sverige, der han er sterkt kritisk til tilstanden og stilideala i Stockholm. Av damene i Gøteborg, derimot, synes Paulsen at Kristiania har noko å læra.

⁷²⁴ Sjå kveldsutgåva av Morgenbladet, 5. mai 1888, nr 251.

⁷²⁵ Begge desse avisene den 8. mai 1888.

⁷²⁶ Sjå Morgenbladet 9. mai 1888, nr 258.

blamert i den samanhengen. Min merknad: Ein slik (penge-)grunn kan umogleg ha mildna saka hans hjå redaktøren av Norsk idrætsblad.⁷²⁷

Paulsen prøvde offentleg å forklara kvifor svaret hans hadde drygd slik ut: Han hadde venta i det lengste på at ein anonym garantist frå Sverige (han som visstnok hadde stilt opp med pengar for Avén), ville stå fram. Poenget til Paulsen var at duellen på isen *hadde* vore fair play – begge hadde hatt ein stor sum pengar å kjempa om.

Axel Paulsen la ikkje skjul på at han prøvde å få noko igjen ved sportslege interessante stemne, altså få eit «utbytte deraf». Men han hadde då sanneleg vore raus mot mange foreiningar og fattige på dei stadene han hadde vist seg denne vinteren, la han til. Å kalla han grisk, var såleis å gå noko langt. Eit stykke på veg må ein gje han rett. Av ei oppvisning han hadde hatt med broren i januar, hadde halvparten av publikumsinntektene gått til Kristiania Skøjteklub (som sleit fælt med økonomien).⁷²⁸

Avisene, ikkje berre Norsk idrætsblad, dømde han likevel hardt. Morgenbladet skreiv sjølv i ein merknad at svaret frå Axel Paulsen ikkje var fyldestgjerande; denne ukjende bidragsytaren frå Sverige var for mykje ein kanin som blei trekt opp av hatten. Og uansett var ikkje det god nok garanti for fair play – sidan Avén ikkje hadde hatt noko å tapa, verken på sjølve reisa eller på duellen. Min merknad: Det einaste måtte vera æra.⁷²⁹

Dagbladet samstemte med Morgenbladet, og meinte «Skøjtekongen» hadde oppført seg lite «sportsmessig»: Han hadde betalt Avén i von om å gjera ei god forretning på ein duell der verken han hadde noko å tapa sportsleg, eller Avén kom til å lida nokon økonomisk risiko.⁷³⁰

Norsk idrætsblad viste til synspunkta i desse avisene då denne publikasjonen kom ut ti dagar seinare. Ein må kunne seia at ei større offentlegheit hadde dømt han utifrå amatørstandardar om ærleg framferd. Idrettsbladet gav tilslutninga si til denne dommen: Axel Paulsen var blitt ein profesjonist, med alle dei risiki og idrettslege forfall som det kunne føra med seg.

Ikkje dermed sagt at Paulsen var ein gribb i eitt og alt, om idrettsideologane meinte han var det.

⁷²⁷ Eit brev datert 18. mai 1888 til red. Petersen finst på Riksarkivet, dvs. RA/PA-0108/F/Fa/L0001/0001. Underteikna av Paulsen og forretningsføraren Ragnvald Lund Her er og kvittering for pengane som blei deponert. For Paulsens nummer på Tivoli, sjå td. annonse i Aftenposten 7. mai 1888.

⁷²⁸ N.Idrbl, 1888, nr. 3 fortel om oppvisning av brørne Paulsen (igjen); her gjekk halvparten av inntektene (2000 sjåande) til Kristiania Skøjteklub. Den andre halvparten gjekk vel då til Paulsen-brørne, etter at utgiftene var dekket.

⁷²⁹ Sjå Morgenbladet 9. mai 1888, nr 258.

⁷³⁰ Sjå Dagbladet same dato, nr 149.

Og den større offentlegheita i Kristiania var ikkje strengare enn at Morgenbladet anerkjennande anmeldte nummera som skøyteføyaren synt fram i varietéteatret i mai månad. Førestillingane gjekk for fulle hus.⁷³¹

Eit par moment er verd å merka seg her, før det avsluttande avsnittet om skøytesporten i desse første åra av Norsk idrætsblad. For det første: Pengar var kanskje ikkje prinsipielt eit problem i idrettssamanheng. Tvert om: For skøyteføyarene, og for Norsk idrætsblad, var innsatsen i kroner og øre ein garanti for at ein eller annan «match» ville bli rettmessig. Dette snur etablerte framstillingar av forholdet mellom ærleg idrett og pengar nesten på hovudet.

For det andre: Profesjonell idrett var ikkje i og for seg eit problem for redaktøren av Norsk idrætsblad. Det var truleg samanblandinga av denne forma for idrett med amatørspør som var eit mogleg problem, og det var dei tilløpa til juks og til grådighet (jamfør «gribbane») som viste seg innanfor den profesjonelle idretten som var kritikkverdig.

Slik kunne redaksjonen i Norsk idrætsblad truleg forsvare at dei var med og arrangera og garantera for duellar eller profesjonelle «matchar».

Svenske og forslagsvis felles-nordiske amatørreglar

Den striden som Paulsen og Avén hadde vore gjennom, meir i ord enn på sjølve glattisen, utløyste ein ny debatt om amatørbestemmingar i N.Idrbl. Her var talsmenn frå sykkelporten dei ivrigaste, truleg påverka av den sterke tilknytninga som klubbane hadde til Storbritannia. Men også ein konkret nasjonal kontekst var tydeleg for innlegget som kom frå Kristiania Bicycle-klub (KBK), og sekretæren Carl M. Pay, no: «Medens vi for få år tilbake kund kjendte professionister af navn, har vi dem nu iblandt os, og vi tør således ikke længere skyde spørgsmålet amatør-professionist? fra os, som noget uvedkommende.»⁷³²

Sekretæren i sykkelklubben synt også til at ulike idrettsforeiningar i Stockholm hadde laga seg eit felles reglement. Dette hadde han lese i *Tidning för Idrott*. Det svenske idrettsbladet trykte ein ikkje altfor lang definisjon som skøyteklubben i Stockholm, samt sykkelklubben og roklubben, og gymnastikkforeininga der Balck var formann, hadde laga.⁷³³

⁷³¹ Sjå Morgenbladet 11. mai 1888.

⁷³² N.Idrbl, 1888, nr. 15, s. 104.

⁷³³ Sjå *Tidning för Idrott*, 1888, nr. 9, framsida. Avisa sjølv beklaga at all menneskeleg aktivitet eller kultur hadde tendensen å komplera seg med tida, og sånn sett var verken Balck eller medredaktøren Lindman særleg begreistra for amatørreglement, i og for seg. Det bladet særleg berømme, var at Stockholmsklubbane ikkje hadde laga tilbakeverkande kraft, men at reglane skulle gjelda frå dags dato.

Det er såleis råd å hevda at den duellen Paulsen rigga til med Avén, først skapte rabalder eller «trassel» ved eit skøytearrangement i Stockholm, og deretter eit utførleg amatørreglement av klubbane i den same hovudstaden (vedteke den 18. april), og nokså parallelt med dette ein heftig kritikk mot Paulsen i norsk idrettsoffentlegheit, og ein påfølgjande debatt om amatørreglar også her. Pay la ved artikkelen sin den definisjonen og dei reglane som dei to klubbane i Kristiania hadde fått i stand for den samla flokken av syklistar: «Amatør er den, som ikke har deltaget i, assisteret ved eller givet undervisning i nogensomhelst slags idræt for penge eller anden godtgjørelse, og som heller ikke med sit vidende har konkurreret med en professionist om præmie af hvilkensomhelst slags eller offentlig.»⁷³⁴

Dette var reglar i tråd med kva ein hadde i utlandet, skreiv Pay, og ein hadde vorte nøydd til å laga dei for Norge med omsyn til dei framande utsendingane som kvart år no tok del i hjulrenn i Norge. Pay var elles sjølv aktiv i rittsamanheng, og kunne ha eit visst motiv av å luka unna brysame konkurrentar. Han fortsatte uansett sitatet sitt slik:

«Endvidere taber enhver rytter retten til at konkurrere som amatør og bliver professionist ved

- a) Offentlig eller for godtgjørelse at lede (make pace for) en professionist
- b) At sælge, realisere eller på anden måde gjøre i penge vunden præmie
- c) At lade sig sine udgifter ved deltagelse i offentlige sportsstevne refundere; dog kan bestyrelsen, hvor den finder det påkrævet, meddele sit samtykke dertil
- d) Direkte eller indirekte at modtage godtgjørelse for velocipedridning af nogen, interesseret i handel med velocipeder.

Bevisbyrden påhviler mistænkte.»

Dette var nok meir i tråd med dei detaljerte reglane i Storbritannia enn kva ein hadde laga seg i Stockholm, i alle fall. Eller kva som alt fanst for skøytesporten i Norge. Men eg vil gjerne understreka eller helst forsterka den ansatsen som finst hjå Slagstad (2008), der det engelske ikkje berre er noko som norsk idrett hermar etter, utan kontekst, og utan heimlege grunnar og omsyn å ta. Tildraginga med Paulsen hadde i det minste skunda på desse nye bestemmingane.⁷³⁵

⁷³⁴ N.Idrbl., 1888, nr. 15, s. 104.

⁷³⁵ Sykkelklubbane i Kristiania hadde eigentleg, kvar for seg, halde seg med amatørdefinisjonar i fleire år. Om bestemmingane ikkje var så detaljerte, så hadde dei vore der heilt sidan 1883. Den umiddelbare samanhengen den gongen var at klubbane splitta seg i to, truleg etter at ein frå Kristiania Velocipedklub (stifta i jan. 1882) hadde stilt med klubbdrakta på ei offentleg førestilling på Kontraskjæret, utan lov. I dei klubbstatuttane som kom då presiserte Kristiania Velociped-Klub [KVK] at «Modtager noget medlem betaling i penge for velocipedridning, kan han ikke deltage i klubbens vædderidt», medan Kristiania Bicycle-klub [KBK] skreiv i sin stiftingsparagraf nr. 11: «Klubbens medlemmer er amatører, og må verken konkurrere for betaling eller ligeoverfor personer, der har optrådt for betaling. Sjå N.Idrbl., 1883, nr. 15, s. 125, og nr. 19, s. 153. Det må leggest til at preget på begge klubbane var veldig militært, med kaptein som hadde kommando på utfluktene, kva uniform ein hadde å stilla i, og altså strenge reglar for når ein kunne kle seg med klubbdrakta/uniformen offentlig.

Mest påfallande mellom reglane var det aller siste momentet, at bevisbøra kvilte på den mistenkte. Dette har eg ikkje funne i noko amatørregelverk for ulike idrettar i Storbritannia. Dersom ein syklist var mistenkt for å ha teke i mot reisegodtgjerdsle, til dømes, korleis skulle han då prova at han ikkje hadde det? Var det idrettsmannen som skulle henta inn attestar for seg? Ein skulle tru at alle desse jussutdanna idrettskribentane i Norsk Idrætsblad, og dei var mange: redaktør Sigvart Petersen, og Harald Wergeland, og Axel Huitfeldt, ville tematisera nettopp dette springande punktet i amatørreglementet.⁷³⁶

Kanskje var det slik at den særskilde embetsutdanninga og lovorienterte bakgrunnen til mange av idrettsideologane forklarar noko av den juridiske innretninga som amatørromgrepet fekk. Likevel er det, eller nettopp difor, er det påfallande at sjølve rettsprinsippa ikkje blei drøfta meir.

Og kanskje var det slik at desse reglane til KBK tvang seg på Norge også på grunn av utanlandsk deltaking på sykkelritt. Av omsyn til dei som gjesta Norge, og slett ikkje ville møte profesjonistar (i tråd med det strenge regelverket i andre land), laut ein retta opp i uhaldbar praksis her til lands, meinte Pay. Sykkelsekretæren skreiv at fleire av dei beste skiløparane frå Kristiania også stod som medlemmer i ei av hjulidrettsforeiningane. Og som skiløparar hadde dei konkurrert om pengar denne vinteren. Ein ekstraordinær 50-kilometer hadde lokka med 400 kr. i førstepremie; ein pris Axel Heiberg hadde sett opp. Styret i Kristiania Bicycle-Klub hadde i desse tilfella ikkje noko anna val enn å ekskludera vedkomande, heldt sekretæren fram. Han skreiv: «Dennes bestyrelse har i tilfælde, som nævnt, intet andet valg end at udslette vedkommende af foreningens lister og erklære ham for professionist.» Ein av dei det truleg var tale om, var Ernst Bjerknæs frå Kristiania Skiløberforening. Og uansett kven det kan ha vore, var dei som var med i sykkelklubben av dei betre bemedla i byen.⁷³⁷

⁷³⁶ Prinsippet om at det var aktor som hadde bevisbøra, og at det var ein heilt uhaldbar rettspraksis i Norge om eller når den mistenkte måtte rettferdiggjera seg og leggja fram bevis for uskulda si, var velt etablert i norsk offentlegheit. I Dagbladet den 13. jan. 1883 brukte høgsterettsadvokaten Mejdell eit par graverande dommar i så måte til å gå inn for juryordning i Norge. Ein mann i Nordland blei til dømes dømd for å ha halde ein ring urettmessig tilbake, berre fordi den fornærma kvinna hadde sendt eit brev og bede om få ringen tilbake. Mejdelle skreiv: «Istedenfor at det skulde være Justitsen som havde Bevisbyrden, bliver det den anklagede, som faar den.» Juryordninga blei innført i Norge i 1887 i tråd med ny straffeprosesslov, og rettstemaet forsvann såleis ikkje frå offentlegheita, etter 1883. For ei samling av ulike amatørreglar for ulike idrettar og ulike land, sjå Vamplew, 1988, og Glader, 1978.

⁷³⁷ Den då 23-årige Bjerknæs var i alle fall med på den aller første femtikilometeren i 1888. I memoarane sine (1944) fortel Bjerknæs også at han var medlem i Kristiania Bicycle-klub. Han fortel rett nok ingenting om ein eventuell eksklusjon i 1888, men denne sommaren byrja han også i ingeniørkorpest på Helgelandsmoen, og det er ikkje sikkert eksklusjonen fekk noko større betydning – om no tolkinga til Pay blei gjeldande. Den omtala «vedkommende» kan også ha vore Ludvig Waldrop, som sjølv ytra seg i N.Idrbl., 1885, nr. 26, s. 225. Han var med i Husebyrennet i 1887, og i kappritt det same året. Av resultatata i kappsykling i KR. B-klub kan det sjå ut som Waldrop ikkje var med i 1888, kva no grunnen var. Sjå N.Idr.bl, 1888, nr 20. Det kan også ha vore Karl Knudsen frå Nydalens skiklub, som også var med på femmila i 1888. Men han er ikkje registrert i resultatlistene frå sykkelritt denne tida, i alle fall ikkje i dagsavisene eller i N.Idrbl..

På femtakilometeren blei elles Bjerknes nummer fire – og fekk ein ekstrapremie, i form av eit spiseetui i sølv. Det endå meir ironiske, sett frå eit premieperspektiv, er at Skiforeningen stort sett hadde gått bort frå reine penge- eller gullpremiar i 1888.

Kva meinte så Norsk idrætsblad sjølv om desse norske amatørreglane? Kommentaren til bladet følgde under debattinnlegget til Pay. Redaktør Petersen (må vi tru) skreiv at han fleire gonger hadde hatt «amatør/professionist»-emnet på bordet, men at han hadde nølt med å setja det under debatt, då sportane burde få utvikla seg, slik at spørsmålet fekk meir praktisk og ikkje berre teoretisk tyding. Annleis stiller det seg med saka no, la han til. Paulsen-affæren låg som ei mørk sky over sportslivet i Kristiania, kan *eg* leggja til. Petersen syntest likevel at reglane til syklistane var for strenge. Sjølv om omsyn kanskje måtte takast i høve dei som gjesta landet, var det feil å overføra bestemmingar som passa andre og større forhold betre. Redaktøren tykte at hjulSPORTforeiningane alt hadde gjort unntak frå dei britiske ved at klausulen om manuelt arbeid var teken bort frå amatørdefinisjonane. Dessutan, å utelukka dei som hadde teke del i skirenn denne vinter, det ville vekka «sterk og berettiget modstand». Idrettsbladet ville heller skilja mellom dei som i hovudsak *levde av* sporten og dei som dreiv han «for sin fornøijelses skyld».⁷³⁸

At dette skulle vera ei nødvendig motsetning, eller kvifor det skulle vera nødvendig å skilja slik, blei ikkje kommentert eller forklart av redaktøren.

Å få ein felles regel for Skandinavia, ville uansett vore fint for redaksjonen i tidsskriftet; heller det enn å dela alle førestillingane og stemna med tyske og britiske sportsmenn, som det stod.⁷³⁹

Ser ein så diskusjonane om amatørdefinisjonen i eit skandinavisk perspektiv, er det verdt å leggja merke til at den svenske semja kom til nettopp etter tildragingane med Axel Paulsen og John Avén. I *Dansk Sportstidende* tok Victor Hansen, marineoffiser og redaktør, for seg amatørregelen i britisk samanheng, i ein lengre følgjetong den påfølgjande hausten 1888. Han uttrykte eit klart strengare syn enn svenskane, ganske på linje med engelske *The Field*:

⁷³⁸ N.Idrbl., 1888, nr. 15, s. 104.

⁷³⁹ Avslutningsvis trykte N.Idrbl. nettopp den regelen som svenske idrettsforeiningar i Stockholm alt hadde vedteke, og som *Tidning för Idrott* hadde trykt nyleg (nr 9, s. 69), datert den 18. april 1888: «Amatør er enhver, som, regnet fra i dag af, ikke har udøvet idræt for personlig fordels skyld eller har deltaget i nogetsomhelst kapløb om penge eller for sin deltagelse deri har erholdt særskilt godtgjørelse eller mod bedre vidende har konkurreret offentlig med en professionist, eller i hvis erverv ikke indgår udøvelse af den særskilte idrætsgren, hvori konkurransen afholdes.» Denne amatørregelen var mindre detaljert og meir romsleg enn den sykkelklubbane i Kristiania hadde smelta i saman, og han gav eit visst rom for reise- og tapt lønsgodtgjerdslø. N.Idrbl. ville gjerne føya til at amatørar måtte vera medlem av amatør-klubbar for å få bli med i kappløp. Og slik anar ein atter at organiseringsdimensjonen er mogleg relevant for amatørførestillingane.

Redaktøren ønska at dei klasse-ekskluderande definisjonane som den nasjonale foreininga ARA hadde kome fram til, burde handhevast mykje hardare i praksis også. Og han, eller strengt teke redaksjonen hans, prisa seg lukkeleg over at dansk idrett ikkje hadde nådd slike tendensar av profesjonalisering og treningsalvor som han forstod Norge var blitt til del, skreiv han.⁷⁴⁰ Han tok sjølv initiativ det same året til felles amatørreglar for dei danske idrettane, og med dei idrettsleiarane, som han kjende best.⁷⁴¹

Ein kan såleis seia at bruduljane med Axel Paulsen løyste ut drøftingar og diskusjonar om amatørregelverk i alle dei tre skandinaviske landa.

Endå eit moment er passande å leggja til her, før eg nærmar meg slutten på dette dramatiske året 1888. Kommandør Victor Hansen, som redaktøren i *Dansk Sportstidende* titulerte seg, røpte kan henda ei slags sportsleg forklaring på den strenge regelen om at amatørar ikkje kunne ha tevlingsmessig hopehav med profesjonelle. I den første av tre artiklar om britiske amatørreglement på seinhausten meinte han at den aller første sonderinga, før ein faktisk nytta ordet «amatør» i reglane i engelsk rospport, handla om «fouling». «Fouling» handla om å støyta borti, og hindra banen for dei andre båtane. Dei som var vande med å renna på andre båtar, blei frå tidleg på 1800-talet kategorisert som «watermen». Dei som ikkje ville det, eller heldt seg for gode til det fordi dei var av ein eigen samfunnsklasse, eller, for å ha nemnt Baileys resonnement igjen, dei som ikkje tykte det var rasjonelt, kalla seg «gentlemen».

Hansen sjølv gav ikkje noko motiv for kvifor somme heldt seg unna «fouling», og sjølv om han tykte skikken var «afskyelig», la han også til at ikkje slett ikkje *alle* engelske gentleman i sosial eller klassemessig forstand unngjekk kollidering og obstruksjonar. Inntil 1836 var det tillate i rodystane mellom kostskulane Westminster og Eton å ha «watermen» som styrmenn på båtane. I universitetsduellane mellom Oxford og Cambridge var det derimot *ikkje* lov med «fouling» – i alle fall ikkje sidan 1839.⁷⁴²

⁷⁴⁰Ein usignert artikkel, som truleg var skriven av Hansen, synte til dansk ordskiye, og vidare til ein artikkel i tidsskriftet *Naturen* i Norge, som sjølv tok ut avstand til tendensane til profesjonisme her til lands. Eg vil tru det var erfaringane med Axel Paulsen det dreia seg om her også. Sjå *Dansk Sportstidende*, 1888, nr 45 (9. nov. 1888), «Sportens Standpunkt»

⁷⁴¹Kortversjonen av definisjonen var positivt vinkla om kven amatøreren faktisk var: «Amatør er enhver, som driver Sporten alene for sin Fornøjelse, og som ikke søger Erverv eller tilsigter eller nyder nogen pekuniær Fordel ved Utdøvelsen af sin Sport.» Desse felles reglane eller bestemmingane blei ferdigstilte i 1889, men aldri sett i verk av nokon. Idrettane som var representert i møtet var sykkel, rospport, skøytesport og ballspel. Alle desse sju punkta i regelverket finst i den danske idrettshistoria som Henrik Sander gav ut i 1946, som Per Jørgensen omtalar i ein artikkel frå 1995. Sjå elles Trangbæk, 1995, s. 66, og Korsgaard, 1997, s. 139.

⁷⁴²Sjå *Dansk Sportstidende*, 1888, nr. 46 (16. november 1888), «Amatørspørgsmaalet i England». Sjå også same blad, same årgang, nr. 48, (30. november 1888) «Amatørspørgsmaalet i England», og nr. 51 (21. desember 1888) «Endnu et Par Ord om Amatørspørgsmaalet.» *Dansk Sportstidende* femna om ei mengd klubbar og foreiningar som vekebladet kalla seg offisielt organ for, med København som tydeleg omdreingspunkt, og inkluderte idrettar var jakt, segling, hestesport, roing, gymnastikk, fotball, sykling. Redaktør Hansen hadde tittelen kommandør i militær samanheng, og han var redaktør saman med Em. Z. Svitzer Lyngbye, i alle fall i oppstarten. Seinare blei Hansen elles fremja til kontreadmiral.

Kan henda dreia regelen mot hopehav seg i opphavet om dette: Ein skulle ikkje nokon gong ha rodd med eller mot slike tvilsame eller diskutabile sportsmenn. Uskikken kunne smitta over. Dei sosiale implikasjonane eller klassane som kan henda følgde med denne mogleg sportslege distinksjonen, var i så fall underforståtte. Eller – dei kan sjølvstundt ha blitt forsterka med tida, både av klassemessige konflikter i samfunnet, og av den dynamikken, og forvirringa, som reglane sjølve synest å ha skapt.⁷⁴³

Gjøgleri

Etter desse utspela våren 1888 kom det ingen vidare debatt om amatørdefinisjonen i Norsk idrætsblad – i denne omgangen. Sigvart Petersen var atter ute og kosta etter forrettingsføraren til Axel Paulsen om sommaren. Ved eit kapproingsstemne i regi av Bygdø roklub var han blitt tiltrudd eit tillitsverv. Petersen kritiserte her roklubben for unnfallenheit.⁷⁴⁴ Om hausten måtte så redaktøren sjølv møte i forlikskommisjonen, etter at den norsk-amerikanske skøyteløparen Alfred Samuel Franklin (nr. 3 i eit opne internasjonalt stemnet i Stockholm i januar) hadde funne omtale av seg injurierande. Petersen hadde tillate seg å tvila offentleg på at Franklin kunne kalla seg «Champion of the World», og meinte han snarare var ein slags sirkusartist som hadde den leie tendensen til å gje opp når publikum berre hadde betalt. Redaktøren trykte heile dommen, som frikjende han. I denne samanhengen skreiv han også kva han eigentleg meinte om levebrød-sporten. Helst såg han at denne ikkje vann fram på norsk jord og snø og is. Men han nærte samstundes all respekt for den profesjonelle som oppførte seg realt, særleg når prestasjonane hans heldt skikkeleg mål. Det han ikkje likte, var dei profesjonelle som bringa sporten i vanry, dei som, viss dei fekk lov å driva på utan kritikk, kunne driva med lureri. Til sist kunne det gå sånn, frykta han, at sansen hjå det store publikum blei utviska for, «at idræt og gjøgl er to forskjellige ting».⁷⁴⁵

Faren, slik redaktøren såg det, var kanskje ikkje så mykje det å vera profesjonell i tydinga heiltidsengasjert og seriøs og alvorleg – som det å lata den fysiske fine aktiviteten forfalla til juks og gjøgleri.⁷⁴⁶

⁷⁴³ Eg seier ikkje med dette at Hansen kom nærast sanninga, og at den eine sanninga finst om denne delen av amatørreglementa. Ein må ha auga for at det finst ulike forklaringslag, utan at ein dermed kan seia kva som var den *djupaste*, jamfør forholdet basis framfor ideologi i marxistisk ideologi.

⁷⁴⁴ I N.Idrbl, 1888, nr 20 påtalar red. i notis at Bygdø roklub hadde tiltrudd Ragnvald Lund tillitsverv ved kapproingsstemne denne sommaren.

⁷⁴⁵ N.Idrbl., 1888, nr. 24, s. 165

⁷⁴⁶ Den same analysen er vel eigentleg Jørgensen inne på i jubileumsboka om Dansk idrætsforbund (100 år i 1996). Det er verdt å merka seg, i samband med denne referansen, at sjølv om Jørgensen traderer amatørregelen i sitt opphav til britisk klassetenking, var det arbeidaridrettane i Danmark som mest brydde seg om amatørreglane (og mindre om ordensreglane), for slik «at afgrense deres idrætsgrene fra markedsgjøgl.» Trangbæk, 1995, s. 75.

Med andre ord: Byfolk og bygdeungdom hadde fått sansen for ærleg slit og kappestrid, både å sjå på slik idrett, og å driva han sjølv. Profesjonelle artistar av kva som helst slag måtte ikkje få øydeleggja for *det*.

Oppsummering

Eg har følgd skjæra til Axel Paulsen på glattisen i dette kapittelet, frå han byrja den internasjonale løpebanen sin i 1882, til topp-punktet på karriera då han vann på heimebane mot nederlendaren Renke van der Zee i 1885, til han blei dømd som ein grådig sportsgrubb i den norske idretsoffentlegheita i 1888. Norsk idrætsblad var aktiv med å bygga han opp som helt, og å riva han etterpå.

Amatørførestillingar stod sentralt i dette byggeverket. Det var i kraft av å vera amatør at Paulsen blei framstilt som ein skikkeleg idrettshelt. Han tok lidenskapen sin på alvor, og han veik ikkje unna utfordringar. Han var ærleg og heil i idrettshaldninga si. Dei meir estetiske innvendingane som fanst mot stilen til Paulsen på isen, kunne idrettsbladet tilgje han. Redaksjonen gav han spalteplass til sjølv å forsvare seg.

Men det var også i kraft av amatørførestillingar at han fall frå høgda. Redaktøren i Norsk idrætsblad meinte han hadde rigga til ein falsk duell – berre for å mjølka pengar av publikum, og derigjennom av idretten.

Etter denne tildraginga med Paulsen i avisene og fagbladet sjølv, og med svensken John Avén involvert, kom det til amatørdiskusjonar, både snevre og breiare, i både Sverige, Norge og Danmark. Svensk idrett omkring og i Stockholm laga ein utførleg amatørdefinisjon om våren 1888, som redaktøren i Norsk idrætsblad syntest mykje om. *Dansk Sportstidende* viste seinare same året til ordskifte i både norsk og dansk offentlegheit om idrett som hovudbeskjefting i livet («Professionals»), og meinte at Alvoret, i form «[e]vindelige Vædekampe med Professionismæssig Trænering», så langt ikkje hadde øydelagt amatøridretten i Danmark i særleg grad.⁷⁴⁷

Men alvor kan forståast på fleire måtar, som nemnt. Korleis sakføraren Axel Huitfeldt forstod trening, lidenskap og alvor i samanheng av skiløping i Norge, må eg nærma meg no.

⁷⁴⁷ Sjå *Dansk Sportstidende*, 1888, nr. 45 (9. november), s. 358.

Kapittel 6. Alvoret på ski

I 1884 drog Sondre Norheim til Amerika. Han var då nesten 60 år gammal. Denne husmannen, som aldri hadde ått sin eigen gard, fekk no endeleg sitt eige jordstykke. Men denne uheldbredelege skiløparen, som hadde elska bakkane og brattlåma som kanskje ingen andre, han fekk alderdommen sin på den flataste prærien i Nord-Dakota. Eit liv har så mange vendingar, og lag.

Det sporet som Norheim sette etter seg i snøen i Kristiania, den figuren som han liksom streka opp i lufta, den blei likevel verande. Norsk idrætsblad mana tidleg i 1884-årgangen fram eit bilete som kan seiast å likna på han, og i alle fall stilen hans. Eit dikt følgde teikninga, som mana fram skiløparamatøren i norsk samanheng. Dette kapitlet handlar om denne skiløparfiguren, og om dei som forma han aller mest. Eg følgjer særleg orda og stundom spora etter Axel Huitfeldt, den store skiideologen i desse åra. Kva amatørforestillingar hadde han?

Kapitlet er langt. Eg har laga eit halvvegs avbrekk; første lekken (a) strekkjer seg frå 1881 til nettopp skihøvdingen Norheim forlet Norge i 1884, den andre (b) frå eksperimenta til Skiforeningen med både representasjonsrenn, og reint hopprenn, og veldig langt distanseren i åra 1885-1888.

Lekk a: Skiforeningens kombinerte skirenn

Ein kunne kanskje ha venta at ordskiftet om utforminga av skiidretten i utstyr og i tevlingar heldt fram den andre årgangen av Norsk idrætsblad, no med Axel Huitfeldt tydeleg løfta inn i sjølve redaksjonen, og med vinteren og skirenn på kalenderen. Slik gjekk det ikkje. På generalforsamlinga i 1881 hadde eit klart fleirtal i Christiania Skiklub hadde avvist eit forslag om å opna for vanlege medlemskap, og likeeins at denne private klubben skulle fremja skisporten for eit større (by-)publikum gjennom å arrangera premieskirenn. Utifrå referatet i *Norsk idrætsblad* å dømme, handla dette om at klubben ønska primært å vera avgrensa til ei privat samanslutning av 50 menn, som ikkje trong å forplikta seg til å laga i stand skirenn kvar bidige vinter. Artikkelforfattaren («signert med ein «h») anerkjente dette motivet, men tok samstundes til orde for ei «almindelig skiforening» i Kristiania, open for kven som helst og uavhengig av Centralforeningen, som kunne bidra til årlege premieskirenn i og ved Kastellbakken, dette norske «Derby» som artikkelforfattaren kalla det⁷⁴⁸. Det er uvisst om denne «h» sat i Centralforeningen, men han kjende i alle fall til økonomien der, og meinte ein

⁷⁴⁸ N.Idrbl, 1882, nr. 1 (fredag 6. jan.) s. 6.

ikkje kunne venta at denne samanslutninga hadde musklane til å arrangera premietevlinga åleine. For alt eg veit, kan «h»-en ha stått for Huitfeldt. Noko renn i Huseby-bakken blei det altså ikkje tale om, i 1882. Det var no elles ein nokså snøfattig vinter, for all slags skiidrett.

Men den oppmodinga som signaturen «h» hadde fått prenta i Norsk idrætsblads første nummer av 1882, det frøet som blei sådd om å danna ei open og allmenn skiforeining i Kristiania, det bar sanneleg tre og frukter. Omkring 130 menneske hadde meldt interessa si i løpet av året, og i desember hadde styret i Kristiania Skiklub, samt dei øvste representantane for Centralforeningen, Christiania Turnforening, Den norske Turistforening, Kristiania Roklub, Kristiania Skøjtetklub og Studenternes Gymanstik- og Fegteforening invitert kven som ville (over 18 år) til å teikna seg som medlemmer i *Foreningen til Ski-Idrættens Fremme*, som hadde konstituerande møte der lovene blei vedtekne den 4. januar 1883.⁷⁴⁹

Foreininga bestemte seg for å slutta seg til Centralforeningen formelt sett. Av dei 170 som stod som medlemmer ved slutten av året, var ni kvinner. Ida Huitfeldt, kona til Axel Huitfeldt, var ei av dei.⁷⁵⁰ Sjølv om styret rekrutterte eit «høgare» sosialt sjikt av mennene i byen (ein var konsul (Axel Heiberg), to var grosserarar, ein var kontorsjef (formannen Andersen Aas), og ein «appretør» (P. H. Hoff⁷⁵¹)), kan tydinga av det ein enklare kalla *Skiforeningen* vanskeleg overdrivast for den utbreinga som skiløpinga fekk – ikkje berre i Kristiania, men i byane omkring, så som Drammen, og på bygdene, både i Bærum og det vide Telemark. Skiforeningen forma i stor grad korleis skirenninga skulle sjå ut. Foreininga føra nordmenn med klare førestillingar om kva som var stor og rett skiidrett gjennom dei skirenna som dei skipa til, gjennom dei skiutstillingane dei laga, og gjennom dei debattmøta dei tok initiativ til, og den diskuterande offentlegheita som dei skapte også med generalforsamlingane sine. På denne måten er Skiforeningen som organisasjon ein heilt sentral idéprodusent for heile den perioden eg tek for meg i dette kapittelet (1881-1888), og det mykje meir enn Centralforeningen, som var prega av interne stridigheter og av avskaling til folkevæpningssamlaga.

Ein kunne godt mogleg argumentera for måten Skiforeningen blei driven på som organisasjon, er sjølv del av amatøriddretts historia. Kontingenten for medlemskap i Skiforeningen blei sett nokså lågt, fire kroner årleg, samanlikna med til dømes avgifta i Bergen Roklub, der det kosta heile 25 kroner per år. Kontingenten var også låg samanlikna med

⁷⁴⁹ Alle desse nemnde foreiningane hadde underskrive og såleis støtta invitasjonen, som nok var ført i pennen av styret i Kristiania skiklub, der Axel Huitfeldt var ein av representantane. Men det kan sjå ut som skiklubben trong skyv bakifrå, for i notis i Morgenbladet den 7. desember 1882, nr. 338A bad J.J.Muller dei om få annonsen og innbydinga ut i avisene.

⁷⁵⁰ Skiforeningen, 1898, s. 67.

⁷⁵¹ Det går ikkje fram av kjeldene mine kvar industriprodukt Hoff var ein foredlar av (papir, skinn, bomull), men han sat i alle fall i Sagenes Arbeidersamfund, der han på generalforsamlinga i 1882 føreslo å begrensa stemmeretten berre til menn. Sjå Morgenbladet 19. april 1882, nr 107A.

Kristiania Roklub, der kostnaden var 10 kr.årleg. Foreininga sikta og samla breitt; ho var for «enhver, for hvem sagan måtte være af interesse», som det stod i invitasjonen,⁷⁵² ho var sånn sett prinsipielt demokratisk. Endå viktigare: Deltaking var eit nøkkelord. Siktemålet med foreininga, «Foreningens øiemed», som det heitte i paragraf 1 av lovene, var å breia ut skiidretten. Dette skulle skje gjennom premieskirenn og skiutstillingar og liknande.⁷⁵³

Om deltakinga skjedde i form av tevling eller berre turar, var nok mindre viktig. For kvinner var konkurransane stort sett uaktuelle, utan at det blei uttrykt i lovs form. At det gjeldt skiløping i og omkring Kristiania, var nok også underforstått. Men, det var lyst og sansen, «sandsen for denne nationale idræt», som skulle breiast ut i byen og omegn.⁷⁵⁴

Og sjølv om styret snart tilsette ein sekretær (medisinarstudent Joh. Beckholm) i ei viss, altså betalt, stilling, var innsatsen i styre og i tilskiping av skirenn basert på frivillig – og ulønna – iver.⁷⁵⁵

Skiforeningen skal likevel ikkje, ved styret og støttesignaturane og medlemsmassen sin, ha æra åleine for den tydinga foreininga fekk. Foreininga var del av ei breiare idrettsoffentlegheita som støtta henne varmt, og som gjorde eit lesande publikum merksam på dei skirenna ho stelte i stand.

Morgenbladet omtala initiativet og stiftinga den 7. og 8. januar 1881. Dei andre avisene i Kristiania gav skiarrangementa brei dekning dei komande åra. Og Norsk idrætsblad oppfordra både gamle og unge, menn og kvinner (!) til å melda seg inn i det første nummeret sitt i januar 1883.⁷⁵⁶ Redaksjonen stilte opp eit dikt, ikkje noko mindre høgtidleg, i samband med at lovene blei gjort offentlege. Akkurat dette diktet var ikkje signert, men det kan lesast som eit redaksjonelt utspel, altså som dekning for kva bladet sjølv meinte. Det var stila til ungdommen, som kanskje koste seg under «den varme feld», eller med ei bok i ein «kak'lovnskrog» når snøen dekte dal og fjell, som det stod. Akkurat *gale* var det ikkje, men det fanst endå større gleder: Ungdommen måtte koma seg ut på ski. Sova kunne dei gjera når dei blei gamle! Direkte sitert: «Og har du øje for den pragt,/ som dig naturen byder,/ dens underskjønne højtidsdragt/dig sikkert længe fryder./ Og har du i den mørke by/ hver dag dit travle virke/ du vist vil prise højt i sky/ naturens store kirke.»

⁷⁵² Sjå Skiforeningen, 1895, s. 47.

⁷⁵³ Morgenbladet den 7. jan 1881, nr. 6A. Løyperydding og løypemerking var ikkje nemnt i opphavstekstane, men alt på generalforsamlinga i 1884 etterlyste vegdirektør Krag merking av løyper. Skiforeningen, 1933, side 16, og 91.

⁷⁵⁴ *Foreningen til Ski-Idrættens Fremme Gjennem 50 år*, 1933, s. 23. I invitasjonen står det «utbrede sandsen for denne nationale idræt inden byen og omegnen».

⁷⁵⁵ Hoff var innmeldingssentral ved Husebyrennet 1883. Adressa hans var «Hjula Væveri». Beckholm kom til i 1884. 2000 betalande tilskodarar då. Sjå «Generalforsamlinger og aarsberetninger 4.1.1883-1903».

⁷⁵⁶ N.Idrbl., 1883, nr. 1 (fredag 12. jan).

Dette skal gå som ein gjennomgangsmelodi i alle verrapportar og notisar og ein del lengre artiklar om skiløpinga i Norsk idrætsblad i heile perioden 1881-1888: at byen er mørk og travel og prega av dårleg luft, men skogen og viddene er kvite og reine og oppløftande for sinnet – og for så vidt godt for helsa. Dessutan var skiidretten moralsk oppdragande, meinte Norsk idrætsblad. Det stod i alt i ovarennnet eller satsen til sjølve diktet i januar 1883. Introduksjonen til det lydde slik: «Sundhed, mod og kraft blomstrer i dens spor. Skjøn er den som få, og er der noen idræt, hvor individet kommer til sin ret, så er det vel her.»⁷⁵⁷

Dette gjer skisporten høgst relevant eller open for amatørforestillingar, slik eg skal granska dei gjennom blada mine. Og sjølv om berre leik, eller «leg» («på skien ud en lystig fart!»), var betont i diktet, var kappestrid og premieskirenn eit heilt legitimt middel for denne større saka, ifølgje Norsk idrætsblad. Denne merksemda om å skipa til skirenn som skulle lokka både byungdom og landsens ungdom til skiprøving og sans for skiløping – og gjerne med gjeve premiar som del av freistinga – gjorde også Skiforeningen annleis innretta alt frå starten av enn særleg turnkrinsane i Kristiania, og for den del delar av Centralforeningen, der skepsisen mot konkurransar var større. Skiforeningen tok seg rett nok betalt for inngangsbillettane til Husebyrennet, og dei mange tilskodarane (menn og kvinner), gjorde rennet til ein viktig del av drifta til foreininga. Men poenget med premieskirenn var ikkje så mykje tilskodarar og framførtande i seg sjølv som dei turane og løypene som ungdommen, menn og kvinner, sjølv laga seg i snøen, etterpå. Skirennnet skulle fremja skiinteresse og skiglede, i tråd med siktemålet for foreininga, ikkje inntekter. Cirkus Schumann, som annonserte mellom anna med «Trapeze volant» eller «Flyvende Mennesker, stortartet Luftgymnastik» på den same tida, var ikkje ute etter å få publikum, menn og kvinner, til å flyga i lufta slik som brørne Maiano, men å lokka og trollbinda byfolk inn i sirkussalen på Tivoli, og såleis få dei til å betala inngangsbillettar.⁷⁵⁸

Husebyrennet anno 1883

Vinteren 1883 låg snøen låg djup i nærleiken av Kristiania by. Husebyrennet vart annonsert i Norsk idrætsblad i nr. to av årgangen. Også dagsavisene trykta lysingane til Skiforeningen. Avertissementa lokka med premiar, men ikkje med fleire klassar, og såleis fleire moglegheiter for førstepremiar.⁷⁵⁹

⁷⁵⁷ N.Idrbl., 1883, nr. 1, s. 7. Det er uklart om skribenten her var Axel Huitfeldt sjølv.

⁷⁵⁸ Sjø annonsen i Morgenbladet torsdag 7. desember 1882. Av andre lokkande nummer av opptrinn med dresserte arabiske «Raphingste». Sirkusbygninga det er tale om her, må ikkje forvekslast med det permanente sirkusbygget som kom i 1890. Sjø Berthelsen, 2011, s. 181.

⁷⁵⁹ Aldersgrensa var sett til 17 år (og oppover) og premiane hadde høg (om enn fallande) verdi; 100 kr. for førstemann, 90 kr, 80 kr. osv. For bygdefolk ordna Skiforeningen rabatt på toget (frå Kongsberg og frå Drammen). Bærum skyttarlag skipa til

Aftenposten hadde for sin del fem annonsar om rennet under kvarandre, dei to første om sjølve rennet for deltakarane, det tredje om ekstratog som var sett opp for publikum, det fjerde om at medlemmer av Skiforeningen kunne kjøpa eit avgrensa tal dame-billetter til halv pris (til eigen tilskodarplattform), det femte ei oppfordring til damer i Kristiania om å bidra til ein ekstrapokal for den «flinkeste og kjækkeste Skiløber» frå byen sjølv. Initiativet kom frå «Flere Damer», som det stod i annonsen. Kva som låg i uttrykket «kjækkeste» og kvifor ikkje kvinner blei lokka til å melda seg på i rennet, er ikkje sagt. «Damernes pokal» blei uansett ein tradisjon ved Husebyrennet dei neste åra.⁷⁶⁰

84 menn hadde meldt seg på, eit ganske imponerende tal for den ferske foreininga, sjølv om «berre» 68 av dei møtte opp. Telemarkingen Torjus Hemmestvedt vann, framfor broren Mikkel. Dei hadde begge vore med på skiskulen i 1881. Sveining Svalestoga var faren til Amerika. Det same gjeld Åsmund Brekke, han som vann Husebyrennet i 1881.

Tida til Hemmestvedt på heile rennet hadde telt ein tredel av sluttkarakteren, dei øvrige dommarpostane langs den 5000 alen lange løypa ein tredel (ved gjennomsnittet av vurderingane til dommarar på ulike stader), og hoppet og svingen etter det ein tredel (snittet av to hopp). Ein skilde altså langrennet frå hoppinga, som kom etterpå. Interessant nok hadde to legar vore dommarar ved innkomst frå lengdeløpet, professor Heiberg og korpslege Irgens. Dei hadde vurdert kva dei kalla «holdning» - gjeve ved markørar som sterk sveitte, raudt andlet, glinsande tunge auge, slapp haldning i kroppen, langsame og utydelege svar, og tung pust – som ved høg faktor gav ein diagnose av for «stor anstrengelse» under løpet. Legane rådde Skiforeningen til å løfta aldersgrensa for lengdeløpet til 20 år for seinare renn.

Det var altså ein *vitskap* som no var med å definera ein estetisk kategori – «holdning». Mennene i medisinen gav, i den grad dei ikkje forulempa den undersøkte med altfor nærgående undersøkingar, som dei skreiv i ein rapport etter konkurransen, kroppslege kjenneteikn ein stilistisk og såleis sportsleg verdi. Dette var heilt i tråd med kva samtida kalla «rationel idræt». Her kan det stå som påminning om at dei moderne kategoriseringane som er gjevne av dei utdifferensierte sfærene av det skjønne, det sanne, og det gode – *ikkje* nødvendigvis hadde vassstette skott seg i mellom, i 1883.

I sjølve hoppet svor Torjus Hemmestvedt til å stå med rake bein i svevet, kva forfattaren Loupedalen har kalla rakstandarstilen. Skidommaren Axel Huifeldt gjorde dette seinare til mal og ideal. Sidan Svalestoga ikkje var med, møtte Hemmestvedt kan henda ikkje så mange

skirenn med tre klassar (A, B,C) den 25. februar 1883. Om klasse C var for yngre løparar, er ikkje sagt. Kvinner var ikkje med. Sagene Skiklub hadde beramma skirenn den same søndagen, men måtta avlysa på grunn av mildver. Dagbladet 26. feb. 1883.

⁷⁶⁰ Aftenposten 1. feb. 1883. nr 27A. Sjå også Morgenbladet laurdag 3. feb. 1883, nr. 33A. Ei liste var lagt ut i fleire butikkar.

rivaliserande teknikkar, og tilsvarande mistru mellom dommarane. Godt mogleg var rakstandarstilen sikrare for fall og knekte ski. På den andre sida var hoppinga no skilt ut som eigen del av kappinga, med to omgangar for kvar løpar. Og mot var heva ut i vurderingskriteria. Kan henda var, som Finn Olstad skriv, rakstandarstilen betre tilpassa større bakkar. Skitevlaren kunne uansett ikkje, og skulle ikkje, gardera seg med «springmarsjen» åleine.⁷⁶¹

Politisk sexa

Om kvelden den 5. februar var det premieseremoni i Studentersamfundet, og prins Oscar (nr. to i arverekkefølgja) var til stades og delte dei ut. Festen var eigentleg open for kven som helst som løyste billetten, men eg vil tru at dei fleste som var der, anten var medlemmer av arrangørforeininga, eller løparar som hadde vore med i tevlinga.

I 1881 vitna referata om luttar harmoni mellom bygdefolka og bymennene. Men ifølgje omtalen til Huitfeldt i Norsk idrætsblad hadde skåltalane no sklidd heilt ut, etter at prinsen hadde forlate forsamlinga. Ordet blei gjeve fritt, slik det også kunne henda på bedehus eller andre lekmannforsamlingar. Og telemarkingane hadde, under påverknad av alkoholen dei drakk, blitt både ufordragelege og urimlege, tykte han. Dei hadde kan henda forlanga betre dekning av reiseutgiftene. Eller dei var misnøgde med dømninga, slik nokre aviser tyder på. Han forstod ikkje kva dei klagde over; dei som drog mesteparten av premiesummane med seg heim att. Endåtil summen nemnde han: over 600 kr. (mot 233 til byløparane). Attåt dette hadde somme av dei blanda inn politikk i talane sine. Politisk strid høyrde ikkje med i idretten i det heile – dersom ein skulle prøva å arbeida saman broderleg, som Huitfeldt uttrykte seg.

Kva politikk var det tale om? Torjus Loupedalen, som intervjuar mange av telemarkingane, meiner det handlar om kongens vetorett. Dette var den brennheita saka i samtida, som kløyvde mange flokkar og gjorde folk til uvener: for eller i mot unionskongens rett til leggja ned veto mot lovene som Stortinget vedtok. Alt i 1881 hadde visst ein telemarking teke til orde for meir radikalt folkestyre, men blitt dregen ned att frå talarstolen. No skal Høye Axel Nordgarden frå Seljord ha gripe ordet, og drege eit spor frå Olav Trygvason og til det heilt forkastelege i det absolutte veto! Det blei visst nok ei heftig røre.

«Eg heldt på å bli kasta ut», skal Nordgarden ha fortalt i ettertid.⁷⁶²

Folkebladet, eit illustrert vekeblad som satsa på både underhaldning og opplysning, samstemte med Norsk idrætsblad i at oppførselen til telemarkingane var for lite respektfull

⁷⁶¹ Om vurderingskriteria: «[H]vorved tages hensyn til om skiløberen sætter modig til og ikke stryger farten af før hoppet, hvorledes han bruger staven, om han kommer støt og smukt ned.» Sjå Loupedalen, 1947, s. 206. Olstad skildrar den nye stilen fint: Hopperen sto rak som et lys i svevet.» Olstad, 1987, s. 61.

⁷⁶² Sjå Loupedalen, 1947, s. 212.

ovafor kongen. Dei hadde visst ikkje teke luva av då han kalla dei til seg i hoppbakken.⁷⁶³ Referata i Morgenbladet, Aftenposten, og Dagbladet var derimot mykje mildare om kva som hende på festen. Men her kan journalistane ha forlate festen i det prinsen også drog.⁷⁶⁴

Talfesting

Det offisielle referatet frå Husebyrennet blei tilsendt Norsk idrætsblad av styret i Skiforeningen, og trykt nesten i sin heilskap her den 9. mars. Kritikkk av det som blei sagt å vera to delvis feilaktige bladreferat (*Nordmanden*⁷⁶⁵ og *Samfundet*) om billetterabattar osv. kom med, men ikkje noko om tildragingane på sexaen. Styret hadde laga tabell over tidene til telemarkingane, opp mot kva bykarane klarte. På same måten hadde dei laga oversikt over hoppinga. Referatet tok inn delar av rapporten til legane, som gjorde grundig greie for vurderingskriteria sine, som nemnt. Dei etterlyste tabell for kroppsvekt og høgd på dei ulike deltakarane, som visstnok var vanleg ved startlister i Amerika, og som dei meinte ville vera gjevande for publikum også. Alle desse momenta kan vitna om ein sportifiseringsprosess, der ein altså tydeleggjorde og talfesta og samanlikna idrettsprestasjonane. På generalforsamlinga drøfta Skiforeningen inngåande om ein ikkje skulle laga til to klassar, slik at ikkje alle premiane gjekk til ei og same bygd. I dette låg det nok rettferdsbetraktningar, men vel så mykje at meininga med å oppretta foreininga jo hadde vore å fremja skiløpinga i bytraktene, og ikkje primært å syta for at telemarkingane fekk seg bytur og staslege og verdfulle premiar attpåtil.

Generalforsamlinga vedtok elles å støtta Norsk idrætsblad med midlar, noko redaktør Petersen hadde søkt om, og til gjenyting tilbode Skiforeningen raust med spalteplass. Norsk idrætsblad inntok såleis ein posisjon som nesten-offisielt organ for den nystifta foreininga, og premieskirenn som dei heldt i Husebybakken.⁷⁶⁶

Premiane var tvetydige, for redaksjonen i Norsk idrætsblad så vel som for Skiforeningen. Alt av den *første* omtalen av skirenn ved Huseby dette året, gjekk det fram at bladet meinte mange telemarkingar tok sjølv hoppet vel forsiktig, og gav meir iherdig innsats i langrennsløypa.⁷⁶⁷

⁷⁶³ Folkebladet blei i 1883 kjøpt opp av diktaren Jabok Breda Bull, og kom vel eigentleg ut berre kvar fjortande dag.

⁷⁶⁴ Sjå Dagbladet den 6. feb. 1883. Sjå også Aftenposten 6. feb. 1883, og Morgenbladet same dato (36B). Sistnemnde var kritisk til sjølv arrangementet; det mangla stolar, og mat og drikke. Elles fortalde Aftenposten og Morgenbladet at «Johaniterne» hadde bidrege under stormande jubel på premieutdelinga; eit kor kalla opp etter dirigenten Johan Behrens.

⁷⁶⁵ Godt mogleg er det kritikken som ein deltagar i rennet sjølv hadde kome med, og fått på trykk i Nordmanden (og godt mogleg Verdens Gang) den 26. feb. 1883. Vedkomande tykte mellom anna at premiane var for få, og at Skiforeningen ikkje var så flink arrangør som dei sjølv kanskje trudde. Nordmanden kom ut ein gong i veka, i Kristiania.

⁷⁶⁶ Foreininga vedtok ein støtte på 125 kroner, mot at Skiforeningen heldt seg retten til å rykka inn artiklar for «hvad som maatte ønske indtaget af almen Interesse». Denne spalteretten hadde Petersen ingenting i mot å innvilga Skiforeningen. Redaksjonelt-prinsipielt er det nokså interessant. Møtet var halde 31. mars 1883 med 14 til stades. Sjå «Generalforsamlinger og aarsberetninger 4.1.1883-1903». Jamfør N.Idrbl., 1883, nr. 5, s. 41.

⁷⁶⁷ N.Idrbl., 1883, nr 3. s. 22-23.

Byungdommen, derimot, var langt bak telemarksløparane i tid i sporet, men nokså jamne med dei i hopplengd og -stil. Referenten i N.Idrbl. (usignert) meinte dette botna i at dei som kom langvegs frå, ikkje ville risikera eit fall i hoppet, slik at dei stod tomhendte og upremierte tilbake etter den samanlagte konkurransen. Motet dei same skiløparane synte i oppvisningshoppa etter dei teljande spranga, var eit prov på at hovuinnsatsen var kalkulert. Tendensen var visst den same ved skitevlingar i Drammen, i Sandvika og i ein annan stad i Bærum den same vinteren. Norsk idrætsblad skreiv no (usignert) at nokre skiløparar igjen hadde slått av lengda på hoppet i premierenn, for ikkje å falla. Redaksjonen hadde lagt merke til det før, og ville ikkje peika dei ut med namn, men «[...] det er dem, der løber for pengeværdien af premien.» Bladet likte det slett ikkje, at kun eit fåtal sette freidig til, at dei fleste sikra seg ved å bøya knea før hoppkanten: «Dette er imidlertid lureri og ikke ærlig leg».⁷⁶⁸

Mellom linjene var det lett å lesa at *Norsk idrætsblad* meinte at fuskarane kom frå bygdene i Telemark. Eit lysande unntak fanst rett nok i løparen Søren Smestad, meinte artikkelforfattaren, men dei andre tenkte for mykje på premien. Annleis var det då med Kristiania-løparane; der la alle til med alt dei hadde i satsen. Kor vidt bladet her var urettmessig partisk på vegne av byungdommen, og gløymde den opplagte risikoen for brekte ski, er ikkje det viktige. Heller ikkje om det var Axel Huifeldt, eller Sigvart Petersen, som skreiv akkurat her. Det sentrale for meg er refleksjonen som blir gjort om premiane. Dei forstyrra og forvanska sjølve fridomen i konkurransen. Grådighet og feigskap kunne trumfa vågemot. Som det heitte framhaldet, i ein tydeleg patriotisme for skiidretten sjølv: «Denne faktor formindsker interessen og bringer ganske andre følelser i ens bryst end de, der er overensstemmende med en så frejdig, sund og ufordærvet idræt.»⁷⁶⁹

Tendensen til forsiktighet og premiekynisme var eitt trugsmål mot uforderva og ekte skiidrett, slik Norsk idrætsblad såg det. Eg kallar det amatørrelevante førestillingar.

På den motsette sida risikerte ein også at idrettsungdommen tok for *mykje* i. Eg har alt nemnt at legane vakta om eit visst måtehald under lengdeløpet. Referatet frå Husebyrennet åttvara mot vanvitige sprang og fall på hovudet. I samband med eit hopprenn i Holmestrand (25. februar) gav også redaksjonen sine ettertankar. I *Holmestrandsposten* hadde ein visstnok tala om «halsbrækkende hop» med respekt og anerkjenning. Denne karakteristikken trudde Norsk idrætsblad skuldast referenten, meir enn kva arrangøren sjølv hadde søkt å fremja med kappleiken der. Uansett skulle ein ikkje trakta etter halsbrækkande – altså altfor dristige og

⁷⁶⁸ N.Idrbl., 1883, nr. 5, s. 41-42.

⁷⁶⁹ N.Idrbl., 1883, nr. 5, s. 41-42.

dermed farlege – skihopp. Sirkus og linjedans figurerte på denne måten i bakgrunnen for bladet, som vrengebiletet på sann og sunn idrett.⁷⁷⁰

I dette synet var Norsk idrætsblad slett ikkje åleine i offentlegheita. Ein brevskrivar (korrespondent) til Lister og Mandals Amtstidende uttrykte seg først fordømmende om underhaldninga på marknaden i Kristiania: «Det er Humbug fra først til sist.» Noko anna då var premieskirennen ved Huseby: «Man frydede sig ved at se den Kraft, Smidighed og Raskhed, disse flinke Skiløbere lagde for Dagen[.]»⁷⁷¹

Så må det også seiast – at ikkje alle avisene vinkla rennet på nett denne måten. Aftenposten la mykje vekt på at kongen og dronninga hadde kome for å bivåna hoppinga, og all den jubelen som majestetane hadde vekt mellom publikum, det same gjeldt delvis også Morgenbladet. Bergens Aftenblad la litt seinare tyngd på det same omkring kongen, medan Nordmanden røpte kritikk (eller rykte om kritikk) på premieutdelinga – fordi ein løpar skal ha fått premie berre fordi kongen hadde tala med han. Godt mogleg var den politiske striden så heit at *det* prega kva ein bladfyk såg, og kva avisene beretta, frå skitildragingane.⁷⁷²

«Ærlig leg»

«Refleksjon» og «ettertanka» er kanskje vel forsiktige val av ord for dei ovanfor kommentarane i Norsk idrætsblad. Utfalla, viss eg heller skal kalla dei det, kom igjen ved fleire høve, endå om dei ikkje vekte debatt og innlegg utanifrå, så langt eg har kunna sjå. Kanskje var dei ikkje meint så mykje til diskusjon som til oppdraging av skiløparungdommen og til forbetring av sjølve premierennet som idé. Løysinga som Norsk idrætsblad føreslo for premierennet til Skiforeningen, var ikkje, som ein kanskje skulle venta, å rett og slett ta bort dei verdfulle premiane frå tevlinga.⁷⁷³ Ein kunne heller innføra ei minimumslengd i hoppet som alle måtte klara for å bli rekna med i samandraget, heitte det. Slik kunne ein unngå juks. Det stod likefram på prent: «På denne måde undgår man kneb og kommer sandheden nærmere.»⁷⁷⁴

Sjølvs om ikkje heller denne artikkelen var signert, er det grunn til å tru at den debattivrige sakføraren Axel Huitfeldt skreiv han.

Og sjølvs om ikkje uttrykket «amatør» dukka opp i denne artikkelen heller, eller for den del i den tidlegare nemnde korreksjonen av Holmestrandsposten, var det omsynet til den rette

⁷⁷⁰ Sjå N.Idrbl., 1883, nr. 5, s. 42.

⁷⁷¹ Sjå Lister og Mandals Amtstidende og Adresseavis, 16. feb. 1883.

⁷⁷² Sjå Aftenposten den 5. feb 1883, og Morgenbladet 6. feb. 1883. Bergens Aftenblad 19. feb. 1883, og Nordmanden 7. feb. 1883. Bergens Aftenblad var ei klart konservativ avis, slik som også Aftenposten var. Samfundet, på den motsette fløyen, kalla seg ei «politisk-liberal» avis. Det same kan vel seiast om Nordmanden.

⁷⁷³ I Drammen, den 18. feb, vann Torjus Hemmestvedt HM Kongens pokal. I Sandviken den 25 feb. vann han ein pokalpremie frå Bærum skyttarlag, og den 4. mars i same Bærum eit par ski. I sum denne vinteren vann altså Hemmestvedt tre verdfulle pokalar, samt 100 kr. i gull av Skiforeningen, og eit flunkande nytt skipar attåt. Det er ingenstad skildra kva han gjorde med desse premiane.

⁷⁷⁴ Sjå N.Idrbl., 1883, nr. 5, s. 42.

haldninga som låg forfattaren i Norsk idrætsblad på hjarta. Det var den rette sportsånda og dei vegleiiande normene av «ærlig leg» som skulle sikra at den beste skiløparen vann.

Og heller ikkje her – der eg altså talar om den moralske sida av det utvida amatørromgrepet – kan ein seia at tankane og erfaringane var beinvegs importerte frå Storbritannia. Norske idrettsideologar ønska å elska fram mot og innsatsvilje i skiløpa dei laga i stand. Rett nok hadde ein tala om det norske «Derby» i denne samanhengen tidlegare (1881), men norsk idrett hadde ein edel og freidig tradisjon å ta vare på – som ikkje måtte bli øydelagd av altfor mykje bondsk fornuft og feige materielle omsyn på den eine sida, og av uhemma akrobatikk og ufornuft på den andre sida. Imponerende sjev og utandørs slit måtte haldast i skjønn foreining i skisporten. Ein kan også seia dei meinte denne opphavlege tradisjonen måtte fornyast.

To punktmarkeringar kan dermed setjast allereie her: Om vogga for skisporten stod i Telemark, stod presten klar med konfirmasjonen i Kristiania. Om ei av rugekassene for amatør-tankane hekk i engelske universitetsbyar, hadde norsk idrettsøffentlegheit sine tilsvarande idear og verdiar og ikkje minst naturtradisjonar å passa på.⁷⁷⁵

Skiløparfiguren i svevet: Andreas Bloch og Kristofer Randers

Eg veit ikkje bestemt om det var Axel Huitfeldt, advokaten, styremedlemen i Skiforeningen og den redaksjonelle medarbeidaren i Norsk idrætsblad, som uttrykte ubehag ved det bladet oppfatta som låk moral og alfor forsiktig sats i skihoppinga i 1883. Men: I første nummer av 1884-årgangen var ein artikkel i alle fall underteikna av han, der forslaget om ei minimumslengd for bedømminga av hoppa i Husebyrennet kom på ny, dette som skulle motverka tendensane av det han karakteriserte som juks. Huitfeldt drista seg også til å meina at ein kunne ta vekk lengdeløpet dette året, aller mest for variasjonens skuld. Han ramsa opp ein del tilleggsgrunnar; at verken telemarkingar, bygutar, tilskodarar eller arrangørstab eigentleg likte den utskjelte «springmarschen». Til naud kunne han gå med på eit lengdeløp for seg, og med premiering for seg. Kunstløpet, som han kalla hopprennet, kunne ein så premiera for både lengd, og stil, og sving på sletta.⁷⁷⁶

Aller mest vona han på eit ordskifte om forslaget, og teksten og innhaldet i han må lesast i lys av det. Roland Huntford skriv om Huitfeldt at han var «en tøylesløs polemiker som stadig

⁷⁷⁵ Finn Olstad har sin versjon av dette munnhelle: Hvis vi først skal tale om skisportens «vugge» er det vel da rettest si at den stod i hovedstaden. I alle fall stod skirarrangørene i Oslo fadder. Olstad, 1987, s. 62.

⁷⁷⁶ N.Idrbl., 1884, nr. 1 (fredag 18. jan.).

fikk lange innlegg på trykk, fordi han også hadde innsikt». ⁷⁷⁷ Han meiner at han også var den viktigaste forkjemparen for å hevda først og fremst langrennet i Husebyrennet. Eg synest det er grunnlag i empirien for å trekka fram tvisynet til Huitfeldt, og at han vel så mykje var ein open og ordvekslande debattant. ⁷⁷⁸ Den eksperimentelle viljen hans fekk faktisk gjennomslag i avviklinga av rennet i februar, aller mest ved hjelp av vergudane, sidan skiføret svikta Kristiania mykje denne vinteren. I ein annonse for Husebyrennet stod det at lengdeløpet i år ville bli «undtagelsesvis» sløyfa. ⁷⁷⁹

Som ei slags oppvarming til dette skirennet, og nesten skjebneaktig passande til det som blei berre hopping på grunn av snømangelen, trykte Norsk idrætsblad ei teikning (og ei treskjerjing) på heile forsida av nummer to i 1884. Ho var mest meint som ei uhemma hyllest av skisporten. Denne teikninga var laga av Andreas Bloch. Andreas Schelven Schroeter Bloch med fullt namn, fødd i 1860, utdanna dels i Düsseldorf, dels i Kristiania, var ein uhyre produktiv teiknar; den fremste karikaturteiknaren i si tid (i Krydseren, Vikingen, Korsaren), men også mykje brukt som illustratør i bøker, og seinare skapar av plakatar, teaterkostyrme og reine portrett. Han bidrog med teikningar i både *Paa Ski over Grønland* og *Fram over Polhavet* av Fridtjof Nansen. Bloch må også reknast som den viktigaste sportsillustratøren på 1880-talet.

Dei som gjorde tresnittet, som altså igjen førebudde sjølve trykkinga, var xylografane Gustav Olsen & Hans Christian Olsen, velkjende og velbrukte handverkarar i Kristiania. Ein kan altså seia figuren hadde tre lag med kunstnarar og handverkarar under seg; teiknaren, og så xylografane, og så sjølve trykkarane. Den figuren dei fanga i svevet og altså Norsk idrætsblad trykte, er sagt å vera modellert på grunnlag av Sondre Norheim, ingen ringare. Ein annan modell for opptrekkarstilen (sjå framsida av denne avhandlinga) kan ha vore Sveinung Svalestoga, som Bloch kan ha sett sjølv, i Husebybakken i 1881. ⁷⁸⁰

Eg skal bruka noko meir plass på teikninga, sidan ho er den første til å setja den ideale skihoppinga på prent, og vel må ha tent som førebilete, heilt bokstavleg tala, for unge skiløparar i lesarkrinsen til bladet. ⁷⁸¹

Umiddelbart legg ein vel merke til at løparen held i ein stutt stav, og har armane heva høgt over hovudet. Knea er også godt opptrekte, i typisk opptrekkarstil. Denne var skiløparane

⁷⁷⁷ Huntford 2006, s. 119.

⁷⁷⁸ Alt i det første nummeret av den første årgangen hadde han oppmuntra lesarane til å drøfta kva type ski som var best for lengdeløping og for hopping. Sjå N.Idrbl, 1881, nr. 1, fredag 9. januar.

⁷⁷⁹ N.Idrbl, 1884, nr. 2 (25. jan.)

⁷⁸⁰ Sjå Olstad, 1987, s. 61. Norheim gjorde sitt siste renn i nærleiken av Kristiania i 1875, som nemnt.

⁷⁸¹ Malaren Christian Krogh i det same året 1883 laga teikning av telemark-nedslag av ein skiløpar i Husebybakken – men eg veit ikkje av denne blei trykt nokon stad.

rett nok i ferd med å forlata i 1883. Kva viktigare er: Han har skiene tett og parallelt samla, noko Axel Huitfeldt skulle halda fram som det aller finaste, og som distriktslegen Thoresen hadde prøvd å knesetja i si tid (1867). Skiløparen er kledd i karakteristisk rundtrøie, slik som Sondre Norheim gjerne gjekk i. Jakka, som i lengd gjekk ned til livet, er ikkje tilknept i teikninga, kva no grunnen er. Det er tvilsamt om stilideala i Husebybakken tillét slik flagrande framtoning. Men Bloch har kan henda villa gje figuren eit ekstra inntrykk av fart. Strengt teke burde vel skiløparen ha halde på hatten, for ikkje å mista han i luftdraget, men atter er vel dette å forstå som kunstnarisk fridom. Terrenget som er skildra bakom hopparen, er heller ikkje dei aller brattaste liene i Telemark; det er snarare eit fjell- og stølslandskap som kunne vore nord for Lillehammer for den del. Skiløparen leikar seg heilt åleine, utfordra av knausen eller skavlen i skråhellinga. Han held blikket retta langt framover, og verkar ikkje det minste nervøs for nedslaget. Kanskje ser han litt *for* langt fram, viss ein skal pirka utifrå realistiske kategoriar.

Eit bilet-dikt

I prinsippet kunne ein vel hevda at teikninga like så mykje er laga med inspirasjon i eit tekstleg førelegg som i eit minne Andreas Bloch kan ha hatt av Sondre Norheim – eller like gjerne av Sveinung Svalestoga litt nærare han i tid. På side to i det same nummeret er då også trykt eit dikt – som har den same tittelen som teikninga, «I hoppet.» I parantes står det «Text til Blochs billede». Dei fem strofene forklarar eller set tone til teikninga. Mest truleg har forfattere laga det i ettertid, etter å ha sett teikning. Trykket i Norsk idrætsblad har såleis *fire* lag med kunst og handverk under og over seg. Og uansett rekkefølge i skaparprossessen her gjev diktet ei moralsk og dels politisk ramme som eg kan fortolka heile den ideale skiløparfiguren inn i.

Diktet var skriva av Kristofer Randers. Han vaks opp i Ålesund, og skulle i seinare diktsamlingar (1887) hylla langt skarpare hellingar og fjell frå Romsdalen og andre stader nord på Vestlandet. Han var utdanna med juridisk embetseksamen, og arbeidde frå 1877 i Indredepartementet i Kristiania. Han var etablert også som diktar, og hadde gjeve ut tre diktsamlingar då dette diktet stod på trykk. Politisk sokna han til venstrekreftene i Norge, og kanskje endå meir sosial radikalt i krinsen omkring Olaus Fjørtoft. Eg vil gjetta på at redaktør Petersen har bede både Bloch og Randers om å mana fram skiløparfiguren for seg, så godt dei kunne.⁷⁸²

Diktet «I hoppet» har minningar til den mytologiserte Peer Gynt, og til andre dikt av Henrik Ibsen som hyllar einsemda i det storslåtte fjellet, så som «Paa Vidderne» (1860) og «Høifjeldsliv» (1871). Randers ser for seg at denne skiløparen har gjeve blaffen i

⁷⁸² Noreng, 2009. Kristofer Randers skreiv dikt om turn («Turn-song») i N.Idrbl, 1881, nr, 43.

kyrkjeklokkene, til og med, som ringer inn til søndagsmesse. Han dreg til fjells på ski i stadenfor, og kosar seg i naturen. Slik er heile handlinga i diktet stutt gjenfortalt.⁷⁸³

Visse, viktige element i diktet streifar ein amatørtematikk. Skiløparen har søkt fjellet fordi naturen lokkar han slik, og fordi han har lyst til å slita seg litt ut: «- Kroppen har godt af et ordentlig tag,/ og fjeldbræen skinner så vakker!» Han kjenner seg faktisk freista til å kappskri med reinsbukken, står det. Han har *ikkje* søkt fjellviddene av nødvendighet og han ser ikkje etter spor etter dyr fordi han treng å jakta på dei: «Leg er det ikke klavre på ski/efter renflokkens spor og på bjørnenes sti./» Dette oppfatar eg at diktet understrekar: Skiløparen kjenner seg fri og han badar lungene sine i rein luft. Så, i strofe fire, gjev han seg ei ekstra utfordring der det styrtar utover. Eller rettare sagt gjev landskapet hans ei utfordring når det brått heller utover. I Telemark ville ein vel kalla det ei uvyrdslåme, og denne skiløparen veit kva han gjer, også når skiene slepper kanten på «stupet». Eller gjer han det? Lyrikaren veit å la det henga ei lita spenning att i den siste strofa. Han gjev samstundes den uvisse utgangen ein moralsk dimensjon: «Den, som kan stå efter sådant et hop,/ han svigter nok ei, når det gjælder!»

Ein kan oppsummera strofene slik: Den som kan stå stødig på skiene sine etter ein skikkeleg modig sats, han er å stola på – også i livet elles. Han er snarrådig. Han sviktar heller ikkje i viktige stunder. Den som står på ski, står for noko. Slik *må* ein nesten lesa utgangen på dette diktet av Randers. Legg ein til den politiske orienteringa hans i yngre år, får teksten også ei politisk innretting i den parlamentariske striden omkring 1884. Skiløparen hoppar og står – for Norge.⁷⁸⁴

Dei moralske dygdene i diktet augnar ein snøgt: snarrådighet og vågemot. Sentralnerva i diktet er at skiløpinga utviklar eller dannar slike dygder.

Eg vil kopla dette på kva eg har kalla ein breiare, moralsk dimensjonert, amatørtematikk. Om søndagen er ein ifølgje diktet fri i Norge, sjølv frå religionen, til å prøva skiene. Ein treng ikkje ein gong konkurransen med dei andre; terrenget er utfordring nok. Kort sagt: Det gjeld å følgja hugen sin heilt, og *prøva seg* i det vekslande vinterlandskapet.

Amatøromgrepet blei ikkje eksplisitt uttrykt, men førestillingane i dikt og i teikning var dette omgrepet høgste relevante.

⁷⁸³ Eg er vel kjend med at litteraturvitenskapen gjerne skil mellom forfattaren og diktaren/forteljaren/røysta i diktet, men eg har ikkje gjort dette til noko program i tolkinga mi. Ibsens lansering av ordet «friluftsliv» er slik; «I den øde Sæterstue./ al min rige Fangst jeg sanker./ der er Krak og der er Grue./ Friluftsliv for mine Tanker.» Sitert etter Ibsen, u.å.

⁷⁸⁴ Visse skyttarlag tok nesten oppgåva med å verna Storinget heilt bokstavig, med namn som «Rifleringen». Sjå Olstad 1987, s. 104-105.

Atterhald

Kan henda ville ein i samtida oppfatta dette som eit heller ekstremt amatørideal. Når skiløparen søker meistring på skiene i naturen, treng han altså ikkje tevlinga med dei andre ein gong. Men koplpar han seg då ikkje *av* heile fenomenet av ære? Og har eg ikkje sjølv vige æra stor plass, som tett på senteret av sjølve amatørmotivasjonen? Hugs tildragingane med Axel Paulsen.

I den årboka som den britiske skiklubben «The Ski Club of Great Britain» gav ut, var det ein artikkelforfattar som indirekte streifa dette. Rett nok kom til klubben til i 1903, og denne årboka først i 1908, men fenomenet fjellvandring («mounteneering») var vel kjend for skribenten. På éin måte var lystvandringa britisk, slik Rune Slagstad har framstilt denne kroppskulturen, som nemnt. Forfattaren Archer Thomson fortalde no om eit skirenn klubbmedlemmene hadde halde i Kitzbuhel, det aller første for deira del. Innleiingsvis vedgjekk Thomsom at dei fanst dei som meinte konkurransar på ski ikkje berre var saka unødvendig, men *stikk i mot* den sanna ånda som ein prøvde å oppleve eller stemma i fjella. Eit slikt syn var ekstremt, tykte han, og han hadde nordmennene til inntekt for eit noko mildare syn. Dei hadde kome mykje lenger i skiløpinga enn britane, og dei var ikkje redde for konkurransane. Tvert om; dei trudde dei løfta nivået på dugleiken allment, skreiv han.⁷⁸⁵

Naturopplevinga og spenninga hadde likevel rom i hjarta hjå nordmannen, meinte britane. E.C. Richardson, ein av stiftarane av skiklubben, uttrykte beundring for dei norske skiløparane i ei bok han ved å redigera om skiløpinga (*Ski-running*) alt i 1905. Han fortalde om desse som la heile sjela og masse iver i å delta i hopprenn, og han kjende til karakterstikken «pot-hunters» i så måte – altså at dei var premie- eller pokaljegrar. Han meinte skjellsordet ikkje råka særleg godt, sidan dei ikkje fekk dekt utgiftene sine til reiser osv. på langt nær med premiane som dei vann. Så skreiv han: «Faktisk hoppar dei for gleda ved det, og faktisk for ingen anna, bortsett frå kanskje berømminga». ⁷⁸⁶ (Omsetjinga er mi)

Slik eg oppfattar diktet, og teikninga til Bloch, var Richardson si tolking ganske presis. Då meiner eg ikkje at han hadde lese diktet, sett teikninga, eller kjende skihopparane i Norge til botnar i deira sjel. Eg tenkjer på ideen om den reine skiløparen, som han tangerer her. Kall det gjerne idealtypen, etter Webers omgrep. Skiløparen søkte noko bortanfor all slags nivå forfengelegheit; utfordringa og spenninga og meistringa i seg sjølv. Eg har hug å understreka dette her: Også utanfor ramma av organiserte konkurransar kunne amatørfiguren vera gyldig.

⁷⁸⁵The Ski Cluf of Great Britain, 1908, (vol 1, nr. 4) s. 35. Redaktør for dei to første årgangane var E. Wroughton. I 1912 blei årboka også omgjeldande The National Ski-Union. Richardson vann elles langrennet i 1908, Wingfield hopprennet, og Richardson samla sett. Her var også kvinnekjennanse, med to deltakarar. Dei hadde også kombinert slalåm og utforrenn, ser eg. Med andre ord var dei før Arnold Lunn i «alpin» samanheng, han som Richard Holt har skriva ein artikkel om (1992).

⁷⁸⁶«They, in fact, perform for the love of the amusement, and, it may be said, nothing else except, possibly renown.» Somerville, Rickmers & Richardson, 1905, s. 12. (2. utg.). På nokre omslag titulerer Somerville seg med etternamnet Chrichton Somerville.

Og eg har lyst å leggja til: Somme idrettar i Norge var tett kopla på naturen og årstidene. Det gjorde ikkje den britiske konteksten av tevlingar og av spel like opplagt. Men det diskvalifiserer slett ikkje amatørforestillingar på snø og på is. Som denne avhandlinga vitnar om, og desse kjeldene opnar for, kan det vera tvert om. Naturidrettane gav truleg amatørtematikken ein tydlegare dimensjon eller motpol i høve akrobatikken. I bestemte samanhengar kunne han få ein politisk himmel over seg også.

Kombinert skirenn som mal

Kva meir er: Med desse føringane frå biletdiktet i framskolten kan ein så lesa referatet av Husebyrennet i Norsk idrætsblad frå 1884. Då skjønar ein også betre kva vedtak som kom etterpå. Tekststykket var signert av ein «N», altså ikkje Axel Huitfeldt denne gongen.⁷⁸⁷ Og artikkelforfattaren var eigentleg bestyrta over Huitfeldts forslag om å droppa lengdeløpet, ein idé som han kommenterte innleiingsvis. Som eit unntak var det kanskje greitt å prøva med berre hopp, men som vane, som kanskje to heilt ulike øvingar kvart år? Nei, då ville ein berre oppmuntra skiløparane til spesialisering; til å «utdanne sig særskilt som hoppekunstner og som løber, hvilket kun vilde have en mislig indflydelse på sporten og ikke frembringe mange normale skiløbere», skreiv han. Denne referenten ville ha skiidrettsfolk som var like mykje heime i begge disiplinane. Generalforsamlinga til Skiforeningen var heilt samd med han i dette, og gjorde som vedtak i april at lengdeløpet alltid skulle vera del av det skirennen dei skipa til, dette var «særdeles viktig for ski-idrættens udvikling».⁷⁸⁸

Kombinert skirenn blei, om ikkje ei lov, så i alle fall ein mal for Skiforeningen etter dette. Allsidigheit blei dygda ein trakta etter, og del av det implisitte amatørromgrepet i foreininga. Skremmebiletet var spesialisering, einsidigheit, misligheit.

Førebiletet kan ha lege i den lange tradisjonen, til dei gamle vikingekongane, spesielt Olav Trygvason, som blei dyrka på 1800-talet også som den største idrettsmannen, «sterkare og snøggare enn alle andre menn», som Snorre skriv. Kongen kunne altså både springa og klatra og balansera på årer og sjonglera med sverd og kasta spyd knallhard, og med begge hendene samstundes.⁷⁸⁹

⁷⁸⁷ Sjå artikkelen «Skirendet ved Huseby den 4. februar 1884» i N.Idrbl, 1884, nr 3. Stilen i teksten var noko knappare enn i tidlegare årgangar, skildringane og stemningsmotiva var i det heile snauare, både om tilskodartala og opptrinnet med kongen.

⁷⁸⁸ Sjå N.Idrbl., 1884, nr 7. Den same forsamlinga beslutta å gje Norsk idrætsblad ein årleg støtte på 100 kroner, som blei sagt å vera «livsviktig for bladet».

⁷⁸⁹ Sjå Snorre, 1964, side 199. At Olav Trygvason var dyrka på andre del av 1800-talet i Norge, er dikta til Bjørnstjerne Bjørnson vitne om.

Også *Boken om hoffmannen* av Baldassare Castiglione (1528) kan ha verka med. Den ideelle hoffmannen, heitte det her, kunne både symja, hoppa, springa og kasta stein, og gjera det godt i desse aktivitetane, som også «den gemene hop» verdsette. Attåt dette burde han kunna meistra ballspel, og viltigera til hest, noko som jo turntradisjonen seinare gjorde til ei øving utan det levande dyret. Men akrobatikk, linjedans og slike ting kunne adelsmannen godt hoppa over. Dette var gjøglaren sitt domene, skreiv Castiglione, og det «sømmer seg knapt for en hedersmann».⁷⁹⁰

Gymnastikken i Sverige hadde også sitt ideal om allsidigheit, og kan ha påverka førestillingane i Norge, sjølv om eg har rubrisert dette mykje som ein separat rørslekultur.

Britar tok tidleg på 1900-talet etter dette norske mønsteret av kombinasjon i skisamanheng. Medlemmene i The Ski Club of Great Britain, dei eg nemnde i stad, Richardson, Thomson og co: Dei gjekk langrenn i Kitzbuhel, og dei hoppa etterpå, og dei gav kvarandre premie for den *samanlagte* innsatsen. Dette tyder nok ikkje at amatøreren kan seiast å vera norsk, meir enn han var britisk.

Men: Over Nordsjøen gjekk påverknaden mange vegar.

Kristiania-triumf

Sidan snøforholda var som dei var, eller snarare ikkje var, kom ikkje meir enn elleve løparar frå Telemark dette året 1884. Både ideologisk og reelt var Husebyrennet såleis noko amputert. Faktisk var det ein Kristiania-løpar – gymnasiast ved Aars og Voss' skole Richard Blichfeldt, og medlem av skiklubben Ull – som vann, endå han fall i ekstraomgangen. Mikkel Hemmestvedt vart andremann, Torjus Hemmestvedt, sjølv storløparen, berre nummer fire.⁷⁹¹

Norsk idrætsblad gjorde pussig nok ikkje noko stort poeng av at Kristiania no hadde teke igjen, og endåtil slått, Telemark. Ein kunne tenkja det var merkeleg nok med tanke på modell-lesaren av dette sportsbladet. Men kanskje var det ikkje så underleg med tanke på den nemnde amputasjonen av langrennet. Og truleg var ikkje hoppa sjølv så imponerende heller, gjeve det dårlege føret. Det lengste hoppet var på 15 meter, ifølgje Dagbladet.⁷⁹²

Idrettsbladet tok nok også ei litt anna rolle enn dagsavisene, som kunne koma med referata sine den same dagen eller seinast dagen etter rennet. Morgenbladet fortalde ikkje om

⁷⁹⁰ Sjå Castiglione, 2012, s. 47. Om påverknaden denne boka fekk på den heile den europeiske hoffkulturen, sjå Peter Burke, *The Fortunes of the Courtier*, frå 1996.

⁷⁹¹ Premiane syntest noko meir smålåtne enn tidlegare år, kanskje var det også noko av forklaringa på den spakare deltakinga. Førstemann fekk kongens premie (ei sølvkanne), og nummer to ein pokal i etui, verd 100 kr.

⁷⁹² Dagbladet, 6. feb. 1884. I 1888 er atter byhopperane best, og ifølgje svenske *Tidning för Idrott* (nr 5, s. 42) fordi byhopperane (nok med Lillehagen og co inkl) har hatt meir gymnastikk og difor «större allmän kroppslig utbildning».

mindre enn 12 000 frammøtte tilskodarar, men var vel så oppteke av alle hurra-ropa majestetane hausta då dei kom litt ut i rennet, det same gjeldt Aftenposten.⁷⁹³ Heller ikkje desse avisene gjorde særleg nummer av at ein Kristiania-løpar no hadde vunne. Dagbladet vigde rennet og Kristiania-sigeren mest plass, som ein utførleg skildrande reportasje løpande over to sider.⁷⁹⁴ Norsk idrætsblad passa endå meir på den skikkelege idretsoffentlegheita som Husebyrennet var, eller som bladet meinte ho skulle vera, avisene sine referat inkludert. Skribenten «N» var endåtil misnøgd med at fleire av hopparane dette året hadde stilt med sjuskete klede: «Hvorfor alle disse barbariske dragte? Man behøver jo ikke være lapset[...]».⁷⁹⁵

Ein kan atter konferera med den skiløparen som Bloch fraus fast i svevet, og Norsk idrætsblad trykte på framsida si. Han var i kledd i svart vadmålsbukse, og med belte med kniv i slira. Han hadde ein gråare vest på overkroppen, ein halsklut, og strikka vottar på hendene. Den svarte jakka blafra i vinddraget. Men hatten hadde han kontroll på, oppå hovudet. Den kvite skjorta var berre så vidt synleg under vesten, i ei rand rundt livet. Skiløparamatøren hadde sånn sett full kontroll, over både svevet og haldninga, og kroppen og *kleda* sine.⁷⁹⁶

Kyrkjefred

Så må eg likevel vakta meg for idealiseringar. Med det uttrykket meiner eg ikkje her at idear ikkje har krav på merksemd, i og for seg, men faren for forenkla og forskjønnande og teoretiske framstillingar, heilt utan syn for element av makt, interesser, undermedvit. På festen etter skirennet i Kristiania i 1883, den såkalla sexaen, hadde jo telemarkingane kome med politiske markeringar, som nemnt. Redaksjonen i Norsk idrætsblad og i fremste rad her Axel Huitfeldt, hadde ikkje likt desse talane, særleg fordi meiningsmotstandarane hadde blanda idrett og politikk, skreiv han, altså noko som for han var uttrykk for *dårleg sportsånd*. Ein annan ting er at skiløparane slett ikkje var fri til å gjera kva dei ville kvar søndag, slik som diktet til Randers antyda. Skiforeningen måtte leggja rennet sitt til mandagen, sidan kyrkjefreden bandla for mykje av søndagen. Vegdirektør Krag var på generalforsamlingane iherdig forsvarar av kyrkjefreden dei neste åra. I det utvida amatørromgrepet om haldning og om stil som eg tek for meg akkurat i dette, låg det truleg ei forventning om ein viss smak og høfleg framferd i idrettsfestleg samanheng, der politikk og kongens makt (og Gud) var eit nærmast bannlyst tema å ytra seg om. Slik kunne dei med definisjonsmakt leggja lok på debattar som kanskje kunne rokka ved posisjonen deira, både økonomisk, politisk og kulturelt sett.

⁷⁹³ Sjø Morgenbladet den 4. feb. 1884. Her brukte ein framleis formuleringa: «Mærkelig nok hoppede det ikke sa lidt enda [...]». Sjø også Morgenbladet den tysdag den 5. feb. 1884 (35A med forsinka referat), og Aftenposten den 4. feb. 1884.

⁷⁹⁴ Teksten «Skirendet ved Huseby» var rubrisert på følgetongplassen, signert I.H. Sjø Dagbladet 6. feb. 1884.

⁷⁹⁵ N.Idrbl., 1884, nr 3.

⁷⁹⁶ N.Idrbl., 1884, nr 2 (fredag 25 jan). Om kleda til Norheim i det daglege: Loupedalen, 1947, s. 125.

Dette gjer ikkje amatør-ideane mindre reelle, det gjer dei berre meir tvetydige.

Til Amerika

1884 var den våren Sondre Norheim før til Amerika. Han blei amerikansk statsborgar i 1888. Heilt som ei helsing heimefrå kan likevel ikkje teikninga til Bloch i Norsk idrætsblad ikkje lesast; ho var laga alt i 1883. Men mange telemarkingar og morgedøler hadde alt emigrert. I boka til Torjus Loupedalen kan ein telja heile 17 skiløparar frå Morgedal eller Kviteseid som tok premie i Kristiania i 1870- og 1880-åra, og som drog til Amerika. Det som er noko påfallande, er at Norsk idrætsblad ikkje tematiserte dette emnet. Ein kunne tenkja seg spørsmål, slik som: Var det bra for skisporten? Var det bra for Kristiania-ungdommen, som kanskje fekk friare armslag om premiane i Husebyrennet? Ja, kvifor drog eigentleg alle desse stolte og dugande hopparane og lengdeløparane på ski frå landet sitt?⁷⁹⁷

Av Loupedalen si bok kan ein sjå at somme drog etter resten av slekta si, somme drog av kjærleik, somme drog av armod, og somme drog av eventyrlyst. Nokre drog unge, og på trass av foreldra sine. Andre drog inn mot alderdomen sin (som Sondre). Og nokre kom heim igjen, som Mikkel og Håvard Hemmestvedt.⁷⁹⁸

Det var ikkje berre telemarkingar som flytta ut. Kadett og ingeniør Olav Gjerdrum, førstepremievinnar ved Gamle Aker kirke i 1867 (og dobbelt førstepremievinnar på skøyter i 1870), før med eine bror sin til Canada i 1871. Av dei beretningane han fekk på trykk i Dagbladet, kan ein ana at han sakna karrieremoglegheiter i Norge. Ikkje alle drog av armod og fattigdom.⁷⁹⁹

Ein kan heller ikkje seia at telemarkingane som kom til Kristiania for å tevla på ski, kom for sølvpremiane åleine. Dette er eit inntrykk som har sett seg, med både vitenskaplege og populariserande kihistoriske framstillingar av dei siste tiåra, så som Haarstad (1993), Gotaas (2003), og Leif Torgersen Axell (2011). Sistnemde om Husebyrennet i 1879: «Lutfattige telemarkinger siklet på den gjeve sølvpremien til en verdi av hele 100 kroner».⁸⁰⁰

Visseleg kom mange bygdefolk (og i byane) frå tronge kår, det er mange kjelder og vitnemål om det. Men i det minste må ein skilja mellom *nødvendige* og *tilstrekkelege* årsaksforklaringar. Hadde alle telemarkingane gått (på ski) til Kristiania og til skirenna utan at

⁷⁹⁷ Huitfeldt noterte seg i 1886 at dei ikkje kom i hopetal og vann lenger, men forklarte det med at det ikkje var så mange premiar å henta då. Sjå Haarstad, 1993, s. 123.

⁷⁹⁸ Sjå Loupedalen, 1947, s. 265.

⁷⁹⁹ Olav Gjerdrum var kjent som ein dyktig skiløpar i Norge, skreiv Morgenbladet etter Aftenposten 11. juni 1871. Brørne Gjerdrum akta å utdanna seg som praktiske ingeniørar i Canada, og tok dessutan skiene med seg. Notisen nemnde at kanadarane var kjent for å gå på ski med truger (Snow shoes») og at dei gjerne laga til veddeløp. Det var såleis å vona at ein kunne få høyra om konkurransar mellom desse trugene og norske ski. Gjerdrum skreiv sjølv om det å vandra ut, i Dagbladet 21 mars 1872.

⁸⁰⁰ Sjå Gotaas, 2003, s. 35. Og Axell, 2011, s. 34: Mens fattigdommen tvang Sondre til Amerika, flyttet Elling Bækken fra Sokna til Christiania. Sjå også Haarstad 1993, s. 123.

det vanka moglege, og svært verdfulle, premiar? Neppe. Men er premiane *tilstrekkeleg* forklaring på kvifor dei kom? Neppe.

Poenget mitt er: Utan gleder av å gå på ski, og den meistringa ein skiløpar som Sondre Norheim eller Torjus Hemmestvedt hadde, ville dei aldri dukka opp. Sikkert skal også med: den trongen til å visa henne fram, samt ærelyst, og sikkert også utferdstrong og nyfikne på bytilveret, og mykje anna. Til å forklara menneskeleg motivasjon er det tvilsamt om éi forklaring åleine duger.

Dette er amatørromgrepet mitt relatert. Ettetida, altså vi på 2000-talet, har ikkje nødvendigvis meir grep om kva som dreiv menneska i fortida enn dei sjølv hadde, og kva som var idealisme, sjølvbedrag, hykleri, og dei eigentlege motivasjonane deira. Likevel må ein kunne seia at det var eit visst blindfelt i dekninga i Norsk idrætsblad av kor mange bygdeskiløparar som emigrerte, og rett og slett forsvann frå tevlingane og løypene her heime.

Kan henda ligg noko av forklaringa på dette i kva eg, og samtida mi, legg i ordet (mediemessig) «dekning». Dei journalistiske og redaksjonelle vurderingane var ikkje nødvendigvis dei same då som no. Dette viser seg også i kor lite idrettsbladet og dagsavisene faktisk skreiv om at Fridtjof Nansen hadde kome heilt frå Bergen for å tevla i Husebyrennnet i Kristiania i 1884. Og at han tok i bruk skiene på tilbaketuren, frå Ål eller Hol over Geiteryggen nær Hardangervidda, og ende til Voss (med tog vidare heim derifrå). Var ikkje det ein idrettsprestasjon, eller eit vågestykke, verdt å nemna? Var ikkje det motivasjon vesentleg å løfta fram? Han startar teksten med suget han kjende etter snø og skiføre, i striregnet i Bergen.⁸⁰¹ Det er også underleg sidan Nansen sjølv hadde sendt ein følgjetong om isbjørnjakt til Norsk idrætsblad i 1883. Og Axel Huitfeldt var jo halvbroren hans, som før nemnt. Kanskje gjorde nettopp dette slektskapet at redaksjonen vegra for å røpa private opplysningar om eller frå Nansen. Eller kanskje var det berre *Aftenposten* som betalte han mykje betre. Eller så har redaksjonen i Norsk idrætsblad gjort seg andre vurderingar og prioriteringar enn kva som synest naturleg i dag, som nemnt.

Rett nok var det mange aviser som trykte ein litt lenger notis (som *Vossebladet* hadde skrive) om Nansen etter at han hadde kome seg trygt ned i Raundalen, men ingen tok bryet (eller «skupet») med å kontakta han direkte.⁸⁰² I høve dei mange amatørforestillingane eg finn

⁸⁰¹ Dagbladet hadde svært langt, reportasjeprega (signert I.H.), stykke om skirennet den 5. feb 1884, der det også blei nemnt at Nansen hadde kome heilt frå Lærdal på ski. BT trykte dette på si førsteside laurdag den 16. feb. Morgenbladet hadde for sin del mest referat av riksrettsaka i Stortinget.

⁸⁰² Eg nemner *Moss Tilskuere*, og Romsdals Amtstidende, begge 28. feb. 1884, og Fædrelandsvennen 29. feb. 1884, og dessutan fleire bergensaviser, i alt ni aviser etter *Vossebladet* den 17. feb. 1884.

i idrettsfentlegheita, må det seiast at inga trykksak gjorde særleg nummer av 2. konservator Nansens lidenskap for snø og skirenn.⁸⁰³

Unntaket er den følgjetongen han sjølv skreiv etter ferda, og fekk trykt i Aftenposten i april månad. Kan henda var han meir medviten om eksklusivitet og mogleg teksthonorar enn eg veit om. Den dristige og freidige stipendiaten (som forska på slimål) blei elles nummer ni i sjølve hopprennet, og vann ein premie.⁸⁰⁴

⁸⁰³ Roland Huntford opplyser om at Henrik Angell gjekk over Haukelifjell i 1884, og fekk reisa på trykk i Morgenbladet i mars 1884. Kanskje syntest Nansens ferd mindre spektakulær, eller visjonær, enn ho gjer i dag. Huntford, 2006, s. 150

⁸⁰⁴ Følgjetongen, «En skitur fra Christiania til Vos», stod på trykk over tre datoar i Aftenposten i april månad. Det kan elles nemnast, kanskje noko belysande om vår tid, at i den relativt ferske biografien om Nansen av Harald Dag Jølle (2011), er kjærleiken til ei kvinne i Kristiania viktig drivkraft for ferda.

Lekk b: 1885-1888. Huitfeldt slår kontra

I den kronologiske framstillinga mi, her av korleis skisporten utvikla seg i lys av amatørørestillingar, har eg kome til året 1885. Norsk idrætsblad er framleis hovudkjelda, eller kva ein kunne kalla hovudpulsåra i norsk idrettsoffentlegheit. Som føretak gjekk det ikkje fullgodt for bladet; abonnementsskaren var fallande, og ikkje alle like pliktoppfyllande med å betala, og for å spare på kostnadene kom publikasjonen ut kvar fjortande dag.

I første nummer av 1885 blei det varsla at Husebyrennet skulle ha eit lenger lengdeløp enn tidlegare årgangar. Like så mykje som inspirasjonen frå Nansens langtur var det truleg tildragingar på svensk side i unionen som lokka Skiforeningen til å prøva meir krevjande format. I Nord-Sverige hadde ein utlyst eit veddeløp våren 1884 på heile 220 kilometer. I Kristiania nøgde seg ein i første omgang med fire kilometer.⁸⁰⁵

By-ungdommen blei i førehandsomtalen til dette rennet oppfordra til å trenast betre, og tura mindre i perioden før konkurransen. Nokre år har dei kome rett frå ball og til rennet, ifølgje bladet. Den siste perioden på 14 dagar burde skiungdommen halda seg unna tobakk, sprit og nattevåk. Det gjeldt om å halda på den nyvunne posisjonen i høve telemarkingane, men det klarte ein ikkje «uden alvorlige anstrengelser!» Om røyster i redaksjonen i Norsk idrætsblad var noko skeptiske til premiemerksemda åt telemarkingane, forakta dei ikkje slitet og den iherdige innsatsen i snødekt terreng. Skal ein gjetta på meiningsforskjellar mellom redaktør Petersen og medarbeidar Huitfeldt, var sistnemnde nok den som åtvare mot sprit og sherry i opptakten til renn. Petersen hevda endå sterkare at også grundig treningsarbeid var nødvendig.

Både i nummer 1 og 2 av bladet blei det i tillegg annonsert for rennet, og opplyst om at det blei sett opp ekstratog frå Kristiania til Bygdøy, og at publikum kunne ta skiene med (gratis). Dei tilskodarane som altså ikkje kom med hest og slede, og det kunne nok vera sågar halvparten, kunne såleis få seg ein skitur sjølve. Dette motivet av både løping på ski og av deltaking i tevlingar, var fortsatt det sentrale for Skiforeningen.⁸⁰⁶

Rennet var fortsatt beramma i marknadsveka, men på grunn av linnver, vart arrangementet utsett tre gonger, før det kom i stand på kort varsel onsdag den 18. februar. Skuleungane kunne då godt ikkje få fri endå ein dag (dei hadde hatt fri dagen før,

⁸⁰⁵ Sjå Huntford, 2006, s 145, og Gotaas, 2003.

⁸⁰⁶ Men legg merke til at Morgenbladet i førehandsomtalen dagen før meinte at publikum ikkje trong å koma før til hoppinga, og lova gode lengder her. Sjå Morgenbladet 18. feb. 1885.

fastelavensaftan). Interesse for marknaden var elles fallande, slik til dømes Dagbladet hadde rapportert det, alt i 1884.⁸⁰⁷

I februar stod det så to lange referat på trykk frå premierennet på Huseby, eit utan signatur, og eit meir offisielt underteikna av A. Huitfeldt sjølv.⁸⁰⁸ Halvt på vegne av Skiforeningen fortalte sistnemnde at tre trøndarar og sju telemarkingar hadde meldt seg på (av 62 totalt); den eine trøndaren hadde sågar lova saltomortale i hoppkonkurransen, utan at Huitfeldt sette utropsteikn eller noko varsel ved det. På grunn av utsetjingane forsvann dei fleste av desse distriktsrepresentantane heimatt, men Hemmestvedt-brørne tok seg tid (eller råd) til å bli, og dei vann første- og tredje plass i den kombinerte tevlinga, Mikkel først denne gongen.⁸⁰⁹

Før linnveret sette til, hadde planen vore å laga til to typar hopp, eit med lengd som mål og eit «fallhopp» (6-8 meter ned). Svingteknikk var også med i sluttvurderinga, godt mogleg som eit eige svinglâm. Lengdeløpet var dette året utan innlagte hindringar, og ingen stilkrav attåt tida ein målte. I evalueringa si la Huitfeldt stor vekt på at dei beste hopparane frå året før ikkje lukkast i det lengre skiløpet no. Dei ti raskaste kom frå landdistrikta, og han som vann i fjor, Blichfeldt, var i år faktisk nest sist! Dette var til dels eit resultat av ein hadde laga for mange «paradeopvisningar» utan vekt på kvalifikasjonane som løparane elles burde ha, skreiv Huitfeldt no. Med hans eigne ord: «Vi har lært vore skiløbere at hoppe og til dels svinge, men at tage sig frem på skierne i langvejen og bruge dem i en snarvending, den kunst kan de ikke.» «Og dette skulde dog være det vigtigste».⁸¹⁰

Huitfeldt var altså kommen dit for sin del at hoppinga ikkje kunne vera nok. Dét hadde han jo meint året før, om enn til dels for variasjonen si skuld. Rennet til Skiforeningen, og til Kristiania skiklubb før der, hadde venja løparane «formeget til blot at krabbe bort i den nærmeste bakke og så hoppe og hoppe – og dette går nu i svang – hele landet udover», skreiv han. Han kom med ganske hard kritikk, men også nokså streng sjølvkritikk. Å ytra seg i offentlegheita var ikkje noko som batt han til eit standpunkt av prestisjemessige omsyn; han kunne faktisk skifta syn. Slik går det i alle fall an å tolka éin tendens hjå han.

⁸⁰⁷ Omtale i Dagbladet 6. feb. 1884.

⁸⁰⁸ N.Idrbl., 1885, nr. 4 (den 23. februar) Dette referatet, som i sjangrar var ei blanding av vi i dag kallar reportasje og kommentar (av somme er samansmeltinga kalla «kommentasje»), var mykje meir utførleg og detaljrik enn i 1884; om folkelivet, av utfarten med hestar og sledar, alle lydane, og utsikten utanifrå byen. Publikum fekk i det heile ros for sin upartiskheit, sjølv om det var tydeleg for N.Idrbl. at damene særleg vona på bygutane i hoppkonkurransen. Når eg først kommenterer sjangrar: I N.Idrbl., 1881, nr 1, s. 1 er det eit interessant referat frå skirennet i Nydalen der signaturen «-e» skriv med veldig tydeleg «jeg»-form. (Han meiner at gutar ikkje bør få stilla i offentlege premieskirenn, sidan det er meir enn nok vaksne som har lyst å prøva tevlingar på ski.)

⁸⁰⁹ Ifølgje Romsdals Amtstidende den 24 feb. 1885 var det masse tilskodarar på plass. (Avskrift etter Morgenbladet.) Adresseavisen etter Fædrelandet, trykt den 26. feb 1885.

⁸¹⁰ N.Idrbl, 1885, nr. 4.

Overrettsakføraren føreslo såleis å ha paradeøvinga, altså hoppinga, kvart andre år og lengdeløp kvart år framover. Han ville helst skipa til lange distansar i langrennet, gjerne tre til fire norske mil, og retta dei verdfulle premiane inn på desse. Så kunne ein heller gje bagatellar og «verdiløse medaljar» for paradeløpa, skreiv han. Då kunne kanskje utviklinga bli sunnare, Kristiania-ungdommen betre rusta og ungdommen få augo opp for betydninga av trening i det heile. Han viste til roinga, der ein trenar skikkeleg på førehand. Huitfeldt hadde truleg regattaen mellom Oxford og Cambridge i tankane, men også dette at Christiania roklub hadde hatt systematisk trening sidan 1883, med hjelp av engelsk – og altså profesjonell – instruktør. Dette meir seriøse måtte til i skisporten også, meinte han. Ein kunne ikkje tru ein kunne kasta seg rett frå sherryen og sigaren og liksom ta kampen opp mot dei beste skiløparane i landet.

Han føreslo altså ikkje ein eigen klasse for byløparane, heller ikkje her. Han meinte ikkje at det skulle finnast ein formalisert «amatør»-klasse for dei som eventuelt tok sporten mindre alvorleg. Og han hadde fortsatt tru på verdien av premiar.⁸¹¹

Eit siste poeng om Huitfeldts debattstil skal nemnast: Han oppfordra atter til debatt. Han hadde ikkje tenkt heilt gjennom saka, skreiv han. Han vona atter på ein opplysende diskusjon, der fornufta kunne få armslag og kanskje gjennomslag.

«Fagmænd»

Axel Huitfeldt kan altså framstillast som ein ekte opplysningshelt på skiidretten sitt område, men nok også som ein polemisk og kanskje framfus og vinglevoren debattant.⁸¹² Han kunne ta til orde for både to – og ein stav. Han kunne uttala seg harskt om måten kvinnene oppførte seg i skiløypene på, og han fekk samstundes «lov» å skriva om skisport i kvinnesaksorganet *Nylænde*.⁸¹³ Uansett ville det vera å overdriva å påstå at initiativa hans i Norsk idrætsblad vekte stor debatt kvar gong. Det einaste slags svaret han fekk på tanken om meir krevjande langrenn, var at Skiforeningen sjølv utvida lengdeløpet endå meir i programmet sitt for 1886, og la det til dagen *før* hoppinga,⁸¹⁴ og at ein privatperson (Axel Heiberg) seinare det året lova 400 kroner i gull til den som ville prøva seg på heile 50 kilometer langrenn – og vel å merka vann det løpet.

⁸¹¹ Premiane: 100 kr. i eit krus til Mikkel Hemmestvedt, 10 totalt, 3 ekstrapremiar, den eine frå to damer til ein kar frå Bærum (12 kr.).

⁸¹² Sjå til dømes debatt med legen Thoresen i idrettsbladet i 1887, nr 36, og nr. 37.

⁸¹³ Sjå Nylænde, 1889, 3. årgang, nr. 11. Jamfør gjerne Karin Berg, *Frå første stavgang*, 2015.

⁸¹⁴ Om Husebyrennet 1886 hadde Skiforeningen alt i desember offentliggjort programmet sitt. Styret hadde beslutta å leggja konkurransen over to dagar, med eit kraftig utvida lengdeløp på sjølvaste søndagen, og hopp, eller «oppvisning i bakken» på måndagen. Redaksjonen i Norsk idrætsblad likte desse planane, og tolka det slik at styret ved denne endringa hadde funne, «at det er ved lengdeløp den formener, at skiidrætten fremmes naturligst og bedst». N.Idrbl., 1885, nr. 25, s. 215.

Dette tyder på at Huitfeldts idéar kunne få gjennomslag, om ikkje akkurat kvar bidige gong han skreiv noko.⁸¹⁵

I Husebyrennet anno året 1886 (halde den 7. og 8. feb) vart det igjen Mikkel som viste seg best av dei to suverne brørne Hemmestvedt, han slo broren med nesten fire minutt i langrenn, og vann både gullmedalje for det rennet, og kongens oppsette sølvpokal for triumfen i det kombinerte rennet. I rapporten sin i Norsk idrætsblad fortalde Huitfeldt at han hadde stilt seg opp fleire stader for å observera langrennsløparane, og han rosa Mikkel Hemmestvedt både for den glidande stilen, og for at han verka blid og smilande i sporet, og nesten ikkje sveitt. Han skulle nok ønskt at begge brørne Hemmestveit hadde gjeve noko meir kraft i hoppsetsen, og i alle fall at Torjus ikkje hadde nytta staven i svingteknikken. Huitfeldt ville gjerne ha svingen endå meir løfta fram i vurderinga, skreiv han. Og så gjentok han forslaget sitt frå i fjor: å halda fast i langrennet, og gjerne lata det blir to og kanskje fleire mil, og halda oppvisningshopp berre annakvart år, og då kun i samband med lengdeløpet.⁸¹⁶

Artikkelen runda han av med ein visitt til referentane i dagblada, altså Dagbladet, Morgenbladet, Aftenposten og Christiania Intelligentsedler ved bestemte namn. Han fann mykje han meinte var gale og urettmessig i omtalane deira, så som å klaga på snøforholda. Å lata «vor første nationale sport» bli formidla av alminnelege nyhendereportarar, var berre til skade, ein måtte venda seg til «fagmænd», skreiv Axel Huitfeldt med kursiv om det ordet. Kursiven kan sjølv sagt ha blitt lagt på av Norsk idrætsblad, som oppfatta seg som det særlege fagbladet for idrett i Norge.⁸¹⁷ Morgenbladet skreiv for sin del fem lange artiklar under rubrikken «Idræt» denne vinteren, og gav Skiforeningen si fulle støtte i å leggja slik vekt på det kombinerte rennet, og kor styrkande og fostrandende skiløpinga av.⁸¹⁸

Norsk idrætsblad var ikkje åleine om å skriva fram den idrettslege offentlegheita. Og truleg meinte ikkje Huitfeldt at berre utdanna eller tilsette fagfolk skulle uttala seg om idrett. Ein kan neppe tala om ei slags gryande profesjonalisering av idrettsjournalistikken her. Fagmannen hadde autoriteten sin i kraft av interessa og iveren sin for idrett.

«Deltagere»

⁸¹⁵ I desember blussa debatten om lengdeløpet opp igjen, då var det ein «S.» som uttala seg skeptisk til at det kjedelege langrennet skulle ha så framskoten plass ved Huseby-tilstellinga. Både «L.W.», og ein «C.M.P.» og Axel Huitfeldt svara han. Dei tala alle for at både lengdeløp og hopping var viktige ferdigheiter å meistra for ein skiløpar. Sjø N.Idrbl., 1886, nr. 25 og nr 26.

⁸¹⁶ At ikkje Torjus Hemmestveit la meir i hoppet, kan ha hatt med erfaringa av eit stygt fall i barndommen å gjera. Sjø Berg, 2015, s. 187. Huitfeldt i N.Idrbl., 1886, nr. 3, s. 30-31.

⁸¹⁷ Under Axel Huitfeldts lange artikkel hadde N.Idrbl. funne plass til beretninga frå ein lege som Skiforeningen hadde nytta (N. Wulfsberg) og som kunne beroliga alle lesarane om at det lengre løpet slett ikkje var til nokon skade for skiløparane.

⁸¹⁸ Sjø to lange artiklar om skiløping og om skøyteløping i Morgenbladet 3. og 6. februar 1886.

I neste nummer av N.Idrbl.I. kom kaptein Olaf Petersen med betraktninga si om lengdeløpet, og kva plass det burde ha i totalvurderinga ved premierennet ved Huseby. Bidraget hans er ekstra interessant sidan han kom til å bli formann i Skiforeningen ved generalforsamlinga den same våren. Han var elles leiar i Centralforeningen 1885-1887, og leiar av den gymnastiske sentralskulen i perioden 1884-1894. Han er vonleg alt kjend for lesaren som premievinnar (nr. 3) frå rennet ved Gamle Aker kirke i 1867, og som ein av stiftarane av Christiania skiklub i 1877. Olav Petersen må såleis kunna kallast ein av skiideologane, om han ikkje var like frekventerande i spaltene som Huitfeldt var.⁸¹⁹

Petersen meinte lengderennet synt fram både den praktiske og den viktigaste sida ved skiløpinga. Faren for overdriving og skade på helsa eller hjarta var ikkje for stor, tykte han. Ja, faktisk mindre ved skiløping i variert terreng enn ved annan måling av hurtigheit (så som i roing, og sykling, skøyteøp, la han til). Han var for så vidt klar over faren ved oppvisningar og premiar og kva slikt kunne lokka fram av ærgjerrigheit, slik at mengda av menneske kun blei tilskodarar, medan berre eit fåtal tok del i sporten. Slik hadde det gått i gamle Hellas («Grækenland»), og slik kunne det gå med idretten også andre stader, skreiv han. Målet for Petersen var at så mange som mogleg blei deltakarar og prøvde skiene sjølve. Dei som såg på eit hopprenn eller eit lengdeløp skulle ikkje bli så mykje imponert over kunstferdigheitene til andre som at dei sjølve fekk lyst til «efter evne og lejlighed at være deltagere».

Distansen måtte gjerne bli lenger enn ei norsk mil. Slik trudde Olaf Petersen at ein ville få endå fleire med, og slik var han heilt på linje med den ivrige spaltisten Axel Huitfeldt. Endå eit grep tok han til orde for: å skilja i klassar dei som hadde vunne premiar før – frå dei som ikkje hadde nådd så høgt opp tidlegare. Atter var målet å få mange med, eller som han sjølv skreiv: «Man vil derved erholde et større antal gode skiløbere ved siden af et mindre antal rene virtuoser.»⁸²⁰

Ein kan drøfta, og truleg drøfta lenge, kor vidt desse synspunkta skal kallast impulsar frå svensk gymnastikk i Stockholm, der Petersen hadde teke vidareutdanning si, eller om det var amatørforestillingar med rot i både britiske og kontinentale, og meir skandinaviske idekompleks. «Grækenland» var ein opplagt normativ førestilling hjå han, altså den ideale idretten før profesjonaliseringa tok over i antikken, og med tida blei heilt nedbrytande romerske sirkus. Dette siste kan han ha lært like så mykje i skuleåra i Norge som i gymnastikkspesialiseringa i Sverige.⁸²¹ Åtvaringa mot ærgjerrigheit kan minna om kva svensk gymnastikk

⁸¹⁹ Sjå bilete og omtale hjå Olstad, 1987, s. 41. N.Idrbl., 1886, nr. 4.

⁸²⁰ N.Idrbl., 1886, nr. 4, s. 37-38.

⁸²¹ Her lyt eg stogga framfor eit stort forskingsfelt i seg sjølv: Kva lærte norsk ungdom om antikken i undervisninga i latin og gresk i barneåra og i «den høiere skole»? Av diskusjonane i Norsk idrætsblad om kvar mottoet «En sund sjæl i et sundt legeme»

hadde mot artisteriet i tysk turning, men også kva turnapostlar som Stockinger hadde i mot overdriven og kanskje britisk-påverka konkurransesport. Petersen siterte sågar ein engelsk lege, B. Richardson (eg er usikker på slektskapen med E.G. Richardson), som åtvvara mot for mykje og for hard trening. Medisinen til Petersen, både mot både stillesitjing og mot overdriving, var dagleg gymnastikk, slik han hadde lært han av Ling og Branting. Men Petersen tok ikkje direkte avstand frå konkurransen, i alle fall ikkje enno, og i alle fall ikkje for menn. Kvinner var for han velkomne med, men vel å merka i turløypene. Om *deltaking* såleis tydde å bli med i tevlinga (for menn), eller sjølv «berre» å føra skiene i ulendt terreng på tur, var truleg av underordna tyding for Petersen så lenge folk (menn og kvinner) tok skiene, vinteren – og kanskje aller mest kroppsørslene – fatt.

For avhandlinga mi, derimot, er den moglege distinksjonen mellom det å ta del i tevlingar og prøva seg i utfordringar i terrenget – og det å ta del i «berre» kroppsøvingar – viktig nok. Det første viser til ein individualiserande og dannande impuls, og truleg økonomisk-liberal kontekst bakom; det andre til ein meir kollektiv og statleg orientert, og disiplinerande, impuls. Svensk gymnastikk hadde mykje meir eit klart og nesten rigid syn på kva som var rasjonelle og sunne og rette rørsler enn kva norsk skiløparkultur hadde. Individet og prestasjonen og virtuositeten hadde heilt ulike plass. Vi må truleg tala om to ulike kropps-kulturar, rett og slett. Like fullt syner tilfellet Petersen at både orda og omgrepa kunne gå over i kvarandre.

Morgenbladet gav elles Petersen og synspunkta hans si fulle tilslutning i den siste artikkelen i serien av fem delar om idrett som stod markert nettopp under vignetten «Idræt». Denne følgjetongen om idrett, plassert aller fremst og aller først i avisa, kan gjerne markera starten for denne vignetten i dagsavisene i det heile.⁸²²

Medaljar framfor pengar

Kva som var nytt ved *premiarne* ved Husebyrennet i 1886, må kommenterast for seg. Dette året vann som nemnt Mikkel Hemmestvedt både ein sølvpokal og ein gullmedalje. To år seinare byrja Skiforeningen også med diplomar. Pokalen hadde lange tradisjonar i idrettssamheng,

kom i frå, var det tydeleg at dei ikkje kunne sin Juvenalis heilt stødig. Men skildringane til Pausanias av dei olympiske leikane synest kjende. Avisene røper stor interesse omkring utgravingane av Olympia omkring 1875, sjå til dømes Bergens Tidende den 26. februar 1876. Kan henda kunne reiseskildringar frå «Grækenland» vera ei interessant kjeldegrein. L.B. Stenersen, til dømes, skreiv boka *En reise i Grækenland* i 1875. Han skildrar dei greske antikke skikkande med idrettsleikar, og skriv samstundes at romarane forkvakla dette med jakt- og kamporgiar. Sjø Stenersen, 1875, s. 104-105. På den andre sida: Det fanst reklame og avisannonser for «Romersk cirkus» i 1850, så som i Morgenbladet 1. jan 1850. Det må ha betydd at ikkje alle såg like avvisande på alt ved dei romerske sirkusleikane.

⁸²² Dette i Morgenbladet den 8. mai 1886 (nr 228). For starten på denne serien, sjå Morgenbladet 3. feb. 1886, nr. 59.

ja, om ein vil, heilt tilbake til Homer. Medaljen som premiefenomen har eg alt streifa. Centralforeningen byrja med sin sølvmedalje for framifrå skyttarprestasjonar i 1870.⁸²³

Eg oppfattar at ein medalje har ein meir offentleg dimensjon ved seg enn ein pokal, eller sølvbestikk, eller andre slike forseggjorte premiar. Ein kunne gjerne visa medaljen fram på bringa si, ved passande høve eller samankomster, eller på fotografi. Denne måten å merka ut gjæve menn (og kvinner) og store bragder på hadde opplagt militære førelegg.⁸²⁴ Medaljar av ulike valørar (gull, sølv, bronse/kopar) var også typisk frå 1870-talet og utover på ulike slag utstillingar, så som industriutstillinga i Drammen i 1873 eller også internasjonale utstillingar som Philadelphia-utstillinga i 1876, og Pariserutstillinga i 1878. Skipskonstruktørar, papirprodusentar og andre varetilbydarar brukte gjerne desse utmerkingane i avisannonsane sine.⁸²⁵ Pierre de Coubertin knytte seg personleg an til den kjende franske medaljøren Jules-Clément Chaplain då han valde medaljar i sølv og kopar for dei første moderne olympiske leikane sine i Athen (1896). Chaplain laga elles erindringsmedaljene til fleire store verdsutstillingar i Paris.⁸²⁶

I portretta eller tresnitta i Norsk idrætsblad var medaljar vanlege å ha med på bringa, alt frå den første årgangen. I 1886 delte så Skiforeningen ut medaljar i gull, sølv og sølv for dei tre beste i langrennet ved (det kombinerte) Husebyrennet. Arkiva til Skiforeningen (på Skimuseet) seier ikkje noko om kvifor ein valde nettopp medaljar, og akkurat desse to edelmetalla, men det var i alle fall slik at ein ville markera og løfta fram dei som gjorde det særleg skarpt i særleg langrennet, og dette noko i motsetning eller i opposisjon til hoppinga på ski. Pengar var fortsatt med i premieutvalet, men det var helst privatpersonar som sette opp slike ekstrabelønningar av ulike slag, og foreininga sjølv hadde ikkje gjeve ut reint gull sidan 1883. I 1886 var det såleis ein privatperson som (i offentlegheita anonymt) lova ut 400 kroner i gull til den som sigra over 50 km. Dette var ingen ringare enn Axel Heiberg, konsulen og stiftaren av roklubben i Kristiania, mellom anna.⁸²⁷ Skiforeningen tok på seg å skipa til dette rennet i 1888, men beslutta samstundes, at ein så langt råd var, skulle anskaffa bruksgjenstandar som premiar, eller «nyttige

⁸²³ På generalforsamlinga i 1886 kom det forslag om å prega skyttarmedaljar også i gull, men styret meinte at Centralforeningen ikkje ville ha råd til dette. Sjå Morgenbladet søndag 30. mai 1886, nr. 266. For ei utlegning av premietematikken hjå Homer, sjå Skjeldal, 2014.

⁸²⁴ For berre å gje to tidlege døme på dette, sjå Morgenbladet 10. desember 1839, nr 344, og Chr. Int. 2. juli 1850, der det det blir opplyst at Kongen har stifta ein «sverd-medalje» for mannskap av armeen og flåten

⁸²⁵ Berre eitt av mange døme på slike annonsar er Nedenæs Amtstidende 7. januar 1880.

⁸²⁶ Sjå Lennartz et.al, 2000, s. 101-102. Medaljene i Athen låg inne i eit skrin, og kunne truleg ikkje hekast på bringa, eller leggast i ei sløyfe rundt halsen. Ein diplom var også del av premiesymbolikken her, samt ein olivenkrans i tradisjonen etter dei opphavlege antikke leikane. Attåt dette gav bemidla personar i og omkring Athen verdfulle premiar til dei ulike vinnarane, så som pokalar, vasar og pistolar.

⁸²⁷ Heiberg ville nok ikkje sjølv røpa dette, men bidraget hans blei nemnt i ein hyllande biografi om han i Norsk idrætsblad 1894, nr. 1, s. 218.

gjenstande», som det heitte. Eit gullankersgangur til verdi av kr. 80 skulle til dømes vera andrepremie på femmila, og eit liknande ur i sølv skulle vera tredjepremien.⁸²⁸

Overgangane mellom premieslaga var elles flytande også i andre idrettar. Ved skøytestemnet i Hamburg dette året fekk Axel Paulsen full pott, kunne ein kanskje seia. Han blei tildelt 200 mark kontant, ein gullmedalje, og ein diplom for vinnarløpet sitt. På dette tidspunktet kan ein altså ikkje seia at medaljen skilde strengt mellom amatøreren og den profesjonelle, i norsk eller europeisk kontekst. Men tendensen var tydeleg, mot det stadlig enklare.⁸²⁹

Diplomar var enkelt sagt forseggjorte eller kunstnarlege prega papir. Slike utmerkingar var noko også verdsutstillingane kunne halda seg med; ved utstillinga i Amsterdam i 1885 var førstepremien for symaskiner nettopp ein slik æresdiplom – og medaljane i gull, sølv og bronse blei tildelt dei neste tre plassane eller utstillarane.⁸³⁰ Ein diplom kan sjølvsgast hengast på veggjen i ein verkstad eller eit kontor, men har likevel noko mindre av den offentlege dimensjonen som medaljen antyder. Kan henda var *det* noko av poenget med han. Skiforeningen hadde diskutert diplomar som premiedimensjon alt på generalforsamlinga i 1885. Andreas Bloch hadde sagt seg villig til å bidra til å skapa sjølve diplommen som kunstprodukt, men økonomien tillét det visst ikkje då. Denne premietypen blei ein realitet med Husebyrennet i 1888 (med kunstnarleg bidrag også av arkitekt Harald Olsen). Kva Skiforeningen og generalforsamlinga tenkte dei ville oppnå med ein diplom, er heller ikkje opplyst i dei knappe referata frå styremøta deira.⁸³¹ Truleg korresponderte diplomane med orienteringa mot bruksgjenstandar som eg nemnde i stad. På det meir offisielle kombinertrennet i 1888 blei nummer to og nummer tre i «kombinert»-rennet tildelt ei rifle i premie, og nummer seks eit kompass.⁸³²

Det er også mogleg å ana ei dreining i begge desse premietypene, samla sett, som korresponderte med diskusjonane om amatørdefinisjonane i idrettsoffentlegheita i dei same åra. Reine pengepremiar blei mindre og mindre legitime for Husebyrenn-arrangøren. Det handla truleg ikkje berre om dei snevrare amatørdefinisjonane: Det gjeldt å oppmuntra til den edlare idrettsmotivasjonen.

⁸²⁸ Dette i styremøte den 31. januar 1888. Sjå «Generalforsamlinger og aarsberetninger 4.1.1883-1903».

⁸²⁹ Sjå Morgenbladet 26. januar 1886. Her går det fram at det etter dette skulle vera ope løp om meisterskapen for Tyskland, med 500 mark i førstepremie.

⁸³⁰ Sjå *Tromsø Stifstidende* 12. februar 1885.

⁸³¹ «Generalforsamlinger og aarsberetninger 4.1.1883-1903».

⁸³² Vinnaren Torjus Hemmestvedt fekk kongens gjeve pokal i førstepremie. Merk at referata begynner med førstepremie etter han. Sjå Dagbladet 7. februar 1888.

Ein signatur «S.» skreiv til dømes stadig innlegg i Norsk idrætsblad, og meinte han ytra seg på vegne av aktive skiløparar, både når det gjeldt forbodet mot å gå på ski i gatene, og den ekstrakostnaden det var å ha ski med seg på Drammensbanen. I 1887 tok han eit oppgjær med engelske forslag til «forbetringar» av skiidrettskonkurransane, og minna om at guden Ull var «verdensmester» og «gudefruen Skade» amatrise (!) i den edle skiidretten lenge før nokon moderne britisk sportsmann var påtenkt.⁸³³ Han rosa Skiforeningen for å ha innført nettopp bruksgjenstandane og diplomane i eit lesarbrev heilt på tampen av 1888. Diplomen representerte meir enn sølvgjenstandar den djupe, stigande verdien til premien over tid, meinte han, og dessutan var det noko ekstra med dokumentasjonen og det skriftleggjorte, altså «brev på herligheten, svart på hvitt for deres bedrifter.»⁸³⁴ Han syntest at andre idrettslag burde ta etter den nye skikken – fordi denne ville koma dei mindre bemidla løparane til gode, trudde han. Dei ønska seg ikkje sølvstas og fine bestikk, men ting dei trong i kvardagen sin. Dessutan vona «S.» at ein kunne få bukt profesjonaliseringa på denne måten: «Ved at gjøre som Skiforeningen hjælper De også til at døjve levebrødsløpningen; folk får da ikke så let lyst til at sælge præmien sin, som når de får al den dumme sølvstasen.»⁸³⁵

Desse to argumenta kan synast å slå kvarandre i hel; dels at bruksgjenstandar var *nyttige* for løparane, dels at pokalane og andre ting av sølv hadde den *ulempen* at dei kunne nyttast til å skaffa seg klingande mynt.

«S.» tenkte nok delvis på at å selja premiar ikkje var tillate, slik han nemnde det litt før i teksten sin. I alle fall var dette forbodet tydeleg del av reglementet i sykkelsporten i Norge frå denne tida av. Han meinte kan henda at når ein først byrja å selja unna premiar (fordi sølvgjenstandane hopa seg opp heime), hamna ein fort på eit skråplan mot profesjonalismen. Han tykte truleg også at å vinna einskilde nyttige gjenstandar som ei rifle var éin ting, men å gjera idretten til rett og slett heile levebrødet sitt, var ein annan ting. Det same skiljet hadde redaktør Sigvart Petersen trekt opp for sin del, i diskusjonen av dei strengare amatørreglane i sykkelsporten tidlegare i 1888-årgangen. Men heller ikkje S. grunn gav kva som var så gale med «levebrødsløpningen», djupast sett.

Endå eitt sitat kan illustrera amatør-synet på diplomene i samtida. Fritz Huitfeldt, veslebroren til Axel Huitfeldt, gav i 1896 ut boka *Lærebok i skiløpning*. Her kom han inn på at han hadde vore sekretær for Skiforeningen i seks år (1887-1892). Dermed kunne han uttala seg

⁸³³ Sjø N.Idrbl. 1887, nr. 33, s. 228. «Amatrise», altså med s, er då ordvalet «S.» sjølv har brukt. Dei forslaga han ikkje hadde noko til overs for (stadion, flatløype, veddemål osv) hadde han lese seg til i *The Field*. Og han som skreiv desse forslaga, Mr. Gepp, svarte i N.Idrbl. 1887, nr. 37, s. 258. Redaksjonen sette denne teksten om til norsk.

⁸³⁴ Han trudde nok at medaljen ville breia om seg, i skisporten som i andre idrettar, men som han skreiv i ein fotnote: «vær nøkterne: la det ske i al tarvelighet og ikke til fortrængsel for gode præmier!» N.Idrbl., 1881, nr. 27, s. 188.

⁸³⁵ N.Idrbl., 1888, nr. 27, s. 188.

med tyngd om korleis denne foreininga hadde laga seg rennreglar som skulle sikra rasjonell utvikling av skiidretten, som det heitte heilt tidstypisk, og såleis unngå einsidigheit i form av «Lengdeløbere (Skitravere) og Hopakrobater». Det kombinerte rennet skulle sikra allsidigheit, sa han. Og Fritz Huitfeldt skreiv vidare: «Foruden Præmie, som regel er Sølvgjenstande, aldrig penge, får de heldige også et Diplom, undertegnet av Bestyrelsens samtlige Medlemmer. Diplomet er det egentlige Stempel, og omgiver de Udkaarede med en vis Nimbus»⁸³⁶

Nimbus» er eit i dag eit litt antikvert ord som tydde «glans, anseelse» i overført tyding.⁸³⁷

Den totale ekskluderinga av pengane som premiar, som sitatet røper, høyrer nok 1890-talet til. Men utkåringa av diplomten som den aller viktigaste premien, fortolka som den ekstra glansen og som den eigentlege anerkjenninga frå arrangøren si side, viser nettopp veg mot denne strengare tolkinga. Diplomen hadde kan henda den «fordelen» at han mindre lokka til å bli synt fram, og såleis til forfengelegheit.⁸³⁸

Grunngjevinga for utelukkaing av pengar låg i alle høve i amatørrelevante førestillingar om allsidigheit. For Fritz Huitfeldts vedkomande var desse også kopla opp til noko meir fjerntliggande eller relaterte idear om reinheit, og altså pengane til det meir skitne. Dette lovar eg å koma tilbake til, nærare 1896. Den premiedimensjonen som Huitfeldt mana fram, kan heller ikkje ha vore heilt eintydig og klar for kven som helst. Det må ha vore forvirrande, den gongen i 1886 som no, at kroneverdien på pokalane, og ofte på medaljane, som regel blei opplyst i resultatreferata i avisene, og i Norsk idrætsblad, og nok av Centralforeningen, også, som støtta til dømes Skiforeningen med premiar. Den løparen som vann i Husebyrennet, ein Mikkel Hemmestvedt eller Edvard Lillehagen, måtte i alle fall kunne ha tenkt tanken, slik som «S.» var inne på: «Dersom eg sel eller pantset denne pokalen, er han kan henda verdt 100 kroner!»⁸³⁹ Årsabonnement på Norsk idrætsblad kosta i 1886 seks kroner og 60 øre. Ein vaksen elghund, for no å antyda typiske annonsar og kundegrupper i den same årgangen, blei selt for 200 kroner.⁸⁴⁰

⁸³⁶ Huitfeldt, 1896, side 81. Diplomet var reservert for dei eldste klassane på 1890-talet)

⁸³⁷ Jmf *Norsk Haandlexikon*, 1884, (bind 2), s. 602.

⁸³⁸ Den siste pengepremie i Skiforeningssamanheng var sett opp av ein privatperson (50 kr) «for længste staaede hop» i 1884 (sjå årboka 1894 s. 53). Denne premien blei kritisert av slike som Axel Huitfeldt.

⁸³⁹ Mikkel Hemmestvedt vann kongepokalen dette året. Verdien av denne var ikkje gjeven opp. Edvard Lillehagen, som i resultatata står ført opp som nr 1 (men vel nr 2 etter Hemmestvedt) vann eit krus av verdi kr.100. Eg seier ikkje at han nødvendigvis tenkte det eg har antyda at han kunne. Sjå Norsk idrætsblad, 1886, nr. 3, s. 30.

⁸⁴⁰ Sjå annonsen i N.Idrbl. 1881, nr 6, s. 63. Interessant nok står det «Liebhavere henvende sig til» osv. Ein lystbåt, altså ein yaacht, var til sals for kr.1200 i same nr. Ein velociped, altså ein sykkel, var til sals for 200 kroner.

Lat meg stutt leggja til her at Mikkel Hemmestvedt drog til Amerika dette året. Kva som enn var årsaka til at han forlet Norge, gjorde han ei ny skikarriere der borte. Og om han forlét heimlandet, tok han likevel skiene med seg.

«Skjønnsomt ledede kapøvelser»

Ein kan føreslå 1885 som eit merkeår i utviklinga av langrennssporten i verda; då innførte Skiforeninga ein lengdeløpsdel på fire kilometer i Husebyrennet. Skiforeninga sjølv ville kanskje setja skiljet til 1886, då langrennet blei skilt ut til ein eigen dag, og lengda sett til meir enn ei norsk mil. Eller til 1887. Då varte langrennet i over to timar. Det året blei det heller ikkje skipa til eit einaste hopprenn i Kristiania, verken i Husebybakken, eller i Nydalen.⁸⁴¹

Vergudane må ta ansvaret for at Sagene skiklub berre fekk skirennen sitt av stabelen. Leinga i Skiforeninga derimot, med Axel Huitfeldt i spissen, hoppa over oppvisningsrennet sitt med vitande og vilje. Alt i november hadde foreininga gjort kjent i avisene kva planar dei hadde for Husebyhendinga den komande vinteren. På den måten hadde dei leiande mennene vona på debatt i avisene, dels for å lodda om dei var på rett veg, og dels for å sjekka at dei var på linje med medlemmene sine. Den demokratiske viljen var det ingen ting å seia på.⁸⁴²

Men debatten vart ikkje særleg opplysende, i Norsk idrætsblad eller i dagsavisene. Først då påmeldingsfristen var gått ut, kom reaksjonane. Dermed tykte Skiforeninga dei burde halda ekstraordinær generalforsamlinga tidleg i januar 1887 for å røka motførestillingane ut.⁸⁴³ Her kom det fram kva styreformann Olaf Petersen og styremedlem grosserar E. Eger hadde meint med dei drastiske endringane. Dei hadde tenkt seg å lata løparane konkurrera som representantar for klubbar og lag, og ikkje som einskildløparar. Ved å droppa hopprennet – rett nok berre som eit unntak frå regelen dette eine året – vona dei å få markert kor viktig lengdeløpet var, og oppnå heilt konkret at skiløparane øvde seg seriøst på uthaldenheit. Dinest ville dei gjerne få dempa noko av kappelysta, og den ærgjerrigheita eller «personlige forfængelighet», truleg med Egers eigne ord, som aller mest viste seg i Huseby-bakken, med

⁸⁴¹ Men Bærum Skiklub skipa til hopping, med kåring av det lengste hoppet til og med (19 meter), og fellesstart for langrennet sin del (16 km). Sjå Dagbladet 22. feb. 1887. Drammen hadde også hopprenn (utan lengdeløp), dette i januar. Sjå Morgenbladet 24. jan. 1887. Også Løiten hadde premieskirenn den 20. feb, med 74 deltakarar (frå gutar under 13 til vaksne) og mange tilskodarar. Sjå Oplandenes Avis 23. feb 1887.

⁸⁴² N.Idrbl, 1887, nr 13, laurdag 7 mai, fortel frå generalforsamlinga. Her kjem det fram Skiforeninga hadde vona på debatt i avisene etter at programmet blei lufta i november. Sjå Loupedalen, 1947, s 148 for vedtaket i klubben i Morgedal om kven som skulle representera dei.

⁸⁴³ I N.Idrbl, 1887, nr. 1, s. 4 blir det referert av debatt i ekstraordinær generalforsamling i Skiforeninga ang. planen om å sløyfa hopprennet; her var stud. med Beckholm, grosserer Fearnley, løytnant Gulbrandsson, hr. Florens og Hagbarth Wergeland imot å droppa hoppet heilt, men Axel Huitfeldt var blant dei som mest heftig meinte hopprennet oppdrog ungdom til å driva med halsbrekkande øvingar, anten dei no stod eller datt i bakken. Det opphavlege forslaget fekk stå, med ei stemmes overvekt. Huitfeldt føreslo elles innføring av klassifisering (tidlegare premiært eller ikkje) i enkeltmannsløpet. Tanken med gruppeinndelinga (som fekk supplement av enkeltløparar) var å dempa den personlege forfængeligheta («den personlige forfængelighed»).

alle tilskodarane og kanskje også kongen på plass. I skogsløypa var det mange færre tilskodarar.⁸⁴⁴ Med mine ord: Suget etter premiar var éi freisting, slik dei leiande skipolitikarane såg det. Ei anna freisting for skiløpar-amatøren var berømminga i bakken. Kva dei frykta, var truleg artisteriet og faren i det, og avstanden som kunne auka mellom dei som hoppa altfor hemningslaust, og dei som berre såg på. Æra kunne tippa over i den farlege forfengelegheita. Attåt dette ønska Skiforeningen at deltakarane stilte på vegne av klubbar og lag – fem mann på kvart lag – og ikkje som einskildløparar. Dette skulle også dempa den personlege forfengelegheita, og det som risikerte å følgja med henne.

Dette er den milde fortolkinga. Den grovare er at kaptein Petersen og grosserar Eger ville dreia skiløpinga mot militær nytte og svensk gymnastikk. Før start oppfordra Petersen løparane til ikkje å overanstrenga seg, og legar ville stå klare ved målgang for å kontrollera helsa deira.⁸⁴⁵

Lat meg nytta litt meir plass til å drøfta kvar ideen om femmanns-lag kom frå. Kan henda var inspirasjonen i tysk turn, like så mykje som svensk gymnastikk. I november 1881 dukka opp i Norsk idrætsblad ein innsendt artikkel som var skriven av «J.St.», som er lett å identifisera som bokbindaren Joseph Stockinger, han som var initiativtakar til både turnforeninga og skøytebanen i Kristiania tidleg på 1850-talet. Han flytta til Arendal i 1856. Der han fekk stifta Arendals Gymnastikafdeling året etter, som var del av Arendal Forening for Legemsøvelser og Vaabenbrug. Mottoet for denne foreninga var talande nok: «Ærer Gud i Eders Legemer og Eders Aand, hvilke begge høre ham til». Tanken kan gå til tankestrøyminga «Muscular Christianity», utan eg vil ha sagt at påverknaden kom frå britane her.⁸⁴⁶

Ifølgje Stockinger hadde turnforeninga i Kristiania stilt seg svært skeptisk til konkurransar, ja nesten prinsipielt imot. Difor fortalde han om korleis han no hadde teke inn tevlingar i ein turnfest som Arendal Turnforening hadde halde – ein fest ikkje berre for medlemmene, men i sin andre halvdel for alle vaksne i distriktet som ønska å vera med. Først hadde tropen, 25 turnarar i kvite drakter, drive frittståande gymnastikk. Herredømme over kreftene var det aller viktigaste å få synt fram då. Så hadde turnarane utfordra dei frammøte tilskodarane til å prøva seg på «gamle kjendte [...] kunster» i konkurranse med dei sjølve. Øvingane som «landbefolkningen» såleis fekk prøva seg i, var sving over fast tverrstong, stavsprang, høgdesprang, lengdesprang og loddkasting. I dag vil ein kunne gjenkjenna nokre av desse øvingane som del av det vi kallar friidrett. Til undring for mange av tilskodarane var

⁸⁴⁴N.Idrbl., 1887, nr 1, s. 7. Egers standpunkt blei rett nok attgjeve som referat.

⁸⁴⁵Sjå Aftenposten 31. januar 1887.

⁸⁴⁶Ifølgje Hauge-Moe, 1989, s. 48 var medlemstalet i 1883 ca 100 vaksne, og 22 under 18 år. Sjå og omtale i N.Idrbl., 1881, nr. 19, s. 147.

det turnarane; av yrke kontoristar og urmakarar og slike, som synte seg best i alle disiplinane. Sjølv loddkastinga, som ein kanskje skulle venta bli dominert av «de staute til legemlig arbeide vante landfolk», meistra turnartoppen best.⁸⁴⁷ Stockinger var ikkje ute etter å skryta og brauta på vegne av dei kvitkleddede turnarane. Han åtvara mot den personlege ærgjerrigheita, og hadde såleis ikkje teke med noko *namn* på dei beste hopparane eller kastarane i resultattabellen som han hadde laga, og no offentleggjort for heile landet. Helst skulle han ha hatt med noko om *måten* øvingane blei gjort på, skreiv han. Premiar var ikkje nemnt med eit ord.⁸⁴⁸

Det aller viktigaste for turnformannen var likevel å vekka eit ordskifte i Norsk idrætsblad om måten dei hadde halde denne turnfesten på, og om ikkje kappestrid – vel å merka som «skjønnsomt ledede kapøvelser», som han skreiv – kunne bidra til å fremja gymnastikken i heile landet. Tanken til Stockinger var altså å halda den personlege ærgjerrigheita i tømme, som det var det for Petersen i Skiforeningen litt seinare. Ein kunne vel elles risikera overdrivingar i den leia, og at den beste gjekk rundt og skrytte av si overlegenheit, som han skreiv. Stockinger tok klart meir omsyn til troppen som heilskap enn til kva den einskilde kunne strekka seg mot, og han ønska først og fremst øvingar som var sunne for lekamen og ånda (og for Gud Skaparen attom der). Men kanskje kunne eit dempa og kontrollert element av kappestrid lokka turnidretten eller gymnastikken ut i bygdene i Norge, spurde han seg – og lesarane.⁸⁴⁹ I Norsk idrætsblad fekk han i alle fall eitt svar, frå ein Hartvig Nissen frå Drammen. *Han* gjekk god for desse forsøka, men berre fordi det var gamle kjende øvingar i «den norske almue» (inkludert klatring i tau), og som kunne løfta aktivitetsnivået mellom folk flest. Når det gjeldt turnøvingane var han meir og veldig skeptisk, eigentleg, då konkurranseelementet så lett flytta innstillinga til utøvarane, og sjølve øvingane ut av det rasjonelle og kontrollerte og hensiktsmessige, som han skreiv.⁸⁵⁰

Dette med lag, og den gjæve lagmoralen, og den einskilde sin meir risikable moral og personlege ambisjon, låg uansett som ein premiss då Skiforeningen skipa til representasjonsrenn i Husebyløypene i 1886. Eg oppfattar det som ei amatørrelevant førestilling. Godt mogleg var det ein danningstanke med på lasset her; altså at ein på denne måten lærte å underordna seg omsynet i laget.⁸⁵¹

⁸⁴⁷N.Idrbl., 1881, nr. 45, s. 245-246 («J.St.») Om morgonen hadde alle turnarane marsjert gjennom skog og mark og på eit fjell med vidt utsyn, og så halde måltid ein gard før dei klokka tre på ettermiddagen stilte opp til avmarsj, og under musikk og med fane forflytta seg til øvingsplassen, der dei så hadde halde på til klokka sju på kvelden.

⁸⁴⁸ I resultattabellen var turnarane sett i ein samla boks, og «landboere» i ein annan. Snitt-prestasjonane var nemnt, og dessutan det beste resultatet i kvar av øvingane. Det var det nærmaste referenten kom ei merksemd om *einskildprestasjonar*.

⁸⁴⁹ N.Idrbl., 1882, nr 5, s. 39. Stockinger fekk i stand eit møte i februar 1882, der lærarar og elevar ved amtskulane på Froland og Ottersland blei bedne inn til å diskutera verdien av konkurranse i sport.

⁸⁵⁰ N.Idrbl., 1882, nr 6, s. 47

⁸⁵¹ For så vidt er tankane også relevante for den amatør-moralen ein gjerne knyter til britiske lagsportar, så som Richard Holt (1989) gjer det med fotball og «fair play» der.

Axel Huitfeldt, Norsk idrætsblads særskilte mann i skispørsmål, var i denne saka nokså på linje med Petersen og Eger. På møtet i januar meinte han at ein stod i fare for å oppelska ein smal skare skiløparar som hadde som hovudsak å utføra nokre halsbrekkande øvingar, «idet de», som han sa «hopede og sprat som gale mennesker og var lige glade, enten de stupte eller stod». Ein fekk heller tola at publikum ikkje kom dette året, konkluderte han.⁸⁵²

I den vidare diskusjonen uttrykte somme redsle for å støyta publikum så tydeleg i frå seg; andre, så som kand. jur. Hagbarth Wergeland, meinte det måtte gå an å kombinera hopp og langrenn. Med berre ei stemmes overvekt blei hoppinga fjerna som eit forsøk for dette eine året. Langrennet skulle vurderast ved tidsbruken, og måten ein klarte hindringar undervegs, og haldninga ein hadde ved målgang. Den planlagte inndelinga av utøvarane i femmannslag fekk likevel supplement av høvet til å stilla einskilddvis. Leiinga i Skiforeningen gjorde slik visse innrømmingar eller forsøk på kompromiss. Ei anna klasseinndeling var kanskje like så viktig: Dei som hadde fått premie før, skulle stilla i annan klasse enn dei som ikkje hadde oppnådd slike resultat. Slik vona ein å få fleire med.

«Vår mann» Axel Huitfeldt blei elles valt inn som formann i Skiforeningen dette året. Foreninga fekk såleis endå tydelegare eit talerøyr i Norsk idrætsblad. Både debatten i den ekstraordinære generalforsamlinga, og Huitfeldts referat frå sjølve rennet litt seinare, blei vigd stor plass i spaltene til fagbladet. «Vår mann» må takast med eit dobbelt sett av hermeteikn. Kvinner var jamt over fråverande i diskusjonane.

«Vand-skabningen» i 1887

Eg skal gå rakt til det premierrennet den siste mandagen i januar månad, og såleis hoppa bukk over den lange debatten om laushundjakt i Norsk idrætsblad, og alle referata frå travløp, og avl av gode hestar, og alt dette andre som tok størsteplassen av spaltene, når ein ser bladet og årgangen under eitt.⁸⁵³ Skirennen gjekk føre seg i tung skodde og frykteleg våte forhold. Vassrennet er denne versjonen av Husebyrennet blitt kalla i ettertid. Huitfeldt sjølv skreiv etterpå: «Man kan tænke sig en kornet, slasket snesørpe, omtrent som vådt grovt salt og ækkel sne lige til bunds, og der rant vandet.»⁸⁵⁴

Truleg av verforholda var det ingen frå Telemark som tok sjansen på den lange turen til Kristiania. Berre ti tilskodarar var møtt fram, to bladfykar frå Morgenbladet og Aftenposten truleg inkludert. Verre var det, i alle fall for Axel Huitfeldt, at ingen av Kristiania-løparane som var med på hopprennet i Drammen litt tidlegare i januar, var med. Vel var skirenn ei frivillig

⁸⁵² N.Idrbl., 1887, nr. 1, s. 7, rett nok berre referat, og ikkje direkte sitat.

⁸⁵³ Axel Huitfeldt tok del her, også her.

⁸⁵⁴ Sjå N.Idrbl., 1887, nr. 4., s. 34.

sak, men dei som hadde stilt opp til lengdeløpet denne ufyselege søndagen, *dei* hadde forstått plikta si, meinte han. Dei hadde tevla for ei høgare sak. Eigentleg stod denne skisøndagen rissa inn i skiløparhistoria med runer, skreiv han sjølv. Bortimot to mil under slike krevjande tilhøve, og det på berre dryge to timar, det var ein så stor kraftproduksjon, «at den vel knapt før ved noget norsk idrætsstevne har været leveret».

Huitfeldt rosa særleg brørne Edvard og Pauli Lillehagen frå Bærum, som hadde teke dei to første premiane i einskildtevlina. Dei var alltid med på langrenn og hopp når dei fekk sjansen, endå dei var handverkarar og kroppsarbeidarar, og ikkje brukte ski i det daglege. Heller ikkje hadde dei anledning til at «træne sig». Dei var ikkje spesialistar eller særleg bemidla byborgarar. Men egentleg, for no å gå tilbake til Huitfeldts eige synspunkt, fortente alle dei 33 unge mennene som stilte, ros. Axel Huitfeldt meinte at alle dei «modige karle» som hadde vore med, hadde gjort ei teneste for skisporten. Han hadde sett på dei ved fleire ulike passeringsstader, der han nådde til med hest og slede. «De forstod allesammen, at de kjæmpede for en alvorlig sag, og at skiforeningens bestyrelse var besjælet af den rette ånd til at bære idrætten frem. De gik fælles med dem i at forsøge en kamp med sneslask og vand.»

Overrettsakføraren og snart skiforeningsformannen svinga seg opp til poetiske høgder. Han mana fram bilete av ein husmannstad der kanskje einkvan låg sjuk. Og den sjuke trong doktor, eller prest, eller berre noko mat. Og mannen på staden kunne ikkje bruka hesten, for føret var håplaust. Då tok han skiene fatt. Og Huitfeldt skreiv: «Det er viktig for ungdommen at få øjnene op for, hvad skien betyder for vort land.»

Dette kunne kanskje forsvara at også den planlagte stilvurderinga forsvann heilt ved gjennomføringa av Husebyrennet anno 1887, og ikkje berre hoppinga. Det hadde kome eit slags alvor over skisporten for Huitfeldts vedkomande, ei orientering om nytte som ikkje hadde vore så sterkt uttrykt før av han.

Eller: Han hadde no endå meir å forsvara som arrangør.

Så til det som er kjernen av denne oppgåva: Går det an å karakterisera dette som alvorstankar om den norske skiløpar*amatøren*? Fanst det noko sånt som den alvorlege amatøren (og ikkje berre «den glade amatør»)? Det Alvoret og den pliktjensla som Huitfeldt agiterte for, var vitterleg noko anna enn den seriøse treningshaldninga som Norsk idrætsblad rosa Axel Paulsen for ved triumfen i Frognerkilen i 1885. Axel Paulsen hadde elska og vørda skøytesporten så mykje, at han ikkje røyka og ikkje drakk for mykje, og gjorde seg skikkeleg klar til duellen med nederlendaren Renke van der Zee. Dei to brørne Lillehagen og dei 29 andre som fullførte (to braut pga knekte ski) hadde først og fremst trassa dårleg føre og stussleg

skodde. Pliktorienteringa og nytten som Huitfeldt la slik vekt på, kunne synast å trekka sportsorienteringa bort frå moroa og ektheita som amatøreren sette så høgt.

Signaturen «S.» ytra seg kritisk om «vand-skabningen» langrenn i seinare nummer av Norsk idrætsblad, og den gamle distriktslegen Thoresen gjorde det, og engelskmannen Hubert M. Gepp, som stundom skreiv for *The Field*, den same seinhausten 1887. Kort sagt etterlyste dei meir av moroa i hoppbakken, som dei meinte ville lokka fleire ungdommar med i leiken. Gepp meinte omsynet til det nasjonale låg som ein hemsko for den sportslege utviklinga av skiløpinga.⁸⁵⁵

Det er slike spenningar og argumentasjonsrekker som har fått historikarar som Finn Olstad og Stein Tønnesson til å løfta fram konflikten mellom nyttesyn og eigenverdi som den gjennomgåande polariteten i norsk idretts idéhistorie. Altså: Dreiv ein idrett for helsa eller forsvarsevna eller for nasjonen, eller for den moroa og spenninga som konkurransane og leiken gav? Somme miljø meinte det var berre nytten som gjorde idretten legitim.

Det er mykje rett i denne etablerte analysen deira. Men med tanke på debatten i den ekstraordinære generalforsamlinga i Skiforeningen, og i spaltene i Norsk idrætsblad i 1887, kan ein gruppera konfliktane annleis også. Skulle ein ta omsyn til publikum og billettinntektene eller til dei idrettsferdigheitene ein ville elska fram? Skulle ein ha skiløparar som hoppa for å begeistra kravstore tilskodarar, eller skiløparar som ikkje nølte med å leggja i veg over hindringar og inn i ukjent terreng? Skulle ein elska fram skirennarar som kjempa for eit større gode – altså idretten i landet, og ikkje berre tevla for seg sjølv – og si eiga forfengelegheit?

Morskap, viss vi kallar det det, kunne forvekslast med lettsindigheit, som igjen kunne tendera mot akrobatikk og publikumsfrieri. Då kunne ein hamna i farlege situasjonar eller i fornedrande posisjonar, eller rett og slett i tarvelege forretningar, *ufri*dom med eitt ord. Slik tenkte ein i Skiforeningen i den tida. Morskap *kan* også ha slekt med frivilligheit, og med

⁸⁵⁵ Langrennet var blitt ein så framskoten del av ideologien og reportoaret til Skiforeningen at det uroa lesarar av Norsk idrætsblad. Nemnde distriktslege Thoresen var ein av dei, signaturen S ein annan. Sjå N.Idrbl., 1887, nr 35 (19 nov). Det hadde også provosert Thoresen kraftig, han og ein del yngre aktive skihopparar, at ikkje Skiforeningen ville lata andre arrangera hopprenn i Husebybakken når dei sjølve ikkje ville det. Og i same årgang nr. 37 (laurdag 17. des) svarar Hupert M Gepp, han som laga artikkelen «S.» nemnde frå *The Field!* Poenget hans er at verken «S.» eller Skiforeningnen må tvihalda så hardt i det nasjonale at dei ikkje slepper det sportsmessige attraktive og dynamiske til i skisporten. Han finn den sjølv tiltalande, men ikkje fordi den er så typisk norsk. Han ser ikkje for seg flatløp, slik som S seier han gjer, men tek til orde for meir fastlagte løyper og bakkar som kan samanliknast år for år. Viktig er at publikum kan få sjå løparane på dei kortare renna, og i hoppbakken. Han vil ikkje ha for mange med. Han trur ikkje det vil skapa sirkustilstandar, tvert om. «Idrætten kan ikke fremmes uden mynt, og denne er i stor utstrækning skaffet tilveje ved at stille til sådanne kapstevner, der vækker og styrker publikums interesse og modner dets skjønn.» Gepp var elles utdanna ved Oxford, og tilsett som lærar i engelsk i Uppsala, Sverige. Han sette om Grønlandsboka til Fridtjof Nansen, og vart ein god ven av han. Døme på bidrag av han i *The Field*, sjå den 2. juli 1887, s. 35-36. Signaturen «Icicle» skreiv også om Husebyrennet, dette i samband med tevlingane i 1888. Han lovprisa der kor saliggjerande skiløpinga var, nesten i norsk-nasjonal patos; av vinterfornøyingane var ingen så helseframbringande, så moro, og så krevjande (dexterity) som den, skreiv han. Mest konsentrerte han seg om hoppinga, det må seiast, og han la ikkje noko vinn på det kombinerte ved tevlingane, slik som Skiforeningen dyrka dei. Sjå *The Field*, 18. feb. 1888, s. 244.

forpliktinga på noko større enn ein sjølv, så som sporten, eller stilen, eller den friske ungdommen, eller den modige nasjonen.

Det var ikkje berre alvor som stod mot leik og spenning. Allsidigheit stod mot akrobatikk og einsidigheit. Mot og ærleg innsats stod mot feigskap og berekning. Fridom stod mot tvang, meinte skiideologane.⁸⁵⁶

Axel Huitfeldt, om aldri så pompøs og sjølvrettferdig i sleden der han sat, ytra i fleire samanhengar skepsis til lettsindigheit og akrobatikk og sirkuskunstar på ski. I brørne Lillehagen og dei hine såg han «kjekkere karle og mere loyale skiløbere», som var villige og ærlege der andre var forfengelege og kanskje feige. Dei synte vågemot der andre var beint fram late. I langrennsleiken var dei fylte av den rette, passleg alvorlege ånda.⁸⁵⁷

Som han sjølv var.

Blad i krise

Sett året 1887 under eitt kom Norsk idrætsblad ut med heile 39 nummer. Dette kan verka botnsolid nok, men i realiteten var ikkje utgjevingsfrekvensen oftare enn kvar fjortande dag, og kvart nummer var sjeldan på meir enn fire sider. Dei doble numra som bladet stadig kom med, skuldast truleg nytt trykkeri og høgare kostnader. Nokre utgåver mangla den vanlege annonseringa på baksida. Norsk idrætsblad sleit med økonomien.⁸⁵⁸

Over fleire år hadde føretaket gått med på underskot. Ikkje auka abonnentane så mykje over 1000 betalande, og ikkje betalte alle som heldt det, heller. I fleire eigenannonsar i 1887 oppfordra redaksjonen lesarane til å støtta bladet med fleire midlar. Det kom fram, viss vi kan tru eigenreklamen, at dei som særleg støtta det, og altså arbeidde i redaksjonen, hadde spytt i ca. 14 000 kroner sine egne lommer for å halda utgjevingane oppe. I så fall var det ingen liten sum som hadde gått med. Norsk idrætsblad støtta heilhjarta opp om frivillig idrett, men var også sjølv eit frivillig tiltak; «det redigeres af en kammeratkreds, som i sine fristunder griper pennen til idrætssagens fremme».⁸⁵⁹ Denne materielle sida ved bladføretaket rimer med korleis Norsk idrætsblad støtta amatøridretten aller mest, i alle fall ideologisk sett. Men sjølv eit ideelt føretak hadde utgifter å dekkja inn, til trykking og til distribusjon.

⁸⁵⁶ Sånn stod det til dømes i N.Idrbl. 1888, nr 2, s. 10: «[E]fter vor overbevisning [kan] vor herligste idræt blive lagt i en skjæv retning, og vil kun bidrage til at befordre ensidige præstationer, der nærmer sig til akrobatisme. Vi vil få skihoppere, men ikke skiløbere. Bestyrelsen tillægger skiløbningens rette udvikling en alvorligere betydning, end hvad man dagligdags forstår med «sport».»

⁸⁵⁷ Sjå N.Idrbl., 1887, nr. 4., s. 34.

⁸⁵⁸ N.Idrbl., 1887, nr. 4 har berre fire sider og annonser på baksida. Heller ikkje nr. 9 har meir enn 4 sider. Trykkeri i 1887 var R.Hviids enkes bogtrykkeri

⁸⁵⁹ N.Idrbl., 1887, nr. 17 har innstendig oppfordring til lesarane om å betala kontingent, og altså noko redaksjonell tekst om arbeidet og økonomien i bladprosjektet.

Midtvegs i året var det uvisst om bladet kom til å halda fram særleg lenger. Eit visst oppsving i innbetalinga, og ein del støtteerklæringar, fekk redaksjonen til å halda på ei tid til.

Nansens lange renn

I 1888 skipa Skiforeningen både kombinert langrenn og hopp, og 50 kilometer langrenn. Eg har alt fortalt at førstepremien var sett relativt høgt i reine pengar, heile 400 kroner. Dette svært lange rennet kom kan henda til under påtrykk av kva lengre distansar svenskane heldt seg med i tevlingane i denne idretten. Men sidan forsøket blei liggjande brakk heilt til 1902, har eg valt å ikkje gå særleg nøye inn på kva som hende og blei sagt i denne samanhengen. Torjus Hemmestvedt vann femmila, og den kombinerte – for Skiforeningen viktigaste – øvinga.

Det aller lengste «rennet» i 1888, den aller viktigaste idrettshendinga dette året, ja eigentleg i heile tiåret frå 1881-1888 – viss vi no skal ta idrettsomgrepet til Norsk idrætsblad på alvor – blei heller stutt omtala i dette bladet midt i november månad. Då hadde offentlegheita i Kristiania velta seg ei heil veke i nyhendet om at Fridtjof Nansen og følgjet hans var kommen trygt over Grønlandsisen. Morgenbladet hadde trykt eksklusive reisebrev av Nansen om våren – før mannskapen la ut på sjølve den dristige skituren. Og alt den 9. november kunne den same dagsavisa trykte eit ekstrablاد om den store bedrifta, basert på eit kortfatta telegram som Nansen hadde fått sendt. Aftenposten hadde ein annan korrespondent mellom ekspedisjonsmedlemmene, og trykte bidrag av han før dei la ut frå skipet «Jason» i juli.⁸⁶⁰ Ja, ein må seia offentlegheita i heile landet hadde bada seg i tildraginga, om ein kan få nytta ein slik metafor om vellysta og den unisone begeistringa.⁸⁶¹

I nr. 26 av årgangen, laurdag den 17. nov, trykte så Norsk idrætsblad ein artikkel nok så langt ut i bladet: «Nansen er kommen over Grønland!» I poetiske ordelag blei prestasjonen ramma inn:

Dette «mørke fastlands» indre er ikke længer en lukket bog. Hvad mænd som Nordenskiöld og andre berømheder forgjæves har forsøgt, er det lykkedes vore landsmænd, dr. Nansen og hans kjække ledsagere at udføre og de har derved erhvervet sig et navn, som stedse vil komme til at hævde sin plads i historien.

Deretter følgde eit kort referat av ekspedisjonen, og kven som var med. At dei blei teke av sørgåande straumar og strevde i tolv dagar før dei kom til land. At dei byrja oppstiginga den 4. august, at dei nådde ei høgd på 2350 m og blei mottekne av snøstorm. At høgda over havet var

⁸⁶⁰ Sjå Aftenpostens oppslag og lange referat 9. nov. Ei veke seinare var det alt annonser i Morgenbladet for ein velkomstmarsj (for piano) som altså alt var blitt laga.

⁸⁶¹ Nasjonal ramme: BT trykte telegrammet på stor plass alt den 9. nov. Telegramnotis i Tromsøposten (via Kristiania) den 10. nov; Aalesunds Handels- og Søfartstidende med telegramnotis same dato; Indherreds-Posten (Nordre Trøndelag Amt) med telegramnotis den 13. nov. Men ingen ting i Tidning fö Idrott, som eg har kunna sjå. Dette bømte likevel Victor Balck på litt seinare: Fridtjof Nansen blei æresmedlem i den svenska skiforeninga.

på det meste 3300 meter, kulda opp mot 50 minus. Tre veker strevde dei over isen, i tung snø og med vind i mot. Dei nådde ned til Armalikfjorden, men kunne ikkje koma lenger landvegen der. Men gav dei opp for det?

De gav dog ikke tabt. Af teltegulvet og en sæk blev der lavet en båd, og på denn rejste Nansen og Sverdrup i fire dage, da de nåede Godthåb. Herfra sendtes en kajak til Ivigtut, hvor dampskibet «Fox» lå ferdigt til at avgå til Danmark, og dette har bragt os efterretningen om den eventyrlige færd.⁸⁶²

Dei moralske kodane var lett å registrera av dette litt utførlege «telegrammet» frå Norsk idrætsblad. Nansen og gjengen hadde synt mot og uthald og snarrådighet. Dette var så å seia kardinaldygdene som også skiløparar i Husebyrennet blei målt mot, og øvd opp til å ha. For så vidt hadde «bg.» antyda dei alt i den første årgangen av Norsk idrætsblad.⁸⁶³ Samanhengen mellom Grønlandstriumfen og leiken i Husebybakken, og Nansen sitt eige syn på «idræt» – som meir og meir stod i motsetning til skjellsordet «sport» – er noko av det som skal handsamast i neste part av Norsk idrætsblad (1891-1907).

Først skal redaktør Sigvart Petersen følgjast i mål.

Bladet går under

Det krafttaket frå året før som redaksjonen hadde etterlyst frå betalande og støttande abonnentar, hadde i lengda ikkje hjelpt mot det kroniske underskotsføretaket som Norsk idrætsblad var. I eit brev til eigarane seint på hausten 1888 skreiv Petersen at han ikkje hadde råd til å gjera så mykje redaksjons- og abonnementsarbeid på frivillig basis lenger, og at han ville slutta i tidsskriftsarbeidet og i posten sin der, endå om han likte og gjerne skulle halde fram med sjølve bladidéen.⁸⁶⁴

På ei ekstraordinær generalforsamling den 19. november blei det så beslutta å oppløysa aksjelaget Norsk idrætsblad. Ingen andre i redaksjonen såg seg villige eller kapable til å ta over jobben etter Sigvart Petersen, som lova å føra bladet fram til nyttår.

Eit brev som Axel Huitfeldt skreiv til redaktør Petersen den same datoen, var nesten påfallande stutt. Han hadde ikkje møtt på generalforsamlinga, fortalde han, og han såg heller ikkje for seg at han kunne ta på seg redaktørjobben, eller å fortsetja å skriva referat frå Husebyrennet og slikt. Han hadde inntrykk av dei fleste medarbeidarane «er gaaet træt». Slik sett forstod han valet som Petersen hadde gjort, veldig godt.⁸⁶⁵

⁸⁶² N.Idrbl, 1888, nr. 26, s. 182-183.

⁸⁶³ Sjå N.Idrbl., 1881, nr. 2.

⁸⁶⁴ N.Idrbl, 1888, nr 27, laurdag 1. des. går det fram av notis på førstesida at N.Idrbl. går inn ved årets utgang.

⁸⁶⁵ Sjå arkivet RA/PA-0108/F/Fa. («Forhandlingsprotokoll, kopibøker, brev, rekneskap»)

Nokon takk for innsatsen i alle desse åra, eller for samarbeidet, nemnde han ikkje. For alt eg veit, kan han ha skriva brevet i all hast. Og for alt eg veit, kan redaksjonen ha hatt ei festleg samkome som ikkje kom offentlegheita ved.

Å skriva historie er også å godta alt ein ikkje kan få svar på.

Oppsummering, og delvise drøftingar – for heile part 2 (1881-1888).

Eg har handsama Norsk idrætsblad som hovudpulsåra i det eg kallar ei norsk idrettsfentlegheit, og ramma inn det første strekket av dette tidsskiftet til redaktørvirka åt David Dietrichson (jan 1881-nov 1881) og Sigvart Petersen (nov 1881-des 1888). Eg har vidare avgrensa amatørforestillingane til kva som særleg vedkom vinteridrettane skøytesport og skiidrett.

Axel Paulsen var hovudfiguren og pioneren i skøytesporten desse åra. Han gjorde ei internasjonal karriere både av figurane han rissa på isen, og kor fort han skøyta runde på runde, og blei i 1885 hylla som ein amatørhelt av Norsk idrætsblad. Tre år etter blei han riven av pidedestallen som ein grådig «sportsgrubb» av den same redaktøren.

Skihistoria i åra 1881-1888 kan konsentrerast om Axel Huitfeldt. Han var redaksjonell medarbeidar i Norsk idrætsblad nesten frå starten av, og også den som tok initiativ til å stifta den opne Foreningen til skiidrettens fremme og som blei styreformann der i 1887-1888. Norsk idrætsblad blei eit særleg talerøyr for dei ideala som Skiforeningen forfekta – om å halda fast i både hopp og lengdeløp, om å få fram mange aktive og ikkje minst modige skiløparar, og etter kvart at dei sprang og hoppa i den rette ånda med tanke på nasjonen og fellesskapen av vinter- og kuldeeksponerte nordmenn. Axel Huitfeldt stilte seg i bladet open for diskusjonar omkring desse spørsmåla. Til ei viss grad vekte også innlegga hans debatt med lesarane, men ein må like mykje spørja seg om posisjonen han fekk i Skiforeningen i 1887-1888 gjorde han meir påståeleg enn akkurat sanningssøkande.

Huitfeldt nytta sjølv sjeldan ordet «amatør» om eller i dei mange meiningane hadde ytra, så vidt eg veit av. Likevel vil eg hevda at synspunkta hans i stor grad føresette eit implisitt amatørromgrep. «Akrobatikk» og *berekning* var for han den eksplisitte motpolen, det definerande mot-omgrepet, til ekte og sann idrett. Alvoret var retta inn på dygder, og danning.

Ser ein utelukkande på framveksten av amatørreglar og amatørdefinisjonar, er det openbert at noko av impulsen på norsk idrett kom utanifrå. Bølgja kom ikkje berre beinvegs frå Storbritannia; i tilfelle av skøytesporten var reglane like mykje noko ein formulerte og

diskuterte i Austerrike-Ungarn, i Tyskland, i Nederland, og i nabolanda Sverige og Danmark. Norsk idrætsblad bidrog til å bringa desse drøftingane og definisjonane til norsk offentlegheit. Tildragingane rundt Axel Paulsen intensiverte desse amatørdiskusjonane i norsk samanheng. På redaksjonell plass i Norsk idrætsblad blei engelske reglar oppfatta som noko for strenge, og det vil her seia at dei handla for mykje om sosiale klassar til å passa på demokratisk innretta idrettar slik som skisporten.

Ser ein derimot på dei moralske dimensjonane av amatørromgrepet, så som den innsatsen Sigvart Petersen ville krevja av ein ekte og iherdig skøyteløpar, eller det motet Axel Huitfeldt mana skiløparen til å visa fram og leva etter, er det ikkje like opplagt at amatørforestillingane kom som ei direkte eller indirekte omsetjing av forhold og idear i Storbritannia. Skistrategane i og omkring Skiforeningen ønska seg skiløparar som torde å trakka til i satsen, utan å setja helsa si på spel med halsbrekkande lange hopp. Dette kan likna noko på korleis britisk amatørrugby skulle moderera vinnartrongen på banen (jmf. Dunning & Sheard, 1976), men der var konteksten eit heller valdeleg spel. Begge idrettane kunne synast farlege. I norsk skisport gjeld det også å elska fram dygda *snarrådighet*. Parallellen til britisk sportsliv- og sportstanke er ikkje like klar her. Ein kan faktisk snu på problemstillinga: Korleis kan ein setja dette ordet om til engelsk? Uttrykket «quick-thinking» får ikkje same tak i den praktiske og kroppslege kunnskapen i møte med krevjande og ukjent terreng.⁸⁶⁶

Dersom ein samanstiller skiidretten og skøytesporten i desse åra 1881-1888, augnar ein at amatørreglane tvinga seg fram tydelegare i den sistnemnde vinteridrettsgreina. Her var nordmenn i internasjonal aksjon alt frå 1882. Skisporten var mykje ei norsk oppfinning, som ikkje møtte utanlandsk konkurranse på noko vis i desse åra. Den einaste klasseinndelinga som kan likna, er den Skiforeningen innførte i 1887: Mellom tidlegare upremierte og premierte. Tanken med denne inndelinga var å lokka fleire til å prøva seg i tevlinga. Ferske skiløparar skulle sleppa å hevda seg mot dei mest erfarne. I eit avsluttande kapittel skal eg spørja om slike klasseinndelingar – inkludert distinksjonen mellom amatørar og professionistar – kan integrerast i eit sportifiseringsperspektiv, og om sportifiseringsomgrepet kan klara seg heilt utan moralske dimensjonar.

I skøytesamanheng fekk ein ikkje diskusjonar i norsk idrettsoffentlegheit om korleis kunstløpsdimensjonen burde eller kunne henga saman med hurtigløpinga. Det fekk ein derimot til gagns i samanheng av skisporten. Skulle ein leggja vekt på hoppinga i bakkar, eller på

⁸⁶⁶ Ikkje dermed sagt dette ordet «snarrådig» har si rot i samanheng av skisport, og ikkje fanst eller blei nytta, til dømes i militær samanheng, før 1880-åra.

lengdeløpet på jordene og inn i skogane? Skiforeningen fall ned på *kombinasjonen* av desse to som sitt endelege svar. Denne diskusjonen om lengdeløp eller hopp botna delvis i amatørforestillingar om kva som dreiv løparane til det eine eller det andre, og kva dygder ein ville utvikla i skirenn. For Skiforeningen og for redaksjonen i Norsk idrætsblad stod allsidigheit stod mot einseitig akrobatikk. Og ærleg og heil framferd stod mot øydeleggjande forfengelegheit.

Ein kunne altså seia, med visse atterhald: Ein skiamatør gjekk og sprang for noko høgare enn seg sjølv.

Men til atterhalda høyrer også dette: For kvinner var armslaget enno trongt.⁸⁶⁷

⁸⁶⁷ Alt i den første årgangen av tidsskriftet Nylænde hadde ein artikkel, opphavleg eit føredrag av Antonie Løchen, drøfta kor skiftande innhald ideen om «kvindelighed» hadde, og at skiløpinga nok snart ville bli oppfatta som like kvinneleg som skøytekunsten. Sjå Nylænde, 1887, nr.10, s. 45-51. I Norsk Idrætsblad av den same årgangen tok ein «L.U.» til orde for at kvinner i Norge måtte byrja å spela cricket, fotball og tennis, slik at dei kunne utvikla lekamen no når dei var meir og meir i gang med åndeleg arbeid (så som telegrafistar). Denne «L.U.» var Laurentius Urdahl; eg skal fortelja meir om han, og kjønnsstatikken, i part 4. Sjå N.Idrbl., 1887, nr. 24, s. 170.

Part 3. Idrettsbladet blir borte, men sportsånda gjer inntog i Norge (1888-1891)



Ikkje noko mindre enn ein triumfboge var rigga til i gatene i Kristiania, truleg Karl Johans gate, då Fridtjof Nansen og troppen hans kom til hovudstaden seint på våren 1889. Då Nansen og mannskapen på Fram triumferte på same måten i 1896, stod ein tropp turnarar øvst på den triumfbogen. Dette biletet er teke av Fredrik C.M. Størmer, ein student som skjulte eit detektivkamera under vesten (med objektivet ut gjennom eit knapphol. Biletet tilhøyrr Oslo Folkemuseum, lasta ned via <https://digitaltmuseum.no/011013321792/fra-nansens-hjemkomst-i-1889-oslo-pyntet-bygate-triumfbue-flagg-og-menneske>

1889 kan ved første augekast sjå ut som eit annus horribilis for norsk vinteridrett. I alle fall i Kristiania. Skiforeningen strevde fælt med dårleg ver og skiføre, og måtte utsetja Husebyrennet til heilt sist i februar. Den mest tradisjonsrike skøyteklubben i byen, Kristiania Skøyteklub, låg nede. Viktigast av alt: Norsk idrætsblad fanst ikkje lenger, bladet som skulle skapa større syn for, og trygga eit foredlende ordskifte om idretten i byen, og for så vidt i heile landet.⁸⁶⁸

Tyder dette at idretsoffentlegheita fall saman? I dette kapittelet skal eg prøva å svara på dette litt tåpelege spørsmålet, sjølv om det kan synast å gå litt utanom kjerneproblemet i avhandlinga mi. Eg skal også nytta opphaldet av Norsk idrætsblad i 1889-1891 til å gå ein runde omkring amatørspørsmåla på ny. Kva var motsetningspara som omgrepet levde på? Kva omgrep om amatøreren fanst i ein vidare samanheng i Norge på denne tida? Hadde noko endra seg sidan 1866 i så måte? To andre kroppskulturar og deira verdisfærer, sirkuset, og den skjønne kunsten, må truleg tematiserast på ny.

Framstillinga er ikkje meint uttømmmande for tidsrommet; eg prøver vel så mykje å minna om, og dels forstørta, nokre sentrale hypotesar og problemstillingar, som eg søker å svara utfyllande på dei i denne omgangen.

Seinare på 1890-talet skilde ein skarpt mellom idrett og sport – ikkje minst Fridtjof Nansen bidrog til det – men sidan eg ikkje ser at dette er så gjennomført i dei åra eg tek for meg her, har eg heller ikkje gjort det no.

Kapittel 1. Sportsånda

Eg har alt antyda kva eufori det skapte i den breie norske offentlegheita då nyhendet om at ekspedisjonen til Fridtjof Nansen hadde kome seg velberga fram til vestkysten av Grønland, breidde seg med telegrafbølgjene seinhausten 1888. I Bergen, der dr. Nansen jo hadde studert, heiste byen flagg i august månad, og mange private følgde eksemplet. Eit nyleg dampskip blei prompte døypt etter namnet hans, og venstreforeininga der ropte ut eit leve for Nansen og dei kjekke kameratane hans den same ettermiddagen.⁸⁶⁹

Då Nansen så vende heim til Norge om våren, braka og dundra begeistringa laus, ikkje berre i kystbyane Trondheim og i Bergen og i Stavanger, men også i fjordbotnen Kristiania, den 30. mai 1889. Ein detalj viser kanskje iveren, men også pompøsiteten: Norske Studenters

⁸⁶⁸ Den 19. februar 1889 beretta Dagbladet at Skiforeningen så absolutt ville ha Husebyrennet arrangert, men at snøforholda gjorde det vanskeleg. Dessutan, den søndagen dei hadde tenkt rennet, hadde mange løparar vore i Trondheim og tevla. Søndag 24. februar heldt ein langrennet (frå Majorstua), og måndagen etter (den 25.) hadde oppvisnings(hopp)rennet på Huseby. Sjå referat i Aftenposten den 25. februar 1889. Artiklar om snøforholda tidleg i månaden tyda på at hoppbakken låg slik at sola fort blei eit problem utover vinteren, sjå Morgenbladet 11. feb 1889.

⁸⁶⁹ BT den 10. november 1888.

Gymnastik- og Fegteforening, der storebror Alexander Nansen var ein av stiftarane, hadde fire kolsvarte hingstar med i opptoget: dei drog ei vogn med Torsfanen og fanevaktarar med dregne sverd, og bunde bakom der att ei anna vogn med den store turnhesten til grupperinga og rundtom den dels gymnastar, dels fektarar i full rustning. Visste ein ikkje betre, kunne ein trudd opptoget skulle til Troja.⁸⁷⁰

Eller som Knut Hamsun skreiv i Dagbladet tre veker seinare: «Sexti Tusind Mennesker modtog dem paa Bryggen, femti Tusind fulgte dem til Hotellet, ti Tusind raabte niti Tusind Hurra, [...], vi har i to Uger saa at sige været Bergensere allesammen.»⁸⁷¹

Den unge forfattern og føredragshaldaren Hamsun (dette var før romanen *Sult*, til og med) var sjølv av dei som *ikkje* lét seg begeistra. I Dagbladet meinte han at den vitskaplege verdien av ekspedisjonen var oppskrytt, og at Nansen sjølv ikkje hadde hatt tankar om ein slik større dimensjon over skituren sin. Men denne gjæve kunnskapshimmelen måtte tydelegvis slåast over ferda for at nordmenn kunna feira han og mennene hans så ettertrykkeleg. Dei trong altså eit påskot for å feira seg sjølve som noko betydningsfullt folk i nasjonal og europeisk målestokk, meinte han.⁸⁷² Hamsun blei motsagt på spalteplass av ein Andreas H. Hansen som hevda det ikkje kunna skada eit folk om det feira ei slik ovstor sportshending som viste at «Vikingebloodet endnu ruller i gamle Norge», som han ordla seg, og at viss hr. Hamsun hadde halde seg litt oftare i Kristiania ville han ha sett at dette hadde skjedd før, både i Husebybakken, og då Axel Paulsen slo van der Zee i Frognerkilen. Kanskje kunne ungdom vakna til mang slags dåd av å sjå Nansen i levande live att, både med tanke på diktarkunst eller vitskaplege oppdagingar. «Vort Aandsliv blir sandelig ikke tarveligere for det – tvertom.», skreiv han.⁸⁷³

Men dette var nettopp ankepunktet til Hamsun, at folk i Norge meir og meir syntest å feira augneblinken og det aktuelle – framfor varige erkjenningar og det evige. Han meinte vel at han sjølv representerte det siste med publiserte utdrag av den komande romanen «Sult» (vel og merka i eit dansk tidsskrift). Han svara Hansen i avisa slik: «Det vil maaske herefter falde vanskeligere og vanskeligere her hjemme at blive Stormand i en Bedrift, uden at denne Bedrift paa en eller anden Maade er forbunden med Sport.»⁸⁷⁴

⁸⁷⁰ Sjå Vigander, 1932, s. 21.

⁸⁷¹ Dagbladet 20. juni 1889.

⁸⁷² Eg går ikkje inn på kva kjelder han hadde for dette. Interesserte kan lesa den fine framstillinga til Tor Bomann-Larsen, 1993.

⁸⁷³ Dagbladet 24. juni 1889.

⁸⁷⁴ Dagbladet 28. juni 1889. Delar av Sult-manuset hadde blitt publisert, rett nok anonymt, i det danske tidsskriftet *Ny Jord* i 1888.

Tor Bomann-Larsen har kalla dette ei ny ånds gjennombrot i norsk åndsliv, og skriv at denne «sportåndens inntog» kom uventa og brått på åndslivets menn.⁸⁷⁵

Kanskje kunne ein med Andreas Hansen fremja den hypotesen at offentlegheita sjølv blei prega av sport i og med Nansen, og at det var sporten som erobra den breie offentlegheita i Norge meir enn det var vitskapen som vann noko varig med skispora over Grønlandsisen. Men som eg har synt gjennom ni årgangar av Norsk idrætsblad allereie, og Hansen sjølv er inne på i debatten sin med Hamsun, samla idrettstevlingar store hopetal av tilskodarar *før* Nansen kom seglande inn Oslofjorden i 1889. Norsk idrætsblad, og den breiare innstilte rekkja av dagsaviser, hadde skapt sportsheltar i stort monn også etter at Nansen gjekk attende til Bergen over Geiteryggen på ski i 1884. Axel Paulsen var den som stråla mest, og som skapte også skuggar attom seg i amatørmessig forstand, men omkring han funkla skøyteløparar som Carl Werner og Harald Hagen, og i ein større krins skiløparar som Hemmestvedt-brørne frå Telemark og brørne Lillehagen frå Bærum. Kvinnene hadde ein berre synt eller sett i små glimt.

I større monn enn Nansen var nok dei nemnde idrettsmennene lokale heltar knytte til Kristiania, og hadde som oftast tevla der. Den trykte offentlegheita som eg studerer, hadde også tilhaldsstaden sin der. Nansen blei ein sportshelt av tydlegare nasjonal storleik; i dét har Tor Bomann-Larsen eit godt poeng. Formuleringane hans er dristige, men likevel ikkje utan støtte i empirien: «Fridtjof Nansen reiste ut som en privatmann med ski på bena. Han vendte hjem som folkets fanebærer.»⁸⁷⁶

Høg og låg kultur

Hamsuns innlegg i Dagbladet i 1889 er interessant frå ein annan kant: I kva grad var offentlegheita i Norge no blitt ei dyrking av nasjonale og stundom også internasjonale kjendisar, slik at offentlegheita hadde byrja å endra karakter? Var offentlegheita i ferd med å bli kva Habermas kanskje ville kalla reføydalisert nettopp av desse sportsheltane sin inntogsmarsj? Følgde folk Nansen blenda og nærmast blindt?

Medievitaren Jostein Gripsrud (2017) omgår diverre dette spørsmålet i boka si om heile den norske offentlegheita, *Allmenningen*. Han skriv – utan å peika på dette paradokset – at «Nansens berømmelse, popularitet og store skrive- og talebevegelse gjorde ham nå til en svært effektiv talsmann, først for norsk likestilling i unionen med Sverige, deretter for full uavhengighet».⁸⁷⁷

⁸⁷⁵ Bomann-Larsen, 1993, s. 35.

⁸⁷⁶ Bomann-Larsen, 1993, s. 36.

⁸⁷⁷ Gripsrud, 2017, s. 239.

Eivind Tjønneland har i ein pamflett kritisert Gripsrud for (mellom anna) å ha neglisjert det forskinga kallar «dikotomiseringsproblemet» omkring all slags offentlegheit. Stikkordpara her er *høg* og *låg*, edel og mindre edel, verdfull og mindre verdfull. Tjønneland meiner ein må spørja meir enn Gripsrud gjer om når og kvifor og korleis skiljet mellom høg og låg kultur oppstår. Habermas' skilje mellom det kulturresonnerande og det kulturkonsumerande publikum kan følgjeleg problematiserast.⁸⁷⁸ For meg blir spørsmålet: Kven har rett om sportens plass i den breie norske offentlegheita omkring 1890, Hamsun eller Hansen? Var det med slike debattar og dette tidsskiftet at skiljet mellom høgt og lågt blei etablert, og idretten plassert i det låge? Eller er det slik at samansette typar som vitskapsmannen/skiløparen/forfattaren/kunstnaren/politikaren/diplomaten Fridtjof Nansen gjer den same distinksjonen vanskelege å halda oppe i norsk samanheng? Ei historie om den norsk offentlegheita bør uansett ha desse spørsmåla med. Idrettsoffentlegheita døydde i alle fall ikkje med 1889, ho breidde seg snarare utover.

Og som Rune Slagstad har peika på: det blei ikkje *mindre kritikk* av sport som følgje av at den delvis engelskpåverka sporten fekk større gjennomslag i offentlegheita.⁸⁷⁹

Uavhengige aviser

Det neste som må seiast i denne samanhengen, er at Norsk idrætsblad slett ikkje hadde monopol på offentlege viktige idrettshendingar, så som Husebyrennet. Alt i 1888 hadde Morgenbladet drøfta inngåande langrennsprestasjonane til by- og bygdeløparane etter dei lengre distansane som blei haldne då, og i 1889 hadde både Aftenposten og V.G. og Dagbladet og Morgenbladet relativt lange referat frå dei to dagane Husebyrennet stod på, endå arrangøren ikkje gjorde allting lett for dagsavisene ved å kunngjera resultatane først ved premieutdelinga om kvelden. Til gjengjeld var dagsavisene uavhengige av Skiforeningen, og kunne, i alle fall prinsipielt sett, fremja meir kritikk, til dømes av publikumsoppslutninga, enn det nokså offisielle organet som Norsk idrætsblad mykje var.⁸⁸⁰

Meir generelt hadde særleg dagsavisa Morgenbladet etablert ein ganske fast journalistisk praksis, eller i det minste ei temaorientering, under vignetten «Idræt»». Vignetten eller spaltemarkeringa kom allereie i 1886. Den (usignerte) som skreiv i denne spalta, ytra seg også med meiningar om idrettslege tildragingar i 1889, og fortalde ikkje berre kva som hadde

⁸⁷⁸ Tjønneland, 2018, s. 69.

⁸⁷⁹ Slagstad, 2008, s. 198. Slagstad dreg ganske lange linjer i samanhengen sin, eg skal gå inn på delar av desse tidlege motsetningane i neste bolk.

⁸⁸⁰ Sjå Aftenposten 25. februar 1889 nr. 123, og V.G. 25. februar 1889; Dagbladet 25. og 26. februar 1889; Morgenbladet 25. februar 1889 (aftennummeret), nr. 105, og 26. februar 1889, nr. 106. Det kan leggast til at norsk triumf i skøytekappløp i Sverige hausta store overskrifter i alle desse avisene, i det same tidsrommet. Dette var ei tevling for både amatørklasse og profesjonelle, og Victor Balck var sekretær for arrangementet. Sjå N.Idrbl., 1891, nr. 27, s. 188.

hendt av stemne og resultat, eller skulle skje av kappløp og andre arrangement. Dersom ein ikkje legg til grunn for sterke eller skarpe kriterium frå kva journalistikken er i *vår* tid, kan ein hevda at idrettsjournalistikken i avisene byrja her, omkring 1890.⁸⁸¹

Eg samstemmer såleis med Espen Andersen (2007), som i avhandlinga si om gjennombrøtet for fotball i norsk kulturliv stiller spørsmålsteikn ved dei etablerte framstillingane av 1912 (og OL i Stockholm) som vendepunktet for ein ny og hyppigare type sportsjournalistikk i Norge. Men eg vil plassera gjennomslaget for idrettsjournalistikken endå tidlegare enn han synest å gjera, som jo tek for seg på dekninga av fotball, først og fremst. Kompetente, om ikkje nødvendigvis spesialiserte, journalistar – kall dei gjerne amatørar – rapporterte frå Nordiska (vinter-) Spelen i Stockholm alt i 1901. VM på sykkel i 1896, der Wilhelm Henie, var ein av favorittane, blei formidla med telegramnotisar og artiklar i nokså dagsferske oppslag. Ola Holen, som eg skal presentera i neste part, dekte ei heil side i Norges Sjøfartstidende med sport om søndagane frå 1892. Morgenbladet hadde som nemnt si faste spalte med «Idræt», om ikkje nødvendigvis kvar dag, sidan 1886.

Og no, vinteren 1889, kom det ramsalt kritikk i denne avisa av alle dei skøytetilstellingane og annonseringane som faktisk fann stad i hamnebassenget omkring Kristiania. For skøytesporten var det altså ein frisk og fin vinter, om det ikkje kom så mykje snø. Den 27. januar var den «prægtigste Godvejrssøndag» så langt i sesongen, med fortreffeleg skøyteis, som referenten i Dagbladet skreiv. Og høyr no alt som skjedde: På føremiddagen hadde **Kristiania Sportsforening** eit privat kappløp i Frognerkilen (politiet hadde forbode offentleg arrangement). Nokre soldatar hadde visst eit lite kappløp der seinare på dagen. På Vippetangen (heilt inst i bassenget ved Akerhus festning) heldt **Kristiania nye Skøiteklub** eit kappløp for damer (med tre klassar, og 10 deltakarar). Og på Tivoli sin skøytebane heldt **Norsk skøjteforbund** landsløp i kunstdløp (med deltakarar også frå Drammen og Hønefoss). Her var amatørar inviterte til å ta del. Tidlegare den same januarmånaden hadde ein halde eit skøytestemne på ein isbane i **Schweigaardsgate**, også denne for kvinner (og jenter). Kven som var arrangøren her, er uklart for meg.⁸⁸²

For kommentatoren i Morgenbladet smaka for mange av desse arrangementa av private entreprenørar og «blot og bart en Pengespekulasjon». Han var heilt samstemt i at politiet stengde Frognerkilen for offentlege arrangement (endå grunnen her godt kan ha vore istjukklikeiken, eller søndagsfreden). Han tykte også det blei delt ut for mange gullmedaljar i stemna for born. At kvinner var med å kappast, synest derimot ikkje å ha valda Morgenbladet

⁸⁸¹ Sjå Andersen, 2007, s. 346-351.

⁸⁸² Sjå Dagbladet 28. jan. 1889.

særleg vånde, i og for seg.⁸⁸³ Ein kunne vel tenkja at alle desse tildragingane vitna om eit yrande skøyteliv og ei rik offentlegheit i så måte, men for fleire av avisene var det tvilsamt om motivasjonen til dei ulike klubbane verkeleg var aktivitet på isen, eller om det var billettsal og inntekter. Den idrettslege falliten til Axel Paulsen figurerte i bakgrunnen, i alle fall i Dagbladet.⁸⁸⁴

Den sunne eller gode eller kan eg seia *frie* offentlegheita – som avisskribentane vona og trudde på – blei såleis truga av pekuniære omsyn og simplare marknadslogikk. Dei gullmedaljane som ungene vann, kunne nok ikkje vekslast inn så mange kroner, men å dela ut for mange av dei, kunne forringa den eksklusive verdien av dei som premiesymbol, meinte Morgenbladet. Og di fleire slike stemne, la avisa til, di meir gløymde ein at tevlingar berre var *middel* for idrettsutfalding. Tevlingar, kappløp og stemne skulle lokka folk (og ungdom) til å prøva skøytene og isen – og ikkje tena dei som tenkte på si eiga lomme og «sin Trafik». For Morgenbladet var Norsk skøjtetforbund ein verdig og enkel «Amatørklub», medan det som blei rigga til i eit ustanselig køyr på Vippetangen (av Kristiania nye Skøiteklub, og bakom her Axel Paulsen), skapte inflasjon. Idrettsoffentlegheita kunne på ein måte flyta ut dersom stemna og medaljane (og billettane) blei for mange. Dette siste er tilleggsanalysa mi, medan «Amatørklubberne» var det honnørordet avisa sjølv løfta fram.

Kapittel 2. Amatør-ordet

Det andre ærendet eg har i dette kapittelet, er å minna om den breiare tydinga som ordet «amatør» hadde, i ei vidare offentlegheit enn den som handla primært om idrett. Leksika er, som nemnt i bolken om teori (II.), ein fin stad å leita for omgrepshistorikarar. I åra 1881-1888 kom *Norsk Haandlexikon*, vel det aller første norske *konversasjonsleksikonet*, ut i tre band. Redaktør var forleggjaren, journalisten, og stortingspolitikaren Johan Christian Johnsen.⁸⁸⁵

Her heitte det at amatøreren var ein «Kunstelsker»; «Amatrisen» likeeins ei «Kunstelskerinne». Amatørskap handla for dette leksikonet, og vel for den Johan Christian Johnsen som redigerte det, altså om kunst.⁸⁸⁶ Ordet «kunst» blei for sin del i det same leksikonet (band 2) forklart som i vidaste forstand ei kvar ferdigheit eller dugleik som var

⁸⁸³ Sjå merknader i Morgenbladet den 27. januar 1889, og same avisa den 3. feb. 1889, nr 62. Motbør trykt i Dagbladet av ein «H» den 17. feb. 1899, der det går fram at nettopp Paulsen dreiv klubben ved Vippetangen.

⁸⁸⁴ Dagbladet 11. november 1888.

⁸⁸⁵ Johnsen var altså redaktør i *Almuevennen*, og blei i Bergens Tidende skulda for partifanatisme - sjølv i dette leksikonet, sjå BT 2. aug. 1884.

⁸⁸⁶ *Norsk Haandlexikon*, 1888, sjå side 43. Eg siterer her etter ei samleutgåve som kom ut i 1888, og med føreord av Johnsen. Ei rekkje professorar var med å bidra til ordforklaringane. Kven som tok seg av kunsten, om det var til dømes professor M.J. Monrad, skal eg ikkje ha sagt.

erverta ved øving, men i snevrare og meir vanleg bruk om dei *skjønne kunstane*, det vil seia bygningskunst, bilethoggarkunst, malarkunst, samt musikk, poesi og skodespel (og stundom også retorikk eller talekunst).

Ein amatør var med andre ord ein eller ei som elska musikk, eller kanskje skulpturar. Så langt var alt som før, og ingenting endra frå tydingsuniverset til framandordboka åt Mauritz Hansen omkring 1850 (omtala i bolk III, part I). Og for så vidt rima det med den etablerte forståinga i Vest-Europa elles, så som i Frankrike alt under Louis den fjortande (1643-1715), der amatører var å forstå som ein «connoisseur of fine arts».⁸⁸⁷

Men så enkelt er, eller var det eigentleg ikkje. Ein som elsker musikk, kan vera ein som sit i konsertsalen og bivrar av glede og spenning for den neste tonen. Ein som elsker ein skulptur, kan vera ein som fell i stavar over den Karl Johan-statuen i bronse som Brynjulf Bergslien fekk avduka i 1875. Men amatører kan også vera den som utøver kunsten; speler fiolinen, eller hogg ut ein figur i tre eller stein.⁸⁸⁸ Det er eit aktivt element ved amatører som *kan* med, også i samanheng av elsk til kunst. Dette ser ein tydeleg av ordbruken i annonser og kunstmeldingar i dagsavisene, i alle fall frå 1860-talet og framover, også dette nemnt tidlegare i avhandlinga mi. Amatørar kunne eller skulle gjerne opptre i ulike musikk-framføringar, oftast i lag med andre og kanskje meir kjende namn. Eit døme kan vera frå *Aftenposten* den 30. april 1868: «Tirsdays optraadte den 10aarige Fiolinist Alfred Herwig i Hotel du Nord's sal, assisteret af Teatrets Orkester [...], hvorhos en Amatør afsang et par Barytonsoloer.» Ti-åringen var namngjeven, amatører ikkje.

Det aktive, utøvande, kanskje kreative elementet her hadde truleg med dyktigheit å gjera. I det siterte ordvalet av «amatør» frå *Aftenposten* – og meir og meir sjeldan «amateur» – låg det såleis ein historisk-etymologisk komponent av elsk til og utøving av kunstfaget, men også det at amatører eller amatrisa ikkje var like dyktige som den meir namngjevne og namngjetne kunstnaren. Dette hadde ikkje nødvendigvis med profesjonar å gjera akkurat enno; at den meir dyktige utøvde lidenskapen sin på heiltid eller som yrket sitt. Altså at ein hadde amatører på den eine sida, og «professionisten», som han gjerne heitte i samtida, på den motsette sida. Ti-åringen Alfred Herwig var eit uomtvisteleg talent, men nok ikkje heilt kunstnar, verken i institusjonell eller i romantisk forstand.⁸⁸⁹

⁸⁸⁷ Sjø Glader, 1978, s. 96.

⁸⁸⁸ Akkurat kven som avduka han, har eg ikkje funne ut. Kong Oscar II. hadde naturleg nok prominent plass ved teppefallet. Om lag 40 000 menneske skal ha samla seg omkring statuen og slottplassen, ifølgje *Morgenbladet* 8. sept. 1875.

⁸⁸⁹ Herwig fekk som ung mann engasjement i orkesteret til Christiania Theater, sidan i orkesteret til Nationaltheatret, før han blei tilsette ved Filharmonien. Han døyde 61 år gammal.

Faktisk langt ut på 1900-talet var det dei som ikkje tenkte i profesjonar omkring «amatøren», og som meinte andre var for mykje prega av utviklinga på sporten sitt område. I Romsdals Amtstidende den 7. april 1917 var det ein «R.H.» som skreiv eit innlegg om kritikk i kunstsamanheng. Han synte til avisa *Ekspress*, som i eit tidlegare nummer hadde hevda at ein som levde av å vera musikal, umogleg kunne kallast ein amatør. Her var R.H. heilt usamd. Og han skreiv:

Amatør naar det er tale om Kunst har ikke den samme snevre Betydning som naar det gjelder Sport hvor Amatør betyr det motsatte av Professionist. En Amatør i Kunst betyr en Mand som endnu ikke er naadd over Læretidens Ufrihet, som ikke er Herre paa sit Instrument, men endnu er bundet av tekniske Vanskeligheder eller som ikke har tilstrækkelig musikalsk Kultur og Udvikling i sit Kunst at finde Uttryk for sine sjælelige Stemninger. Med andre Ord: Amatør, er et penere Ord for Dilettant og har intet med Mandens Levebrød at skaffe.⁸⁹⁰

Dette sitatet er interessant på fleire måtar. Dels syner det til den innflytinga sporten hadde fått på den breiare offentlegheita utover 1900-talet, også i spørsmålet om kva ein amatør var, og kva motsatsen var. Dels kan det syna til ei tidlegare forståing av ordet; at amatøren kanskje elska ein kunst og eit instrument, men ikkje hadde fullt (og aktivt) herredømme over den same kunsten, her tydeleg knytt til utøving av musikken.

No er, eller rettare sagt var, «R.H.» ikkje noko kjend pseudonym i avis-oversiktene som kom ut i ulike bøker, og debatten mellom kritikaren i Romsdals Amtstidende og *Express* gjekk for så vidt for seg langt frå kunstsentera i Kristiania og i Bergen. Eg vel likevel å legg vekt på denne kjelda: Forståinga rimer med utlegninga av ordet «Dilettant», både i den nemnde ordboka til Johnsen frå 1881, og «lommekonvsasjonsleksikon» frå 1891. Hjø Johnsen heitte det om dilettanten: «egentlig Elsker, en som interesserer sig for en Kunst eller Videnskab og giver sig af med dens Udøvelse uden at gjøre den til sit Kald eller trænge tilbunds i Faget.» «Kald», altså kall, var her forbunde det romantiske kunstsynet, som hadde vunne hevd i Norge såleis.⁸⁹¹

Tolkinga av kunst-amatøren slik som R.H. tok til orde for, stemmer også med at amatøren i annonsane ikkje var namngjevne på same måten som tiåringen Alfred Herwig, eller eit endå betre døme; med fru Erika Nissen, ho som eg nemnde i part 2 av denne bolken, som heldt konsert i Logen i Kristiania i 1881. Amatøren eller amatrisa var ikkje like virtuos som til dømes henne, ho som var utdanna hjå Theodor Kullack i Berlin og som hadde gjort seg eit strålende namn på den europeiske musikkscenen før ho gifta seg her heime i 1874. Fru Erika

⁸⁹⁰ «RH» skreiv før dette den 28. mars om amatørflinisten Olsen-Bruun, og angreip delvis rosen til avisa *Express* (som kom ut i Kristiansund). Svar i denne avisa kom 31 mars. Etter dette svar av «RH» i den andre avisa den 7. april.

⁸⁹¹ Johnsen, 1881, s. 377. Og i Konow, 1891, s. 207-208: «en, der giver seg at med en kunst ell. Videnskab uden at trænge tilbunds i den». Her var tydinga av «amatør» enkelt «Kunst-, videnskabsven». Dette leksikonet var elles basert på tyske *Kürschners Taschen-Konversations-Lexikon*.

Nissen var to tiår etter dette titulert først og fremst «Fru» (og mor) i offentlegheita, sjølv om ho var musikk lærar på privat basis og heldt konsertar jamt og trutt. Ho fekk kunstnarløn i 1894, som den første kvinnelege utøvaren i Norge, og skilde seg året etter.⁸⁹²

Tilfanget av framifrå utøvande musikarar var kanskje ikkje større enn at ein hadde god bruk for amatørar attåt kunstnarane. Men ein hadde altså bruk for å markera forskjellen mellom dei.⁸⁹³

I idrettssamanheng blei truleg det aktive og det dyktige forstått noko annleis. I 1917 kan det nok ha vore slik at den enkle motstykket til amatøreren var den profesjonelle, altså den som livnærte seg av idrett, anten som utøvande, eller som instruktør. Men det er godt mogleg at problemet før den tid, og altså kontrasten til amatøreren før verdskrigen, *også* var den altfor dristige; den sånn sett altfor dyktige og kunstferdige. Meir om dette i neste kapittel.

Eit anna viktig poeng i sitatet av R.H. er tilvisinga til ordet «Dile[t]tant», som han meinte var eit litt grovare ord for den same *uferdigheita* som gjeldt ein amatør. Eg har nemnt på dette ordet før i denne bolken, og på den moglege endringa som skjedde etter 1870 ein gong, då frekvensen av ordet dilettant fall i norske aviser, medan han auka kva gjeldt ordet «amatør» (part 1). Eg streifa der den moglege hypotesen at oppsvinget av amatørordet hadde med nettopp bruken i idrettsamanheng å gjera, og at denne nye konteksten, særleg etter 1880, også gav ordet fornøye honnørverdi. For så vidt finst det tal og empiri som *kan* støtta ein slik tanke. Søk på ordet «amatør» i norske aviser for året 1890 gjev 109 treff totalt.⁸⁹⁴ I samanheng av idrett er bruken berre seks gonger.⁸⁹⁵ For året 1900 er det tilsvarande totaltreffet 168, og 13 av dei som har med idrett og sport å gjera. I prosent vitnar dette om ein viss auke for idrettssamanheng i løpet av tiåret. Då er tidsskrift som Norsk idrætsblad *ikkje* rekna med. Men – ein skal ikkje utvida dataspennet med meir enn eit år, frå 1890 til 1891, før ein får eit litt anna bilete. Då var bruken av amatørordet i samband av idrett nesten ein tredjedel (25 av 82 totalt) i norske aviser. Så kanskje må ein lenger attende i tid, for å kunna konstatera endringa og brotet? Ein hamnar svært raskt i metodiske diskusjonar om kor lange tidsseriar ein bør studera, og om ikkje både eintalsforma og fleirtalsforma, for ikkje å gløyma hokjønnsvariantane «amatrice» og «amaticer», må

⁸⁹²Opplagt var det kjønnsrolleproblematikk ute og gjekk i kven som kunne kalla seg, og kven som fekk offentleg støtte som, som kunstnar i Norge på denne tida. Ein kort biografi om Erika Lie Nissen finst av Haavet, 2013, søkbar via Store norske leksikon, snl.no, som tek opp i seg den eldre Norsk biografisk leksikon, som kom ut i åra 1999-2005.

⁸⁹³Døme på amatør-titulering i musikkannonsar eller konsertomtalar på 1890-talet: Sjå BT den 10. januar 1891, Dagbladet den 7. oktober 1892, og Moss Tilskuer 20. mars 1890. I Morgenbladet den 4. januar 1800 averterte Christiania Handelsstand for eit teaterstykk med «en Spøg» i første akt, eit songnummer som skulle framførast av ein «Amateur» i andre akt, og ein nyskriven farse i tredje akt som blei kalla «Sport».

⁸⁹⁴Avissøk i 1890 gjev dominerande inntrykk av amatøreren i samh av musikk. Og elles: Noko vitskap, noko fotografering, noko hagebruk, noko sport (skøyter).

⁸⁹⁵Seks andre treff gjeld eit konkurranseritt med hestar også for amatørar, men dette skjedde i regi av Cirkus Schumann, i Bergen i juni og juli månad, 1890.


med, og korleis ein kan manøvrera utanom dei variasjonane som ligg i uregelmessige sports- og sirkus-arrangement og tilhøyrande lån og gjenbruk mellom avisene, og kva som kan kallast signifikante endringar (så som i prosenttal); problemstillingar som høyrer kvantitative tilnærmingar og vitskapar til meir enn det fortolkande historiefaget som eg legg til grunn i denne avhandlinga. Og då har eg altså ikkje enno byrja å diskutera korleis ordet blei *forstått*, positivt eller negativt, i desse ulike samanhengane.

I part 1, kapittel 1 synta eg også eit N-gram (basert på søkemotoren til NB.no) som antyda eit skifte av bruk og valør omkring eller noko etter 1870. Relativt korte tidsspenn og heller liten bruk (eller treff på) av orda kan likevel vera misvisande. Eit søk på det større tidsrommet frå 1880 til 1952 (for slik å ha fått med også vinter-OL i Oslo) syner for så vidt at amatør-ordet svinga seg opp i bruk i avisene etter 1870, og dilettant-ordet ned på same tidspunkt, men ein ser jo så at amatørordet gjekk brått ned igjen i bruk omkring 1890, og det er først etter 1910 at det store skiftet eller spranget mellom orda verkeleg skjer:



N-gram (nb.no) gjort 2. juni 2021. Skjermdump.

Og for at lesaren kan samanlikna frekvensen med eit anna, og delvis for amatøreren, relatert uttrykk, har eg under synt søket også saman med ordet «sport»:



N-gram (nb.no) gjort 3. juni 2021. (skjermdump)

Eg har ikkje noko fullgod forklaring på kvifor også ordet amatør fall i frekvens i norske aviser etter 1890. I samanheng av kunst og særleg musikk gjev det meining. Men sidan sporten og idretten breidde om seg, som eg skal koma til – med fleire kontroversielle hendingar omkring amatørreglementet – er det nesten påfallande ikkje ordet kom meir i bruk i tiåret etter 1890. Sportsjournalistikken som dukka opp i aviser som Morgenbladet kunne også ha skunda på frekvensen, vel å merka viss ein legg standardane i dag (så som nyheiter, kontroversar, nasjonale dimensjonar) til grunn. Men så er heller ikkje dette med terminologien og frekvensen av han hovudoppgåva for denne avhandlinga, og norske dagsaviser er heller ikkje hovudkjelda i granskinga mi. Omgrepshistoria og Norsk idrætsblad vil syna at amatørtematikken og amatørproblematikken var høgst levande også etter 1890. Ein bør ikkje stirra seg blind, verken på berre ordet eller berre på reglane. Eller på avisene, for den del.

Kapittel 3. Ørebladet og sirkusannonser

Ei av dei avisene som kom til omkring dette tiårsskiftet 1890, og som delvis utvida idrettsstofflegheita i Kristiania, var *Ørebladet*. Denne dagsavisa kom ut første gong den 1. august 1891. I politisk samanheng skulle bladet skulle vera moderat; det hadde tilknytning til Yngre Konservative Forening (unionsvennelege eit stykke på veg) og ville særleg ta vare på kristendommen, heitte det. Innland og utland skulle dekkast, særleg Norden, og så bøker. Redaktøren var ikkje nemnd ved namn i bladet, men var Christian Hansen Wollnick. Avisa blei trykt med fire sider på jammen, annonser på den bakerste; Skiforeningsformannen og advokaten

Emil Roll var mellom dei som annonserte der seinhausten 1891. Avisa kom ut kvar dag, også søndagar, og hadde 6000 i opplag på seinhausten, etter eigenannonsane å dømma. Sjølv om ingenting spesielt var nemnt om sport eller idrett i den redaksjonelle eigenomtalen ved lanseringa, dekkja avisa ivrig skøytesporten utover 1890-åra.⁸⁹⁶

Også annonsane i Ørebladet er interessante. Det kom i blant sirkusførestillingar til hovudstaden i Norge – der publikum blei oppfordra til å koma på scenen og utfordra dei omreisande artistane i styrkeløft og kanskje bryting. Og annonsane kunne lokka med dette meir aktive eller deltakande elementet for lesarane/tilskodarane. Axel Øversten var ein omreisande svensk kraftkar eller «Salon-Athlet» (som annonsane kalla han) på andre halvdel av 1880-talet, og lenger fram i tid, som gjerne lova 500 kroner til den som kunne løfta dei same vektene som han. Han vann som oftast.⁸⁹⁷

Hausten 1891 reklamerte Tivoli Cirkus, også under namnet av Tivoli Theater, med at dei to «amerikanske Gladiatore», brørne Al og Leon Marx, skulle syna bokse- og brytekampar.⁸⁹⁸ Dei lova konkurranse med «en Dame».⁸⁹⁹ Den sterke dama var maskert, viste det seg, men bergtok eit fullsett publikum med store krafttak. Ørebladet følgde anerkjennande opp førestillinga på redaksjonell plass dagen etter. Morgenbladet omtala «konkurransen» med hermeteikn og noko meir uærbødig tone, og antyda mellom linjene at duellen var avtalt spel.⁹⁰⁰ For truleg å halda på publikumsinteressa utfordra dei to amerikanske brørne så avislesarane i nevekamp eller bryting. Ein Gottfred Olsen tok i alle fall i mot det han tolka som ei utfordring, og fekk så dette trykt som eit brev i all offentlegheit i Ørebladet og andre aviser, og forklarte her at han ville kjempa med amerikanarane i «Athletik», utan at det kom fram kva han la i det uttrykket. Sannsynlegvis gjeldt det løfting av tunge vekter. Han hadde tydelegvis hatt hell i ein liknande duell med svensken Øversten i sirkus året før. Han søkte å vinna både pengar og berømming, skreiv han.⁹⁰¹

No blei ikkje denne duellen noko av. Det viste seg at Olsen var «sindssyg» og hadde vore innlagt på Gaustad Asyl: Arrangøren på Tivoli hadde opplyst om dette for det fullsette publikummet då teppet gjekk opp. Folkemengda hadde svarte med øredøvande buing; dei som

⁸⁹⁶ Rudeng skriv om avisa: Y.K.F. utga frå 1892 den hendige, tabloide «penny-paper»-avisen Ørebladet, med mottoet:

«Kort.Kvikt.Aktuelt.» En medarbeider mottok en dag av den fikse redaktør Ludvig Larsen følgende reprimande: De skriver for godt, De. De skriver for Morrabla's lesere.» Rudeng, 2021, s. 238.

⁸⁹⁷ Annonse i Romsdals Amstidende den 16. mai 1891, sistesida. Legg merke til det veldig varierte sirkusprogrammet som direktør Antonio tilbydde publikum i denne annonsen. I april hadde Øversten tilbydd den same dusøren i Arendal.

⁸⁹⁸ Sjå Ørebladet 17. november 1891. I Aftenposten 7. november 1891, er det i annonsen meir utførlig skildring av alt dei to brørne, «de sterkeste Mænd på Jorden», skulle gjera på scenen.

⁸⁹⁹ Sjå Aftenposten 16. november 1891.

⁹⁰⁰ Ørebladet 18. november 1891. Også Morgenbladet hadde eit referat den 18 november 1891, nr. 702, men her var tonen meir uærbødig. «Damen» ville vera ei kraftig tilvekst til kvinnesaka, eventuelt til å banka biff, heitte det (ironisk) her.

⁹⁰¹ Ørebladet 23. november 1891.

sat på dei øvste radene ropte og brølte. Dei oppfatta at den tillyste duellen var rigga, eller kva Petersen kalla «humbug» eller «gjøggl» i Norsk idrætsblad i årgangen 1888.⁹⁰²

Interessant nok trykte Ørebladet også dei utførlege reglane om vektclassar osv. som Al Marx hadde laga for den som ville kjempa mot andre i boksing og eller bryting. Om reglane skulle førebu også konkrete kampar i Tivoli Cirkus er noko uklart; truleg gjorde dei det òg.⁹⁰³

I dagane som følgde den same hausten var det i alle høve andre menn som utfordra Al og John Marx, så som «Kristianias sterkeste Turner», Johan Pedersen, som prøvde seg på å løfta like tunge manualar som dei, og hr. M.L. Ramstad, som ville bryta med dei, eller i det minste éin av dei. Namna til desse ulike utfordrarane stod i annonsane i avisene. Den 7. desember blei det så opplyst, i endå ein annonse, at «Den sterke Dame» skulle avsløra kven ho var bakom maska si.⁹⁰⁴

Det er somt som gjer desse tildragingane i sirkuset anno 1891 til idrett i meir moderne forstand, og det er delar som ikkje gjer det. Konkurranseselementet, med gjennomtenkte, skriftleggjorte reglar for duellane, var for så vidt til stades. Også nøkkelmomentet av *deltaking* var med. Men tevlingane var under tydeleg tvil og kritikk i delar av pressa, som eg har antyda. Var kappleikane med «Den sterke Dame» rett og slett avtalt spel, og var duellen med Olsen berre ein bløff og ein lokkemat for at folk skulle løysa billettar? Og kvifor stilte ho no med maske? Det tilslørte i måten påmeldingane skjedde på, og det heilt utilsørte i publikumsfrieriet gjorde sirkuset til noko anna enn til dømes skirennet i Husebybakken. Skiforeningen *ville* at denne idrettsøffentlegheita skulle vera nok anna enn «forlystelsesstedet» Tivoli: Konkurransane ved Huseby skulle vera ekte og innsatsen heilhjarta. I lys av dette ein kan forstå endå betre Axel Huitfeldts foraningar om at skiløparane skulle hoppa av hjartans lyst, og ikkje med tanke på publikum eller på premiane. I lys av denne andre «forlystings»-øffentlegheita må ein også forstå Sigvart Petersens harde utfall mot Axel Paulsen i 1888, og attåt dette skuldningane hans mot Alfred Samuel Franklin. Idrett skulle for Norsk Idrætsblad vera noko meir og noko anna enn gjøgleri for publikum – og billettinntekter bakom der igjen.

Med Ove Korsgaard in mente kan vi nok tala om to ulike rørslekulturar. Foraningane og utfalla til Skiforeningens og idrettsbladets folk botna i eit ønske om at folk sjølve skulle ta

⁹⁰² Sjå Ørebladet 25. november 1891. Notisen fortalde vidare at Tivoli ikkje hadde skuld i det som hende, sidan dei fekk vita om tilstanden til Olsen først seint den tidlegare kvelden. Vidare stod det at nye duellar venta dei neste dagane. Truleg var notisen rykka inn på vegne av Tivoli, som jo annonserte flittig i Ørebladet, For eit døme på ordvalet «humbug», sjå N.Idrbl., 1888, nr 7, s. 42 Her var konteksten sirkus Bosch.

⁹⁰³ Ørebladet 24. november 1891. Utfordringane var ikkje ferdige med Olsen. Den 24. nov annonserer Cirkus for konkurranse mellom brørne M og «Kristianias sterkeste Turner», Jr Johan Pedersen. Den 4. des var det Hr Carl J Jørgensen som utfordra dei. Og dei to brørne M. og «Den sterke Dame» var i Kristania i alle fall så lenge. Også den 7. des var det ein kar, L. Olsen-Fagernæs, som skulle bryta med dei. Den same datoen annonserte Cirkus også at «Den sterke Dame» skulle «demaskere sig».

Sjå Ørebladet 7. desember 1891.

⁹⁰⁴ Eg har ikkje funne namnet hennar.

del i idretten, og ikkje først og fremst lata seg forlysta og sjå på. Eg må studera om dette også var målet utover 1890-talet. Og eg må granska i kva grad det gjev meining å kalla dette omsynet djupe amatørverdiar, og såleis altså amatørforestillingar, eller om det då var andre rørslekulturar, med ganske andre verdisystem, som abonnerte på det, like myke.

Kapittel 4. Norske Turnnotitser

Det siste å merka seg her, er at ein ny idrettspublikasjon eigentleg synte seg alt sommaren 1889. Dette var *Norske Turnnotiser* (NT); tenkt som eit månadsblad for norske turnforeiningar, og som skulle telja åtte sider i kvar utgjeving.⁹⁰⁵ Planen for innhaldet i publikasjonen var etter den første artikkelen å dømma «veiledende Artikler om Folkegymnastiken – d.e. Turnsagen, Øvelsesgrupper [...], Efterretninger fra Norges og Udlandets Turn- og Gymnastiksamfund, samt hvad ellers maate henhøre denne Idræt.» Denne innleiande teksten var signert Arendal og styret i turnforeiningane der, beståande av J. Stockinger, Oscar Arnesen og And. Berge. Joseph Stockinger er eit kjend namn for lesaren, både frå Kristiania og Arendal.⁹⁰⁶

Interessant nok, sett frå eit offentlegheitsperspektiv, var korleis NT skreiv seg inn i tradisjonen av tidlegare idrettsblad i Norge. Både Norsk Turntidende (1861) og Norsk Skytter-Tidende (1862-1865) blei nemnde i innleiingsartikkelen, men særleg Norsk idrætsblad, som alltid var smukt utstyrt og alltid var interessant, som det heitte i omtalen. NT oppfatta seg litt som ein arvtakar etter N.Idrbl., endå om dei idrettane som skulle eller kunne omtalast, ikkje var så mangfaldige og ulike. Rett nok hevda ein artikkel i nr. 3 (1889-årgangen) at både svømming og skøytesport tilhøyrde turnøvingane, ja, fektning og ballspel også, men i realiteten var det turn og gymnastikk som fekk det aller meste av spalteplassen. Den store turnfesten i Bergen i pinsen 1890 skapte til og med litt debatt – omkring tidspunktet og vertilhøva i byen då. I samband med denne turnfesten blei Norsk Turn- og Gymnastikforbund danna, med kaptein Olaf Petersen som den aller første formannen. Etter dette var informasjon frå dette første nasjonale særforbundet vanleg stoff i månadspublikasjonen. Ein kan seia at turnbladet sjølv var med å driva fram organisert samarbeid mellom turnforeiningar over store delar av landet. Årsrapportar frå dei ulike lokale samanslutningane var ein vanleg sjanger, slik det for så vidt hadde vore det i perioden til Norsk idrætsblad også.⁹⁰⁷

⁹⁰⁵ Typografisk sett var bladet nokså enkelt utforma, og det kom i gotisk skrift.

⁹⁰⁶ Norske Turnnotitser [NT], (juli) 1899, nr. 1. Gode skussmål og anbefalingar i *Vestlandske Tidende* 17. juli, i *Fædrelandsvennen* 24. juli og i *Grimstad Adressetidende* den 27. juli, alle årgangen 1889.

⁹⁰⁷ Det heitte då også i nr. 2 av den første årgangen (1889) at bladet skulle turn og lekamsøvingar voks i heile landet, nettopp gjennom organisert samarbeid. Mengda foreiningar var heile 24, og medlemstalet alt i alt 2812 i 1889. Sjå Nilssen, 2015, s. 6.

Ein kan likevel merka seg at det vi kallar friidrett fekk merksemd i dei årgangane som Norske Turnnotiser eksisterte. Kristiania Sportsforening inviterte til «Skandinavisk fodkapløp» for både vaksne og gutar. Teknikken ved stavsprang blei omtala i eit anna nummer, og pentathlon blei drøfta både i sitt greske opphav og i moderne (i Austerrike) forsøk på å gjenoppvekka dei olympiske leikane. Det allsidige kan ha vore eit viktig moment eller ideal ved omtalen av den siste øvinga.⁹⁰⁸ I 1890 hadde Stockinger og medredaktørane hans på trykk sågar resultat av «fodkapløp» i Kristiania, der einskildnamna var knytt til dei ulike plasseringane, og der resultatane, i samanlikning med verdsrekordane for amatørar, til og med, var opplyst i sine mål av meter og sekund. Om ikkje Stockinger sjølv hadde endra syn på den måten han tenkte om tevlingar og individuelle prestasjonar på, slik som han hadde gjeve *eitt* uttrykk for i Norsk idrætsblad i 1881, hadde i alle fall omtalen av øvingane og prestasjonane endra seg i blad-samanheng.⁹⁰⁹

Kan ein dermed seia at amatørforestillingar var i ein viss sirkulasjon, og til ei viss grad i endring, i samanheng av turn? Ikkje utenkjeleg. Amatørrelaterte emne må ein i alle fall kunna tala om her. Eg har likevel valt andre idrettar og blad å konsentrera denne tematikken om i denne oppgåva, men for den som vil skriva opphavshistoria til friidretten i Norge, og tilknyttinga han har til det olympiske i så måte, og like truleg til andre sine idear om harmoni, allsidigheit og lagånd, er uansett Norske Turnnotiser éi viktig kjelde.

Siste nummer av dette månadsbladet kom i desember 1893. I grunngevinga for å slutta utgevingane heitte det at Norsk idrætsblad var så vel oppe og gjekk no, at det beste ville vera å lata turnnotisane stå i samklang med kunngjerings- og artiklar om andre idrettar i *det* bladet.⁹¹⁰

Oppsummering

Lat meg samla opp dette kapittelet ganske enkelt. Idrettsoffentlegheita forsvann ikkje med 1888, om Norsk idrætsblad gjorde det. Kan henda kom ei sterkare sportsånd inn over norsk offentlegheit med Nansens Grønlands-triumf akkurat dette året.

Av dagsavisene var særleg Morgenbladet merksam om idrettstildragingar, og hadde etablert si eiga spalte om dette, kalla «Idræt». Av andre, og nye publikasjonar, er Ørebladet, og Norske Turnnotiser, verdt å nemna.

Ordet «amatør», og omgrepet, har si eiga norske historie, knytt til forklaringar i ulike leksikon, og bruk i aviser, tidsskrift og ulike fagverk. Bruken av ordet i dagsavisene gjekk ned

⁹⁰⁸ Sjå NT, 1889, nr. 2; og 1890, nr. 3; og 1890, nr. 4.

⁹⁰⁹ NT, 1890, nr. 10.

⁹¹⁰ Sjå NT, 1893, nr. 12.

i frekvens etter 1890, kva no grunnen er. Amatørdevalueringa i kunsten og særleg musikken kan delvis forklara det, men samstundes var det slik at sporten, og amatørproblematikken der, vaks i omfang i idrettsoffentlegheita.

Kva som ligg i omgrepet idrettsoffentlegheit, og endå viktigare – i omgrepet amatørskap – kan truleg ikkje forståast i sin norske kontekst utan kjennskap til kva som gjekk føre seg på og i omtale av sirkus samstundes. Meiningsskapande rammer om vidare forskning på dette emnet kan vera dei etablerte omgrepa ‘rørslekultur’ eller ‘kroppskultur’, eller meir dristig og spissa: fanst det ei eiga ‘forlystingsoffentlegheit’?

I den neste parten skal eg visa korleis skiløparamatøren kunne gå fortapt i Amerika, og, hald deg fast, i London, av alle stader.

Part 4. «Vakker skiløbning, ikke sandt?» (1891-1907)

Fordi hopløbning og disse cirkusopvisninger har alt for lidt med hinanden at gøre.

En anden sag er, at disse herrer bør bringes til forstaaelsen af, at skimedaljer o. lign. — de er bestemt til at bæres under *skisferver* og andre idrætssammenkomster og ikke som extrastas i et cirkus. Dette faar skiforeningerne af bedste evne søge fremmet, og mon tro, om ikke her et eventuel landskiforbund kunde have en vigtig opgave.

Ærbødigst


S. O.

Jo ogsaa tydeligt nok fremgaar af engagementerne til Hippodromen. Kun flinke hopløbere magter den slags eksperimenter, derom kan der vel ikke være tvil.

Derfor maa der advares. Lad os værne om skiidrættens renhed, saa længe det lader sig gjøre.

Red.

Foreningen til ski-idrættens fremme afholder generalforsamling i Grand Hotels restaurant mandag. (Se annøen)



Saadan

ser en ex-champion ud, under sine exciting jumps i et cirkus. Vakker skiløbning, ikke sandt? Man kan vist trygt kalde det for et vrængebillede af vor bedste vinteridræt. Det virker latterligt, flaut.

Og det kan dog neppe være hr. S. O.'s mening, at vi skulde stille os helt ligegyldige ligeoverfor den slags foretelser, dersom vi kunde forhindre dem? Man maa huske, at der reklameres med «ægte norske skiløbere», at publikum holder sig til, hvad de ser, og at det ikke er tjenligt for nogen, at der gives et falsk indtryk af vor skiløbning.

Saa til løberne selv. Hr. T. maa utvilsomt have ret, naar han beklager dem. At være cirkusartist er vistnok baade hæderligt og lønnende. Men den mand var ingen virkelig idrætsmand, som ikke i sit hjerte vilde føle en hemmelig brod ved at mindes de herlige dage, han paa ski har tilbragt i vore skoge og bakker, naar han befinder sig paa toppen af cirkusstiladset. Og herhjemme? Hvor mange unge ubefæstede gutter vil ikke her med lethed kunde findes til sig emploi, hvis ældre mænd, helst med en smule autoritet, vilde fortælle dem, at der paa denne vis var hæder og ære at høste?

Lighed eller ikke lighed mellem cirkus og vore skoge har intet hermed at bestille. Heller ikke spørgsmaalet om nogen skiløber vilde æve sig i hopning for at blive cirkusartist. Bliver der tale om engagement, tager man naturligvis blandt dem, der allerede kan hopløb, hvilket

RIDESPORT.

En ny amerikansk træningsmethode.

Nutildags har enhver træner, som holder sig selv for at være noget, sit eget system for at holde de ham betroede væddeløbere længst mulig løbedygtige.

Det kan da ikke undre nogen, at man i de ubegrænsede muligheds land priser et system, som ved elektricitetens hjælp særlig skal indvirke saaledes paa muskler og sener, at disse kan opnaa sin fulde kraftudvikling og holde sig paa høiden.

Dr. John J. Maher er opfinderens navn, og vore billeder viser anvendelsen af hans methode, som naturligvis er hans hemmelighed og kun bliver anvendt i hans etablissement i Philadelphia.

Altfor ofte desværre bryder meget lovende væddeløbere for tidlig ned. De overanstrengte sener svigter, og det glødende jern maa tages i brug.

Maher gaar nu ud fra den tanke at udvikle musklerne omtrent paa samme maade som atleterne gjør. Erfaringerne lærer jo, at f. ex. en boxer, som regelmæssig motionerer sine arme, eller en cyclevædderytter, hvis knær bliver methodisk behandlet, først paa denne maade naar den fulde udvikling af sin kraft.

Bekjendt er det ogsaa, at den bedste muskelmassage faaes ved bevægelse af den enkelte muskelgruppe, altsaa

Kapittel 1. Introduksjon

Det byrja med bakkane ved Gamle Aker kirke, med Elling Bækken i 1866, og med Centralforeningen i 1867. Så gjorde Christiania Skiklub ein slags retrett til eller regruppering på bøane i Vestre Aker, der snøen låg oftast djupare. Men, på grunn av vertilhøva så pass sørvendt Husebybakken låg, og den stadig manglande snøen der, flytta Skiforeningen rennet sitt til det som blei heitande Holmenkollbakken, første gong i 1892. Kva amatørforestillingar samla Holmenkollrennet omkring seg i dei femten neste åra?

Denne fjerde parten av tidsrommet som eg granskar, 1891-1907, er den aller lengste. Han er avgrensa av atteroppgomsten av Norsk idrætsblad under redaktør Hagbarth Wergeland, og sidan av overhendinga av redaktørvirket og eiga til Johan Grøttum i 1908, med ny konkurransesituasjon for bladet då. Men også Holmenkollen sjølv innleier godt mogleg ei ramme; denne nye og viktige staden for skisporten i desse åra, sentrum eller krystalliseringspunkt for det eg har kalla skioffentlegheita i Norge. Danninga av Norges Skiforbund (NSF) i 1908, og samlinga av internasjonale skikongressar like etter, og dei olympiske leikane i London rammar også inn 1908 som eit sluttpunkt i den første fasen av amatørforestillingar i Norge.

Skøytesporten var meir utprega internasjonal enn skisporten. Europeiske landsforbund samla seg om amatørreglar alt i 1892, endå om verken USA/Canada, Russland, eller Norge, var representerte her. USA skulle i samanheng av amatørideal spela ei spesiell rolle i norsk idrettsoffentlegheit, hellande mot å bli eit definerande motstykke.

Organisatorisk sett er omdanninga eller nyetableringa av Centralforeningen frå 1895 sentral i perioden. Kaptein Seeberg var den mektige sekretæren her, tilsett alt frå 1892, og verkande heilt til 1920. Eg vil spørja om han påverka amatørforestillingane, og om han sjølv var prega av dei.

Politisk sett er unionsstriden med Sverige, og suverenitetsbestrebningane til Norge, den aller viktigaste tematikken desse åra. Han smitta også over på idretten, og på amatørforestillingane, som eg skal visa.

Sjølv om skiidretten og skøytesporten er dei to spora eg følgjer tettast i heile avhandlinga, har parten innslag av både rospport, sykling og maraton. I alle desse samhengane spelte amatørforestillingane ei rolle. Sidan dette for så vidt lange tekstpartiet blir etterfølgt av sluttdrøftingane, og oppsummeringane der, lèt eg parten bli avslutta utan eige samandrag her.

Kapittel 2. Holmenkollen som ny arena og som etablert investeringsobjekt

I 1890 hadde generalforsamlinga i Skiforeningen gått inn for, rett nok etter lengre debatt, at langrennsdelen av premierennet skulle avviklast på laurdagen, og hopprennet på søndagen etter. Dette kunne trekkja endå større tilskodarmengder, vona ein. Då datoane for 1891 blei gjort kjende (7. og 8. feb.) i annonsane i januar månad 1891, leverte Sigvart Petersen, travmannen og den tidlegare redaktøren i Norsk idrætsblad, skarp protest – som Morgenbladet tok inn på trykk. Søndagen etter marknadsveka hadde alltid vore tradisjon for hestekappkøyninga i Kristiania, meinte han. No kom altså Skiforeningen, med sitt i og for seg svært viktige skirenn, på kollisjonskurs med dette andre store årlege sportstemnet i Norge. Det var ikkje «gentlemansmessig Optræden, det var ikkje ei «Amatøridrætsforening» verdig, skreiv han.⁹¹¹

No hadde travarselskapet hadde gjerne *to* vinterkapprenn i samband med marknadsveka, den tredje dagen (onsdagen) og søndagen etter. Og søndagsarrangement for idrett var blitt problematisert frå heilt andre vinklar tidlegare, så som av vegdirektør Krag, som ville bevara kyrkjefreden lengst mogleg utover søndagen.⁹¹²

Vel så viktig i samanhengen min er at marknadsveka var på klar retur, både som økonomi, som publikumsfenomen, og som forlystingar av alle moglege slag. Folketalet i hovudstaden hadde gjeve fleire verksemder og fast vareutval. Morgenbladet hadde i så måte ein nesten nostalgisk reportasje om korleis Christiania-marknaden såg ut for 40 år sidan, og kor relativt lite denne typen handel og festival sette preg på byen i 1891.⁹¹³

Tydde dette at konkurransen frå sirkusløyene var mindre farlege, og mindre trugande for Skiforeningen og ideologane i omlandet av denne? Og at ein dermed kunne tillata seg dristigare bakkar og lengre hopp, så som i bratthellingane i Holmenkollen? Endå om telemarkingane knapt kom til rennet lenger, mange av dei emigrerte til Amerika? Eller var det omvendt, at søndagshopprenn og sidan Holmenkollbakke vitna om at Skiforeningen no søkte større publikumsinntekter for eigen del?

Det hadde i alle fall passa fint med den mogleg profesjonaliserande konteksten av by, marknad og gjøgleri som eg har nemnt i tidlegere partar – at Skiforeningen i 1892 drog seg endå lenger unna gatene og inn i skogane i høgdedraget frå Tryvann til Voksenkollen, som den

⁹¹¹ Han hadde på vegne av travarselskapet skrive ei oppfordring til Skiforeningens styre ved sekretæren Huitfeldt alt den 22. januar, og så ei purring til styret den 27. jan. 1891. Svar frå Huitfeldt og styret blei sendt i alle fall den 1. feb. same dag som Skiforeningen skreiv eit forsvar for søndagsplanen sin, også i Morgenbladet 1. feb. 1891, nr. 58. Alt dette synte Petersen til i Morgenbladet den 3. februar 1891, sjå nr. 61. Det kan synast som Morgenbladet sjølv støtta travarselskapet, medan Huitfeldt på si side meinte det ville vera kollegialt og sportsleg av hestefolket å ikkje legga monopol på denne søndagen kvart år. Sjå debatten i Morgenbladet 3. feb 1891. Her står også om ein tilstundande skøyteduell McCormic vs Hagen.

⁹¹² Dette om kyrkjefreden hadde Morgenbladet gjeves støtta si til, alt i 1890. Sjå Morgenbladet den 28. januar 1891, nr. 50.

⁹¹³ Sjå Morgenbladet 8. feb 1891, nr. 74

sanne amatøriddrettsforeininga som Sigvart Petersen hadde kalla henne, og som ho jo var, langt på veg. Foreininga hadde fortsatt ikkje mål om profitt om ein vona på større tilskodarar, og ho hegna om frivilligheit både hjå funksjonærane og deltakarane, så langt det var råd. Fritz Huitfeldt hadde i tilsvaret sitt til traverforeininga då også skrive at inga sportsforeining i landet arbeidde under så vanskelege tilhøve for ei så viktig sak som dei, og «hvordan der nedlægges saa meget ulønnet Arbeide forbundet med saa meget personlig Opofrelse».⁹¹⁴

Men det var nok ikkje difor at Husebyrennet blei flytta til *Holmenkollen*, først og fremst. Delvis kan «saa vanskelige Forholde», som Huitfeldt streifa, seiast å vera ei forklaring. Snøtilhøva, eller mangelen på dei, hadde ført til utsetjing av rennet i 1889. I 1890 blei hoppinga flytta til Ullbakken ved Frognerseteren. Og i 1891 blei langrenns-delen av tevlinga starta frå «Peisestuen» i Holmenkollen, og løparane blei skunda opp mot Frognerseteren og til Tryvannåsen, og ned igjen. Husebybakken låg ikkje berre lågare i terrenget, han var vendt mot sola utover i februar, og bøkane der var opne for ver og vind. Dessutan skal sekretæren Huitfeldt ha slite med å få forlenga leigeavtalen med bonden som åtte markene der.⁹¹⁵

Dette må då kallast «skyv»-årsaker; altså kva som pressa Skiforeninga bort frå Huseby, og i mindre grad kva som *drog* arrangøren til nettopp Holmenkollen.

Alt før 1891 skal Skiforeninga ha søkt om å få flytta hopprennet til dit, men ikkje fått tilslag på vilkåra sine av «Holmenkollsekskapet», som det heitte på generalforsamlinga.⁹¹⁶ Det er uklart for meg om ein her refererte til Selskabet for Anlæggene paa Holmen- og Voxenkollen (stifta i 1889), med vegdirektør Hans Krag og borgarmeister Evald Rygh som initiativtakarar, eller entreprenøraren bakom Peisestuen (1889), som også sette i gang bygging av hotell og kurstader, både på Holmenkollen og Voksenkollen, herr dr. Ingebrigt Holm, som var finansielt støtta av bryggerieigaren Ellef Ringnes og grosseraren Peter Andreas Larsen.⁹¹⁷

Holmenkollen var altså alt etablert som ein stad for turistar og formuande gjestar frå inn- og utland. Hans Krag hadde ivra for veg til åsane, delvis ferdig i 1887, ført til Frognerseteren i 1890. Den elektrifiserte Holmenkollbanen frå Majorstua til Besserud opna i 1899, basert på privat initiativ og drift. Ein må såleis kunne seia at økonomiske interesser song bakom skogane i åsen, same kva motiv og strev Skiforeninga sjølv hadde før flyttinga til

⁹¹⁴ Morgenbladet, 1. feb. 1891, nr. 58.

⁹¹⁵ Huntford, 2006 skriv at klimaendringane, og dei tilknytte skrale snøvintrane, tvinga arrangørane opp i Holmenkollen. Global oppvarming er eit definitivt faktum no, men eg kan ikkje finna at temperaturutviklinga pressa Skiforeninga akkurat omkring 1890. Litt meir generelt om 1900-talet skriv Meteorologisk institutt: «Hovedtendensen i temperaturutviklingen for Østlandet de siste drøyt 100 år er at det har blitt varmere. Fra 1900 frem til cirka 1988 lå temperaturen jevnt nær normalen, med en kortvarig varmere periode på 30-tallet. Etter 1988 og frem til idag har temperaturen vært jevnt varmere enn normalen, med en tendens til fortsatt oppvarming.» Sjå Meteorologisk institutt, 2021.

⁹¹⁶ Sjå ref. av generalforsamlinga 2. april 1891; i Morgenbladet 3. april 1891, nr. 189.

⁹¹⁷ Ved Besserud var det også bygd utkikkstårn i desse åra omkring 1890. Sjå Oslo Byleksikon, u.å.

Holmenkollen. Hans Krag var dessutan lidenskapleg oppteken av friluftsmoglegheitene i Nordmarka, og brukte uttrykket «naturpark» om landskapet som Holmenkollen var inngangen til. Rune Slagstad kallar han ein offentleg entreprenør, militærintellektuell, nasjonal strateg av stor rang. Krag forkynte såleis både samfersla sitt og «turismens evangelium», skriv han.⁹¹⁸

Altså: *Før* Holmenkollen blei ein offentleg arena for skiløpinga, var Holmenkollen etablert som bevertning, røykestove, og sanatorium. Før Holmenkollen blei eit omgrep om skihoppinga og den særmerkte skilulturen i Nordmarka, var det eit område som var blitt tenkt ut for turisme til Norge; eit investeringsobjekt, kort sagt. Om Skiforeninga sjølv var ei amatørforeining, var det nok ikkje herrane Huitfeldt & Krag som åleine gjekk sporet til Holmenkollen. Sagt endå meir tilpissa: Om dei to var herrar og gentlemenn, bar dei også noko preg av forretningsmenn. Det eine utelukkar ikkje det andre.

Og ikkje det andre det eine.⁹¹⁹

Kapittel 3. Norsk idrætsblad gjenoppstår

Det einaste sportsbladet i Norge, som Norsk idrætsblad sjølv hadde medvit om å vera, kom i sving igjen den 4. juli 1891. Dette var ein laurdag.

Og slik kan idrettslivet frysast fast i to små bilete akkurat denne sommardagen: Morgenbladet hadde på prent eit par notisar under rubrikken «Idræt», no på framsida av kveldsnummeret. Christiania Turnforening hadde anmoda avisa om å gjera kjent at Rambergøya (i dag omslutta av Gressholmen), der turnfesten skulle haldast denne helga, hadde meir enn god plass nok for alle som ville koma og sjå, og minst åtte dampskip var klare til å frakta publikum frå Bjørvika og Pipervika. Programmet kom til å vera som tidlegare år; linjegymnastikk, apparatgymnastikk, fortunaroppvisning, turnleikar mm. Turnarane ville også måla krefter med publikum, særleg i dragkamp. Etter turnleikane var det dans for dei som ville, og så til slutt: Fyrverkeri!

⁹¹⁸ Ta gjerne ordet her i bokstavleg meining; Krag ivra også for å få eit kapell til Holmenkollen, jamfør Adressebladet 29. april 1891. For Slagstad, 2007, sjå s. 80 og s. 233.

⁹¹⁹ Eitt døme på turismen, eller korleis Holmenkollen blei del av ein spesifikk skiløparturisme, kan ein tenkja at E. C. Richardson uttrykte. For sine klubbmedlemmer i The Ski Club of Great Britain skreiv han i årboka, første årgang: «Leave England about the New Year. (There is often a thaw about Christmas in Norway). Cross the North Sea from Hull to Christiania. Visit friends. Stay a fortnight at Holmenkollen Hotel, visting Nordmarken in company with good runners. Spend a fortnight in Gudbrandsdalen, returning in time for the celebrated Homenkollen meeting in February. Visit Telemarken – the Mecca of ski-runners – and finish up by a trip to the Jotunheimen at the end of March. » The Ski Club of Great Britain, 1905, s. 23. Klubben rekrutterte i starten ved å anbefala nye medlemmer, og hadde ein del heit debatt før kvinner kom med.

På Gjøvik var det landskyttarstemne same helga, med 300 deltakarar, i strålende ver. Morgenbladet fortalde at sjølve byen hadde både kransar og vimplar hengande på nesten alle hus, og dessutan flagg; somme med og somme utan unionsmerket, stod det.

Framsida av Norsk idrætsblad forkynte for sin del at denne årgangen var den niande, og klisjeane bakom tittelhovudet var nøyaktig dei same som i 1884. Bladet skulle koma ut ein gong i veka, heitte det, og abonnementsprisen for det første halvåret var 3 kroner (som var halvparten av kva Morgenbladet tok). Notisar for idrettsstemna nett denne dagen var *ikkje* med. Anonymitetsreglane var dei same som før; ein måtte gje seg til kjenne ved innsende bidrag sjølv om ein berre underteikna med initial eller forkortande symbol, og artiklar utan signatur eller merke var å rekna frå redaksjonen sjølv.

Hagbarth Wergeland stod som redaktør. Han var frå ei fornem embetsmannsslekt, nevø av ingen ringare enn Henrik Wergeland og Camilla Collett, og tok sjølv embetsstudiet i juss i 1880. Seinare på 1880-talet var han tilsett i Christiania Hypothekkontor, i 1891 kopist i Revisions-Departementet. Wergeland kom i første omgang berre til å fungera i redaktørrolla til nummer 13, altså den 26. september 1891. Dette skuldast økonomiske forhold eller misforhold med eigaren, som var Hans Fleischer. Mellom desse to kom det til krangel i dei vanlege dagsavisene, sjølv om eigaren uttrykte at han ønska dei kunne skriva seg i mellom i spaltene i Norsk idrætsblad, heller.

Kven Wergeland hadde i redaksjonen sin, er ikkje så godt å seia. Av kva han skreiv då han kom tilbake i bladstyringa, tyder mest på at han redigerte det meste av bladet sjølv.⁹²⁰

Han skreiv, ved denne atteropkomsten i 1891, at Norsk idrætsblad ville bestreba seg på å skriva om all sport, om enn med omsyn til årstidene og den rolla som ulike sportar spelte i sportslivet i Norge. Den nasjonale oppgåva til særleg skisporten blei såleis stadfesta og vidareført av den nye redaktøren. Wergeland var formann i Kristiania skiløberforening i alle fall i åra 1889-1892, og hoppdommar ved fleire høve. Han hadde også vore medlem og dommar i sykkelsamanheng. Lesaren har tidlegare her møtt han som tydeleg røyst for å halda på kombinasjonen av langrenn og hopp, dette på Skiforeningens generalforsamling i 1887.⁹²¹

⁹²⁰ Sjå særleg N.Idrbl., 1891, nr 13. Wergeland, fullt førenamn Hagbarth Jens Nicolai, fødd 1854, tok eksamen med karakteren «Haud.Illaud.» ifølgje Fædrelandsvennen den 28. juni 1880. I 1883 kan det synast som han var tilsett i Christiania Hypothekkontor, jf. *Kristiania Adressebog*, 1883.

⁹²¹ Dette baserer eg del på notisar i Norsk idrætsblad, dels på opplysningane i heftet *Kristiania Adressebog*, 1891. Han var også med som tidsobservatør for ritt som Kristiania Velocipedklub skipa til i 1886. Dette var den klubben som først heldt seg med amatørreglar og klasse også for profesjonelle i Norge. I styret for skiklubben sat også sykkelagent Pay, og ingeniør Ernst Bjerknes. Sjå Dagbladet 28. august 1886. Eg veit ikkje om det tyder noko at han var med som dommar for Christiania Bicycleclub i 1887.

Trass i den nasjonale ambisjonen hans, eller i det minste i formuleringa om «Norge», var den implisitte lesaren lett å innsnevra til borgarane i Kristiania. Ein typisk formulering kunne såleis heita: «Kristianiafolk er sportinteresserede, det ser man beviser paa, ret som det er.» Redaktøren syntest likevel å streva med at ikkje alle arrangørane av ulike idrettsstemne i byen orienterte bladet hans på førehand, og at han slik blei forsmådd med kva som stod i dagsavisene på mandagane ganske ofte.⁹²²

Ein ny serie som Wergeland starta, kalla han «Vore champions». Før hadde denne spalta, gjerne plassert på framsida, handla om idrettsheltar i mykje breiare forstand, så som friluftinteresserte vitenskapmenn. No var det aktive utøvarar som gjeldt, gjerne portrettert med medaljar på bringa. Mellom meistrane i denne nye serien var mange skøyteløparar: Denne idretten kunne trygt rekna seg til dei spesielt nasjonale.⁹²³ Dei omtala idrettane i notisane og artiklane var elles mykje dei same som før, jakt og fiske, rosport og sykling, og noko meir om pentathlon og «atlettsport» enn før. Annonsar fylde heile baksida, og stundom side sju også.⁹²⁴

Noko var såleis nytt, mykje var eit framhald av Norsk idrætsblad.

Det partimessige heilt upolitiske ved fagorganet blei rett nok ikkje uttala, men den uavhengige linja må forståast som del av ideen til redaksjonen, også no.

Om nokon amatørtematikk, verken i smal forstand omkring reglar eller i breiare tyding omkring etikk og estetikk eller politikk, kan ein ikkje seia at bladet uttrykte seg særleg utfyllande medan Wergeland var redaktør seinsommaren 1891. Innsende bidrag handla heller ikkje først og fremst om dette omgrepet. Den heftigaste debatten i dei første numra dreia seg om oppfatninga av eit rostemne i Holtekilen; ein «Spectator» nærmast i holmgang med to roklubbar, den eine her var Christiania roklub. Sjølv om innsendaren hadde innvendingar mot manglande førebuing, handla kritikken mest om «forstaaelse af kroppens og glidesætets brug», altså teknikk og kroppsbehersking generelt. Såleis gjekk det mest på på ryktet eller den private forfengelegeita laus (slik representantar for dei kritiserte roklubbane oppfatta det), og i mindre grad om ærefull trening, innsats i og framferd etter sjølv konkurransen, som tangerer og omfattar dei meir generelle amatøridealane.⁹²⁵

⁹²² N.Idrbl. 1881, nr 12. Sjå ein lakonisk omtale i N.Idrbl., 1891, nr. 10. s. 63.

⁹²³ Først ut i nr. 1 var Adolf Norseng. Han var portrettert med eit fotografi, og ikkje lenger via eit tresnitt. N.Idrbl., 1891, nr. 1, s. 1. Legg merke til biografi om Wilhelm Henie i nr. 9 same årgang.

⁹²⁴ Ordet «friidrett» er ein seinare konstruksjon, jamfør bladet *Fri idræt* som kom først i 1900. Pentatlon var den klassiske greske øvinga med kast og løp og sprang og spurt – og bryting som avsluttande øving. Sjå omtale av eit slikt «olympisk» stemne allereie i N.Idrbl., 1891, nr 1, s. 3.

⁹²⁵ Debatten byrjar i N.Idrbl. 1891, nr 10.

Ny redaktør

Inn for Hagbarth Wergeland kom Ola Holen som redaktør. Han var fødd på Sunnmøre i 1863, tok examen artium, og sidan skuleembetseksamen (cand.mag.) i Kristiania. Holen hadde sjølv rodd fiske og kunne å segla. I dagsavisene var han å finna på resultatlistene for fleire skøytekappløp, og han var i 1889 endåtil med i eit internasjonalt stemne i Stockholm. I 1890 vart han vald inn som formann i Norsk skøyteforbund, som ikkje må oppfattast som eit forbund for alle skøyteklubbane i landet, men som ein klubb i Kristiania med skøytebane i Maridalsvegen. I samtida omkring 1895 var Holen fortsatt mest kjend som flittig skribent om sportsstoff, men også, i Dagbladet særleg, om religiøse forhold på heimstaden på Vestlandet. I 1897 var han så redaksjonssekretær for eit venstreblad som gjekk heilhjarta inn for eigen norsk utanriksminister og eigne konsulat i utlandet.⁹²⁶

Som redaktør for Norsk idrætsblad la Holen vinn på å henta interessant sportsnytt også frå utlandet, og nytta dette i eigenreklamen for fagbladet omkring nyttår 1891. Om ikkje han alltid fortalte kva blad han henta stoff frå, bringa han inn viktige debattar til norsk idrettsoffentlegheit, så som om pengepremiar var av det heldig for idrettskonkurransar eller ikkje, og korleis ein skulle utforma karantenebestemmingane for amatørar.⁹²⁷

Redaktøren var også ivrig tilhøyrar ved interessante ordskite om idrett i mange tilliggjande norske del-offentlegheiter, så som i Det Medicinske Selskab, i Studentersamfundet, og i Ynglingeforeningens sal, alt dette rett nok i Kristiania. Ein heil del av denne debatten tok han inn som referat i Norsk idrætsblad, om ikkje alle talarane alltid kjende seg heilt rett sitert av han.⁹²⁸ Holen meinte at ordskite og fri meiningsutveksling om idrett var ein eigen grunn til teikna abonnement på bladet – også med tanke på konkurranseflata mot dei andre avisene: «at man har anledning til at diskutere, hvor der ligger en paa hjerte, en anledning, som man neppe har i dagsavisene.»⁹²⁹

⁹²⁶ Sjå Dagbladet den 25. sept. 1890. Ola Nicolai Holen, student i Kristiania ifølgje folketeljinga der, sjå Folketellingen, 1885. Om kva samtida tenkte, sjå Dagbladet den 23. desember 1895. Interessant nok skreiv han også ei rekke redaktørportrett som kom ut som bok i 1895. Holen hadde altså ei nokså brei journalistisk og redaksjonell interesse. Om vass-idrettsferingane til Holen, sjå N.Idrbl. 1892, nr 25; nr. 38. Han enda karrieren sin som redaktør i Kristiansund, og døydde der i 1920. Sjå minneord om han i *Romsdalsposten* 14. aug 1920.

⁹²⁷ N.Idrbl., 1891, nr. 22, s. 130; 1892, nr. 10, s. 57-58. I sistnemnde referanse var kjelda hans tyske *Radfahrerbund*. Tyske *Wassersport* var også flittig nytta kjelde for ulike idrettslege tildragingar. Om karantenebestemmingar internasjonalt sjå N.Idrbl., 1891, nr 25, s. 150. Regelen var i USA tre år, samt akseptbrev frå samtlige deltakande klubbar. N.Idrbl. meinte dette var for strengt, og at ein ikkje måtte vera så redd for å sleppa gamle proffar inn att i varmen

⁹²⁸ N.Idrbl., 1891, nr. 20, s. 117-118, same årgang nr. 22, s. 1, og same årgang nr. 25, s. 148. Ein interessant møteplass var Studentersamfundet, som hadde opne møte kvar torsdag. Her innleia Laurentius Urdahl, formann i Asker skiklub, på eit «skiløbermøte» i desember 1891. Nokre av synspunkta, om utstyr, soveposar ol, blei kommentert i N.Idrbl., 1881, nr. 24. Det Medicinske Selskab, med fullt namn Det Norske Medicinske Selskab, hadde møta, eller forhandlingane som dei også kalla dei, kvar onsdag, og laga skriftlege referat av dei. Sjå *Kristiania Adressebog*, 1891, s. 80 for ein del av faktaopplysningane her.

⁹²⁹ N.Idrbl., 1891, nr. 15, s. 85. Av korleis innsendarar vende seg til han direkte, og korleis han sjølv i føredragssamanheng, omtala artiklar som var ført i vi-form som sine egne, kan ein slutta at mykje av det usignerte stoffet var skrive av Holen sjølv.

Ikkje alle lesarane tykte drøftingane og skildringane held så høgt nivå for det. Ein usignert tekst («Indsendt») hevda i neste nummer at det var altfor mange teoretiske idrettsmenn som skreiv; platoniske idrettsdyrkarar som «udkramme sin ufrugtbare kathedervisdom». Dei følgde ikkje med i den rivande utviklingane av idretten, men lente seg altfor mykje til idrettsbøker som for tida kom til torgs i store mengder, påstod han. Særleg friluftslitteraturen hadde han ingenting til overs for i eit idrettsblad. Ankepunktet hans at dei mest erfarne og dyktigaste idrettsfolka *ikkje* skreiv. Dei handla og dreiv berre idrett. På sett og vis var dette ein anke mot heile idrettsoffentlegheita. Holen gav kritikaren mykje rett i nummeret deretter, men viste også til kva han prøvde på: Foreina idrettslivet i landet og sleppa til ulike røyster. Heilt konkret hadde bladet ein medarbeidar i Bergen og ein i Hamar, men diverre enno ikkje nokon i Trondheim, skreiv han.⁹³⁰

Idrett vs. Sport

Den viktigaste debatten i bladet og offentlegheita medan Holen var redaktør, handla om kappleiken i idretten var av det gode, eller ikkje. Her hadde redaktøren alt tona flagg i nummer 13 av 1891-årgangen, då han byrja på denne posten. Artikkelen hadde overskrifta: «Hvorfor være idrettsmand?» Her skilde Holen mellom omgrepa 'idrett' og 'sport', der førstnemnde heilt klart var viktigast, for idrett kunne tyda både åndelege og lekamlege dugleikar. Den harmoniske utviklinga av heile mennesket var målet i samanheng av dette omgrepet. I dette låg innbakt ein viss kritikk av konkurransetrongen; eller «den idelige kapping og den uafbrudte stræben efter at sætte nye rekorder», altså fenomenet 'sport'. For nasjonen og dei større måla i livet var ikkje den avgrensa konkurranseorienterte og kroppsfixerte sporten nødvendigvis gunstig, skreiv Holen. Han viste til og ville ta lærdom av dei gamle vikingekongane og dei gamle grekarane: Hjø dei var ein fullkommen først når ein hadde utvikla *både* kroppen sin *og* dei meir åndelege talenta sine.⁹³¹ Ein måtte altså driva konkurransar med måte, meinte han. Allsidigheit var målet eller idealet som *han* sikta mot.

Det same spørsmålet om legitimiten til tevlingar og fysisk kappestrid stod på dagsorden i Det Medicinske Selskab hausten 1891, der fleire legar (så som Paul Winge) hevda at iherdig kapping ikkje var sunt. Desse medisinarane gjekk endå lenger i å skilja mellom *idrett* (sunn utfalding, frisk natur, osv.) og *sport* (einsidig, utmattande, ikkje-sunn, osv). Professor Fridtjof Nansen var invitert til å tala i dette laget, og han tok ein mellomposisjon (i lag med dei ofte

Til dømes heldt Holen eit føredrag i Studentersamfundet i februar 1892; dette gav han referat av i nr. 10 og 12, og viste i føredraget kva Norsk idrætsblad, dvs han, hadde skrive om emnet frå tidleg i redaktørperioden.

⁹³⁰ N.Idrbl., 1891, nr. 16, og N.Idrbl., 1891, nr. 17, s. 97.

⁹³¹ I N.Idrbl. 1892, nr. 2, stadfesta Holen dette synet sitt, og gav til kjenne at han sjølv var forfattern av teksten.

idrettsinvolverte legane Faye og Kjær), nesten slik som Holen sjølv ytra seg. Nansen hadde nok lyst å kalla konkurransar eit nødvendig *vonde*, medan Holen meinte for sin del at konkurransar kunne vera til det gode også: «Idræt kan ikke existere uden foregangsmænd, og foregangsmænd kan ikke tænkes uden konkurranse – skarp konkurrence!»⁹³²

Dei ulike idrettsgreinene burde rett nok nøya seg med eit par tevlingar per sesong, syntest redaktøren, og dei idrettsmennene som stilte på startstreken, burde vera godt trente. Men: Kvinnene burde også prøva seg på ski og på skøyter, og skiforeningane måtte gjerne få i stand eit skiløp for dei med! Den kvinna som Andreas Bloch teikna no, trykt i siste nummer av årgangen (1891) stod i skogen med eine handa kjekt på hofta, og med stolt blick og høgt heva haka, og meir breibeint enn kva som kanskje var vanleg for kvinner, i andre offentlege samanhengar.⁹³³

«Ideal stræben»

Denne debatten omkring konkurransedimensjonen og kven som burde bli med i idretten såleis, kan synast å ligga helst i utkanten av det eg tidvis har kalla den breiare amatørtematikken. Problemstillinga her, i N.Idrbl. ved overgangen til 1892, var jo ikkje så mykje kva haldning ein hadde i samband med fysisk betonte prestasjonar, men *om* ein skulle driva med tevlingar i det heile teke. Formulert med eit spørsmål: Den sunne idretten ein skulle driva som heller uskuldige turar under Guds opne himmel, var vel noko ganske anna enn den rettferdige og dristige konkurransen ein ville få i stand med den kanskje engelsk-inspirerte sporten, anten det no var i samanheng av hopp, eller skøyting, eller ein sommaraktivitet som sykling? Det er eit mogleg stort spenn her, mellom fornøyning på skøytebanen med musikk, og turnstemne med fyrverkeri, og kanskje skiturar med noko sterkt å drikka i sekken, og så det å prestera stort og kanskje bli best mellom likemenn (og prinsipielt likekvinner). Med Ove Korsgaard må ein vel kunna tala om vidt ulike rørslekulturar her?⁹³⁴

Denne meir prinsipielle problematikken hadde for så vidt lege på lur i teikninga til Bloch og i diktet til Randers i 1884 (Norsk idrætsblad, nr. 2, framsida) om kva som dreiv skiløparen til tur på ski ein søndags føremiddag, om det var fridom eller nødvendigeheit (jakt etter mat).

⁹³² Debatten var referert i N.Idrbl., 1891, nr 19, og nr. 20. Holen kom med sitt eige syn i nr. 19, og i ein tale som han sjølv heldt i Studentersamfundet noko seinare, og som han sette på trykk i bladet sitt. Her gjentar han at «kapløb, fornuftigt drevet og uden overdrivelse er livsnerven i al idræt». Sjå N.Idrbl., 1892, nr 10.

⁹³³ N.Idrbl., 1891, nr. 26, s. 153. Holen nærmast jubla over at kvinnene var kome med i skiidretten: «Vi vil faa lov at sige, at det ikke er bare om at gjøre, at damerne er med i vort idrætsliv, men det er om at gjøre, at de er bevidst med. I udlandet, ja bare i Danmark, er kvinden helt med i idrætten, meget mer end her. Der udmærker kvindelige roere og kvindelige hjulryttersker sig, ja, den danske frk. Jørgensen er endog lei nok for nogen hver af de mandlige ryttere.»

⁹³⁴ Korsgaard, 1997, s. 140; har også ein distinksjon mellom idrett som det å driva med sin eigen kropp (som den nye middelklassen føretrekte) og sport som det å driva med reidskap (hest, båt), som noko meir aristokratisk; men eg har valt ikkje å leggja så mykje vekt på denne i samanhengen min, då han ikkje råkar så godt som eg synest han bør.

Men her hadde b   dei kunstnarlege uttrykka landa i det    hoppa p   ski, og det    *utfordra* seg sj  lv i det krevjande, vekslande landskapet. Alts   var moralen den gongen bunden til idrett (eller for den del sport) forstått som prestasjon – eller *dugleik* med eit kan henda end   betre ord. Eg har prim  rt knytt amatørfiguren an til nettopp dette gravitasjonsfeltet av utfordring og pr  ving og meistring, b  de av seg sj  lv og andre.

Dette med prestasjon, meistring og dugleik er vel    merka mine kategoriseringar i ettertid, og ikkje omgrep som bidragsytarane til Norsk idr  tsblad brukte sj  lv i 1884. Dei moglege grensene mellom ulike slags r  rlekulturar blei ikkje dregne klart og prinsipielt noko meir i 1891, heller. Kva   nd av det st  rre som ein skulle driva fenomena eller aktivitetane *idrett* og *sport* i, kunne vera samanfallande. For slike meiningsprodusentar som Holen, og legane Kj  r og Faye, og delvis dr. Fridtjof Nansen sj  lv, var sport og konkurransar ein meir eller mindre n  dvendig del av gj  v idrett. Idrett var s  nn sett det st  rre omgrepet, som innbefatta sport. Kappestrid kunne egga til interesse for r  rle og for ivrig trening, kall det gjerne sunnheit eller helse i sluttresultatet sitt. Men viktigare – for Holen og for Nansen – var at kappelyst kunne vekka til sans for st  rre d  dar. Ein kunne bli danna, og ein kunne framfor alt bli danna til *mot*. Holen p  kalla gjerne dei gamle idrettskongane i vikingetida som mal. Men han hadde ogs   Nansen sj  lv til prov for seg d   han tok ferda over Hemsedal for    koma seg til Husebyrennet i Kristiania (i 1884). Og alts   heim igjen over Geiteryggen og Vossaskavlen p   eigne ski. For ikkje    tala om Gr  nlandsekspedisjonen i 1888, som Norsk idr  tsblad under Holen karakteriserte slik: «[d]en st  rste bedrift, som vor idr  t har at opvise, er Nansens Gr  nlandsf  rd», og vidare: «noget der ikke blot kastede glans paa vort idr  tsliv, men ogsaa paa nationen i dens helhed.» Og d   har eg enno *ikkje* nemnd polarekspedisjonen med Fram, som Nansen hadde i tankane, og som sm   notisar i N.Idrbl. utover i 1891 og 1892 vitna om.⁹³⁵

Gjennom dristig og tevlande idrett danna den einskilde seg, men ogs   eit folk eller ein *nasjon*, om ein vil.

Amat  romgrepet handla i denne breie tydinga ogs   om ein motsats – det ein ville distansera seg fr  . Her kunne vera matstrevet i ei villreinjakt, pengebegj  ret i ein rigga sk  yteduell, og artisteriet p   sirkus samanfallande som mindreverdige n  dvendigheiter. Idrett var ikkje matstrev, og av idretts  vingar blei ein sjeldan rik, skreiv Holen. Ein skulle trakta etter det som gjorde ein dugande, og det som var gj  vt. Truleg gjekk f  restillingane til Ola Holen end   lenger i prinsipiell eller filosofisk forstand. Dels var han oppteken av den gleda og den fridomen som idretten lokka med. Jolehelsinga hans til lesarane i 1891 understrekar dette: Det

⁹³⁵ N.Idrbl., 1891, nr. 16.

var *gleda* ved idretten som bladet søkte å gje folk, både dei som streva og arbeidde kvar dag, og dei som jaga etter rekordar. Heilt konkret og heilt enkelt måtte fleire folk koma seg ut på ski, til fridomen i «guds frie natur».⁹³⁶

Og dels la han vekt på *det medvitet om det menneskelege* som idretten kunne openberra. I ein debatt (tidleg i desember 1891) om vitsen med roing i smale engelske båtar ordla seg han såleis: «Idræt er og maa blive noget mer ideelt end de andstrængelser, som kommanderes af maven, og er det noget, vi mangler, saa er det ideal stræben.» Dette «vi» som her mangla ideal stræben, var nasjonen Norge. Idrett måtte til, både åndeleg og lekamleg, for at nasjonen langt mot nord skulle kunna koma til erkjenning av kva eit verdig liv var. Holen skreiv vidare at idrett var ein av mange nøklar til menneskeleg lukke. Idrett – med altså sport inkludert – var eit utslag av trongen individet hadde til å dokumentera tilvêret sitt, heldt han fram. Ikkje noko mindre enn det.

Det var ein trong som mange rett nok fordømte, men som dei forstandige likte, la han til. Ikkje noko mindre *for det*, er det freistande å leggja til.⁹³⁷

Ideal streben. Nøkkelen til menneskeleg lukke. Få medvit om det verdige. Dokumentera tilveret sitt. Holen kan seiast å ha gjeve den mest poetiske utlegninga av kva idretten burde handla om. Eg oppfattar at amatørromgepet var implisitt, særleg i momentet om trongen til å dokumentera at ein var til. Det aktive elementet, handlinga eller meistringa eller prestasjonen, låg og vaka her.

«Ideal stræben» var elles eit velkjent uttrykk i samtida; av religiøse forkynnarar nokolunde på same tida nytta som den «Ansvarsfølelse» og den «Aandsføde» som skjønnlitteraturen ikkje måtte forneкта, men hjelpa lesarane til å ta inn over seg.⁹³⁸

Men romantikken som litterær og kunstnarleg retning hadde då endeleg peika nok mot dette ansvaret og denne ånda, så som *Peer Gynt* (1867) av Henrik Ibsen, der det handla om å vera seg sjølv til døde (= vera den Guds idé ein var tenkt som) og bondeforteljingane til Bjørnstjerne Bjørnson, så som *Synnøve Solbakken* (1857), der Torbjørn måtte temja av seg villskapen for å få si Synnøve. Begge desse diktarane hadde også peika på det svimlande djupet i den ideale strevinga, og begge hadde orientert seg mot «realismen» eller det ein oftare kallar «gjennombrøtet for det moderne» omkring 1880. Knut Hamsun hadde antyda at mennesket fann seg sjølv i dei underlege stemningane i naturen, i alle fall gjer romanen *Pan* (1894) hans det. Han tenkte nok likevel ikkje på den aude og ugjestmilde naturen som Fridtjof Nansen søkte

⁹³⁶N.Idrbl., 1892, nr. 25, s. 148.

⁹³⁷N.Idrbl., 1891, nr 25, s. 147.

⁹³⁸Sjå Norges Sjøfartstidende 4. januar 1893. For ei lesing av idealisme eller monoteisme-problematikken hjå Ibsen, Bjørnson og Garborg, sjå Skjeldal, 2001.

seg mot på Grønlandsisen. Kristofer Randers skreiv før dette dikt der han hylla dei relativt barske fjella på Sunnmørskysten (*Norsk Natur*, 1887) og der han, eller i alle fall diktar-eget, fann trøyst og glede.⁹³⁹

Det halvt «poetiske» som Holen hevda i Norsk idrætsblad, gjekk ikkje likevel heilt i den same retninga som desse diktarane gjorde. Han spelte for så vidt på det klassiske motsetningsparet mellom det nødvendige og det frivillige. Men kva han i tillegg gjorde, var å hevda at mennesket også fann seg sjølv i leiken og kappinga, i den kroppslege utfoldinga og i utfordringa av seg sjølv. Ikkje i arbeidet, som ein marxistisk tenkjar ville gjort, og ikkje i Gud eller i den panteistiske naturen, som ein romantisk idealist vel ville sagt.

Lat dette vera enkle idéhistoriske traderingar og kontekstualiseringar. Som dei fleste menneske hadde Ola Holen neppe heile denne ideen frå seg sjølv. Eg har ikkje granska nøyaktig kva han las av bøker og forfattarar på universitet, eller kva anna han las; sjølv om ein kan merka seg at han ikkje tok embetsstudiet i juss, slik som Petersen, Huitfeldt og Wergeland hadde gjort, men utdanna seg med skuleembetseksamen med vekt på filologi (4 år). Hagbarth Wergeland kalla han ein «Nansen-proselyt», utan at dette seier så mykje om vitskapsorienteringa eller dei mogleg filosofiske leiestjernene til Holen, anten norske eller på andre språk som han kjende.⁹⁴⁰

Friedrich Schiller (1759-1805) nemner dei greske kampeleikane i Olympia i breva som handlar om den estetiske oppdraginga til menneska, og skriv at ein kjem på sporet av den estetiske sansen til menneska når ein ser korleis dei tilfredstiller leikedrifta si, også i denne samanhengen av idrettar, og vidare det mykje siterte: «mennesket leker bare når det i ordets fulle forstand er menneske, og *det er bare helt menneske når det leker*».⁹⁴¹ Men om Holen las eller kjende til Schiller, har eg ikkje funne tid å forska på.

Eg skal seinare forsøka å plassera redaktør Holen, og den etterfølgjande Hagbarth Wergeland, i ein lengre tradisjon av dygd-etisk orientering. Tekstpartiet i idrettsbladet som eg har omtala her, er ikkje så utførleg at Holen legg særleg vekt på, eller forklarar utførleg, den mogleg kroppslege sida av medvitet om og *i* det menneskelege, slik han tenkjer seg det. Om

⁹³⁹ Eg er kjend med at litteraturvitskapen ei tid proklamerte at forfattaren var død, og at ein ikkje måtte leita etter kva forfattaren meinte med verket, men heller operera med analytiske omgrep som den implisitte forteljaren og den eksplisitte forteljaren. Som idehistorikar synest eg dette programmet er for strengt; ei biografisk lesing *kan* kasta lys over eit verk.

⁹⁴⁰ Sjø N.Idrbl., 1893, nr. 4, s. 27.

⁹⁴¹ Sjø Schiller, 2004, s. 75. Omsetjinga er gjort av Sverre Dahl. Det føregåande avsnittet om olympiske leikar går slik: «Når de greske folkeslag i kampeleikene i Olympia gledet seg over den ublodige kappestrid, der kraft, hurtighet, og smidighet og ble satt på prøve, og over den enda edlere kamp mellom talentene...», s. 74. Schiller har her vidare mindre til overs for dødsleikane som romarane meska seg med. Han kommenterer også samtidige kampeleikar, veddeløp i London, tyrefekting i Spania, kapping mellom gondolarane i Venezia.

meininga hans er uttrykt poetisk, var ho også meint polemisk – mot ein som berre ville at nordmenn skulle ro i bruksbåtar.⁹⁴²

Det første Holmenkollrennet

Det referatet som truleg redaktør Holen sjølv laga av det aller første Holmenkoll-rennet i 1892, peikar delvis mot det same «ideale». Norsk idrætsblad hadde mykje fint å seia om den nye staden som Skiforeningen hadde funne høgare opp i åsane vest for sjølve Kristiania by, og om folkelivet oppover mot arenaen, og stemninga som publikum og alle løparane laga i bakken. Det norske flagget hadde hengt fint på begge sider av hoppet. Men sjølve hoppet hadde truleg vore for bratt: Mange datt i unnarennet, stod det.

Snarrådig skal ein skiløpar vera, skreiv Norsk idrætsblad, men det får vera grenser for utfordring. Redaksjonen åtvara mot at hoppinga kunne gli over i sirkusartisteri. Jordinga til ei breidd av ivrige løparar og til det praktiske livet med ski på beina, var det viktigaste. Rennomtalen slutta med ei klar åtvaring mot det skråplanet som kunne oppstå: «Vi har mange exemplar paa, at en til det yderste dreven specialisme har mundet ud i professionisme, og det er væsentlig frygten for noget saadant, som har bevæget os til at komme med dette.»

«[P]rofessionisme» kunne vel deretter utvikla seg til tvang og slike mindre verdige anstrengingar «som kommanderes af maven», for å sitera redaktøren frå tidlegare i framstillinga mi. I dette poenget frå Holmenkollrennet oppfattar eg at Holen kopla seg på den no klassiske ramma for amatørideen i Norge: tanken om dei mange aktive ivrige, og allsidigheit for dei.⁹⁴³

Axel Huitfeldt, den mangeårige medarbeidaren under redaktør Sigvart Petersen, hadde undertekna eit meir ekspertliknande referat bakom her igjen i bladet. Han hadde vore dommar i hopprennet, og var heller ikkje nøgd med sjølve hoppkonstruksjonen. I mindre grad enn Holen likte han at så mange hadde meldt seg på i konkurransen. Han anerkjente for så vidt motet deira, men altfor få meistra den fine kunsten med å halda beina samla og smale, den som Skiforeningen hadde teke til seg frå Telemark. Det kan sjå ut som Holen og Huitfeldt var på kollisjonskurs. Basisen til Huitfeldt var likevel den same som redaktøren av Norsk idrætsblad tok sats frå: at hopparane i Holmenkollbakken skulle vera til inspirasjon og mal for den oppveksande generasjonen. Målet var mange skiføre og idrettsdyktige nordmenn (og -kvinner).

⁹⁴² Ein innsendar («Havhestr.») hadde kritisert sterkt at roing i kapproingsbåtar («fladroere og mosedamsplaskere») skulle vera bra styrke og framgang for ein nasjon av sjøfararar. Nei, då heller strilar som kunne ro og styra ein skikkeleg båt, hadde han skrive. Holen, som sjølv hadde rodd og brukt båtar, hadde då slått den større himmelen over roidretten. N.Idrbl., 1891, nr 25., s. 147. Holens refleksjonar kom som tilsvar i same spalta, altså ein redaksjonell hale.

⁹⁴³N.Idrbl., 1892, nr. 5. Annonse for Skiforeninges renn i nr 4. 15 km skogsløp laurdagen og oppvisning i Holmenkollbakken søndagen, samt ekstraordinært oppvisningsrenn i bakken for dei mellom 18 og 20. Heile 114 var meldt på, alt i alt. Først i same årgang nr. 5 var det referat av premierennet.

Eit meir tilspissa spørsmål var då kor mange som burde få sjansen i den eksklusive Holmenkollbakken, akkurat med tanke på dette.

Eg kan legga til, også her: På sirkus sat ein og måpa over altfor dristige vågestykke. Amatørskiidretten skulle lokka publikum, anten ein var liten eller stor, til sjølv å prøva seg på måtelege og *dyktige* vågestykke.

Ikkje for mykje av det gode, med andre ord. Og ikkje for lite.

Stemme i Stockholm

Norsk idrætsblad hadde lova eit referat også av langrennet i Holmenkoll-tevlinga, som gjekk føre seg dagen før hoppinga. Det kom ikkje på trykk. For så vidt kunne ein argumentera for at terrenget denne gongen ikkje var noko nytt, samanlikna med sjølve hoppbakken, men det er noko med den manglande dekninga i Norsk idrætsblad som peikar på den større konkurransen frå dagsavisene, så som Morgenbladet, Dagbladet og Aftenposten, som idrettsbladet møtte no. Morgenbladet som nemnt hadde hatt ein tydeleg vignett i fleire år, som avisa kalla «Idræt». Og denne truleg best idrettsopplyste avisa hadde hatt brei og kunnig førehandsomtale av både Holmenkollbakken og langrennet. Redaksjonen var godt informert også om dei prøvehoppa som hadde vore gjort. Om det utstokne lengderennet var meininga til avisa ganske streng, og detaljert, og eigentleg ganske kunnig.⁹⁴⁴

Morgenbladet fortalte også ein annan ting: at svenske offiserar var venta til rennet, mellom dei kaptein og redaktør og forfattar Victor Balck. Dette hende medan konsulatsaka, eller rettare sagt striden om eigne norske konsulat i utlandet, var under oppsegling, dette etter at det unionskritiske Venstre hadde vunne valet i 1891. I omtalen sin av Holmenkollrennet la Balck *inga* vekt på slike politiske overtonar, og skrytte di meir av kor samlande skistemnet var på tvers av sosiale klassar i Norge; mellom vanlege folk, akademikarar, arbeiderklassen, forretningsfolk og hæren herska det absolutt kameratskap og likskapskjensle, skreiv han.⁹⁴⁵ Morgenbladet kunngjorde også at ivrige britiske ivrige skiløparar hadde gjort rennet kjent i dei største sportsblada i Storbritannia, og at desse oppfordra folk til å sjå, eller reisa og sjå, dette det norske «Derbyløp». Kristiania skal ha vore ein spøkelsesby medan hopprennet stod på; så mange hadde teke turen til skogen for å sjå. Rune Slagstad har såleis dekning når han skriv at

⁹⁴⁴ Morgenbladet hadde brei førehandsomtale av både bakken og langrennet fredag 29. januar 1892, nr. 53. Om den nye bakken heitte det: «Holmenkollbakken er drabelig; i godt Føre er man næsten red for, at den i de første Aar bliver for stor, efter den Prøve som en af vore dygtigere Skiløbere foretog forleden.» I laurdagsnummeret den 30. jan 1892, nr 55, er det referat av langrennet, med tidene og alt. Avisa har greie på at den vinnande i klasse B, Sollid, tidlegare er premiært (1886). Omtalen av glid og stigningar og publikum (masse Damer) er også imponerande. Måndagsnummeret av Morgenbladet, same årgang, nr 58, har langt og skildrande referat av alle dei titusenvis som stima seg saman. Vinnarar er notert, og tidene deira, og også kor mange som stod i hopprennet i dei ulike klassane. Dagbladet hadde helst lyrisk skildring av naturen og den friske lufta den 1. feb. 1892. Aftenpostens referat, 1. feb. 1892, nr. 59, var derimot mykje sentrert omkring stovene og sjølve tilskodaropplevinga, og ingenting om sjølve idretten og konkurransen.

⁹⁴⁵ Huntford, 2006, side 167-168.

Kollen var «en nasjonal integrasjonsarena hvor de fremste innen skikulturen stod fremfor en offentlighet som var større enn nasjonens.»⁹⁴⁶

Victor Balck nytta også høvet til å invitera norske skiløparar til eit skistemne i Stockholm i slutten av månaden, med gratis opphald og rabbertertogreise. Hit drog om lag 20 nordmenn, med Hagbarth Wergeland som ein av dei offisielle reiseleiarane, og her møtte dei for første gong svenskar, finnar og lappar til dyst, i hopp (der dei triumferte) og i langrenn (der finnane synt seg best).⁹⁴⁷ Balck hadde alt i 1901 fått i stand eit relativt stort vinteridrettsstemne i Stockholm, kalla «Nordiska Spel» då, sidan blei leikane heitande Nordiska Spelen. Tanken var å lata leikane vandra mellom dei nordiske landa, og i alle fall mellom Sverige og Norge. Ideen bakom var forbødring, i idrettens upolitiske ånd.⁹⁴⁸

I det heller stutte referatet i Norsk idrætsblad av Stockholms-stemnet anno 1892 blei det sagt at langrennet for store delar gjekk over isen, og at finnane tuppa av seg langskiene i dei få bakkane som fanst, og sprang oppover skaren. Dei heller breie og korte (og tunge) Telemarkskiene gav nordmennene ein endå større ulempe. Helst skulle bladet sett at måten finnane løyste seg av skiene på, ikkje burde vera lov.⁹⁴⁹ Edvard Lillehagen frå Bærum, både skiinstruktør og skimakar og malar, og altså deltakar i skirennet i Stockholm, var truleg radikal venstremann. Han skal ha kome med kraftige gloser for nasjonalt sjølvstende (og mot unionen) i ein tale på sexaen, som dei norske reiseleiarane (med Hagbart Wergeland inkl.) prøvde å dyssa, eller skåla, ned.⁹⁵⁰

Slike tildragingar var nokså utenkjeleg at Norsk idrætsblad ville fortalt då, gjeve den upolitisk linja som bladet enno førte.

Amatørdefinisjonar i Holens tid

Også i den gjenfødde versjonen av Norsk idrætsblad frå sommaren 1891 av, var det slik at det smale omgrepet om amatørreglar og amatørdefinisjonar vart tematisert av først og fremst

⁹⁴⁶ Slagstad, 2008, s. 204. Om konsulatstriden i avisene, sjå til dømes Dagbladet 28. januar 1892.

⁹⁴⁷ Skiforeningen tok på seg å vera påmeldingssentral, og ville gje sjansen til dei som hadde teke premiar i Holmenkollen, eller tidlegare i Skiforeningens renn på Huseby, sjå Norsk idrætsblad, 1892, nr. 5, s. 27. Fleire skiløparar, som signerte med den formuleringa, ytra kritikk av at ein «middelmaadighed» som hadde fått meldt seg på rennet, dette i Norsk idrætsblad, 1892, nr. 8, s. 45. Eg er usikker på kven dei meinte; det *kan* ha vore Laurentius Urdahl.

⁹⁴⁸ Jan Lindroth, 1977, har skrive ein god artikkel om Nordiska Spelen og den politiske konflikten som utvikla seg etter 1905. Åke Jönsson har laga ei meir populærvitskapleg framstilling av leikane.: *Nordiska Spelen. Historien om sju vinterspel i Stockholm av olympisk format 1901 til 1926.* Ruth Hemstad, 2008, har skrive leikane i avhandlinga si om skandinavismen, og nyskandinavismen i åra like før 1905.

⁹⁴⁹ N.Idrbl., 1892, nr. 9., s. 50-51. Morgenbladet kom med reiserapport frå ein av skiløparane alt mandag den 29. februar, vedkomande var noko forferda over hoppbakken, som hadde preg av stillas, og nesten ikkje unnarenn. Aftenposten hadde telegram same mandag, med resultat frå hoppinga søndagen, og triumfane til finnane i skiløypa (med dei tynne, godtgeldande skiene dei altså brukte på flatane der).

⁹⁵⁰ Edvard Lillehagen kom med truleg med heftet «Skiløbning» alt i 1895, på Alb Cammermeyers forlag. Det finst ein kort og fin omtale av det i N.Idrbl., 1896, nr. 2. Lillehagen er blitt kalla Bærum Skiklubs far. I jubileumsboka for 100 års-markeringa, s. 48, står det at han hadde halde ein kraftig politisk tale på sexaen i Stockholm. Wergeland skreiv elles ein mimrande tekst for sin del frå turen i N.Idrbl., 1893, nr. 2, s.10.

skøytesporten. Frå Holens redaktørtid kan ein merka seg at Axel Paulsen vart teken inn i varmen att. I serien av «Vore champions» (der Holen fann plass også til «breiare» idrettspersonlegdomar som Fr. Nansen og A. Huitfeldt) vart Paulsen kåra som Norges aller først skøytekonge. Triumfen over van der Zee vart nemnt, og den seinare sigeren over Avén, men ikkje noko om meir kontroversielle tildragingane av uærleg spel og det tidl. redaktør Petersen hadde kalla grådige «sportsgribbe». Notisar i Norsk idrætsblad vitnar elles om at Paulsen ikkje heilt hadde gjeve opp veddemålslystene i 1891, og i alle fall at han dreiv med oppvisningar (og billettsal) i 1892.⁹⁵¹

I omtalen av pengepremierdiskusjonar i europeiske sportsaviser meinte Holen sjølv at dei engelske reglane som delar av norsk idrett heldt seg med, nok kunne vera pedantiske, men at dei likevel hadde ein misjon ved å halda aktinga for idrettskonkurransane oppe mellom publikum. Noko av suksessen til engelsk idrett var då også at han vart driven «gentlemansmessig», som Holen skreiv. Forvirringa var elles stor nok. Var Harald Hagen eigentleg proff, eller kunne han reknast som amatør? Kunne Carl Werner (som blei utfordra til kunstløpduell) bli rekna som amatør igjen når han hadde halde seg borte frå konkurransane i fleire år? Og kva skulle ein tenkja om amerikanaren og hurtigskøyteløparen Joseph Donoughe, som trente på Hamar i fleire månader, betalt av ein rikmann? Var han ikkje profesjonell i eigentleg forstand, sjølv om han prosederte på og utfordra til amatørduellar på isen? Norsk idrætsblad likte i alle fall lite at han heldt seg med agent, og at han utfordra til meistertitlar på alt for kort varsel; redaktør Holen kalla det «cirkusprofessionelt».⁹⁵²

Men, nett som i Petersen regjeringstid på 1880-talet, var det ikkje slik at Norsk idrætsblad under Holen *ikkje* skreiv om dystar mellom profesjonelle, som mellom Hagen og Smart på Hamar i desember 1891. Referatet la ikkje skjul på at nivået var betre mellom dei enn i den påfølgjande amatørklassen, sportsleg sett. Ja, Norsk idrætsblad la sjølv til rette denne duellen ved å tilby ekstrarogbillettar i siste nummer av 1891-årgangen (den 31. desember). Holen meinte heller ikkje at ein skulle ta så alvorleg på profesjonelle at dei måtte gjennom godkjenning i alle organisasjonsledd, før dei kunne bli tekne inn igjen i varmen som amatørar, som han skreiv.⁹⁵³

Om ikkje reglane var heilt klokkeklare, var i alle fall skiljet mellom amatørklassar og profesjonelle etablert i norsk skøytesport lenge før skisporten markerte noko slikt.

⁹⁵¹ N.Idrbl., 1891, nr 18, og 19, og frå årgangen 1892, nr. 2.

⁹⁵² N.Idrbl., 1891, nr. 14 (om Hagen), nr. 24 og 25 (om Werner), og nr 26, s. 158 (om Donoughe).

⁹⁵³ N.Idrbl., 1891, nr. 26. s. 155 hadde referat av den første duellen mellom Hagen og Smart – som Hagen vann klart, med ny verdsrekord. Her, på Hamar, var det ein amatørklasse i aksjon etter dei to profesjonelle. Om karantenebestemmingar internasjonalt sjå N.Idrbl., 1891, nr 25, s. 150. Regelen i USA var minst tre år borte frå idretten, samt akseptbrev frå samtlige deltakande klubbar.

Kapittelet snøgt oppsummert: I dobbelt forstand førte redaktør Holen amatørforestillingane vidare. Han stadfesta ramma for dei, og han utvida den kulturelle eller filosofiske ramma for dei.

Kapittel 4. Mikkel Hemmestvedts metode (1892-1893)

På slutten av juni 1892 blei Ola Holen brått avsett som redaktør, då det kom ein ny eigar inn, diskontør Casper Berg. Ifølgje Holen sjølv, som takka alle sine medarbeidarar og lesarar i ein notis i Dagbladet, hadde Berg kome til eiga ved eit tilfeldig omstende. I august same år (og med nr. 26) vart såleis Hagbarth Wergeland ny, eller eigentleg gammal, redaktør. Norsk idrætsblad skulle no koma ut på tysdagar, for slik å møte konkurransen frå dagsavisene, som hadde høve å referera frå sportshendingane i helgene nesten ei veke før idrettsbladet sjølv var på banen. Ola Holen forsvann ikkje heilt frå idrettsoffentlegheita for det. Frå 1. oktober av redigerte han minst halvannen side med det han kalla «Idrætstidende» i søndagsnummeret av Norges Sjøfartstidende. Han bidrog også med stoff om sunnmørske bruksbåtar i N.Idrbl. Her er han like fullt ute av saga.⁹⁵⁴

For å bøta på den leie tendensen til at ein kvar sat på kvar si tuve i idretts-Norge, slik redaktøren no oppfatta det, ville Norsk idrætsblad bli eit meir offisielt organ for ulike klubbar og greinar. Her tok Wergeland førebilete i korleis idrettstidsskrift fungerte i andre land. Det svenske *Tidning för Idrott* og det danske *Dansk Sportstidende* var mellom dei organa som N.Idrbl. nemnde.⁹⁵⁵ Frå nr. 36 dette året av var N.Idrbl. slik å rekna som «Offisielt Organ for Kristiania Roklub», stod det under logoen. Frå nr. 38 var også Kristiania Sportsforening (atlettsport), Kristiania Skiløberforening og Skiklubben Ull innrullert. Frå nr. 40 kom også Skiforeningen sjølv og Tjalve med. Fleire andre skiklubbar, så som Asker skiklub, så som Trondhjems skiklub, blei verva utover hausten. Med nr. 41 var også Norske Studenters Skytterforening nemnd, og noko seinare Norsk Traver-selskab. Men altså ingen skøyteklubb.

⁹⁵⁴ N.Idrbl., 1892, nr 13, s. 75 har eit interessant innspel: Ein «O.T.» skulle gjerne sett at N.Idrbl. kom ut på måndagar, og i alle fall ikkje i helga, for i mellomtida hadde både *Morgenbladet* og *Verdens Gang* hatt «fortinlige sportsreferat», slik at interessa hadde kjølna når helga og bladet kom med sitt, skreiv han. N.Idrbl. svarte i note under at ein arbeidde med saka. I N.Idrbl. blei det rykka inn annonser for det nye «Idrætstidende» til Holen, så som i 1882, nr 50, s. 363. Stoff av Holen om bruksbåtane på Sunnmøre i N.Idrbl., 1882, nr. 38, s. 253.

⁹⁵⁵ N.Idrbl., 1882, nr. 35. s. 226.

Ingen av dei to sykkelklubbane i Kristiania blei innrullert i manntalet, heller. Det siste kan ha hatt med å gjera at Wergeland skreiv kritiske nok referat frå stemne og generalforsamlingar.⁹⁵⁶

Redaktøren akta altså ikkje å gje opp tanken om fritt ordskifte, sjølv om Norsk idrætsblad skulle blei meir av eit offisielt organ for ulike greiner av idretten i Norge. Framstøyten mot dei ulike idrettsforeiningane kan såleis lesast som motivert av økonomi. Ein liten notis i nr. 36 røpte at N.Idrbl. hadde mindre enn 900 abonnentar, og følgjeleg sleit med inntektene.⁹⁵⁷

Internasjonalt amatørvedtak

Om Wergeland har eg alt nemnt at han var formann i Kristiania Skiløberforening. Like så viktig er at han var mangeårig medlem av Kristiania Velocipedklub. Dette var den einaste klubben som heldt seg med definerte og klare amatørreglar – nokså mykje etter britisk mønster. Wergeland visste til og med kva paragraf det var tale om (punkt 25). Dermed kunne han svara ein innsendar frå Kristiania Sportsforening (til spalta «Brevkasse») som lurte på om Norge hadde reglar for korleis ein profesjonell eventuelt kunne bli amatør igjen: Idretten i Norge, eller for den del i Skandinavia hadde ikkje nokre slags felles bestemmingar om korleis ein kunne vinna amatørverdigeita tilbake, eller om kven som var amatør og ikkje. Han visste at ein i Storbritannia hadde veldig vidløftige reglar for korleis å kvalifisera ein idrettsmann som amatør igjen. Wergeland lova å følge opp dette viktige spørsmålet, skreiv han. Men det tok lang tid før svaret kom på prent.⁹⁵⁸ Det *var* eit faktum at det skorta på samarbeid mellom norsk idrettsforeningar, sjølv innanfor den nasjonale og populære skøytesporten. Dermed blei norsk idrett ståande heilt på sidelinja når ein gjorde internasjonale vedtak – om nettopp amatørreglane. Redaktør Wergeland skreiv såleis eit ramsalt lite referat av programmet for den tilstundande skøytekongressen i Scheveningen (Nederland) sommaren 1892, der Tyskland og Austerrike hadde fremja ønskje om å avklara amatørspørsmålet nærmare. Mellom initiativtakarane var desse nemnde landa, og dessutan Ungarn, Nederland og Storbritannia – og Sverige. Her blei det første internasjonale idrettsforbundet, die Internationale Eislauf-Vereinigung (IEV), danna. Men Norge var ikkje med.⁹⁵⁹

⁹⁵⁶ N.Idrbl., 1882, nr. 38, s. 250-251. Delar av styret i Kristiania Velocipedforening meinte ein mangeårig medlem burde halda seg for god til slikt. Sjå Dagbladet, den 29. juni 1892. HW svara på det i ein red.hale i same nr.

⁹⁵⁷ N.Idrbl., 1892, nr. 35, s. 238.

⁹⁵⁸ N.Idrbl., 1892, nr. 30, s. 191.

⁹⁵⁹ N.Idrbl., 1892, nr. 29. Om unionsstridighetene spelte inn, veit eg ikkje. Men Victor Balck hadde i alle fall fått gode skussmål av nordmennene då dei var i Stockholm vinteren 1892, og eg har vondt for å tru at han stengde nordmennene ute. Det har ikkje lukkast meg å sjølv leita i arkiva til IEV, som i dag heiter International Skating Union (ISU). Då eg var i Lausanne hausten 2019, var kontora under flytting/ombygging. Eg har fått oversendt digitale kopiar av mapper, men desse har ikkje kasta lys

For så vidt hadde dette forbundet ein forløpar eller eit førespel i den internasjonale skøytekomiteen som blei sett ned av det britiske NSA i 1881, med både medlemmer av den klubben, samt ein nederlandsk minister i London, og ein greve de Bylandt, og fleire til. Denne komiteen skulle stå som arrangør for det opne stemnet i Storbritannia (London eller Cambridge) vinteren 1882, men som også vona på internasjonale forhandlingar, slik at ein kunne få i stand årlege veddeløp omkring i ulike land (nederlandarar, nordmenn og russararar var nemnde spesielt), noko som komiteen trudde ville bidra til velvilje dei ulike landa i mellom.⁹⁶⁰

Den stolte oppfostraren av store skøytekongar (Norge) hadde ti år seinare likevel ikkje éin skøyteklubb som var i stand til å svara på invitasjonen frå Nederland. Bladredaktøren var mildt sagt ergerleg. Wergeland hinta til den omreisande Axel Paulsen sjølv, som hadde vore skrivefør nok til å laga reportasjar for Norsk idrætsblad på 1880-talet. Norge hadde den regjerande profesjonelle verdsmeistaren i Harald Hagen. Men til Scheveningen var det ingen norsk delegasjon som hadde reist – til å gje sitt ord med i laget om amatørdefinisjonen, og om den rette lengdeiningane og dei passelege lengdene på tevlingane, og dei beste meisterskapsstadane og korleis ein kåra ein verdsmeister, skreiv han.⁹⁶¹ Stoda, kan eg leggja til, var omtrent diametralt motsett av situasjonen for skisporten. Der rådde Norge grunnen, i alle fall hoppbakken, omtrent åleine. Rett nok hadde nordmennene blitt grundig slått av finnane i flatrennet i Stockholm, men ingen trudde for alvor at nordmennene ville kunna tapa i Holmenkollen og i Nordmarka. Ingen kunne sjå for seg at nokre andre la premissane for den edle skiidretten enn Skiforeningen i Norge. I alle fall ikkje i 1892.

Med to lange referat i august månad blei resultatata frå kongressen i Scheveningen den 23.-25. juli 1892 forkynt i Norsk idrætsblad. Det norske «Hamar-systemet» for parløp og vekslingsider blei rett nok vedteke. Men elles var det kva Norsk idrætsblad karakteriserte som «den almindelige engelsk-tyske-hollandske definition» av amatøreren som blei knesett, og elles

over vedtak om amatørstatus for ulike aktive løparar, så som J. Eden, eller P.Sinnerud. Eg har også fått i hende protokollen for den første konstituerande kongressen i Scheveningen i 1892, «PROTOKOLL DFS INTERNATIONALEN EISLAUFER-CONGRESSES ZU SCHEVENINGEN AM 23., 24. UND 25. JULI 1892», som røper at Hamar idrætsforening var i korrespondanse med initiativtakarane som mogleg representant for Norge, men elles veldig lite om amatørdrøftingane på kongressen. Heller ikkje USA, Canada eller Russland var representert på kongressen, men uttrykte sympati for samanslutninga. Frå den andre kongressen i 1895, der Norge var representert (ved H Fabricius) har eg fått kopi av «PROTOKOLL DES ZWEITEN CONGRESSES DER INTERNATIONALEN EISLAUF-VEREINIGUNG AM 29. UND 30. APRIL, 1. UND 2. MAI IN KOPENHAGEN.» Her går det fram at Norsk idrætsblad blei rekna som offisielt organ for Norges Skøyteforbund. Elles svært lite om amatørrelevante diskusjonar også her. Elles har eg fått innsyn i det som finst av korrespondanse frå IEV sentralt, av sekretariatet i ISU kalla «ISU Communications (official letters to ISU Members) from 1894-1902». Her er invitasjonar til dei ulike kongressane og liknande, men ikkje i brevveksling som handlar om amatørstatusen til ulike løparar, så som nemnde Eden.

⁹⁶⁰ N.Idrbl. 1882, nr. 48, s. 339. Sjå også same årgang, nr. 3, s. 22.

⁹⁶¹ Klubbstoda var ganske puslete i starten av 1890-åra, særleg i Kristiania. Kristiania Skøyteklub hadde gått inn i 1888 på grunn av økonomien. Og Norsk skøyteforbund låg nesten med broten rygg etter nokre planlagde arrangement som hadde gått fløyten i 1890. Av nokre etterlysingar av styre i notisar i Norsk idrætsblad i 1892, kan ein slutta at dei tillitsvalde ikkje var særleg aktive. Sjå N.Idrbl., 1882, nr. 34.

distansane 500, 1500, 5000 og 10 000 m, og ikkje den engelske «milen», som i alle fall Wergeland var så glad i. Tysk blei vidare vedteke om offisielt språk for det internasjonale forbundet.⁹⁶²

Det allereie etablerte skiljet i truleg alle land mellom disiplinane hurtigløp og stil-løp/kunsthøp blei ikkje i seg sjølv tematisert, men det låg implisitt i omgrep som «Kunstmeisterschaft», og «Prüfung der Weltrekords für Herren- und Berufsläufer». Herreløpar og yrkesløpar var altså dei tyske nemningane for henholdsvis amatør og den profesjonelle løparen. Ein kan merka seg at amatørdefinisjonen blei oppfatta i Norsk idrætsblad å vera eit nærmast felles-europeisk eige, og ikkje noko engelskmennene var einerådande om, eller nærmare sagt rådde over.

Dei fastsette amatørreglane i IEV var ikkje så ulike kva sykkelklubbane i Kristiania heldt seg med, og heller ikkje så langt frå kva skøytestemne i Norge alt hadde sondert mellom dei som tente pengar på tevlingane, og dei som ikkje gjorde det. Ein måtte rett nok få vitnemål frå ein klubb om ein ville stilla som ein verdig amatør i internasjonale kappløp, heitte det vidare. Og den for så vidt «famøse» britiske regelen om å ikkje å ha konkurrert mot ein profesjonell, var inkludert.⁹⁶³

Det mest springande amatørpunktet i samband med internasjonale kappstemne var det Sverige som hadde reist, kanskje litt på vegne av alle dei fire nordiske landa. Representanten var den nærmast allstadsverande Victor Balck. Han hadde spurt om kor lenge ein utøvar hadde lov å trenast og førebu seg på rekninga til klubben sin, og utelukkande «ofre sig til dyrkelse af skøitesporten» og likevel kunne kalla seg ein amatør («Herrenläufer»). Norsk idrætsblad meinte det var eit betimeleg spørsmål Balck hadde kome med. Var det til dømes rett at Joseph Donoughe, som hadde ein rikmann i ryggen og som låg månadsvis i Norge og berre trente – skulle tevla mot vanlege amatørar som hadde arbeid i det daglege?⁹⁶⁴

Spørsmålet hadde vore så vanskeleg for kongressen at ein hadde latt det ligga, heitte det i omtalen. Redaktøren i Norsk idrætsblad kunne for så vidt anerkjenna at den internasjonale skøytekongressen hadde vedteke å uttala at tvekampar utanfor vanlege opne konkurransar var

⁹⁶²«Amatør er den, der aldrig har konkurreret for pengegevinst, aldrig løbet for betaling, som ikke hvemsomhelst kan sette et bekøb i mod, eller som ikke selv har deponeret noget væddebøl, som aldri har undervist i, deltaget i, eller drevet skøitesport, eller athletisk sport i pekuniært øiemed, og som ikke med vidende og vilje, eller uden at protestere derimod har deltaget i konkurrence eller offentlig opvisning med andre end amatører.» N.Idrbl., 1892, nr. 31, s. 193-194, og i same årgang nr. 32, s. 203-204.

⁹⁶³ Ein vil ikkje finna att heile referatet som Norsk idrætsblad tydelegvis trekte vekslar på, både debatt og vedtak i protokollen som eg har fått tilgang til; der står berre referert diskusjon om korleis ulike land og foreningar skulle stadfesta amatørstatusen til den einskilde deltakaren. Sjå ISU, «PROTOKOLL DFS INTERNATIONALEN EISLAUFER-CONGRESSES ZU SCHEVENINGEN AM 2., 24. UND 2. JULI 1892.», s. 10-11. Men også denne protokollen syner til fleire punkt ved amatørdefinisjonen enn kva akkurat debatten tok opp.

⁹⁶⁴Eg veit ikkje om dette akkurat dømet Donoughe var brukt på konferansen, men spørsmålet var i alle fall reist slik frå norsk hald. Sjå N.Idrbl., 1892, nr. 32, s. 202-203.

skadeleg for sporten. Men det terga han verkeleg at dei hadde bestemt seg for at Harald Hagen ikkje kunne kalla seg verdsmeister. Heretter var det visst berre stemne i regi av landa i denne kongressen som kunne avgjera det. Og no ein kunne ein venta at slike verdsmeisterskap pendla mellom dei kjende skøytemetropolane Budapest og London, skreiv Wergeland med lite skjult ironi.⁹⁶⁵

Om redaktør Wergeland er å seia, at han kunne vera ganske kvass i tonen. Utfall mot Kristiania Velociped-Klub er allereie nemnt. Han retta etter kvart skytset mot presidenten sjølv. Han var heller ikkje særleg blid for måten pressefolka hadde blitt behandla på den skandinaviske skyttarfesten i Kristiania sommaren 1892. Han hadde på ein måte anlegg for å kjenna seg skyvd ut i kulda når arrangørar heller gjekk til dagsavisene med invitasjonane – og resultatane sine. Utfalla er forstålege når ein tenkjer på den daglege drifta, og utgiftene, av Norsk idrætsblad. Trykkeriet skulle ha betalt for arbeidet sitt. Wergeland sjølv gjorde arbeidet på ideell basis, så vidt eg veit.⁹⁶⁶

Kanskje kan slike heilt prosaiske tilhøve forklara kvifor ikkje Wergeland følgde opp lovnaden om å belysa det aktuelle spørsmålet om reglar for fornying eller gjenvinning av amatørskap. Det einaste i nærleiken av nok slikt var ein liten notis om at danskane hadde hatt eit felles delegatmøte mellom ulike idrettsforeiningar, og oppretta ein amatørassosiasjon seg i mellom. Norsk idrætsblad meinte ein burde prøva å laga ein felles skandinavisk basis for amatørideen, gjerne med utgangspunkt i dei britisk-inspirerte reglane i Kristiania Velocipedklub.⁹⁶⁷

Til ein innsendar gav redaktøren likevel klar beskjed. I spalta «Brevkasse» var det opplyst at ein lesar hadde spurt om ein skyttar som hadde vunne pengepremie, kunne rekna seg som idrettsamatør. Til dømes hadde vinnaren av det skandinaviske skyttarstemnet i 1892 fått både sølvmedalje og 1000 kroner i premie. Hagbarth Wergeland svarte, om enn med ein liten skrivefeil, at vedkomande «aldri [vil] blive regnet for professionist, men kan trykt optages i hvilkensomhelst sportsklub som amatør».⁹⁶⁸

Ein hadde altså eitt sett med reglar om pengar i skyttarkrinsane. Desse smitta ikkje over, eller skjemde likevel ikkje vedkomande ut, forstått som idrettsmann.

⁹⁶⁵ Referatet av denne amatørdiskusjonen som Balck initierte, var eigentleg ikkje heilt dekkande. Fleire av kongressdeltakarane meinte at ein slik (tenkt) dedikert løpar ikkje nødvendigvis blei yrkesløpar av å ha eit støttande forbund i ryggen, og at det var likegyldig kor lenge han trente og førebudde seg, så lenge han hadde den større sportsinteressa (sports-verdet) for auga. Slik kom spørsmålet hans ikkje til avstemning på nokon måte. Sjå «PROTOKOLL DFS INTERNATIONALEN EISLAUFER-CONGRESSES ZU SCHEVENINGEN AM 23., 24. UND 25. JULI 1892», s. 11. Eg har ikkje funne at andre dagsaviser, eller Ola Holen for den del, skreiv om kongressen i Scheveningen. Norge kom med i den andre skikongressen, som blei halden i København i 1895. Sjå N.Idr.bl, 1895, nr. 20, s. 171.

⁹⁶⁶ N.Idr.bl., 1882, nr. 35, s. 226.

⁹⁶⁷ N.Idr.bl., 1892, nr. 30, og same årgang nr. 37.

⁹⁶⁸ Sjå N.Idr.bl, 1892, nr 32, s. 202. Svar i spalta «Brevkasse» i same årgang nr. 50, s. 362.

«Legetøi»

Kva eg ikkje har drøfta i særleg grad i denne avhandlinga, og som kan henda er ei lita svakheit ved henne, er alle dei utstillingane og drøftingane om skitypar og bindingar som fanst i Norsk idrætsblad. Alt det aller første nummeret av den første årgangen handla om dette, med AH som umiskjenneleg signatur. Lese nøye nok, ville ein nok ha sett amatørrelaterte førestillingar i dette materialet også.⁹⁶⁹ I alle fall: Seinhausten 1892 heldt Skiforeningen eit ope møte om nettopp ulike slag ski og bindingar. Fridtjof Nansen var beden om å halda innleiingsføredraget i Studentersamfundet. Kan henda var møtet kome i stand etter nederlaget for det som blei heitande «finneskien» i skitevlinga i Stockholm vinteren det same året. Finnane brukte ski som var mykje, mykje lenger enn den norske malen frå Telemark, og som glei betre på flate, islagte vatn. Den viktigaste innvendinga mot desse skiene var at dei var einsidige, og såleis ikkje dugde i hoppbakken. Og var dei einsidige, peika dei mot spesialiseringa og profesjonalismen.

Men dr. Nansen likte desse lettare og lange finneskiene, viste det seg. Han gav seg til å kritisera dei tyngre og breie telemarkskiene, slike som Torjus og Mikkel Hemmestvedt nytta, dei som også kunne nyttast i hoppinga. I det heile var Nansen imot den tendensen til akrobatikk som han meinte skisporten flørta med i Holmenkollen. Telemarksskia var «god nok som øvelsesski for smaagutter og legetøi for voxne», hadde han visstnok sagt. *Han* ville helst ha ski ein kunne ferdast langt på.⁹⁷⁰

Det er uklart om Hagbarth Wergeland var med på debatten i møtet, eller om han berre refererte det han hadde høyrte av andre. Han gav uansett skiautoriteten sterk motbør i Norsk idrætsblad. Dr. Nansen hadde vore for lenge borte, hevda han. Grønlandsfararen visste kan henda ikkje at turtradisjonen og skiløpinga var rotfesta i Kristiania no; kvinner og menn, unge og gamle, kanskje så mange som 2500, anslo han, var på ski til Frognerseteren desse søndagane i januar. At dei fann på å hoppa på desse turane, var berre av det gode. Wergeland meinte det var moro, først og fremst, men også styrkande for beina, og for balansen, og for den «aandsnærverelse, som kan redde i fare» og som også hr. Nansen trong på Grønland.⁹⁷¹

Der Nansen meinte hoppinga tenderte mot artisteri, hevda Wergeland at langrenninga på Nansens endelause vidder fort kunne enda opp som noko *dyr* dreiv med; «bare at rende ende frem med tungen ud af halsen for at komme frem saa hurtigt som mulig». Altså det Nansen sjølv hadde tidlegare kommentert og kritisert som «sport». Eit medlem av skiklubben Ull

⁹⁶⁹ N.Idrbl. 1881, nr 1, «Et Ski-spørgsmål».

⁹⁷⁰ N.Idrbl., 1893, nr.1, s. 4. (Basert på Wergelands referat)

⁹⁷¹ N.Idrbl., 1893, nr. 2, s. 4-5 (eit medlem av «Ull»).

meinte det same i ein tekst under Wergelands utfall: «Faar vi lov, dr. Nansen, til at putle med vort legetøi. De skal godt faa lov at være alvorsmand for det. Men engang kan det hende, at det gaar op for Dem, at det var legetøiet, der bragte Dem gennem Grønland.»⁹⁷²

Sjølvs utstyret antyda ein stil og ei innstilling. Og innstillinga eller haldninga antyda eit ideal: Ei vaken ånd og ein kropp som meistra vekslende terreng. Førestillinga om skiløparamatøren, vil eg leggja til, røper seg. Og *denne* amatøren visste å balansera mellom alvor og leik.

Det andre Holmenkollrennet

Synspunkta på Fridtof Nansen, og altså kva som var dei mest moralske skiene, prega Norsk idrætsblad i dei første numra av årgangen 1893. Nansen sjølv brydde seg truleg ikkje med å svara skriftleg på kritikken han hausta, sjølv om det forarga somme av lesarane. I nummer fire opplyste så dommarane Axel Huitfeldt og Olaf Petersen i eit skriv, som opphavleg var retta til Skiforeningen, om kva dei ville leggja vekt på dersom dei blei tiltrudde dommarvervet i Holmenkollen i år også. Kriteria var tre i talet:

1. Karakter blir gjeven etter ferdigheit, og fall er ikkje automatisk til skade.
2. Overdrivne hopp utan ferdigheit får trekk, som når ein liksom tek sats.
3. Mikkel Hemmestvedts metode – samla bein og rett kropp – skal fremjast i

karaktersetjinga.

Det er interessant at slike smaksdommar aldri var blitt kunngjort før. Vel hadde Axel Huitfeldt skrive mange gonger frå Husebybakken og andre stader kva han likte og ikkje likte, og vel kunne ein trekkja ut stilideal av teikningane til Andreas Bloch (og dei teikningane hans som samtida ikkje likte), men telemarkingane hadde like ofte fått på pukkelen av Huitfeldt som dei hadde fått anerkjenning for skiføring og for vågemot. I programma kan Skiforeningen sjølv sagt ha skrive kva dei la vinn på i vurderingane, slik Kristiania Skiforæning hadde gjort i sitt Husebyrenn anno 1881. For alt eg veit, kan Skiforeningen ha opplyst om ideala også munnleg, før rennet starta. Huitfeldt og Petersen antyda i skrivet sitt no at dei hadde kan henda avvikande vurderingar frå den vanlege. Men Huitfeldt var elles dommar både ved Freidigs og ved Ulls skirenn vinteren 1893, og ingenting av det ein kan lesa tyder på at han blei motarbeidd eller underkjent som smakskjennaren framfor nokon. Skiløpar-amatøren hoppa altså slik som mykje Axel Huitfeldt meinte at han skulle hoppa.

Vågemot i passeleg mengde, og snarrådighet, var dei no etablerte dygdene han ville elska fram. Av ein debatt på eit ope skiforeningsmøte to år seinare (1895) går det fram at

⁹⁷² Nansen svarte aldri i bladet, og i same årgang nr. 7 er det ein innsendar «y» som spør seg om det betyr at Nansen ikkje veit kva han skal svara. HW synest å meina det same, i ein red. hale.

Huitfeldt ikkje brydde seg all verda om sjølve hopp-lengda. Påfallande stutte hopp trakk sjølv sagt ned, sa han her. Men lange hopp talde berre med dersom stilkarakteren elles tilsa at to løparar var like gode. Ein god løpar kunne falla, men ikkje fordi at han hadde hoppa bakken ned. Måten ein fall på, hadde truleg sitt å seia.⁹⁷³

Vågemot og snarrådighet var altså den moralske side ved skiløparamatøren til Huitfeldt. Den samla skiføringa i lufta, og den strake kroppen, var meir ei estetisk side. Denne kom godt mogleg tydelegare fram for han no, på 1890-talet. Telemark var eit eige stilideal i hoppssamanheng, og i alle fall måten Hemmestvedt-brørne hadde hoppa på, med strake bein: *rakstandarstilen*, som før nemnt. Det var visst saka underordna at Mikkel Hemmestvedt sjølv hadde emigrert til Amerika, og hoppa så imponerande langt i stemne der at avisreferata frå amerikanske blad om det nådde heimlandet. Kva som skjedde i utlandet, kunne vel ikkje Axel Huitfeldt, eller for den del Mikkel Hemmestvedt åleine, lastast for.⁹⁷⁴

Langrennet var godt etablert i den kombinerte konkurranseforma som både Skiforeningen, og for den del Centralforeningen, trudde på. Ja, så pass trygge på seg sjølve var arrangøren, at svenske og finske løparar var løyvd tilgang til Holmenkollrennet dette året, og kunne konkurrera om ekstrapremiane som var sett opp for skogsrennet åleine. Beste tid var einaste vurderingskriterium her.⁹⁷⁵

Norsk idrætsblads redaksjon var kanskje meir i den revansjesugne stemninga. Det heitte at dei lange «finneskierne» hadde sigra i Stockholm året før, ikkje finnane sjølve. Underteksten var: I det meir telemarkske terrenget i Nordmarka ville nok den meir allsidige nordmannen sigra.⁹⁷⁶ No var det ingen svenskar eller finnar som kom, av grunnar som er uklare. Konsulatstriden hadde ikkje hindra nordmennene frå å reisa til Stockholm året før. Og politikarane i Norge hadde bøygd av sommaren 1892, etter at kongen ikkje ville sanksjonera lovforslaget om eigne konsulat. Av grunnar som eg ikkje heilt kjenner, var ingen andre frå Telemark med i Holmenkollrennet heller. Torjus Hemmestvedt hadde reist etter bror sin Mikkel til Amerika. Det same hadde to andre brør av dei, Såmund og Halvor. To trøndarar hadde derimot kome til tevlinga i Kristiania, og saman med Løiten-, Lier- og Dramm-klubbane, og alle dei som representerte lag i eller omkring sjølve hovudstaden i Norge, gjorde desse løparane at Holmenkollrennet likevel måtte kunne kallast ei nasjonal idrettshending.

⁹⁷³ N.Idrbl., 1895, nr. 47, s. 389-391. Her baserer eg meg også på omtalen i N.Idrbl., 1893, nr. 6, s. 24.

⁹⁷⁴Om dei første skirenna i Amerika har Loupedalen skrivne opplysande detaljar. Han nemner Skiens-avisa *Fremskridt*, som har notisar både i 1897, og 1891, om prestasjonane og rekordane til brørne Hemmestvedt. Sjå Loupedalen, 1947, s. 261-264.

⁹⁷⁵ Centralforeningen ytte premiestøtte til dei som arrangerte skirenn under visse føresetnader, og mellom desse at dei hadde lengdeløp med på minst 10 km. (for dei over 20 år).

⁹⁷⁶ N.Idrbl., 1893, nr. 2.

«Skrævbenthet»

Vinnaren av kongepokalen i klassen for tidlegare upremierte (kongepokalen kunne heretter berre delast ut til den same løparen ein gong), var ein representant for Medicinerens skiklub, Ingemann Sverre. Han hadde berre ellefte beste langrennstida totalt (20 km.), og hoppplengdene var berre middels lange (21 m.), men hoppa hans var «renstiledede, kraftige og sikre» ifølgje Norsk idrætsblads referat. Det er uklart for meg om han blei vurdert til betre prestasjonar enn dei som tevla i klassen for tidlegare premierte.⁹⁷⁷ Det er også uvisst om slike avgjerdsler og kåringar hausta nokon kritikk på sjølve premieutdelinga. Av årboka Skiforeningen laga for 1896 kjem det fram at styret i Skiforeningen ikkje tykte om avisiskritikk av dommaravgjerdsler – og kalla det mangel på god sportsånd. Men det må ha vekt ein viss reaksjon, og i alle fall ettertanke, at Skiforeningen valde å berre dela ut seks av dei 10 tiltenkte premiane i hoppklassen for dei mellom 18 og 20 år denne gongen. Dette var altså dommarane Huitfeldts & Petersens beslutning.⁹⁷⁸

Axel Huitfeldt var ikkje ikkje noko mindre skvetten enn Wergeland for å seia, eller rettare sagt skriva, kva han meinte. I ein breitt anlagt artikkel i Morgenbladet litt seinare på vinteren nærmast hudfletta han dei som hadde hoppa i Holmenkollen dette året, og han skjente også på kvinnene som tok ut på skiturar om søndagane. Dei første var skammeleg breibeinte i skiføringa si, dei andre sjangla i løypene og skjemde sporten ut på den måten. Huitfeldt mistenkte dei to skistavane å vera forklaringa på det manglande «Thelemarkingernes smalsporede System», og meir enn antyda at kvinnene tok seg for mange drammar på skistovene.⁹⁷⁹

Roland Huntford, vel basert på skihistorikaren Jakob Vaage, har synt korleis dette utbrotet, samt tidlegare utspel av Huitfeldt om kvinneskiløpinga, førte med seg ein heil debatt i Morgenbladet, der både Knut Hamsun, og «Skibetragtninger ved en Moder», «En kvinderøst fra Landet», og dessutan kona til Fridtjof Nansen, Eva Nansen, tok del. Denne for så vidt spennande debatten om kjønn og normer kunne forfølgjast i ei brei idrettsoffentlegheit, til dømes i kommentar i Norges Sjøfartstidendes søndagsnummer i 1893, men fell helst på sida av tematikken i denne avhandlinga.⁹⁸⁰

For å bøta på den elendige hoppinga, den «Mangel på Stil, det Slurveri, den Skrævbenthet, Overdrivelse i Hopning uden tilsvarende Ævne til at staa, og Mangel paa Selvkritik» som Huitfeldt meinte han hadde sett i Holmenkollen, føreslo han – atter ein gong –

⁹⁷⁷ N.Idrbl., 1893, nr. 6, s. 24.

⁹⁷⁸ Skiforeningen, 1896, s. 62. Sjå også Morgenbladet 31. jan 1893.

⁹⁷⁹ Morgenbladet, 8. feb. 1893, nr. 69.

⁹⁸⁰ Huntford, 2006, s. 196-204. Sjå også delen «Idrætstidende» i *Norges Sjøfartstidende* søndag 19 februar 1893.

å stryka langrennet i landsrennet det neste året. Då kunne det vel henda at nokre av telemarkingane kom også, dei som han savna kunne setja ein skikkeleg standard. Han skreiv ingenting om det var andre ting, andre heilt konkrete ting til premiar (enn sølvskeier og porselensmugger), som kunne lokka dei.

Godt mogleg var han blind på dette feltet. Godt mogleg hindra amatørforestillingar han frå å tenkja slik. Godt mogleg er begge desse forklaringane like nødvendige, og ingen av dei tilstrekkelege.

Redaktør Wergeland tok no til motmæle mot Huitfeldt sjølv, over to nummer av Norsk idrætsblad. Helst ville han vel sett at sakføraren og smaksdommaren også hadde skrive i bladet hans, og ikkje i ei vanleg dagsavis, og han hadde varsla Huitfeldt på årsmøtet i Norsk Jæger- og Fiskeriforening at han ville svara han. Wergeland meinte: Huitfeldt tok skammeleg feil av kvaliteten på hoppinga, og kva som kva var grunnen til at så mange fall. Wergeland trudde sjølve det fysiske hoppet enno kunne bli betre (dvs lengre) i Holmenkollen. Uansett var det ikkje hoppbakkar åleine, men all slags praktisk skiføring som hadde gjort telemarkinga så god. Det skulle teke seg ut om ein i Norge gjorde hoppinga viktigare enn langrennet igjen, no som så mange andre nasjonar (så som Sverige, Austerrike, Tyskland, min merknad) hadde gjort skiløpinga til ein viktig idrett. Wergeland skreiv:

«Nei, stød i hornet oppe paa toppen av bakken, og det myldrer frem fra vore skogstrakter skiløbere, som frivillig vil vise, hvad de ad ganske naturlig vei, det vil sige under sine fornøielsesture i friluft, har lært, og det er den naturligste af alle veie for *sande amatører*». (Kursiveringa er mi.)

Han la til: «[V]ore skiløbere er amatører in optissima forma».⁹⁸¹

Slik som Wergeland nyttar ordet «amatør» her, kunne nok også den danninga og framferda som Huitfeldt forlanga av kvinnene i skiløypa, og den haldninga skiløparar ifølgje Wergeland faktisk vann på «fornøielsesture» vore hekta på ein breiare forstått amatørtematikk eller amatørdiskusjon. Eg kan nemna at skiklubben der Wergeland var formann, hadde plass til kvinner som medlemmer, og at dei fekk stilla i eigen hopp-klasse i premierennet som Kristiania Skiløberforening heldt den same vinteren.⁹⁸² Endå meir av pionerklubb var Asker skiklub, der

⁹⁸¹N.Idrbl., 1893, nr. 8, s. 61. Kritikken av Huitfeldt (AH) byrja Wergeland (HW) i nr 7, s. 52. AH svara han i nr. 9 at han føler seg så feillesen at han reserverer seg retten å svara andre stader, for å skriva sakleg (i motsetning til redaktøren av N.Idrbl.), og dersom det tener idretten. I sin redaksjonelle hale skreiv HW at det burde vera opplagt for AH at han og N.Idrbl.s redaksjon var eitt, sidan han måtte dra dette lasset åleine, stort sett. Sportsfolk jamt over sette stykka sine på trykk i dagsavisene, der dei fekk bra betalt, meinte han. Om det var difor Huitfeldt heller skreiv i Morgenbladet, veit eg ikkje.

⁹⁸²Sjå N.Idrbl., 1893, nr. 6, s. 44.

kvinnene var representerte i styret i første del av 1890-talet. Dei var også med i hopprenn, og gjekk ikkje berre (relativt) stutte premiulangrenn.⁹⁸³

Axel Huitfeldt fekk for sin del *nok no*. Han hadde fått skuldingar mot seg at han, av alle, liksom støtta akrobatikk framfor sann skiidrett. Og dette av redaktøren av Norsk idrætsblad, der han sjølv bidrog! Han følte seg så vranglesen at han nekta å forklara seg i bladet. I eit kort tilsvar understreka han einast at dette ikkje betydde at han var samd, sjølv om han tagde.⁹⁸⁴

Dei friske fråsparka i Norsk idrætsblad bør lesast mot dei ideala som stod på spel. Men noko av tonen kan også lesast utifrå dei abonnentane som redaktøren sakna, og prøvde å sankna inn: Talet tingarar var som nemnt under 900. På framsida av nummer ni og ti av årgangen 1893 gjekk det fram at bladet måtte gå inn til sommaren om ikkje økonomien betra seg. I nummer 12 skildra redaktøren kor mykje betre det gjekk med danske *Sport*, og den støtta som fagblad om idrett hausta i andre land også. Han fekk i alle fall støtteerklæringar av det danske bladet i neste nummer, og nytta etter dette korrespondentstoff frå dansk hald (særleg om sykling). Annonsemengda auka då også til både to og stundom tre sider utover våren.⁹⁸⁵

Men som arena for *sakkyndig diskusjon* kan ein ikkje seia at Norsk idrætsblad utvida seg i særleg grad. Og for så vidt illustrerer ståa for dette enkel tidsskriftet kva materielle føresetnader også den borgarlege offentlegheita var underlagt.

Profesjonelle i skøytesporten

1893 var det året norske skøyteleparar for alvor blei slått av utlendingane. Nederlendaren Jaap Eden vart i januar verdsmeister nærmast på heimebane i Amsterdam. Bronsevinnar Oskar Fredriksen skreiv brev til N.Idrbl. og fortalte at Eden hadde teke det påfallande bedageleg på 10 000 m (han hadde vunne gull på dei tre andre distansane) og til og med falle mot slutten av distansen. På premieutdelinga verka han utakknemleg, og tok ikkje luva av ved nasjonalsongen, ein gong. Norsk idrætsblad sjølv anerkjente for så vidt prestasjonane og tidene hans, men lét

⁹⁸³ Sjå til dømes N.Idrbl., 1894, nr. 5, s. 39. Om representasjonen av kvinner i styre og stell, sjå den same årgangen, nr. 47, s. 310. Laurentius Urdahl, ein av stiftarane av Asker skiklubb, kom i 1893 ut med ei bok om skiløping, kalla *Haandbog i Skiløbning*, ei bok som også kom ut på svensk og tysk det same året. Han fryda seg over at kvinnene var komne med i skiløypene, i titusental, skreiv han. Men han hadde ikkje særleg hug på at dei skulle prøva seg i hopp. Kvifor, begrunna han ikkje. Sjå Urdahl, 1893, s. 82. Andreas Bloch hadde laga illustrasjonane til denne boka.

⁹⁸⁴ N.Idrbl., 1893, nr. 9, s. 68-69. I same årgang nr. 11 omtala så HW eit føredrag av AH i Studentersamfundet onsdag 8 mars. Her var AHs poeng at Kristianiahopparane hadde gløymt den gamle gode stilen med samla ski frå Hemmestvedt og Telemark. Breibeint føring var ikkje fint. Så hoppet hadde tapt seg i skjønnheit og eleganse, men kanskje vunne i kraft. Til prov for kor mektig Telemarkstilen var, nemnde han lengda til Hemmestveit i Amerika, 103 fot. (– men dette var henta frå am. avis utan kontrollmåling, skreiv HW i nr 12.) Vidare tok Wergeland opp att kva han sjølv meinte: At det ikkje stod så dårleg til med alle skiløparane sjølv om dei hadde det vanskeleg i Holmenkollbakken. Og det var så mange stader; han ramsa opp alle dei lokale bakkane, der skiløparar møttest og kritiserte kvarandre og *ikkje* oppmuntra til lokale ulike klubbstilar.

⁹⁸⁵ N.Idrbl., 1893, nr. 13. Sjå vidare til dømes N.Idrbl., 1893, nr 17.

det skina gjennom at han hadde fått mykje betre tid til førebu seg og trenar enn nordmennene, så som sølvvinnaren Halvorsen, som hadde hatt eksamen å stri med like før meisterskapen.⁹⁸⁶

Nasjonale strøyningar spelte nok med i desse moralske amatørvurderingane, slik dei hadde gjort det i den rosande amatør-omtalen av Axel Paulsen midt på 1880-talet. I Europa-meisterskapen (EM) var det svensken Rudolf Ericsson som vann; her var bladet noko rausare i omtalen enn av Eden, og prenta eit fint portrett av svensken, med medaljar sirleg på bringa og armane stramt på ryggen. Enno var Norge og Sverige broderland.⁹⁸⁷

Axel Paulsen sjølv heldt seg helst med kunstløppvisningar dette året, både i København og Wien, og så i Paris, og gav til kjenne sine vurderingar av ulike stilartar i Norsk idrætsblad over ein lengre følgjetong. Den engelske skulen fekk mest tyn av han. Paulsen beklaga at så få utlendingar prøvde seg på hopp, som han oppfatta som del av den norske stilarten. Dristigheit og kraft vart forstått som «norske» dygder også i skøytesporten, kan ein vel seia om dette.⁹⁸⁸

Den andre store proff-skøyteløparen frå desse tiåra på tampen av det 19. hundreåret, Harald Hagen, beretta også om sine utanlandsopplevingar over tre nummer i Norsk idrætsblad sommaren og hausten 1893. Han hadde vore i Amerika og gjort store veddemål og flotte triumfar. Men han fortalte også om grådige arrangørar og falske meistarar, så som den sjølvforgudande Joseph Donoughe, som hadde det med å stikka av når han blei utfordra.

Dette kan ha hatt med belønningsmekanismene omkring den «regjerande» meisteren å gjera, som gjorde det lønsamt å *ikkje* konkurrera. Like fullt tok Norsk idrætsblad sjølv til orde for at verdsmeistertittelen for profesjonelle burde organiserast på den måten som fanst *før* kongressen i Scheveningen laga sine reglar: Ein regjerande verdsmeister burde få sjølv bestemma når han skulle bli utfordra, og kvar han ville bli utfordra. Redaktøren tenkte kanskje på rettane nordmannen Hagen burde ha. Men samstundes støtta han dermed eit duell-system som kunne synast å begrensa deltakartalet og tevlingane proffar i mellom.⁹⁸⁹

Ein kunne kanskje tenkt seg profesjonell idrett som berre handla om å setja rekordar, kvar einskildutøvar for seg. I det minste næraste Norsk idrætsblad ein tanke om at også profesjonelle burde *møtast* til dyst.⁹⁹⁰

⁹⁸⁶ N. Idr.bl., 1893, nr. 5. Sjå portrett av Eden i N.Idrbl., 1893, nr. 7. Og meir kritikk av han i same årgang, nr 43. Denne Oscar Fredriksen må ikkje forvekslast med den Oskar som vart verdsmeister i langrennsstafett i 1937.

⁹⁸⁷ N.Idrbl., 1893, nr. 8.

⁹⁸⁸ N.Idrbl., 1893, nr. 11-13. «Axel Paulsen og Carl Aamans tourné.»

⁹⁸⁹ N.Idrbl., 1893, nr. 34-38. «Fra mit ophold i Amerika.»

⁹⁹⁰ Her er det freistande å avlegga Christiane Eisenberg ein visitt. Ho skriv i ein artikkel frå 1990, *The Middle Class and Competition*, s. 275: «Sport as a symbol of competition has a reality of its own, and in this reality the various monopolization tendencies are indeed successfully eliminated.» Ifølgje Hagen fekk eller hadde Donoghue fått 10 000 kr. av klubben eller rikfolk på Manhattan så lenge han var ubesigra. Om summen var feil, eller betalingsmåten (kanskje fekk han eit beløp per år som meister), var det uansett lett å forstå forsvinningsnummera utifrå pengane. Også tendensar i notida, så som forsøket på «The

Kan henda var det opplevingar av dobbeltmoral som låg bak kritikken av det internasjonale skøyteforbundet (IEV). Det norske fagbladet for idrett trykte i desember eit innlegg som Hagen hadde sendt til *Deutscher Eis-Sport* (sagt å vera det offisielle magasinet til IEV). Premiebeløpa ved den annonserte proff-meisterskapen i Nederland for 1894 var sett så lågt at han neppe hadde råd til å ta turen, skreiv han. Han tok ikkje denne tilskipinga veldig seriøst, og rekna seg fortsatt, og for framtida, som verdas raskaste skøyteløpar.⁹⁹¹ *Deutscher Eis-Sport* svarte at pengepremiene ikkje trong å vera så store når proffane fekk betalt reise og opphald av velgjerarar. Harald Hagen, og for så vidt Norsk idrætsblad, fekk her støtte av det tyske fagmagasinet *Wassersport*, som redaktør Wergeland kalla det best redigerte og mest anerkjente sportsbladet på kontinentet, og som han følgjeleg sette om til norsk ved dette høvet. *Wassersport* peika på at utgifter til reise og opphald fekk sanneleg nok mange amatørar dekt også. Og kvifor skulle då Hagen og Donoughe, slik det tyske sportsbladet såg det, setja amatørverdigeita og amatøræra si ut av spel? Poenget måtte vera skilja mellom dei som verkeleg dreiv sporten for inntektene han gav, og dei som ikkje gjorde det – og ikkje mellom dei som tente *litt* pengar og dei som berre fekk medaljar. Det tyske sportsmagasinet ville, som for så vidt det internasjonale skøyteforbundet, gjerne ha det profesjonelle idrettslivet meir regulert, men då med reine ord for pengane, eller rettare sagt: reine pengar for orda. Det tyske sportsmagasinet jamførte med rosporten, der pengepremien for verdsmeistertittelen var mykje, mykje større.⁹⁹²

Denne debatten om sonderinga mellom amatøreren og den profesjonelle heldt fram i Norsk idrætsblad i 1894. Tidleg i denne årgangen fortalde Harald Hagen sjølv frå VM i Zwolle, Nederland, dit han altså hadde reist likevel (og vunne). Han spurde seg kva profesjonelle skøyteløparar (som han altså var definitivt no) eigentleg hadde att av tidsbruk på iherdig og rasjonell trening, for utlegg til reiser og utstyr og opphald, og for all den tid ein elles nytta på til sporten, som jo var tapte pengar, det og, og kunne eigentleg ikkje begripa at det å gjera skøytene til ein næringsveg skulle vera noko mindre ærleg enn arbeidet han hadde som xylograf(!). Han kunne ikkje sjå forskjellen i at «en er haandverker med henderne, en anden altsaa med benene» og at «en amatør modtager en sølvgenstand som kaldes præmie, en professionist i stedet penge, ofte til langt mindre verdi end disse præmier», som han skreiv.⁹⁹³

Super League» i fotball frå 2021, set noko av påstanden til Eisenberg i tvil. Sjå N. Idrbl., 1893, nr. 36. For Wergelands syn: N. Idrbl., 1893, nr. 48.

⁹⁹¹ N. Idrbl., 1893, nr. 50.

⁹⁹² *Wassersport* rekna tydelegvis Hagen som amatør, endå om han sjølv rekna seg som profesjonell.

⁹⁹³ I N. Idrbl., 1893, nr. 7.

Han synest uansett grensene var veldig utviska eller uklare, slik til dømes amatøreren Eden kunne treni i månadsvis med utgifter som klubben dekkja, medan *han* måtte risikera reisepengar til stemne der vatnet kanskje ikkje ein gong fraus på. Dessutan tykte han hollendarane hadde møtt han med dårleg sportsånd, slik som Axel Paulsen hadde erfart det i si tid. Han avslutta innlegget med å utfordra Kingma, som han meinte var ein brav kar, å koma til Norge. Han lova han forsprang i dei ulike duelldistansane han såg for seg. Pengar var ikkje nemnt her.

Wassersport trykte sidan dette brevet i tysk omsetjing, og både dette tyske fagbladet, og Norsk idrætsblad, bidrog såleis til ein europeisk debatt om det ein kunne kalla det noko smalare amatørspørsmålet. Debatten handla likevel ikkje berre om kva som kvalifiserte til å vera amatør i skøytesporten, men om det å vera ein amatør skulle vera så mykje meir ærerikt enn det å vera ein profesjonell. Det var her Harald Hagen brukte parallellen til arbeidet sitt som tresnittskjerar. Kva var så problematisk med å vera ein dyktig fot- eller skøytearbeidar?

Ja, kva var eigentleg problemet med den profesjonelle? Spørsmålet er såpass djuptgåande at eg må spare det til sluttdrøftinga.⁹⁹⁴

Kapittelet oppsummert: I 1893 openberra Axel Huitfeldt endeleg metoden sin for å bedømma stilen til amatørhopperane i Holmenkollen. Men då var dei aller finaste fuglane frå Telemark farne til Amerika.

Kapittel 5. Tilsynskomite (1894)

Fagbladet Norsk idrætsblad gjekk ikkje inn sommaren 1893, slik som Wergeland halvt hadde frykta, og heldt det gåande også etter nyttår. Abonnetane tok seg på tak; dei både betalte kontingenten sin, fekk tak i nye. Hausten 1893 hadde N.Idrbl. 500 tingarar utanbys, og truleg like mange i sjølv Kristiania by.⁹⁹⁵ Før jøl blei det også opplyst om at eit aksjelag skulle over, beståande av såkalla spissar på fleire sportsområde. I styret for eigarane sat advokat Emil Roll, overrettsakfører Iver Lyche, og grosserar Rasmus Langaard. Ein tilsynskomite skulle no ha den kontrollerande myndigheita ovanfor redaktøren og bladet, og som det heitte, «bistaa[...] samlet eller enkeltvis redaktionen med raad og responsa i vanskelige spøragsmaal inden de forskjellige sportsgrene». Utanom dei tre frå aksjonærstyret sat forbundsresidenten for turn og

⁹⁹⁴ Ifølgje notis i N.Idrbl., 1895, nr. 45 var det mykje oppstyr i nederlandske og tyske aviser i mot synspunktet til N.Idrbl. om å lata proffskøytinga få vera i fred for reguleringar frå IEV. Dette blei imidlertid vedtaket ved den internasjonale kongressen i 1895, ser det ut for.

⁹⁹⁵ N. Idrbl., 1893, nr. 23, framsida.

gymnastikk i Norge (oberstløyntantn Olaf Petersen) i gruppa, og ein lege A. Kolstad, og tre andre menn (ein grosserar, ein rittmeister, overrettssakfører). Fritz Huitfeldt, bror til Axel Huitfeldt, var mellom suppleantane til komiteen. I første nummer av årgangen 1894 heitte det frå eigarane at bladet skulle halda fram med det saklege, og det personlege (agget) borte.⁹⁹⁶

Det kunne sjå ut som redaktør Wergeland blei vengestekka noko på denne måten, og han blei det i alle fall ved at tilsynskomiteén forlanga heile dommen mot han trykt på førstesida etter at presidenten i Kristiania Velocipedklub hadde stemna han for retten for ærekrenking. Wergeland blei frikjend for å ha skada ryktet hans, men blei samtidig dømd for å ha kome med feilaktige saksopplysningar. Han blei godt mogleg bunden av saker som gjeldt Skiforeningen og Holmenkollrennet, som eg snart skal visa.⁹⁹⁷

Ein idrettskategori som vann nytt terreng, også i spaltene av bladet, var «Athletik og Sportspil». Resultat frå mange ulike løpstevlingar og tilløp til debattar om fotball prega såleis Norsk idrætsblad meir enn før. Somme lesarar meinte at dei sommaridrettane som var etablert i Norge (seglsport, roing, fisketurar, sykling) var for dyre for folk flest; ein idrett for «hvermand» mangla. Her var lagsporten fotball midt i blinken. Andre meinte den idretten, om aldri så engelsk og sivilisert, var altfor rå. «Humant bliver dog fotboolspillet aldrig.», heitte det i eit tidleg innlegg.⁹⁹⁸ Her skal det handla om ulike syn på funksjonen til Holmenkollrennet, og på Amerika som motstykke, og på amatørfiguren i den greske antikken, ikkje noko mindre.

«Fyldekalken»

Fritz Huitfeldt skreiv i januar 1894 eit flammande innlegg i Morgenbladet, som skapte sterke reaksjonar i Norsk idrætsblad – det var nesten ein kopi av kva storebroren Axel hadde gjort året før. Kvifor han nytta dagsavisa, og ikkje fagbladet, er ikkje så godt å seia; det kan ha vore taktiske omsyn til den større lesarskaren i Morgenbladet, det kan ha vore tekniske forhold ved trykkestoda åt Norsk idrætsblad. Plassmangel var i alle fall eit gjennomgåande motiv etter 1894. Truleg gjorde også grepet med at bladet skulle tena som organ for alle slags klubbar til at impulsen til debatt dempa seg noko. Fritz Huitfeldt var ikkje akkurat ein liten-bror. Han dreiv

⁹⁹⁶ N.Idrbl., 1893, nr. 50, s. 399. Om aksjelaget, sjå «Norsk Kundgjørelsestedende», 10. mars 1894.

⁹⁹⁷ N.Idrbl., 1894, nr. 11, framsida. Agent Bertil Gyldenskog (formann i Kr. Velocipedklub), som stevna HW for ærekrenkende påstandar, fekk ikkje medhald i hovudanka, men i at nokre påstandar var feilaktige, og desse blei då dømde til døde og makteslause å vera, og HW pålagt til å betala statskassa 40 kr.

⁹⁹⁸ N.Idrbl., 1891, nr 5, og same årgang nr. 8. Å laga innhaldsoversikt for kvar årgang, var noko som hørde til det meir uformelle ansvaret som ein redaktør hadde. Avisene heldt seg med slike oversikter også, stundom for kvar månad. I 1893 hadde Wergeland nemnt på at sorteringa tok mykje tid, og alle smånotisane, eller petitnotisane som redaktøren kalla dei, var difor utelatne i årsrekneskape, sjå N.Idrbl., 1893, nr. 2. Av registeret for 1894 var noko nytt, og noko ved det gamle. Jagt, jagtzoologi og kynologi (=hundestoff) var framleis den kategorien idrett som hadde flest saker, og dei lengste sakene. Jaktskildringar var ein typisk sjanger framleis, gjerne signert av H.W. (= redaktøren).

ein eigen sportsforretning og utvikla ski og bindingar. Han var like mykje ekspert på fiske- og flugebindingar. Han var den som hadde peika på Holmenkollen som høveleg bakketerreng, saman med vegdirektøren Wilhelm Krag. Viktigast her: Han hadde vore sekretær i Skiforeningen i siste halvdel av 1880-talet (1886-1892). Difor hadde han førstehandserfaring med det som Skiforeningen no hadde i sikte for Holmenkollrennet: Å begrensa deltakinga.⁹⁹⁹

Tanken hadde vore oppe før. Axel Huitfeldt hadde i 1893 avgrensa premiane i den yngste klassen, og ville at klubbane skulle garantera for kvaliteten på dei som stilte i konkurransen. Ein innsendar «E» hadde den same vinteren tala om «fyldekalken»; dei mange som liksom «falde med ære», som det heitte i vanlege ærbødige referat, men som eigentleg var middelmådige skiløparar, meinte han. Publikum stod i andre idrettar så nær løparane at dei kunne vurdera kvaliteten deira, men i Holmenkollen var ikkje løparane på same måten under deira kontroll, som han skreiv. Holmenkollrennet skulle vera noko eksklusivt; det burde vera særleg ærefullt å få prøva seg i den bakken, hevda «E».¹⁰⁰⁰

Som ope landsrennet hadde premierrennet i Holmenkollen kanskje mista noko av den opphavlege funksjonen, som var å vekka løparar til dåd og publikum til sjølv å prøva skiene sine. Generalforsamlinga til Skiforeningen hadde i alle fall stilt seg det same spørsmålet om mengda deltakarar og hatt eit stort ope møte om saka på hausten. Og før jol hadde styret bestemt seg for å krevja klubbmedlemskap av dei som ville stilla i Holmenkollen. Grunngevinga var både å begrensa mengda løparar, og fremja kameratskapen mellom dei.¹⁰⁰¹

Poenget til Fritz Huitfeldt i dagsavisa no var at ein hadde prøvd dette ein gong før, i 1887. Då hadde dei mange protestane gjort at ein endra på programmet, slik at ein kunne stilla og konkurrera som einskildløparar, og ikkje berre på vegne av ei foreining eller eit lag. Det var urimeleg mot fåtalige bygdeløparar å forlanga representasjon frå ein klubb med minst 20 deltakarar, meinte han, og det var urimeleg mot store klubbar som Ull å få deltakartalet avskore til berre fem løparar. «Fyldekalken» fanst primært i klassen 18-20 år, og den enklaste måten å avgrensa mengda her, trudde han, var å innføra langrenn for dei også. For Fritz Huitfeldt var openheita noko av festen, og noko av meininga, med Holmenkollrennet. I djupare forstand her, der premissen hans var aktivitet, ikkje minst som deltaking og innsats («anstrængning») i konkurransesamanheng, tangerte han ein etablert amatørdeologi. Men han skreiv ingenting om kvinnene, det må leggst til.¹⁰⁰²

⁹⁹⁹ Oppfinninga av den såkalla Huitfeldtbindingen (lette jernbindingar rundt hælen) kom i 1894. Sjå biografi om Huitfeldt av Axell, 2020.

¹⁰⁰⁰ N.Idrbl., 1893, nr. 4, s. 26-27. «E» kan ha vore Emil Roll.

¹⁰⁰¹ N.Idrbl., 1894, nr 49, s. 396. Referat frå generalforsamlinga til Skiforeningen med debatten (og forslag om militært oppvisingselemet) og drøfting av «fyldekalk» i N.Idrbl., 1893, nr. 19, s. 152.

¹⁰⁰² Morgenbladet, 4. januar 1894, nr 5.

Svaret han fekk i Norsk idrætsblad, var også motivert av medvitne amatørforestillinger. Det var forfatta av Emil Roll, som sat i tilsynskomiteén til Wergeland, men som også var formann i Skiforeningen, og teksten hans kunne sånn sett bli oppfatta som meir enn berre ein manns synspunkt. Roll meinte oppgåva til Skiforeningen no var ikkje så mykje å oppfordra til skiløping, – som å rettleia, passa på, og stagga utsklidningar (slik som breibeint skiføring osv). Og dinest: ein måtte for all del unngå skråplanet mot profesjonalisme.¹⁰⁰³ I utlandet var det alt skiløparar som levde av skiidretten, og ikkje for han. Dei drog altfor lett «recordvæsenet» med seg, meinte han. I dette låg vel at ein nesten ikkje trong møte mellom ulike konkurransar. Ein risikerte i alle fall altfor få deltakarar og duellar på sikt, og at ein mista den sjarmen og felles offentlegheita som Holmenkollrennet trass alt var. Roll skreiv: «Professionisten deler nødvendig æren med andre».¹⁰⁰⁴

Han tykte truleg at ein ikkje måtte la Holmenkollrennet skli ut i det altfor populære. I så fall kunne ungdom få tankar om å gjera særleg skihoppinga om til butikk og næringsveg for seg. Og då risikerte ein at dei drog skisporten til det spektakulære – og publikum atter til berre måpande og passive hopar. Skiforenings-formannen såg nok for seg at ein i framtida måtte lokka også utlendingar til Holmenkollen, og då med premiar, innanfor høgst rimelege grenser. Representantrenn kunne på same måte vera ein bra dempar på profesjonalismen. Representantrenn ved sida av enkeltmannsløp, trudde Roll, oppmuntra til jamn og lik trening i klubbane, til bevaring av tradisjonen, til klubbkjensle og kameratskap, og til sikring av skiidretten i bygder der kanskje berre ein hadde drive han åleine. Roll siterte sågar Skiforeningen av dagane då Fritz Huitfeldt var sekretær der: å kjempa for det «heles bedste og ikke blot til sin egen fordel eller ære».¹⁰⁰⁵

Skiløparamatøren, med mine ord, tenkte atter på noko større enn seg sjølv. Slik førestilte i alle fall Skiforenings-mannen Emil Roll seg han.¹⁰⁰⁶

¹⁰⁰³ Han skreiv for så vidt at han frykta at han blei oppfatta som talsmann for heile Skiforeningen her. Emil Roll dreiv elles advokatpraksis i Kristiania, og ville i dag kunne kallast ein hotellgründer; han sette i sving med sanatorium og sidan hotellbygging i Tuddal. Broren Karl Roll var sekretær for Skiforeningen i 1894, og elles skilærer for den svenske kronprinsen, og i 1905 for den nyvalde (danske) kongen.

¹⁰⁰⁴ N.Idrbl., 1894, nr. 2.

¹⁰⁰⁵ Ei annonse i N.Idrbl., 1894, nr. 3 presiserte reglane: Ein kunne berre stilla i Holmenkollen som representant for ein klubb med minst 20 deltakarar. Og ein konkurrerte i både klassen for lag/foreiningar (representantrenn) og i det ein kalla «enkeltmannsløp». Jamfør Huitfeldt i Morgenbladet 5. jan 1887.

¹⁰⁰⁶ Debatten var ikkje begrensa til dette året. Også i 1900 drøfta Skiforeningen kva ein skulle gjera med mengda villige deltakarar, og her argumenterte atter Roll for representasjonsrenn – som ville begrensa listene, auka kameratskapen, og verka i mot «al professionisme». Skiforeningen, 1900, s. 9. Eg bør leggja til at debatten også handla om korleis å løfta kvaliteten på hoppinga, og at somme slett ikkje ville stryka klassar eller mengda, fordi det gjorde Holmenkollrennet ekstra populært.

«det var morro lel»

Etter sjølve representasjons- og enkeltmannsløpet i Holmenkollen den 18. og 19. februar 1894, gav dagsavisa *Morgenbladet* eit helst anerkjennande referat, endå om all motbøren mot Skiforeningens nye variant blei rørt ved, og prinsippet om deltaking for alle og statusen som ekte landsrenn blei understreka med tjukk penn av referenten her.¹⁰⁰⁷ Rapporten i Norsk idrætsblad var nok meir lydig mot Skiforeningens idé. Éin hadde brote langrennet, og svikta såleis klubben sin, heitte det. Endå verre var at fleire våga for lite i hoppet, og svikta klubb sjansane sine på den måten. N.Idrbl. vona at klubbane det gjeldt, ville refsa løparane sine for denne mangelen på «corps d'esprit», slik «ufattelig[...] ligegyldighed». Om langrennet skreiv bladet at løparane (44 i alt) tykte det var interessant, men også slitsamt. Det var nesten meir utfordring nedover enn oppover; ein måtte halda tunga rett i munnen og følgja nøye med, sa dei. Langrennsprøvinga var såleis heilt presist etter ei av grunndygdene: «fordring paa alle sandsers nærværelse.» Og vidare, slik løparane sjølve tolka det: «[F]øret var gjildt, skogen vakker og veiret sollyst og let at puste i – det var morro lel.»¹⁰⁰⁸

Moro lell. Om det var dei sjølve som avrunda løpsopplevinga si slik, eller om det var redaktøren som skreiv det sånn: grunntanken var tydelegvis at gleda slo gjennom, og *skulle* slå seg gjennom, slitet i ein konkurranse.

Eit fagblad med ikkje altfor mange abonnentar kunne ha fleire grunnar til å stø amatørtanken. I endå eit forsøk på å henta nye tingarar (mellom kanskje så mange som anslagsvis 50 000 sportsihuga menn i Norge), synte Hagbarth Wergeland til støtteklæringar frå dansk hald. Redaktøren av «Sport» skreiv om freistnaden ein kunne ha til å gjera tidsskriftet om til eit økonomisk føretak, til eit «kjøpmandsblad, uden anden mening end de annoncerende firmaers og de foreningers, der paa forskjellig maade støtter bladet». Men den dagen *det* skjedde, då ville han – og han rekna her redaktøren av Norsk idrætsblad som sin likesinna her – heller setja skuta si på land.

¹⁰⁰⁷ Avisa hadde vona at Mikkel Hemmestvedt, som hadde vendt heim frå Amerika no, skulle stilla, men han hadde diverre vrikka ankelen og kunne ikkje koma. *Morgenbladet*, 18. feb. 1894, nr. 92. Legg merke til at Jonas Holmen, Holmenkollvinnaren i 1894, tok del i stort renn i Austerrike i 1895, og vann, også her. Dei var tre frå klubben Lauparn som brakte Norge heder for «uknækkelige kraft, seighed og udholdenhed», som det heitte i Norsk idrætsblad, 1895, nr. 1.

¹⁰⁰⁸ N.Idrbl., 1894, nr. 7, s. 64. Red. noterte seg kven som fekk det lengste hopp, og at rekorden med fall blei slått (24 m), altså eit visst preg av rekordmakeri, men ikkje mykje av det merket, heller. Hans Johansen fekk kongepokalen, han blei nr 3 i langrenn i klasse II. Vinnar av langrennet i klasse I var Jonas Holmen frå Bærum skiklubb, han vann også det kombinerte. Den klubben som vann ordinær klasse I, var ikkje uventa Mørgedal. Ein innsendar i N.Idrbl. nr. 8 innvendte mot språkbruken til N.Idrbl.; Wergeland hadde kalla Holmenkolldagane «Derbydagen» i norsk idrett. Innsendaren meinte «Holmenkoldagen» måtte duga like bra.

Sportsblada var altså mykje ideelle føretak. Ergo støtta dei lett den same tanken om den ideelle idretten også.¹⁰⁰⁹

Reisebrev og Amerika-skepis

Om det var slik at redaktøren av Norsk idrætsblad blei halden noko i øyro av tilsynskomiteén, og det var slik at formuleringa om å halda det saklege fram, og det personlege borte, var retta mot han sjølv, var i alle fall Hagbarth Wergeland både handlekraftig og truleg fri nok til å få fleire aktive sportsmenn til å skriva i bladet hans. Påfallande mange kvinner kom det ikkje med, rett nok. Dei fleste var skøyteleparar. Axel Paulsen og Harald Hagen er alt kreditert i det førre kapittelet. Oscar Fredriksen gav rapport frå VM for amatørar. Wilhelm Henie var både ivrig i skiløypa (nr. 14 i langrennet i Holmenkollen 1893), og på sykkelsetet, og på skøyteisen – og altså på papiret. Han fortalde stadig vekk om reisene og bravadane sine til Norsk idrætsblad.¹⁰¹⁰

Sjølv om ein ikkje kan ta alt Henie beretta – eller for den del andre brevskrivarar – for sant i eitt og alt, er dei tolkingsrammene for idrettsutfoldinga som han presenterte, illustrerande nok. I januar 1894 hadde Henie tevla i hurtigløp på skøyter mot Aveling, som var amatørmeister i England. Først hadde Henie sigra, men så hadde Aveling levert inn protest, sidan *han* hadde hindra nordmannen i eine svingen. Henie hadde blitt sint med det same, vel fordi gentlemanstaktene blei snudd til hans ulempe. I omløpet hadde så briten slått han så vidt. Etterpå hadde arrangørane (i Cambridge) rosa Henie for stilen, for den gode haldninga han synte både i siger, og i tap. Cunningham, formannen i skøyteklubben i Cambridge, hadde sågar spandert middag på han. Men sjølv hadde han merka kor tung han var i låra. I sitt stille sinn tenkte han berre på kva konkurransar som stod framfor han, skreiv han. Kan henda låg det ein viss kritikk av engelsk dobbelmoral i denne tilsynelatande ærlege reiseskildringa. Eller av dei noko for høge ideala som blei slått over amatør-idretten. Norsk idrætsblad sjølv kunne i alle fall sannfesta korleis engelske aviser rosa han for god sportsånd i den same utgåva. I omsetjinga til redaksjonen heitte det: «hans stil var storartet, hans ro overlegen, hans hele maade at føre sig

¹⁰⁰⁹N.Idrbl., 1894, nr. 4. Stud jur Ganzel frå Danmark skreiv nesten fast i bladet. Anslaget på dei 50 000 var gjort av Wergeland sjølv. Talet på abonnentar var ved overtakinga i 1894 nøyaktig 1088, ved utgangen av det året heile 1700. Annonsetilgangen var også betre enn forventa, og for første gongen i historia til Norsk idrætsblad gjekk drifta med overskot då. N.Idrbl., 1895, nr. 1, framsida, hadde ei opplysande og oppløftande kunngjering frå styret til abonnentane. Ho slutta med ambisjonen om å bli det leiande organet i den delen av sporten som naturen i Norge tillét, og i dette låg ein skandinavisk og ein viss europeisk ambisjon. Den neste artikkelen synte då også til ros av jolenummeret i danske *Cyden*, *Dansk Sportstidende* og i svenske *Hjulsport* og *Tidning för Idrott*.

¹⁰¹⁰ N.Idrbl., 1894, nr. 15, nr. 16, nr. 17, blant anna.

paa exemplarisk og det sæt, hvorpaa han tilslut tog udfaldet, et bevis paa, at man havde en ægte sportsmand foran sig»¹⁰¹¹

Kva som var dei engelske ideala, trong i alle fall ingen å tvila på. Norsk idrætsblad tvilte heller ikkje på dei. Ein nordmann kunne tydelegvis hevda amatørfiguren vel så bra som ein brite.

Ein annan skøyteløpar som skreiv til bladet, var Hamar-løparen Adolf Norseng. Han fortalde frå amatørmeisterskap i USA og Canada – samla til «Amerika» i Norsengs språkdrakt. Han hadde ikkje så mykje fint å seia om måten dei laga til skøytekonkurransar der borte: Seks og sju løparar stilte til start samstundes; kollisjonar var vanleg; mykje dreia seg om å leggja seg bak ryggen på motstandaren. Og det fann visst amerikanarane heilt i orden, ifølgje Norseng, for det var eigentleg ikkje hurtigheit det kom an på for dei, men «hvor mange kneb, man ser sit snit til at benytte sig af i et saadant race.» Yankeane, som han også kalla dei, var opptekne av å vera «smarte», i alle fall i dei amatørrenna han hadde stilt i. Norseng sjølv fann seg ikkje til rette med denne snikløpinga og lureløpinga, han gjekk stadig opp i front, slik at han fekk vinden og luftdraget i mot seg. Så blei han følgjeleg slått i spurten. Attåt dette hadde han hausta mykje dårleg omtale av redaktøren i New York-avisa *Spirit of the Times*, Mr. Curtis. Antipatien hans var ufatteleg, skreiv Norseng, om ein då ikkje tok i betrakting kor mykje han favoriserte og heia på brørne Donoghue.¹⁰¹²

Dette reisebrevet går inn i ein Amerika-kritikk som var blitt tradisjon i Norsk idrætsblad. Sigvart Petersen hadde bana veg for det alt i 1883 og 1884, i samband med alle dei etter N.Idrbl.s syn useriøse amerikanske sportsfolka som utfordra Axel Paulsen då.¹⁰¹³ Redaktør Holen hadde meldt sine skeptiske betrakningar om besøkande amerikanske sportsmenn i 1892, og Hagbarth Wergeland litt seiare nokså nedlatande om profesjonelle amerikanske artistar som viste seg fram på skøyteisen.¹⁰¹⁴ I 1893 var det løparen Harald Hagen som gjorde seg ein hel del trasige utanom-sportslege opplevingar over Atlanteren. Kort oppsummert: Dei amerikanske amatørane var ein tvilsam kategori i seg sjølv, og dei ekte amatørane frå Norge hadde det vanskeleg om dei tok turen over dit. Det var også dyrt for profesjonelle å ta seg rundt om i landet, og likevel høgst usikkert, om ein fekk sett konkurrentane i stemne.¹⁰¹⁵

¹⁰¹¹ Sjå N.Idrbl., 1894, nr. 3, s. 24-25 både for Henies referat, og idrettsbladets omtale av dei engelske avisene og rosen som kom fram der.

¹⁰¹² N.Idrbl., 1894, nr. 9, s. 80-81.

¹⁰¹³ N.Idrbl., 1884, nr 5. Her var det nemnt at figuren hans var ufordelaktig for kunstløp

¹⁰¹⁴ Om Jackson Hayes, N.Idrbl., 1894, nr 5; «utkonkurrert» av dei norske mange «amatørane», heitte det her.

¹⁰¹⁵ I N.Idrbl., nr. 7 var det Tjalve-løparane Næss og Lørdahl som vitna om pengemengda i nordamerikansk skøytesport, og som i brev fortalde at det ikkje var så lett for ein amatør å vera vitne til alt det glinsande.

Amerika-kritikk var ein diskurs eller ei førestilling som alt var skapt i norsk offentlegheit. Laurentius Urdahl nytta den same i boka som kom ut i 1893. Om skiidretten og amerikanarane skreiv han her:

Heldigvis staa Skiløbningen endnu med et Amatørpræg over sig, noget som det bør være enhver Skiløbers Pligt og Ære at søge bevaret for en slik ædel og sund Idræt, som Skiløbningen er. Imidlertid har Amerikanerne faet Tag i Idrætten, og da spørgs det, hvordan det gaar.¹⁰¹⁶

Den debatt-eggande Knut Hamsun hadde elles skrive ei heil bok om overflatisk kultur og umiskjennelege mammon-dyrkinga i Amerika, kalla *Fra det moderne Amerikas Aandsliv*, som kom ut i 1889. Han hadde drege rundt og halde føredrag om røynslene og boka, då han kom heim til Norge.

Kva skribentane og gjestebidraga i Norsk idrætsblad mykje måtte hoppa bukk over, var at begge dei kjende brørne Hemmestvedt i løpet av 1880-åra hadde drege til Amerika, og gjorde hoppinga endå meir kjend der borte ved å gjera sjev som målte kanskje meir enn 30 meter. Premiane dei samla seg, var oftast pengar. Alt i 1887 vann Mikkel Hemmestvedt to renn i Minnesota, og vann 35 dollar i gull ved det eine høvet, og 50 dollar ved det neste, kunne norske aviser fortelja. Klubbar og arrangement fekk oppsving etter dette, og i glansåra 1891-1894, som Torjus Loupedalen kallar dei, gjorde brørne Hemmestvedt oppvisningsrenn mange stader i Amerika: Dei sette verdsrekordar, og dei var Champions of the World, fortalde avisene.¹⁰¹⁷ Premiemengda auka også på, i talet dollar.

Men ingenstads har eg lese at dei gjekk noko slags langrenn ved desse ulike tevlingane. Malen var mykje amerikansk sensasjons-sport, og mykje smaka av profesjonell idrett, eigentleg. Spesialiseringa synest å ha rådd, og ikkje kombinerte skirenn, som skulle sikra allsidigheita. Det kunne likevel ikkje ramla inn for Skiforeningen å nekta ein Mikkel Hemmestvedt å få melda seg på i Holmenkollen då han vende heim i 1894. Norsk idrætsblad bad han skriva til jolenummeret det same året, og han forklarte her kva han vurderte som stilideal for hoppinga i Telemark, rakstandarstilen og upptrekkarmåten, og elles kva internasjonal karriere, for no å nytta eit meir moderne ord, han og broren hadde hatt eller gjort. Med andre ord var ikkje alle beretningane om eller frå Amerika var like fordømmende. Torjus Hemmestvedt skreiv då også, i alderdommen sin, til forfattaren Torjus Loupedalen:

Roti til skisporten er i Morgedal i Telemarki, sjave treet voks upp i Oslo og med ei krone så stor at hu drusla frøi sine ut ivi heile landet, sea ivi Skandinavia og Europa. So tok

¹⁰¹⁶ Urdahl, 1893, s. 97-98. Urdahl hadde skrive under bokstavane «L.U.» i Norsk idrætsblad 1892, nr. 41.; om sportsgalskapen som breidde om seg i Norge då. Slike synspunkt kan ha lege bak mogleg antipati mot han mellom norske skiløparar, så som i Stockholm i 1892.

¹⁰¹⁷ Sjø Loupedalen, 1947, s. 261-264.

me telemarkingar med ein kvist og planta i Amerika, som nå veks og trivst godt. Eg er stolt fordi eg fekk vera med og plante det treet.¹⁰¹⁸

Amatørkongressen og gullaldermytar

1894 var det året den franske baronen Pierre de Coubertin fekk samla ein internasjonal idrettskongress i Paris, den som skulle bli starten på den internasjonale olympiske komiteén (IOK), og heile den moderne olympiske rørsle. Stikkordet for denne kongressen var primært amatørspørsmålet, forstått i smal forstand, og dinest om ein kunne gjeninnføra dei olympiske leikane «avpasset etter tidens krav». Sagt med meir moderne ord: Kunne ein klara å harmonisera reglane i ulike land for åndfulle internasjonale idrettsmøte? I Norsk idrætsblad kom dette initiativet – og invitasjonen – til kunngjering via Olaf Petersen, som var presidenten i Norsk Turn- og Gymnastikkforbund (og som også sat i tilsynskomiteén til bladet sjølv).¹⁰¹⁹ Det er ikkje kjent for meg at nokre norske idrettsforeiningar tok ferda til Paris den sommaren. Victor Balck frå unionsstorebroren Sverige var nærmast sjølvskreven, og stilte. Han blei ven med baron Coubertin, og medlem av den aller første internasjonale komiteen.¹⁰²⁰

Eg skal ikkje gå djupare i kva som hende i Paris, og kva amatørdefinisjonar som stod på spel, og kva syn som vann fram, om det var britisk tilnærmingar som sigra, eller også franske, eller svenske, eller om summen uansett blei til å leva med. Eg vil berre ha sagt her at tanken om å vekka dei gamle greske leikane til live ikkje var heilt ny – for lesarar av Norsk idrætsblad.¹⁰²¹ I 1886 (nr. 9) hadde redaksjonen under Sigvart Petersen fortalt om planar ein hadde i Athen alt då; tenkt tilskipa første gong igjen sommaren 1887 i samband med den nasjonale utstillinga der. Dessutan at «Første Wiener-Turnforening» ville feira 25-årsjubilet sitt med pentatlon, altså lengdesprang, kappspringing, diskos, spydkasting og bryting.¹⁰²² Dette prøvde Tjalve ut på Bygdøy i 1891, og kalla det «Olympiske lege».¹⁰²³ I 1894 gjorde så N.Idrbl. det kjent at Stockholms gymnastikkforeining (under leiging av nettopp Victor Balck) skulle ha «olympiske leker» som del av ei amatørteaterforestilling – med dei nemnde øvingane i pentatlon, og utøvarane attpåtil kledde i klassiske greske drakter. Og om hausten det same året stod ein notis om dei olympiske leikane som alt var ein tradisjon i Morpeth i Norcumberland,

¹⁰¹⁸ Loupedalen, 1947, s. 204.

¹⁰¹⁹ N.Idrbl., 1894, nr. 19.

¹⁰²⁰ Her baserer eg meg på Yttergren, 1996, s. 117. Tittelen på boka hans er henta frå manuskriptet til ein tale Balck heldt nettopp i 1894!

¹⁰²¹ For meir inngåande forteljing om konferansen i Paris, sjå til dømes Skjeldal, 2014.

¹⁰²² Kjelda til N.Idrbl. var i så måte eit austerriksk turntidsskrift, rett nok ikkje namngjeve i notisen.

¹⁰²³ Sjå Dagbladet 8. juni 1891. Norsk Turntidende hadde fortalt om liknande initiativ frå 1890.

nordaust i England ¹⁰²⁴ Avislesarar av Morgenbladet eller Dagbladet eller Bergens Adressecontours Efterretninger ville også vera kjende med at leikane frå antikken var byrja å vakna til live igjen, eller at somme arrangør heilt medvite ville skapa ein renessanse i idrettssamanheng, alt i 1891.¹⁰²⁵

Endå viktigare er å ha sagt: Sjølv grunnførestillinga om at den greske antikken hadde hatt idrettsleikar på det ein oppfatta som høgt åndeleg nivå, var vel etablert i norsk idrettsoffentlegheit. Alt i den første årgangen av Norsk idrætsblad blei ideala i oldtida nytta som normativt grunnlag. Mottoet 'ei sunn sjel i ein sunn lekam' var elles ein gjengangar i artiklane, særleg dei som handla om turn. At opphavet her var latinsk, var (for det meste) barnelærdom. I same andredrag som det greske kunne altså også den romerske antikken vera mønstergyldig for samtida.¹⁰²⁶

Eg finn meg no i utkanten av eit stort emne: korleis det antikke og det klassisk greske blei forstått og formidla i heile den breie norske 1800-tals-offentlegheita; ikkje berre i vekeblad og aviser, men i lærebøker og i skuleverk, i kunsthistorisk samanheng, i arkitekturstudium og i skisser til offentlege bygg.¹⁰²⁷ Dei olympiske leikane var vel kjende langt ut over idrettskrinsar, til dømes i den mykje brukte læreboka i verdshistoria for almuge- og borgarskule som skulemannen og redaktøren Siegwart (Blumenthal) Petersen skreiv, der det heitte at hellenarane, rike og fattige, kjempa om den same æra på idrettsbanen, og at premien kun var ein krans av det ville oliventreet.¹⁰²⁸

Utgravingane i Olympia, som den tyske regjeringa tok initiativ til på 1870-talet, auka merksemda om dei olympiske leikane, og det enkle eller ideale preget ein meinte dei hadde hatt.¹⁰²⁹

Romerske sirkus var det derimot annleis med. Synet på Collosseum og heile gladiatorkulturen mørkna etter som dei greske olympiske leikane kom meir og meir opp i den skinande dagen. Forfallstanken hadde Olaf Petersen alt streifa i 1886. Sommaren 1894 hadde Norsk idrætsblad ein følgjetong om opphavet til den flotte brytinga i dei greske idrettsleikane, og det *fallet frå*

¹⁰²⁴ N.Idrbl, 1894, nr. 18 har notis om tilstundande amatørkirkusførestilling i Stockholm med olympiske leikar (og greske drakter) og ein notis om olympiske leikar i Morpeth, Northumberland, England i same årgang, nr 34.

¹⁰²⁵ Sjø til dømes Morgenbladet 6. mai 1891.

¹⁰²⁶ Sjø N.Idrbl., 1881, nr. 2, «bg.». Referansen var ikkje uvanleg i dagsavisene heller, jmf. Grimstad Adressetidende 3. mai 1890, Aftenposten 2. feb. 1881 og Aftenposten 3. aug 1880.

¹⁰²⁷ Ei fin innføring i dette feltet, og ei god framstilling, finst hjå Amadou, 2017, *Hva er antikken?*

¹⁰²⁸ Sjø Petersen, 1860, s. 18. For ein omtale av han som både forfattar og viktig historiefortolkar, sjå Terje Bratberg, 2020.

¹⁰²⁹ For berre eitt døme i avisoffentlegheita, sjå fin innføring om både leikane og oppdagingane av plassen Olympia i BT, den 30. jan. 1875.

høgkultur og brutalisering som gladiatorleikane under dei romerske keisarane representerte. Ein usignert artikkel, truleg av redaktøren sjølv, lydde:

Det misbrug, som visse athleter gjorde af sin kraft, gjorde snart Romerne til passionerede yndere af hins grulige skuespil, hvor blodet flød paa arenaen, hvor mænd for tusinders øine for et publikum, som ikke fordrede andet end panem et circenses, jublende (!) gik den sikre død imøde.¹⁰³⁰

Dei klassiske greske leikane hadde derimot fungert oppdragande og oppløftande for mennesket på sin enkle og reine måte, meinte han.¹⁰³¹

Ein må kunna kalla det ein gullaldermyte, som amatørforestillingane på tampen av 1800-talet livnæra seg på. Gullaldermytane fanst eigentleg i fleire variantar. Redaktør Holen hadde påkalla den norrøne tida og dei gamle vikingekongane i somme av dei meir idéorienterte artiklane sine. Desse motivkrinsane dukka opp i Norsk idrætsblad stadig dei neste par åra.¹⁰³²

Men for redaktør Wergeland var det eigentleg ikkje nødvendig å gå lenger tilbake enn 1860- og 1870-år. I ein nostalgisk og breitt anlagt artikkel skreiv «HW» vinteren 1894 om skøytelivet i Kristiania ein generasjon attende, då sport var meir moro, og likevel skapte livsmot og kraft og sunnheit rundt seg:

Naar jeg nu i vore dage fra Skarpsno kaster et blik udover Frognerkilen og her ser den tyndt befolkede skøitebane, hvor kun et lidet stim kapløbere i rasende fart skjæner hen over isen og opliver ødet, da er det med vemod, tanken vender tilbage til den tid, da vi kaldte sport for moro og endda fanget livsmot og kraft og sundhedens røde roser paa kind ved den under ærverdige Akershus' romantiske murverk og volde.¹⁰³³

Vel hadde dei raske kappløparane bore Norges namn rikt om i verda, og hausta medaljar og rekordar i hundretals, men kvar var hyggen, folkelivet, og den uskuldige tida då skøytene var den mest nødvendige reidskap etter kniv, skei og gaffel, spurde han seg. «Nu er skøiteløbet hos

¹⁰³⁰ N.Idrbl., 1894, nr 27, s. 148, og i same årgang, nr. 24, s. 154.

¹⁰³¹ Denne kritikken av sirkusfenomenet tyder ikkje at Norsk idrætsblad ikkje trykte omtale av sirkusframsyningar i Norge. Til dømes har ein artikkel i N.Idrbl., 1895, nr. 39, s. 329, rosande ordelag både om hestedressuren og brytinga, dette gjeld det besøkande «Circus Korty-Althoff». Eit anna døme er nr. 41 av den same årgangen. Og Sigvart Petersen sjølv, redaktøren av bladet i 1881-1888, skreiv under pseudonymen «Sportulac» anerkjennande om sirkus Schumann og for så vidt fenomenet sirkus i Morgenbladet 12. april 1890, nr 207.

¹⁰³² N.Idrbl, 1896, nr. 1; hadde ein artikkel med gjengiving av ein engelsk rektors syn på den gagnlege idretten, ikkje namngjeven, men også han framførte det synet at den greske idretten i gammal tid var edel, og sunt oppdragande for heile folket (rett nok minus kvinnene). Og om amatørvidretten i antikken: «Her blev det princip slaaet fast, at den ungdommelige ærgjerrighed skulde hindre i at vanhelliges ved nogen beregning om vinding.» «Ethiske regler» er faktisk nytta som uttrykk i denne samanhengen. Underteikna «M.» Wergeland skreiv sjølv i 1896-årgangen, nr 48, framsida: «Man skulde tro, at en nation, som pukker saaledes paaa sine forfædre, *Vikingerne*, hvis hele liv var idræt og idræts øvelse» - om dei skulle han trudd at dei visste å fylka seg om Norsk idrætsblad: «Lad være høre, lad være venstre, jeg er norsk ungdom, jeg er idrætsmand og mit organ er Norsk idrætsblad. Aa jo pyt.» (kursiveringa er mi).

¹⁰³³ N.Idrbl., 1894, nr. 5, s. 44-46. Ein illustrasjon av A.Bloch akkompagnerte den lange teksten.

os mere et arbeide, som drives af nogle enkelte, ikke en almindelig fornøielse, mere en ophidsende anstrængelse end en velgjørende nervero med bevægelse.»¹⁰³⁴

I kritikken av notida låg det ein lengt etter ein endå meir amatørmessig skøyteidrett i god forstand. Fortida var kanskje tapt i så måte, sjølv den heilt nære, men ho tente som korrektiv.

Kapittelet kan oppsummerast slik: Amatøren blei avgrensa frå eit fortapande Amerika. Amatøren var skriven inn i rammer av ei gylden fortid.

Kapittel 6. «Rationel idræt» og rak rygg

I etablert norsk historieskriving om idrett er året 1893 markert som det første store skiljet etter skipinga av Centralforeningen drygt tretti år tidlegare. Då skilde skyttarrørsla lag med resten av idrettane. Eller ein kunne seia at restane av skyttarrørsla skilde lag med idretten, etter den første avskalinga med Folkevæbningssamlaga i 1881-1883.¹⁰³⁵

Dette er historieskriving som legg vekt på organiseringa, og på forholdet til offentlege myndigheiter, nærmare bestemt statsstøtta. Stortinget bestemte i 1892 at skyttarrørsla skulle samlast, og kanaliserte det aller meste av støttebidlane til den foreininga, kalla Det frivillige Skyttervesen, som etablerte seg alt i juli 1893, og sidan det same året gav politikarane ein mykje mindre slump til Centralforeningen for «anden idræt».¹⁰³⁶

Men sjølv innanfor denne ramma kan det vera grunn til å heller løfta fram året 1895. Det var *først då* foreininga vedtok nye lover og formelt skifta namn til «Centralforeningen til udbredelse af idræt». Centralforeningens folk kunne i teorien ha lagt ned virket sitt, men fann eit anna program å arbeida etter, i tråd med det nye namnet. Stikkordet var «rationel idræt». Målberaren og ideologen var framfor alt sekretæren Seeberg.¹⁰³⁷

¹⁰³⁴ I same nummer, etter mimringa til Wergeland, s. 46, kan ein telja berre 18 som tok del i NM (på 1500 m) på Hamar. For HW er kanskje nettopp dette poenget; dei var så altfor få, samanlikna med i gamle dagar.

¹⁰³⁵ For to typiske framstillingar av 1893, sjå Olstad, 1897 og Goksøyr, 2008.

¹⁰³⁶ Stortinget hadde bevilga heile 100 000 kr. i riflebidrag til den nye foreininga, som i storleik talde i underkant av 20 000 medlemmer i 1893. Vigander, 1927, s. 218-221. Viktige bidragsytarar til denne historieboka var Haakon Vigander, Franz Gustav Seeberg, og J.A.Hoff, som skreiv føreordet til boka. Statsstøtta til «anden idræt», som blei 4000 kr. stor (eller litt), blei av Centralforeningen fordelt på skisport, «hjulspor med militært hensyn for øie», og annan idrett nyttig for armeen. Ein oberst Dahl føreslo ein skulle forandra lovene og namnet ved dette representantmøtet den 20. september 1893, men møtet vedtok å utsetja slike spørsmål til ein visste meir om den varige skyttarordninga. Sjå N.Idrbl., 1893, nr 38, s. 307-308. Omlag 40 skiforeiningar, med om lag 3000 medlemmer totalt, var tilslutta Centralforeningen i 1893.

¹⁰³⁷ Den nye føremålsparagrafen for Centralforeningen, lagt fram for medlemmene i 1894, vedteken på representantmøtet i oktober 1895, men altså gjort gjeldande frå januar 1896, lydde slik: «Foreningens øiemed er at virke til udbredelse af rationel idræt blandt alle samfundsklasser af det norske folk. Den er fællesorgan for de idrætslag, som har sluttet sig til foreningen.». N.Idrbl. nr 43 1895.

Kaptein Franz Gustav Seeberg, fødd i 1852, var utdanna frå krigsskulen. Han var forfattaren bak ei utgreiing frå Norsk forsvarsforening (og Kristiania krets) som argumenterte for nettopp ei samling av skyttarrørsla. Han var først hjelpelærer, og frå 1894 bestyrar for Den Gymnastiske Centralskole (forløparen til NIH, om ein vil). Den lønna sekretærstillinga i Centralforeningen hadde han fått alt i 1892. Ifølgje ein hyllande biografi i jolenummeret av Norsk idrætsblad anno 1898 var han både ein ivrig kunstløpar på skøyter, og ein glimrande skyttar. Men gymnastikk for Seeberg all idretts ufråvikelege og sanne grunnvoll.¹⁰³⁸

Sjå gjerne for deg menn (eller kvinner) på rett linje, som utfører bestemte rørsler i same takt (armane over hovudet), og utan apparat av noko slag.

Men sjå også for deg pensum på den gymnastiske sentralskulen, med både anatomi og fysiologi og rørslelære, og der eit konkret spørsmål for elevane kunne vera: «Hvilken blivende virkning bør jeg hos de fleste mennesker søge at opnaa, med hensyn til *skulderbladenes stilling*? Og med hvilke muskelgrupper, og paa hvilken maade bør jeg da arbeide?» Kursiveringa er mi.¹⁰³⁹

I dette kapitlet kjem eg til å følgja resonnementa og formaningane til Seeberg, og utviklinga av dei, dels i takt med korleis heile Centralforeningen som organisasjon utvikla seg. Eg legg vekt på siste del av 1890-talet, i mindre grad ytringane og meiningane deira på 1900-talet, og på ingen måte prøver eg å skildra korleis foreininga endar i «mål», det vil seia i 1920-åra.

Idrettsstrategen Seeberg

Slik som til dømes Espen Schaanning har brukt begrepet «strateg», må kaptein Seeberg absolutt kunne reknast mellom dei viktigaste i norsk idrett på 1890-talet. Han var ikkje mellom dei som debatterte aller mest, anten det no var i Norsk idrætsblad eller i dagsavisene, slik som ein Axel Huitfeldt gjerne gjorde. Snarare skapte han si eiga mindre eller eiga del-offentlegheit med årbøkene av Centralforeningen, som han redigerte, og som hadde med rapportar frå dei etter kvart svært mange tilslutta laga, og det som elles kom av rundskriv og kunngjeringar til medlemmene og klubbane gjennom året.¹⁰⁴⁰ Attåt dette må nemnast kva han bidrog med via arbeidet på den gymnastiske sentralskulen, og dei kandidatane og instruktørane som blei utdanna her.¹⁰⁴¹

¹⁰³⁸Seeberg, 1888.

¹⁰³⁹ Sitatet er henta frå Olaf Petersens bok frå 1889, *Om gymnastik. Forskjellige opfatninger av dens anvendelse.*, s. 8. Boka var i utgangspunkt føredrag han hadde halde i «Norsk forening for sundhedspleie».

¹⁰⁴⁰ Dei ulike idrettslaga som meldte seg inn, forplikta seg til å senda inn ein årleg rapport til Centralforeningen, med tanke på offentliggjeriing i årsberetninga, og slik var denne publikasjonen med å skapa ei felles offentlegheit der informasjon og ideal ikkje berre gjekk frå administrasjon og styre til medlemmene, også i noko monn den andre vegen også.

¹⁰⁴¹I Centralforeningen, 1897, s. 6 kjem Seebergs tiltak på sin eigen skule: «Centralforeningen» har fuldt havt øie for, at gymnastik bør være grundlaget for idrøt, og tilbød derfor f.a. de større idrøtsforeninge at bekoste uddannelse paa en instruktør

Seeberg var likevel ingen skrivebordsgeneral. Han heldt føredrag ved ulike arrangement. Ved fleire viktige idrettshendingar var han sjølv til stades, tala med arrangøren, og formana deltakarane. Eg skal stogga ved to bestemte høve, og på skøyteisen først. Vinteren 1894 skreiv han rapport frå eit større skøytestemne på Hamar, der Centralforeningen hadde løyvd pengar til premiar under føresetnad av «et alment norsk amatørskøitekapløb». Styret i Centralforeningen hadde pålagt han å særleg studera haldninga til løparane, sett frå eit «gymnastisk standpunkt», som han skreiv. Haldninga må såleis ikkje forståast i moralsk forstand, men som kroppsleg ytring, enkelt sagt.

Sekretæren i Centralforeningen likte ikkje det han såg. Mellom lengdeløps-skøytane, med Hamarløparane som eit visst unntak, låg overkroppen i bortimot horisontal stilling. Hovudet var tilbaketrekt medan haka stakk fram. Dessutan var det mykje slenging med armene og til dels også med beina. Han konkluderte i rapporten sin slik: «Med hensyn til den opgave, jeg specielt var pålagt af Centralforeningen, nemlig at studere løbernes holdning, seet fra et gymnastisk standpunkt, kan jeg fatte mig ganske kort idet *holdningen under længdeløbet gjennemgaaende var mindre god.*» Kursiveringa er ikkje mi.¹⁰⁴²

Dei lokale leiarane hadde sagt det særleg var dei profesjonelle som dreiv på slik. Seeberg meinte for sin del at å kryla og senka ryggen slett ikkje var nødvendig for å gå fort på skøyter, og hevda uansett at lengdeløpsmanien hadde teke ei slik yttarlegheit at han knapt kunne anbefala Centralforeningen å setja opp premiar for kappløp på skøyter lenger. «Holdning» måtte inn i vurderinga av prestasjonen, og ikkje berre tida. Kunstløp var å føretrekka framfor hurtigheitsløp, la han til. Den klanderverdige haldninga kunne også syna seg i panisk stressa kappgang, vridningar av overkroppen i høgdesprang, krampaktig roing, og krumbøygde kappsykling på bane. All slik «idrett» var uskjønn.¹⁰⁴³

Men han var også usunn og skadeleg, heitte det hjå Seeberg. Den framoverlente stilen, denne «karrikatur av sportsmessig holdning», gjorde at dei indre organa (hjarde, lunge) blei pressa saman under stor påkjenning. Mykje betre i helsemessig forstand var rakare rygg og løfta

for hver forening ved statens 4 maaneders instruktionskurs i gymnastik, paa betingelse af at vedkommende idrætsforening optog gymnastik paa sit program». Seeberg gjorde sjølvstilt ikkje alt eigenhendig: Centralforeningen bidrog etter som økonomien betra seg med premiar til dei laga som søkte. Gjennom dei statuttane som blei sett opp, forma så foreninga idrettane med sine ideal. Kravet for å få premiar for skirenn var at arrangøren hadde «kombineret lengdeløb og opvisning i bakke» Centralforeningen, 1893. Seinare (i årsberetninga 1897) var det understreka at smukk haldning og korrekt skiføring var viktigare enn lange hopp.

¹⁰⁴² Centralforeningen, 1894, s. 60.

¹⁰⁴³ Kappgang blei avvist som støtteverdig av Centralforeningen, 1896, s. 77; då denne ikkje var fin eller etter gymnastisk grunnprinsipp. Det var ein engelsk import og ein utvekt, heitte det.

hovud, meinte han. Dette var med det aller viktigaste honnørordet hans «*rational skøitesport*». Kursiveringa er her mi.¹⁰⁴⁴

Det rasjonelle var retta inn på kva vitskapen, og då særleg anatomien, fysiologien og medisinen (slik gymnastikk-tradisjonen forstod han), meinte var bra. Meir konsist definert: «Rational idræt» var *gjennomtenkte* rørsler, med klare mål for kroppen samla sett, gjerne formulert som «den harmonisk utvikling», eller berre «harmoni».¹⁰⁴⁵

Eg oppfattar dette å vera noko anna enn kva Peter Bailey (1978) meinte med «rational recreation» i engelsk kontekst. At gjøglarar sprang baklengs, eller hoppa over stolar, var truleg urasjonelt på ein annan måte enn om til dømes lengdehopp var spesielt utviklande for kroppen samla sett, eller ikkje. Når ein måler «rasjonelt» i friidretten i dag, måler ein lengdehopp i meter og centimeter; eller i yards, om ein absolutt vil. Ein spring framover, ikkje bakover. Men om friidrettsøvingane også er «rasjonelle» i tydinga *gjennomtenkte og føremålstenlege for medisinske og sunne føremål* – det er eit anna spørsmål, slik eg oppfattar bruken av ordet hjå Seeberg og Centralforeningen omkring og etter 1895. Den ulike bruken av ordet syner i djupet til ulike kroppskulturar.

Kva sekretæren av Centralforeningen bidrog med ved tilstellinga av det aller første maraton i Norge, hausten 1896, er også opplysende. Kristiania Idrætsforening hadde stått som arrangør for dette fotløpet, inspirert av den suksessen som det første maraton i Athen-OL den våren hadde vore. Centralforeningen hadde stilt med premiar – på bestemte vilkår. Ved starten var Seeberg sjølv til stades, og formana løparane: Dei måtte ikkje opna for hardt, dei måtte ikkje forsera i motbakkane, og for all del ikkje spurta mot mål.¹⁰⁴⁶

Kondisjon var også her avgjerande å måla, slik Centralforeningens mann såg det. Ein skulle koma i mål i god stand. Ein skulle nettopp *ikkje* segna død om, slik som den mytiske løparen Feidipiddes hadde gjort, han som hadde fortalt athenarane om sigeren ved Marathon. Ein deltakar blei då også diskvalifisert i Norge fordi han kom i mål i veldig slett «kondisjon», dvs. «i omtrent ødelagt tilstand».

Også her hadde Seeberg vitskapen i ryggen, ved å ha ein lege ved mål, som kunne måla og vurdera nettopp kondisjonen til løparane.¹⁰⁴⁷

¹⁰⁴⁴Centralforeningen, 1897, side 14-15 (avsnitt V): «Se blot paa de skutryggede veocipedister paa kapløbsbanen [jf bilde side 82 og 83], eller de rundryggede længdeløbere paa skøiter, eller kraftproducenter med manualer og lodder, eller kapgaaere med skuldrene opover ørene – er dette rational idræt! Det er karikaturer af idrættens virkelige hensigt og maal. Thi al rational idræts virkelige maal, det er sundhed, kraft, mod, velvære og harmoni, - harmoni saavel mellem legemets forskjellige dele, som mellem legeme og aand.»

¹⁰⁴⁵Sjå Petersen, 1889, s. 3.

¹⁰⁴⁶Det opphavlege maraton-løpet frå olympiske leikar blei referert utførleg i N.Idrbl., 1895, nr. 16, s. 28-29.

¹⁰⁴⁷Sitert etter den rapporten som Kristiania Idrætsforeningen forfatta til Centralforeningen, og trykt i Centralforeningen, 1897, s. 140. Etter denne rapporten igjen hadde legen P.Giertsen si meir vitskaplege utlegning av kva han la i ordet «kondisjon», sjå same stad s. 140-142. For Seeberg sjølv om maraton; same stad, s. 147-152.

Det er delar ved tankegodset til Seeberg på 1890-talet som går tett saman med ein etablert amatørdeologi i Norge. I føreordet til årsberetninga i 1897¹⁰⁴⁸ kommenterte han kva oppsving som var på gang for dei olympiske leikane, og kva grekarane opphavleg hadde søkt: å herda og styrka og utvikla lekamen. Skjønnheit og sunnheit var også viktige omsyn ved dei øvingane ein dyrka fram då, slik han oppfatta idretten i den eldste antikken. Men, meinte han: På eit tidspunkt begynte nokre idrettsihuga med spesialutdanning for absolutt å *vinna* lauvbærkransen for seg og heimbyen sin. Og dermed blei dei fleste tilskodarar – og berre nokre få var aktive utøvarar som dreiv idrett no som handverk eller levebrød – «athleter og professionister». Og dermed var det heile i absolutt forfall, skreiv han.¹⁰⁴⁹

Slik kunne også ein Hagbarth Wergeland eller ein Ola Holen ha skildra gullalderen, bortsett frå at Seeberg flytta forfallet lenger tilbake i tid, til grekarane, til lenge før romerske sirkusframvisningar. Og samanlikna med kva baron Coubertin skreiv om dei antikke leikane, og for så vidt om alle dei spennande idrettstendensane i samtida, var også forfallet skjedd for lenge sidan, ifølgje Centralforeningen i Norge.¹⁰⁵⁰

Deltaking var truleg ein grunnleggjande verdi, også for Seeberg. Han utvikla dette poenget endå meir i årsberetninga 1898, der han minna om at oppvisning i idrettssamanheng ikkje måtte passivera folk som kom for å sjå. Han skreiv:

man maa ikke gaa fra en opvisning med indtrykket af, at det kun er som tilskuer, man kan være tilstede. Man skal derimod gaa derfra med ønsket om og lysten til at personlig at blive delagtig i de goder, som idrætten medfører – og saa med en bestemt vilje om ikke at opsætte dette, men at begynde derpaa strax.¹⁰⁵¹

Slik som sekretæren i Centralforeningen ofte la vekt på det skjønne i idrettssamanheng, at «holdning» og strak og opprett kroppsføring måtte bli del av vurderinga i til dømes hurtigløp

¹⁰⁴⁸ Føreordet til denne beretninga 1897 (altså for året 1896 og vinteren 1896-1897, men trykt våren 1897) hadde tittelen «Idræt og gymnastik.» Denne teksten var proppa og sprengt med referansar, så som Busch, «Allgemeine ortop. gymnastik und massage.», 1882. og S. Ribbing, «Om sport og sportøfningar, 1896, og Liebermeister, «Vorlesungen uber spee Pathologie und Therapie», 1891. Sjå Centralforeningen, 1897, s. 1-16.

¹⁰⁴⁹ Centralforeningen, 1897, s. 2. Verken romarane eller riddarane i mellomalderen hadde vit på sann idrett, ifølgje Seeberg. Først med filantropane på seint 1700 begynte det å gå opp for folk at lekamen må utviklast harmonisk og systematisk, akkurat som ånda. Og så utvikla det seg ulike skular som studerte verknaden av dei ulike kroppsrørslene. Dei mest brukbare for norske forhold var då den svenske gymnstikken etter Ling, og den tyske turnvarianten etter Gutsmuths og Jahn, meinte Centralforeningens sekretær.

¹⁰⁵⁰ Coubertin skreiv eit langt referat i beretninga av dei olympiske leikaren i 1896, der han nemnde tendensen til merkantilisering, og spesialisering, i samtida. Sjå Coubertin, 2000.

¹⁰⁵¹ Centralforeningen, 1898, s. 14.

på skøyter, kunne ein kanskje seia at amatørømgrepet hjå han fekk ei særleg *estetisk* omdreining.¹⁰⁵²

Men dette er ei velvillig tolking. Førstillingane hans kan like gjerne seiast å vera vagare amatørrelaterte, og kanskje ikkje *det* ein gong.

Kritikk av engelsk sport

Det er også delar av tankebyggverket til Seeberget som passar ikkje så godt – med den etablerte idrettsamatørismen. Skepsisen hans til idrett og til konkurransar var stor, og vaks seg større etterkvart. Centralforeningen fekk avvikla støtte til maraton på norsk jord i 1902, sidan Seeberg og dei legane som gav han råd, tykte øvinga var altfor fysisk utmattande. Sykkelsporten fekk heller ikkje støtte til kappritt på bane. Gymnastikk var sånn sett like ofte eit korrektiv i tanke-systemet hans som det var ein grunnvoll for all mogleg idrett. Gymnastikk såg han på som langt meir omfattande og allsidig, og passande for alle aldrar og begge kjønn, og for svake og sterke, og både innandørs og utandørs, sommar som vinter. Gymnastikk utvikla for så vidt karakteren, og eit godt kameratskap, medan dei ulike idrettane var meir einsidige muskulært sett, og dessutan bundne til årstidene, sånn som til dømes ski og roing. Gymnastikken var for Seeberg basert like mykje på det han kalla vitskap som han var grunna på ein etikk og på sansen for det vakre. Kort sagt vedkjende han seg ein rørslekultur bortanfor prestasjonen og meistringa. Eller i strid med dette, rett som det var.

Dette *kan* bety at deltaking blir ein for grov kategori å bruka om amatørismen, sidan denne verdien kan overlappa med så mange aktivitetar og rørslekulturar. Vel så klart er det, at det omgrepet om «rational sport» som Bailey skriv fram i britisk samanheng, er ganske noko anna enn kva Seeberg og Centralforeningen la i «rationel idræt». Kva sentral plass den svenske gymnastikken (i idetradisjonen) etter Ling hadde i norske offiserkrinsar, gjer såleis ståa for idretten (i brei forstand) noko annleis i Norge enn i Storbritannia. Det går berre delvis an å overføra omgrepa og analysen til Holt til norske forhold. Her på berget fanst det ein alternativ rørslekultur som ikkje så oppteken av ærleg og fin framferd i kappestrid som av dei heilt korrekte og sunne måtane å strekka og styrka kroppen på; helst kvar rørsle og kvar kroppsdel for seg. Kan henda var den djupare verdien i desse førstillingane *aktivitet*, meir enn det å ta del. *Disiplin* var kanskje viktigare enn prestasjon og meistring. Ja, godt mogleg var også det

¹⁰⁵² Slagstad hankar inn Seeberg i samanheng av amatørreglane for sin del, og skriv at dei ved hundreårsskiftet gjekk hand i hand med kritikk av «Professionisternes Skole». Slagstad utdjuar ved at Seeberg var imot all spesialisering og måten kroppane såleis blei einsretta og krumma på. Slagstad, 2008, s. 693-694.

estetiske omsynet i ei rak og høg bringe underordna tanken om at denne måten å føra overkroppen på var *summ* for dei indre organa.¹⁰⁵³

No skilde ikkje Seeberg sjølv mellom det han kalla sunn og rasjonell og skjønn idrett. Det er vanskeleg å avgjera om det «stygge» ved framoverbøygde skøyteløparar (og syklistar) var begrunna i vitskap og rasjonell (svensk) gymnastikk, eller om estetikken var eit argument han la på når ikkje omsynet til det rasjonelle var overtydande nok i seg sjølv. Det er ikkje sikkert at omsyna var så grundig gjennomtenkt, ein gong.

Rune Slagstad har for sin del nytta omgrepet «motiv» i samband med tankane til Seeberg på dette punktet, og meiner truleg med det at ulike omsyn og kjensler levde side om side, utan å vera sortert og spikra fast i eit glassklart idesystem. Litt kan omgrepet 'motiv' likna på kva Strømholm kallar mentalitet, eller kva ein i daglegtale meiner med ordet «verdiar». Analysen til Slagstad går uansett slik: Seeberg og seinare leiarar i Centralforeningen var samde i ein kritikk av engelsk «sport» som hadde dels eit estetisk motiv, og eit sunnheitsmotiv, eit karakteroppdragande motiv og eit generalistmotiv i seg. «Generalist» må her forståast som allsidigheit.¹⁰⁵⁴

Slagstad meiner ikkje med dette at Centralforeningen var prinsipielt og fundamentalt imot kappestrid, eller imot den engelske konkurranseorienteringa i og for seg. Men analysen hans gjev ansats til ein spennande tanke: Var det slik at den norske amatørismen – i den moglege kvessinga som Seeberg gav han – var ein opposisjon mot mykje av britisk sportsutforming? Slagstad synest å antyda noko slikt.

Lat oss aldri søka å etterlikna dei, skreiv til dømes Seeberg:

Lad os saa aldrig søge at efterligne dem, der ikke saameget dyrker idrætten for sin sundheds- og udviklings skyld, men som meget mer tilstræber at være den første paa sit omraade, enten det saa gjælder udfoldelse af overmaal af kraft og vanskelige øvelser, eller rekorder i tid.»

Og han heldt fram: «Er man først inde paa dette skraaplan, saa er man ogsaa paa mere end god vei til at blive specialist eller professionist, den rationelle idræts farligste fiende.»¹⁰⁵⁵ Spezialisten og profesjonisten var også ofte motstykket – eller *Gegenbegriff* – for Skiforeningens mange ideologar.

¹⁰⁵³ I Centralforeningen, 1896, s. 48 heitte det til dømes hjå Seeberg «Var det imidlertid blot skjønheden om at gjøre, skulde man ikke sige saa meget herpaa.»

¹⁰⁵⁴ Slagstad, 2008, s. 194. I samband med «generalistmotiv» drar han inn rittmeister Grøttum frå 1912, som eg berre streifar så vidt i eit seinare kapittel her.

¹⁰⁵⁵ Centralforeningen, 1897, føreordet.

Eller må ein forstå denne sportskritikken så fundamental at sjølv idear som minnar Slagstad om amatørforestillingar, og her kan liksom hekast på Seeberg sjølv, eigentleg tilhørde motparten slik han sjølv såg det? Sitatet ovanfor spiddar jo sjølve konkurransetrongen mellom folk. Ja, meir enn det: Det set spørsmål ved all ærestrong, og ved dei som prøvde seg på vanskelege øvingar, så som i (tysk) turn. Var amatøridealet dermed beint fram irrelevant for han? Hadde «holdning» for han omtrent ingenting med kva eg legg i *haldning* som eit danningselement? Teoretisk sett *kan* jo ein kritikk av «spesialister og professionister» vera retta mot ein felles fiende, utan at angrepspunktet (og beveggrunnen) til Seeberg og Centralforeningen var det same for dei som stod for (ein eller annan) amatørideologi i Norge. Ein kan sågar sjå for seg angrep frå to sider, 180 grader i mellom, såkalla knipetangsmanøver.

Arbeidernes Idrettsforbund (AIF), for akkurat her å gjera eit sprang til idretten på 1930-talet, omfamna for så vidt amatørdeane då. Men grunngevinga deira var ein ganske annan enn kva det borgarlege Landsforbundet for idrett stod for: «Barna skal lære å forstå amatør-idretten store verdier – folkeidrett kontra profesjonisme og naziparader. De skal lære arbeiderklassens kamp å kjenne.»¹⁰⁵⁶

Seeberg skilde som nemnt ikkje skarpt mellom etikk og estetikk og det han tenkte om som *rasjonalitet*. På den same måten sorterte han ikkje ut kva som var blitt ein etablert «diskurs» eller eit omgrep omkring amatøreren, gjerne i definerande motsetningsforhold til spesialisten og profesjonisten, og kva som kan henda var den moglege endå eldre talemåten, eller førestillingsverda, til den svenske Ling-gymnastikken når han definerte seg i motsetning til (den halslause) akrobatikken i tysk *turn*, og den (korrumpierende) konkurranseiveren i britisk *sport*.

Den oppgåva ligg snarare på idehistorikaren. Men det finst ingen enkle svar her, heller ikkje for meg.

Motbør

Ein kunne teikna medlemskap som einskildmenneske i den nye Centralforeningen, som i den gamle ordninga frå 1861. Ved inngangen til 1894 hadde foreininga også 67 idrettslag med ca. 4 500 medlemmer, etter søknaden om statsbidrag å dømme. Ved utgangen av 1897 var tilslutninga 174 lag og 14 000 medlemmer. Dette kan tyda på Centralforeningen og Seeberg hadde stor støtte også om ideologien sin i norsk idrett. Tilslutninga kan også ha vore meir pragmatisk, på grunn av dei støtteordningane som foreininga laga.¹⁰⁵⁷

¹⁰⁵⁶ AIFs brosjyre for barneidrett, frå 1937, skriven av dr. Ingvald Johansen. Sitert etter Olstad, 1987, s. 267.

¹⁰⁵⁷ Centralforeningens, 1895, s.16, og Centralforeningen, 1897, s. 11.

Eg vil gjerne ha opp i dagen at Centralforeningen møtte motbør for synet sitt. Skiforeningen reiste bust, i alle fall ved fleirtalet av foreininga, mot kondisjonskarakteren. Vel hadde ein hatt mange kontrollpostar på det kombinerte langrennet i 1895, med dommarar som vurderte løparane «gjennom staureholdt og tætskog» og i slalom ved Tryvannskleiva, og i kneikar ved Frønsvollen, samla i ein karakter med tre desimalar attåt sjølve tida løparane brukte på heile distansen (18 km) – og så stilt saman med hoppkarakteren.¹⁰⁵⁸ Og visseleg hadde Skiforeningen hatt intervallstart og vurdering av «konditionen» til løparane då dei kom i mål ved det første Husebyrennet som foreininga heldt attende i 1883. Maraton-varianten til Centralforeningen kunne seiast å vera høgst inspirert av dette førelegget. Men alt i 1896 fjerna Skiforeningen dommarpostane, fordi forholda ikkje var dei same for løparane ettersom løypa blei trakka opp, og vurderinga såleis braut med den rettferdsnorma som var blitt viktigast for arrangøren. Sjølv karakteren skulle elles seia noko om korleis løparane meistra krevjande terreng, og ikkje nødvendigvis kor fint (eller sunt) dei gjekk på ski.¹⁰⁵⁹

Eit døme til om det same: Centralforeningen hadde i 1895 fått innstifta ein ny medalje, etter skisse av arkitekt Welhaven, som sat i styret. «Værg dit land» var mottoet som var prega i han. På premieutdelinga etter Holmenkollrennet to år seinare, før sexaen og punsjbollen, hadde Welhaven sjølv lese høgt statuttane for kven som kunne vinna medaljen. Så mange som 225 løparar og funksjonærar og leiarar var samla her. Bronse- eller sølvmedaljen skulle gå til den løparen som hadde synt god haldning i hoppet, god «kondisjon» i langrennet og dessutan god tid, sa han. (Gullmedaljen skulle berre delast ut ved heilt spesielle utmerkingar).¹⁰⁶⁰ Men igjen: av debatten på generalforsamlinga på hausten går det fram at slett ikkje alle i Skiforeningen var like opptekne av å premiera spesielt «god kondisjon». Vegdirektør Krag hadde rett nok, dette året som mange år før, halde fram at langrenn var farleg, og at kondisjonen, god eller dårleg, måtte takast med i vurderinga av denne konkurransen. Han hadde støtte av advokat Roll, ein av eigarane av Norsk idrætsblad. Likevel fall fleirtalet, skiløparen og skifabrikanten Edvard Lillehagen mellom dei, ned på at *berre* «meget daarlig kondisjon» etter innkomsten kunne vera til hinder for premiering. Styret laga etter dette eit skriv til Centralforeningen der dei takka pent

¹⁰⁵⁸ Vektinga totalt for det kombinerte rennet var hoppkarakter 2/5, terrengkarakter 1/5, tidskarakter 2/5. Referat i N.Idrbl., 1895, nr 7 og 8, av Holmenollrennet.

¹⁰⁵⁹ Vedtak for Holmenkollrennet offentliggjort i N.Idrbl., 1896, nr 1. Her går det fram at siktet for noko av opplegget er å begrensa mengda og få fram vakrare hopp, stort sett. Ekstraklassen har premierenn i bakke dagen før hopprennet, altså same dagen som langrennet, men ikkje i Holmenkollbakken. Dei som vann premie her, kunne då stilla i Holmenkollen neste dag (måndagen). «Langrendet» (kalla slik dette året) mellom 14 og 18 km, vekslande terreng, gjerne noko nærare publikum her og der, og utan innlagte vanskelegheiter og dommarpostar.

¹⁰⁶⁰ N.Idrbl, 1897, nr. 7, s. 58; fortel at Olav Bjaaland frå Telemark fekk sølvmedaljen for «kondisjon, holdning og stilig skiføring.» Same årgang, nr. 32 har programmet for det første vestlandske idrettstevnet i regi av Bergen Turnforening; her gjev Centralforeningen ekstrapremie for vakker ridning (sykkel) og «smuk roing». Og same årgang, nr 45 fortel om medaljen som Centralforeningen har laga (ark. Welhaven teikna den), som skal myntast i gull, sølv, bronse, og som skal delast ut til «god holdning, god kondisjon og god tid».

nei til medaljar i sølv og bronse for langrenn, «prestæret med god «kondition»». ¹⁰⁶¹ Ein kan også merka seg at eit forslag om å nekta bruk av to stavar i langrennet, fordi det blei sagt å øydelegga stilen, også fall ved denne forsamlinga. ¹⁰⁶²

For fleirtalet i Skiforeningen var truleg heilhjarta innsatsa og ærleg slit viktigare i skiløpinga enn behersking og stil. Den talen som formannen Roll heldt ved premieutdelinga i 1895, kan lesast som eit iherdig forsvar mot dei som meinte at ihuga skiløparar risikerte å bli åndsfattige muskelmenn, og at «Muskelmænd ænder som Sirkusathleter». Og den gamle amatørroaren Waldemar Bergh, som kom heim til Norge i 1892, uttala seg mot kondisjonskarakteren på generalforsamlinga i 1898 fordi han meinte at løparane av seg sjølve innsåg kor viktig det var å vera godt trent. ¹⁰⁶³

Også den mykje brukte legen i idrettssamanheng Per. E. Giertsen ville innskrenka kondisjonskarakteren og legane si rolle. Innsatsvilje var ikkje farleg. Iherdig innsats i tevlingar var rett og slett oppbyggeleg for karakteren, og nødvendig for livets større kampar, meinte han. ¹⁰⁶⁴

I sum: Dette det moralske ved amatøreren trumfa på eit vis moglege estetiske omsyn – i alle fall for fleirtalet i Skiforeningen.

«Pedanteri»

Også Norsk idrætsblad heldt Centralforeningen og Seebergs ideal på armlengdes avstand. Visseleg var Wergeland skeptisk til sykkelsporten slik han utvikla seg i andre halvdel av 1890-talet. Og vel hadde bladet rosa somme av dei norske skøyteløparane for deira «elegante og lette stil og vakre holdning» under VM på Hamar i 1895. ¹⁰⁶⁵ Men den iveren redaktør Wergeland røpte i omtale og i bilete i denne samanhengen, var like mykje nasjonal og patriotisk som han var estetisk, for ikkje å seia «rasjonelt», motivert. Han la heller ikkje skjul på at han tykte Eden dreiv sporten for langt i profesjonell retning. ¹⁰⁶⁶

Ein debatt som oppstod mellom redaktøren og grosseraren Wilhelm Baastad, er endå meir illustrerande. Baastad, som var formann i Tjalve, hadde vendt seg til alle gymnastikk- og

¹⁰⁶¹ Skiforeningen, 1898, s. 12, og s. 26.

¹⁰⁶² Nokre sterke meiningsberarar, så som brøne Huitfeldt, tok til orde for å forby bruk av to stavar. Fritz Huitfeldt meinte dei to stavane braut med ånda i skiløpinga, då det «paa ski ikke passede at søge at sætte rekorder». Han tapte i avstemninga.

¹⁰⁶³ For Rolls tale sjå Morgenbladet, 21. feb. 1895, nr. 97. For Berghs synspunkt, sjå Skiforeningen, 1899, s. 10.

¹⁰⁶⁴ I Skiforeningen, 1903, side 69-81, er det trykt ein heil artikkel av Giertsen, der han kjem med sine erfaringar frå både Huseby- og Holmenkollrennet. Han avsluttar med å setja spørsmål ved alle forsøka på å bremsa kappestriden, og meiner sjølv at grunntanken ved premierenn er så god: premiane, skriv han avslutningsvis, «kan hjelpe til opdragelsen af en vek og beregnende ungdom, der mangler forstaaelse af, at livets krav fordrer livets indsats.» Merk dette sluttpoenget; at livets krav fordrar livets innsats.

¹⁰⁶⁵ Her, altså i sjølve verdsmeisterskapen, hadde Centralforeningen like godt sett opp ein ekstrapremie for «smuk holdning», som hadde gått til Peter Sinnerud. Verdsmeister samla sett blei Jaap Eden, med to verdsrekordar og overlegne triumfar.

¹⁰⁶⁶ N.Idrbl., 1895, nr. 8, s. 74. Forskjellen mellom Eden og dei norske var at «skøitesporten for dem drives for fornøielsen skyld, naar de har et øyeblik tilovers.», skriv han.

idrettsinteresserte i Norsk idrætsblad i 1895. Han ønska ein diskusjon om dei «overdrivelser» som han såg i brytinga (som for han gjerne måtte forsvinna frå det olympiske programmet), og i kappløp – der haldning under løpet og kondisjon ved mål måtte spelast inn som reglar og stilelement, tykte han. I andre idrettar måtte «kropstillings jævnhed og sikkerhed» bli eit tydlegare vilkår for premieringa. Baastad ønska at N.Idrbl. kunne hjelpa med å kalla inn til møte der ein kunne semjast om dette.¹⁰⁶⁷ Til dette svarte HW i ein redaksjonell hale at han var berre delvis einig. Han elska brytinga for sin del. Han syntest det ville vera for gale om ein no, då heile Europa var begeistra for gjenoppbygginga av greske stadion og dei olympiske leikane, skulle stryka brytinga fordi ho kanskje var litt farleg. Det farlege var nettopp noko av utfordringa ved sport, at ein møtte farefulle situasjonar med ro og med merksemd. Han kunne heller ikkje vera så mykje av ein idealist, skreiv han, at den som bydde på all kraft og evne i eit løp som handla om hurtigheit, skulle dømmast etter «holdning», for alle har sin måte å koma fort fram på. Han meinte vidare at omsyna og reglane og vurderingane var annleis i gymnastikken. Ein måtte rett og slett skilja mellom gymnastikk og kamp, og vera strengare omkring den første kva gjeldt kroppsstilling osv. I gymnastikken kravde ein berre *noko* av det ein idrettsmann kan yta, poengterte han. På kampplassen, derimot, forlanga ein *alt* av han. Og på denne hovudarenaen for idrett, der ein altså målte kva ein mann var i stand til å prestera av ein eller annan dugleik, «der maa man ikke henfalde til pedanteri», som han skreiv.¹⁰⁶⁸

Redaktør Hagbarth Wergeland gjorde altså eit utfall mot det han kalla «pedanteri». Eg oppfattar at han med det meiner detaljfiksering omkring stil og unødvendig pinking på ulike teknikkar. Sjølv om konteksten her var athletport eller pentathlon, er det lett å lesa eit anslag også mot heile «kondition»-omgrepet til Centralforeningen. I tillegg presenterte han eit analytisk skilje som *kan* angå amatørromgrepet, slik eg drøfta det tidlegare i dette kapittelet. I alle fall Wergeland oppfatta at gymnastikken var så måtehalden at denne rørslekulturen synest å representera eit anna verdi- og førestillingssystem enn den meir konkurranseorienterte idretten. I så fall er amatørførestillingane til Wergeland å forstå som eit visst korrektiv til den harmonien og helsa og vitskapen som gymnastikken la vekt på. Amatøridrettsutøvaren hans forlanga *det beste* av seg sjølv, og ikkje berre *noko*.

Dette rimer med korleis han ytra seg på det opne diskusjonsmøtet til Skiforeningen den same hausten 1895. Her hadde styret villa ha ein offentleg debatt om programmet for

¹⁰⁶⁷ Tjalve gjorde initiativ til felles skandinaviske reglar for atletklubbar, men ikkje amatørreglar så vidt eg kan sjå, jfm årgangen 1900, nr 45. I N., Idrbl., 1900, nr 43 gjer Wilhelm Baastad, president i Norsk idrætsforbund, utfall mot diskoskast. Han synest det er ein uskjønn og uinteressant og lite utviklande øving. Han skreiv: «Man bør visserlig ikke henfalde til pedanteri med idrætt, men lad os altid have øie for hvad der er skjønt og sundt.»

¹⁰⁶⁸ N.Idrbl., 1895, nr. 27, s. 232, og framhald i nr. 29, s. 247-248, med replikkar både av Baastad og Wergeland.

Holmenkollrennet, og kringkasta det i både Norsk idrætsblad og dei fire største dagsavisene i Kristiania. Wergeland, med fleire andre, var i mot stilkarakter og hindringar i langrennsløypa. Redaktøren ville også gjerne bevare ein klasse tre i bakken for ivrige, modige unge hopparar, særleg dei som kom frå bygdene. Den dimensjonen Holmenkollrennet hadde i å samla landet, var ein viktig dimensjon, tykte han.¹⁰⁶⁹

Militær estetikk

Etter som Centralforeningen vaks i storleik og tyding, blei kaptein Seeberg kvassare i ordlegginga si mot konkurranseidretten, og mot merksemda i den trykte offentlegheita om slike resultat. Fororda i årsberetningane 1896 og 1897 var lange, og svært belærande. I den sistnemnde, med overskrifta «Idræt og gymnastik», der han siterte ei rekkje legeautoritetar frå innland og utland, uttrykte han at han skulle ønska avisene slutta å trykka resultatlistar der barn, ja endåtil jenter, hadde hoppa. Han skreiv at denne vinteren hadde ei «jentunge» på 12 år fått lov å setja utfor på det same store hoppet som dei vaksne, og ikkje berre hausta jubel for det, men endåtil blitt premiært særskilt: «Er saadant rigtigt, eller tror man saadant virker sundt! Neppe.» Og han let ein doktor Døderlein utlegga i eit eige kapittel kva *han* meinte om kor skadelege skihopping for kvinner «utfra et hygiensk standpunkt».¹⁰⁷⁰

Norsk idrætsblad slutta ikkje umiddelbart å trykka slike resultatlistar eller rosande omtalar av kvinneidrett for det. Hagbarth Wergeland var lengdemålar og tidtakar for Skiforeningen i Holmenkollen i 1897, men var også dommar ved andre skirenn, som i Asker, der ein hadde kvinneklassar med. Også i 1902 trykte bladet eit hyllande dikt, og attpåtil ei bilete, av ei 12 årig jente (Hilda Stang) som hadde hoppa nesten 15 meter.¹⁰⁷¹

Men på sikt synest synspunkta til Centralforeningen å ha vunne. Kvinneklassen i Asker skrumpa også inn.¹⁰⁷² I 1902 var Seeberg sågar ute i Norsk Idrætsblad sjølv, og åtvare klubbar og lag mot å premiera lengste ståande hopp ved skirenn (for menn). Han meinte han hadde

¹⁰⁶⁹ Skiforeningens opne diskusjonsmøte, måndag 18 nov, annonsert i N.Idrbl., 1895, nr 45 og i dei fire største dagsavisene. Tema: programmet for Holmenkollrennet. Referat av synspunkt i same årgang nr. 47. Adv E Roll var møteleiar, og han sa at kritikk av dei renna som hadde blitt laga til, var det beste grunnlag for diskusjonen. Berre 30 frammøtte, visstnok skuffande nok. HW skreiv inn meininga si i N.Idrbl., 1895, nr. 48.

¹⁰⁷⁰ For Seeberg sjølv sjå Centralforeningen, 1896, s 12-13. Og Døderlein: «Derfor er ogsaa særlig hopøvelser og opvisning i hop for kvinden – fra et sanitært standpunkt seet – en yderst tvilsom affære.» Og vidare: «Saavel sats, som især nedfaldet fremkalder visselig sterk blodtilstrømning til og blodoverfyldning i bækkenorganerne, og selve rystelsen, schoket, vil let tøje og forrykke de løst ophængte indre organers stilling.» Centralforeningen, 1897, s. 73.

¹⁰⁷¹ «Der bødes paa præstationer her, som mangen mandlig skiløber misundte dem og ikke gjerne gjorde dem efter, saa den opvisning var enestaaende vellykket.» Ein hadde klasse for ukonfirmerte og konfirmerte kvinner, og 44 tok del totalt. Sjå N.Idrbl., 1897, nr. 5, s. 42. Diktet om og biletet av Hilda Stang står i N.Idrbl., 1902, nr. 14, side 155 og 162.

¹⁰⁷² I boka *Hopp, jenter, hopp!* skriv Karin Berg, 1998, s. 16-17 at ein del skirenn for kvinner blei skipa til etter 1900, men at dei blei bevisst underrapportert i avisene, på grunn av haldningane som breidde om seg. Hilda Stang drog til Amerika i 1910. Først på 1930-talet blomstra kvinneidretten opp igjen.

mange skiforeningar med seg i dette. Argumentet var at vakker skiføring og «korrekt kroppsføring» var så mykje viktigare.¹⁰⁷³

Over det idrettsidealet som Seeberg forfekta, var det noko unekteleg militært. I årsberetningane som kom frå alt frå midten 1890-talet, hadde han det med å kritisera dei idrettsstemna som gjekk tregt, og i det heile kor lite syn for orden og disiplin og «kommando» som fanst, eller ikkje fanst, på dei. For mange utøvarar kom for seint til starttidspunkta, og retta seg ikkje etter vedtaka til arrangøren. Ein kvar idrettsmann, meinte han, burde bestreba seg på ein litt meir korrekt framferd og ei strammare haldning også *etter* konkurransen: «Det gjør et trist indstryk at se en ung mand falde aldeles sammen i holdning, umiddelbart efter at han har udført et storartet sprang eller lignende.» Han likte heller ikkje at dei sportskledde stod med hendene i lomma når dei blei snakka til av dommarar eller leiarar. Dei måtte retta seg opp! Han ordla seg slik: «Den, der indtager en respektfuld stilling ligeoverfor ældre eller overordnede, han tiltvinger sig respekt herved selv. Han viser, at han baade har lært sig at staa under kommando, og at kommandere sig selv.»¹⁰⁷⁴

Det var den samme militære målestokken som låg til grunn for korleis Seeberg målte omgrepet «kondisjon»: Militært sett var det lita nytte i ein ordonnans som datt død om med ein gong han hadde gjeve ein beskjed til ein kaptein, eller ein annan offiser.¹⁰⁷⁵

Skiforeningen var delvis prega av den same militære etikken og estetikken, men berre delvis. Som arrangør av Holmenkollrennet kunne nok leiararne slita med at mange av dei påmeldte løparane møtte altfor seint i for oppropet, nokre i opp mot ein time. Men dei styraane var overberande lenger enn Seeberg, heilt til Holmenkollrennet i 1901. Då kom det nye reglar om å møta presis til start, eller til den rekkefølga ein hadde fått i hopprennet.¹⁰⁷⁶ To år seinare gjekk føre seg eit ordskifte dels i Aftenposten og dels i Norsk idrætsblad om orden og punktlegheit nettopp i Holmenkollrennet. Kaptein O.T.Klingenberg, som var sekretær for Skiforeningen, hevda at dygder som «selvbeherskelse, lovlydighed, disciplin» var like viktig for nasjonen som kraft og uthald. Han hadde både Centralforeningen og Skiforeningen i ryggen (kaptein Roll var formann dette året), meinte han.¹⁰⁷⁷ Ein Trygve P. Blom svara Skiforeningssekretæren utfyllande i eit seinare nummer, og argumenterte mot Klingenberg med basis i omsyn til rettferd og skjønn. Sidan fekk Blom støtte av ein «N.B.» som mislikte tendensen til

¹⁰⁷³ Sjø N.Idrbl, 1902, nr. 4, s. 43.

¹⁰⁷⁴ Centralforeningen, 1896, s. 6-7.

¹⁰⁷⁵ Ein måtte ha fedrelandet og forsvaret i augo ved all oppseding av ungdom, meinte han. Sjø Centralforeningen, 1896, s. 151.

¹⁰⁷⁶ Sjø omtale av forseintkomingane i Skiforeningen, 1900, s. 12.

¹⁰⁷⁷ N.Idrbl., 1903, nr. 21, s. 256-257. Debatten byrja i Aftenposten av Blom, men blei flytta inn i idrettsbladet av Klingenberg.

«militært snobberi» og som syntest at den militære innblandinga var både tvilsam og lite gagnleg. Helst ville han ha inn ein paragraf om at formannen i Skioreningen alltid burde vera sivilist. Han skreiv: «Vi staaer ikke som medlemmer af de respektive foreninger i egenskab af soldater og vi ønsker heller ikke at kommanderes, som en trop saadanne.»¹⁰⁷⁸

Amatørtrening

Eit siste avsnitt må med her, for å syna kor samansett spørsmålet omkring amatørrelevansen av Centralforeningen og sekretæren Seeberg eigentleg er. Dette gjeld dei reglane for trening og tevling som blei formulert i 1898.¹⁰⁷⁹ Trening, forstått som rasjonell trening, og nærmare bestemt som gymnastikk, var mykje viktigare for Centralforeningen enn konkurransar var. Men etter som mengda lag og foreiningar som slutta seg til Centralforeningen vaks, den 1. jan 1898 180 lag og 14650 medlemmer, den 1. januar 1901 heile 318 lag og 23 500 medlemmer, og søknadsbunken til premieskiirenn og anna la på seg, tvinga det seg kanskje fram ein slags «plakat» som kunne minna alle idrettsfolk og skuleungdom om kva som var viktig – også i tevlingsamanheng. Norsk idrætsblad trykte reglane våren 1899.¹⁰⁸⁰

Ein kan også oppfatta plakaten som eit ønskje om å koma endå høgare på banen i den ideologiske styringa av norsk frivillig idrett. Treningens mål, heitte det innleiingsvis, var å gjera lekamen sterk og uthaldande. Dinst: Gymnastikk måtte vera grunnlaget for alt idrett. Og av dette følgde det som tredje hovudprinsipp: «God holdning maa iagttages ved udøvelse af al idræt. Rund ryg og ludende hoved er baade uskjønt og skadeligt».

Dei «reglane» som deretter omfanna trening, 20 i alt, var slik ei blanding av både helsemessige omsyn og estetiske føringar. Også instruksane for konkurransar (10 i alt) utgjorde ein slik dobbel funksjon. Det heitte om kledda at ein aldri måtte gjera drakta for snau. Ein måtte ta omsyn til kulda, men også til omverda, til publikum og «anstendigheit».

Moderasjon eller måtehald var summen av alle forkynningane. Det heitte i den siste paragrafen for kappestrid (10): «Anstreng dig aldrig udover, hvad du forsvarlig magter. Søg aldrig at sætte rekorder paa bekostning af din helbred.» (10)

¹⁰⁷⁸ N.Idrbl., 1903, nr 26, s 333, og same årgang, nr 29, s. 377.

¹⁰⁷⁹ I same N.Idrbl., 1899, nr 41 er det referat frå stiftinga av det europeiske turnforbundet (Norge ikkje med, men Sverige), og her tek visstnok forsamlinga avstand frå skiljet amatør-professionist elles i idretten, «idet man antog ogsaa fremtidig at blive forskaanet for denne plage, fandt man ingen grund til at fremkomme med nogen bestemmelse i denne anledning.»

¹⁰⁸⁰ I jan 1902 370 lag og 26 000 medlemmer. Sjå Centralforeningen, 1901, s. 25. Centralforeningen sjølv kalla vegleiingane for «Regler». Dei blei utarbeidde i ein komite beståande av kaptein Louis Bentzen, sanitetskaptein B. Berg, Fr. G Seeberg og KK Stamsø (som var fuldmektig), den 29. oktober 1899. I desember vedtok styret, beståande av Sylow, Welhaven, Bentzen, Tjersland og Løvlie, dei. Sjå N.Idrbl., 1899, nr. 4. Sjå også Centralforeningen, 1899, s. 19-22. Centralforeningen, 1900, s. 35; fortalde at treningsreglane var sendt til alle idrettsforeiningar, samt militære avd under våpenøving, og dessutan oppslått i gymnastikksalane både på militære så vel som alminnelege skular.

Like fullt: Eg oppfattar at denne moderasjon graviterer mot eit heilt anna felt enn det som var tilfellet i granskinga til eksempelvis Dunning & Elias av atterhaldet i rugby-skismaet i Storbritannia. Der var kroppskulturen bakom gjeven ved spelet, og konkurransen, og den organiserte lag-konflikten, om ein vil. For Seeberg var den (forsøksvis) vitskaplege gymnastikken i Sverige den viktigaste magneten. Norsk idrett levde, ja levde sitt eige liv i tankar og gjerningar, mellom desse to polane.¹⁰⁸¹

Oppsummering

Eg vil oppsummera kapittelet slik: På den eine sida aksepterte og anerkjente den omforma Centralforeningen frå 1895 kappestrid i stort sett all slags idrett. Og haldninga til amatører, nok meir estetisk enn etisk forstått, var slik ei rettesnor for idrettskonkurransar. På den andre sida var kappestrid så mykje underordna omsyn til sunnheit og til ei bestemt skjønneheit hjå sekretæren Seeberg at delar av normsystemet, den ærlege og heilhjarta innsatsen til amatører innbefatta, blei sett i parentes. Dette var truleg noko som forsterka seg utover i perioden og regjeringstida hans. Spissformulert: Disiplin var godt mogleg viktigare enn det å ta del. Øving framfor prøving. Den rake ryggen, framfor alt.

Kapittel 7. Skiten som sykkel. Rein som snø

Ved inngangen av årgangen 1902 feira Hagbarth Wergeland 20-årsjubileum for Norsk idrætsblad, og sjølv 10 år som redaktør for bladet i og med den komande sommaren, skreiv han. Han hadde strevd med å få bladet til å svara seg før han fekk ei ny aksjonærgruppe, og ein eigen tilsynskomite. Men å ha ein komite som passa på seg, gjekk også noko på den redaksjonelle fridomen laus. Truleg er det ikkje tilfeldig at redaktøren brukte uttrykket «fri luft», og samstundes at eit blad ikkje kunne leva av «luft alene» då tilsynskomiteen vinteren 1901 ikkje lenger vart nemnt i bladet.¹⁰⁸² Mengda illustrasjonar og bilete auka på i takt med den økonomiske handlefridomen utover 1890-talet. Slik kunne Norsk idrætsblad etterkvart trykkja

¹⁰⁸¹ Når eg skriv inn parentesen «forsøksvis», er det for å markera at vitskapen ikkje kunne gje eit definitivt svar på kva som var sunn idrett, eller den mest presise gymnastikken, eller for den del: kvifor eit lutande hovud skulle vera så skadeleg

¹⁰⁸² N.Idrbl., 1902, nr. 1. Dette stemte viss ein såg bort frå dei tre åra bladet ikkje kom ut (1888-1891), og det knappe året Wergeland hadde avløyning av Ola Holen (1891-1892). Legg merke til at ein talde og markerte utgangen av det 19. hundreåret med 31. desember 1900, og ikkje slik som ein gjorde i Norge (og mange andre land) ved inngangen til år 2000, då teljemaaten altså var blitt noko annleis omkring slike runde jubileum. Sjå til dømes diktet i *Lofotposten* den 31.12.1900. Sjå Sjø N.Idrbl., 1901, nr. 3, for det med «luft alene». I 1898 kom N.Idrbl. elles ut i nytt format etter vedtak i ekstraordinær generalforsamling like før jol. Den mindre A4-storleiken, og dei fleire sidene, 16 sider på jamnen, skulle gje betre leseoppleving, vona redaktøren. N.Idrbl., 1898, nr. 1, «Til abonnenterne». Bladet fekk eigen annonsedel aller først, og reklame også i ein seksjon bakerst. Dette var ikkje heilt ulikt kva dagsaviser også kunne tillata seg, så som venstreavisa Bergens Tidende gjorde i mange år.

ekte bilete frå sveva i Holmenkollen, og frå skiløypa i Nordmarka. Somme av desse var tekne av profesjonelle fotografar. Til jolenummera bad redaktøren eksplisitt ombidrag frå «amatørfotografer». Det fanst altså eit omgrep om ‘amatøren’ i samband med denne kunsten eller verksemda, men som ikkje skal oppfattast med same honnør som idrettsamatøren, og den Th. Thorkelsen, til dømes, som hadde fotografering som yrke, var heller ikkje i miskreditt på nokon måte.¹⁰⁸³

I dette kapittelet skal eg nytta Wergelands jubileum til å vurdere virket hans under eitt, og korleis det eventuelt utvikla seg. Kva eg særleg skal forsøka å skriva fram, er det nasjonale draget som amatørskiløparen fekk hjå han – og slik i norsk idrettsoffentlegheit. Men eg skal også bruka ein heil del plass på omtalen av sykkelsporten i Norsk idrætsblad, og andre stader. Amatøren som idealfigur vart etter kvart på 1890-talet konstituert av ei motsetning mellom den stadig meir forringande sykkelsporten der ute, og den reine snøen her heime.

Den stusslege sporten

Sjølv om Wergeland altså blei halden litt i taumane av tilsynskomiteén, var det særleg éin idrett han kom med harde utfall mot, og stadig sterkare utover 1890-talet. Han syntest sykkelsporten var køyrd i grøfta i mange land; det gjeld både Frankrike, Tyskland, og Danmark. Ryttrarane var ofte betalt av ein fabrikant for å manøvrera slik eller sånn, og sjeldan gav dei full innsats før heilt på slutten av raca.¹⁰⁸⁴ Kritikken var på éin måte paradoksal. Sykling var den sporten som aller først heldt seg med amatørreglar i Norge. Wergeland hadde sjølv vore medlem i Kristiania Velocipedforening, og dei to han hadde med seg i styret i Kristiania skiløberforening (Pay, Bjerknæs), var også ivrige syklistar. Wilhelm Henie hadde vore ihuga bidragsytar til Norsk idrætsblad først på 1890-talet: Han blei den aller første verdsmeister frå Norge, dette i 100 km banesykling i 1895. Endå meir påfallande, kanskje, var at sykkel den annonseartikkelen som Norsk idrætsblad sjølv trykte flest av omkring århundreskriftet. Idrettsbladet kunne for så vidt trykkja anerkjennande sykkelreferat også, og prenta bilete av aldri så krumbøygde ryttrarar (så som norgesmeisteren frå 1898, Axel Gresvig), og hadde alliert seg med ein eigen medarbeidar då Henie skulle forsvare verdsmeistertittelen sin i København i 1896. Men bladet skreiv veldig lite om at Henie faktisk blei diskvalifisert – fordi den internasjonale sykkelkongressen (ICA) hadde funne ut at han måtte reknast som profesjonell, etter å ha late eit litt lenger hotellopphald i Amsterdam i 1895 bli betalt for seg av arrangøren. Dagbladet og Morgenbladet gjorde mykje

¹⁰⁸³ N.Idrbl., 1897, nr. 38, ber om bidrag frå amatørfotografar (som er eit uttrykk eg kjenner igjen frå svenske og amerikanske blad) til jolenumeret. Th. Thorkelsen stod som medlem i Skiforeningen rundt årsskiftet 1898.

¹⁰⁸⁴ N.Idrbl., 1898, nr 1, og nr 11, samt nr. 22, og nr. 43. Sjå også årgangen 1900, og nummera 17 og 18.

større nummer av desse tildragingane, der godt mogleg den nederlandske representanten som fekk Henie stengd ute, var den same som hadde betalt for han i Amsterdam(!)¹⁰⁸⁵

Wilhelm Henie kan seiast å ha opplevd den første kontroversielle amatørdommen i norsk samanheng. Ikkje berre med vår tids augo synest han som eit urettmessig offer for stivbeinte reglar og håplause paragrafryttarar. Den 3. september 1896 hadde Morgenbladet ein lengre artikkel om bakgrunnen for at Henie blei diskvalifisert, eller fråteke amatørverdigheita, som det også kunne heita. Avisa refererte ei Københavnavis som fortalde at den nederlandske skøytepresidenten (Netscher) sågar hadde invitert Henie til bli nokre dagar ekstra i Amsterdam, etter eit sykkelstemne der. Godt mogleg var Henie sjølv kjelda for denne samanhengen, til den danske avisa. Likevel. Morgenbladet slutta i alle fall slik for sin del: «Men er Forholdende saaledes, saa ved vi ikke, hvorledes man rettest skal karakterisere Netschers Optræden, naar det netop var ham, der benyttede sin Viden om dette Forhold til at faa her Henie stemplet som Professionist.» Avisa hadde nesten ikkje ord.¹⁰⁸⁶

Rett nok fylte Norsk Idrætsblad ut nokre detaljar om dramatikken i København noko seinare. Henie hadde, i den augneblinken han skulle kle seg om til start, blitt stogga av sekretæren i ICA. Han var då, ferdig oppvarma og spent i heile kroppen, må vi tru, blitt «erklæret for professional». Referenten til idrettsbladet beklaga, om enn i dempa former, at Norge ikkje hadde nokon utsending til ICA-kongressen. Henie hadde såleis ikkje hatt høve til verken å forsvara eller forklara seg. Om haldninga til redaktøren sjølv pipla fram i seinare notisar, i den same beklagande tonen, var likevel formatet på merknadene påfallande små.¹⁰⁸⁷

Tillat meg ein meir generell politisk merknad, sånn ent passant. Ein kan kanskje illustrera ønsket om eigne konsulat i utlandet med denne konkrete episoden. Nordmenn hadde relativt få kontaktar og representantar å hjelpa seg med i utlandet. Dette gjeldt nok først og fremst sjøfolk, og handelsomsyn i det større biletet, men det kan likevel nemnast at til dømes den norsk-svenske konsulat-sekretæren Wedel Jarlsberg (i Wien) mykje var den som skunda på og breidde ut kjennskapen til norsk skiløping i Austerrike. Meir om han om litt.

¹⁰⁸⁵ VM opna i København laurdag den 15. august. Nummer 33 av Norsk idrætsblad, som kom ut torsdag den 20. august 1896, hadde ingenting om stemnet, og ikkje eitt ord om Henie gjorde det godt eller dårleg. Men i neste nummer, den 27. august, kunne i ein nokså bortgøymd artikkel røpa kva som hadde skjedd med han, endå om referatet (signert «Cmp») var ordknapt, og berre fortalde om den første meisterskapsdagen. Ein måtte altså lesa dagsavisene om ein ville følgja konkurransane og hendingane tettare innpå. Dagbladet rapporterte i eit telegram søndag 16. august at delegatane i det internasjonale sykkelforbundet (ICA) på kongressen i København hadde nekta Henie å stilla til start – like før meisterskapen skulle begynna. Morgenbladet kunne same kveld (i eit «specialtelegram») fortelja at han var blitt diskvalifisert på grunn av amatørbestemmingane. Beviset mot han skulle vera ei hotellrekning i Amsterdam. For Henie var det ikkje aktuelt å stilla som professionist, sa han sjølv. Då ville han heller leggja opp (noko han også gjorde, til han gjorde eit comeback i 1899).

¹⁰⁸⁶ Morgenbladet 3. september 1896, nr. 509.

¹⁰⁸⁷ N.Idrbl., 1896, nr. 35, s. 280. I seinare nummer pipla det vel fram at redaktøren i Norsk idrætsblad også meinte dommen var urettmessig, om enn det var på notisplass, i nr 35, 36, 37. Ein notis i *Tidning för Idrott*, 1896, nr 36, s. 331 stadfestar versjonen til dei norske avisene, og legg til at den svenske delegaten (frå Malmø) hadde halde seg nøytral i denne saka.

Noko av forklaringa på kvifor merknadene om Henies diskvalifikasjon var så lågmælte i Norsk idrætsblad, i alle fall målt med mine journalistiske og redaksjonelle auge i dag, kan ligga i den viraken som Fridtjof Nansen skapte då han kom til Vardø seinsommaren 1896, og korleis alle aviser rydda plass for referat og telegram om ekspedisjon med (og utan) Fram. Noko kan ligga i at dagsavisene var vel så raske med telegram, og ekstra-telegram, til sine ulike dagsutgåver. Men noko kan også ligga i at Henie blei kritisert for å spekulera for mykje i sluttspurten åleine, også han, og at han slik drog med seg utidig praksis frå dei meir profesjon-smitta landa utanfor og sør for Norge. Henie var både offer for merkelege amatørbestemmingar, slik delar av norsk idrettsoffentlegheit såg det, og på same tid skulda av både Norsk idrætsblad og Morgenbladet – og av lesarinnlegg i dei same trykksakene – for å vera ein som braut amatørkodane for god framferd på idrettsbanen. Henie stod for «unobel optræden», heitte det. Han tok ikkje *i* som ein ekte amatør skulle.¹⁰⁸⁸

I tillegg var det unekteleg slik, at Wilhelm Henie på denne tida var ein fullblods forretningsmann. Ein korrespondent for avisa *Agder*, som hadde laga reisebrev frå Kristiania denne sommaren, kunne fortelja om kor pryda og kor tiltrekkande butikken hans i Prinsens gate var. Der stod verdsmeistersykkelen hans utstilt, og alle premiane han hadde vunne dei siste åra, diamantringar og kaffeservice og pokalar i sølv, truleg til ein verdi over 15 000 kroner, ifølgje korrespondenten. Kanskje var det ikkje ein bestemt amatørparagraf som nekta ein utøvar å stilla ut premiane på denne måten. Ein må likevel kunne seia dei gagna forretningane hans. Og dét var ikkje akkurat *tanken med* premiar.¹⁰⁸⁹

I 1898 retta Wergeland skytset mot heile den norske sykkelsporten, og dei tendensane til lure- og sakesykling som han hadde sett også her heime. Artikkelen «Kapritshumbug» skreiv han framfor eit ritt på Bygdøy – der han ville ha innført både maksimaltider og mykje strengare vilkår for premiering. Sjølv medaljar var problematiske i denne samanhengen, syntest han. Dei blei delt ut på grunnlag av eigentleg tarvelege prestasjonar som såleis leia amatøren inn på det første steget mot «professionismen». Han skreiv:

Det kan ikke andet end lamme hans æresfølelse dette, at han faar sig honoreret en bedrift, som han saa godt forstaar intet er værd, fordi han saa inderlig vel ved, at

¹⁰⁸⁸ Sjø N.Idrbl., 1896, nr. 22. Innsendaren skreiv: «Skal i vore amatørklubber ikke æren sættes høiere end gevinsten, saa vil det snart være umuligt for gentlemen at være medlemmer af disse.» (Signert «En gammel velynder af al sund sport.» Morgenbladet trykte innlegget til sitt bryst, må ein nesten kunne seia, i kveldsnummeret den 2. juli 1896, nr. 387, og kalla det ein berettiga («beføiet») kritikk. Seinare kritikk, frå 1899: Både innsendaren «Senior» og «Spectator» ytra seg etter dette kritisk til Henies manøvrar. Før, heitte det av «Senior», då Henie sykla i sine glansdagar, dreiv han ærleg kamp med oppofrande innsats for farten og innsatsen i det heile, «hans ridt var præget af «amatørisme»», og han fryda seg som tilskodar over dette. Men no var han tilsvarende skuffa. Henie klarte ikkje halda farten, og pressa seg inn mellom to andre, og skapte stor fare for dei. «Det minder hverken om nobel ridning eller kameratslighed ligeoverfor sine konkurrenter, hviket man af en amatør fremforalt maa kunne forlange.» N.Idrbl., 1899, nr 24. «Spectator» var endå meir arg på tendensen til å luresykla det meste av rittet, og den altfor sterke konsentrasjonen mellom syklistane om spurten og det å slå konkurrenten. N.Idrbl., 1899, nr 25.

¹⁰⁸⁹ *Agder* (og *Flekkefjords Tidende*), laurdag 18. april 1896.

hvilkenksomhelst 8-dagers øvet nybegynder, selv om denne saa baade var skak, skjæv, halt eller pukkelrygget, vilde have kunnet ride hurtigere end han gjorde for præmien.¹⁰⁹⁰

I eit seinare nummer gjentok han poenget og oppfordringa om maksimaltid (for å kunna få premie). Berre slik, meinte han, kunne ein ved kappritt sikra fair amatørsport, «i hvilken, ialfald tilsyneladende, hver mand gjør sit bedste – rider saavidt han aarker».¹⁰⁹¹ Wergeland forstod amatøreren slik at han sneik seg ikkje unna slitet. Moralsk og idealistisk sett ofra den ekte amatørfiguren seg for innsatsen. Han var ikkje feig, og han var ikkje kynisk eller slapp. Kritikken hans botna såleis i etisk fundamenterte amatørforestillinger. I mindre grad var dei estetiske, slik som Centralforeningen og kaptein Seeberg på denne tida kan seiast å forstå stoda. Sekretæren og offiseren var uroa av det krumbøygde over sykkelstyret, på same måten som han ynka seg over den framoverlente i skøytesporten. Redaktøren var derimot mest oppteken av den *moralske* haldninga.

Godt mogleg var det soga om Axel Paulsen som spøka i bagrunnen. Wergeland førte i alle fall vidare den linja redaktøren Petersen hadde staka opp.

Hjulrytteren

I mars 1899 kunngjorde eit nytt sportsblad i Norge. Sjølv om det innholdsmessig dreia seg om ein annan idrett enn dei to eg har valt å konsentrera meg mest om, skal eg gjøe heller stutte publikasjonen noko plass her. Utgjevinga røper noko av den konkurransesituasjonen som Norsk idrætsblad stod i, og korleis idrettsoffentlegheita vart prega av spenningar sportane i mellom. *Hjulrytteren*, som vel namnet røper, tok mål av seg å bli fagorganet for alle sykkelinteresserte i landet. Eit slikt blad var veldig vanlege elles i Europa, heitte det i første nummer, og dessutan, som seinare nummer antyda, tykte redaktøren – Lyder Strøm – at sykkelsporten blei noko stemoderleg behandla, både av Norsk idrætsblad, og av Centralforeningen. Lyder Strøm var translator av yrke, og sekretær i Kristiania Velociped-Klub.¹⁰⁹²

Logoen var iaugnefallande nok: to banesyklistar krumbøygde over styret, rasande på ein bane rundt heile kloden. Dette var nettopp den runde ryggen som Centralforeningens mange menn mislikte, både av helsemessige og estetiske grunnar. Truleg litt av denne grunnen kunne Hagbarth Wergeland i N.Idrbl. fortsetja med kva tilsynskomiteen kalla «agg», no nærmare bestemt mot namngjevne utøvarar i vårkappritt på velodromen på Bygdøy, og spesielt mot presidenten i Kristiania-klubben. Attåt dette låg det nok ei eiga konkurranseflate mot det nyetablerte bladet som kan forklara noko av antipatien Wergeland nära mot heile sykkelsporten

¹⁰⁹⁰N.Idrbl., 1898, nr. 22.

¹⁰⁹¹Han la til ironisk at engelskmennene gjorde dette; då måtte det gå an for nordmenn også. N.Idrbl., 1898, nr 43.

¹⁰⁹²Hjulrytteren blei trykt kvar 14. dag, og talde 8 sider attåt reklamen. Kristiania Velociped-klub, der ein mann med namn Paul Tillier var president, gav bladet finansiell støtte, men hadde også eit slags tilsyn med redaktøren og profilen i bladet.

no. Tonen mellom idrettsblada var ikkje akkurat prega av eit ønskje om sakleg debatt og opplysning, ikkje av det åleine, i alle fall. Ikkje var tonen mellom innsendarar alltid roleg heller. Typisk nok var det dei to konkurrentane Gresvig og Henie som utgjorde dei ivrigaste, men ganske ampre debattantane og nesten kamphanane i spaltene til Hjulrytteren hausten 1899.¹⁰⁹³

No hadde også Hjulrytteren ein tilsynskomite; namna blei kunngjort i nr 1, andre årgang (1900).¹⁰⁹⁴ Ved inngangen til den tredje årgangen (1901) fortalte redaktøren at støtten frå Kristiania Velocipedklub no skulle opphøyra. Heretter skulle bladet koma ut i fridom, som han uttrykte seg. Og han skreiv: «Thi, hvor lidet end klubben har forsøgt at influere paa avisens redaktion, har vi dog altid siddet med følelsen af en tilsynskomites store uhyggelige øie over os. Vi har egentlig aldri faat tat bladet fra munden og snakket red ud fra leveren». ¹⁰⁹⁵

Omsynet til sporten sjølv skulle heretter vera det einaste programmet til avisa. I 1901 kom så Hjulrytteren ut med berre tre nummer – før bladet gjekk inn. Dette kan illustrera det dilemmaet som idrettsblada stod i; mellom idealisme, fri meningsutveksling og sanningssøking på den eine sida, og omsyn til abonnementsmengd og eigarkrav og økonomi på den andre sida. Kva Lyder Strøm i Hjulrytteren erfarte med sin tilsynskomite, i alle fall etter dette ovannemnde sitatet å dømme, treng sjølv sagt ikkje dekkast stoda for Hagbarth Wergeland i Norsk Idrætsblad. Det kan likevel stå som ei påminning om at ikkje alt av stoffutval og meningsinnretning kan lesast utifrå ein edel intensjon åleine. Sider skulle fyllast, og trykkeriutgifter skulle dekkast.

Avsnittet kan avrundast slik: Ein ting var å forsvara amatørskap i idretten. Ein annan ting var å leva etter det i bladdrifta sjølv.

Rein som snø

Amatørsykkelsporten var befengt med hykleri og med altfor mange pengeomsyn. Skøytesporten sleit også med legitimiteten som amatøriddrett, slik mange utanlandske løparar låg på treningsleir i lange periodar. Maraton blei skipa til med pengepremiar og fellesstart i Frankrike. Dei olympiske leikane var kanskje eit forsøk på å gjenoppvekka den antikke greske amatørismen, men Norsk idrætsblad trudde utviklinga raskt ville gå mot profesjonisme etter den strenge definisjonen som rådde her heime. Då tenkte ikkje redaktøren nødvendigvis på dei

¹⁰⁹³ Hjulrytteren, 1899, nr. 15, og nr. 16.

¹⁰⁹⁴ Den eine var disponent (Einar Fossum), den andre grosserar (J. Schærve). Frå nr 1, årgang 1900, tok også Trondhjems Velociped-Klub Hjulrytteren som sitt medlemsorgan

¹⁰⁹⁵ Hjulrytteren, 1900, nr. 15. Av ref frå genforsamlinga i same nr. går det fram at eit par medlemmer ikkje var særleg begeistra for bladet.

fastsette amatørreglane, men den edle ånda som rådde mellom «vore lørdagstrænedede sportsmænd».¹⁰⁹⁶

Fanst det då nokon idrett som makta å halda amatørverdigeita skikkeleg i hevd, slik Hagbarth Wergeland såg det?

Ja, må ein kunne seia. *Skisporten* fekk meir og meir denne funksjonen i heile den norske idrettsøffentlegheita gjennom 1890-talet. Skisporten her heime blei sagt å vera ubesmitta av utlandet, av sivilisasjonen, av grådigeita og artisteriet. Dette gjeldt både i Norsk idrætsblad, og i andre fora. Ideen om at skiløpinga var spesielt norsk, var sjølvstekt ikkje ny. Men på 1890-talet fekk denne førestillinga endå meir kraft via det magnetfeltet som amatørismen kunne seiast å representera. Dynamikken verka også den andre vegen: Amatøren fekk ekstra tyding eller verdi fordi han blei sagt å vera norsk.

I 1896 blei Karl Roll, sekretæren i Skiforeningen, beden av Centralforeningen om å dra til Austerrike for å både bivåna korleis skisporten hadde slått rot i Alpane, og syna fram korleis ein dreiv denne vinterkunsten på norsk vis.¹⁰⁹⁷ Han måtte forsikra seg først, skreiv han i eit reisebrev i Norsk idrætsblad, at skiidretten blei driven i tysktalende område «paa samme noble maade som herhjemme, og ikke [at man] betragtede skiløberne som akrobater».¹⁰⁹⁸ I rapporten til Centralforeningen uttrykte han seg endå tydlegare: «Da jeg havde faaet vished for, at det var paa den samme noble, amatørmaessige maade som herhjemme – uden professionistisk eller akrobatmaessig præg, besluttede jeg mig med glæde til at reise.»¹⁰⁹⁹ I dette «noble» låg at ein ikkje berre premierte for lengste hopp i tevlingane i Alpane, men for stil og for god haldning, og at det var plass for langrenn mellom øvingane også. Som ein ser, var det akrobatiske den klare og nesten definerande motsatsen. Men «herhjemme» var også det normative utgangspunktet.

Det same året 1896 gav Fritz Huitfeldt ut ei bok om skisporten, *Lærebog i skiløbning*. Det var berre tre år etter Laurentius Urdahl hadde gjeve ut boka *Haandbog i Skiløbning*, anten ein no vil oppfatta førstnemnde som ein rival til eller ei utfylling av den andre boka. Norsk idrætsblad omfamna boka varmt, og trudde ho ville vekka gjenklang også langt ut over landets

¹⁰⁹⁶ N.Idrbl., 1896, nr 24, s. 192. Sportsbladet spurde seg kor vidt Norge burde ha stilt med mannskap i dei olympiske leikane, og korleis dei i så fall ville ha gjort det. Berre for å ha vist at nasjonen og landet fanst, skulle Norge ha kjent vitjingstida si her, meinte redaktøren. Ved neste høve, som var sett til Paris i år 1900, kom konkurransen garantert til å bli hardare. Dette endå om tanken med OL var å vekka den reine idrettsånda verkeleg til live, eller som Wergeland skreiv sjølv: «Naturligvis vil disse lege, hvis formaal er den rene amatørismens gjenreisning, alligevel blive[...] et sportsstævne for professionismen efter den strænge definition, som gjælder hos os.»

¹⁰⁹⁷ Legg merke til at Jonas Holmen tok del i stort renn i Austerrike i 1894. Og vann. Dei var tre frå klubben Lauparn som brakte Norge heder for «uknækkelige kraft, seighed og udholdenhed», N.Idrbl., 1895, nr. 1., 1895.

¹⁰⁹⁸ Det var Eyvind Roll, ein yngre bror, og Karl Roll, begge frå Ull og for Centraforeningen utsendt, som tok del. Skisporten i Austerrike var ifølgje Roll påskunda av konsulatsekretær Wedel-Jarlsberg.

¹⁰⁹⁹ Centralforeningen, 1896, s. 79-86.

grenser.¹¹⁰⁰ Her skreiv Huitfeldt nokre avsluttande merknader om korleis ein ikkje måtte kasta bort tida med eksperiment som likna på kva ein gjorde i skøyteløping og sykling («velocipedridt»), «spesielt med Tanke paa Udlandet», som han formulerte seg. Ein måtte ikkje laga eigne små stadion for skiløpinga, men hugsa på at utøvinga av skiløpinga var ubegrensa, på kryss og tvers, i skog og på fjell. Det var denne fridomen som gjorde denne idretten så storslagen. For å konkretisera kva han tenkte på av villfaringar, refererte han eit innlegg han hadde lese i ei avis for lenge sidan, der ein «Udlænding» hadde føreslått å laga ein bane for skiløping, der ein kunne ta tida, og innføra rekordar, og vidare kategoriar som «Mesterløber, Mesterskapspris, Champion, Amatør og Professionist». Kan ein tenkja noko så absurd, spurde Huitfeldt retorisk. «Væk med den Slags, her i Norge vil vi kun kaldes *Skiløbere*.» (kursiveringa er ikkje mi).¹¹⁰¹ Denne totale avvisinga av klasseinndelinga «Amatør og Professionist» tydde ikkje at Huitfeldt ikkje var prega av ein amatørforestilling i moralsk forstand. Han hadde byrja avsnittet med kor viktig den kombinerte øvinga var. Og han avslutta boka si slik: «Lad der i det mindste være en Idræt, som ikke besmittes af urene Hænder, og lad vore stolte og nationale Idræt være ligesaa ren som den Sne, hvorover vi glider.»¹¹⁰²

I sum: Skiforeningen, snøen og terrenget i Norge garanterte for ein idrett som var både uavhengig – og rein.

Hygiene

Det *reine* her synte godt mogleg til ein heilt eigen tematikk; som går utanom dei kategoriane eg har etablert av det moralske og det estetiske og det politiske, og for så vidt det juridiske. Karin Wikberg streifar i svensk samanheng kva ho kallar eit «renhetsideal» i samband med amatørskapen i idretten. Sjølv nyttar ho ordet «snøhvit amatør» om dei ideologane som forlanga streng etterleving av reglane, noko som nesten må kunna kallast ei freudiansk forsnakking i denne samanhengen.¹¹⁰³ Stilt som spørsmål: Kan denne reinheits-ideen seiast å forklara den «drakoniske» regelen om at amatøreren ikkje skulle ha konkurrert med den profesjonelle? Han kan i alle fall gje meining til den karantene-bestemminga som fanst for ulike idrettsgreiner: Var ein borte frå idretten ei tid, kunne ein profesjonell eller betalt løpar koma tilbake som anerkjent amatør igjen. Slik var det både i svensk, og i engelsk og amerikansk samanheng, og slik var internasjonalt i skøytesporten også.¹¹⁰⁴ Den gamle meisteren, og profesjonelle løparen, Harald

¹¹⁰⁰ N.Idrbl., 1896, nr. 48.

¹¹⁰¹ Huitfeldt synte truleg til innlegget Hubert M Gepp skreiv i N.Idrbl., 1887, nr. 37, s. 258-259, der han forsvarte ein tidlegare artikkel om det same emnet i «*The Field*».

¹¹⁰² Huitfeldt, 1896, s. 62. Den siste pengepremien i Skiforeningssamanheng var sett opp av ein privatperson (50 kr) «for længste staaede hop» i 1884. Sjå Skiforeningen, 1894 s. 53. Denne premien blei sidan kritisert av slike som Axel Huitfeldt.

¹¹⁰³ Wikberg, 2005, s. 93.

¹¹⁰⁴ I Sverige, i reglane til det Gøteborg-baserte Svenska idrottsforbundet (1895), var karantenetida sett til minimum 1 og maksimalt 3 år. Bladet *Sport*, som hadde redaksjon og base i same byen, støtta elles stramme amatørreglar, og meinte at

Hagen søkte til dømes hausten 1899 det internasjonale skøyteforbundet om å få tilbake amatørstatusen sin. Norsk idrætsblad hadde her vore til god hjelp, ved å både trykkja reglane (nye i 1895, reviderte i 1897), og ved å konkludera om at det var det nasjonale forbundet som bestemte om Hagen kunne bli anerkjent som amatør igjen. Redaksjonen meinte det var grei skuring: Hagen hadde jo ikke tevla i kappløp sidan 1894 (i Zwolle).¹¹⁰⁵

Synd

Ein kunne vel tenkja at det var noko religiøst over omgrepet 'rein', i alle fall gammaltestamentleg, om reinheitsreglar, og om synd. Slik heiter det i omsetjinga i 1882 av det som då blei kalla *Begrædelsers Bog*: «Hendes Naziræere vare renere end Sne, klarere end Melk[.]» Eller litt lettare i 2011-versjonen på nynorsk: «Dei innvigde i folket mitt var reinare enn snø, meir skinande enn mjølk.»¹¹⁰⁶

Tor Bomann-Larsen (1993) er halvvegs innom slike assosiasjonar i omtalen sin av Fritz Huitfeldts bok. Men her inntar så Rune Slagstad ein faderleg posisjon, ovanfor både den eine og den andre, og skriv: «Huitfeldt var også han et barn av sin tid, og hos ham ble den religiøse retorikk (skisportens «Vanhelligelse») sammenvevd med den hygieniske («en Idræt, som ikke besmittes af urene Hænder». Slagstad meiner at prosastilen i samtida var høgstemt og sakral. Då er det samstundes kanskje ikkje så mykje meir å seia om den saka?¹¹⁰⁷

Men Slagstad meiner nok ikkje heilt det, heller. Han peikar fleire stader på kva merksemd ein hadde i siste tiåra av 1800-talet om *hygiene*, i litteraturen, i skuleverket, og i medisinen. Bakterien var blitt oppdaga, og smittetanken breidde om seg. Slik skreiv Wilhelm Baastad i 1898, grosseraren og den første formannen i Norsk idrætsforbund (tenk friidretten): «Det er sandelig glædeligt, at professionismens smittestof ikke er trængt ind i vor herlige, nationale skisport, og gid det altid maatte lykkes at holde den ude.»¹¹⁰⁸ I eit seinare nummer av den same årgangen gav landbruksskulelæraren Paul Øvergaard referat frå eit skirenn på Lunde, Telemark. Han ytra seg heilt ganske likelydande om skyggesidene ved profesjonismen

Stockholmsrivalen *Tidning för Idrott* var altfor militært prega, og at Victor Balck tok for lett på den særskilte amatørproblematikken som gjeldt, eller etter bladets syn burde gjelda, offiserar. Sjå Wikberg, 2005, s. 79. *Ny Tidning för Idrott*, 1901, nr 44, s. 593, har eit svært interessant innlegg av den kjende kunstløparen Ulrich Salchow. Han meinte at dei revideringane av amatørreglementet som kom på den femte internasjonale skøytekongressen (i Berlin 1901) var altfor firkanta, og dessutan juridisk tvilsame ved å gje tilbakeverkande kraft til året 1893, og dessutan å ikkje ha nokre bestemningar eller vedtak om gymnastikk- og fekteinstruktørar, som såleis fekk ha sine privilegium i fred, slik Salchow såg det. Victor Balck, redaktøren også av *Ny Tidning för Idrott*, var også president i det internasjonale skøyteforbundet (1895-1925).

¹¹⁰⁵ N.Idrbl., 1900, nr. 1, s. 5, og same årgang, nr. 2, s. 17. I same årgang nr. 3 fortel notis at styret i Norsk Skøyteforbund har godtatt søknaden.

¹¹⁰⁶ Sjå *Klagesongane* kapittel 4, vers 7. «Naziræer» var ein som hadde vigd heile livet sitt til Gud/Jahve med askese og såleis reinheit. Dei meir moderne omsetjingane av Bibelen (frå 1930 og utover) kan søkast opp på bibel.no, nettstaden til Bibelskapet i Norge.

¹¹⁰⁷ Slagstad, 2008, s. 272-273.

¹¹⁰⁸ Ein idrettsven av Baastad hadde visst skrive om skøytesport og annan idrett i Ørebladet under tittelen «Professionist-amatør, hvad er forskjellen?» Og så kom Baastad med sine refleksjonar i Norsk idrætsblad, 1898, nr. 3, s. 39-40.

og det å berre tevla for spekulasjonen og premiane: «Skisportens banner bør være ligesaa ren, som den sne, der betinger den nobleste af alle idrætter.»¹¹⁰⁹

Bakom her, frå seint 1700-tal av i Europa, var hygiene blitt forbunde med meir aktive handlingar – så som som bading. I stadenfor at ein skulle dekkja kroppen til, blei bading nøkkelen til reinhet; og gjerne i kaldt vatn, slik at ein herda kroppen og karakteren også. «Cleanliness», skriv sosiologen Deborah Lupton – altså reinheit med mi omsetjing – skifta verdiar frå framtoning til annan konsentrasjon om helse, vigør, styrke, nøkternheit og moral.¹¹¹⁰

Viss ein vil tala om diskursar og disiplinering her, kan ein kanskje seia at den militært forankra disiplineringa av kroppen blei frå slutten av 1800-talet utfordra av eit hygienisk disiplineringssprosjekt med legane i førarrolla no. Andre talar om «biologismens storhetstid» i venstrestaten (1884-1940). Eliten i Norge hadde i mangt ei naturaliserande forståing av mennesket og samfunnet i denne perioden. Alt dette er trekk som Slagstad sjølv peikar på.¹¹¹¹ Kva ein i alle fall kan merka seg, var at dei tre møta som Det medisinske Selskab heldt i Kristiania hausten 1891, dei som Ola Holen refererte frå (der mellom anna Nansen hadde halde innleiing), hadde som overskrift og tema: «Vintersportens hygienske betydning.»¹¹¹²

Samla sett: Snøen var med å garantera for at (ski)idretten var spesielt edel i Norge; snøen var kvit, og snøen syntest rein. Det kan høyrast enkelt ut, men samstundes også iaugnefallande.

Dette naturdraget ved amatørøen, om ein kan karakterisera det slik, stundom også knytt til høgfjellet og til den ubesmitta, reine lufta der, finst i fullt monn dyrka i den talen som skiforeningsformann Emil Roll heldt i 1895, gjengjeven i sin heilskap i Morgenbladet.¹¹¹³ Nansen var også glad i slike førestillingar, som boka frå Grønlandsferda (1889) hadde synt.

Eg vil heller ikkje underslå kva nasjonal retorikk eller diskurs det låg over, eller under, eller i denne reine snøen. Den nærmast akutte nasjonale dimensjonen i norsk politikk og kulturliv omkring hundreårskiftet lada amatørførestillinga om skisporten endå meir. Amatørøen,

¹¹⁰⁹I mangel av nettopp Holmenkollrenn var tilskipingar i Telemark kanskje dei mest ideologisk tydingsfulle denne vinteren 1898. Frå eit landsrenn på Lunde hadde bladet trykt bilete og ein fyldig tekst, og referenten («P.Ø.» = landbruksskulelærar og hoppdommar Paul Øvregaard) beklaga at ikkje fleire Kristianiafolk (enn Oluf Berg) hadde teke turen. Han skreiv at innsatsen til telemarksløparane i det heile og samla var lovande. Som den oppdragaren han var av yrke, la han til ei åtvaring til dei samme skiløparane om at det ikkje var for premien dei tevla, og at dei ikkje måtte «lade det udarte til ren spekulasjon i disse, men holde skisportens fane høit og ren og lade de andre sportsgrene være ene om professionismens skyggesider.» Det var noko eige og eksklusivt med skisporten slik: N.Idrbl., 1898, nr. 14, s. 215-216.

¹¹¹⁰Lupton, 2003, s. 37. Lupton sjølv baserer seg her mykje på Georges Vigarello, *Concepts of cleanliness: changing attitudes in France since the Middle Ages*, frå 1988, skriv ho. Eitt norsk døme på kor viktige kalde bad blei, finst i treningsråda for roarar i Norsk idrætsblad, 1883, nr. 9, framsida.

¹¹¹¹Sjå Slagstad, 2008, s. 236 og utover for den første tolkinga, og Kjeldstadli, 1999, s. 149 og utover for den andre.

¹¹¹²Sjå Slagstad, 2008, s. 236-237 for tolkinga hans av denne debatten.

¹¹¹³Morgenbladet 21. feb. 1895, nr 97.

rein og kvit, fann ein først og fremst i Norge. Ein hadde bruk for amatører, sånn sett. Amatøren i Norge blei sagt å ha politiske sympatiar og ambisjonar, om kanskje ikkje akkurat *framfor alt*.

Lat meg understreka dette: Konteksten av unionsstrid med Sverige særleg i åra 1895-1905 gjorde amatørforestillinga motivert og definert også av *politiske* dimensjonar, i norsk idrettsoffentlegheit. Ein tok i bruk den snøkvite amatører i og til denne dristige fasen av nasjonsbygginga, rett og slett.

Mangelen på snø

Sjølv om breiddegradene kan henda var på nordmannen (og svenskane) si side vinterstid, og snøen var aldri så rein og lys frå himmelen, var ikkje det nokon garanti for *at* han kom. I 1896 blei langrennet avlyst, og ingen Holmenkollmedalje delt ut, sidan Skiforeningen berre fekk laga i stand hopprennet. I 1898 blei heile Homenkollrennet rett og slett avlyst. Det var første gong i den 20-årige historia av Husebyrennet og Holmenkollrennene at ein hadde måtte ta både hopp og langrenn av plakaten. Då styret tok den endeleg avgjerda 28. februar, var det kome nok snø til i alle fall å laga hopprenn, men Skiforeningen ville noko meir enn berre å realisera alt som var planlagt og avtalt og såleis tenkja på sin eigen økonomi. Skiløparane hadde ikkje fått øvd seg på ski gjennom heile vinteren, i alle fall ikkje byløparane.¹¹¹⁴ Dermed ville rennet bli så mykje mindre av ei oppvisning av dugleikane deira. Holmenkoll-derbyet kunne risikera å få preg av butikk. Som styret skreiv i den endelege bestemminga, rykka inn i dagsavisene i Kristiania den 2. mars 1898:

Naar det nu alligevel er gjort, saa har hensynet til vore skiløbere, deres mangel paa øvelse denne vinter, og til idrætten selv været det bestemmende. Man har derved – hvad der vel ikke veier mindst – villet bidrage til at give disse stevner deres rette præg, idet humbug og geschäftsmageri saaledes søges stængt ude fra vor idræt.¹¹¹⁵

Skiidretten handla om mykje meir enn inntekter og pengar for arrangøren Skiforeningen. Holmenkollrennet skulle stå i ein eigen glans, slik arrangøren sjølv forstod det – av edel og skikkeleg amatøriddrett.

«Den største præmie»

Vinteren 1900 – som endeleg var ein snørik og arrangementsmetta vinter – var den aller største helten i Holmenkollen for Norsk idrætsblads redaktør ikkje den Paul Braathen som vann for

¹¹¹⁴ Først i mars kom ein del klubbar i gang med renn; skiklubben Ask hadde hopprenn, og Bærum skiklub, og Bodø og omegn idrettsforening. Ein heil del av dei sette opp premie til lengste ståande hopp, medan andre var meir lydige mot Centralforeningens ideal og gav ekstra premie for «smuk holdning og god skiføring». N.Idrbl., 1898, nr. 12; og sjå også nr. 11, og nr. 17.

¹¹¹⁵ Sjå Skiforeningen, 1898, s. 21.

andre året på rad,¹¹¹⁶ men ein meir anonym Martin Bergendahl som hadde falle i begge hoppa sine, og som stod att utan premie etter den kombinerte konkurransen. På ski heim til Sørkedalen etter langrenn, om lag ved Tryvann, hadde denne ungdommen støytt på ei tysk dame som hadde brote beinet sitt på skitur. Dei to tyske herrane som var med på turen, ektemannen inkludert, hadde ikkje kunna hjelpa henne. Bergendahl tok då henne resolutt på ryggen, og bar henne opp den svært bratte kleiva til Tryvannshøgda, og ned att til Øvresæter. Der fekk ho skyss til sanatoriet.

Dei tyske herrane hadde vore brave nok til å skriva ein utførleg rapport om hjelpa og skiferda hans til Skiforeningen. Denne blei så lesen høgt på premieutdelinga, til rungande mange hurra-rop. Bergens Adressecontoirs Efterretninger trykte sjølve brevet, og minst ni andre aviser, Romdals Amtstidende og Tromsøposten mellom dei, fortalde om den kjekke og mandige dåden.¹¹¹⁷

Det er tvilsamt om Bergendahl var tilstades under premieutdelinga, men han kunne i alle fall lesa hyllinga også i Norsk idrætsblad, viss han heldt det bladet. Redaktøren visste nesten ikkje om nokon brattare stigning i Nordmarka, og nokon gjevare dåd på ski, skreiv han. Bergendahl hadde løfta skisporten så imponerende høgt, og synt utlendingane at mellom dei norske utøvarane fanst det ikkje berre smidigheit og kraft, men også medkjensle og menneskekjærleik. «[P]aa den maade faar udlændingen ogsaa en forstaaelse af, hvad skisport i sin inderste kjærne er, saa, forsaavidt har Sørkedølen taget den største præmie – for vort land.» Skiløpinga var etter denne tankegangen ei moralsk øving meir enn nokon annan idrettsleg syssele i dette landet.¹¹¹⁸

Dei mange positive karakterskildringane eller dygdene som var på tale her, skal ikkje tolkast kvar for seg som nødvendige vilkår ved den norske skiløparamatøren. Men det var altså slik, meinte norske idrettsideologar, at den norske skiløparen alltid hadde, eller alltid kunne ha,

¹¹¹⁶ Den store helten i Holmenkollen i 1899, «vinterens skikonge», som han blei kalla i Norsk idrætsblad, var Paul Braathen. Han hadde vunne det 17 kilometer lange langrennet, og gjort det skarpt nok i hoppbakken til å vinna både Holmenkollmedaljen og kongepremien for den samla innsatsen. Braathen, heitte det vidare i omtalen i idrettsbladet, var son av ein trelasthandlar på Eidsvoll, og fødd på ein gard der i 1876. Han hadde vore ivrig å konkurrera alt frå han var åtte år gammal, etter tre år i Amerika, visstnok. Alt dette var det formannen i Eidsvold skiklub, O. Wenger, som fortalde. Han hadde fått på trykk ein lengre biografi om skikongen Braathen, etter at redaktøren av Norsk Idrætsblad hadde referert sjølve langrennet i nr. 9, og synt bilete av vinnaren i nr 10 (årgangen 1899) Wenger gjekk no i rette med ein påstand han hadde høyrte frå fleire hald, at Braathen trente omhyggeleg og omtrent ikkje gjorde noko anna enn å gå på ski. I så fall var han jo som «profesjonell» i ånda og ikkje verdig til å bli med i Holmenkollrenna. Som både formann i klubben, og den nærmaste naboen til Braathen, kunne Wenger vitna på at han arbeidde skikkeleg på garden til far sin, og elles i skogen. Wenger, og mange med han, hadde faktisk skunda på den unge skiløparen, at han måtte øva og trenast ivrigare, om han skulle ha noko sjans mot konkurrentane i Holmenkollen. Idrettsfolka på Eidsvold var eigentleg ikkje nøgde med han slik: «vi er af den formening, at han øver sig forliden.» Wenger avslutta med å nemna at Braathen hadde vunne premiar både i sykling og i skyting, og han såleis var ein allsidig idrettsmann. Sjø N.Idrbl., 1899, nr. 11.

¹¹¹⁷ Sjø BAE den 10. feb. 1900.

¹¹¹⁸N.Idrbl., 1900, nr. 7, s. 79-80. Martin var den eldre broren til Lauritz Bergendahl, som seinare blei kåra til skikonge av Holmenkollen.

tanke for noko større enn seg sjølv. Martin Bergendahl hadde i skildringa i Norsk idrætsblad ikkje kome nedtrykt frå Holmenkollrennet; han hadde hatt auga for det større verdet enn premiar, og om ein tapte eller vann. Han hadde hatt syn for det kallet som låg på nordmannen – når det gjeld å syna verda kva skiene kunne utretta av gode ting for menneska.

Hagbarth Wergeland stod i denne førestillinga heilt på linje med Axel Huitfeldt. Ein kan seia at dei begge hevda skiene var nyttige reidskapar, slik som også plogar og hestar var det. Men det var berre i kraft av dygdene og karakterdanninga, at skiløparen kunne bruka dei slik.

Dei utvendige godene, for å tala med MacIntyres termar, føresette dei innvendige.

Humbug på glattisen

Kom skøytesporten til slutt tena som eit vrengebilete for Norsk idrætsblad, på kva som var ein god amatør? Av skøyteheltar var Peder Østlund den som fekk mest lovtale i året 1900, endå om han tapte under verdsmeisterskapen i Kristiania, og faktisk braut 1500-metersløpet då han kjende seg sjanselaus. Den mogleg moralske bresten i dette var truleg overskygga av at han hadde vunne EM så suverent, og sett tre verdsrekordar på eit stemne i Davos. I Norsk idrætsblad blei han referert med den i og for seg tilforlatelege forklaringa at reisa hadde slite på han. Av folkehopen i Kristiania by, som i Trondheim året før, blei han hylla med æreslede, fakkeltog og gilde ord på ei festleg samkome på Tivoli.¹¹¹⁹ I Trondheim året etter skjedde så noko som sette både avisene, og byfolket, og for så vidt Wergeland i kok. Under EM i hurtigløp for 1901 låg Kristiania-løparen Gundersen an til siger etter det avsluttande løpet sitt på 10 000 m. Han måtte berre ikkje bli slått av seinare par; i så fall ville trøndaren Gustav Bye stå att som europameister. Klubbkameraten av Gundersen, C. Frantzen, gjekk no veldig godt i neste par: I tid låg han klart framfor Gundersen, faktisk veldig lenge, heilt til siste sving på den siste runden. Då stogga han nesten heilt opp. Norsk idrætsblad siterte Dagsposten frå Trondheim:

Ca. 120 m. foran maal, paa et punkt, hvor hans kompagnon Gundersen havde posteret sig, stoppet han nemlig med en gang farten og slog over i et promenadetempo, saledes at han saavidt kom ind lidt før Kristoffersen, og med en tid som nu laa adskillig efter Gundersens!

For Dagsposten var det ikkje tvil om kva som hadde hendt – ein sportsleg skandale. Det same hadde visst publikum forstått. Frantzen hadde mottatt ein veldig pipekonsert, ifølgje

¹¹¹⁹ N.Idrbl., 1900, nr. 9. Peder Østlund verva seg sidan som instruktør for ein skøyteklubb i Budapest, men drog seinare i 1901 til Amerika med bror sin for å driva, profesjonelt, i ein skøyteklubb der. Alfred Næss la ut på ein oppvisningsturne med ei kunstløpar som heitte Heide, og gjorde stor suksess i Brussel dette året. Begge løparane var dermed å rekna som profesjonelle, som Norsk idrætsblad, 1901, nr. 1 slo fast. Sjå også notis i nr 44, same årgangen. Det som er meir uklart for meg, er om Alfred Næss var lønna som kunstløparinstruktør av Centralforeningen i 1900, og korleis dette ville stilt seg i høve det smalare amatørromgrepet om reglar. Sjå også Norsk idrætsblad, 1901, nr. 25

trønderavisa. Han hadde påstått sjølv at han hadde fått hald, og måtte stogga opp, like før mål. Som Dagsposten lakonisk la til: «Ja tro det, hvem som vil».

Norsk idrætsblad nølte noko med å dømme Frantzen like hardt som Dagsposten, då redaksjonen ikkje sjølv hadde vore til stades ved løpet. Men redaktøren gav spalteplassen i det følgjande til eit vidare sitat av Dagsposten, som skreiv at ein gjerne høyrde om alskens unotar og knep frå sportsløp i utlandet. Trønderavisa hadde trudd at norske premieløp hadde halde seg for gode og for reine for slikt: «Norske sportsamatører maa ikke blive saa «civilicerede», at de glemmer fordringene til ærlig kappestrid.» Den første lova her var, at ein kvar mann gjorde sitt beste. Og eg siterer: «Det er i det hele taget det, som giver kappestriden nogen mening. Men kaster man det krav bort, da blir det hele bare humbug, og det bør aflives jo før jo bedre.»¹¹²⁰

Ærleg kappestrid

Skal ein gjera ei slags samlande oppsummering av Wergelands virke som redaktør på emnet amatørismen i heile perioden frå 1891-1902, er vekta han la på ærleg og skikkeleg kappestrid den aller viktigaste. Han var kan henda tydlegare på dette punktet enn skidommaren og skribenten Huitfeldt. Han nytta både tildragingar i sykkelsporten, i skiidretten, og i skøytesporten, til å understreka dette: Kvar mann måtte gjera sitt beste; elles hadde ikkje konkurransen mellom dei meining.¹¹²¹

Amatøridretten var for han garantien for nettopp innsats i tevlinga. Og amatørretten var særleg garantert av dei reine forholda i Norge og i Sverige – om vinteren. Redaktør Wergeland hadde etter kvart mista trua på banesyklinga på Bygdøy. Same kor mykje og ofte Norsk idrætsblad hadde kritisert løparane for lureløp og «utvæxter av professionisme», blei det ikkje betre der. Skøytesporten gleid også meir og meir ut. I så måte var han ikkje heilt den same som før.

Innvendige gode – og ettertankar

Med den vekta som Hagbart Wergeland la på innsatsen i idrettstevlinga, og alle dei andre vinstane eller dygdene som følgde av det, passar tenkemåten hans som streifa i stad svært godt inn i den analysen som moralfilosofen MacIntyre har gjort mellom «internal and external goods»; *innvendige og utvendige gode* sett om til norsk. Eller – eg vil heller seia at den tenkemåten som MacIntyre føreslår, rimer godt med korleis også redaktør Wergeland ytra seg

¹¹²⁰ N.Idrbl., 1901, nr. 7.

¹¹²¹ I N.Idrbl., 1899, nr 16, s. 187 har Wergeland sterkt utfall mot orienteringsløp på ski, som han meiner bryt med den heilt grunnleggjande normen alle konkurransar bør målast etter, og som alle deltakarar søker, nemleg likskap i sjansar. «Dermed er lige chancer gaaet i vasken og kapløbsprincippet hævet over bord.»

i viktige samanhengar. Eg driv jo ikkje i denne avhandlinga så mykje med moralfilosofi i og for seg, som eg nyttar verket til ein bestemt moralfilosof til å kasta lys over sentrale distinksjonar i norsk idrettshistorie.¹¹²²

Og MacIntyre sjølv driv like mykje ein historisk og sosiologisk analyse av dygdene som han gjer ein definisjon av uavhengig av tid og stad. Også *praksisane*, slik han definerte dei, desse komplekse, kollektive formene for menneskeleg aktivitet, der vi strevar mot det framifrå (eksellente), og der dygdene (så som mot, rettferd, ærlegheit) er føresetnader for å kunna nå dette nivået, har ei historie. Ein portrettmalar underlegg seg etablerte standardar og strevar mot det menneskelege framifrå i denne kunsten, også når ho forsøker å bryta med visse normer i tradisjonen.

Dei innvendige godene ho oppnår på denne (ærlege) måten, er såleis det *framifrå*. Ho, eller han, bryr seg om den strålende utføringa, og i mykje mindre grad om berøminga, eller pengar, som må reknast til dei utvendige godene. Sett om til idrett: Ein skihoppar strekkjer seg mot det vakre, dristige svevet, og ikkje mot den premien som *kan* venta på han på kvelden. På denne måten strekkjer han seg mot det rettferdige og det modige, og realiserer desse dygdene. Dygdene må reknast til dei innvendige godene i ein aktivitet, eller praksis, om eg har forstått MacIntyre rett.

Det som er noko uklart for meg, er om MacIntyre meiner dei innvendige godene ved ein praksis *primært* er det heilt framifrå, slik at det berre er ein Hans Holbein eller ein Leonardo da Vinci som kan nå dei, eller om det også er plass for dei dødelege mellom oss, som jo dei aller fleste er, eller rettare sagt var. Kor elitistisk innstilt er denne moralfilosofen, eigentleg? Kvalifiserer det å kjenna seg tiltrekt av spenninga i ein idrettskonkurranse nok til å kallast eit innvendige gode?

Mellom døma han sjølv nemner på praksisar, er også det å driva politikk i aristotelisk forstand, og det å danna og bevara ein familie. Og han skriv at ein sann kunstnar realiserer både det verdifulle i kunsten og det å vera konsentrert og dedikert kunstnar. Slik må det kunne vera plass for dei av oss som går heilhjarta inn i eit sjakkparti, eller i ein familie, eller ein venskap, skulle ein vel tru. Dygdene hjelper oss både til å utvida synet for det menneskeleg moglege, og halda fast i det, slik eg tolkar han. Praksisar syner fram ulike idear om kva det er å vera eit menneske, og dygdene hjelper oss å nå dei.

Gjennom dømet med portrettkunsten får Alasdair Macintyre i alle fall fram at ytre gode er begrensa ressursar, og noko éin får meir av, og ein annan mindre av, medan innvendige gode

¹¹²² MacIntyre, 2011, s. 221-222.

er noko som kjem heile felleskapen til gode – i form av vakre maleri. Eller fantastiske teknikkar i cricket, legg han til. Eller kraftige fråspark, og så sugande tak med to stavar i snøen, vil *eg* leggja til.¹¹²³

Moralfilosofen får også fram kva som effektivt kan hindra oss i nå dei innvendige gode: mangelen på dygder. Jukset i ein rigga duell. Forsiktigheita over hoppkanten.

Eg oppfattar at Hagbarth Wergeland meinte slikt kunne føra til moralsk forkrøpling. Og omvendt: at ein forbetra seg moralsk om ein dreiv idretten i amatørens «optissima forma».

Kapittel 8. «[M]edalje- og professionist-uvæsenet»

I 1903 fekk Norsk idrætsblad ny redaktør. I dei tre første numra var Gustav Thorp den leiande figuren; etter han tok premierløytnant C. Fougner over redaksjonen. Hagbarth Wergeland spelte for ei stund ei meir underordna rolle som del av redaksjonen, saman med Hagbarth Steffens. Sistnemnde Hagbarth, som av yrke var ingeniør, var hyra inn som seglsportmedarbeidar.¹¹²⁴ Kva som var bakgrunnen for redaktørskiftet, er ikkje klart for meg. Gustav Thorp hadde vore medarbeidar i Norsk idrætsblad i lengre tid, og representerte såleis ein viss kontinuitet. Fougner var eit meir uskrive blad i denne samanhengen av fagavisa for idrett eller sport. Eg skal koma tilbake til Fougner i neste kapittel. Thorps virke skal gje høve til å fortelja om eit anna fagblad og ei eiga historie innanfor amatørismeutviklinga: Korleis medaljane blei eit problem. I så måte har eg tatt meg fridomen til å romma motiv av både friidrett og roing her.

Gustav Skiørten Thorp, f. 1867 i Askim, hadde vore ivrig syklist i sin ungdom, og konkurrerte ved eit stemne i Kristiania 1889 der Hagbarth Wergeland hadde vore dommar. Han dreiv gjerne med springing, og hadde hausta premiar også i hurtigløp på skøyter. I yrkessamheng var han i 1910 bokhaldar for Siemens Schucker elektr. forr., og hadde truleg vore importør og seljar av sportsutstyr tidlegare, i alle fall ut frå ei annonse i N.Idrbl. i 1896 å dømme.¹¹²⁵ I mellom desse åra var han også redaktør, men om han hadde særleg løn frå desse engasjementa, er meir usikkert. Kva som er meir interessant (enn yrkestilane) i denne samanhengen: Thorp var ein grunnleggjarane av friidrettsklubben Tjalve i 1890. Ifølgje kva han sjølv fortalde seinare, var usemje omkring amatørreglementet ein av grunnane til at han og

¹¹²³ Kva han måtte meina om v-stil i hopp og skøyting i langrenn, for å ta to seinare normutvidingar og tradisjonsbrot i skisamheng, er noko eg ikkje skal stogga ved her.

¹¹²⁴ Ingeniør Steffens kom med frå nr 18, i mai månad. Ein overlærer Schollert hadde hatt ansvaret for seglsporten i månadene før dette, men fekk tydelegvis ikkje tida heilt til å strekka til. Sjå N.Idrbl., 1903, nr 7, og nr 18.

¹¹²⁵ For konk. sjå Aftenposten 7. sept. 1889.

to andre ihuga idrettsmenn braut ut av Kristiania Sportsforening, og danna ein ny klubb til «at utdanne sine medlemmer til fodsport». Helge Pharo, som har skrive klubbhistoria til Tjalve, har ikkje funne kjelder som belyser kva denne striden handla om meir bestemt.¹¹²⁶

Eg har heller ikkje funne direkte uttalar eller diskusjonar i måte, men lovene, som i alle fall var kunngjorde i 1893, tyda på eit rimeleg strengt amatørregelverk når det gjeldt utgiftsrefusjonar i samband med konkurransar. Berre klubben sjølv kunne gje dispensasjonar.¹¹²⁷ Men sidan, i eit innlegg i Norsk idrætsblad i 1899, tok Thorp sterkt til orde for fellesstart på maratonløpet på Vestby, samt at ein introduserte «pacere», eller det vi gjerne kallar «harar» eller «hjelperyttarar» i dag. Dette meinte han ville gjera løpet mykje, mykje meir interessant, langt meir påliteleg for konkurrentane, og meir rettferdig med tanke på premieringa også. Han såg for seg skarpare tider også, slik som ein presterte i Danmark og andre stader.¹¹²⁸

Redaktør Wergeland var djupt ueinig, og brukte amatørargument i ein hale til innlegget: Han meinte «pacere» måtte fordømmast i all sann amatørspport. Konkurransar skulle jo måla dyktigheit mellom likemenn, og ikkje kven som hadde god draghjelp og ikkje. Kan henda var «pacere» nødvendig i sykling og travsport, meinte han, men athletporten var enno ubesudla av sånt. Han skreiv: «[V]i har ialdfald ikke endnu hørt, at nogen Marathonløber har faaet gratis skotøi av nogen skomager, for at gjøre reklame for hans varer.»¹¹²⁹

Sekretær Thorstensen i Kristiania Idrætsforening, sjølve arrangøren av maratonløpet nær hovudstaden, avviste også tanken om pacing og tilhøyrande rekordjag – fordi det var tale om fire norske mil her. Ein måtte ikkje setja livet på spel, skreiv han. «God tid i forbindelse med god kondition» var ein føresetnad for premie, og slik ein garanti mot at løparane pressa kroppen og beina for hardt. Å starta med avstand (3 minutt) mellom kvar løpar, sikra dessutan eit «ærlig og reelt løb».¹¹³⁰ Også Centralforeningen og sekretær Seeberg tenkte slik.

Dersom ein såleis hadde begrensa tolkingsmaterialet til denne debatten i 1899, kunne det ha sett ut som Thorp nära standpunkt som andre lett kunne karakterisa som «professionisme». Men innlegga, og engasjementet i bladsamanheng, og synspunkta til Thorp var slett ikkje avgrensa til denne debatten åleine.

¹¹²⁶ Pharo, 1990, s. 15; s. 25. Kristiania Sportsforening hadde i 1889 kappløp i Tivolihagen (140 meters runde) med øvingar både for profesjonelle (amerikanar og danske med) og amatørøp (der ein Brodersen vann) Sjø Chri. Int. 11 juli 1889. Dette er det einaste eg fann ang denne klubben, som Gustav Thorp og to andre skal ha brote ut av, pga amatørødiskusjonar.

¹¹²⁷ Sjø N.Idrbl., 1893, nr. 31, s. 251.

¹¹²⁸ N.Idrbl., 1899, nr. 30.

¹¹²⁹ N.Idrbl., 1899, nr. 30.

¹¹³⁰ N.Idrbl., 1899, nr. 31.

Fri idræt

Thorp gjekk faktisk på banen med eit heilt nytt idrettsblad sommaren 1900. Bladet *Fri Idræt*, som skulle koma ut to gonger i månaden, var offisielt organ for Tjalve, Ørnulf, Kristiania Idrætsforening, Oslo Idrætsforening (Gamlebyen bydel i dag) og Turist- og idrætsforeningen Stærkodder¹¹³¹. I den redaksjonelle eigenomtalen i det første nummeret (1. juli) blei «fri idræt» definert som gang-, og alle slags løp-, kast- og sprangøvingar, samt athletisport, gymnastikk, fotball og ski og skøytesport. Ein del av dette må ein oppfatta som marknadsposisjonering, meir enn som ideologisk orientering. Fri Idræt gjekk ikkje på same måten i klinsj med Norsk idrætsblad som Hjulrytteren, og anerkjente både dette bladet og alt det arbeidet som Centralforeningen stod for. Tanken var først og fremst å fremja friidretten, som blei framstilt som idretten for framtida.¹¹³² Treningsreglane til Centralforeningen frå 1898 var trykt i første nummer. Og dømmer ein ut frå bladet, i den dryge eine årgangen medan Thorp var redaktør,¹¹³³ delte han ein del av amatørforståinga som Centralforeningen delvis abonnerte på, men Skiforeningen forfekta endå meir tydeleg i den kombinerte øvinga dei heldt i Holmenkollrenn. Allsidigheit, ikkje spesialisering var også eit ideal i atlet- eller friidrettssamanheng. I bladet heitte det at den som vann pentathlonøvinga, vann den gjevaste premien under NM, «smykket av lauvbærkransen, der er den høieste Ære, en norsk Idrætsmand kan opnaa». Ikkje berre hadde ein flaks i ei av øvingane her, nei, «dertil skal der en helstøbt Idrætsmand, en «allround Athlet»».¹¹³⁴

«Allround» var eit engelsk uttrykk, men ideen bakom femkampøvinga høyrde den greske antikken til, vel så mykje. Allsidigheit var også ein ide norske idrettsideologar hegna om. I det same året 1900 var stod det ein nekrolog i Norsk idrætsblad om Lorentz Grieg, nyleg avdød lege og idrettsihuga bergensar. Han tilhørde ikkje, heitte det her, «den klasse af moderne sportsmænd, som sætter rekorder og klæder sig i tricot + medaljar.» Han var ein amatør i beste forstand av ordet, heldt minneordet fram. Og heilt konkret: «Interesserne var alsidige, kroppen harmonisk.»¹¹³⁵

¹¹³¹ Frå nummer 8 av den første årgangen av var også Trondhjems Idrætsforening inkludert. På eit vis var nok Fri Idræt også eit framhald – av den offisielle idrettsavisa til klubben Tjalve, kalla «Tjalvisten», som starta i januar 1900. Alt i 1898 hadde denne klubben laga danna ei slags avis, «Autograferet Meddelelse til Medlemmerne», jmf Fri Idræt, 1900, nr. 4-5.

¹¹³² Fri Idræt, 1900, nr 1. Logoen var noko for seg sjølv. Ein mann var teikna i bar overkropp, haldande ein slags manual eller vekt framfor seg, utandørs, medan ein seglbåt og ein engelsk robåt strauk forbi, langt bakom han. Kanskje var tanken å markera at friidretten gjekk føre seg utandørs, om sommaren. Manualen skulle kanskje antyda slektskapen til turn. Mykje av friidretten sprang ut av turnmiljøa i Norge, og heldt kontakt med desse krinsane lenge. Av denne grunnen er eg noko skeptisk til å gjera sjølv ordet «friidrett» for ideologisk betona mot engelsk sport, slik som Arne Nytrø ladar det i Norsk idrettshistorisk årbok 1989.

¹¹³³ Thorp var redaktør av Fri Idræt ut 1901. Bladet kom ut reorganisert 30. mai 1902, no utan teikninga av manualen, og med eigenomtalen «Specialorgan for Athletik, Turnidræt, Svømming og Vintersport». Alfred K Jensen var redaktør ut dette året. Hjalmar Thorstensen var midlertidig redaktør for fire nummer i 1902, før bladet gjekk inn.

¹¹³⁴ Fri Idræt, 1900, nr. 6.

¹¹³⁵ N.Idrbl., 1900, nr 43. Kursiveringa er mi.

Eg nemnde denne karakteristikken ganske tidleg i avhandlinga, som ei mogleg sterk forskvying av tydingsområdet for omgrepet, som jo tidlegare hadde dreia seg for det meste om kunsten (bolk II, part 2). Men momentet av det allsidige var nok lettare gjenkjenneleg enn det som handla om den harmoniske kroippen. Og omkring hundreårsskiftet var «amatør» altså blitt på ny eit heidersord – som ein altså kunne nytta ved nekrologar.

«Diplomamatørisme»

Usemjå mellom Wergeland og Thorp var ikkje større enn at Norsk idrætsblad knytte sistnemnde til seg som redaksjonssekretær frå februar 1901. Dette var del av ei større satsing, eller utviding av stoffområdet i bladet (friidrett, seglsport, tennis¹¹³⁶), som saman med nytt og betre design (eller «utstyr» i redaktørens terminologi) og fleire illustrasjonar var markeringa av at bladet feira 20 år. Den tidlegare redaktøren av Fri Idræt (og fortsatte formannen i Tjalve) tok seg særskilt av stemne og stoff som var knytt til sommaridretten. Men han var ikkje meir sekretær enn at han ytra seg ganske sterkt om ulike emne, og inviterte på den måten til debattar og innlegg frå lesarane. Vinteren 1892 hadde han notert seg at nokre skiløparar hadde fått erindringsmedaljar ved eit stemne i Gøteborg, også dei som ikkje hadde teke premie i sjølve rennet, og han skreiv året etter at han tykte at vanen med å dela ut medaljar hadde spreidd altfor mykje omkring seg.¹¹³⁷ Stor skam ville det vera for «vor vakre skisport», som han ordla seg, om ein også her skulle få ein armé av tvilsame storleikar som paraderte med bringa og med magen (og kanskje meir til) med heidersteikn i alle slags dimensjonar og legeringar. Han nytta eit kjent motiv, og eit velbrukt fiendebilete: «Lad os beholde skiidrætten ren for medalje- og professionistuvæsenet og lad os herhjemme itide raabe et «vagt i gevær», som kan finde gjenklang ogsaa udenfor landets grænser.» Skisporten var rein, og måtte ikkje skitnast til av profesjonismen. Dette hadde også forfattarane Urdahl og Huitfeldt, og slike som Paul Øvergaard frå Telemark, og Hagbarth Wergeland sjølv, skrive. Det nye var at medaljane minna om profesjonisme, og kanskje om pengar bakom der att. Thorp synte då også til Holmenrennet, der medaljen berre blei delt ut i spesielle tilhøve ved mangeårig god innsats, slik at han var sjelden og såleis ærerik. I idrettsstemne rundt seg no såg han ein reell inflasjonsfare, hevda

¹¹³⁶ Kobro, tennisklubbsekretæren i Kristiania, lova å ta tennisstoffet i N.Idrbl. framover. løpet av hausten tok formannen i Kristiania tennisklubb over omtalen av denne veksande ballspporten.

¹¹³⁷ Innlegget var underteikna Th. – som korresponderer med den Thorp som var tilstades som referent (og møtedeltakar) under Nordiska Spelen i 1901. N.Idrbl., 1902, nr. 10

han.¹¹³⁸ Også nekrologen over Lorentz Grieg (nemnt ovanfor) spelte på desse strengane, og sette såleis spørsmålsteikn ved medaljane som premiefenomen.

Amatøren mot strilen

Å gje medaljar som premie hadde, som fortalt i ein tidlegare part (part 2, lekk b) ei ganske lang historie i norsk idrett. Skiforeningen, til dømes, delte ut gull, sølv og sølv til dei tre beste løparane i lengderennet på Huseby alt i 1886. Frå 1895 av blei sjølve Holmenkollmedaljen innført – etter lengre tids sondering om motto og motiv og val av gravør.¹¹³⁹ Denne medaljen var å betrakta som foreningens «orden», som det heitte i statuttane, og den høgste umerkinga ein løpar kunne få i Holmenkollen. Helst måtte ein ha synt «fremragende dygtighed» over fleire renn og år, heitte det i ei av årbøkene.¹¹⁴⁰ Sett endå meir ideologisk skulle nok medaljen representera eit visst oppbrot frå pengepremiar i skisamanheng, i alle fall viss vi kan jamføra med tendensane den same tida i Bergen by. Der erstatta medaljar pengepremiar i rokonkurransane i samband med 17-mai-feiringa i 1890. Matti Goksøy meiner dette skjeddels for å innføra meir sportifisert roing i bruksbåtklassane, dels å bryta den dominansen «fiskestrilane» hadde over byborgarane i desse tevlingane.¹¹⁴¹ Ved «Bergensutstillingen» i 1898 ville Turnforeninga gå endå lenger. Her, i bruksbåtklassane, blei roarar under 25 år definerte som amatørar. Dei som var eldre enn det, blei definert som «Professionister» og fekk ikkje stilla. Og dei alle fleste av desse skikkeleg vaksne over 25 år var strilar som rodde mykje i samband med fiske.¹¹⁴² På éin måte var dei yrkesroarar. På ein annan måte var dei handelsborgarane og butikkbetjentane og skipsmeklarlærlingane overlegne i konkurransane. Men roavdelinga i Bergen Turnforening nytta seg av ein amatørdefinisjon som kom middelklassen i møte, meir enn det var tale om den rettferdige konkurransen. Goksøy peikar på at ein *ikkje* hadde liknande amatørreglar i dei engelske båtklassane, der konkurransen frå strilane var mindre påtrengande, skriv han.¹¹⁴³

Dette syner at dei sosiale klassane slett ikkje var amatørspørsmålet uvedkomande. Men eg har ikkje funne liknande så tydelege døme i kjeldematerialet mitt, kanskje bortsett frå

¹¹³⁸ Poenget hadde for så vidt alt blitt brukt i vidare resonnement i eit innlegg av «O.Br.H» frå 1901, med tittelen «Medaljesløseriet». Han meinte at medaljane var blitt så mange og greip slik om seg at idrettsungdommen syntest å ha blitt slavar av han. Han ville ha andre og mindre forlokkande premiar (så som pokalar), og derigjennom ein reinare og edlere idrett. N.Idrbl., 1901, nr. 34.

¹¹³⁹ Skiforeningens medalje skulle teiknast av A. Bloch, og pregast av medaljør Trondsen på Kongsberg, men økonomi tillét han først for 1895.

¹¹⁴⁰ Sjå Skiforeningen, 1895, s. 57.

¹¹⁴¹ Goksøy, 1991, s. 144.

¹¹⁴² Dette vart ikkje enden på visa. Fiskeriinteressene greip inn og fekk plass til bruksbåtklassar for dei som ikkje var amatørar etter denne strenge regelen til Turnforeningen. Centralforeningen stilte med premiar for desse andre. Goksøy 1991, s. 146.

¹¹⁴³ Goksøy, 1991, s. 145. Uttestinga var vart ikkje enden på visa. Fiskeriinteressene bakom utstillinga greip inn og fekk plass til bruksbåtklassar for dei som ikkje var amatørar etter denne strenge regelen til Turnforeningen. Centralforeningen stilte med premiar for desse andre. Sjå Goksøy 1991, s. 146.

offiserane som tok del i vintersportveka i 1903 (som eg kjem til). Også redaktør Sigvart Petersen hadde vel blindfelt i høve sosiale klassar når han forsvarte Axel Paulsens amatørstatus, og ditto reisestandard, men eg vil hevda at klassesdimensjonen hadde svært lite å seia for korleis til dømes Skiforeningen snekra i hop rennklassane sine. Her gjekk skiljet mellom tidlegare upremierte og premierte, og ikkje mellom by og bygd, eller profesjonelle og amatørar på noko annan sosialt innretta måte.

Fritz Huitfeldt meinte for sin del at *diplomen* var den eigentlege premien i Holmenkollsamanheng, og synte til den erfaringa han hadde som sekretær (1886-1892). Ut av statuttane som Skiforeningen sjølv heldt omkring Holmenkollmedaljen, må ein vel kunne seia han gjorde si eiga tolking. Huitfeldt tok sånn sett til orde for ein slags eigen diplom-amatørisme.¹¹⁴⁴ Likevel, tidleg på 1900-talet var denne tanken blitt meir og meir vanleg. I 1902 var medaljane rett og slett blitt eit problem for ein del skribentar og strategar, og amatørdeologien hadde såleis gjort ei ny omdreiing, også i Norsk idrætsblad. Eg har hengt denne førestillinga særleg om halsen på Gustav Thorp.

Men idéen om eit «medalje- og professionistuvæsen» kasta for så vidt skyggar tilbake på Norsk idrætsblad. Å portrettera idrettsheltar med medalje på bringa var noko bladet hadde gjort heilt sidan den aller første årgangen, nærmare bestemt av bøsseemaker og meisterskyttar Larsen frå Drammen. Oberst Lars Broch frå andre årgangen (nr. 11) var teikna med fem medaljar på bringa, og årgang 1883 byrja med eit portrett av kaptein Jakob Gran, nyleg avdød idrettsmann og jeger, og han hadde to medaljar på venstre bringa, den eine forma som ei stjerne, den andre som eit kors. Den førstnemnde var truleg St.Olavs-medaljen, i ein eller annan rang eller orden (det fanst fem nivå). Sjølv kaptein F.G. Seeberg, avbilda i Norsk idrætsblad i jolenummeret 1898, hadde ein medalje på bringa si.¹¹⁴⁵

No kan ein om alle desse døma seia at poenget truleg først og fremst var den *eine* eller dei få gjæve utmerkingane dei synte fram, ikkje ei mengd eller heile brystet dekkja som ein slags «stjernegriss». Dessutan var mange av desse menn frå militæret, der medaljar hadde sin eigen tradisjon. Men særleg skøyteløparane likte å lata seg avbilda med mange medaljar på bringa, og Norsk idrætsblad nølte sjeldan med å trykkja dei. Verdmeisteren Peder Østlund var typisk i så måte.¹¹⁴⁶

Og jolenummeret av Norsk idrætsblad frå 1902 hadde ein heil rad portrett med såkalla «medaljegrissar» mellom seg. Det er kan henda eit poeng, eller kanskje er det berre tilfeldig, at

¹¹⁴⁴ Huitfeldt, 1896.

¹¹⁴⁵ Stockinger er i 1885 avbilda utan medalje, i borgarlege klede. Det same gjeld Axel Paulsen, i N.Idrbl, 1884, nr. 5 (framsida).

¹¹⁴⁶ N.Idrbl, 1898, nr. 7, s. 93.

alle premievinnarane frå Holmenkollen den same vinteren, var avbilda på motsett side utelukkande i sivile klede eller uniformar, og ikkje med ein einaste medalje på brystet. Norsk idrætsblad bestod sjølvsagt ikkje berre av éi stemme, og var ikkje berre uttrykk for kva redaktøren til ei kvar tid meinte, eller ikkje meinte. Medaljane var eit problem for somme amatørteologar; for andre, kanskje utøvarane sjølve, var det *ikkje* slik. Og slett ikkje alle som dreiv med idrett på ein eller annan måte, skreiv i Norsk idrætsblad.

Så må det må også seiast at dette «og» i Thorps uttrykk «medalje- og professionistuvæsenet» kan tolkast som at han ikkje meinte at glede over medaljar samstundes var uttrykk for professionisme, berre at dei fanst på same (kritikkverdige) nivå. Han var heller ikkje i mot profesjonell idrett, i og for seg.¹¹⁴⁷ Han føreslo i 1902 at diplomar dugde som premie i vanlege samanhengar, og at medaljar burde delast berre ved særskilte større konkurransar og kanskje ved slutten av året (etter oppsamling av «points»).¹¹⁴⁸ For friidretten sin del føreslo han også å begrensa talet meisterskap til ulike grupper – av løp, kast og sprang. Redaksjonssekretæren meinte at grekarane i dei antikke olympiske leikane hadde tenkt og gjort på same måten.¹¹⁴⁹ Thorp trykte elles støtte han hadde fått tilsendt av idrettsklubbar i både Skien og Trondheim og Norrøna i Bergen om dette spørsmålet, og fekk for så vidt gjennomslag i premiepraksisen som Kristiania Idrætsforening og det samlande Norsk idrætsforbund la seg på dette året.¹¹⁵⁰

Kapittelet oppsummert: Medaljen hadde frå siste halvdel av 1880-talet vore pantet på ein god amatør. Omkring år 1900 blei medaljane sjølve gjort til eit mogleg problem i amatør-samheng.

Kapittel 9. Amatørhestar

Idrettsamatørismen handla om folk for det aller meste. Men i 1903, under den nordiske vinteridrætsveka av alle stader, blei også hestane framstilte i tråd med eit etisk dimensjonert amatørømgrep. Disse edle og ærlege hestane var ikkje overraskande også norske. Dette kapittelet stoggar difor ved denne førestillinga, og sidan ved den talen som Fridtjof Nansen

¹¹⁴⁷ Thorp ønskjer Næss lukke til som opptredar på tivoli rundt om i Europa på «salonskøiter», utan ironi, så vidt eg kan forstå. N.Idrbl., 1902, nr. 16.

¹¹⁴⁸ N.Idrbl., 1902, nr. 14.

¹¹⁴⁹ N.Idrbl., 1902, nr. 15.

¹¹⁵⁰ N.Idrbl., 1902, nr 18, nr 19, nr. 21. Ein Trygve Lie frå Skien ville gå endå lenger, og berre gje medaljar til den som viste seg god i både i løp, kast, sprang – samla sett. Målet i gymnastikken var utvikling av kroppsharmoni, og slik burde det vera i friidretten også N.Idrbl., 1902, nr. 22. Viking i Bergen hadde stevne i mai, der kombinasjonsøvingar i ulike friidrettskategoriar var stilt opp, og ikkje premiering i einskildisiplinar.

heldt ved avslutninga av den same idrettsveka. Godt mogleg er Nansen gjort for kritisk mot konkurranseidrett utifrå nokre spinkle kjelder. Dette er amatørromgrepet i alle fall *relatert*.

I februar 1903 tok premierløyntnant Christopher Fougner over redaksjonen av Norsk idrætsblad. Han var son av gardbrukarforeldre i Hole, men utdanna ved den militære høgskulen i Kristiania i 1899, og elles gift med dotter av oberst og kammerherre Prebensen i 1903. Han var aktivt medlem i «De norske officers Rideklub» og hadde ein dugande hest i 1905, «Colchester». Med løyntnant Fougner kom såleis hestestoffet til å prega spaltene i idrettsbladet betrakteleg mykje meir enn før, særleg den underkategorien han kalla «ridesport». Men også tennis («lawn-tennis») og fotball («ball-spill») breidde meir om seg i spaltene, både med tekstar og med bilete frå kampar.¹¹⁵¹ Om ein absolutt vil, slik som Rune Slagstad fangar inn idretten i definisjonen sin, kan ein seia at augneblinksdimensjonen av sport kom meir til sin rett i dekninga no. Både frå Holmenkollsvev og frå servar i tennis prenta Norsk idrætsblad sjølve kroppsstilen og teknikken til utøvarane. Samstundes var dette still-bilete, og gav ro og kontemplasjon over stilideal også. Redaktør Fougner la vinn på denne dimensjonen av dekninga i eigenomtalen av satsinga si, og mana difor lesarane til å skaffa fleire abonnentar, slik at han kunne fortsetja å bruka relativt dyrt papir til bildetrykkteknologien.¹¹⁵² Noko av siktet til Fougner var å bidra til sakleg diskusjon om idrett, og ein av stoffkategoriane han gjorde synleg i årsgjennomgangen, var «Ordet frit.».¹¹⁵³

Programmet hans vidare var å by den norske sportssfæren referat av innanlandske idrettsstevne, vel å merka i «forbindelse med en sagkyndig kritik af præstatitonen». Han vedgjekk at idrettsorgan og stemnearrangørar nok vann eit større publikum gjennom dagsavisene, men det mest kvalifiserte og interesserte sporstpublikum fann ein likevel i Norsk idrætsblad, meinte han. Han nemnde også på ein kritikk mot hovudstadsfokuset i fagbladet han hadde teke over, og vona han skulle dekkja meir av heile landet, og dessutan hadde han medarbeidarar i Stockholm, Gøteborg, England, Tyskland og Amerika. Dette var nok standard reklame, og synte seg lite i den løpande dekninga av idretten.¹¹⁵⁴ Debattar prega bladet i noko meir monn enn før, dels om kva sider ved ridesporten som kvalifiserte han til idrett, dels om

¹¹⁵¹ I boka *Hvem er Hvem* av Steensrup (1932) står det at Fougner blei rittmeister 1909, og oberst 1930. Han dreiv gard på Rotnes 1910-1916. Han var ei tid redaktør av Norsk Kennelklubbs tidsskrift. Av styreverv i idretten: President i Norges Skøiteforbund i 1904-09, president i Norsk Cyckleforbund 1911-13, og medlem av norske olympia-komitear sidan 1910. Han hadde dessutan ei rekke tillitsverv innan Norges Bondelag.

¹¹⁵² N.Idrbl., 1903, nr. 43.

¹¹⁵³ I den eine årgangen samla av N.Idrbl. (1903) er det blått omslag med annonsar, som betyr fire sider i alt. Mellom lysingane er det reklame for Fotografiske Amatørartikler (hjá H Abel). Dette omgrepet fanst i alle fall då. I same nr. 1 heiter det i den redaksjonelle omtalen av det nye året, at enno er ikkje bladet så omslutta at det økonomisk sett er heilt uavhengig.

¹¹⁵⁴ N.Idrbl., 1903, nr. 35, og same årgang, nr. 43. Ambisjonen i Thorps korte tid som redaktør, står i N.Idrbl., 1903, nr. 1.

kva ideologisk grunnlag dei to forbunda for turnsporten og friidretten var delt på, og om desse to forbunda kunne finna saman.¹¹⁵⁵

Idrettsbladet kom elles ut kvar torsdag som før, med stort sett tolv sider redaksjonelt stoff. Annonsemengda auka noko på utover våren, og tok dermed meir enn berre dei fire omslagssidene med blått papir. Typisk reklamestoff var vin, var sykklar, var sportsartiklar elles, så som til lawn-tennis, og tidvis norske flagg, og då ikkje den såkalla «sildesalaten».¹¹⁵⁶

Amatørhestar

Ridesport hadde fått ein sterk impuls framover i Norge med Nordiska Spelen i 1901. Då Kristiania no skulle ta over stafettpinnen med ei noko meir beskjeden innstilt vinteridrettsveke to år etterpå, var fleire rideøvingar med på programmet, så som «Terrænløb i Skikjøring for skandinaviske Gentlemen», og endå til «amatørcirkus» på Tivoli med oppvisningar i ulike rideformasjonar. Rittmeister J.M. Aas var formann i den åttemannssterke arrangørkomiteen. Vanlegvis var han formann i De norske Officerers Rideklub. Offiserinnslaget i vinteridrettsveka var såleis klart nok.¹¹⁵⁷ Sjølv om dei militære idrettsmennene tydelegvis heldt seg med amatørklassekodar som «Gentlemen» og «amatørcirkus», var ikkje den kategoriseringa heilt opplagt i samanhengen dei stod, eller rettare sagt *sat* (i sadelen). Som yrkesmenn reid dei på hestar, som idrettsmenn tevla og reid dei også på dei same hestane. Truleg var konkurransen frå andre samfunnsklassar så lite påtrengande i denne samanhengen at amatørromgrepet, her forstått i smal forstand, ikkje blei utfordra eller omdiskutert. Offiserane tevla heller ikkje om pengar, men om «ærespremiar», og hadde truleg dette ei viss stoltheit eller prinsipp sak i dette. Ei alternativ tolking er at den sosiale dimensjonen ved amatørromgrepet slo gjennom her; at det var den (bokstavig tala) høgare posisjonen rytter-offiserane ønska å flagga med amatørmerkelappen sin. Amatørsirkuset under idrettsfestivalen fann på ein måte stad i kva ein kunne kalla «løvens hule», på det kommersielle og artistisk-orienterte Tivoli. Billetinntektene som kom av denne ridinga, samt turnoppvisninga og fektinga (særleg svenske offiserar i aksjon) her, var meint å hjelpe sjølv arrangementet. Også dagspressa støtta tilskipinga veldig langt på veg. Morgenbladet hadde referat av både travløpa og tennisturneringa på veldig prominent plass i avisa. Verdens Gang peika på den høgare himmelen over vinterveka:

¹¹⁵⁵ Eit par av desse innlegga er for så vidt amatørelevante, så som «Idrætsmand», som skreiv eit stykke om fedrelandsorientering som vesentleg premiss for idrett, som kom på trykk i nr. 26. Asbjørn Bjerke, president i NIF, svara han i nr 29, med dei same ankepunkta om «pedanteri» som Wergeland hadde ytra tidlegare. Også «-s-n» frå Bergen svarar «Idrætsmand», og kritiserte sterkt denne floskelen «fædrelandet», som «Idrætsmand» var så oppteken av: «Naar jeg træner paa idrætspladsen, er det ikke med tanke paa eventuelle krige, men til adspredelse og for at holde min krop vedlige, saa den blir modstandsdygtig i den hverdagslige kamp for livet.» Det kom svar frå «Idrætsmand» i nr 33, han meinte egoismen til «-s-n» var påfallande, og eigentleg ikkje verdt fleire kommentarar. Han kom likevel med eit nytt innlegg i nr. 38. Alle frå årgangen 1903.

¹¹⁵⁶ Jamfør N.Idrbl., 1903, nr 25.

¹¹⁵⁷ N.Idrbl., 1903, nr. 1. Tennis var også på programmet, innandørs for både menn og kvinner, og kronprinsen vann i herreklassen. Sjå referat i Centralforeningen, 1903, s. 129-166, talen til Nansen inkl.

Vi har ingen tvil om, at det skuespil, som bliver rullet op for vore fremmede gjæster, vil fange deres interesse og tænde begeistring i deres sind. De er ikke budt hid for at se en hidsende, hæsblesende væddeløbsjagt, hvor de store summer som løn egger til hæslig overdrivelse, til kneb og til overanstrengelse, til idræt, som er blevet mammondyrkelse. Vi vil vise dem den nordiske ungdom i ædel kappeleg i en idræt, hvor den er helt hjemme, som den dyrker dels af nødvendighed og dels af interesse, og som mere end alt andet gjør den sterk og sund og staalsat slig, at den kan skyde sin ypperste blomst i en professor Fridtjof Nansen med hans eventyrdaad i Polhavets isørken.¹¹⁵⁸

Idrett som hesleg overdriving, idrett som knep og overanstrenging, idrett som mammondyrking; alt dette var del av dei dels moralsk lada amatørforestillingane, dels estetisk motiverte ideane som tradisjonen og idrettsoffentlegheita i Norge alt hadde etablert. Men, motstykket til den «nordiske ungdom i ædel kappeleg» var altså her ikkje så mykje gjøgleriet og sirkusfenomenet som kva korrumperande kraft pengane representerte. Langt bakom her messa bibelske motiv; Mammon var ein mogleg avgud eller berre eit synonym som evangelisten Lukas nytta for å åtvara mot pengebegjær og materialisme.¹¹⁵⁹ Godt mogleg var dette poenget tydlegare og lettare å triva til i radikale aviser som Verdens Gang enn i fagbladet Norsk idrætsblad under offiser-redaktøren Christopher Fougner. Veddemål om pengar var vanlegare i samanheng av hestekappløp, og i den endå meir tydelege riksmannssporten kappsegling.¹¹⁶⁰

Centralforeningens sekretær Seeberg for sin del saksa denne fortalen i V.G. til årsberetninga si, og kunne vel seiast å skriva under på ei tydeleg amatørforestilling på denne måten. Det einaste som vel mangla for tanke-systemet hans slik det blei uttrykt i andre samahengar, måtte ha vore at professor Fridtjof Nansen også hadde drive gymnastikk & turn, og slik hadde sikra seg den *rasjonelle basisen* for all lekamsutøving.

Ein kunne tru det var annleis med *dyra sjølve* og pengane og moralen – enn det var for menneska. Innskotet for å starta i skiløping eller skøyter under vinterveka var låg (1 til 2 kr), for rideøvingane var påmeldingsavgifta moderate (10-15 kr). For kappløpa med travhestar under vinterveka var innskota derimot svært høge – opp mot 50 kr.– og premiane låg eller stod på ikkje mindre enn mellom 200 til 700 kr, varierende mellom ulike klassar. Hagbarth Wergeland var den som skreiv sjølve referatet frå travkøytinga for Norsk idrætsblad. For han gjekk det ein pust av «god gammel travkjøreraand» gjennom programmet, nok fordi det var ein eigen klasse for norsk-avla hestar med. I desse gamle gode dagane var såkalla skøyarkøyting

¹¹⁵⁸ Sjø Morgenbladet, 9 feb.1903, nr 74. V.G. sitert etter Centralforeningen, 1903, s. 133-134. Kristiania journalistklub hadde elles fest for pressemenn frå utlandet som dekkja vintersportsveka. Totalt kom mange svenskar (tre fullasta tog frå Stockholm), ein del finnar, nokre danske offiserar. 30 000 skal ha vore samla i Holmenkollen.

¹¹⁵⁹ Sjø *Lukas* 16.13. Bibelen finst i våre dagar også som nett-ressurs, via nettstaden til Bibelselskapet, bibel.no

¹¹⁶⁰ Eit døme på at seglsporten tok lettare på veddemål og nettopp «Mammon» finst i Norsk idrætsblad, 1896, nr. 4, s. 31.

ukjent, og hest og mann gjorde sitt aller, aller beste saman. «Baade hest og kjørers største hæder og ære var det at komme først ind og sætte bedst mulig tid.», meinte han.¹¹⁶¹ Hestane var altså sjølve beånda av ei amatørverdig innstilling; «de gode, ærlige kampdage, da norske heste hæderligt gjorde hvad de kunde, for at vise sig.» No for tida, hevda han, såg kuskane altfor ofte på klokka, og passa såleis på at hestane ikkje pressa seg for hardt. I forklaringa på kvifor det hadde blitt slik, følgde han dels kjende hjulspor: Kuskane og eigarane av hestane hadde blitt lokka av gevinstane på totalisatorbanane i utlandet. Men han hevda også at profitt-motivet var ein utilsikta konsekvens av avlsarbeidet til byråsjef (og tidlegare tiders redaktør i Norsk idrætsblad) Sigvart Petersen. *Han* hadde lukkast så sterkt i høgna yteevna til hestemateriellet, at travsporten forfall, ja, at han blei endåtil «ødelagt som ærlig idræt betragtet». Profesjonelle hesteeigarar blanda inn blod frå engelske varmbloodstravarar, så som den brumskimla norfolk-hingsten «King-Tom» med mørk man og hale. Wergeland skreiv: «King-Tommerne lokket ved sin ydeevne deres smarte eiere til udlandet, til totalisatoren, og King-Tommerne fortalte netop herved, hvad de kunde udnyttes til, og de professionelle hesterkarer fik øinene op for det bedre blod.» Dermed blei den norske småhesten fortrent frå Frognerkilen og andre travløpsbanar i Kristiania, og med han dei ærlege bøndene frå innlandet av Norge. Men ifølgje Wergeland hadde altså framsynte menn no gått inn for ein kappkøyringsklasse som atter sikra den norske rasen gode vilkår, eller som det heitte heilt tidstypisk: «rationel avl af konstant race for landet». Wergeland var ikkje åleine her: Redaktøren i «Landmandsposten» (Kr. Aug. Horne) hevda mykje av det same.¹¹⁶²

Den nasjonale retorikken om amatøreren fekk her eit særleg sterkt uttrykk. Norske hestar synest å springa meir ærleg enn andre rasar.¹¹⁶³

Både hestar og hundar blei stadig vekk avbilda i Norsk idrætsblad, dette jamt og trutt i Wergelands tid som redaktør, og i fullt monn under redaktør Fougner. Endå til nekrolog-liknande omtalar av kjende og svært innbringande hestar kunne bli trykte, men desse «kjendisane» var ikkje nødvendigvis norske.¹¹⁶⁴ Det fører for langt for denne oppgåva å gå djupare på hopehavet mellom menneske og dyr i Norsk idrætsblad, men det *er* noko å gå vidare inn på – korleis somme dyr var til skade og berre å skyta (mot premie), somme til å syna fram

¹¹⁶¹ N.Idrbl., 1903, nr. 6, s. 73; også for dei tre neste sitata.

¹¹⁶² Sjå N.Idrbl., 1903, nr. 7, s. 80. Wergeland fekk tilsvar i nr. 9, signert av ein «a.»: Han syntest kritikken av Sigvart Petersen var urimeleg streng, slik han alltid hadde arbeidd for rein og ærleg travsport på. HW svara (med full signatur) i nr 11, og meiner han blir feillesen, noko han er ganske trygg på at byråsjefen Petersen synest også.

¹¹⁶³ Det er elles verdt å leggja merke til «araberhesten» får godt skussmål i ein eigen lengre artikkel i N.Idrbl, 1903, nr. 10. Denne hestetypen er visst både intelligent og hardfør og uthaldande, om ikkje så rask som fullblods engelsk hest.

¹¹⁶⁴ N.Idrbl., 1903, nr. 4.

som trofé (felte elgar), andre som statussymbol medan dei var i live (jakthundar), og atter andre som rasjonelt foredla amatørar (hestar).¹¹⁶⁵

«Noget er bedre enn intet»

1903 var det året svenskane endeleg kom med i Holmenkollen, etter mange år med invitasjonar. Kvifor det ikkje hadde skjedd før, sjølv om Skiforeningen hadde ordna rabattar på toget frå Stockholm, kan ha delvis med terrenget i Nordmarka å gjera, og delvis med den aukande politiske spenninga. Vintersportveka 1903 gav høve til å vekka opp att 50-kilometeren, han som hadde vorte prøvd ut i 1887.¹¹⁶⁶ Svenskane (23 i alt) gjorde det som ein kunne venta i norsk telemarkterreng, skreiv Norsk idrætsblad. Kristiania by hadde såleis opphavleg norsk terreng like utanfor kontordøra si, det som gav dei pant på det ekte og opphavlege, og ein trumf i møte med «broderfolket». Den beste av svenskane blei nr. 50, og ein heil del av dei brekte dei lange skiene sine, men ikkje så mange som ein kunne frykta. I hoppbakken beit dei noko betre i frå seg. Omtalen var stort sett anerkjennande.

Karl Hovelsen, Kristiania-guten som representerte Bærum skiklubb, var den store triumfatoren, som vann både det lange rennet og kongepokal og førstepremie for det kombinerte rennet, og den høgsthengande Holmenkollmedaljen for den samla innsatsen. I den redaksjonelle artikkelen i idrettsbladet var han avbilda i svevet (biletet teke av den profesjonelle fotografen Skarpmoen), om enn med noko framoverlent kropp og kanskje litt urein skiføring, og ein annan løpar var stilt på motstående side med «ideal korrekt skiføring». I eit seinare nummer trykte bladet eit portrett av Hovelsen, og her utan noko medalje på bringa. Han blei omtala som «vintersæsonens skiheros». Han hadde vunne femmila også i 1902.¹¹⁶⁷

Dette som vi må kunna kalla den skandinaviske idrettsveka (om enn ikkje danskane var med i 1903), prega fagbladet i mange av nummera utover vinteren. Nokre utenforstående «autoriteter» fekk sett sine oppsummeringar på trykk; høgsterettsadvokat (og tidl. Skiforeningsformann) Emil Roll skreiv om skiidretten, kaptein Seeberg fekk uttala seg om skøytesporten. Roll meinte den rasjonelle treninga hadde jamna ut forskjellen mellom by- og land-løparane i skiløypa. Eit anna år kunne ein vel prøva ut klubbrenn i stadenfor 50 km, eller hopprenn for dei over 40 år, la han til. Det viktigaste var å halda skiidretten rein, og at det var

¹¹⁶⁵ Vil ein ha med fuglane, og jakta på dei, var rugda ein klassisk figur i meir naturlyriske eller natur-romantiske tekstar i Norsk idrætsblad.

¹¹⁶⁶ Den reelle lengda var nok nærmare 55 kilometer, meinte N.Idrbl., og terrenget var mykje meir krevjande enn då ein hadde latt løypa gå fire gonger over Bogstadvannet i 1887. Sjå N.Idrbl., 1903, nr. 5.

¹¹⁶⁷ N.Idrbl., 1903, nr. 5, og nr. 8.

vakent auge for at «ikke vinterglæder og løier forvexles med det, der bær idrættens rene og uforfalskede navn». Den rette idrettsånd var for han, så vel som for Skiforeningen, prega av eit visst alvor.¹¹⁶⁸ Centralforeningens leiande mann konsentrerte seg om kunstløp, ikkje så overraskande. Seeberg rosa dei suverent overlegne svenskane, sjølv om han nok skulle ønska mindre av heftige armrørsler og mindre løfting på beina: «[D]et kommer ikke an paa at vise den høiest mulige benopløftning, men at vise den til rigtige eller den harmoniske grænse.» I sum var han meir oppteken av skjønneheitssans enn av imponerande prestasjonar.¹¹⁶⁹

Hurtigløpa for skøyter under spela var også del av europameisterskapen dette året, men her, som under VM året før, blei ingen meister kåra – dette på grunn av dei omdiskuterte reglane til det internasjonale forbundet.¹¹⁷⁰ Nordmannen Schwarz var best samanlagt, og han fekk også Centralforeningens ekstrapremie for god haldning og «korrekt skøiteføring i forbindelse med god tid og god kondisjon». I årsberetninga meinte Seeberg at tendensen i hurtigskøytinga var lovande, sidan dei beste løparane ikkje berre skreid så fort dei kunne, men også vakkert.¹¹⁷¹

Øv idrett, men sky sport?

Den som heldt den store avslutningstalen på vinteridrettsveka, var ingen ringare enn Fridtjof Nansen sjølv. Denne talen var aller først del av ei lita offentlegheit på den avrundande premieutdelinga med både statsminister, stortingspresident, kommanderande general, borgarmeister i Kristiania og kronprins av Norge og Sverige (Gustav Adolf) og oberstløytnant Balck, for ikkje å gløyma alle premievinnarane; sidan blei han omtala i Norsk idrætsblad, og så gjengjeven i sin heilskap i årsberetninga til Centralforeningen.

Professor Nansen tok her utgangspunkt i gymnastikkidealet: ei sunn sjel i ein sunn lekam. Dette var ofte sagt å vera oppgåva til idretten, sa han. Med ‘sunn sjel’ forstod han her nokså typisk norske karaktereigenskapar; å læra seg sjølvbehersking, setja alt inn på å nå eit mål, læra «aanden» å overvinna vanskelegheiter, gje den, eller rettare sagt seg sjølv, «dristig raadsnarhed og mod». Dette siste, kan eg leggja til, var også kvalitetar han sjølv hadde blitt sagt å vera berar av, over Grønlandsisen og mot Nordpolen.

I tillegg var Nansen overtydd om at idretten måtte vekka livslyst og livsglede, og hjelpa mennesket å venda tilbake til det opphavlege allsidige naturlivet – i det minste som ei motvekt mot det einsidige arbeidslivet med si spesialisering og sitt nervepress. Mennesket hadde opphavet sitt i naturen, og idretten kunne i så måte «bringe sus af granskog og høifjeld ind i

¹¹⁶⁸N.Idrbl., 1903, nr. 7

¹¹⁶⁹N.Idrbl., 1903, nr. 7.

¹¹⁷⁰I Norsk idrætsblad, 1903, nr. 11, kom det forslag frå lesarane (kaptein Nandrup) korleis ein heller kunne bruka tidstabellar og poeng i samanlagtberetninga

¹¹⁷¹Sjå Centralforeningen, 1903, s. 140, s. 205.

vore sind». Her kunne han femna om både svenskar og nordmenn og finnar, og gje dei ei særleg oppgåve som berar av «nordisk idræt».¹¹⁷²

Så gjekk den store idrettsprofeten i Norge tettare på problematikken av konkurransar og rekordar i moderne idrett. Her spissa kan henda mange av skiskridarane og skøyteleparane øyro: Nansen hadde vore ute og kosta etter dei før. I 1900 hadde han halde ein tale i det «Pedagogiske Samfund» om oppdraging av ungdommen, og i samband med det skilt skarpt mellom god «Idræt» og «dens Vrægebillede – Sporten». «Sporten» gjorde mennesket ringare, både på kroppen og på sjela, sa han då. Den degraderte «Menneskene til Væddeløbsheste, for hvem det væsentligste ikke var at styrke sit Legeme eller komme ud i Naturen, men – at komme et Par Meter forud for en Anden.»¹¹⁷³

I alle fall hadde Morgenbladet notert seg denne talen den gongen, og referert mykje av han i ein artikkel då. Avisa hadde sågar hugsa han meir enn to år seinare, då ho trykte kva ho kalla «Gyldne Ord» av nettopp Fridtjof Nansen. Professoren og polfararen hadde gjeve turnforeininga i Kristiania eit verdfullt eksemplar av boka *Fram over Polhavet* til sal eller utlodning, og skrive ei personleg helsing i henne: «Øv idræt, men sky sport og alskens rekorder! Sund idræts maal er harmoni og ligevegt.»¹¹⁷⁴

Dette er ord som har fått vingar i historia. Dei dukka opp som motto i årboka til Centralforeningen, som kom ut i mai 1903. Finn Olstad synte til dei i historieverket sitt i 1987, og Rune Slagstad i framstillinga i (*Sporten*) – der han meiner at mottoet gjev det overordna synet på kappestrid som Nansen forfeakta.¹¹⁷⁵ Men i februar 1903, ved avslutninga av vinteridrettsveka, framfor alle desse brave idrettsmennene på Frognerseteren i Kristiania, tok Nansen noko atterhald frå det han tidlegare hadde sagt og skrive. Han ville ikkje med dei nemnde poenga sine, sa han, uttala noko dom over kappestriden eller endåtil rekordar, sjølv om han var betenkt over konkurransen av fleire grunnar. Han såg det praktiske verdet av tevlingar, sa han. Han ordla seg slik: «[K]appestridens praktiske betydning som ansporende for ungdom ogsaa for den, som kanskje ellers ikke vilde komme med, maa alligevel fuldt ud anerkjendes».

¹¹⁷² Centralforeningen, 1903, s. 161-165.

¹¹⁷³ Morgenbladet, 4. mai 1900. Det er verd å leggja merke til at ein på svensk side hadde opplevd kritikk av vintersportveka, dvs Nordiska Spelen, alt i 1901. Ein lege Henrik Berg hadde gått heftig ut mot konkurranseidretten i Svenska Morgonbladet fordi dei var usunne. «Skidlöpning på 60 kilometer på 4-5 timmar, kan dette vera hälsosamt? Skidhopp på 23 meter, är de inte verkligen halsbrytande?» Og «Hur gick det med mannen, som sprang från Maraton til Atén og ropade: Segrat! Han dog. Det var vackert handlat. Men det var inte hygienskt.» Jönsson, 2001, s. 48.

¹¹⁷⁴ Morgenbladet oppfatta dette som ei presisering av kva han hadde hevda så sterkt i det Pedagogiske Samfund, og ville gjerne få kringkasta helsinga til fleire enn den heldige kjøparen. Og for turnforsamlinga i Kristiania må orda ha vore vel så liflege som lyden av klingande mynt i kassa.

¹¹⁷⁵ Nansen skreiv denne dedikasjonen 13. mai 1902. I Morgenbladet dukka han opp 6. desember. Ei kronologisk ordning av utsegnene gjev eit noko anna inntrykk, slik som eg har prøvd å syna i hovudteksten min. Slagstad, 2008, s. 196.

Og han heldt fram: «*noget er bedre end intet*; dens opdragende evne ved at opøve en mand i at sætte alt ind paa at naa et maal, selv om maalet er lidet, maa ogsaa anerkjendes [...]»¹¹⁷⁶

Noko var altså betre enn ingenting, konkurranseaktivitet var betre enn stillesitjing, og idretten var karakterdannande også når han kunne bli nesten altoppslukande. Ein måtte berre hugsa at idrett var eit middel, og ikkje eit mål, verken for menn eller for kvinner, la han til. Tydde dette at Fridtjof Nansen tilpassa budskapet sin til publikum? At han eigentleg skydde sport, men akkurat her kom dei kappesugne i møte? Ein kan med fordel snu på det: Nansen inntok ein mellomposisjon mellom dei som avviste konkurranseiver og dei som sette mykje tid og krefter inn på tevlingane. Eg vil påstå at Nansens tale er amatørromgrepet også *relevant*. Han trudde på den dannande kraft i idrett, og han peika i retning av det som må kunne kallast dygder. Ein må hugsa at Nansen sjølv hadde forlate polarbåten Fram for å freista å nå polpunktet i nord. Han hadde før den tid forlate fangstskuta Jason ved Grønlandsisen, og satsa alt: Døden eller vestkysten. Eg synest Bomann-Larsen har eit vesentleg poeng når han skriv at Nansen hadde «selvmotsigende forhold» til konkurranseidrett: Han ville kappspringa, men på ein større arena, mot dei siste kvite flekkane på kartet.¹¹⁷⁷

Og same kva Nansen sjølv meinte, og ikkje meinte: I Norsk idrætsblad blei Fram-ekspedisjonen tolka langt på veg i engelsk-sportslege termar: «Aldrig skal vi dette glemme, at du satte rekord, **blev en champion of the world**, for den norske troskab hjemme». Slik skreiv den folkekjære diktaren Jakob Breda Bull i eit hyllingskvad som stod på trykk på framsida (med atelierportret av Nansen med ski på beina) i september 1896.

Uthevinga er ikkje mi.¹¹⁷⁸

«Selvstendighed og ære»

Til svenskane hadde Nansen stort sett fine ting å seia under festen, han hadde hatt fleire av svenske ministrar på middag hjå seg under veka, og fungerte sånn sett som ein uoffisiell diplomat. Konsulatstriden, som i 1895 hadde bringa unionslanda i nærleiken av krig med kvarandre, hadde fått ein annan tone av mogleg forsoning etter hundreårsskiftet. Forhandlingane (eller kapittel tre av dei sidan 1891) munna ut i eit kommunike i mars 1903, med uttalt vilje til å finna ei tilfredstillande løysing der begge landa hadde sine utanlandske representantar.¹¹⁷⁹ Polfararen og vitskapsmannen vona intenst at svenskane skulle reisa heim med ei kjensle av gjestfridom og felles sak, sa han. Nordmennene hadde heia raust og ekte på

¹¹⁷⁶ Centralforeningen, 1903, s. 163. Om kursiveringa stod i talenotatane til Nansen, eller om det var referentane som skreiv det inn, veit eg ikkje.

¹¹⁷⁷ Bomann-Larsen, 1993, s. 23.

¹¹⁷⁸ Sjø N. Idrbl., 1896, nr. 37.

¹¹⁷⁹ Morgenbladet, 24. mars 1903, nr. 164. Artikkelen har overskrifta «Konsulat-overenskomsten».

dei, både i Holmenkollrennet og i Solberg-bakken. Han oppfordra dei til å ta det som eit teikn på at nordmenn var eit folk som kom venen sin i møte med begeistring og trufastheit, men som også søkte å verna om sjølvstendet og æra si – «med idrætsmandens seighed og viljefasthed». Utan å seia det direkte, tenkte han kan henda på femmilstriumfen (Karl Hovelsen) meir enn berre hoppinga. Og utan å gjera idretten til direkte politikk i konsulatstriden, gav han skiidretten unekteleg politisk tyding. Etter premieutdelinga, som kronprinsen av dobbeltmonarkiet delte ut, heva kaptein Sverre ein skål og ein hyllest til oberstløytnant Balck. Han tala om vakre resultat og om mange nye venskapsband mellom nordmenn og svenskar. Den svenske offiseren avslutta det heile med å ønskja nordmennene velkomne til Stockholm over neste år.

Men 1905 blei annleis enn dei fleste hadde tenkt.

Kapittel 10. Idrettsboikott og unionsoppløysing

Ein kvar norsk historikar som skal skriva om 1905, blir sett på ein eigen prøve. Korleis møter ein empirien i dagbøker og tidsskrift og regjeringsnotat utan etterpåklokskapen om korleis det gjekk dette året? Med avvisinga av «lydrikepunkta» tidleg på vinteren, sjølv unionsoppløysinga i juni, og kongevalet i november? Sjølv sagt er det freistande å lesa også Norsk idrætsblad baklengs frå jolenummeret 1905, som hadde ein umiskjennleg Fridtjof Nansen i heilfigur på framsida haldande det norske reine flagget, og det diktet som stod i midten, uvisst av kven: «Idræt sætter Staal i Sværdet, Idræt øger Mandeverdet».¹¹⁸⁰ Faren er at ein berre les resten av numra for å bekrefte kor viktig den politiske striden var, også i dette idrettsbladet, som i dagsavisene elles.

I dette kapittelet skal eg ta for meg året 1905, men også nokre viktige moment frå året før. Sjølv om ein forstår mykje av eit liv ved å sjå det baklengs, som vel også filosofen Søren Kierkegaard var inne på, er det mangt å vinna på å følgja historia kronologisk og altså framlengs.

Sosialdarwinisme

Med nytt år (1904) og den 22. årgangen samla sett kom Norsk Idrætsblad ut med nytt utstyr, som det heitte, og det vil her seia nytt tittelhovud eller «tittelvignet». Redaktør Fougner vedgjekk at han nødig bytta om denne teikninga, og heilt kvitta seg han ikkje med den; dei gamle sirklane til Bloch innleidde annonseomslaget av kvart nummer. Den nye logoen (med

¹¹⁸⁰ Sjø framsida av jolenummeret til Norsk idrætsblad for 1905. Jolenumra er ikkje digitaliserte per 25. jan 2022, men finst i ein del utgåver på Riksarkivet, og på Nasjonalbiblioteket i Oslo.

vår tids termar) i den redaksjonelle delen var teikna av rittmeister Rye, og i umiskjenneleg drage- og rosemålingsstil hadde han felt inn bokstavane «NORSK IDRÆTSBLAD» i ein eigen portal.¹¹⁸¹ I nokre av eigenreklamane for Norsk idrætsblad denne tida heitte det at bladet blei lese av 3000 «Sportsmænd i Ind- og Utland». Det er vanskeleg å avgjera kva tal eller faktor dette baserte seg på, då abonnementstal for åra etter 1900 ikkje er kjent, så langt eg veit.¹¹⁸² Premierløyntnant Fougner var redaktør for berre halve årgangen 1904, då på ein eller annan måte «[f]orholdene har gjort», som han skreiv, at han avslutta verksemda i bladet om sommaren. Den 7. juli tok Hagbarth Wergeland dermed atter over ansvaret, no som «chef- og eneredaktør».¹¹⁸³ Hestesport blei betrakteleg mykje mindre dekkja i denne årgangen, vurdert under eitt. Men bladet hadde også færre jaktskildringar, det som var Wergelands spesialane. I notisar dukka elles automobilar opp som del av «hjulsport», og då særleg som del av Frankrikes sportsliv.

Det relativt snevre omgrepet om amatørreglar blei først og fremst tematisert av skøytesporten, i 1904 som tidlegare år. I ein notis kom det fram at Peder Østlund, den store amatørløparen og verdsrekordhaldaren på siste del av 1890-talet, var vendt heim frå Amerika og ville søka om å få amatørskapen tilbake frå IEV. Norsk idrætsblad meinte det ville gå bra sidan Victor Balck sat som president.¹¹⁸⁴ Ein annan Amerika-farar var også vendt heim dette året, Hamar-løparen Peter Sinnerud, ein av dei aller beste norske hurtigløparane på skøyter i første halvdel av 1890-talet. Han tok del i både VM no (flytta frå Groningen i Nederland) og i NM, og vann begge meisterskapa soleklart, om enn utan utanlandsk konkurranse. Sinnerud drog tilbake til Amerika, og byrja då i tevlingar for profesjonelle, med oppvisningar, som å hoppa over seks og sju liggjande tønner, truleg for pengar. Han blei fråteken amatørverdigeita av det internasjonale skøyteforbundet ganske med det same. Verdsmeister for 1904 etter dette blei Sigurd Mathisen, som hadde blitt nummer to. I Norsk idrætsblad fekk ikkje dette meir merksemd enn ei notis, og ikkje noko i dagsavisene, som eg har kunna sjå. Men så var då også denne avgjerdsla langt mindre kontroversiell, enn tildraginga med, eller mot, Wilhelm Henie i 1896.¹¹⁸⁵

¹¹⁸¹ Til venstre for denne tittelportalen var det sett av ein firkant som blei nytta til ulike idrettsmotiv i kvart nummer, gjerne portrett av idrettsmenn eller av idrettsmenn i aksjon, men også meir jakt- og turmotiv som eit stasleg dekkja bord på ei Nordmarka-hytte, eller ein meir enn ein meterlang aurefangst, eller eit utsnitt av maleriet «Ulveslaget» av Carl Uchermann. Travhestar og jakthundar kunne dukka opp der også. Norsk idrætsblad, 1904, nr 25, 26, 28.

¹¹⁸² N.Idrbl., 1904, nr. 10.

¹¹⁸³ N.Idrbl., 1904, nr. 27, framsida.

¹¹⁸⁴ N.Idrbl., 1904, nr. 7.

¹¹⁸⁵ N.Idrbl., 1905, nr. 2, s. 20. For det med tønnene, sjå Wikipedia-artikkelen om Sinnerud; https://en.wikipedia.org/wiki/Peter_Sinnerud#/media/File:Peter_Sinnerud_2.jpg Noko slags konkurranseflate mellom avisene og idrettsbladet var det truleg ikkje tale om, her. Norsk idrætsblad samarbeidde med Morgenbladet, og nytta dagsavisa til å melda føreforhold og sportshendingar før og etter nyttår 1905. Sjå N.Idrbl., 1904, nr. 48.

Det vidare omgrepet om estetikk og om etikk blei tematisert av skisporten, først og fremst i samband med Holmenkollrennet. Redaktør Wergeland i Norsk idrætsblad hadde meint at ein del av dei vaksne hoppa for forsiktig, og at friskheita mellom dei yngre i kvalifiseringsrennet var nesten slåande i kontrasten sin.¹¹⁸⁶ Dette vekte ein viss motbør i spaltene i Norsk idrætsblad, frå ein lesar som meinte ein ikkje skulle ta til orde for «uvorrenheds hop» igjen.¹¹⁸⁷ I ein redaksjonell hale sa Wergeland seg heilt einig i alt dette, og han skreiv at han hadde levd etter denne normen i alle dei hundrevis av hopprenn der han hadde vore dommar. Men denne gongen hadde han altså, og med rette, meinte han sjølv, kritisert eit par altfor forsiktige hopparar, som ikke tok i, eller våga å satsa ein gong. Dette var minningar eller gjenlyd også av viktige ordskifte alt i dei aller første årgangane av Norsk idrætsblad. Det stod endå klarare no: Skiløparamatøren satsa verken for forsiktig på hoppkanten – eller for dristig. Ein innsendar «S.O.» frå Trondheim sparka i gang ein annan «gammal» debatt i det nestsiste nummeret av årgangen 1904. Han argumenterte mot premiering av den kombinerte skiøvinga som Skiforeningen (og Centralforeningen) trudde sterkt på, då skidugleik for han var hopping først og fremst, medan langrenn var ein kraftproduksjon som fordra sterke lunger. Dessutan hadde treninga utvikla seg så langt at folk begynte på barmark, og kanskje alt i november. Dette var ikkje sunt, og ikkje var det rettferdig mot dei som ikkje hadde like god tid, meinte han. Og sanneleg meldte Fritz Huitfeldt seg på banen att, sekretæren for Skiforeningen i mange år, og forfattern av læreboka om skiløpinga frå 1896. I det siste nummeret av Norsk idrætsblad (1904) kalla «S.O.» naiv og av «trollmænds» sort. Han sjølv ville helst ikkje gå i grava før han fekk det lovfesta at «hopløb og længdeløb aldrig adskilles» i Skiforeningen. Lat det i alle fall vera éin idrett, der profesjonismen aldri får innpass, skreiv han. Med «professionismen» meinte han nok då den spesialiseringa som låg i at ein løpar trente særskilt for hopp, eller berre for langrenn.¹¹⁸⁸

Redaktør Wergeland var like avvisande. (Han hadde ikkje fått plass til den halen han hadde skrive no, og trykte synspunktet sitt i samme nummeret som Huitfeldts stykke stod.) Grunntanken i all idrett, hevda han, var at den som kom best budd til eit kappestevne og der synte, at han var den beste – han burde setjast høgast. Om han så hadde hatt betre snøtilhøve å

¹¹⁸⁶ Men kan henda var ein del løparar i A-klassen meir forsiktige enn godt var, og mykje meir enn unggutane som prøvde å kvalifisera seg med gjennom hopprennet i Heggehullet. Wergeland skreiv: [Evtnt: «[Takke os da de 15 fra Heggehullet, det var gutter, som ikke sparede sig.» N.Idrbl., 1904, nr. 6, s. 50.

¹¹⁸⁷ N.Idrbl, 1904, nr. 10, s. 89. («Doc») åtvare ikkje berre idrettsbladet, men også Morgenbladet. Telemark hadde som sine ideal: «[p]len stilling ovenfor hoppet», «godt, men behersket tilsprang», «korrekt skiføring (skierne tæt ind til hindanden og parallel med bakken)», samt «vakker kroppsføring i luften» og dessutan «et bevidst, sikkert nedsprang», noko dommarane godt kunne ha lagt meir vekt på, slik han såg det. I Morgenbladet hadde ein endåtil teke til orde for å utvikla fleire stilideal, men Doc avviste det: «Aldri har jeg seet Thelemarkingene skræve som et kvindfolk, eller forsøge at stange sine tænder mot skispidsene, saaledes som hopløberne ret ofte driver det her i Kristiania omegn.»

¹¹⁸⁸ Fritz Huitfeldt blei faktisk med tida imot tvungen kombinert skiløping, sjå Adresseavisen 13 mars 1918 (etter Ørebladet).

øva seg på, vel, så fekk den uheldige konkurrenten bøya seg som «fornuftig sportsmand». Ja, meir enn det, påstod Wergeland: «Det er nævnt som exempel, at skiløber med vinterens stævner for øie har løbet paa bar mark, den slags idrætsmand er al ære verd. Flere af dem!»

Fleire av *dei*. Ein kunne altså ikkje innstilla eller dempa prøvingane i idrettslivet på grunn av sveklingar, slik Wergeland såg det. Han ville heller ikkje innrømme bymannen, anten han no kom frå Trondheim eller Kristiania, nokon særhandsaming. Til det var prøvingane til for stor gagn for den sunne og den friske, skreiv han. Konkurransen var for saliggjerande – og deltaking var heilt avgjerande for det. Slik rusta ein seg for kampen i livet sjølv.¹¹⁸⁹

I dette resonnementet om den sterke og den svake låg det ein klar inspirasjon frå Herbert Spencer, og det ein grovt kallar sosialdarwinismen. Uttrykket «the survival of the fittest» kom frå Spencer, fleire år før Charles Darwin gav ut *On the origin of species* (i 1859). Eg seier ikkje at Wergeland nødvendigvis las Spencer sjølv, eller Darwin, eller fekk med seg dei førelesingane Monrad heldt om samtidige tankeretningar, og der uttrykket «kun de Stærkeste» var nytta om Darwins lære.¹¹⁹⁰ Men Spencer var godt kjend i Norge i siste tiåra av 1800-talet, både i form av utgjevingar, og tidsskriftsdiskusjonar, og i aviskrinsar – særleg kva han hadde uttrykt om oppseding. Det rimer for så vidt med kva Kjeldstadli har skrive om storheitstida i biologismen hjå den norske intelligentsiaen på denne tida. Eg lener meg også til kva Goksøy og Olstad skriv om gymnastikk-lærarane på høgare (latin-)skular i siste del av 1800-talet: «En slags sosialdarwinistisk tro på det positive og oppdragende i å måtte tåle å ta og gi, og å klare seg sjølv, var relativt utbredt både blant foreldre og skoleledelse.» Samanhengen til desse forskarane er rett nok introduksjonen av den relativt ville og «anarkistiske» fotballsporten i Norge, men poenget kan gjelda andre idrettar, og for så vidt idrettsleiarar, også.¹¹⁹¹

Gjennom kampen og konkurransen i idretten rusta ein seg for den kampen og tevlinga som fanst i livet elles. Den idrettsinteresserte legen Per Giertsen hadde vore inne på akkurat det same tidlegare (sjå kap. 1 i denne parten). Historikarane Goksøy & Olstad føreslo den same konteksten av sosialdarwinisme for dei lærarane (og dei foreldra) som tillét fotball i den høgare skulen.¹¹⁹²

¹¹⁸⁹ N.Idrbl., 1904, nr. 48. Svar frå «S.O.» kom i N.Idrbl., 1905, nr. 4. Han meiner her at det er langrennet som risikerer og tenderer mot professionisme. Treninga til langrennarane tyder på det, og motivasjonen: premiane. Dei som driv i hoppbakken, gjer det derimot «for sin fornøielses skyld». I ein red. hale spør HW kvifor det er mindre profesjonelt å øva balanse og sikkerheit heile dagen td. før Holmenkollrennet.

¹¹⁹⁰ Litt meir utførlig: «en sand bellum omnium contra omnes, hvor kun de Stærkeste eller de, som paa Grund af en eller anden Fordeelagtig Egenskab bedst kunde benytte sig af Omstændighederne, ville kunne beholde Livet og forplante sin Slægt.» Monrad, 1874, s. 335.

¹¹⁹¹ Sjå Skjeldal, 2017, s. 54. Dei første omsetjingane og kommentarverka; Spencer. *Opdragelse*. (Oms. Hans Brekke) frå 1887. samt Christian Bugge (1889). *Herbert Spencers opdragelselære. En fremstilling og en bedømmelse* og Matias Skard (1890) *Herbert Spencers opdragelsestanker. Gjengivelse og kritikk*.

¹¹⁹² Sjå Goksøy & Olstad, 2002.

Ein kunne snudd nokså radikalt på forholdet mellom etterpåklokskap og kronologi, og sagt at Norsk idrætsblad blei sett på sin aller største prøve i 1905. Og spurt så korleis redaktøren bestod denne prøven. Heilt sidan stiftingsåret 1881 hadde det vore ein grunnleggjande premiss at Norsk idrætsblad ikkje skulle drøfta politikk, og slett ikkje ta side då dei politiske partia kom. Idretten skulle vera fri for sånne dragkampar, for spørsmål om makta til Oftedal, og diktarlønna til Kielland, og for den del jernbanen mellom Kristiania og Bergen. Det som brann aller mest omkring 1880, og som splitta mange, var spørsmålet om tilhøvet mellom statsrådene til unionskongen og makta til det folkevalde Stortinget. Heilt i tråd med dette var Hagbarth Wergeland totalt avvisande til at avhaldsrørsla skulle få debattera emnet sitt i Norsk idrætsblad i årgangen 1905, då han oppfatta denne rørsla som altfor fanatisk.

Også omtalen av Sverige blei halden i ein stort sett ikkje-politisk og idrettsleg «rein» tone; Wergeland hadde sjølv vore med på den store norske delegasjonen til Stockholm i 1892, han hadde i 1899 refsa «halvgale og værpesyge diktere, politiske charlataner og samvittighedsfulde bladsmørere» som ville styrta Norge halslaust ut i krig, og han snakka om «vore brødre» og «brødrelandene» så seint som i 1904. Han næra stor respekt for Victor Balck, idrettsredaktøren og den ivrige strategen, som han kalla den største idrettsautoriteten i Norden, og såg han også som garantist for vettuge beslutningar når det gjeld amatørbestemmingane i det internasjonale skøyteforbundet (IEV). Endå viktigare for denne oppgåva er at Sverige og Norge blei oppfatta av Norsk idrætsblad mykje som likeverdige partnarar når det gjeld den høge standarden for amatørskap som fanst her nord, medan trugsmåla i profesjonalismen fanst først og fremst i «udlandet» elles, sør og vest for Norge & Sverige, framfor alt i Amerika.¹¹⁹³ Ein finn altså omtrent ingenting om konsulatstriden i åra 1891-1904 om ein berre les Norsk idrætblad.

Vidare kunne ein tenkja seg, prinsipielt og teoretisk, at det var del av amatørdeologien å halda stigen sin, og for så vidt idretten samla, rein frå politiske stridar: At idrett handla om meistring, prestasjonar og konkurransespenning, og ingenting anna. Idrett var liksom leik; idrett var mål i seg sjølv; idrett var sånn sett *ikkje* politikk. Den britiske forskaren Martin Polley (2006) er inne på dette når han granskar amatørismen i britisk sportsdiplomati, som delvis dreia seg om at diplomatane i Storbritannia i alle fall i åra før andre verdskrig *ikkje* skulle blanda seg

¹¹⁹³ N.Idrbl., 1898, nr 21; N.Idrbl., 1904, nr. 4. Eit lite unntak frå regelen om «broderlandet» her er ein norsk (fridretts)utøvar som i rapport til Centralforeningen etter å ha vore på idrettsstemne i Sverige i 1904 ymta om: «Man kan vanskelig frigjøre sig for den tanke, at idrætten mange steder nærmest drives for præmiernes og ikke for idrættens eget indholds skyld.» Fleire gonger hadde dei norske løparane erfart at dei konkurrerande utlendingane oppførte seg ikkje berre kommanderande, men også fornærmande ovanfor funksjonærar og dommarar. Sjå N.Idr.bl, 1904, nr. 47.

i idrettsspørsmål på vegne av staten – nettopp fordi dei var oppflaska (frå kostskulane og universiteta) med at sport var noko ein gjorde for spelet si skuld, frivillig. Det var eit val og ein aktivitet individet gjorde sjølv, meinte dei, altså uavhengig av politiske omsyn eller ønska til bestemte politiske parti.

Ei slik førestilling var nok ikkje Norsk idrætsblad framand for. Men unionsspørsmåla sprenge liksom desse rammene. I januar 1905 vedgjekk redaktøren sjølv at han måtte vika frå den upolitiske linja, og gjekk heilhjarta inn for at ingen norsk idrettsmann måtte reisa til Nordiska Spelen i Stockholm, kor vondt det enn gjorde å måtta skriva det.¹¹⁹⁴

Framfor folkeavrøystinga i august 1905 gjekk Wergeland endå lenger. Då ville han at idrettsfolka skulle agera politisk direkte – i kraft av å vera handlekraftige idrettsmenneske. Det heitte heilt øvst på framsida av Norsk idrætsblad (under vignetten), i nr. 32: «13. august. Sportsmænd! Glem ikke at paa søndag gjælder det gamle Norges ære. I, som trænede, raske gutter, de første til at værne Norges sag, maa ikke udeblive, naar det gjælder at vise verden, hvor vi staar.»¹¹⁹⁵ Sportsfolket måtte altså ikkje bli heime, eller driva med idrett av noko slag, viss det kom i vegen for røystinga om unionen etter gudstenesta søndag den 13. august 1905.

Det kan sjå ut som Hagbarth Wergeland gjekk ut av sitt gode skinn, ikkje berre som redaktør, men også som forsvarar av djupe amatørverdiar. Han ville jo at idrettsmenn *ikkje* skulle ta del i tevlingane i Sverige i februar, og i neste omgang *ikkje* driva med idrett på nokon måte søndag den 13. august. Omsynet til staten syntest å bestemma over sportsmannen.

Litt meir om forholdet idrett og politikk

Kva tyder det eigentleg at idrett og politikk ikkje skulle blandast saman? Jan Lindroth har, i ein artikkel som nettopp omhandlar boikotten i 1905 sett med svenske augo, skilt ut seks ulike tolkingar av kva relasjonen idrett-politikk kan tyda: 1.idretten i den offentlege utdanningspolitikken (td plassen gym skal ha i skulen); 2.kontakt mellom idrett og politiske instansar (td anleggspolitikk); 3.idrett og partipolitikk (tendens til partipolarisering i idretten, td); 4.idrett som middel til å nå innanrikspolitiske mål (td. folkehelse), 5.idrett og utanrikspolitikk (idrett som middel i kontakt mellom land, td); 6.idrett som middel til å nå internasjonal prestisje.¹¹⁹⁶

Dei tre siste punkta vedkjem boikotten og unionsoppløysinga, slik Lindroth oppfattar det. Han spør seg om Sverige hadde fått slik fart i idrettsarbeidet, og endåtil om OL i Stockholm

¹¹⁹⁴ N.Idrbl., 1905, nr 3, framsida. Ingen norsk idrettsmann kan gjera rekning på anerkjenning her heime, kva merittar han enn har, så lenge han deltar i Sverige «hvor vore ligestillethed trods rene papirer benægtes». Datoen var 19 januar 1905.

¹¹⁹⁵ I nr 32, framsida, den 10 august, står det. Wergeland hadde endåtil ferie, men utifrå at han også skreiv andre notisar denne tida, i nr 31 og 32, kan ein slutta at det var han som skreiv desse linene.

¹¹⁹⁶ Lindroth, 1977, s. 18. Ein meir moderne måte er vel å definera politisk som distribusjonen av makt og ressursar, og slik skilja mellom distribusjon av makt og ressursar i sport, og distribusjon osv. og sport. Sjå Loland 2021.

i 1912 hadde blitt ein realitet, utan denne utanrikspolitiske utfordringa og krisa.¹¹⁹⁷ For Norges del kan ein nok spørja seg korleis unionsoppløysinga ville sett ut utan bidraga til Fridtjof Nansen. Akkurat boikotten av Nordiska Spelen i januar/februar spelte nok mindre rolle her, og ei oppløysing ville nok ha kome på eit eller anna tidspunkt, med eller utan Fridtjof Nansen, men at dei politiske bidraga hans blei skunda på av denne boikotten, og at pressa og idrettsblada spelte ei vesentleg rolle her, må ein kunna påstå – med empirien i behald. Nansen sat som formann i den komiteen som skulle organisera den offisielle norske representasjonen.¹¹⁹⁸

Likevel er det ikkje rett å seia at den redaksjonelle linja i Norsk idrætsblad smelta *ned* i unionsstriden denne vinteren, våren og sommaren. Eller den amatørforestillinga bladet vakta. Snarare hevda Wergeland at den æra ein skikkeleg sportsmann i Norge kjempa for, ho smelta saman med omsynet til Norges ære no. Litt meir konkret sagt var trente sportsmenn til å stola på i valet mellom union eller sjølvstende. Det større nedslaget som diktaren Kristoffer Randers hadde antyda i diktet til Blocs bilete av skiløparen i svevet (i 1884): «Den som kan staa efter et saadan hop, han svigter nok ej, når det gjelder.»; det fekk ei slags fullbyrding her. Dygdene frå den gongen, *motet* skihopparen hadde til å setja utfor, og *viljen* han hadde til å stå, fekk eit politisk drag. Ein kunne kanskje seia at ei linje i den teikninga, skisporet om ein vil, blei ført til endes av Wergeland i 1905. Sett slik, der amatøreren kan abonnera på eit alvor like mykje som ein annan figur, får det politiske ein meningsfull plass. Frivilligheit går ikkje *berre* i hop med leik, og alvor ikkje *berre* i hop med nytte. Politikk *kan* dreia seg om val og fridom, og ikkje berre om tvang og statens trong.¹¹⁹⁹

Amatørideologien fekk i alle fall her, i dette sitatet frå redaktøren sjølv i Norsk idrætsblad midt i unionsåret 1905, eit veldig tydeleg nasjonalt preg, og truleg det aller tydlegaste politiske nedslaget i kjeldematerialet mitt. *Sportsmanden*, med amatørfiguren implisitt, var tvers gjennom norsk. Det nasjonale blei tvers gjennom politisk. Enkelt sagt stod æra på spel, både for den einskilde idrettsutøvaren, og for landet som heilskap.

Dette er ikkje simpel etterpåklokskap. Men det er sjølvsagt fordi eg ser 1905 i ettertid, at eg kan ana denne utviklingslinja i amatørforestillingane.

Samstundes syner tildragingane i 1905 at det fanst ei grense for idrettsamatøren. Slik redaktøren av Norsk idrætsblad såg det, kunne ikkje ein god sportsmann bli med på fredleg kappestrid for einkvar pris, når verten i utlandet var så usæl som han var. Det fanst verdiar som var viktigare enn leik og idrett – så som også ved folkerøystinga i august månad.

¹¹⁹⁷ Sjå Lindroth 1977, s. 19.

¹¹⁹⁸ Centralforeningen hadde søkt om ekstra midlar av Forsvarsdepartementet om hausten, og Dagbladet var såleis først ute med å etterspørja den politiske haldninga i Stortinget til denne idrettsfesten, dette den 4. januar 1904.

¹¹⁹⁹ Polley drøftar det britiske sportsdiplomatiet i ein kontekst av framveksande totalitære ideologiar i Europa, vel å merka.

Det er vel også utenkjeleg at Hagbarth Wergeland, eller Norsk idrætsblad, ikkje skulle vera merkt av stemninga i Norge på denne tida. 368 208 stemte for unionsoppløysinga, berre 188 i mot.¹²⁰⁰

Idrettsboikott

Norsk idrætsblad var altså ikkje åleine mellom blada om dette idrettspolitiske standpunktet i 1905. Tor Bomann-Larsen har synt kva Fridtjof Nansen nytta den nærmast profetiske posisjonen sin til i offentlegheita, og kva talarstol han fekk i Verdens Gang, der han fekk på trykk fem artiklar februar og mars 1905. Han gjekk inn for at Norge skulle hevda retten sin tilsetja (og eventuelt avsetja) konsular i utlandet sjølve.¹²⁰¹ Men då hadde komiteen for den norske deltakinga i Nordiske Spelen, der Nansen sat som formann, alt i januar skrive til svenskane og meldt avbod på vegne av alle dei påmelde løparane. Centralforeningen hadde hausten 1904 søkt Stortinget om ekstramidlar til denne troppen, utan at reisa var meint politisk på nokon måte. Dagbladet hadde så i starten av januar bede Stortinget koma ut i ope lende, og stadfesta at dei verkeleg ville støtta denne komiteen med midlar. Ørebladet hadde frå i midten av månaden agitert sterkt for at Norge ikkje kunne reisa til Stockholm, slik som forhandlingane då såg ut til å stranda. Morgenbladet støtta dette synspunktet, og meinte at ein ikkje kunne skilja politikk og idrett i slike spørsmål som dette. «Ett lands nationale Politik er Summen av dets Aandelige og Materielle Kræfter, og Landets Ære kjender hver Borger som sin egen.»¹²⁰²

Norsk sportsblad støtta også å boikotta Nordiska Spelen, dette i nr. 1 av 1905-årgangen. Norsk sportsblad var ein mindre publikasjon som kom ut ei gong i veka, i Drammen først (1903), så i Vikersund (frå 1904). Redaktør var T.N. Glesne; Gustav Thorp var ein av medarbeidarane hans. Bladet kalla seg «specialorgan for skydning og vinteridræt», og bør oppfattast som eit forsøkvvis eige organ for bygdeinteressene, eller for «landdistriktsidrætsmanden», som redaktøren kalla han.¹²⁰³ Forsvarsviljen, og for så vidt nyttetenkninga om dei nasjonale idrettane (skisport, jakt, skøytesport og skyting), prega mange

¹²⁰⁰ Det gjev ein stemmeprosent for på 99,95 %. Sjå Steine, 2015.

¹²⁰¹ Ørebladet den 27. jan 1905 har kort notis om avgjerda til komiteen, gjort i møterom på Grand hotell, den 26. Skrivelse til den svenske komiteen ville bli sendt den 28. står det. Ikkje noko meir om grunnen her enn «de nuværende unionelle Forhold.»

¹²⁰² Sjå Ørebladet den 14. jan. 1905, og Morgenbladet, 12. jan. 1895, nr. 22 (framsida).

¹²⁰³ I Norsk sportsblad, 1903, nr. 1; står det at bladet kom ut kvar onsdag (i Drammen i starten). 6 sider på jamnen, samt reklame (8 sider tot). Eit elghovud i logoen, og mottoet: «Et sikkert øie, en stø haand. Et sunt legeme, en vilje af staa – det være vort maal!» Kalla seg «specialorgan for skydning og vinteridræt». Nokre små tilløp til innlegg om debatt, td. om vektinga av langrenn og hopp, sjå nr 5, første årgang. La vinn på å få med skyttarnyhende frå både Sveits og Storbritannia. Prøvenummer i desember 1902; Morgenbladet oppfatta det då som eit konkurrerande blad for skyttarrørsla, først og fremst. Sjå Morgenbladet 31. desember 1902, nr. 778.

artiklane. Eit oppsving i abonnementstal i løpet av 1905 (til om lag 1000 tingarar) gav rom for ei noko større satsing i sidetal og stoffmengd.¹²⁰⁴

Når ein ser på avisene og offentlegheita samla, kan ein seia at idrettsboikotten i 1905 ikkje handla så mykje om kva Norge politisk skulle *oppnå* med å halda seg heime frå Nordiska Spelen, så mykje som det handla om sorg og ulyst – når verten (Sverige) var så upåliteleg og uærleg som han var. På svensk side oppfatta derimot somme aviser handlinga som utpressing.¹²⁰⁵

Nordiska Spelen gjekk altså føre seg i 1905 utan norsk deltaking, verken skiløparane som hadde meldt seg på, eller offiserane med hestar. Victor Balck var djupt besviken. Nansen vart fråteken æresmedlemskapen sin i skiforeininga, og Sverige boikotta særleg norsk vinteridrett i fleire år.¹²⁰⁶

Sekretæren i Centralforeningen, Frantz Gustav Seeberg skreiv elles eit eige sirkulære, som blei sendt ut til alle laga i juli månad, og som også blei trykt i fleire aviser, like før valet i august. Også han tok til orde for ein politisk innretta idrett; ein idrett som hadde forsvar av fedrelandet som målet og meininga si. Men han hadde likevel eit anna utgangspunkt og eit anna endepunkt enn redaktør Wergeland: «Der er kun én rekord, man skal stræbe etter, - det er at faa *alle* med.» Rett *øvd* idrett var framleis Seebergs urokkelege basis. Ein kunne også seia at staten, og denne sommaren særleg forsvaret og militæret, øvde mykje meir sitt påtrykk gjennom han.¹²⁰⁷

«Skiklovn Zdarsky»

Eit av dei emna som laga mykje ordskipa av seg i Norsk idrætsblad *elles* i årgangen 1905, gjeldt korleis skisporten såg ut til å utvikla seg i Austerrike. Her hadde Hagbarth Wergeland mykje i mot ein oppfinnar og utøvar Mathias Zdarsky, som hadde utvikla ein bindingsmodell med feste frå bakleggen til bakskia. Ikkje berre var bindingen farleg; Wergeland meinte at Zdarsky var ein «skiklovn» som berre var ute etter å køyra utforbakkar, og gjera pengar på denne simplare

¹²⁰⁴ I Norsk sportsblad 1906, nr. 7, s. 52 står ei sides artikkel der det går fram at NSP skal vera organ for «landdistriktsidrætsmanden». Bladet gjekk inn i 1907, uvisst av kva grunn.

¹²⁰⁵ Den svenske avisa *Stockholms Dagblad* tala om «ett ultimatum in amplissima forma». Sjå Lindroth, 1977, s. 7. Ordet «boikott», som kjem av den engelske kapteinen og godsforvaltaren Boycott, og kva den irske landligaen gjorde av utestenging og isolasjon for å tvinga framferda hans i kne, var kjent i Norge allereie i 1880. Grovt kan ein vel dela etisk begrunning for boikott i «ytremisjon», altså konsekvensane ein ser for seg, og i «indremsjon», i karakterbygging i dygdetisk retning, eller i sinnelagsetisk lei (= kva innstilling eller haldning ein sjølv vil ha) Komiteen der Nansen sat som formann, begrunna avslaget i «Nedstemthed af alvorligste Art» Sjå Morgenbladet 28. jan. 1905, nr. 52.

¹²⁰⁶ I ei jubileumsbok for rideklubben til norske offiserar blir det fortalt at løytnant Fougner og kollegaen (Chr. August) Giertsen hadde vore i tvil om dei skulle stilla i ritt mot svenske offiserar i Gøteborg i slutten av mai det året – i og med at kongen den same dagen hadde nekta å sanksjonera konsulatordninga som Stortinget ville ha. Løysinga blei at han og kameraten stilte – men utan uniform. Offiserane opplevde her påtrykk og telegram frå redaktøren i *Morgenbladet*, Nils Vogt. Sjå Henriksen, 1930, s. 48.

¹²⁰⁷ Sjå til dømes *Kongsberg blad* den 24. juli 1905. Sjå også Centralforeningens årbok for 1905.

sporten. Ein tyskar hr Rickmar har sett ut 10 000 mark for den som kunne slå Zdarsky utfor frå Mont Blanc!¹²⁰⁸ Austerrikaren dreiv altså ikkje etter dei edle prinsippa av kombinert og allsidig skiidrett som Skiforeningen i Norge styrte etter. Fritz Huitfeldt, som hadde utvikla sin eigen bindingspatent i 1894, var også høgst skeptisk til Zdarsky.¹²⁰⁹ Wergeland kom i klammeri med dei i Kristiania som støtta turistkontakten med Austerrike, og ein lokal skiklubb i Wien, ja, sjølv Skiforeningen beklaga at bladet kom med så harde utfall mot skisporten i dette landet. For Wergeland botna kritikken i ei førestilling om at skisporten her heime var rein og amatørmessig, men stod i fare for å gli ut i spesialisering og profesjonalisme og *Geschäft* i utlandet. I Sveits syntest derimot sporet rettare, syntest han, sidan nordmenn hadde vore der og vegleia.¹²¹⁰

Internasjonale amatørreglar

Kva som er verdt å merka seg, i høve dimensjonen av meir spesifike amatørreglar, var at Danmark, Sverige og Norge kom fram til felles reglement for friidretten i 1905. Reint umiddelbart må ein seia at det ikkje rimer med den vante forståinga vi vel har av dette politiske stridsåret, men så var det også slik at unionskonflikten etter kvart skugga for desse reglane – for fleire år framover. Gustav Thorp hadde vore del av dei tidlegare sonderingane og forsøka på å laga felles bestemmingar. Og frå norsk hald hadde ein vel tykt at danskane ikkje hadde vist seg særleg samarbeidsvillige i tidlegare år. Iniativet kom denne gongen frå Dansk idrætsforbund, og den nordiske idrettskongressen, som han kalla seg, blei følgeleg halden i København (i juni månad). Her stilte kaptein Bentzen frå Centralforeningen, Yngvar Bryhn frå Norsk idrætsforbund, og kaptein Dahl frå Norsk gymnastik- og idrætsforbund(!), etter referat av sistnemnde i N.Idrbl. å dømme.¹²¹¹ Sjølve innhaldet i dei felles-skandinaviske amatørreglane skal eg koma nærmare inn på i neste kapittel, då Skiforeningen laga sine retningslinjer i 1906,

¹²⁰⁸ N.Idrbl., 1904, nr 8, s. 77. Nordmenn utfordra herved. Nytt framstøyt frå austerrikaren trykt i same årgang, nr 47, og her avviser N.Idrbl. pengane og reklamemotivet til utlendingen.

¹²⁰⁹ I N.Idrbl., 1905, nr. 9 har Skiforeningen tilsvar til HW. ang debattinnlegget hans, og skriv her at dei har teke avstand frå utfordringa til Z, då denne sklir inn på spesialisering (berre utfor), medan nordmennene i Skiforeningen forfektar allsidigheita i å kunna heile terrenget, både oppover, bortover og nedover. Dette er den «rationelle» skiløpinga, heiter det. Underteikna heile styret og Klingenberg (sek). Uttale frå HW i seinare nummer tyder på at Skiforeningens artikkel blei «smuglet ind i bladet»! Dette finn han høgst utidig, og han vonar den som gjorde dette, ikkje handla på instruks.

¹²¹⁰ Jmf ein omtale av skisporten i Sveits i N.Idrbl., 1905, nr 6, s 58. Om Sveits, sjå også same årgang nr 7. s 67.

¹²¹¹ Victor Balck var ikkje med her, men tre andre som representerte Svensk idrottsförbund, direktør S. Edström mellom dei. Han blei ein svært sentral figur i det internasjonale idrettsmiljøet seinare. Korleis skrivefeilen Norsk gymnastik- og idrætsforbund kom til, er ikkje så godt å seia, Dahl beklaga det i eit seinare nummer. På ein måte føregreip han dei hendingane som skulle finna stad året etter, då Turnforbundet og friidretten gjekk saman i Norsk Turn- og Idrætsforbund. Sjå Olstad, 1986, s. 117-118 om dette. Forhandlingar hadde gått føre seg i lengre tid, også som diskusjonar i Norsk idrætsblad. Redaktør Wergeland var ikkje vidare begeistra for samlingstanken, då han frykta at friidretten kunne bli slukt av den mykje større turnørsla, også i synet på korleis øvingane og konkurransane skulle ordnast. Dette føya seg inn i kva han tidlegare hadde åtvart mot som «pedanteri». Wergeland var skeptisk til stilideal som gjekk altfor mykje på tvers av innsats og ambisjon. Den etiske dimensjonen av amatøridealet var framleis viktigast for han. Sjå N.Irbl., 1905, nr. 29, s. 251.

med basis nettopp i desse.¹²¹² Samarbeidet mellom dei skandinaviske landa blei det derimot mindre av, etter som Sverige trekte seg ut av både den felles kongressen og dei tenkte årlege nordiske friidrettssmeisterskapa, mykje på grunn av den politiske konflikten med Norge.¹²¹³

Det snevrare amatørspørsmålet stod også på ein annan internasjonal agenda i 1905. IOK hadde kalla inn til stor idrettskongress i Brussel i juni månad. Her hadde kaptein Henrik Angell, ivrig skiløpar og føredragshaldar for Centralforeningen, stilt for Norge, og Norge åleine, må ein tru. Han teke imot høgtidleg diplom til ære for idrettsmannen Fridtjof Nansen, og høyrte dei spela «Ja, vi elsker» ved denne utdelinga. Sidan unionsstriden stod så spent i Norge denne sommaren, må dette ha vore ei spesiell stund for han.¹²¹⁴ Til Norsk idrætsblad skreiv han eit nokså stutt referat der han roste Coubertin, og fortalde at han hadde fått med seg ein «meget interessant diskusjon» i ein administrativ seksjon om spørsmålet «Hvem er amatør?» Men til lesarane av bladet delte han ikkje fleire detaljar om dette.¹²¹⁵

Coubertin og Angell veksle elles brev året etter; det hadde kome IOK for øyra at det kanskje ikkje blei noko av nordisk vinteridrettsveke i 1907, og baronen lurte på kor hard idrettsstriden mellom landa eigentleg var.¹²¹⁶

Ei stutt oppsummering av kapittelet kan lyda: I 1905 fekk det nasjonale draget ved amatøreren i Norge ei særleg politisk innretting – eller kvessing, om ein vil.

Kapittel 11. «The flying Norseman»

I 1906 heldt Athen tiårsjubileum for dei olympiske leikane i 1896, og kalla idrettstevlingane sine atter olympiske. Sjølv om dette ikkje akkurat begeistra IOK og baron Coubertin, som ønska at arrangementa skulle vandra rundt til ulike byar og land, i fireårssyklusar, lokka det på den

¹²¹² Kort referat frå idrettskongressen i København (26 juni-1 juli) i Norsk idrætsblad, 1905, nr. 27, s. 235, og også noko i nr 29. Her blir det fortalt at ein vedtok å halda nordisk meisterskap, vekslande mellom landa, først i Danmark 1906. For misnøye med danskane tidlegare, sjå N.Idrbl., 1904, nr. 42, s. 346. Skiforeningen, 1906, s. 131-134 refererer ordlyden i dei detaljerte bestemmingane.

¹²¹³ Kva ein også blei samd på kongressen, var felles ordensreglar for idrett – med typiske danske ordlydar om ikkje å vera berykta i den offentlege meininga (dvs straffedømd), eller stå i gjeld til idrettsforeninga si. Sams reglar for friidrett blei også formulert. Sjå N.Idrbl., 1905, nr. 29, s. 252.

¹²¹⁴ I N.Idrbl., 1905, nr. 23, s. 202, blei det sagt at Angell reiste som representant for den norske regjeringa, og at kongressen skulle handla om idrett og hygiene.

¹²¹⁵ Sjå N.Idrbl., 1905, nr. 26, s. 225. Første dag var han med i den «pedagogiske seksjon» og høyrde ikkje anna enn diskusjon om ein trong halv eller trekvart time med gym i folkeskulen, osv. Ifølgje Angell skulle referat av kongressen (9-15 juni) sendast til dei ulike landa, og kanskje idrettsforeningane. Han sjølv kan ha skrive eit fylldigare referat til regjeringa, men eg har ikkje leita i arkiva til Utanriksdepartementet om dette. Kva enn IOK kom fram til av reglar og ikkje, fekk det inga tyding for norsk idrettsoffentlegheit i den perioden eg har granska her.

¹²¹⁶ Sjå Goksøy, 2005, s. 74-75.

unge nasjonalstaten Norge. Dette var tvert om eit strålende høve, og ein framifrå arena, til å visa kva den gjenfødde nasjonen dugde til. Dessutan skulle Sverige og Danmark stilla troppar; Norge kunne ikkje vera dårlegare. Ein komite blei sett ned beståande av mellom andre telegrafdirektør Thomas Heftye og kaptein Seeberg og kaptein Sverre. Dei blei samde om at norsk idrett måtte representerast breitt, med ein gymnastikktropp aller fremst, som kunne visa nasjonen sterkare fram enn einskildutøverar. Spesialistar blei godtekne for friidretten sin del. Også skyttarkrinsane blei inviterte inn.¹²¹⁷

«Alt for fædrelandet!» var det mottoet som eit medlem av turnforeninga hadde ropte til mannskapen ved Revierbrygga då båten skulle forlata heimlandet, og «Alt for fædrelandet!» var det mottoet som kaptein Sverre kvitterte med. Gjenklengen av valspråket til den nyvalde kongen («Alt for Norge») var ikkje å feil av. Likevel vil eg ikkje seia at det var ein totalitær impuls dei gav uttrykk for; sjølv om ein kan seia den olympiske idretten baud på politisk undertonar ved denne reisa, reiste troppen høgst frivillig, og amatørpreget over deltakane og ferda var såleis ikkje å misforstå.¹²¹⁸ At skyttarane også skulle senda mannskap til OL i Athen, kunne ha bydd på problem dersom ein ganske streng amatørdefinisjon, slik som den sykkelsporten heldt seg med, ville vore gjeldande. Pengepremiar var vanleg nok på skyttarstemne. Men dette synest ikkje å ha valda nokon noko vånde, i alle fall ikkje i Norge. Amatørreglane så vidt nemnde i Norsk skyttertidend, og elles ikkje i offentlegheita, verken i Norsk idrætsblad eller i dagsavisene.¹²¹⁹

Dette kapitlet skal ta for seg ulike amatørreglement som kom i 1905-1906, og kva kontekstar og tilspissa debattar, særleg i regi av Skiforeninga, og Norsk idrætsblad, som gjev dei meining. Overrettssakfører Fredrik Juell spelte ei viktig rolle begge stader: Han sat åtte år i styret av foreninga (frå 1899-1906), og tok over redigeringa av Norsk idrætsblad i 1907.

Til slutt i kapitlet kjem finalen i amatørutviklinga mi – eller det mange skiideologar såg som fadesen og magaplasket for den stoltaste norske idretten.

¹²¹⁷ Her baserer eg meg på omtalen i Norsk skyttertidend, 1906, nr. 8 (21. feb. 1906). Sjå også N.Idrbl, 1906, nr. 4, s. 32-33.

¹²¹⁸ Sjå Skjeldal, 2021b, s. 51. I denne artikkelen baserer eg mykje av tolkinga på ei reiseberetning som turnaren K. Joh Haagensen skreiv, og som kom ut som bok i 1907.

¹²¹⁹ Det heitte i invitasjonen, etter at program for dei ulike idrettsgreinene var gjort greie for, at 1. «De olympiske lege er udelukkene forbeholdt amatører.» Så følgde definisjonen i nr 2; at ein ikkje hadde tevla for pengar nokon gong, eller med profesjonelle, eller vore lønna trenar nokon gong, eller ha pantsatt premiar nokon gong, eller late seg blitt benytta i reklame. Dette var i seg sjølv strengt nok, og i tråd med gjeldande reglar. Men, ein amatør hadde rett til å motta refusjon for utgifter, heitte det vidare, «forsaavidt som dennes godtgjørelse ikke er en belønning.» Punkt 3 i regelverket ba deltakarane skaffa seg prov på amatørstatusen i forkant av leikane, anten ved sentralforeningane i heimlandet, eller av ein amatørforening, eller av utanlandske kommisjonærar som kunne godkjenna slikt. Kva eller kven desse er, har eg ikkje tatt meg tida til å finna ut av. Sjå Norsk skyttertidend, 1906, nr. 8, s. 32. («Fra komiteen for de olympiske lege i Athen»). Eit døme på pengepremiar i skyttarsamheng: Vigander, 1927, s. 66-67 (i ein artikkel forfatta av F.G. Seeberg sjølv). Ved den skandinaviske skyttarfesten i Kristiania i 1892 bad dei norske skyttarane om å få premiane i reine pengar, medan dei svenske og danske deltakarane bad om sølvgjenstandar med inskripsjon.

Først Athen

I Athen vann den norske turntroppen gull, det aller første OL-gullet til Norge nokonsinne, om ein ikkje reknar heilt strengt etter IOK sine eigne standardar. Telegram blei sendt til kong Haakon same ettermiddagen, og på Stortinget skal representantane ha hatt ei høgtidsstund då resultatet blei kjend der. Både turn- og gymnastikk-krinsane i Norge gledde seg, Centralforeningen, og kaptein Seeberg inkludert, må ein tru. Det norske systemet var ei god blanding av den svenske gymnastikken og meir tyske turn-element, og som ein siger for det kombinerte systemet blei triumfen også oppfatta. Ein pikant detalj frå Athen i så måte var at nordmannen som var teken ut til å springa maraton, blei teken av programmet. Leiinga meinte han ikkje var skikka til å representera landet, etter at han hadde brote 5000 meter-løpet på stadion. Tolkninga av dette kan peika i vidt ulike retningar: Var han ikkje amatør nok? Var han for mykje amatør? Kan han i det heile kallast amatør når han blei gjort så politisk, og kan eg seia *kontroversiell*? Eg har valt å ikkje gå djupare i desse spørsmåla her.¹²²⁰

Framfor OL i 1908 – som skulle haldast i London etter at Roma overraskande trekte seg – måtte ein kan henda rekna med mykje strengare reglar omkring idrettsamatøren, rapporterte norske aviser. I desember 1906 i kom det fram at arrangøren på den andre sida av Nordsjøen vurderte å ikkje ville godkjenna reisegodtgjerdsløse, ein gong.¹²²¹ Seinare, i 1907, prenta Norsk idrætsblad dei utførlege amatørreglementa som skulle gjelda for dei ulike idrettane i London. Roing hadde her dei strengaste reglane, og utelukka dei som hadde hatt arbeid som mekanikar, arbeidar, eller «nogetslags kropslig arbeide for penge». Dette var altså basert på bestemmingane til det eine av dei to nasjonale forbunda (ARA) i Storbritannia.¹²²²

Samstundes var det slik at ikkje alt som kom frå Storbritannia, sjølve imperiet i verda, blei slukt med hud og hår i Norge. I 1906 skreiv til dømes ein «Expert» i idrettsbladet om dei merkelege parallelle standardane ein hadde i britisk idrett, når ein samanlikna amatørreglane for fotball med kva som var vanane var i cricket. I cricket kunne ein laga store innsamlingar til dei aller beste (W.G. Grace), eller gje autmobil i bryllupsgåve til ein annan (Frye), utan at det gjorde noko med amatørstatusen deira. I fotball kunne eit piano i bryllupsgåve (frå klubbkameratane til keeperen Earle) tydelegvis risikera at ein spelar blei rekna som profesjonell. Sjølv om skrivaren var på det reine med at fotballforbundet i England (FA) hadde

¹²²⁰ For referat, les Haagensen, 1907, og Skjeldal, 2021b. Ei anna pikant tildraging om amatørreglane fortalde avisa *Tunsbergaren* om den 30. april 1905: Det greske publikummet hadde bua den austerrikske vektløftaren Steinbach ut, og han hadde blitt erklært som profesjonist, til trass for kva forbundet i Austerrike garanterte, og slik blei grekaren Tofalos olympisk meister i vektløfting. Kjelda var for den norske avisa her *Daily Mail*.

¹²²¹Sjå *Nordtrønderen*, 5. desember 1906.

¹²²²N.Idrbl., 1907, nr. 45, s. 367. Skøytesporten var elles inkludert mellom idrettane med amatørreglar her. Sjå Halladay, 1987, for tilhøvet mellom ARA og NARA.

tillate profesjonelle lag, tykte han tolkinga av diett-reglar her var fryktelege streng for amatørane sin del.¹²²³

Amatøren i skandinavisk samanheng

Kva den nordiske, eller rettare sagt skandinaviske komiteen kom fram til av felles amatørreglar i 1905, kan også sjåast som eit rimeleg korrektiv til den britiske måten å tenkja omkring henholdsvis pengar og edel idrett på. Rett nok var momentet om ikkje å ha tevla mot profesjonelle nokon gong *med* mellom reglane (paragraf 1c), om enn sentralkomiteen i kvart einskildland kunne gje dispensasjon i så måte. Men reglane her nord tillét reisegodtgjerdse og diettpengar ved deltaking i stemne utanfor heimstaden til utøvaren (geografisk heimradius var her ikkje nærare definert). Meir fundamentalt skilde komiteen mellom Norge, Sverige og Danmark mellom kategoriane ‘amatør’, ‘ikke-amatør’ og ‘profesjonell’ («professional»). Ein som var lønna instruktør i ein idrett, kunne vera ‘ikke-amatør’, og sånn sett ikkje automatisk utelukka på ei anna idrettsgrein. Desse greinene var vidare definert i tolv kategoriar, som eg ikkje treng å gå inn på i detalj her. Ein gymnastikkinstruktør kunne vera med i eit amatørskøyterenn eller anna is-idrett (kategori 5), til dømes. Og som ikkje dette var nok, var tre idrettskategoriar gjevne det unntaket at ein *kunne ha pengepremiar her*. Dette gjeld hestesport, segling, og skyting (samt militær idrett).¹²²⁴

Kvifor akkurat desse tre idrettane fekk unntak, seier ikkje reglane. Det kan godt tenkjast at danskane, som jo tok initiativ til komitearbeidet, vann fram med synspunkta sine. Referatet i Norsk idrætsblad i 1905 tyder på nettopp det. Men også i Norge var det vanleg med pengepremiar for desse sportane, i den grad skyting kan inkluderast i manntalet for ulike idrettar. Med samlinga av skyttarrørsla i 1893, og den påfølgjande nyorienteringa av Centralforeningen i 1895, hadde jo denne rørslekulturen, om ein kan kalla han det, gått sin eigen veg, og halde på sitt eige tidsskrift, til og med. Forklaringa på kvifor skyttarane gjekk under radaren for OL-amatør-reglane i 1906, kan såleis ligga her.¹²²⁵

For så vidt vitna unntaka om at skandinaviske land heldt seg med dobbelt bokhalderi på same måten som britane gjorde. I sum var amatørreglane likevel langt meir liberale enn dei engelske. Særleg det med å kunna vera lønna instruktør i ein idrett, og likevel vera så godt som amatørverdige i ein annan, var ei romsleg forståing av kva som gjorde ein til ein amatør (eller

¹²²³ Sjø N.Idrbl., 1906, nr. 32, s. 285-286.

¹²²⁴ Sjø Skiforeningen, 1906, s. 131-134.

¹²²⁵ For Centralforeningens folk fall det noko tungt at Norsk skyttertidende berre fortsette som før, med det namnet, sjølv etter fusjonen av skyttarrørslene i 1893. Sjø N.Idrbl., 1905, nr. 27, s. 235, for eit heller stutt referat av kongressen til IOK i Brussel. Det er uklart om nokre slags amatørreglar blei vedtekne her. Sjø også referatet til Louiz Bentzen på vegne av Centralforeningen om den skandinaviske felleskomiteen, som stod i årsberetninga gjeven ut 1906, side 85-87. Han skreiv her at amatørreglane blei noko strengare enn kva som hadde vore vanen i Norge, utan at han utdjupa dette.

rettare sagt kva som gjorde ein til ein profesjonell) i idrettssamanheng. Også den internasjonale skøytekonferansen vedtok (i 1907) at ein arrangørklubb måtte kunne dekke reiseutgifter for ein framand løpar, så lenge pengane gjekk til den klubben der løparen var medlem.¹²²⁶

Skiløparar og sirkus

Hausten 1906 vedtok også Skiforeningen det heller utførlege nordiske amatørreglementet, dette etter forslag frå styret, teke inn i årboka for 1905-06 (1906). Bakgrunnen nemnt her var at skiløpande nordmenn stadig blei inviterte til å vera kurshaldarar eller skiinstruktørar i utlandet, gjerne på hotell.¹²²⁷ Det var ikkje vanskeleg å sjå for seg eit hotell eller ein kurstad i Alpane ville betala ganske rundhanda for opphaldet, og det hadde kan henda alt skjedd. Men problematikken var faktisk meir tilpissa enn som så. I den same årbok av 1906 hadde ingeniøren Bjarne Nilsen («B.N.») på trykk ei lengre beretning om eit vinteropphald i Sveits og i Tyskland året før. I St.Moritz hadde han erfart at hotella brukte norske skiløparar i plump reklame for både stadane sine og for Sveits som turistmål, både med plakatar og med musikk og arrangement som aller mest likna «sirkusforestilling», skreiv han. Han hadde skamma seg visstnok over å ha teke del i eit slikt hopprenn.¹²²⁸ Andre, heller ukjende skihopparar stilte i det som var direkte sirkusframvisningar, i ulike byar i Europa. Ulike avisnotisar vitna om dette.¹²²⁹

Styret til Skiforeningen, med formannen Karl Roll og medlemmen Fredrik Juell mellom dei, skreiv at dei tykte dei vedtekne felles-nordiske retningslinjene av 1905 var greie å bruka, sjølv om dei hadde medvit om kva strengare syn som engelskmennene hadde på del-momentet reisegodtgjerdslø. Det blei faktisk nemnt på at fotballforbundet på dei britiske øyane hadde dømt ein klubb som profesjonell fordi spelarane hadde fått for rikeleg med diettpengar. Attåt dei felles nordiske reglane føreslo styret difor eit unntak som skulle gjelda dei som drog som betalte instruktørar eller inspirasjonskjelder for «rationel skiløbning» i utlandet, vel å merka ved at dei dekte reise- og kost-utgiftene deira ikkje måtte overskrida det som var «nødvendig[...]». Slike ideelt innstilte skilærarar måtte kunne fortsatt kalla seg amatørar.¹²³⁰

¹²²⁶ Sjå N.Idrbl., 1907, nr. 42, s. 346. Ungarn hadde her fremja forslaget at det ikkje skulle diskvalifisera amatøraren å selja eller pantsetja premiane sine, men dette hadde falle i avstemninga. Ordet «Herrenlaufer» blei ved denne kongressen bytta ut med det meir utbreidde «Amatör».

¹²²⁷ Skiforeningen, 1907, s. 131-134.

¹²²⁸ Sjå Skiforeningen, 1906, s. 82-92, «Fra Schweitz og Schwartzwald.» Eit liknande stykke skreiv han til Centralforeningen, som trykte det i årboka 1906, s. 112-115. Bjarne Nilsen fekk svar, og motbør, både av nordmannen Thorvald Heyerdal og britten E.C. Richardson (leiaren av The Ski-club of Great Britain) i *Alpinismus und Wintersport*, 1906, nr. 3. Sjå omtalen og referansen i N.Idrbl, 1907, nr. 46, framsida. Tidsskriftet var presentert, i lag med ei rekkje andre publikasjonar om vinteridrett, i Norsk idrætsblad, 1905, nr. 48, s. 418.

¹²²⁹ Sjå Bergens Aftenblad 4. juni 1907, som fortel om dei heller ukjende skiløparane Sigurd Andresen, Aksel Eriksen og Hjalmar Schau – som skulle syna fram kunstane sine i Crystal Palace i London. Tidlegare hadde dei hoppa i Paris, og i Berlin.

¹²³⁰ Skiforeningen, 1906, s. 134.

No kom det ikkje til noko spørsmål eller debatt om amatørreglementet på generalforsamlinga, og Skiforeningen rykte heller ikkje inn nokre slags formuleringar om skiløparamatøren i reglane for Holmenkollrenna. Var då retningslinjene berre sovande paragrafar å rekna?¹²³¹ Svaret kjem an på kva kontekst er ein er merksam på, og korleis ein vil forstå samanhengen mellom Skiforeningen, og Norges Skiforbund, som blei danna i 1908.

Den større problematikken omkring skihopparar i sirkussamheng var i alle fall tematisert i fleire samanhengar. Norsk Sportsblad bringa i 1907-årgangen si avskrift av kva ein «Pluto» (i Norske intelligenssedler) fortalde som sirkushopparar i Paris, der ein norsk hoppar hadde teke del på eit skremmande høgt stillas, med stor fare for liv og lemmar for lite pengar, eigentleg. Artikkelen slutta med å nemna at Karl Hovelsen, Holmenkollvinnaren frå 1902 og 1903, gjorde gode pengar på sirkuset «Barnum & Bailey» i Chicago, visstnok 75 dollar per dag. Den redaksjonelle merknaden i Norske intelligenssedler, også den kopiert av Norsk Sportsblad, var misbilligande nok: «Forjættede land! Det sluger ikke bare vor ungdom, men ogsaa vore kunstnere – og vore cirkusartister.»¹²³²

Av debattinnlegg som kom i Norsk idrætsblad mot slutten av 1907 kan ein så slutta at medvitet om amatørproblematikken var veksande, også mellom utøvarane. Ein «K.V.A» plukka opp tråden etter Bjarne Nilsen, endå om han ikkje var like streng og fordømande mot skikulturen i Sveits, som den nemnde ingeniøren hadde vore i Skiforeningens årbok. Ein måtte gje utlendingane meir tid til å læra den rette skimåten, meinte «K.V.A».¹²³³

Noko seinare den same hausten tok signaturen «T.» bladet frå munnen; truleg var han ein tevlande skiløpar sjølv. Han gjekk i rettes med nokre av dei aller beste skiløparane frå Trøndelag, og nemnde dei med namn (Andreas Udbye, Rasmus og Thorleif Pettersen, samt Kristiania-løparen Sigurd Brenna). Dei skulle stilla til hopprenn *inne* i Hippodromen i London, i ein skibakke med stillas, noko «T» ikkje akkurat tykte om, «karikaturopvisninger som pantomimeskiløbere», kalla han det.¹²³⁴ Dette var noko fleire aviser hadde fortalt om, tidlegare på hausten; også kva løn dei skulle ha, visstnok 600 i månaden, attåt reisa og hotellutgiftene.

Andreas Udbye var vinnar av kongepokal i Gråkallrennet (1907) og andreklassvinnar i Holmenkollen (kombinert klasse A 1904), og tredjemann på femmila der (i 1904). Pettersen-brørne var endåtil olympiske meistrar frå turntroppen i Athen i 1906.

¹²³¹ Sjø Skiforeningen, 1907, s. 30-31. At ingen sa noko om forslaget, kan ha hatt med at debatten om danninga av eit landsforbund (NSF) hadde vore så oppheta og langvarig, før måltidet (sexæen).

¹²³² N.Idrbl., 1907, nr 4, s 27. Sjø også Morgenposten, 27. jan 1905, som fortel om hopparen Hjalmar Schaus, som fall stygt og skada seg ved sirkushopping i Berlin.

¹²³³ Og eit lengre drøftande stykke i N.Idrbl., 1907, nr. 46, «Skiløbningen. Vi – udlandet». Signert «K.V.A.»

¹²³⁴ Adresseavisen hadde eit stykke om planane den 14. september 1907, og Bergens Aftenblad, mellom fleire andre aviser, bringa nyhendet vidare. Bergens Aftenblad, 18, september 1907.

«T.» var heilt klart på at dei no diskvalifiserte seg som amatørar her heime. Han vona at dei fire hadde såpass skam i livet at dei ikkje stilte med dei medaljane dei hadde vunne i amatørrenn; for ikkje så lenge sidan hadde han sett bilete av ein av dei aller fremste norske skiløparane gjera «exciting jumps» i ei talkumsmurt trerenne på eit amerikansk sirkus, og her med alle medaljane han hadde vunne i Holmenkollen, og andre stader, på bringa. Høgst truleg var det femmilskongen Karl Hovelsen han også hadde i tankane her. For innsendaren var det råd å forstå at ein gjorde slikt om nauda tvang ein til det, eller om ein blei motivert av turistreklamen i det, men om ein trudde at slikt skaffa ein ære, måtte han bestemt avvisa det: «Vi ynkes tværtimod af dem, og trækker på skulderne ad dem.»¹²³⁵

I eit endå seinare nummer gav skiløparen «S.O.» støtte til mykje av synspunktet, i alle fall det som gjeldt å skjemma ut medaljane, men tykte «T» hadde vore noko for streng – då skilnaden på eit sirkus i London og skogane rundt Holmenkollen var så stor at desse skiløparane ikkje akkurat mista sjela si, skreiv han.¹²³⁶

Fredrik Juell, redaktøren sjølv i Norsk idrætsblad no, gav heile si tilslutning til synspunktet åt «T.» i ein redaksjonell «hale». Han trykte like godt ein slik plakat av skiløparar i manesjen, flygande i lufta med ski på beina, og med medaljane på bringa. Han skreiv: «Vakker skiløbning, ikke sandt? Man kan vist trygt kalde det for et vrægebillede af vor bedste vinteridræt. Det virker latterlig, flaut.»¹²³⁷

Plakaten, om enn i svartkvitt, var ein kopi av kva nettopp Karl Hovelsen reklamerte for sirkuset Barnum & Bailey, eller rettare sagt korleis dette sirkuset reklamerte med fryktinngytande skisegling, eller beint fram på amerikansk: «SKI SAILING: THE PERILOUS SCANDINAVIAN WINTER SPORT IN ALL ITS WILD AND WONDROUS DARING».¹²³⁸

Her sveva den lett amerikaniserte «Captain Carl Hovelsen» i lufta med ski på beina, mellom to hoppstillas, umiskjenneleg med bart og med nikkers-klede, og med gullmedaljar på

¹²³⁵ N.Idrbl., 1907, nr. 41, s. 332.

¹²³⁶ N.Idrbl., 1907, nr. 43, s. 350.

¹²³⁷ Fredrik Juell blei sidan heitande ein av «Gamlekara» i Skiforeningssamanheng; ikkje på grunn av desse meiningane, men tvert om meint positivt, fordi han var mellom pionerande, både av skiforeininga og av dei tidlege ivrige i roklubben i Kristiania. Han sat i styret av Skiforeningen i åra 1898-1906, også som forretningsfører. Han elska Odd-hytta i Nordmarka, er det sagt, rodde i kappingar som 80-åring, og døydde mett av dagar, får ein tru, 84 år gammal. Sjå Skiforeningen, 1953, s. 119-120 (her under årbok-tittelen *Snø og Ski*).

¹²³⁸ På nettsida emigrantforlaget.no har Torbjørn Greipsland skrive ein populærvitskapleg artikkel (frå 2017) om Hovelsen, sjå <https://emigrantforlaget.com/skipioneren-carl-howelsen-the-flying-norwegian/> Bilete av plakaten, også i fargar, finst mange stader via søk på («Carl Hovelsen») på google og fana «bilder», så som <https://www.finn.no/bap/forsale/ad.html?finnkode=132750629>

bringa. I bakgrunnen: snøklede, kvite fjell – med ekte skiløparar. Ikkje var dette berre forskjønnade, villeiande reklame: Hovelsen gjorde verkeleg imponerande, fryktinngytande hopp i Madison Square Garden, vinteren og våren 1907. Amerikanske aviser slo det stort opp.

1239

Det kunne vera så sensasjonelt det berre ville: Redaktøren i Norsk idrætsblad tykte «S.O.» tok for lett på kor farleg smitten ved slike oppvisningar var (for ungdommen), og kor totalt misvisande bilete av den ekte vinteridretten slike sirkusnummer var. Om forskjellen mellom eit sirkustelt og Nordmarka-skogen var stor, var ikkje det noko trøyst, akkurat. Ein måtte hugsa at kun flinke hoppløparar kunne klara slike nummer. Difor måtte ein advara, i ekstra sterke ordelag, meinte han. Juell avslutta slik: «Lad oss værne om skiidrettens renhed, saa længe det lader sig gjøre.»¹²⁴⁰

Eg treng ikkje gjenta inspirasjonen i sjølve ordvalet i siste sitatet her. Men poenget om sirkuset må eg få hamra inn. Problemet med slike sirkusnummer som Hovelsen gjorde i Amerika, og Udbye & co i London, var ikkje primært at dei fekk pengar på det. Problemet var kva vrengebilete dei laga av skisporten, og kva latterlege artistar dei gjorde av seg sjølv, og kva passivt publikum dei kan henda tok pusten frå. Folk skulle bli lokka ut i naturen på ski; dei skulle ikkje sitja inne i eit sirkus og måpa. Dette var den deltakarideologien ein forfekta, og som amatørromgrepet sprang utifrå.

I fleire notidige historiebøker heiter det at dei tre trønderane, og Sigurd Brenna, blei diskvalifiserte som profesjonistar av Norges Skiforbund då dei kom heim våren 1908. Truleg er dette basert på avisintervju som både Udbye og Rasmus Pettersen gav mange år seinare. Eg har ikkje funne noko dokumentasjon frå Skiforbundet som vitnar direkte om vedtaket, og NSF vedtok heller ikkje eigne amatørreglar før i 1910. Men, tildraginga er rimeleg sannsynleg, utifrå at Karl Roll var den første formannen i NSF, han som jo var formann i Skiforeningen då styret føreslo amatørreglar for generalforsamlinga der (i 1906), og utifrå at verken Udbye eller Pettersen tok del i skirenn vinteren 1909. Og vidare: NSF's årsberetninga av 1911 stadfestar at Andreas Udbye, og trøndaren Gustav Bye skulle få amatørstatusen tilbake, dette «paa ansøgning».¹²⁴¹

¹²³⁹ Nemnt i Vestfold 23. april 1907, og med avskrift frå New Yorkavisa *The Evening Journal*. Han landa visstnok i ei «mottagelsespute» på andre sida av manesjen, 17-18 meter borte.

¹²⁴⁰ N.Idrbl., 1907, nr. 43, s. 350. Hagbarth Wergeland var på dette tidspunktet ute av redaksjonen, det skjedde i mars månad, sjå nr. 13 av årgangen. Juell sat som redaktør av idrettsbladet ut året; då tok rittmeister Johan Grøttum tok over, både som redaktør og utgjevar.

¹²⁴¹ Sjø NSF, 1911, s. 18. For intervju, sjå Dagsposten 29. desember 1941 (om Pettersen), og Dagsposten den 4. september 1941 (om Udbye). Sjø også Adresseavisen 22. desember 1958 for intervju med Udbye der oppdraget, og diskvalifikasjonen, blir nemnd. Gotaas, 2003, s. 76-77 for eitt døme i notidige historieverk. Gustav Bye var i Amerika omkring 1906-1907.

Ikkje minst: Uttestenginga frå amatøriddrett eit visst antall år er også forståeleg utifrå den lange linja av sirkuskritikk som eg har skildra i norsk idrettsoffentlegheit sidan 1860-åra.

Om bestemminga derimot var rimeleg, eller juridisk sett på trygg grunn, kan nok drøftast. Trondheims skiklubb meldte seg ikkje inn NSF det første året, for å ta eitt ankepunkt. Skiforbundet tok dessutan inn dei fellesnordiske bestemmingane (frå 1905) i årsberetninga først i 1910. Rasmus Pettersen tok del i eit hoppstemne den vinteren, og blei fråteken førstepremien truleg etter klage frå ein Kristiania-løpar.¹²⁴²

Men no har eg bevega meg bortanfor den tidsavgrensinga eg har gjeve meg. Eg skal tillata meg eit par, tre avsnitt om Udbye og dei andre sirkushopparane i eit lite etterord, og i det følgjande nokre avsnitt om stilbetraktingar i Holmenkollen i åra omkring 1907, før eg lukkar heile denne bolken med forskingsfunn.

Stilbetraktingar

Medan nordmenn sveva innandørs i utlandet: Korleis stod det til på heimebane, i veståsen over Kristiania? Holmenkollrennet blei både i 1904 og 1905 og 1906 skipa til først i mars månad, på grunn av at vinteren (dvs. kuldegradene og snøen) ikkje var særleg samarbeidsvillig tidlegare på året. På denne måten fekk også trønderane ganske god landsrepresentasjon for rennet sitt i februar 1906 (Gråkallrennet), og drammensarane for sitt endå seinare den same månaden (Konnerudkollen). Verdt å merka seg var at Skiforeningen no hadde fleire renn i løpet av nesten ei veke; 50 km på onsdagen, og uttakingsrenn i Heggeholet for dei mellom 18 og 20 (i 1906 også slalom), og så det kombinerte langrennet (om lag 18 km) i helga, og så sjølve hopprennet («Holmenkolldagen») i tett snødrev på mandagen. Her var ein eigen klasse for gammalkarane over 30; og ein kan vel tolka det som ein viss anerkjenning av den moglege amatørverdien å aldri slutta med idretten sin; jamfør «skiveteranen» Munch Petersen ved Gamle Aker kyrkje i 1867.¹²⁴³

Om det var traventusiasten Petersen eller kyrkjefredsforkjemparen Glad som slik hadde vunne søndagen attende, skal eg ikkje ha sagt. Men langrennet – i vakkert solskin på nettopp søndagen – samla dette året store tilskodarskarar, og den nyvalde kongen (og dronninga) var tilstades også ved innkomsten deira. I Norsk idrætsblad var ein uansett mektig stolt over det amatørpreget som Holmenkollrennet hadde. Alle lag av folket møttest her, og alle anerkjente prestasjonane til dei aller beste. Skiamatørismen stod på trygg grunn i Kristiania; *Lad det saa blive*, heitte det i referatet.

¹²⁴² Sjå Adresseavisen 2. mars 1910

¹²⁴³ Dommarar for det vaksne hopprennet var kaptein V. Nicolaisen og skipsmeklar V. Thorn, i rennet for dei yngre cand. Jur. Haxtow og læraren Alf Staver. Axel Huitfeldt døyde i 1901.

Ja, den fortolkande ramma av amatørverdigeita – i motsetning til den stusslegare profesjonelle er så tydeleg uttrykt at det er verd å sitera avslutninga av omtalen i litt lengd:

Vi har al grundt til å være stolte af vort Holmenkolrend, der allerede eier verdensry som sportsstævne; vi har grund til at være stolte af det, fordi i dette alle lag af folket mødes til konkurrence uden at der findes tæft af professionelle antydninger deri. Ved dette stævne kjæmper hver mand hos os enten han tilhører folket i by eller paa land, eller han regner sig til de høieste lag, kameratslig ved siden af hinanden, erkjendende den ene den andens fortrin.

La det saa blive!

Paa den maade vil vi kunne byde den overcivilserede verden et storstævne, der ved siden af sin egen friske eiendommelighed, ogsaa eier den eiendommelighed, at den rene amatørisme raader – og det er sjældent i vore dage.»¹²⁴⁴

Om det var Hagbarth Wergeland, eller Fredrik Juell sjølv, redaktøren og skiforeningsstyremedlemmet, som skreiv dette: Her var minningar av Fridtjof Nansen i tanken om den oversiviliserte verda der ute, og av Fritz Huitfeldt sine ord om den reine snøen som amatørgaranti. Den frisinna og likestillande konkurransen fekk også sin høgsong i dette avsnittet, og amatørismen som ein garanti for han.

Morgenbladet hadde også fyldig og friskt anerkjennande reportasje, med fleire utsende medarbeidarar, og teiknarar på plass. Aftenposten satsa også stort, og hadde oppslag med fotografi den same Holmenkollmandagen 12. mars. Referenten i denne avisa skulle ønskt skiløparane berre hadde brukt éin stav i langrennet, og ikkje dei svens-finsk-aktige doble med trinser, til og med. Godt mogleg var dette Fritz Huitfeldt.¹²⁴⁵

Eg kan også leggja til at ein dansk fotograf og filmpioner, Peter Elfelt, filma idrettstildragingane i Holmenkollen, og laga kortfilmdokumentaren «Skiløp i Holmenkollen» (1906). Norsk idrætsblad trykte for sin del fotografi av ein hoppar i svevet, med granskogtoppane og spiret av Holmenkollkapellet i bakgrunnen – og med tittelen under: «Ideal, korrekt skiføring».¹²⁴⁶

Fritz Huitfeldt

I referatet i Skiforeningens årbok var det derimot noko som skurra. Her heitte det at løparane frå Kristiania og traktene omkring ville og våga mest i hoppinga, medan løparane frå Trysil og Telemark «klarte sig til dels slet».¹²⁴⁷ Grunnen til at eg stussar litt over denne dommen, er at Fritz Huitfeldt dette året 1907 ytra seg sterkt kritisk til korleis nettopp løparane frå Kristiania

¹²⁴⁴ N.Idrbl., 1906, nr. 12, s. 122.

¹²⁴⁵ Sjå Morgenbladet 12. mars 1906, nr. 140. Sjå Aftenposten 12. mars 1906, nr. 146.

¹²⁴⁶ Norsk idrætsblad, 1906, nr. 12, s. 121.

¹²⁴⁷ Skiforeningen, 1906, s. 33.

hoppa. Han må kunne kallast den viktigaste skiideologen no, etter at broren var død – og Fridtjof Nansen stort sett vigde seg til politikken og diplomatiet. Først hadde han vore til stades ved eit stort hopprenn i Skien, som utsendt medarbeidar for Aftenposten. Ved dette stemnet hadde han blitt nærmast bergteken av den rake, ranke stilen til telemarkingane, og den tilsvarande knekte, meir bøygde kroppstillinga som Kristiania-løparane sveiv gjennom lufta med. Ein hadde gløymd stilmomentet i hovudstaden, og hamna ein slags sportsleg dekadense, meinte han.¹²⁴⁸

I årboka til Centralforeningen, som kom ut på vårparten, fleska han endå meir til.

Her gjorde han ei nostalgisk reise attende til 1860-talet, omtrent som Hagbarth Wergeland hadde gjort for skøytinga sin del, og dei renna der Sondre Norheim hadde vore med, «skomagerguttan fra Telemark», som han kalla han, han som hadde slått ned som ein meteor i den forbausda mengda, som hadde stått der heilt fjetra og fengsla og bivåna han.¹²⁴⁹

Den tida hadde Telemark fungert som einast mal, skreiv Huitfeldt. Telemarkingane kom årvisst til Kristiania for å syna fram eit utvetydig ideal – som Kristianialøparane hadde forsøkt å kopiera. Men no, no hadde ein vike bort frå den smale stigen, eller rettare sagt smale løypa som Norheim og Hemmestvedtane dyrka, med den eine foten lett framfor den andre. Han la merke til ein «bredsporet tendens og sidestillede fødder» i ovarannet. Dette førte til uryddig sats, og til skiføring i svevet som peika beint opp i lufta, i staden for at skiene stod parallelt med bakken. Nedslaget var heller ikkje elastisk eller elegant på nokon måte. I sum: Ein hadde anten ikkje forstått eller sett bort frå det «æstetiske moment ved skiløbningen», og prioritert lengde framfor kunsten, eller det, «som heder plastik».

Kan henda var det ikkje tilfeldig at Huitfeldt fekk teksten sin prenta i årboka til Centralforeningen, og ikkje i heftet åt Skiforeningen. Godt mogleg var han meir på linje med stilmerksemda til offiserane omkring sekretæren Seeberg, meir enn han var på lag med den sosialt og yrkesmessig meir varierte generalforsamlinga til Skiforeningen – der prestasjon og innsats stod, eller rettare sagt sat, meir i høgsetet. Samla sett: I sjølve amatørromgrepet var det framleis ei spenning mellom den moralske dimensjonen, og den estetiske sida ved det.

I resten av artikkelen slo Huitfeldt inn på den amatørretorikken som hadde blitt heilt typisk for norsk idrettsuffentlegheit: «Skiløbningen maa holdes fri for alt, hvad der kan smage af akrobatik og extragavance.», skreiv han. Dette sporet hadde han sjølv gått opp, med bøkene han hadde skrive. Og han heldt fram: «Skiløbningen bør holdes fri for sensationsvækkende

¹²⁴⁸ Sjå Aftenposten 5. feb. 1907.

¹²⁴⁹ Centralforeningen, 1907, s. 129

rabaldernummere; de, som forlanger halsbrækkende og nervepirrende præstationer, faar reise til Amerika og se en eller anden vovehals gaa udover Niagara i en tomtønde.»¹²⁵⁰

Ein ting var hotell-profesjonimen i mellom-Europa, som Skiforeningen alt hadde åtvare mot. Amerika hadde vore eit trugsmål for amatørten tidlegare, og fungerte no, for skiideologen Huitfeldt, som den totale dekadensen, ser ein. Amerika var for norsk idrettsoffentlegheit mykje amatørismens definitive endestad, der «sporten» hadde skilt heilt lag med den gjæve idretten.

I heimlandet og i Holmenkollen, derimot.

BOLK IV. Oppsummering og drøftingar

Tida har kome for oppsummeringar, og drøftingar av funna mine.

Hovudproblemstillinga mi hadde to ledd: *Kva amatørforestillingane fanst i norsk idrettsoffentlegheit i åra 1866 til 1907? Korleis endra dei seg?*

Med vekta på det siste spørsmålet ville det narrativt orienterte svaret vera: Kor stort var ikkje spranget frå den skiløparfiguren som Norsk idrætsblad trykte i 1884, og det mennesket som sveiv på reklameplakatane i New York i 1907? Kor slåande var ikkje forskjellen: frå den fuglen som liksom skaut ut av vinterlandskapet sjølv, og den slags gribben som hang i lufta mellom hoppstillasa? Skiløparen som utfordra landskapet i Sør-Norge ein stad, trong ikkje visa fram triumfane sine. Skiartisten, anten i New York, eller i London, sveiv der mykje i kraft av medaljane sine, som han ikkje nølte med å syna fram for folk. Den første før på ski for fridomen ein søndag; den andre for å lokka og fengsla eit publikum. Nordmannen til Bloch og Randers var sjølv fri; nordmannen i sirkus – om enn han våga seg høgt over bakken – var fanga.

Det kan høyrast ut som eg tek stilling for versjonen til Norsk idrætsblad, når eg malar ut kontrasten slik. Tolkinga er gjort i tråd med diktet som følgde teikninga, og tolkinga er basert på korleis skiideologane, og debattantane i Norsk idrætsblad, oppfatta sirkusartisten i 1906 og 1907. Sirkusartisten spelte ut alt det dei meinte amatørten *ikkje* var.

Det meir analytiske svaret på problemstillinga kunne lyda: Amatørforestillingane blei løyst frå ein kontekst som dreia seg om kunst, og knytt til noko som handla mykje om kroppslege prestasjonar og meistringar. Amatøren som figur fall ikkje i verdi, om kanskje diletantan og

¹²⁵⁰ Centralforeningen, 1907, s. 129. Artikkelen til Fritz Huitfeldt heitte «Telemarksstil», og dekkar sidene 125-129. Dei to førre sitata i hovudteksten står på side 125, og side 127. I 1908 kom Huitfeldt med boka *Skiløbning*, basert på den han gav ut i 1896, og på ei tysk utgåve, *Das Skiläufen*, frå 1907.

liebhaberen gjorde det. Tvert om: ordet blei fylt med meir innhald, og gjeven ein høgare himmel i samanheng av idrett; dygder, stil, ære, både for den einskilde og for nasjonen bakom han (og tidvis henne). I kunsten betrakta isolert fall amatørfiguren i vørtnad. I idretten, derimot, auka amatøreren verdigheita si.

Ikkje berre kan ein konstatera endringar gjennom bruken av dette ordet såleis, men omgrepet greip inn i historia. Det var ein viktig *faktor* i idrettssamanheng, for å tala med Kosellecks omgrep. Amatøren, forstått både som definisjonar, reglement, og ein vidare moral og estetikk, var med å skapa sjølv idrettsfeltet, og definera det; bortanfor skytinga, kunsten, og framfor alt av konkurrerande kroppskulturar, *sirkus*. Kvast og polemisk formulert: idretten blei kan henda sportifisert. Men han blei også *amatørfisert*.

Lat meg forklara gjennom å gå gjennom partane mine om empirien noko meir i detaljar.

1866-1879

I samband med det oppvisningsrennet som Elling Bækken heldt i Kristiania i 1866, vart ordet «amatør» nytta i norsk idrettssamanheng for første gong, så vidt eg veit. Nemninga var truleg ikkje henta frå eller inspirert av britisk sportsliv. Meir naturleg er det å trekka linjene frå kunstlivet, og frå annonsane i avisene som handlar om konsertar med namngjevne musikarar, men der også amatørar bidrog, menn og kvinner. Så blei då også oppvisningsrennet til Bækken kalla både kunst og skodespel. Desse amatørane var ikkje definerte så mykje utifrå at dei ikkje tente pengar, som at dei spelte eller song med mindre dyktigheit eller meisterskap enn dei aller beste. Ei eldre tyding av elsk til musikken eller kunsten klinga fortsatt med. Men på sikt blei amatøreren, og det tilhøyrande ordet dilettant, og liebhaber, skrudd ned i valør i samanheng av kunst, medan kunstnaren med stor K blei tilsvarande løfta opp på pidestallen. Den romantiske geni-estetikken verka med til dette, saman med profesjonaliseringsprosessane i kunsten. Ein utøvande musikar på seint 1800-tal, ein Edvard Grieg eller ei Erika Nissen, kunne leva av konsertane og statsstipenda sine, utan å bli misbilliga for det. Det var snarare tvert om no.

I idretten, derimot, heldt amatøreren på den positive valøren sin. Amatøren blei ein viktig tankefigur her. Dette tyder ikkje at britiske sportsimpulsar ikkje hadde nådd, eller var erkjent, i Norge. Allereie avisa Aftenbladet, som kan henda var initiativtakaren til rennet åt Bækken, drøfta denne påverknaden i 1866. Samstundes minna avisa om den konkurransetrongen som alt fanst i landet. Eit slikt tvisyn, som eg nemnde, er den mest produktive måten å betrakta amatørforestillingane på også. Dels kom det impulsar og idear her utanifrå, og dels hadde amatørforestillingane rot i norske eller nordiske tradisjonar.

Ideane utanifrå bør ikkje avgrensast av England eller Storbritannia. Dette augnar ein faktisk om ein drar inn skøytesporten alt omkring 1866. Her var stifta ein klubb (i 1864) i hovudstaden, som også skulle stå for kappleikar, første gong eigentleg laga til i 1863. Initiativtakarar her var Turnforeningen i Kristiania, og ivrige sjeler bakom der igjen var tyske handverkarar i Norge, så som bokbindaren Joseph Stockinger, som opphavleg kom frå Austerrike.¹²⁵¹ Kva idear hadde så *dei* med seg, er det naturleg å spørja seg. Ein høgare standard for skøytinga i Tyskland og Nederland var i alle fall nemnt i samband med den første istevlinga. Stockinger var heller ikkje framand for å skipa til kappestrid då han flytta til Arendal, og skreiv gjerne om det også. Tysk-inspirert turn er kan henda ein eigen kroppskultur ein kunne granska endå meir, i tydinga for det norske, for så vidt også når det gjeld amatørforestillingane.

Meir generelt sett har Finn Olstad har slått an ein rein og presis tone: «I den grunnleggende perioden fram til begynnelsen av 1890-årene mottok norsk idrett en rekke impulser utenifra, som til dels ble smeltet om her hjemme.» Sjølv om han legg mest vekt på påverknaden frå britisk sport, særleg når det gjeld amatørismen, peikar han på kor viktige tradisjonane på heimleg grunn var. Avhandlinga mi understrekar særleg dette siste poenget.¹²⁵²

Med dei meir organiserte skirenna i 1867 og 1868, og oppvisningane som stjernene eller kongane Sondre Norheim og Jackson Haines gjorde i Kristiania i 1869, synte eg at ulike amatørforestillingar var til stades i fullt monn – om enn implisitt i omtalane i avisene. Rapportane frå 1868 ved Gamle Aker kirke la vekt på kor *glad* gamle offiser Munch Petersen var i å langa ut på ski, og Munch Petersen og andre drøfta inngåande i avisene kva som var *vakker* stil i skihopping og i lengdeløping, etter at telemarkingens hadde synt kunstane sine på snø. Amerikanaren Jackson Haines blei oppfatta som ein meister i isdansen, og dei norske som (slett ikkje dårlege) dilettantar rundt han. Kunstradisjonen var nok like bestemmande for begge desse vinteraktivitetane som konkurransesystemet var det; begge idrettane skulle gjerast med stil. Men stildimensjonen blei gjort til del av tevlinga, til vesentleg element i den rangerande vurderinga; det er viktig å ha lagt til.

Slik kom amatørtematikken rennande, har eg skrive. Estetikken blei løfta inn i kappestriden. Der fekk kunstamatoren, som omgrep ganske bokstavleg, nytt *spelerom*.

Strengt teke var Haines profesjonell – dersom ein legg seinare kategoriseringar til grunn. Både han og andre dreiv også skøyteoppvisningar i varietésamanheng, med rulleskøyter også på sommarstid, og såleis var det flytande overgangar, både mellom årstidene, og mellom det vi

¹²⁵¹ N.Idrbl., 1881, nr. 4, s. 25

¹²⁵² Sjø Olstad, 1987, s. 75. Olstads verk er nødvendig basis for eventuelle grundige granskingar av turnrørsle på norsk jord.

kallar konkurranseidrett, og oppvisningar i sirkussamanheng, og kunst. Desse ulike scenene var i mindre grad skilde frå kvarandre, også i avis- og spaltesamanheng. Dette har sett tanken min på ein mogleg samanheng: At amatørfiguren var med å skilja ut idretten som eit eige område, med eigne reglar, og eigne referansessystem. Medan amatøreren forsvann frå kunsten, blei han sjølve senteret i idrettssamanheng.

Kva som kan henda *kan forklara* dette er trugsmålet i den omreisande sirkuskulturen. Gjøglarane, enkelt sagt, synt seg fram med linjedans og med akrobatikk og kanskje med baklengsspringing for å tena pengar (i tillegg til den scenegleda i alle fall somme av dei må ha hatt). Eg har streifa marknadsveka i Kristiania fleire gonger, og alt som hende av konkurrerende kroppskultur der. Eg fortalde om tendensar til, og kritikk av dei vi ville kalla barnearbeid før 1860, men også, på den andre sida, forslag om å leggja skirennet nettopp til marknadsveka – med alle bygdefolka som var i byen då. Både skiløpinga og skøytekunsten hadde ei populær og for somme «sårbar» side, om ein kan seia det slik; eit element av framsyning, oppvisning og tendens akrobatikk – i figurskøytinga og i skihoppinga. Attåt dette hadde begge tradisjonane i seg hangen til lengdeløp og kapping på den måten.

Tilhøvet mellom skiidretten og skøytesporten *er* produktivt i samanheng av amatørismestudium. Skiidretten var utprega nasjonal, og hadde festet sitt i norsk bygdekultur og historie. Skøytinga, anten det no var hurtigløpinga eller dansinga, var meir internasjonal i kulturen sin, alt i 1860-åra.

Så må det leggest, eller eigentleg trekkast frå, at det «sårbare» og den tilhøyrande kritikken av gjøgleriet er ei lengre tidslinje, som strekkjer seg ut over den første parten min; 1866-1879.

1881-1888

I og med 1881 markerer oppkomsten av *Norsk idrætsblad* ein ny fase i det eg har kalla idrettsoffentlegheita i Norge. Ved ettertanke, dersom eg skulle insistert på at idrettsstadane var med å skapa det eg føreslo som krystalliseringspunkt i idrettsoffentlegheita, kunne eg nok ha avslutta part I *før* 1879, då det største skirennet i Kristiania blei skipa til på Huseby, første gong. Eg oppfattar likevel ikkje denne flyttinga som eit veritabelt brot, all den tid arrangøren var ein smal og nokså eksklusiv klubb, og offentlegheita også i Vestre Aker hadde preg av både drøfting, dommar og av royalistisk (representativ) pomp og makt. Idrettsbladet hadde opphavet sitt i eit reinare skyttarblad, og truleg førebilete eller inspirasjon i engelske sportspublikasjonar, så som *The Field* (1853-1911), men kom som del av ei større europeisk bølge av sportsblad i

åra 1881-1884. Som fagtidsskrift kunne ein vel tenkja at desse blada skunda på ei profesjonalisering for idrettane i dei ulike landa, men siktemålet til mange av dei var *sakleg ordskifte* om idrett – for både auka interessa for sport og friluftsfalding, og for å foredla måten ein dreiv idrettane på.

Centralforeningen anno 1861 hadde inspirasjon i frivillige skyttarrørsler i Sveits, Storbritannia og Sverige – og i den kimen til unionskonflikt som låg i statthaldarstriden. Kva var så kontekstane som kan forklara at desse blada i mange europeiske land kom akkurat omkring 1880? I litteraturhistoria talar ein om gjennombrøtet for det *moderne*, mykje prega av korleis Georg Brandes førelas og skreiv om litteraturen frå 1870 og 1880-talet (både i Danmark og i Norge).¹²⁵³ Kort sagt sette litteraturen, eller *skulle* litteraturen slik Brandes såg det, setja problem under debatt. For så vidt liknar impulsen i idrettsbladet *litt*; å skulle drøfta og opplysa om idrett. Det meir typiske ordet ein nytta i samtida, meir enn moderne, var «rationell». Faktisk var ordet så mykje nytta at det er freistande å tala om det som eit nøkkelomgrep i norsk samanheng, og som sånn sett kunne vore handsama grundigare i denne avhandlninga. Samstundes var det eit honnørord som mange treiv til, og brukte om rasjonelt fiske, om rasjonelle skirenn, og om rasjonell gymnastikk. Dei ulike aktørane og ideologane la ulike meiningar i ordet, alt etter kva vitskap og kroppskultur dei kom i frå. Medisinarane var ei viktig yrkesgruppe som befatta seg med idrett slik; offiserar og militære ei anna. I høve det opplyste, stundom rasonelle ordskiftet, var utdanna juristar og sakførarar også ei tydeleg gruppe – særleg mellom redaktørane og bidragsytarane i Norsk idrætsblad. Kan henda var dei særleg glade i debatt og ytringar og skrift. I alle fall var dei del av den assosisasjonsbølgja som reid Norge i åra etter 1860. Redaktørane kunne nok røpa blindfelt i sosial samanheng, og sånn sett ein sosial dimensjon ved amatørforestillingane, men dette vil eg hevda prega drøftingane i heller liten grad. Dei heftige diskusjonane i Norsk idrætsblad av den første årgangen om organiseringa av skitevlingane, særleg i samanheng av Husebyrennet, var ikkje direkte *eksplisitte* om amatørfiguren, men ordskiftet om kva som var dei grunnleggjande dugleikane på ski, og kva ein såleis burde måla i premierenn, enda i den *kombinerte skiøvinga* til Skiforeningen (frå 1883). I dette at ein skulle meistra både hopp og langrenn låg eit ideal om allsidigheit.

Motstykket til allsidigheit var spesialisering og einsidigheit – noko som blei knytt dels til sirkusartisten og dels til «professionisten». Problemet med denne motpolen, slik skiideologane såg det, var ikkje berre at ein risikerte å splitta øvingane, men at nivået i eller på idrettsgreinene kom til å bli så høgt at det demokratiske og det opne og det deltakande ved

¹²⁵³ For berre eitt døme, sjå Per Thomas Andersen, 2012.

skiløpinga ville forsvinna. Det folkeleg samlande var ein av verdiane ved Husebyrenninga som Skiforeningen verna om. Det å ta del i prøvinga var ein fundamental verdi – og som eg har føygd til den moralske dimensjonen av amatørforestillingane.

Gjøglaren og akrobaten blei tilsvarande eit slags «Gegenbegriff», eit *mot*-omgrep for nettopp idrettsamatøren. Her var både Sigvart Petersen og Axel Huitfeldt, og delvis offiseren Olaf Petersen, på linje.

Allsidigheit var elles noko som den europeiske hoffkulturen hadde dyrka, i alle fall sidan Baldassore Castiglione gav ut boka *Boken om hoffmannen* i 1528. Ein nærare premissleverandør i norsk og nordisk samanheng var nok turn & gymnastikkmiljøet. Godt mogleg var orienteringa i den svenske metodiske gymnastikken mest om ein balansert og harmonisk kropp, medan turninga, med tyske røter, hadde visjonar om eit heilt og danna menneske, kropp og sjel inkludert.¹²⁵⁴

Spesialisering og einsidigheit var det eine som truga med akrobatikken. For deler av styret og generalforsamlinga i Skiforeningen var trugsmålet også forfengelegheit – at den einskilde blei så oppteken av sin eigen popularitet, og kanskje vinning, at skihopparen dreiv det for langt i bakken, og i skiløypa med. Slik idrett var farleg, og slik idrett var heller ikkje ærefull. Ein skulle byggja lagånd og felleskap, om enn ikkje det var like tydeleg uttala i norsk samanheng som i engelsk, der lagidrettane stod sterkare.

Det er i kontekst av dette at eg har har føreslått at ein skiamatør gjekk og sprang for noko høgare enn seg sjølv. Denne tendensen, eller tanken, fekk så nye tydingslag inn mot 1905.

Det som talar mot denne tesen om allsidigheit som vesentleg del av amatørtematikken, er dels kor vaklande og eksperimentell Skiforeningen var på 1880-talet, og endå meir: korleis utviklinga blei i skøytesporten. I samanheng av sirklane på isen fekk ein ikkje ein gong diskusjonar i norsk idrettsoffentlegheit på 1880-talet om korleis kunstløpsdimensjonen burde eller kunne henga saman med hurtigløpinga. Finn Olstad antyder at hadde Centralforeningen gått inn for det, hadde det kanskje blitt i skøytesporten som i skisporten – der ein fekk ei kombinert øving.¹²⁵⁵ No gjorde sekretæren Seeberg seg slike tankar og ytringar då Centralforeningen kom i nystøpt form, frå 1895. På dette tidspunktet var skøytesporten alt blitt internasjonal. Kan henda hadde leiande ideologar i Norge investert mindre i skøytinga av den grunn; eller at dei oppfatta sporten for lite nyttig for det militære. Annleis då med skiidretten,

¹²⁵⁴ Her tenkjer eg atter på mottoet *Ei sunn sjel i ein sunn lekam*, som ofte blei nemnt i tekstar om turnforeningar. Men tendensane kan vera kryssande, og overlappande i mange retningar, så som det mottoet turnforeninga i Arendal, under Joseph Stockinger, tok.

¹²⁵⁵ Olstad, 1987, s. 64.

som Norge på ein måte hadde eigedomsretten til. Nytteperspektivet stod dessutan annleis her: ein lege som skulle over eit fjell på ski, måtte kunne meistra eit mogleg hopp; ein husmann med ei sjuk kone måtte kunne meistra å gå langt på ski. Axel Huitfeldt, som kunne svinga seg til poetiske høgder i Norsk idrætsblad, var ein mangfaldig figur i synet på skiløpinga, og i forslaga og i debattane han engasjerte seg i, men eg oppfattar at kjernemomentet hans var at mange tok del i skiprøvingar – for dei dugleikane og dygdene som blei utvikla her. Eg har definert dette som ei moralsk dimensjonert amatørforestilling.

I omtalen av skøytesporten dukka den juridiske betonte amatørforestillinga opp ganske med det same i Norsk idrætsblad. Alt i 1881 bringa ro-korrespondenten Waldemar Bergh, som sjølv var medlem av London Rowing Club, inn kva intrikate amatørreglar engelsk rospport heldt seg med. Den sosiale dimensjonen ved bestemmingane der burde vera tydelege nok for dei norske lesarane. Delar av amatørreglement seinare kunne verka direkte uforståeleg utan denne dimensjonen, så som det stadig omdiskuterte momentet om aldri å ha tevla med eller mot ein profesjonell.

Den som likevel drog det juridiske ved amatørisme mest på banen for norsk idrettsoffentlegheit, og i neste omgang det moralske ved amatørromgrepet, var skøyteleparen Axel Paulsen. Alt i 1882 skreiv han om erfaringane sine ved eit internasjonalt skøytestemne i Wien, og kva bestemmingar og definisjonar av amatøreren som gjeldt der. Dei neste åra følgde redaktøren av Norsk idrætsblad, Sigvart Petersen relativt nøye med på korleis amerikanske blad oppfatta amatørstatusen til Paulsen, og vakta delvis om han – som eit anerkjennade kategori. Dette toppa seg i 1885, då Axel Paulsen ville forsvare æra si mot skuldingane til nederlandske skøyteleparar, og redaktøren i Norsk idrætsblad hjalp han med arrangementet i Frognerkilen. Petersen rosa Paulsen etterpå for den treningsinnsatsen og førebuinga han la ned i skøyteetaka sin, og den kjærleiken for idretten som han røpte på denne måten. Paulsen hadde forsvart ikkje berre si eiga ære, men også æra for bladet, og for tilskodarane, og for nasjonen Norge.

Og dette med ære, og det å vera ærleg, var heller ikkje noko som nordmennene måtte setja om frå engelsk, eller som kom einvegs-seglende Nordsjøen sørvestifrå. Den riddarkulturen som eg drog fram som bakteppe for britisk idrettsforståing, var ein europeisk storleik. Olstad er eigentleg inne på det same når han skriv at i amatøridealet låg høge tankar om høvisk oppførsel. Det høviske kom frå hoffet. *Boken om hoffmannen* (1528) er atter eit produktivt førelegg her.

I det sivile livet var Axel Paulsen forretningsmann, og son av Joh. Paulsen som dreiv butikk og kaffebrenneri i Kristiania. Kva moral som rådde i miljøet her, har eg ikkje trengt inn

i. Det er rimeleg å oppfatta æra som forbunde med det å vera ærleg, slik det også var for norske bønder, som Erling Sandmo har synt.

Sidan Paulsen hadde vist seg som ein så sann og elskande idrettsmann, slik Norsk idrætsblad – og for så vidt dagsavisene også – såg det, blei fallet hans frå pidentallen i 1888 endå djupare. Idrettsbladet og redaktøren her hadde til og med gått god for duellen mellom nordmannen og svensken då, og teke i mot pengane som skulle garantera for ærleg kappestrid. Kva var det Sigvart Petersen meinte stod på spel ved ein slik rigga duell?

Det var den ærlege innsatsen som stod i fare; den haldninga som la premissen for at konkurransen gav meining og verdi. Truleg meinte Petersen at denne konkurransen hadde verdi, både for den einskilde, og for samfunnet. Økonomisk liberalisme var den ideologien som embetsverket trudde på, og som rådde etter 1850. Eg har også streifa kva opplysende kontekst sosialdarwinismen til Spencer kan vera, då han blei introdusert i norsk offentlegheit i 1880-åra.

Dette rimer for så vidt med kva Holt har skrivne om amatørismen i engelsk kontekst: at innstillinga til amatører skulle legga til rette for, og vel også skunda på, konkurranseprinsippet i livet i stort.

Amatøren blei etter tildraginga i Kristiania vinteren 1888 endå tydlegare garantisten for ærleg kappestrid. I Sverige laga ein seg amatørreglar den same vøre, og nokolunde på same tida i Danmark. Også i Norge kom det til diskusjonar og forslag om amatørreglar i kjølvatnet av skandalen med Paulsen. Parallelt med dette hadde det gått føre seg drøftingar om distinksjonen amatør/professionist i sportsblad i både Tyskland, Nederland og Storbritannia. I 1892 blei det internasjonale skøyteforbundet danna, og dei amatørreglane som kom her, kalla Norsk idrætsblad dei «austerriske-hollandske-engelske amatørreglane». Den europeiske konteksten for dei var heilt rett forstått av bladet, etter mitt syn.

Redaktør Sigvart Petersen ville heller enn å svelga detaljerte reglar frå utlandet skilja mellom dei som i hovudsak *levde av* sporten og dei som dreiv han «for sin fornøijelses skyld».¹²⁵⁶ At dette skulle vera ei nødvendig motsetning, eller kvifor det skulle vera nødvendig å skilja slik, blei ikkje kommentert eller forklart av redaktøren. Rettferdsbetrakingar, altså at ein skapte meir like vilkår ved å skilja mellom to slike konkurranseklassar, kan ha vore eitt motiv. Men Harald Hagen, som hadde blitt profesjonell skøytelepar i og med duellane med Axel Paulsen (om pengar), spurde også om kvifor det var meir ærefullt å vera amatør-idrettsmann enn professionist. Kvifor var det mindre gjævt kva arbeid han gjorde med

¹²⁵⁶ N.Idrbl., 1888, nr. 15, s. 104.

føtene og skøytene enn kva han handverk han hadde som xylograf? Spørsmålet var presist nok. Han fekk ikkje noko svar i den norske trykte idrettsøffentlegheita, som eg har sett.

Var det pengane sjølve som var problemet?

Pengar blei etter kvart på 1880-talet fjerna i premiesamanheng i Norge – for dei som skulle vera amatørar av ulike idrettar. Skiforeningen godtok ein pengesum for ekstrarennet på 50 km i 1888, men supplerte sjølve med brukspremiar. Medaljar blei også ei meir vanleg belønning i fleire idrettar i løpet av tiåret, og diplomar. Pengane forsvann frå amatøridretten.

Denne utviklinga tyder likevel ikkje pengane *berre* blei sett på som eit problem. Redaktøren i Norsk idrætsblad godtok jo og tok i mot pengedeponi – som skulle garantera for at løparane Avén og Paulsen begge kom til å gjera sitt beste, dette i 1888. Dersom begge hadde sett pengar på spel, kunne ein altså venta ekte innsats. Ein effekt av dette var at publikum også kunne vedda på duellen. Utan at dette vart sagt å vera føremålet, verken i idrettsbladet eller i dagsavisene, tyda ein del referat på at dette skjedde. Kappestrid blei då også ofte kalla veddeløp i avisene, dels inspirert av dette, og dels av veddinga i hestekappløp. Også i skyting heldt ein seg i Norge med pengepremiar, truleg også gjennom heile 1890-talet. Kom då pengeallergien utanifrå?

Det er viktig å ha understreka at amatøridretten, forstått no som mogleg allergi mot pengar, ikkje kom før den profesjonelle, meir penge-orienterte idretten. Idrett, i den grad ein kan tala om konkurransar og prestasjonar, var oftast blanda inn i veddemål av ulike slag. Dette gjeldt i Storbritannia, vel så mykje som i Norge. Sjølv om det finst ein gullaldermyte om amatøridretten, er han ikkje nødvendigvis sann.

I boka der Ove Korsgaard (1997) introduserer omgrepet sitt om kroppskulturar, spør han seg nettopp om *kvifor og korleis* amatøridealane kom inn i idretten, og altså ikkje omvendt: korleis profesjonalismen trengde seg på, og avvikla amatørismen. Også Korsgaard nyttar seg av Jürgen Habermas og tesen hans om det borgarlege samfunnet – for det svært grundige (og kanskje noko vidløftige) svaret sitt. Analysen går slik: Det borgarlege samfunnet føresette det private området på den eine sida; der menneska kom saman i handel, med egoistiske motiv. I sum førte dette likevel til godt for samfunnet. Staten på den andre sida skulle sikra transportårene, fred og eigeomsrett, og elles halda seg unna. I mellomledet mellom privatmennesket og staten skulle den borgarlege øffentlegheita fungera som den sfæra der borgarane kom saman, i fridom, og drøfta seg fram til dei beste organiseringsformene, og elles kva som var vakkert, og kva som var sant, *for desse tinga si eiga skuld*. Sporten blei ein viktig del av den borgarlege

offentlegheita, skriv Korsgaard. Sportsfolk slutta seg saman i klubbar og foreiningar, der amatørangrepet blei gjort til organisatorisk og ideologisk grunnlag. Og definisjonen på ein amatør – det var ein som dyrka sporten for sportens eige skuld, og ikkje for pengane. Fordi amatøreren ikkje tenkte på pengane, kunne han gje seg fritt over til spelet og konkurransen – utan baktankar. Humaniten hans kom til syne slik. Og så skriv Korsgaard noko viktig for meg: «At gjøre tingene for deres egen skyld er ikke uforenelig med fri konkurranse. Tvertimod. Fri konkurranse er livsnødvendig så vel på det økonomiske som det åndelige område.» Berre slik kunne skjønnheit, sanning og karakterutvikling koma til retten sin,, meinte ein innanfor denne modellen, i denne tida. Derimot: Kom pengane inn her også, kom egoismen inn der han *ikkje* skulle rå. Sporten ville då med ein gong tapa den oppdragande faktoren sin. «Den er – i lighed med den måde hvorpå den frie debat udvikler samfundets fond af fornuft – et middel til socialkarakterens almene udvikling.» Av denne grunnen meiner Korsgaard at amatøridealane var heilage i det borgarlege samfunnet. Og av denne grunnen åleine var pengane farlege.¹²⁵⁷

No er også Korsgaard medviten om kva auga det borgarlege samfunnet ikkje såg på: utbytinga av arbeiderklassen. Immanuel Kant føresette privat eigedom for den autonome borgaren, på same måten som middelklassen føresette eigedom og formue for å kunne vera amatør i idrett. Og dermed stengde ein store mengder menneske ute frå politikk og sport.

Amatørangrepet er paradoksalt i utviklinga si; dels ei revolusjonær kraft, som ligg i utgangspunktet og i idealet, altså likskap. Men dels var det også ei reaksjonær kraft; i den ulikskapen dette førte til, i eit samfunn der dei klassemessige, formuemessige forskjellane var heilt avgjerande. Veldig enkelt sagt: kven var «public schools» for? Var dei egentleg «public»?

Eg veit ikkje om dette lange resonnementet ville vore eit svar som kunne tilfredstilt eller trøysta skøyteløparen og xylografen Harald Hagen, han som stilte det presise spørsmålet i 1888. Men det peikar i alle fall på nokre moglege premissar for kvifor amatøridealane var så redde for å blanda inn sfæren av arbeid (og pengar) i samanheng av sport.

Og det utelukkar for så vidt heller ikkje dei hardare sosiale maktmekanismane som Dunning & Sheard, og sidan Guttmann, peika på. Ein treng ikkje lukka augo, verken for det eine eller andre perspektivet.¹²⁵⁸

¹²⁵⁷ Korsgaard, 1997, s. 156.

¹²⁵⁸ Skiløparentusiastene, og altså advokaten, E.C Richardson formidla vidsynt, synest eg, dei ulike motiva som låg bak dei britiske amatørdefinisjonane, dette i ein førebauende tale for ein debatt i 1930 om skiklubben i Storbritannia skulle ta over amatørdefinisjonen til det internasjonale skiforbundet (FIS). Då var den opphavlege skiklubben han stifta frå 1903, smelta saman med The British Ski Association (fusjon i 1925, og 6000 individuelle medlemmer i 1936). Richardson delte forklaringa i tre; a) sosiale grunnar, b) unfair play and c) unfair competition. Under a) var dei tilfella der ein mann var ekskludert frå ein klubb på sosiale premiss, så som i Carlton Club (som vel var ein roklubb) som ikkje ville ha noko med ein alminneleg fiskar å

1889-1891

Seint i 1888 gjekk Norsk idrætsblad inn. Idrettsoffentlegheita blei ikkje nødvendigvis innskrenka; Morgenbladet gjorde idrettsjournalistikken og drøftingane sine tydlegare omkring dette tiårskiftet. Og sjølv om marknadsvekene minka i tydinga i handel og i kulturliv på denne tida, forsvann ikkje den kulturen ein kan kanskje kalla forlystingsoffentlegheita. Sirkus vitja Kristiania jamt og trutt, og ein eigen stad (Tivoli, Klingenberg) fanst for variert underhaldning. Sjølv om duellar og brytekampar stundom blei lokka med her, var publikumsorienteringa på desse stadene heilt annleis enn kva til dømes Skiforeningen ønska. Dei ville ha fleire folk med i idretten, somme av dei også kvinnene. Direktørane for ulike typar sirkus, forlystingsentreprenørane, om eg kan kalla dei det, ville selja billetter for å få pengane frå folk. Publikumsforståinga kan seiast å vera diametralt den motsette. Eg har kort sagt halde fast i kontinuitetane i dei grunnleggjande analytiske omgrepa mine, i denne mellomdelen.

1891-1907

Ola Holen og Hagbarth Wergeland er dei to viktigaste redaktørane av Norsk idrætsblad i denne siste parten av avhandlinga mi. Særleg Wergeland er det mogleg å plassera i ein dygdetisk tradisjon, slik han la vekt på kva dugleikar og dygder rett utført konkurranseidrett kunne utvikla. Eg lente meg i denne samanhengen tungt på Alasdair MacIntyre, og korleis han definerte dygder som dei haldningane og kapasitetane som gjer at ein kan nytta dei innvendige godene ved ein praksis. Utan mot blir det ingenting av spenninga i eit hopp. Då står ein att med nervøsiteten, eller med den føremålsrasjonelle kalkuleringa av kva ein kan unngå (knekte ski, hånande rop frå publikum, fall som gjer at ein misser poeng i kombinasjonskonkurransen). Dette er mine konkrete tolkingar – både av kva Wergeland djupast trudde på, og korleis MacIntyre forstår dygder. Eg må understreka at eg har stogga ved den første lekken av den

gjera. Dette syntest han var heilt greit; verdsbileta var så ulike mellom desse klassane, og dei ville ikkje vera lukkelege under same tak. Den andre grunnen b) kunne vera at viss ein mann var avhengig av livsopphaldet sitt gjennom idretten, kunne han ta i bruk urettferdige («unfair») metodar for å vinna, eller skarpe («sharp») praksisar, som var uttrykket Richardson også nytta. Han såg ikkje korleis dette slo sterkt inn i skisamheng. Den tredje c) handla om rettferdig konkurranse; når ein mann bruker all tida si på å driva idrett og perfektjonering av dugleikane sine, medan ein annan gjer det mest for moro og «relaxation from other work». Til dette ville talaren minna forsamlinga på at mange i heimlandet hadde tida (og pengane = «leisured people») til å driva idrett heile dagen utan tanke på pengar, og det ville vera synd å skulle utelukka desse også. Dessutan hadde desse («the favoured class») gjerne eit ønskje om å kjempa mot dei aller beste, uavhengig av levebrød eller ikkje. Han ville ikkje stenga slike ute frå store internasjonale hendingar, sa han. Sjølv om Richardson heldt talen sin i 1930, med kontekst av om britane skulle godta FIS' regel om å sleppa skilærarar inn i tevlingar i lag med andre amatørar (det ville han), kastar distinksjonane hans fint lys over tildragingane i dei førre tiåra – som eg har granska. Sjå DMU, Special Collections, *Papers of the Ski Club of Great Britain 1903-2010*, og katalogreferansen S/006/A/04/01/005.

logiske utviklinga av dygd-omgrepet, slik som MacIntyre analyserer og framstiller det i boka *After virtue*. Til dygdekatalogen inkluderer han også dei kvalitetetane som må til for å spørja kva det gode livet er, og som gjer oss i stand til å stå i mot dei distraksjonane og freistingane som møter eit kvart menneske på den vegen eller reisa som livet er, - slik at vi aukar sjølv-innsikta og aukar innsikta i kva det gode er. Livet er på eit (andre) nivå ei forteljning, og det er forteljninga som sikrar den integriteten vi søker, eller bør søka.¹²⁵⁹

Dersom eg har forstått MacIntyre rett, meiner han at vi ikkje har det moralske i oss som ein universell medfødd kategori; vi må læra kva det moralske er, gjennom å leva. Og her kan idretten ha sin rettmessige plass, i det å kunna danna oss. Idretten er verken nødvendig eller tilstrekkeleg slik, men eg oppfattar at han byr på innvendige gode.

Kanskje høyrest dette naiv og vel enkelt ut. Wray Vamplew, forfattaren av boka om profesjonell sport i Storbritannia (epoken 1875-1914) har nokre vesentlege atterhald i omtalen sin av desse dygdene og verdiane – som eg anerkjenner han. Sjølv om verdiane, skriv han, er akseptable på individnivå, ja kanskje til og med ønskeleg på mikronivået i ein sport, kan dei vera livsfarlege på makronivå i samfunnet. Mot må oppmuntrast, men det er ei fin grense mellom mot og dumdristigheit, som unge britiske offiserar erfarte så bittert, under første verdskrig.» Vamplew sitert direkte: «Products of the English public-school system, they led their men over the top as though it was a charge of rugby forwards, but instead of hard-tackling full backs they ran into machine-fire gun.»¹²⁶⁰

Eg har ikkje freista å levera noko forsvar for amatøreren med denne avhandlinga, eller for desse dygdene i og for seg. Snarare gjev framstillinga av amatørisme-tematikken, og altså utviklinga av desse førestillingane i norsk kontekst, meg høve å kommentera, og delvis supplera, ein del vedtekne sanningar om den norske idrettshistoria.

Siste del av 1880-åra og starten av 1890-talet gav til dømes tydeleg opning og oppsving for kvinneidrett, også som konkurransar. Her spelte ein del idrettsideologar, så som Ola Holen og Laurentius Urdahl, klart på lag med kvinnene. Både sommaridrettar og vinteridrettar som ski og skøyter blei oppfatta som passande. Sjølv amatørromgrepet baud også på ein sceneplass for kvinner, slik det hadde blitt forstått i kunstsamanheng. Eg oppfattar det slik at særleg offiserane og dei militære mennene la hindringar i vegen, seinare på 1890-talet.

¹²⁵⁹ Det tredje nivået hans handlar om at ein ikkje kan søka det gode livet berre som einskildståande-individ, men som del av ein fellesskap, eller kanskje rettare utifrå dei sosiale rollene eller forplikingane som eg har. Mitt moralske startpunkt er dei rollene eg har fått som del av familie, del av ei bygd, del av ein by, del av ein klode. (Det siste er her mitt tillegg)

Vi er altså fødte med ei historie, med ei fortid, og med ei forpliking, meiner MacIntyre. Vi er også fødte på ein bestemt stad, med den partikulariteten. Dermed kan vi ikkje formulera det abstrakte menneskeleg moralske, synest han å meina, med klar brodd mot Kant. Sjå MacIntyre, 2002, s. 256

¹²⁶⁰ Vamplew, 1988, s. 8.

Etter at skyttarrørsla blei skild frå idretten for godt, med støtte og med vilje frå Stortinget til og med, fekk altså Centralforeningen nytt namn og føremålsparagraf, dette i 1895. Sekretæren Franz Gustav Seeberg, som sat i den stillinga frå 1892 til 1920, er heilt sentral her. I høve amatørforestillingane er han tvetydig. Han hadde til dømes mykje imot den bøygde ryggen i skøytesporten. Men meinte han såleis at stil og estetikk måtte må få ein større plass i konkurranseidrett, eller var det først og fremst rak rygg og sunn idrett, og kanskje helse, han var på sporet av? Eg heller til den siste tolkinga, sjølv om ikkje kjeldene er klokkeklare om dette. For somme i samtida var kanskje svaret enklare enn det kan synest for meg. I nekrologen om Lorentz Grieg i Norsk idrætsblad i år 1900 heitte det, som eg nemnde, at han var amatør i ordets beste forstand; interessene var allsidige og kroppen var harmonisk. Kanskje er ikkje overgangen frå kunstamatøren til denne førestillinga er så stor som eg vil ha det til. Musikaren skulle nok også dyrka fleire sider av livet. Å dyrka kroppen slik, var kanskje heller ikkje så nytt, når ein tar i betraktning gamle krigarideal, eller kva hoffmannen, og hoffkvinna, måtte beherska av til dømes dansar.¹²⁶¹

Richard Holt peikar på helsemessige forhold og omsyn for amatørismen i engelsk samanheng. Eg oppfattar likevel at han bruker dette som kontekst – som han forklarar den meir grunnleggjande verdien aktiv deltaking med. I norsk idrettsøffentlegheit veks omgrepet *reinheit* fram, særleg med Fritz Huitfeldts lærebok i skiløping frå 1896. Snøen var kvit, og skiidretten var rein, og han var spesielt verdig på denne basisen, meinte han. Dels kan denne ladinga av amatørismen på heimleg grunn forklarast med omsyn til helse og til plassen medisinarane fekk i samtida, men vel så mykje er det ein naturromantikk som blir hevda her – av nasjonale motiv og årsaker. Fordi skiløpinga var norsk, var ho spesielt amatørmessig i god forstand. Nordmannen trong ikkje stikka fingeren i jorda, som det heiter. Han kunne enkelt stikka fingeren i den kalde, kvite, reine snøen.

Amatørdimensjonen i denne førestillinga kan kanskje delvis kallast moralsk, delvis estetisk. Men like mykje viser han at desse kategoriseringane ikkje nødvendigvis råkar blink heile tida.

Ein mogleg måte å forsona ein del av desse motstridande tendensane, er å føya dei inn i djupare mønster av danningsteoriar. I danninga av ein personlegdom, i den tyske Bildungstradisjonen som det norske omgrepet slektar på, kan ein ikkje så lett skilja mellom moralske

¹²⁶¹ N.Idrbl, 1900, nr 43. Castiglione drøftar ganskje mykje på kva ein kunne venta av den ideale hoffkvinna, så vel som hoffmannen. Jens Ljungren, 1999, s. 9, har skrive klokt om det tvetydige også i den svenske gymnastikken i høve kroppen: «Under 1800-talet utsattes kroppen för komplexa prosesser. Samtidigt som den skulle behärskas og tyglas, blev den föremål för växande tilbuden och vördnad.»

moment og oppførsel og smak; både «indre» og «ytre» kvalitetar eller verdiar høyrer med, om ein kan seia det slik. Det moglege stikkordet i idrettsamatørismen som eg presenterte ganske tidleg, *haldning*, kan peika i begge desse retningane. Grovt og grunnleggjande kan svært mange av dei amatørforestillingane som norske idrettsideologar uttrykte, oppfattast som (del av) dannelsings-teoriar. Å bry seg om kroppen, var å bry seg om sjela eller karakteren også. Og omvendt: Å bry seg om sjela eller karakteren, tydde også å bry seg om kroppen og rørslene.¹²⁶²

I 1905 blei idretten særleg politisk orientert i Norge. Boikotten av Nordiska Spelen i februar månad blei driven fram av avisene og fagblada, men støtta og beslutta av organisasjonskomiteen, med Fridtjof Nansen i spissen. På eitt plan kan boikotten oppfattast som eit brot med amatørismen. Mottoet om ikkje å blanda idrett og politikk, som Norsk idrætsblad hadde halde så høgt, handla jo om å lata frivilligheita og individualismen rå – og ikkje behova til staten. Martin Polley er inne på det same i handsaminga av korleis britiske diplomatar var prega av amatørismen i framferda deira (på første halvdel av det 20. hundreåret). Men no var det, og er det, annleis om ein stat og ei regjering blandar seg aktivt inn i kva idretten skal gjera og ikkje, og kva idretten sjølv, på eit eller anna plan, vel å gjera. Eg nøler difor med å seia at idretten blei *politisert*. I dette tilfellet i 1905 handla ikkje ein gong boikotten om å prøva å utretta noko politisk; han var begrunna i ulyst over kva verten (Sverige) hadde gjort (gått frå orda sine om likestilte partar i høve konsulat). Æra til den einskilde idrettsmannen, og æra til nasjonen Norge fall på ein måte saman, har eg skrive. Dette gjeldt ved Nordisk Spelen i januar/februar 1905, og det gjeldt endå meir ved folkerøystinga i august det same året. Kva idrettsmennene (og dei var berre menn ved dette høvet) sjølve tenkte om boikott, seier ikkje kjeldene mine så mykje. Det kan såleis tenkjast at dei aktive ikkje var like hissige på å bli borte frå tevlingane som leiarane. Og dette syner igjen til ei viss begrensing ved kjeldene, og avhandlinga mi.

Eg har føreslått å tenkja at den norske amatøreren dreiv idrett for noko høgare eller meir enn seg sjølv. Ei slik utsegn må takast med atterhald, og kan ikkje nyttast heilt uavhengig av kontekst. I dette tilfellet i 1905 gjev det særleg meining. Materiell vinning var ikkje legitim motivasjon, og forfengelegheit var heller ikkje idrettsamatøren verdig her. Flagget, derimot, og «Fædrelandet» var vel verdt å tevla for, slik viktige idrettsideologar såg det.¹²⁶³

¹²⁶² Mykje av sportspedagogikken til Pierre de Coubertin kan truleg føyast saman til denne grunntanken. Sjå biografien til MacAloon (2009), *This Great Symbol: Pierre de Coubertin and the Origins of the Modern Olympic Games*.

¹²⁶³ Seinare blei dette heitande å spela for flagget, og var gjerne det gjævaste ein norsk amatør fotballspelar visste.

I 1908 fekk Norsk idrætsblad ny eigar og redaktør etter Fredrik Juell, rittmeister J. Grøttum. Dette innvarslar ikkje nødvendigvis i seg sjølv nokon ny fase, verken i amatørhistoria, eller i utviklinga av idrettsfentlegheita, men nye, tevlande idrettsblad kom til i Norge no; eg tenkjer på *Sport: Illustreret Idrætsblad* (med redaktør (cand.jur) S. Segelcke Meidell), og nye amatørproblemstillingar kom opp internasjonalt, både med OL i London hausten 1908, og dei første sonderingane av eit internasjonalt skiforbund (møte i Kristiania i 1910). Eg har såleis avslutta granskinga mi ved året 1907.

Om det var slik at idrettsfentlegheita endra seg no, eller om dette skjedde seinare, med nye blad og andre redaktørar og til og med andre medium, må eg lata ligga her.

Lange linjer

Nokre lange linjer i utviklinga av amatørforestillingane kan teiknast slik: Allsidigheit, etter ein del prøving og feiling og eksperimentering, blei malen til Skiforeningen for premierenn på ski. Pengar kom gjennom 1880-talet meir og meir i miskreditt som premiar i idrettssamheng; på slutten av 1890-talet blei medaljar gjort mistenkelege. Amatørreglar meldte seg i 1880-åra, men fekk ikkje reell funksjon før nærmare hundreårsskiftet. Axel Paulsen hadde tevla for æra til ein heil nasjon i 1885; sommaren 1905 var det heile idrettsnasjonen som blei beden om å forsvare norsk ære. Amerika var tidleg forbunde med forfall for amatørverdiane. I løpet av 1890-talet og tidleg 1900 blei nesten alt utland ein risikabel storleik. Jenter og kvinner, som kunstamatøromgrepet hadde gjeve opning for, kom med i skiidretten på slutten av 1880-talet, men møtte sidan medisinsk-ideologisk motbør av mennene i den nye versjonen av Centralforeningen frå siste del av 1890-åra.

Den lengste og viktigaste mot-førestillinga her gjeld sirkustradisjonen. Her kan ein tala om ei ubrotten linje, der akrobatar og gjøgglarar var i miskreditt heile vegen. Likevel var det på ulike måtar sirkuskulturen blei brukt som motstykke og skremmebilete og for så vidt definisjonsgrunnlag for amatørren. Før 1860-åra var det blitt kjent korleis barn blei selde og brukt i oppvisningar. Sigvart Petersen nytta sirkuset i kritikken sin av tendensar til narrespel i idrettssamheng. Skiforeningen synte til tendensar til forfengelegheit, og risikable sprang og hopp, i utforminga si av reglane for Huseby- og Holmenkollrennet. Med renessansen for dei olympiske leikane kom den greske antikke idrettsmåten til heider og verdigheit, vel å merka forstått som enkel og allsidig amatøriddrett. Romerske sirkus og gladiatorleikar fekk rolla som fallet frå høgda, om enn ikkje forstått som evig gyldig og nødvendig forfall no. I 1907 blei fire norske hoppaparar nærmast dømde for å ha brote amatørreglane i Norsk idrætsblad, og det er

sannsynleg at Norges Skiforbund gjorde dette til eit formelt vedtak, endå om dette forbundet ikkje fekk vedteke eigne reglar før i 1910. Men det var akrobatikken og gjøgleriet som dei hadde tatt i bruk; det var den lange linja av sirkuskritikk som felte dei. Dei hadde no teke ein gjævn utandørsidrett *inn*.

Det misbilligande synet på sirkus var ein vël etablert tradisjon, i offentlegheita. Om ein vil, kan ein dra linja attende til Baldassare Castiglione. Men her er åtvaringane til Michel Foucault verdt å merka seg: det er ikkje alle tradisjonar som er samanhengande, sjølv om tropane, figurane og motiva synest å likna einannan. Også svensk gymnastikk baud på kritikk av det akrobatiske – og retta denne mot turn-kulturen. Så bør det også nemnast, at både Norsk idrætsblad og dagsavisene vigde plass til sirkus som kom til Kristiania, og melde og omtala førestillingane, ofte i rosande ordelag, Jørgen Gjerdrum, av ein stiftarane av Centralforeningen, og faren til den ingeniøren Gjerdrum som vann rennet ved Gamle Aker kirke i 1867 – og debattant i avisene det tiåret – er også verdt å trekkja fram. I den første årgangen av Norsk idrætsblad (nr. 8) stod på framsida ein hyllande biografi av idrettsvirket hans. Det blei fortalt, eller Gjerdrum hadde fortalt ein gong, at lysta hans for gymnastikk& turn blei vekt av at han såg linjedansarar og akrobatar som gutunge. Som son åt politimeisteren, som vel dreiv kontroll med omreisande sirkus, fekk han høve til å beundra dei på nært hald. *Alt* vondt kom altså ikkje frå sirkuset.

Den lange linja i utviklinga av amatørrideen står likevel fast: Amatøren, som ord og omgrep, kom frå kunsten. Tankefiguren fall frå høgdene her, men i idretten, derimot, heldt amatøreren på den positive valøren sin. Amatøren blei ein viktig tankefigur i denne samanhengen, særleg der ein byrja med organiserte konkurransar. Amatøren blei løfta opp i verdi i idrettsoffentlegheita i løpet av 1880-åra. Ja, det er ein nærliggjande tanke at idretten til sist i pionerperioden fekk verdigheita si og autonomien sin på grunn av amatøreren.

Trugsmålet, eller mot-omgrepet, låg delvis i professionisten. I løpet av 1890-talet blei han sett meir på spidd i og med den polariseringa som blei danna med, eller rettare sagt lada *i*, dei eksisterande orda «idræt» og «sport». Men endå meir var sirkusartisen definerande motsats i norsk idrettsoffentlegheit. Sirkusartisten kunne vera eit bortkome barn; ein gjøglar i eimen av sprit og fyll; ein altfor dristig linjedansar; einsidig i rørslene og kunnskapane sine; ein klovn som lurte sitt publikum; ein forfengeleg artist som fallbydde medaljane sine for reklameeffekten; og heilt til slutt, ein som tok utandørsidretten inn.

Litt meir generelle og vidløftige diskusjonar

Avhandlinga mi, har eg nemnt, kan også lesast som forslag til nye måtar å orientera seg i historia på. Eg siterte Allen Guttmann i innleiinga, han som i kraft av mange publikasjonar og langt virke er ein av autoritetane i idretthistorisk forskning internasjonalt, og som i klassikaren *From ritual to record* (1978/2004) ikkje fekk amatørismen til å passa inn i skjemaet sitt av likskap («equality») og for så vidt spesialisering («specialization») som nødvendige kjenneteikn ved *moderne konkurranseidrett*. I staden for stadig meir demokratisering, fleire grupperingar og open deltaking, kom altså ein lang fase med forsøk på å stenga heile samfunnssklassar ute frå idrettsbanen. Og dessutan kvinnene.¹²⁶⁴ Ser ikkje ein ikkje fullt så politisk (og materialistisk) på heile breidda av amatørreglement som forskarane Dunning og Sheard (1976) gjorde om rugby i britisk samanheng, anar ein at etikken i amatørforestillingane kan faktisk passa med (dei moderne) omsyna til likskap i konkurransen som Guttmann peikar på. Filosofisk og analytisk sett er det kanskje forskjell på likskap *før* sjølve konkurransesituasjonen, og likskap *på* startstreken, men eg har uansett vondt for å luka heilt bort moralske dimensjonar i ein karakteristikk av den moderne, konkurranseorienterte idretten. Bakom likskapsidealet ligg det ofte rettferdsbetraktningar. Historisk sett har det i alle fall ikkje handla *berre* om å elska fram prestasjons-prinsippet, som Guttmann er mest oppteken av.¹²⁶⁵

Også i høve omgrepet *sportifisering* kan amatørismen breiare forstått gje ansatsar til nytenking. Sportifisering er altså å forstå som den breiare utviklingsprosessen som rammar idrettsprestasjonane inn i stadig meir rasjonelle former; inn i klarare og meir organiserte konkurransar, og kanskje målbare og samanliknbare resultat også. Samstundes skal ikkje omgrepet gje den same tendensen til *betre former* som ‘modernisering’ kan implisera, og seier heller ikkje at prosessen er avslutta. Ein kan tenkja at omgrepet er mykje meir omfattande om utviklinga i idrett enn tematikken av amatørisme er. Eller kan det vera omvendt? Kan amatørismen i idretten forklara og stå liksom bakom det som blei sportifisering?

Ta utviklinga av skisporten i Norge. Då Elling Bækken viste fram kunstane sine ovanfor Gamle Aker kirke, var det ikkje opplagt korleis han eventuelt kappast med dei andre «amatørane» som blei med. Tydelegare reglar hadde ein del andre arrangørar hatt, andre stader i landet, og då Centralforeningen skipa til eit skirenn rundt Iversløggen året etter (1867), var ein heil del rangeringsmoment gjort skriftleg; at ein skulle staven på rasjonelt eller «Fornuftig» vis, føra skiene på balansert og trygg måte («Sikkerhed»), og flytta seg raskt framover.

¹²⁶⁴ Sjø Guttmann, 2004a, s. 26-39.

¹²⁶⁵ Sjø Guttmann, 2004a, s. 26. Guttmann nemner også «fair play» og «unfair play» i denne samanhengen; det bør vera sagt.

(«Hurtighed») Arrangøren tok altså tida på løparane her. Ein kan spørja seg: Kvar kom denne impulsen ifrå? Var det berre eit ønskje om klarare reglar? Kvifor var det då eit vesentleg moment at ein ikkje skulle rida for mykje på staven utover? Etter mange slags prøvingar, og mange rundar med ordskifte, innførte Skiforeningen ein mal om alltid å ha både øvingar av langrenn og hopping med i premieringa si – av det som var dei allsidige skiløpardugleikane. Stil var viktig, og hurtigheit var viktig, og *mot* var viktig, ikkje minst. Talfestinga og vektinga av dei ulike kvalitetane, så som at legar var med å kvantifisera konditionen i 1883, kan fellast inn i ein sportifiseringstendens for denne konkurranseforma på ski. Men igjen kan spørsmålet melda seg: Kvifor var allsidigheit så viktig for arrangørane? Var det noko meir her enn berre forankringa i det praktiske livet utanom renna? Kvifor denne angsten og antipatien for sirkus – som går gjennom heile denne epoken eg har sett på?

Lat meg ta skøytesporten som eit anna døme. Her var det på siste halvdel av 1800-talet mange måtar å ordna hurtigløpinga på i ulike land; ein starta i par (England, Nederland), ein starta mange i saman (USA, Canada), ein starta løparane på tid (Norge). Også sjølve banen var ulik; ei rett strekning, ei strekning med ein krapp sving rundt ein stokk, lange strekningar og så slakare kurver og rundar. Sportifiseringa av skøytesporten fekk ein milepæl med danninga av det internasjonale skøyteforbundet (1892), og dei reglane, mellom anna Hamar-systemet for vekslingar mellom indre og ytre bane, som kom då. Men før dette hadde ein innført tidsfaktoren i internasjonale kappløp. Lat meg kalla dette ei tydeleg kvantifisering av prestasjon og resultat, og del av den større sportifiseringa. Ifølgje briten John Moyer Heathcote var det baron de Salis som innførte tidtakinga i hurtigskøytinga – i stadenfor duellar eller cupsystemet som hollendarane, og også engelskmennene, hadde nytta før. Og kvifor gjorde han det? Atter ifølgje Heathcote var dette for å bøta på kompisgåinga og tendensen til rigging og byting på kven som skulle vinna mellom klubb-kameratane. Dette hadde skjedd ved det internasjonalt møte i Nederland i 1885, der som Paulsen nekta å stilla. Van der Zee var klart best i innleiande rundar, men lét altså kompisen P. Bruinsma vinna i finalen. Meisteren gjorde ikkje sitt beste der han skulle som mest.

Heathcote meiner sånt skjedd også på «the Fens» i gamle dagar, så som mellom Fish-brørne. Då hadde gentlemenn kanskje gjeve alt dei kunne i innleiande rundar, berre for å tapa i finalepara, der dei lokale «ligaene» hadde avtalt kven som skulle få vinna. «The genuin sportsman Baron de Salis determined to put stop to this kind of racing», skriv Heathcote.¹²⁶⁶

¹²⁶⁶ Sjø Heathcote, 1890, s. 274-275. Og skøyteløparen og kollegaren Tebbut skriv i boka til Hutichson, 1892, s. 428: «Baron de Salis, of Holland, initiated a time test to avoid these objections. It is undoubtedly fair, and encourages fast times.»

Resultatet av omlegginga blei uansett klarare og meir rasjonelle konkurransar, med samanliknbare resultat, og truleg også betre tider. Om ein vil putta dette endåtil inn i skjemaet av *modernisering*, rasjonalisering og rekordar á la Guttmann, er av mindre tyding. Og om de Salis eigentleg var først med tidsfaktoren, eller nordmennene i turnforeininga i Kristiania, er heller ikkje poenget her – endå om det er interessant at britane i samtida tilskriv ein nederlendrar denne moralske amatørforestillinga. Poenget er kva som kan ha vore motivasjonen bakom modifiseringane av denne vintersporten – modifiseringar som altså kan minna sterkt om fenomenet sportifisering.

Ein kan kanskje seia at amatørforestillingane og sportifiseringa her gjekk hand i hand. Eller at sportifisering er ein meir omfattande, grovare orientert prosess om framveksten av organiserte konkurransar som ikkje seier så mykje om årsakene og forklaringane. Sjå det større biletet her: Kvifor blei ikkje fiske ein moderne sport med reglementerte, rasjonelle øvingar og medaljeseremoniar i OL og VM?! Sportifisering som omgrep kan kanskje ikkje seia alt om dette, og kvifor til dømes friluftssporten klatring derimot *no har blitt* ein olympisk sport, men omgrepet peikar i det minste på ein vesentleg prosess i moderne idrett.

Men – har eg då hug å stemma i mot – bør ein då ikkje i det minste granska kor vidt moralske amatørforestillingar var med og driva *fram* organiseringa av nettopp idrettskonkurransane? Eller dreiv dei *vidare*, for no ikkje implisera verdidommar om dette også?

Eit par tre, døme er sjølvsagt ikkje nok til å bygga ein heil teori, men dei kan peika mot noko. Dei må dessutan må vegast opp mot dei døma eg har gjeve på regelrytteri, på sosiale klasseforhold bakom amatørreglane både her og der, på rett og slett diskriminering og maktmisbruk. Den britiske friidrettsamanslutninga AAA fekk på 1880-talet sett folk i fengsel fordi dei hadde drive bedrageri med amatøridentiteten sin («shamamateurism»).¹²⁶⁷

Oppsummerande sagt er det ømme, tvetydige punktet i amatørismen dimensjonen *moral*. Men sportifisering har også eit ømt og uavklara punkt – i dimensjonen ‘føya prestasjonen inn *rasjonelle* rammer’. Kven kan definera kva det rasjonelle eigentleg er? Ein kan seia at å måla eit skihopp i meter er enklare enn å måla det i stil. Men er det meir rasjonelt? Og kvifor har ein ikkje slutta med stilkarakterar i denne idrettsgreina for lenge sidan?

Også i høve *etablert norsk idretthistoriskrivning* kan amatørforestillingane skjerpa blikket, trur eg. Det motsetningsparet som er blitt etablert, den polariteten som er blitt sementert, særleg

¹²⁶⁷ Sjå Carter, 2011.

med tobandsverket om historia til NIF som Olstad & Tønneson publiserte (1986-1987), handlar om spenninga mellom dei som ville gje idretten *ein ytre verdi*, og dei som ville halda på *eigenverdien* til særleg konkurransen. Militære folk i Centralforeningen såg forsvarsnytte i idrettsøvingar; utøvarane sjølve kjende kanskje aller mest på spenninga i tevlingane, og ville ha meir av det. Ei tid tala ein om det «folkehygieniske» og det «olympiske» idealet, som liksom stod steilt mot kvarandre.¹²⁶⁸ Eg vil ikkje avvisa denne todelinga, og denne moglege «evige» idekampen i norsk idrettshistorie. Men arbeidet med amatørromgrepet i det heile, og særleg den moralske dimensjonen som dygdteorien til Alasdair MacIntyre har synt klarare for meg, har gjort delinga mellom indre og ytre verdiar mindre opplagd. Dygdtanken til MacIntyre, inspirert av tradisjonen frå Aristoteles og Aquinas, førset at det finst innvendige gode – som føreset at ein tek praksisen på fullt alvor. Dersom ein går inn i malarkunsten, eller i sjakkspelet, eller i skiløpinga med mot og med ærlegheit, både realiserer og erfarar ein verdiar ved denne praksisen, særleg det framifrå (excellence), viss eg har forstått MacIntyre rett. Ein både utviklar denne praksisen, og ein utviklar seg sjølv på denne måten. Dette må kunne kallast ein danningstanke, om konkurranseidretten. Og fenomenet, som også har historisk og empirisk belegg, er vanskeleg å plassera i det spenningsfeltet av berre eigenverdi og nytteverdi som Olstad og co. har danna.

Sagt på ein annan måte må ein ha auga for at alvor i idretten kan tyda ulike ting. Å ta konkurransen på alvor, kan tyda at ein realiserer dei indre verdiane i han, og ikkje nødvendigvis dei ytre (premie, pengar, stjernestatus, helse, langt liv). Historisk vinkla: Det var ikkje alvoret som var problemet med den profesjonelle. Det var gjøgleriet og humbugen og til og med avstanden til naturen.

Arve Hjelseth, notidig sosiolog, har føreslått å nytta omgrepa ‘indre rasjonalitet’ og ‘ytre rasjonalitet’ om idretten i denne samanhengen, mykje inspirert av doktorgradsavhandlinga til Matti Goksøyr (1991). Idretten har ein ibuande tendens mot konkurranse og prestasjon, samstundes som han blir gjeven ulik type ytre samfunnsnytte. Men Hjelseth understrekar kor flytande overgangane er, og tyr til *idealtypen* som analytisk vegleiande storleik, i tradisjonen frå Weber.¹²⁶⁹

Men kan henda er ein i nærleiken av eit språkfilosofisk paradoks eller problem, same kva måte ein vil tematisera eigenverdien ved aktivitet på. Dersom ein vil forklara kvifor ein elsker ein ting, skriv diktaren Erling Indreeide, byter ein liksom kjærleiken ut med dette andre. Du elsker å gå på ski på grunn av diagonalane, seier du kan henda. Men kan du ikkje gjera dei

¹²⁶⁸ Sjø Olstad, 1987, s. 111. Han siterer her skulestyrar B.A. Grimeland, som uttrykte seg slik i bladet *Idræt* i 1918.

¹²⁶⁹ Hjelseth, 2016, s. 236-237.

med stavar på barmarka, er det naturlege spørsmålet då. Du elsker langrenn også på grunn av lyset i snøen. Men kan du ikkje *sjå* på den snøen? Må du absolutt røra deg? Ein får aldri heilt sagt *kvifor* ein elsker ein ting.¹²⁷⁰

Og når alt dette er sagt: Å tenkja i motsetningar og i kontrastar er kan henda ikkje heilt rett mot den historiske røyndomen. Amatøren måtte passa seg for altfor mykje alvor på den eine sida, og for lettsindigheit i den andre grøfta. Også her kan aristotelisk dygdorientering, og den gyldne middelvegen, ha opplysende element for tanken.

I alle høve, i alle fall, som det heiter, det som er viktig å ha understreka for meg – er at amatørismen ikkje var ein framand skapning, ein framand fugl, for norske forhold. Dette har vore ein premiss for mykje av granskinga på skandinaviske tilhøve, så som hjå Wikberg, Jørgensen og Olstad & Tønneson. Desse forskarane har delvis grunn til å konkludera slik, dersom dei får oss til å stirra blindt på amatørreglane. Vingeclipper ein fuglen i utgangspunktet, blir han merkeleg nok. Men sjølv forstått som bestemmingar og samla juridiske reglar om kven som skulle få tevla i kva klasse og kva leikar, og ikkje, var ikkje inspirasjonen for amatørismen berre det britiske. Tildraginga med Paulsen og Avén skapte trong for bestemmingar, og fekk fart på dei, i skandinavisk samanheng. Delar av regelverket for visse idrettar, særleg det som omfatta hopehav med profesjonistar på nokon slags måte, var derimot framand.

Kva eg i staden for nøkkelordet framangjering føreslår, er å sjå amatørførestillingar som *konstitutive* for idrettsfeltet. Eg har late meg inspirera av Max Weber på dette punktet, men på ein annan måte enn den guttmannske; som jo dreia seg om «Zweckrationalität», byråkratisering og vel sekularisering. Både i det første bandet av *Gesammelte Aufsätze zur Religionssoziologie* (1921) og i *Gesammelte Aufsätze zur Wissenschaftslehre* (1922) skriv Weber om differensering («Differenzierung») som eit fundamentalt trekk ved moderne vestlege (Weber nyttar helst ordet «Okzident») samfunn. Ulike samfunnsområde eller sfærer har fått sine eigne reglar, etikkar og handlingspraksisar. Politikken grunnjev seg på ein annan måte enn religionen; «broderetikken» må forhalda seg annleis til verda enn den føremålsrasjonelle måten som ein gjer i vitskapen, og estetikken tilriv seg sine eigne og målestokkar verdiar.¹²⁷¹ Weber nyttar musikken og maleriet som døme i så måte: «Verdisfærens fullstendige adskillelse frå den

¹²⁷⁰ Indreeide, 2003.

¹²⁷¹ Sagt med Weber sjølv: «Wenn die religiöse Brüderlichkeitsethik mit den Eigengesetzlichkeiten des zweckrationalen Handelns in der Welt in Spannung lebt, so nicht minder mit jenen innerweltlichen Mächten des Lebens, deren Wesen von Grund aus arationalen oder antirationalen Charakters ist. Vor allem mit der ästhetischen und erotischen Sphäre.» Her Weber, 1947, s. 554.

empiriske sfæren viser seg karakteristisk ved at anvendelsen av en bestemt, aldri så langt «fremskreden» *teknikk* ikke forteller noe om kunstverkets *estetiske* verdi.»¹²⁷²

Dei ulike verdisfærene har vidare ein tendens til bli meir sinnrike i reglar og innretningar, liksom meir eigensindige, og stå i stadig meir kontrast til, og kanskje opposisjon til kvarandre.¹²⁷³

Og her er det eg tenkjer på idretten, og organisasjonane og konkurransereglane som vaks fram her, og framfor alt amatørtematikken, med dei underordna, men stadig meir intrikate definisjonane og bestemmingane som breidde om seg, den horrible dommen mot Wilhelm Henie inkludert. Karin Wikberg peikar – heilt rett – på at amatørskap i idretten hadde preg av «unicitet», altså at det var noko spesifikt og eige for denne samfunnssektoren.¹²⁷⁴ Andre folkerørslar på same tid, lekmanrørsla, avhaldsrørsla, og arbeidarrørsla, hadde ikkje dei same reglane for leiarar om frivilligheit. Skyttarrørsla tok aldri avstand frå pengepremiar på same måten som idretten elles gjorde, skriv ho. For Norges del kan også målrørsla (nynorsken) inkluderast i det same biletet.

Men ho trekkjer altså den slutninga at det var *logisk* at amatørbestemmingane blei avvikla, i Sverige for så vidt før Norge, gjeve all den striden og all den møya som reglane førte med seg. Eg meiner ein kan gjera ei opnare undring i utgangspunktet: Kva var logikken bakom sjølv omsetjinga i første omgang? Fanst det ingen «logikk» utover den kulturelle imperialismen til den triumferande britiske konkurranseidretten, altså inga anerkjenning, eller gjenkjenning av amatør tanken i svensk historie og kultur? Og svaret mitt er at den weberske «logikken» var kan henda å skilja denne rørslekulturen ut som ei eiga verdisfære – bortanfor kunsten, og i alle fall hinsides sirkuset.

For så vidt er eg ikkje milevis unna, eller forbi, den analysen som Korsgaard gjer av redaktøren Victor Hansen i dansk samanheng, anno 1888: At han søkte å gje eit *organisatorisk og ideologisk grunnlag* for sporten med nettopp amatørromgrepet.¹²⁷⁵

Dei profesjonaliseringsprosessane som sette inn i kunsten i løpet av 1800-talet, dei råka altså ikkje idretten med fullt monn før hundre år seinare, det vil seia i Norge omkring 1980-1990.¹²⁷⁶

¹²⁷² Weber, 1999, s. 132.

¹²⁷³ Rasmussen, 1997, skriv fint om Weber og utdifferensieringstenen i samband med ulike offentlegheitsteoriar, og er inne på dette med antagonisme og meningsfiendskap. Det finst for så vidt eit omgrep om *konstitutive reglar* i samband med idrett, reglar som skaper eller rammar inn ein eller annan idrett, sjå Loland, 1989, men eg tenkjer her på eit endå meir grunnleggjande nivå.

¹²⁷⁴ Wikberg, 2005, s. 19.

¹²⁷⁵ Korsgaard, 1997, s. 139. Og Korsgaard skriv vidare, s. 162: «Sporten afgrænsede sig med amatørreglerne skarpt i forhold til arbejde, økonomi og politik. Gymnastik og skydning derimod indgik i en anden sammenhæng...»

¹²⁷⁶ Her syner eg atter til Nygaard, 2015, for denne prosessen i norsk kunst-samanheng.

Ein kunne kanskje ha trudd at fagblad som Norsk idrætsblad skulle skunda på denne profesjonaliseringa. I staden var det omvendt: både dette bladet, og ideologane i den norske idretten elles, vakta om og utvikla amatøridealet. Eg seier ikkje at dei hadde nødvendigvis *gode* grunnar for dette, men dei hadde i alle fall *sine* grunnar.

Slutforsvar

Eg nemnde i starten av teksten min at legitimeringa av den historiske kunnskapen må bli ein noko annan når ein tar vitenskapssynet til Foucault og felagane hans inn over seg. Eller litt meir breitt: Heile den subjektive og språklege vendinga i humaniora sidan 1950- og 1960-talet. Med dette meinte eg då at ein ikkje kan forsvare til dømes nesten fire års arbeid med amatørismen i norsk idrett utifrå at ein kan koma nærare sanninga om denne delen av historia. Den eine sanninga finst ikkje bortanfor dei vala og dei termene og dei narrative strukturane som forskaren gjer og nyttar, og altså er overlaten til. Om det er slik at eg har sett noko meir enn dei som har fortolka desse førestillingane før meg, noko eg fortsatt trur og hevdar, er det ikkje fordi eg har sett så mykje lenger enn dei, men at eg frå skuldrene deira har hatt ein annan utsiktswinkel. Meir grunnleggjande har eg heller ikkje hatt nokre andre skuldre å klatra opp på. Ein kvar forskar er utlevert til dei omgrepa og reidskapane og praksisane som vitenskapen til ei kvar tid kallar vitenskaplege – og desse er altså i endring.

Eg kan såleis heller ikkje hevda at avhandlinga mi har synt at det er trong for meir forskning; at eg har peika ut der det endå finst «hol» å tetta – som om det ikkje heile tida vil dukka opp nye hol ettersom erfaringane og orda og spørsmåla våre endrar seg. Rett nok meiner eg at arbeidet mitt har vist kor produktivt omgrepet *rørslekultur* er, og at det hadde vore gjevande om einkvan skreiv den norske historia om dei parallelle rørslekulturane – til dømes sidan 1814; og som inkluderte både a) dansen og balletten, b) sirkuset og gjøgleriet, c) skytinga og militæret, d) idretten og sporten, og e) gymnastikken og turninga. Korleis desse så utvikla seg, ser ein truleg best om ein granskar dei under eitt.

No har eg hatt personlege grunnar til dette langvarige arbeidet mitt – å bli kvalifisert som *profesjonell* forskar. Med det tenkjer eg ikkje så mykje på å kvalifisera meg til ein fast stilling i ein eller annan forskar- og utdanningsinstitusjon som det å bli teken opp i ein kvalitetsmessig, og gjerne fagleg-etisk, profesjonsfelleskap. Eg har også hatt mykje moro med å forska og skriva om desse idrettsførestillingane på siste del av 1800-talet. Men verken profesjonsargumentet, eller det meir amatørmessige momentet om mi eiga skriveglede og

kjærleik til kunnskapskonstruksjonar, er noko som kan legitimera denne avhandlinga. Samfunnet i stort samlar ikkje inn skattar for at eg skal kosa meg på kontoret mitt.

Kva er avhandlinga mi verdt? Ikkje bøter ho på klimakrisa på noko vis, og ikkje rømer ho innsikter av den typen filologen Michel Breal sat på; han som på ein måte fekk heile verda hekta på maratonløp. Eg har på eit vis granska og formidla ein død tradisjon. Ingen idrettsutøvar med respekt for seg sjølv – bortsett frå dei få som les denne avhandlinga, kanskje – kallar seg ein amatør i dag. Eg har også antyda, nett i stad, i dette avsluttande avsnittet, at det ikkje treng å ligga ein motsetning mellom det å vera profesjonell (forskar) og amatørens glede (over kunnskap og historisk gransking). Har eg såleis brukt tida mi, og skattepengane dine, på ei bakevje og ein totalt misforståande tradisjon?

Eg vonar å ha vist at folka i fortida hadde sine grunnar. Eg vonar, som filosofihistorikaren Quentin Skinner skriv om «nyttan» av historia; at eg har vekt noko undring for fortida. At eg har tilfredstilt den estetiske sansen din, lesar, og gjerne den kritiske sansen også. At eg har etablert samband med det helst annleis livet som folk førte før. At eg har synt respekt for dei, og kan henda, i små glimt, utvida fantasien din.¹²⁷⁷

Ikkje meir, og ikkje mindre enn det.

Eg vonar at notida ser mindre sjølvsgatt ut. Men mest vonar eg at også framtida skal fatta interesse for oss – slik eg har gjort for fortida.

¹²⁷⁷ Alt dette er parafraasert av kva Skinner skriv så fint, i artikkelen *Historiens nytte*, 2009.

Etterord

Hausten 1907 drog trøndaren Andreas Udbye, brørne Rasmus og Thorleif Pettersen, og Sigurd Brenna som eigentleg kom frå Kristiania, til London. Der gjorde dei eit enkelt lite skibyks på seks, åtte meter, som del av eit større revystykke, med handling frå eit bondebryllaup i Sveits. Dei var gode skiløparar, Pettersen-brørne til og med olympiske meistarar i turntroppen i Athen 1906. Etter det Adressavisen fortel, var det redaktør Oppedal i Dagsposten som ordna kontakt mellom sirkusregissøren, og dei norske idrettsutøvarane. Om ein vil, går det ei mogleg og underleg linje frå Aftenbladet i 1866, til Sigvart Petersen i Norsk idrætsblad i 1888, og altså til Oppedal og Dagsposten i 1907. Alle ordna dei til duellar eller idrettshendingar; om enn av svært ulikt slag.¹²⁷⁸

I utgangspunktet var kontrakten for berre fire veker; nordmennene blei i Storbritannia i seks månader, og gjorde også sirkusnummer av hoppinga i Liverpool og Manchester, dersom Andreas Udbye hugsar rett. Skisporten kom ikkje heim til London, akkurat.¹²⁷⁹

Andreas Udbye var på si side nygift, og fekk kona si med seg til London det halve året han var borte. Han tente greie pengar attåt hotell og kost, og brukte ikkje mykje tid kvar kveld i førestillinga. I eit avisintervju i godt vaksen alder sa han: «Ja, det var glade dager, san, og vi hadde mye moro for pengene.»¹²⁸⁰

Men det er ei anna historie.

¹²⁷⁸ Sjå Adresseavisen, 22. desember 1958.

¹²⁷⁹ I *The Field* den 14. mars 1908 var det ein William Richardson, kanskje bror åt E.C.R., som tok avstand frå dei som kalla skihopping akrobatikk (så som «Icicle» hadde gjort). Men dette var vel å merka den hoppinga som ekte norske skiløparar gjorde utandørs: «After seeing captain E jump, I have come to the conclusion that it is never to late to begin the noblest art that the finest sport in the world affords.»

¹²⁸⁰ Sjå Dagsposten, 4. september 1941. Avisa kalla den tida han blei diskvalifisert som ein sportsleg «konsentrasjonsleir». I dette går det vel an å ana skjult kritikk av nazi-regimet i Norge. Avisene var underlagt sensur; offentlegheita var gjennomgåande representativ, og ikkje drøftande og kritisk, i okkupasjonsåra.

Forkortinger, kjelder og litteratur

APA, American Psychological Association

ARA, The Amateur Rowing Association

BAE, Bergens Adressecontoirs Efterretninger

BT, Bergens Tidende

Centralforeningen, Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaabenbrug (1861-1894)

Centralforeningen, Centralforeningen for udbredelse af idræt (1895-1920)

Chr. Int, Christiania Intelligentssedler

DMU, De Montfort University

IOK, Den internasjonale olympiske komité

ISU, The International Skating Union.

IEV, Die Internationale Eislauf-Vereinigung

KVK, Kristiania Velociped-Klub

KBK, Kristiania Bicycle-klub

LRC, London Rowing Club.

N.Idrbl., Norsk idrætsblad

NARA, The National Amateur Rowing Association

NSA, National Skating Association

NFF, Norges Fotballforbund

NIH, Norges idrettshøgskole

NSF, Norges Skiforbund

NSJ, Norsk skytter- og jæger-tidende

NT, Norske Turnnotiser

Skiforeningen, Foreningen til Ski-Idrættens Fremme/Foreningen til ski-idrettens fremme

UiO, Universitetet i Oslo.

V.G., Verdens Gang

Utrykte kjelder

(DMU, Special Collections): *S/006, Papers of The Ski Club of Britain.*

S/006/D/03/001. (Inneheld (boka) «British Skiraces, Vol 1»)

S/006 /A/01/01/001. (Styremøte frå 1903 til 1909)

S/006/A/04/01/005. (Inneheld Richardson's tale på årsmøtet i 1930).

(IOK): AMATEURISM/ELIGIBILITY COMMISSION

B-ID04-ADMIS/002 Amateurism Commission : inquiry conducted by the newspaper "Sporting Life" (London) on the definition of an amateur : inquiry, report by Comte A. de Bertier de Sauvigny, report by T. Cook and questionnaire subsequent to this inquiry (1908-1910)

B-ID04-ADMIS/003 Amateurism Commission : questionnaire made by the IOC Executive Board on the amateurism : questionnaire, answers, report and correspondence 1924.01.01-1925.12.31

B-ID04-ADMIS/004 Amateurism Commission : press cuttings 1909.01.01-1936.12.31

B-ID04-ADMIS/005 Amateurism Commission : measures recommended by the IOC, report from Paul Rousseau, comments from Henri Baillet-Latour, notes on the amateur status, status report on rules of amateurism and text on the remuneration of athletes 1928.01.01-1946.12.31

B-ID04-ADMIS/006 Amateurism Commission : points of view from the NOC of Belgium, from Denmark et from the Central Union of all Sports in Norway, and questionnaire from the NOC of the United States on the amateurism 1925.01.01-1934.12.3

(ISU): «PROTOKOLL DFS INTERNATIONALEN EISLAUFER-CONGRESSES ZU

SCHEVENINGEN AM 23., 24. UND 25. JULI 1892»,

«PROTOKOLL DES ZWEITEN CONGRESSES DER INTERNATIONALEN EISLAUF-
VEREINIGUNG AM 29. UND 30. APRIL, 1. UND 2. MAI IN KOPENHAGEN.»

«ISU Communications (official letters to ISU Members) from 1894-1902».

(Riksarkivet) Arkivskaper: *Norsk Idrætsblad og Sport*

PA-0108, Norsk Idrætsblad, Norsk Idrætsblad og Sport

Serie: F - Forhandlingsprotokoll, kopibøker, brev, regnskap

(Skimuseet i Oslo): «Generalforsamlinger og aarsberetninger 4.1.1883-1903».

Trykte kjelder

- Allison, L. (2001). *Amateurism in sport: An analysis and defence*. Franck Cass.
- Amadou, C. (2017). *Hva er antikken*. Universitetsforlaget.
- Amundsen, F. (1948). *Oslo skøyteklubb gjennom 50 år: 1898-1948*. Brødrene Tengs.
- Andersen, E. (2007). *Det store gjennombruddet: Norsk fotballs kulturhistorie 1885-1925* [Doktorgradsavhandling]. Norges idrettshøgskole.
- Andersen, P. T. (2012). *Norsk litteraturhistorie* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Andersen, E. (2007). *Det store gjennombruddet: Norsk fotballs kulturhistorie 1885-1925* [Doktorgradsavhandling]. Norges idrettshøgskole.
- Anderson, B. (1996). *Forestilt fellesskap: Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning* (E. Andersen, Omsetj.). Spartacus forlag. (Opphavleg gjeven ut i 1983).
- Andersson, T. (2002). *Kung Fotboll: Den svenska fotbollens kulturhistoria från 1800-talets slut till 1950*. Brutus Östlings Bokförlags Symposion.
- Andresen, A., Rosland, S., Ryymmin, T. & Skålevåg, S. A. (2017). *Å gripe fortida: Innføring i historisk forståing og metode* (2. utg.). Samlaget.
- Axell, L. T. (2014). *Kryssende spor: Ti kapitler i skihistorien*. Ydale forlag.
- Axell, L. T. (2020, 25. februar). Fritz Huitfeldt. I *Store Norske Leksikon*. (Opphavleg i Norsk Biografisk Leksikon) . https://nbl.snl.no/Fritz_Huitfeldt
- Bailey, P. (1978). *Leisure and class in Victorian England: Rational recreation and the contest for control, 1830-1885*. Methuen.
- Bairner, A. (2010). What's Scandinavian about Scandinavian sport? *Sport in Society*, 13(4), 734-743.
- Bastiansen, H. G. & Dahl, H. F. (2008). *Norsk mediehistorie* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Begreper, viktige med hensyn paa Religionsundervisningen og Forstandsøvelse i Almueskolerne.* (1843). Dreyers forlag.
- Berg, K. (1998). *Hopp, jenter, hopp!* Schibsted.
- Berg, K. (2015). *Fra første stavgang. Skistavens historie*. Kagge forlag.
- Bekeng-Flemmen, H. (2017). Ved et tideverv: Forestillingen om en kulturell krise i Norge på 1930-tallet. *Arr – idéhistorisk tidsskrift* 29(2), 73-89.
- Berntsen, B. (2008). *Løperkongen Mensen Ernst*. Andresen & Butenschøn
- Berthelsen, H. (2005). *Appelsin-Herman: Gjøglere som ble millionær*. Kolofon.
- Berthelsen, H. (2009). *Sirkus i Norge: Gjøglere og sirkusenes historie*. Commentum forlag.

- Bevir, M. (2013). Kontekstualisme: Fra modernistisk metode til post-analytisk historicisme? *Slagmark-Tidsskrift for idéhistorie*, (67), 109-120. <https://doi.org/10.7146/sl.v0i67.104254>
- Bibelen eller den Hellige Skrift*. (1882). Det norske bibelselskab/Grøndahl & Søn.
- Bjerknes, E. (1944). *Med ski, velosiped og skissebok: Minner fra åtti-årenes Norge*. J. Dybwads forlag.
- Bjørnsen, K. & Jorsett, P. (1971). *Skøytesportens stjerner*. Cappelen.
- Black, J. & MacRaild, D. D. (2000). *Studying history* (2. utg.). Palgrave.
- Bolsmann, C. & Porter, D. (2018). *English gentlemen and World Soccer: Corinthians, amateurism and the global game*. Routledge.
- Bomann-Larsen, T. (1993). *Den evige sne*. Cappelen
- Bonde, H. (1987). Sport and history in Scandinavia. *Journal of the International History of Sport*, 4(1), 108-110.
- Bonde, H. (1989). Sport som mandighedskult. I E. Trangbæk (Red), *Den engelske sports gennembrudd i Norden* (s. 215-223). Dansk idræthistorisk forening.
- Bratberg, T. (2020, 25. februar). Siegwart Blumenthal Petersen. I *Store Norske Leksikon*. (Opphavleg i Norsk biografisk leksikon). https://nbl.sn.no/Siegwart_Blumenthal_Petersen
- Breivik, G. (2013). Zombie-like or superconscious? A phenomenological and conceptual analysis of consciousness in elite sport. *Journal of the philosophy of sport*, 40(1), 85-106.
- Brekke, Ø. (2013). *Knut Alvsons krig: Ridderen som ville erobre Norge*. Vigmostad & Bjørke.
- Brett, A. (2002). What is intellectual history now? I D. Cannadine (Red.), *What is History Now?* (s. 113-131). Palgrave.
- Brunner, O., Conze, W. & Koselleck, R. (1974). *Geschichtliche Grundbegriffe: Historisches Lexikon zur politisch-sozialen Sprache in Deutschland* (Bd 1). Ernst Klett Verlag.
- Bryhn, Y. (1924). *Skøiteløpning*. Aschehoug.
- Burke, P. (1996). *The fortunes of the Courtier: The European reception of Castiglione's Cortegiano*. Penn State Press.
- Bærums Skiklub gjennom 50 år: 1885-1935*. (1935). Nikolai Olsens boktrykkeri.
- Bærums Skiklub 1885-1985: Et streiftog gjennom hundre år*. (1985). Asker og Bærum Budstikke.
- Carr, E. H. (2001). *What is history?* (2. utg.). Random House. (Opphavleg gjeven ut 1961.)
- Carter, N. (2011). From Knox to Tyson: Coaching, amateurism and British athletics 1912-1947. *Sport in History*, 30(1), 55-81.
- Christensen, O. (1993). *Den nasjonaliserte skikulturs fremvekst i Norge 1770-1900* [Magistergrad]. Universitetet i Oslo.
- Christensen, O. (1993). *Skiidrett før Sondre: Vinterveien til et nasjonalt selvbilde*. Ad Notam Gyldendal.

- Christiania skiklub gjennom 43 aar.* (1920). Grøndahl & Søn
- Clastres, P. (2005). Inventer une élite: Pierre de Coubertin et la «chevalerie sportive». *Revue Française d'Histoire des Idées Politiques*, 22(2), 51-71. <https://www.cairn.info/revue-francaise-d-histoire-des-idees-politiques1-2005-2-page-51.htm>
- Clastres, P. (2010). Playing with Greece: Pierre de Coubertin and the motherland of humanities and Olympics. *Histoire@Politique*, 12, 9-9. <https://doi.org/10.3917/hp.012.0009>
- Collins, T. (2013). *Sport in capitalistic society: A short history*. Routledge.
- Cooper, F. (2013). How global do we want our intellectual history to be? I S. Moyn & A. Sartori (Red.), *Global intellectual history* (s. 283-294). Columbia University Press.
- Coubertin, P. (2000). *Olympism: Selected writings*. (Utvalg ved Norbert Müller). International Olympic Committee.
- Christiania Roklub. (1918). *Christiania Roklub: 1878-1918*. Fabritius & Sønner.
- Dahl, H. F. (Red.). (2010). *Norsk presses historie: 1-4 (1660-2010): Bind. 4. Norske aviser fra A-Å*. Universitetsforlaget.
- Dahl, H. F., Forr, G., Mjeldheim, L. & Solstad, A. (Red.). (1993). *Utskjelt og utsolgt: Dagbladet gjennom 125 år*. Aschehoug.
- Dahl, I.P. (2017). *Forlystelsesstede Christiania Tivoli i «fuldt strud!»: 1877-1898* [Masteroppgave]. Universitetet i Oslo.
- Dave, D. (2012). *Professionals, amateurs and performance: Sports coaching in England, 1789-1914*. Peter Lang.
- Det Norske Turn- og Gymnastikforbund. (1906). *Norges Turnvæsen i 50 aar*. John Grieg Bogtrykkeri.
- Dunning, E. & Sheard, K. (1976). The bifurcation of rugby union and rugby league: A case study of organizational conflict and change. *International Review of Sport Sociology*, 11(2), 31-72.
- Dyring, J. (1881). *Kongeriget Norge, dets Geografi, Samfundsindretninger og Næringsveje*. H.Joh.Dyrings forlag.
- Eichberg, H. (1992). Kropsfundamentalisme? Om menneskevidenskapen og de ældres sportifisering. *Idrætshistorisk årbog*, 8, 177-191.
- Eichberg, H., Bale, J. (Red.) & Philo, C. (Red.). (1998). *Body cultures: Essays on sport, space and identity*. Routledge.
- Eide, M. (2000). *Den redigerende makt: Redaktørrollens norske historie*. II-forlaget.
- Eisenberg, C. (1990). The middle class and competition: Some Considerations of the beginnings of modern sport in England and Germany. *The International Journal of the History of Sport*, 7(2), 265-282.
- Eisenberg, C. (1999). «English sports» und deutsche Bürger: Eine Gesellschaftsgeschichte 1800-1939. Schöningh.

- Ekström, A. & Sörlin, S. (2012). *Alltings mått: Humanistisk kunnskap i framtidens samhälle*. Norstedts.
- Elias, N. & Dunning, E. (1986). *Från riddarspel til fotbollscup: Sport i sociologisk belysning*. Atlantis.
- Elias, N. (2000). *The civilizing process*. Blackwell Publishing. (Opphavleg gjeven ut i 1939)
- Enebakk, V. (2017). Idéhistoriefagets idéhistorie: Et faghistorisk blikk på norsk idéhistorie og den annen front. I E. Krefting, E. Schaanning & R. Aasgaard (Red.). *Grep om fortiden: Perspektiver og metoder i idéhistorie* (s. 15-34). Cappelen Damm Akademisk.
- Eriksen, T. B. (1993). *Reisen gjennom helvete: Dantes Inferno*. Universitetsforlaget.
- Eriksen, T. B. (2012). *Hva er idéhistorie?* Universitetsforlaget.
- Falch-Ytter, O. W. (1867). *Ude og inde: Om Legemsøvelser og Leg*. J W. Cappelen.
- Federhofer, M-T. (2011). Dilettantismens potensial. I M-T. Federhofer & H. Hodacs (Red.), *Mellom pasjon og profesjonalisme: Dilettantkulturer i skandinavisk kunst og vitenskap* (s. 11-29). Tapir akademisk.
- Federhofer, M-T. & Hodacs, H. (Red.). (2011). *Mellom pasjon og profesjonalisme: Dilettantkulturer i skandinavisk kunst og vitenskap*. Tapir akademisk.
- Flaytøybok* (Bd. 2). (2015). Saga Forlag.
- Folketellingen 1865. (u.å.) Vor Frelser's Menighed: 0181 Prindsens Gade nr. 5:
Person: 001 Jørgen Herman Gjerdrum. I *Folketelling 1865 for 0301 Kristiania kjøpstad* (Digitalarkivet / 38027) <https://www.digitalarkivet.no/census/person/pf01038027005129>
- Folketellingen. (1885). *Kristiania by: Gateregister* (Riksarkivet 1253.2/82). <https://media.digitalarkivet.no/view/53257/1>
- Foreningen til Ski-Idrættens Fremme Gjennem 50 år: 1883-1933*. (1933). Foreningen til ski-idrettens fremme. J. Dybwads forlag.
- Forskningsrådet. (2008). *Evaluering av norsk historiefaglig forskning*. https://w2.uib.no/filearchive/evaluering_av_historie.pdf
- Foucault, M. (2001). *Galskapens historie i opplysningens tidsalder* (F. Engelstad og E. Falkum, Omsetj.) Bokklubbens dagens bøker.
- Foucault, M. (2009). Vitensarkeologien: De diskursive regelmessighetene. *Agora*, 27(02-03), 27-80.
- Freidurheim, Sjugurd. (1833). *Veddeløbs-Feiden eller Hesteynderforeningen og Sjugurd Freidurheims Opsatser, samlede og udgivne med nogle Bemærkninger, samt: Endnu et Ord*. Krohn forlag.
- Gilje, N. (2017) Diskursanalyse før diskursanalysen: Victor Klemperers analyse av Det tredje rikets språk. I E. Krefting, E. Schaanning, & R. Aasgaard (Red.). *Grep om fortiden: Perspektiver og metoder i idéhistorie* (s. 67-86). Cappelen Damm Akademisk.
- Giulianotti, R. & Robertson, R. (2007). Sport and globalization: Transnational dimensions. *Global Network*, 7(2), 107-112.
- Gjerløv, O. (1970). Christian Friele: 1821-1899. I *Norske presseprofiler III* (s. 39-55). Mallingske.

- Gjervan, E. K., Gladsø, S. & Selvik, R. M. (2015). Leve av lidenskap – skape et levebrød. I R. M. Selvik, E. K. Gjervan & S. Gladsø (Red.), *Lidenskap eller levebrød? Utøvende kunst i endring rundt 1800* (s. 7-14). Fagbokforlaget.
- Goodman, N. & Goodman, A. (1882). *Handbook of Fen Skating*. Sampson Low, Marston, Searle and Rivington.
- Goksøy, M. (1988). *Sivilisering, modernisering, sportifisering: Fruktbare begreper i idrettshistorisk forskning?* (Notater og rapporter fra Norges idrettshøgskole / 90). Norges idrettshøgskole. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2016100409026
- Goksøy, M. (1989). Kun et spørsmål om å konkurrere? I E. Trangbæk (Red.), *Den engelske sports gennembrud i Norge* (s. 83-97). Dansk idræthistorisk forening.
- Goksøy, M. (1991). *Idrettsliv i borgerskapets by: En historisk undersøkelse av idrettens utvikling og organisering i Bergen på 1800-tallet* [Doktorgradsavhandling]. Norges idrettshøgskole.
- Goksøy, M. (1995). Phases and functions of nationalism: Norway's utilization of international sport in the late nineteenth and early Twentieth Century. *The International Journal of the History of Sport*, 2, 125-146.
- Goksøy, M. (1996). «Vi gir alt for Norge»: Om nasjonal reising og kulturell tilhørighet (Rapportserie fra Norges idrettsforbund og Norges idrettshøgskole / 3)
- Goksøy, M. (1998). Introduksjon: Forholdet idrett – samfunn: Speil, egenart eller relativ autonomi? *Kunnskap om idrett*, 2, 5-8.
- Goksøy, M. (1999). «Det lille klunk i sækken». I B. Rogan (Red.), *Norge anno 1900: Kulturhistoriske glimt fra et århundreskifte* (s. 69-85). Pax.
- Goksøy, M. (2000). Opplevde fellesskap og folkelig nasjonsbygging: Norge og idretten 1905-1940. *Historisk tidsskrift*, 80(3), 307-329.
- Goksøy, M. (2005). «Og så ein svensk-norsk landskamp! Ein blir så patriotisk i sånne stunder»: Norsk-svenske idrettsforbindelser etter 1905. I Ø. Sørensen & Nilssen, T, *Norsk-svenske relasjoner i 200 år* (s. 72-86). Aschehoug.
- Goksøy, M. (2008) *Historien om norsk idrett*. Akilles forlag.
- Goksøy, M. (2010). Nationalism. I S. J. Pope & J. Nauright (Red). *Routledge companion to sports history* (s. 268-294). Routledge.
- Goksøy, M. & Olstad, F. (2002). *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*. Norges Fotballforbund.
- Goksøy, M. & Olstad, F. (2017). *Skjebnekamp: Norsk idrett under okkupasjonen 1940-1945*. Aschehoug.
- Gordon, P. (2014). Contextualism and criticism in the history of ideas. I D. M. McMahon & S. Moyn (Red.), *Rethinking modern intellectual history* (s. 32-55). Oxford University Press.
- Gotaas, T. (2002). *Lirendreiere og lurendreiere*. Norsk folkeminnelag.
- Gotaas, T. (2003). *Først i løypa: Historien om langrenn i Norge*. Andresen & Butenschøn.
- Greve, T. (1973). *Fridtjof Nansen* (Bd. 1). Gyldendal.

- Gripsrud, J., Moe, H., Molander, A. & Murdock, G. (Red.). (2010). *The idea of the public sphere: A reader*. Lexington Books.
- Gripsrud, J. (Red.). (2017). *Allmenningen: Historien om norsk offentlighet*. Universitetsforlaget.
- Grønkjær, A. & Olsen, D. H. (2007). *Fodbold, fair play og forretning: Dansk klubfodbalts historie*. Turbine-forlaget.
- Guldi, J. & Armitage, D. (2014). *The history manifesto*. Cambridge University Press.
- Guttman, A. (2004a). *From ritual to record: The nature of modern sports* (opdatert utgåve med nytt etterord). Columbia University Press.
- Guttman, A. (2004b). *Sports: The first five millennia*. University of Massachusetts Press.
- Haagensen, K. J. (1907). *Athenfærden 1906*. Stenersen.
- Haavet, I. E. (2009, 13. februar). Erika Lie Nissen. I *Store norske leksikon*.
https://nbl.sn.no/Erika_Lie_Nissen
- Habermas, J. (1991). *Borgelig offentlighet* (2. utg.) (E. Schwabe-Hansen, H. Høibraaten og J. Øien, Omsetj.) Gyldendal. (Opphavleg gjeven ut i 1962)
- Halladay, E. (1987). Of pride and prejudice: The amateur question in english nineteenth-century rowing. *The International Journal of the History of Sport*, 4(1), 39-55.
- Hamsun, K. (1889). *Fra det moderne Amerikas Aaandsliv*. P.G.Philippsens.
- Hansen, H. (1940). Litt historikk om gamle båtforeninger i Christiania. *St.Hallvard. Illustrert tidsskrift for byhistorie, miljø og debatt*, 18, 165-195.
- Hansen, J. (2004). *Ringene samles: En fortælling om den olympiske bevægelse*. Syddansk Universitetsforlag.
- Hansen, M. (1842). *Fremmed-Ordbog, eller Forklaring over de i det norske Skrift- og Omgangssprog almindeligst forekommende fremmede Ord og Talemaader*. Guldberg & Dzwonkowski
- Hansen, M. & Autenrith, A. (1851). *Fremmed-Ordbog, eller Forklaring over de i det norske Skrift- og Omgangssprog almindeligst forekommende fremmede Ord og Talemaader*. Chr. Tønsberg forlag.
- Hauge, O. H. (1966). *Dropar i austanvind*. Samlaget.
- Hauge-Moe, P. (1989). *Norges Gymnastikk- og Turnforbund 100 år: 1890-1990*. Norges Gymnastikk- og Turnforbund.
- Haugen, B. S. H. (2013). *Norsk bunadleksikon*. Cappelen Damm faktum.
- Hawkins, J. (2106). *A History of the International Skating Union: Seasons 1991/92 through 201/15*. ISU.
- Heiestad, S. (1945). *Bildet i boken: Fra illustrasjonskunstens barndom i Norge*. Halvorsens Bokhandel og Ant.

- Hellmund, E. G. (1848). *Theologiske svar*. Fredrik Steen forlag.
- Heathcote, J. M. & Tebbut, C. G. (1892). *Skating*. Longmans, Green, and Co.
- Hemstad, R. (2008). *Fra Indian summer til nordisk vinter. Skandinavismen, skandinavisk samarbeid og unionsoppløsningen* [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Oslo.
- Henriksen, Fr.G. (1930). *Festskrift: Utgitt i anledning av «De Norske Rideofficerers Klub»s 50-års-jubileum*. Haakensen.
- Hertzberg, N. (1909). *Fra min barndoms og ungdoms tid: 1832-1856*. Aschehoug.
- Heyerdahl, G. (2014). *Vinter-OL i skisportens vugge: De VI olympiske vinterleker i Oslo, 1952 og de XVII olympiske vinterleker i Lillehammer, 1994* [Doktorgradsavhandling]. Norges idrettshøgskole.
- Hjelseth, A. (2016). Frafall i ungdomsidretten – et overvurdert problem? I Ø. Seippel, M. K. Sisjord, Å. Strandbu, *Ungdom og idrett* (s. 232-246). Cappelen Damm Akademisk.
- Hjeltnes, G. (Red). (2007). «Har de ikke journalister i Aftenbladet lenger når de sender et kvinnfolk?» *Kjønnsperspektiv på pressehistorien* (Pressehistoriske skrifter 8/2007). Norsk Presseforbund.
- Hodne, Ø. (1995). *Idrett og fritid: En mellomkrigsstudie i norsk idrettskultur*. Novus.
- Holden, E. & Linnerud, K. (2021). *Bærekraftig utvikling: En idé om rettferdighet*. Universitetsforlaget.
- Holm, Y. (Red). 1999. «Svarta»: *Morgenposten - en gang Norges største avis*. Orion forlag.
- Holm, I. (Red). 2010. *Norsk presses historie 1-4 (1660-2100): Bind 4; Norske aviser fra A til Å*. Universitetsforlaget.
- Holt, R. (1989). *Sport and the British: A modern history*. Oxford University Press.
- Holt, R. (1992) An englishman in the Alps: Arnold Lunn, amateurism and the invention of alpine ski racing, *The International Journal of the History of Sport*, 9(3), 421-432. <https://doi.org/10.1080/09523369208713804>
- Holt, R. (2006). The amateur body and the middle-class man: Work, health and style in Victorian Britain. *Sport in History*, 26(3), 352-369.
- Hughes, T. (1889). *Tom Browns skoledage* (H. C. Hansen, Omsetj.). Alb. Cammermeyer og W. C. Fabritius & Sønner.
- Huitfeldt, F. (1908). *Skiløbning i Text og Billeder*. Jacob Dybwads forlag.
- Huifeldt, H. J. (1876). *Christiania Theaterhistorie*. Gyldendalske Boghandel.
- Huntford, R. (2006). *To planker og en lidenskap*. (J. Christensen, Omsetj.) Aschehoug.
- Hutichson, G. A. (Red). (1892). *Outdoor games and recreations: A popular encyclopædia for boys*. The Religious Tract Society.
- Høidal, E. (2012). *To indre og vekk me'n: Norsk skøytesports historie*. Cappelen Damm.
- Ibsen, H. (u.å.). *På vidderne: Et digt* [Enkeldikt]. Henrik Ibsens Skrifter (HIS). https://www.ibsen.uio.no/DIKT_Diktht%7cDiftPaaVidderne.xhtml?modus=enkeldikt

- Indreeide, E. (2003). *Utdrag frå Mistru den som ikkje er nostalgisk! med merknader: Om det forgjorte.* Oktober.
- Jefferys, K. (2009). The heyday of amateurism in modern lawn tennis, *The International Journal of the History of Sport*, 26(15), 2236-2252. <https://doi.org/10.1080/09523360903367685>
- Jenkyns, D. (1981). *The Victorians and Ancient Greece*. Harvard University Press.
- Johansen, A. (2017). Landets beste menn. I J. Gripsrud (Red.), *Allmenningen: Historien om norsk offentlighet* (s. 110-179). Universitetsforlaget.
- Johansen, A. (2019). *Komme til orde: Politisk kommunikasjon 1814-1913*. Universitetsforlaget.
- Johansen, T.A. (2007). Hett bly og raske presser Teknologisk endring i norsk avisproduksjon 1880 – 1940. I I. Flo (Red), *Pressehistoriske skrifter* (9), (s. 7-127). Norsk pressehistorisk forening.
- Jordheim, H. (2001). *Lesningens vitenskap: Utkast til en ny filologi*. Universitetsforlaget.
- Jordheim, H. (2017). Begrepshistorie som idéhistorisk praksis. I E. Krefting, E. Schaanning & R. Aasgaard (Red.), *Grep om fortiden: Perspektiver og metoder i idéhistorie* (s. 35-52). Cappelen Damm Akademisk.
- Jølle, H.D. (2011). *Fridtjof Nansen: Oppdageren* (Bd. 1). Gyldendal.
- Jönsson, Å. (2001). *Nordiska Spelen: Historien om sju vinterspel i Stockholm av olympisk format 1901 til 1926*. Bokförlaget Arena.
- Jørgensen, P. (1995). Orden i Idrættens Hus - Dansk Idræts-Forbund og sportens gennembrud ca. 1896-1918. *Forum for Idræt*, 11(1), 167-180. <https://doi.org/10.7146/ffi.v11i1.31809>
- Jørgensen, P. (1997). *Ro, renslighed, regelmæssighed: Dansk Idræts-Forbund og sportens gennembrud ca 1896-1918*. Syddansk Universitetsforlag.
- Jørgensen, P. (2003). Dansk idræt og den olympiske bevægelse 1894-1932. *Idræthistorisk årbog*, 19, 69-87.
- Kant, I. (1995). *Kritikk av dømmekraften* (E. Hammer, Omsetj). Pax. (Opphavleg gjeven ut med tittelen *Kritik der Urteilkraft*, i 1790.)
- Kjeldstadli, K. (1999). Biologiens tid: Randbemerkninger om viten og venstrestat. I E. Rudeng (Red), *Kunnskapsregimer* (s. 145-151). Pax.
- Kjeldstadli, K. (2009). Historie – vitenskapen om forandringens mulighet? *Arr*, 21(3-4), 39-46.
- Kleppen, H. (2007). *Skisporten ut av OL? Om striden om amatørskap mellom alpin skisport og den olympiske rørsle frå 1935 til 1973* [Masteroppgave]. Høgskolen i Telemark.
- Konow, S. (1891). *Norsk Lomme-konversations-lexikon*. Alb. Cammermeyers f. og W. C. Fabritius & Sønner.
- Korsgaard, O. (1997). *Kampen om kroppen: Dansk idræts historie gennem 200 år* (3. utg.). Gyldendal.
- Koselleck, R. (2004). *Futures past: On the semantics of historical time* (K. Tribe, Omsetj.). Columbia University Press. (Originalutgåva gjeven ut i 1979).

- Koselleck, R. (2006). *Begriffsgeschichten Studien zur Semantik und Pragmatik der politischen und sozialen Sprache* (Mit zwei Beiträgen von Ulrike Spree und Willibald Steinmetz sowie einem Nachwort zu Einleitungsfragmenten Reinhart Kosellecks von Carsten Dutt). Suhrkamp Verlag.
- Krefting, E., Nøding, A. & Ringvej, M. (2014) *En pokkers Skrivesyge: 1700-tallets dansk-norske tidsskrifter mellom sensur og ytringsfrihet*. Scandinavian Academic Press.
- Kristiania Adressebog for 1883*. (1883, 5. årgang.) A. Sabro forlag. http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digitidsskrift_2017113081008_001
- Kristiania Adressebog for 1891*. (1891, 13. årgang.) A. Sabro forlag. http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digitidsskrift_2017113081004_001
- Krogh, T. (2014). *Hermeneutikk: Om å forstå og fortolke* (2. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Krogh, T. (2017). Cambridge-skolen: Metodekritikk og forskningsresultater. I E. Krefting, E. Schaanning & R. Aasgaard. (Red.). *Grep om fortiden: Perspektiver og metoder i idéhistorie* (s. 53-66). Cappelen Damm Akademisk.
- Langseth, B. J. (1975). *Christian Johnsens «Almuevennen»* [Hovedoppgave]. Universitetet i Oslo.
- Laqueur, T. (1990). *Making sex: Body and gender from the Greeks to Freud*. Harvard University Press.
- Lennartz, K., Borgers, W. & Höfer, A. (2000). *Olympische Siege: Medaillen, Diplome, Ehrungen*. Sportverlag Berlin.
- Lillebø, J. & Vik, B.M. (2009). Espen Schaannings Foucault: Idéhistoriske intervensjoner i den norske Foucault-resepsjonen. *Agora*, 2–3, 136-161.
- Lindroth, J. (1977). *Unionsoppløsningen 1905 och idrotten: Den svenska idrottsrörelsen i en utenrikespolitisk krissituation*. Særtrykk av Sveriges Centralförning för Idrottens Främjandes årsbok 1977.
- Lindroth, J. (1989). Victor Balck och sporten. I E. Trangbæk (Red.), *Den engelske sports gennembrud i Norden* (s. 137-159). Dansk Idrætshistorisk forening
- Ljunggren, J. (1999). *Kroppens bildning: Linggymnastikens manlighetsprosjekt 1790-1914*. Brutus Östlings bokförlag Symposion.
- Llewellyn, M. P. & Gleaves, J. (2016). *The rise and fall of Olympic amateurism*. University of Illinois Press.
- Loland, S. (1989). *Fair play i idrettskonkurranser: Et moralsk norm-system* [Doktorgradsavhandling]. Norges idrettshøgskole.
- Loland, S. (2004). Normative theories of sport: A critical review. *Journal of the Philosophy of Sport*, 31(2), 111-121.
- Loland, S. (2005). Idrett - prestasjon eller dannelse? *Nytt Norsk Tidsskrift*, 22(1), 91-98. https://www.idunn.no/nnt/2005/01/sideblikk_idrett_-_prestasjon_eller_dannelse
- Loland, S. (2010). Coubertin's ideology of Olympism from the perspective of the history of ideas. I R. K. Barney (Red.), *Rethinking the Olympics: Cultural histories of the modern games* (s. 63-94). West Virginia University.

- Loland, S. (2015). Fair play. I M. McNamee & W. J. Morgan, *Routledge handbook of the philosophy of sport* (s. 333-350). Routledge.
- Loland, S. (2015). *Idrettsetikk* (2. utg.). Akilles forlag.
- Loland, S. (2021). *Store idrettsarrangement og menneskerettigheter: Muligheter og begrensninger* (Rapport for Norges Fotballforbund).
- Lovejoy, A. O. (2009). *The great chain of being* (2. utg.). Routledge. (Opphavleg gjeven ut i 1936.)
- Lupton, D. (2003). *Medicine as culture: Illness, disease and the body in western societies* (2. utg.). Sage.
- Löfgren, O. (1999). *On holiday: A history of vacationing*. University of California Press.
- MacAloon, J. J. (2009). *This great symbol: Pierre de Coubertin and the origins of the modern Olympic Games*. Routledge.
- MacIntyre, A. (2011). *After virtue* (3. utg.). Bloomsbury. (Opphavleg gjeven ut i 1981.)
- Madsen, B. V. & Nielsen, N. K. (2004). Tendenser i idrætshistorisk forskning 1995-2005. *Forum for Idræt*, 20(1), 9-25.
- Mandell, R. D. (1984). *Sport: A cultural history*. Columbia University Press.
- Mangan, J. A. (1997). Sports in society: The Nordic world and other worlds. *The International Journal of Sport*, 14(3), 173-197.
- McMahon, D. M. (2014). The return of the history of ideas? I D. M. McMahon & S. Moyn (Red.), *Rethinking modern intellectual history* (s. 13-31). Oxford University Press.
- Melve, L. & Ryymin, T. (Red). (2018). *Historikerens arbeidsmåter*. Universitetsforlaget.
- Meteorologisk Institutt. (2021, 20. januar). «Østlandet siden 1900». <https://www.met.no/vaer-og-klima/klima-siste-150-ar/regionale-kurver/ostlandet-siden-1900>
- Mo, K. (1989). Norsk motstand mot vinter-OL i 1952. I M. Goksøyr & K. Mo (Red.), *Norsk idrettshistorisk årbok* (s. 50-65). Norsk Idrettshistorisk Forening.
- Moland, T. (2006). *Historien om Nordmarka: Gjennom de siste 200 år*. Christiania forlag.
- Monrad, M. J. (1874). *Tankeretninger i den nyere tid: Et kritisk rundskue*. Aschehoug.
- Mouffe, C. (2010). Deliberative democracy or agonistic pluralism? I Gripsrud et. al. (Red), *The idea of a public sphere: A reader* (s. 270-290). Lexington Books.
- Munch, P. A. (1853). *Om den saakaldt nyere historiske skole i Norge*. Chr. Tønsberg forlag.
- Munk, M. (1993). «Regler», tale og praktikker i cykelsporten. *Idrætshistorisk Årbok*, 8, 115-126.
- Mytting, I. (2021). «Skogens blå bånd»: *Fremveksten av Osломarka som friluftsområde*. [Doktorgradsavhandling]. Norges idrettshøgskole
- Müller, J.-W. (2014). On conceptual history. I D. M. McMahon & S. Moyn (Red.), *Rethinking modern intellectual history* (s. 74-93). Oxford University Press

- Nansen, F. (1890). *Paa Ski over Grønland: En skildring af den norske Grønlands-ekspedition 1888-89*. Aschehoug.
- Nansen, F. (1897). *Fram over Polhavet: Den norske polar-færd 1893-1896* (2 bind). Aschehoug.
- Nasjonalbiblioteket. (u.å.). «NB N-gram».
[Søketjeneste].https://www.nb.no/sp_tjenester/beta/ngram_1/
- Nilssen, S. (2015). *Mestringsglede gjennom 125 år: Jubileumsskrift NTGF 125 år*. Norsk Turn- og Gymnastikkforbund.
- Noreng, H. (2009). Kristofer Randers. I *Store Norske leksikon*. (Opphavleg trykt i Norsk biografisk leksikon). https://nbl.snl.no/Kristofer_Randers
- Norges idrettshøgskole. (2020, 16. desember). «Strategisk plan 2021-2025». <https://www.nih.no/om-nih/organisasjonen/strategisk-plan/>
- Norges idrettshøgskole. (2021a, 5. januar) . «Studieplan per juli 2020».
<https://www.nih.no/forskning/ph.d-programmet/om-phd-programmet/studieplan-opptak-for-august-2020/>
- Norges idrettshøgskole. (2021b, lest 11. november). «Browsing Doktorgradsavhandlinger/ PhD Dissertations by Issue Date»
https://nih.brage.unit.no/nih-xmlui/browse?rpp=20&offset=94&etal=-1&sort_by=2&type=type&value=Doctoral+thesis&starts_with=2018&order=ASC
- Norges idrettshøgskole. (2021c, 25. august). «APA-veiledning».
<https://www.nih.no/tjenester-og-verktoy/bibliotek/om-biblioteket/apa/>
- Norsk Haandlexikon for almenntnyttige Kundskaper*. (1881, 1884, 1888). (3 bind). Chr. Johnsens Forlag.
- Nydalens Compagnie: 100 år 1845-1945*. (1945). Nydalens Compagnie.
- Nydalens Skiklun: 1886-1986*. (1986). Nydalens Skiklubb.
- Nygaard, J. (2015). Henrik Ibsen og profesjonaliseringsprosessen i norsk kunst etter 1750. I R. M. Selvik, E. K. Gjervan & S. Gladsø (Red.), *Lidenskap eller levebrød? Utøvende kunst i endring rundt 1800* (s. 147-166). Fagbokforlaget.
- Nørve, M. & Tømmerdal, Å. (1988). *Norsk Idrætsblad 1881-1886: Register* (Bibliografier og Dokumentasjonsstudiern / Norges idrettshøgskole 79) [Hovedoppgave]. Statens bibliotekhøgskole.
- Olsen, D. (2008). Fodbold som idrætshistorikernes stedbarn – historiografiske linjer. *Idrætshistorisk Årbog*, 24, 149-163.
- Olstad, F. (1987). *Norsk idretts historie: Bind 1. Forsvar, sport, klassekamp 1861-1939*. Aschehoug.
- Olstad, F. (1998). Idrett - en del av historien. *Kunnskap om idrett*, 2, 9-20.
- Olstad, F. (1989). Historien om arbeidernes idrettsforbund – keiserens nye klær? I M. Goksøyr & K. Mo, *Norsk idrettshistorisk årbok 1989* (s. 33-49). Norsk idrettshistorisk forening.
- Olstad, F. (2004). Jakten på et fantom: Om (årsaks)forklaringer i historien. *Historisk tidsskrift*, 83(1), 87-106.

- Olstad, F. (2011, 5. desember). Innenfor eller utenfor nasjonen? Et forsvar for den «metodologiske nasjonalisme». *Historieblogg*. <https://www.historieblogg.no/?p=498>
- Opstad, L. (1994). *Premier og pokaler*. C. Huitfeldt forlag.
- Osborne, C. & Wagg, S. (2017) Sport and amateurism: New directions. *Sport in History*, 37(2), 121-123. <https://doi.org/10.1080/17460263.2017.1319875>
- Oslo Byleksikon. (u.å). «Holmenkollen».
<https://www.oslobyleksikon.no/side/Holmenkollen>
- Pedersen, K-A. (2013). *Folkedrakt blir bunad*. Cappelen Damm Faktum.
- Petersen, O. (1889). *Om gymnastik og forskjellige Opfatninger af dens Anvendelse*. Alb. Cammermyer.
- Petersen, S. (1860). *Verdenshistorie: Læse- og lærebok for Almue- og Borgerskole*. J. W. Cappelen.
- Polley, M. (2006). The amateur ideal and British sports diplomacy, 1900-1945. *Sports in History*, 26(3), 450-467.
- Rasch, H. H. (1845). *Jagten i Norge: Indeholdende en Skildring af dens nuværende Tilstand, samt Motiver og Forslag til Lovbestemmelser sigtende til at fremme dens hensigtsmæssige Udøvelse*. J.G. Abelsted.
- Rasmussen, T. (1997). Egensindighetens rasjonalitet: Mediene og modernitetens differensiering. *Norsk medietidsskrift*, 4(2), 7-24.
- Roosen, C. B. (1865). *Om Skiløbningen. Praktisk fremstillet, som et viktig Middel for Nationalopdragelsen og Værnepligten*. [Forlag ukjent, Trondheim]
- Roos, M. & Tønnesson, J. (Red.) (2017). *Sann opplysning: Naturvitenskap i nordiske offentligheter gjennom fire århundrer*. Cappelen Damm Akademisk.
- Rudeng, E. (2021). *Morgenbladet: En historie for seg*. Pax.
- Rørslett, Å. (1977). *Ukepressen: Folkelesning i Norge* (3. utg.). Ukepressens informasjonskontor.
- Røste, O. (1995). *Ringerikes Blad 150 år: En varde i distriktet*. Ringerikes Blad.
- Salmonsens store illustrerede Konversationsleksikon: En nordisk Encyclopedi*. (1904) (XV. Bind). Br. Salmonsens.
- Sandblad, H. (1985). *Olympia og Valhalla: Idéhistoriska aspekter av den moderna idrottsrörelsens framväxt*. Almqvist & Wiksell International.
- Sandmo, E. (1999). *Voldssamfunnets overgang: Om disiplineringen av Norge på 1600-tallet*. Universitetsforlaget.
- Schaanning, E. (2000). *Fortiden i våre hender: Foucault som vitenshåndtør: Bind 1. Teoretisk praksis*. Unipub.
- Schaanning, E. (2009). Generaliseringens farer: Svar til Lillebø og Mortensen Vik. *Agora*, 4, 258–264.
- Schaanning, E. (2015). *Barneridderne: Baden-Powell og den norske speiderbevelsen*. Cappelen Damm Akademisk.
- Schaanning, E. (2017). Om å bruke Foucault: Fire metodestrategier. I E. Krefting, E. Schaanning & R. Aasgaard (Red.), *Grep om fortiden: Perspektiver og metoder i idéhistorie* (s. 87-100). Cappelen Damm Akademisk.

- Schiller, F. (2004). *Om menneskets estetiske oppdragelse i en rekke brev* (Sverre Dahl, Omsetj.). De norske bokklubbene. (Utgjeven første gong i 1795)
- Schnitler, C. (1911). *Slegten fra 1814: Studier over norsk embedsmanskultur i klassisismens tidsalder 1814–1840*. Aschehoug.
- Seeberg, F.G. (1888). *Et velordnet Skyttærsens Betydning for Armeen og Landsforsvaret i sin Almindelighet*. Norsk forsvarsforening (Kristiania krets) i kommisjon hos F. Bjørnstad trykkeri.
- Selvik, R. (2011). Concerterende elskere: Dilettantmusikere i Bergen før og etter 1800. I M-T. Federhofer & H. Hodacs (Red.). *Mellom pasjon og profesjonalisme: Dilettantkulturer i skandinavisk kunst og vitenskap* (s. 175-204). Tapir akademisk.
- Senyard, J. (2017). From sport and pastime in Australia to the Oxford companion to Australian sport: Charting the demise of amateurism and its mindset. *Sporting Traditions*, 34(1), 23-38.
- Simonsen, T. G. (2001). *Janus: Et tidsskrift og en tid: Idéhistoriske perspektiver på tidsskriftet Janus og mellomkrigstidens idékamper*. Solum.
- Skinner, Q. (1969). Meaning and understanding in the history of ideas. *History and Theory*, 8(1), 3-53.
- Skinner, Q. (2009). Om filosofihistoriens nytte. *Arr – idéhistorisk tidsskrift*, 21(3-4), 57-64.
- Skjeldal, G. (2001). *Med Gud for augo: Ei anna lesing av Arne Garborgs roman Fred* [Hovudfagsoppgåve]. Universitetet i Oslo.
- Skjeldal, G. (2014). *Nestbest: Ei personleg idehistorie om gull, sølv og bronse*. Cappelen Damm.
- Skjeldal, G. (2017). *Vestover: 150 år med Bergens Tidende*. Cappelen Damm.
- Skjeldal, G. (2021a). Soga om Elling Bækken – og det første skirennet i Christiania (1866). *Byminner*, (1), 10-17.
- Skjeldal, G. (2021b). «Det frie Norges første utfærd». *Arr – idéhistorisk tidsskrift*, 33(2), 49-57.
- Slagstad, R. (2008). *(Sporten)*. Pax.
- Slagstad, R. & Mæssel, J. (Red.). (2014). *Profesjonshistorier*. Pax.
- Slaatta, T og Hovda, K. (2011). Balansekunst: Kunst og kultur gjennom 100 år. *Kunst og Kultur*, 94(2), 61-70
- Snorre, S. (1964). *Kongsoger I* (S. Schjøtt, Omsetj, revidert av O. Hr. Rue). Samlaget.
- Solberg, G-E. (2021). En militarisert sport? Skiskytingens tidlige utvikling i Norge. *Historisk tidsskrift*, 100(1), 6-21. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2944-2021-01-02>
- Solenes, O. (2009). *Framtidas håp: Barneidrettsdiskursar i Norge 1920-1976* [Doktorgradsavhandling]. Norges idrettshøgskole.
- Solenes, O. (2010). Barnekroppen og idretten: Ein historisk analyse av barneidrett i Noreg 1937-1976, I K. Steinsholt & K.P . Gurholt (Red), *Aktive liv: Idrettspedagogiske perspektiver på kropp, bevegelse og dannelse* (s. 51-69). Tapir Akademisk.

- Solstad, A. (2020, 25. februar). Anthon Bang. I *Store norske leksikon* (Opphavleg i Norsk biografisk leksikon). https://nbl.snl.no/Anthon_Bang
- Somerville, D. M. M., Rickmers, W. R. & Richardson, E. C. (Red.). (1905). *Ski-Running* (2. utg). Horace Cox.
- Spencer, H. (1887) *Opdragelse* (Omsetj. H. Brekke). Fagerstrand.
- Standal, Ø, F. & Aggerholm, K. (2016). Habits, skills and embodied experiences: A contribution to philosophy of physical education. *Sport, ethics and philosophy*, 10(3), 269-282.
- Statistisk Sentralbyrå. (u.å). «Folkemengden ved utgangen av året.» <https://www.ssb.no/a/histstat/aarbok/tab-2000-12-12-02.html>
- Steen, A. (1995). *Norsk treskjering og rosemaling*. Aventura.
- Steene, H. T. (1843). *En Mærkverdig Omvendelses-Historie, som viser hvilke forunderlig Veie Herren maa gaae, for at frelse en Sjæl og bringe den sand Hengivenhed og Lydighed ved Troen på den Herre Jesus!* Steens bogtrykkeri.
- Steine, B. A. (2015). «Folkeavstemningen om unionsoppløsning i 1905». Universitetet i Oslo. <https://www.norgeshistorie.no/industrialisering-og-demokrati/1519-folkeavstemningen-om-unionsoppløsning-1905.html>
- Stenersen, L. B. (1875). *En reise i Grækenland*. Gyldendalske boghandel.
- Stenseth, B. (1995). *Sonia Henie – kvinne på is*. Pax.
- Stensrup, H. (1932). *Hvem er Hvem: Haandbok over samtidige norske mænd og kvinder* (2. utg.). Aschehoug.
- Stortinget. (2021). «Lov om språk (språkløva).» <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=79775>
- Strømholm, P. (1991). *Farvel til fortida! Idéhistorie og vår livsverden* (2. utg.). Spartacus.
- Svensson, A. (2007). *Från norra ståplats till cyberspace: En beskrivning av en diskussion på internet om ishockey utifrån ett offentlighetsperspektiv* [Doktorgradsavhandling]. Göteborgs universitet.
- Søilen, E. (1995). *Sportsmenn i veideland*. Norges Jeger- og Fiskeforbund.
- Sørensen, Ø. (1984). *1880-årene: Ti år som rystet Norge*. Universitetsforlaget.
- Sörlin, S. (1995). Nature, skiing and Swedish Nationalism. *The International Journal of the History of Sport*, 2, 147-163.
- Taylor, M. (2020). *Sport and the Home Front: Wartime Britain at play, 1939-1945*. Routledge.
- Taylor, M. (2013). Editorial, sport, transnationalism, and global history. *Journal of Global History*, 8 (2), 199- 208.
- Thorup, M. (2013). Taget ut af sammenhæng: Om kontekst i idéhistorie. *Slagmark - Tidsskrift for idéhistorie*, (67), 77-108.

- Tjønneland, E. (2004). Idéhistorie som håndverk. *Arr – idéhistorisk tidsskrift*, 16(4), 47-57.
- Tjønneland, E. (Red). (2008) *Opplysningens tidsskrifter: Norske og danske periodiske publikasjoner på 1700-tallet*. Fagbokforlaget.
- Tjønneland, E. (2021, 17. feb.). Estetikk. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/etikk>
- Trangbæk, E. (1991). Kunsten at svæve: Akrobatik, videnskap og drømme. *Idræthistorisk Årbog*, 7, 48-60.
- Trangbæk, E. (Red). (1995). *Dansk idrætsliv: Den moderne idrettens gjennombrud 1860-1940* (Bd. 1). Gyldendal.
- Tre i Norge ved to av dem*. (1998). (H. J Müller, Omsetj.). Grøndahl og Dreyer. (Gjeven ut første gong på norsk i 1884)
- Tveterås, H. (1940). *Norske tidsskrifter: Bibliografi over periodiske skrifter i Norge inntil 1920*. Universitetsbiblioteket.
- Tønnesson, J. (2008). Leseren. I K. Asdal, K. L. Berge, K. Gammelgaard, T. R. Gundersen, H. Jordheim, T. Rem & J. L. Tønneson, *Tekst og historie: Å lese tekster historisk* (s. 261-304). Universitetsforlaget.
- Tønnesson, S. (1986). *Norsk idretts historie: Bind 2. Folkehelse, trim, stjerner: 1939-1986*. Aschehoug.
- Urdahl, L. (1893). *Haandbog i skiløbning*. Hjalmar Biglers forlag.
- Vaage, J. (1956). De første skirenn: Frå 1843 til 1879. I *Norske skiløpere: Skihistorisk oppslagsverk i 5 bind: Østlandet Sør* (s. 83-108). Skiforlaget.
- Vaage, J. (1971). Skøiteløpning paa Fjorden for 100 Aar siden. *Byminner*, (3), 15-29.
- Vamplew, W. (1988). *Pay up and play the game: Professional sport in Britain, 1875-1914*. Cambridge University Press.
- Van Bottenburg, M. (2001). *Global games* (B. Jackson, Omsetj.). University of Illinois Press.
- Van Laer, G.W.A. (1932). *Koninklijke Nederlandsche Schaatsenrijdersbond 1882-1932 (gedenkboek bij het vijftig jarig*. Steendrukkerij V/H Elzerman, Hsrms & Co.
- Vibe, A-M. (1998). Idrettslitteratur i vår tid. I T. B. Eriksen & E. B. Johnsen, *Norsk litteraturhistorie: Sakprosa fra 1750-1995* (Bd. 2) (s. 528-536). Universitetsforlaget.
- Vigander, H. (Red). (1932). *Norske studenters gymnastikk- og fegteforening*. A. W. Brøggers Boktrykkeri.
- Vinje, Aa. O. (2010). *Ferdaminne frå sumaren 1860*. Samlaget. (Opphavleg gjeven ut i 1861.)
- Weber, M. (1947). *Gesammelte Aufsätze zur Religionssoziologie*. Verlag von J.C.B Mohr.
- Weber, M. (1995). *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd* (S. Dahl, Omsetj.). Pax.
- Weber, M. (1999). *Verdi og handling* (H. Jordheim, Omsetj.). Pax.

- Wergeland, O. (1865). *Skiløbningen, dens Historie og Krigsanvendelse, nogle Bidrag dertil samt til Belysning af vore tidligere Værnepligtsforhold*. Schibsted.
- Wetås, Å. (2000). *Namneskifte Oslo-Kristiania*. Novus.
- White, H. (1980). The value of narrativity in the representation of reality. *Critical Inquiry*, 7(1), 5-27.
- White, H. (2014). *The practical past*. Northwestern university press
- Wikberg, K. (2005). *Amatör eller professionist? Studier rörande amatörfrågan i svensk tävlingsidrott 1903-1967*. Sisu Idrottsböcker.
- Wood, E. M. (2012). *Citizens to lords: A social history of western political thought from antiquity to the late middle age*. Verso.
- Yttergren, L. (1992). Tidning för Idrott och den tidiga idrottspressen: Centralt källmaterial om den tidiga idrottsrörelsens historia. *Idrott, historia, samhälle*, 91-104.
- Yttergren, L. (1996). *Täflan är lifvet: Idrottens organisering och sportifiering i Stockholm 1860-1898* [Doktorgradsavhandling]. Stockholms universitet.
- Young, D. (1984). *The Olympic myth of Greek amateur athletics*. Ares Publishers.
- Young, D. (1988). How the amateurs won the Olympics. I W. J. Raschke (Red.), *The archaeology of the Olympics: The Olympics and other festivals in Antiquity* (s. 55-75). The University of Wisconsin Press.
- Østby, L. (1977). *Erik Werenskiold*. Dreyer.
- Østrem, O. (2021). *Hatefulle ytringer: Lov og rett i krenkingens tid*. Cappelen Damm.

Årbøker

- Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaabenbrug. (1862-1895). *Aarsberetning for [...]*. Chr Schibsted.
- Centralforeningen for udbredelse af idræt. (1896-1908). *Aarsberetning for [...] samt vinteren [...]*. A.W. Brøggers bogtrykkeri.
- Foreningen til ski-idrettens fremme. (1895-1920). *Årbok [...]*. Grøndahl.
- Norsk Jæger- og Fiskerforening. (1872-1908). *Meddelelser fra Norsk Jæger- og Fiskerforening [...]*. Carl Berner & co
- Norges Skiforbund. (1909-1914). *Aarsberetning for (...)*. Grøndahl.
- The Ski Club of Great Britain. (1905-1911). *Year Book of the Ski Club of Great Britain (...)*.

Tidsskrift/Vekeblad

Almuevennen
Departements-Tidende
Folkebladet
Folkevennen
Fri idræt
Hjulrytteren
Illustreret Nyhedsblad
Krydseren
Luthersk Kirketidende
Norges Turn-Tidende.
Norsk Almueskole-Tidende
Norsk Folkeblad
Norsk idrætsblad
Norsk Missionstidende
Norsk skytter- og jæger-tidende
Norsk Skytter-Tidende
Norsk skyttertidende
Norsk Sportsblad
Norske Turnnotiser
Nylænde : tidsskrift for kvindernes sak
Skilling-Magazin

Norske aviser

Aalesund Handels og Sjøfartstidende
Aftenbladet
Aftenposten
Agder
Akershus Amtstidende
Bergens Adressecontours Efterretninger
Bergens Aftenblad
Bergens Tidende
Budstikken
Christiania Intelligentsedler
Christiania-Posten
Dagbladet
Dagsposten
Den norske Rigstidende
Dølen
Fredrikstad Tidende/Østlandsk Tidende
Fredrikstad Tilskuer
Fedraheimen/Den 17de mai
Fremskridt
Fædrelandet
Fædrelandsvennen
Grimstads Adressetidende
Hamar Stiftstidende
Hedemarkens Amtstidende
Holmestrandsposten
Indherredsposten
Kongsberg Blad
Kristiansundposten
Lillehammer Tilskuer
Lister og Mandals Amtstidende
Lofotposten

Sport : illustreret Idrætsblad
Sport & spøk
*Stortingsforhandlinger (med Kongelige
Propotioner og Meddelelser)*
Tidens Tand
Vikingen

Utanlandske tidsskrift for idrett, og aviser

Allgemeine Sportzeitung
*Bell's Life in London and Sporting
Cronicle*
Jackson's Oxford Journal
Nederlandsche Sport
Sporting Gazette
The Field
The London Evening Standard
The Spirit of Times
The Sporting Life
The Sportsman
Tidning för Idrott/Ny Tidning för Idrott
Tidsskrift for Sport/Dansk Sportsblad
Wassersport

Laagen
Morgenbladet
Morgenposten
Moss Tilskuer
Nationen
Nedenæs Amtstidende
Nordmanden
Norges Sjøfartstidende
Norsk Tidend
Oplandenes Avis
Ringeriges Ugeblad
Ringerikes Blad
Romsdals Amtstidende.
Romsdals Budstikke.
Romsdalsposten
Samfundet
Skandinaviien (Norsk-am.)
Stavanger Amtstidende og Adresseavis
Sør-Trøndelag
Tiden
Tromsø-Tidende/Tromsø Stiftstidende
Tromsøposten
Thronhjems Stiftsavis
Trondhjems Amtstidende
Tunsberggeren
Tønsberg blad
Verdens Gang
Vestfold
Vestlandske Tidende
Vossebladet
Ørebladet
Østlendingen

